
3 1761 04569354 6

GAMALNORSK ORDBOK

MED NYNORSK TYDING

VED

MARIUS HÆGSTAD OG ALF TORP



KRISTIANIA
DET NORSKE SAMLAGET
(LANDSMAALS-LAGET)



Prenta hjaa Johansen & Nielsen 1909.

Fyreord.

Fyremaalet med dette arbeid er aa gjeva deim som hev hug til aa gjera seg kjende med den gamle norske bokheimen ei lettvint og billeg ordbok. Dei tvo mest bruklege ordbøkerne, dei av Fritzner og Vigfusson, er baade tungvinte og kostesame for aalmenta. Det er sjølvsagt at naar me skulde naa dette fyremaalet, laut me staka upp ein serskild veg. Boki skulde paa den eine sida vera stutt, men likevel so heilsleg som mogeleg med umsyn paa innhald; umsetjingarne og forklaaringarne laut difor verta so faaordige som raad var. Lange utgreidingar turvtest ogso mindre her, med di nynorsken i so mange høve hev dei same ordi enno. Citat og tilvisningar fann me òg at me kunde gjeva avkall paa ved alle dei ord som fyrr er citatfeste i ordbøkerne av Fritzner, Vigfusson, Egilsson og i Hertzbergs Glossar til Norges gamle love. Finnestad er merkt berre ved ord som her for fyrste gong er uppførde i ordbok, eller der ei onnor tyding av ord eller samanheng er framsett, eller andre avvik er gjorde. Paa denne visi vil ordboki, som sjølvsagt i det store og heile er bygd paa dei fyrre ordbøkerne, vera til nytte ogso for vitskaplegt studium. Ordboki er meint paa aa gjeva berre det gamalnorske ordfanget, ikkje det millomnorske. Soleis er av heimenorske skrifter og brev berre dei medtekne som er fraa tidi fyre 1350[1]. Med den islandske bokheimen maatte me taka det noko annarleis, av di mange gamle sogor berre er funne i seine avskrifter, og dei laut daa likevel vera med. Av poetiske ord er alle fraa Den eldre Edda medtekne og hovudordi utanfor, derimot mykje sjeldan samansetningar og kjenningar. Av sernamn hev me teke upp slike namn paa framande stader og folk som kunde vera vande aa kjenna att, òg dessutan dei vigtugaste i norderlandi. Av tilnamn og utnamn er berre eit faatal medtekne, helst ord som hev ei klaar tyding og som ikkje elles finst i gamle kjeldor (t. d. *bláber*). Elles er boki vorti noko ujamn med di at helst i dei fyrste hefti er sume klaare og lett skynande samansetningar ikkje medtekne; soleis er ikkje medtekne alle samansetningar med *aðal-*, *al-*, *all-*, *half-*, *jafn-*, og sjølvsagt ikkje alle med *ú-*. Rettleiding til umsetjing vil ein i slike høve finna under fyreleden. I umsetjingi er i dei høve der ny-

[1]) Dr. Hjalmar Lindroth, som hev gjeve ei nøgi melding av dei fyrste tri hefti av ordboki i Arkiv för nordisk filologi XXV, synest ikkje ha gaatt denne planen, med di han finn lyte i det at mange ord fraa Dipl. Norv., Aslak Bolt osfr. ikkje er medtekne. Dei er ikkje medtekne av di dei er millomnorske.

norsken enno hev det same ord i same tyding dette sett fyrst, naar det er nokolunde aalgjengt; elles er det jamført med tilvisning til bygd.

Um skipnaden i ordboki er elles merkande: Ordi er uppførde alfabetisk utan umsyn til tydings-samanheng, og soleis vert radi av samansetningar ofte avbroti. Samansetningsstrik er jamnast ikkje bruka, utan der det kjem fleire samansetningar etter kvarandre med same fyreled, som daa ikkje vert uppatt-teken. Sumtid er striket likevel sett til større klaarskap eller av annan grunn. Med umsyn paa skrivemaaten er merkande, at der gamalnorsken hev fleire skriftformer av same ord, er jamnast berre ei form uppførd, soleis berre *-endi* (for *-endi, -indi, -yndi*), *-an* (for *-an* og *-un*), *-aðr*, *-naðr* (for *-aðr, -uðr, -naðr*, *-nuðr*), *-ligr* (for *-ligr*, *-legr*, *-lægr*), *-óttr* (for *-óttr* og *-uttr*); *pt* er bruka for *pt* og *ft, fn* for *fn* og *mn,* og motsetningspartikelen *ú-* for *ú-* og *-ó*. I mange einskilde høve er det gjort tilvisningar til ei hovudform. Framfor l + guttural eller labial er berre uppførde formerne med stutt vokal (*halfr*). For regelrette substantiv, som høyrer til dei største hovudflokkarne, er bøygningsformer ikkje uppførde. For andre substantiv er tilsett i klomber endingi i genitiv singularis og (etter semikolon) nominativ pluralis; t. d. *bjǫrn, m.* (*bjarnar*; *birnir*). Sterke verb er berre uppførde i infinitiv. Ei lista yver alle sterke verb og deira bøygning stend sist i boki. For linne verb er sett bøygningsmerket (*að*), naar dei hev *-aði* i 3dje pers. impf. indikativ, og *d, ð* eller *t* med uppatt-tak av konsonanten i fyrevegen (*nd, fð*, *pt* osfr.), naar dei i impf. indikativ hev *-di*, *-ði* eller *-ti*, t. d. *baka, v.* (*að*) ɔ: *bakaði*; *dœma*, *v.* (*md*) ɔ: *dœmdi*. For verb som fær atterljodbrigde, er uppførd formi 3dje pers. sing. impf. indikativ, t. d. *berja*, *v.* (*barði*). Av uregelrette verb er hovudformerne nemnde.

Medan arbeidet alt var i gang er det framdrege eit norsk fragment av Henrik Harpestrengs lækjebok ved Hægstad og Den islandske lægebog ved Kålund. Dei nye ordi fraa desse skrifterne som ikkje kunde koma med i ordboki, er upptekne i »Tillegg og rettingar«.

Med umsyn paa utbytingi av arbeidet er aa segja at Marius Hægstad hev gjort utkastet til bokstavarne *a—f,* Alf Torp utkastet til *h*; utkastet til dei andre bokstavarne, *g* og *i—ǫ,* er gjort av kand. mag. Leiv Heggstad, som me i 1905 tok til medarbeidar. Flestalle ord hev vorte ettersedde i teksterne og tydingi er prøvd i samanhengen. Alle tvilsame ord og stader hev me nøgje prøvt i samraad og sameleis skipnaden av tydingarne.

Arbeidet med ordboki hev av ymse grunnar teke lengre tid enn me hadde tenkt fraa fyrsten, og dette lyt me beda tingarane um orsaking for.

Tilslutt vil me segja prenteverket takk for den umak det hev gjort seg med dette heller vande prentearbeidet.

Marius Hægstad. Alf Torp.

Tilvisning til skrifter.

Aasen. Ivar Aasen: Norsk ordbog. Kr.a 1873.

Ágr. Ágrip af Noregs konunga sǫgum, utg. av Dahlerup. Kbh. 1880.

Alex. Alexanders saga, utg. av Unger. Kr.a 1848.

Alv. Alvíssmál i Edda.

Am. (ell. Atlm.). Atlamál i Edda.

AM. Arnamagnæanske handskriftsamling i Kbh.

Ann. Islandske annaler, utg. av G. Storm. Kr.a 1888.

AR. Antiquités Russes. Kbh. 1850—1852.

Ark. Arkiv för nordisk filologi. Lund.

Bárð. Bárðar saga Snæfellsás. Reykjavík 1902.

Barl. Barlaams ok Josaphats saga, utg. av Keyser og Unger. Kr.a 1851.

Bós. Bósasaga, utg. av Jiriczek. Strassburg 1893.

Bp. Biskupa sǫgur. Kbh. 1858, 1878.

Clar. Clarus saga, utg. av Cederschiöld. Lund 1879.

Cod. Tunsb. Codex Tunsbergensis. Nye kongel. bibliothek, 642 4to, Kbh.

D. I. Diplomatarium Islandicum. Kbh. 1857—1876.

Didr. Saga þiðreks konungs af Bern, utg. av Unger. Kr.a 1853.

D. N. Diplomatarium Norvegicum. Kr.a.

Eb. (ell. Eyrb.). Eyrbyggja saga (kap).

Edda. Den eldre Edda. Tilvisningarne gjeld Norrœn fornkvæði utg. av Sophus Bugge. Kr.a 1867.

Edd. M. Eddica Minora, utg. av A. Heusler og W. Ranich. Dortmund 1903.

Eg. Egils saga (kap.).

El. Elis saga ok Rosamundu, utg. av E. Kölbing. Heilbronn 1881.

Fáfn. Fáfnismál i Edda.

Fag. Fagrskinna, utg. av F. Jónsson. Kbh. 1902—1903.

Fbr. Fóstbrœðra saga, utg. av Konrad Gislason. Kbh. 1852.

Fjǫlsv. Fjǫlsvinnsmál i Edda.

Flat. Flateyjarbók. Kr.a 1860—1868.

Fld. Fornaldarsǫgur Norðrlanda. Kbh. 1829—1830.

Flór. Sagan af Flóris ok Blankiflúr i „Annaler for nordisk oldkyndighed“ 1850.

Fm. Fornmanna sǫgur. Kbh. 1825—1835.

Forns. Suðr. Fornsǫgur Suðrlanda, utg. av Cederschiöld. Lund.

Fris. Codex Frisianus. Kr.a 1871.

Fritzner. Fritzner: Ordbog over det gamle norske sprog. Kr.a 1886—96.

Frs. Fornsǫgur, utg. av Vigfusson og Möbius. Leipzig 1860.

Fsk. Fagrskinna, utg. av Munch og Unger. Kr.a 1847.

Gam. Hægstad og Torp: Gamalnorsk (maallæra, lesestykke, ordlista) Kr.a 1903.

G. h. M. Grønlands historiske mindesmerker. Kbh. 1838—1845.

Ghv. Guðrúnarhvǫt i Edda.

Gísl. Tvær sǫgur af Gísla Súrssyni, utg. av Gislason. Kbh. 1849.

Grág. Grágás (Staðarhólsbók) utg. ved V. Finsen. Kbh. 1879.

Grett. Grettis saga, utg. av Magnusson og Thordarson. Kbh. 1859.

Grg. Grágás, utg. av V. Finsen. Kbh. 1852.

Grímn. Grímnismál i Edda.

Gróg. Grógaldr i Edda.

Grott. Grottasǫngr i Edda.

G. Tr. Hægstad: Gamalt trøndermaal. Kr.a 1899.

Guðr. I, II, III. Guðrúnarkviða I, II, III, i Edda.

Guldberg. G. Guldberg: Die Waltiere des Königsspiegels i Zoologische Annalen, Würzburg, 1904.
Haldorson. Bjørn Haldorsons islandske lexikon. Kbh. 1814.
Hamd. Hamdismál i Edda.
Hárb. Hárbarðsljóð i Edda.
Harð. Harðar saga Grimkelssonar, utg. i Isl. II.
Harp. Gamalnorsk fragment av Henrik Harpestreng, utg. av M. Hægstad. Kr.a 1906.
Hauksbók. Hauksbók, utg. av Det kongelige nordiske oldskriftselskab. Kbh.1892–1896.
Háv. Hávarðar saga Ísfirðings, utg. av Thordarson. Kbh. 1860.
Hb. Nokkur blǫð úr Hauksbók, utg. av J. Þorkelsson. Reykjavik 1865.
Heið. Saga af Vígastýr ok Heiðarvígum, utg. i Isl. II.
Heilag. Heilagra manna sǫgur, utg. av Unger. Kr.a 1877.
Helr. Helreið Brynhildar i Edda.
Herv. Hervarar saga ok Heiðreks, utg. av Sophus Bugge i Norrøne skrifter. Kr.a 1865.
Hítd. Sagan af Birni Hítdœlakappa, utg. ved G. Fridriksson. Kbh. 1847.
Hjǫrv. Helgakviða Hjǫrvarðssonar i Edda.
Hkr. Heimskringla, utg. av Unger. Kr.a 1868.
Hm. Hávamál i Edda.
Hom. Gammel norsk homiliebog, utg. av Unger. Kr.a 1864.
Homil. Homiliu-bók, utg. av Wisén. Lund 1872.
Hrólfs. s. Hrólfs saga kraka, utg. av Finnur Jónsson. Kbh. 1904.
Hund. I, II. Helgakviða Hundingsbana I, II, i Edda.
Hým. Hýmiskviða i Edda.
Hyndl. Hyndluljóð i Edda.
Invent. Norges ældste kirkeinventar (i Bergens museums aarbog 1909).
Isl. Íslendinga sǫgur I og II. Kbh. 1843, 1847.
Isl. læg. Den islandske lægebog. Cod. Arnam. 433 a, 12mo, utg. av Kålund. Kbh. 1907.
Kalfsk. Bjǫrgynjar Kalfskinn, utg. av Munch. Kr.a 1843.
Kgs. Kongespeilet. Kr.a 1848.
Kgs. Brenn. „Speculum regale“, utg. av Dr. Oscar Brenner. München 1881.
Kgs.* Speculum regale, utg. av Einersen. Sorøe 1768.
Klm. Karlamagnus saga ok kappa hans, utg. av Unger. Kr.a 1860.
Konr. Konraðs saga, utg. i Forns. Suðr.
Korm. Kormaks saga (kap.).
Krók. Króka-Refs saga, utg. av Palmi Pálsson. Kbh. 1883.
Landn. Landnámabók, utg. i Isl. I. Kbh. 1843.
Lars. Dr. Ludv. Larsson: Ordförrådet i de älsta isländska handskrifterna.
Laksd. Laxdœla saga (kap.).
Leif. Leifar fornra kristinna frœða íslenzkra. Kbh. 1878.
Lex. Poet. Egilsson: Lexicon poeticum. Kbh. 1860.
Ljósv. Ljósvetninga saga (kap.).
Lok. Lokasenna i Edda.
Mag. Magus saga jarls, utg. i Forns. Suðr.
Mar. Mariu saga, utg. av Unger. Kr.a 1871.
Mk. Munkelivs brevbok, utg. av Munch. Kr.a 1845.
Mork. Morkinskinna, utg. av Unger. Kr.a 1867.
N. folkev. Norske folkeviser, utg. av Landstad. Kr.a 1853.
N. G. L. Norges gamle love. Kr.a 1846–1885.
Njála. Sagan af Njáli Þórgeirssyni. Kbh. 1772.
Nornag. Sǫguþáttr af Nornagesti, utg. av Sophus Bugge i Norrøne skrifter. Kr.a 1865.
Nyg. M. Nygaard: Udvalg af den norrøne literatur. Bergen 1889.
Oddr. Oddrúnargrátr i Edda.
O. H. Saga Ólafs konungs hins helga. Kr.a 1853.
O. Hm. Ólafs saga hins helga, utg. av Keyser og Unger. Kr.a 1849.
O. Tr. Saga Ólafs konungs Tryggvasonar, utg. av P. Groth. Kr.a 1895.
Pamfil. Dialog millom Pamphilius og Galathea, utg. i Bartsch Germania XXIII, 129–141.
Partalop. Partalopa saga, utg. av Klockhoff. Uppsala 1877.
Post. Postula sǫgur, utg. av Unger. Kr.a 1874.
Pr. Prøver af oldnordisk litteratur, utg. av Konrad Gislason. Kbh. 1860.

Ra. (og R. A.) 1,2 etc. fragment 1,2 etc. i norsk riksarkiv.
Reykd. Reykdœla saga, utg. af Vald. Ásmundarson. Reykjavík 1896.
Rietz. Svensk dialektlexikon av J. E. Rietz. Lund 1867.
Ríg. Rígsþula i Edda.
Rímb. Rímbegla, utg. av Larsson. Kbh. 1883.
Ross. Hans Ross: Norsk ordbog. Kr.a 1895.
Rúnk. Rúnkvæði; sjaa F. Jónssons Literaturhistorie II s. 31.
S. E. Edda Snorra Sturlusonar. Kbh. 1848—1854.
Sex Sǫguþ. Sex sǫguþættir, utg. av Jón Þorkelsson (2. utg.). Kbh. 1895.
Sig. I, II, III. Sigurðarkviða Fáfnisbana I, II, III, i Edda.
Sigrdríf. Sigrdrífumál i Edda.
Skírn. Skírnismál i Edda.
Sól. Sólarljóð i Edda.
Stj. Stjórn, utg. av Unger. Kr.a 1862.
Str. Strengleikar eða Ljóðabók, utg. av Keyser og Unger. Kr.a 1850.
Strøm. H. Strøm: Søndmørs beskrivelse. 1772.
Sturl. Sturlunga saga, utg. av Vigfusson. Oxford 1878.
Svarfd. Svarfdœla saga (kap.).
Thom. Thomas saga erkibyskups, utg. av Unger. Kr.a 1869.
Þ. Jón. Sagan af Þjalar-Jón. Reykjavik 1857.
Þorð. hr. Þorðar saga hreðu (kap.).
Vápn. Vápnfirðinga saga, utg. ved G. Thordarson. Kbh. 1848.
Vatsd. Vatsdœla saga (kap.).
Vígagl. Vígaglúms saga (kap.).
Vigf. Cleasby's ordbok ved Vigfusson. Oxford 1874.
Wille. Beskrivelse over Sillegjords præstegield. Kbh. 1786.
Vsp. Vǫluspá i Edda.
Vulg. Vulgata.
Vǫl. Vǫlundarkviða i Edda.
Vǫls. Vǫlsunga saga, utg. av Sophus Bugge i Norrøne skrifter. Kr.a 1865.
Æf. Íslenzk Æventyri, utg. av Gering. Halle 1882.

Avstyttingar.

a. eller adj. adjektiv, eigenskapsord.
aalm. aalment, vanleg.
Agd. Agder.
ags. angelsaksisk, gamalengelsk.
akk. akkusativ, motfall.
akt. aktiv, gjereform.
art. artikel, kjenneord.
Austf. Austfold, Smaaleni.
Austl. Austlandet.
av. adv. adverb, fylgjeord.
avbr. avbrigde, variant.
Berg. Bergens stift.
b. f. bundi form.
Busk. Buskerud.
Dal. Dalarne (i Stavanger amt).
dat. dativ, sidefall.
d. e. det er.
dem. demonstrativ, peikande.
dial. dialekt.
dlkt. dilikt.
d. s. det same.
dsk. dansk.
dual. dualis, tvo-tal.
eig. eigenleg.
eink. einkvar. eitk. eitkvart.
e-m = einhverjum; *e-n = einhvern*; *e-s = einhvers*; *e-t = eithvert*; *e u = einhverju* osfr.
eng. engelsk.
f. femininum, hokynsord.
Finnm. Finnmarki.
Fosn i Trøndelag.
fr. fransk.
fær. færøysk.
Gbr. Gudbrandsdalen.
gen. genitiv, eigefall.
gfr. gamalfransk.
ght. gamal-høgtysk.
glt. gamaltysk.
gn. gamalnorsk.
got. gotisk.
gr. græsk.
gram. grammatiken, maallæra.
Gul. Guldalen.
Hadel. Hadeland.
Hall. Hallingdalen.
Hard. Hardanger.
hdskr. handskrift.
Heidm. Heidmarki.
Helg. Helgeland.
I. Indre, t. d. INfj.
imper. imperativ, bjodemaate.
impf. imperfektum, fortid.
ind. indikativ, forteljemaate.
indekl. indeklinabel, ubøygjeleg.
inf. infinitiv, nemnemaate.
Innh. Innherad.

interj. interjektion, utropsord.
intr. intransitiv, upaaverkande.
isl. islandsk.
istf. i staden for.
jfr. jamfør, samanlikna.
Jæd. Jædren.
kap. kapitel.
kelt. keltisk.
koll. kollektiv, mengdenamn.
komp. komparativ, høgre grad.
konj. konjunktion (bindeord); konjunktiv (ynskjemaate).
lat. latin.
Li. Lista.
m. maskulinum, hankynsord.
Ma. Mandal.
mht. millom-høgtysk.
mlat. millomalders latin.
m. m. med meir.
mn. millomnorsk.
mnt. millom-nedertysk.
mots. motsett.
mrk. merk.
m. st. mange stader.
mt. millomtysk.
n. neutrum, inkjekynsord.
Namd. Namdalen.
N. Nørdre, t. d. NBerg.
Ndm. Nordmøre.
Ned. Nedenæs, Aust-Agder.
Nfj. Nordfjord.
Nhl. Nordhordland.
nom. nominativ, nemnefall.
Nordl. Nordland.
num. numeral, talord.
Num. Numedalen.
nyn. nynorsk.
o. a. og anna.
odl. (eller: o. dl.) og dilikt.
ofl. (eller: o. fl.) og fleire.
Ork. Orkedalen.
osfr. (eller: o. s. fr.) og so frametter.
Oslo, landet um indre Oslofjorden.
part. partikel, smaaord.
partic. particip, eigenskapsmaate.
pass. passiv, lideform.
perf. perfektum, ferdig notid.
pers. person, eller: personleg.
pl. pluralis, fleirtal.
poet. poetisk, bruka i skaldskap.
poss. possessiv, eigedoms-.
pron. pronomen.
præp. præposition, styreord.
præs. præsens, notid.
Rbg. Robyggjelag (med Setesdal).
rec. reciprok.
refl. reflexiv.
rel. relativ.
Ring. Ringerike.
Rog. Rogaland, d. e. Ryf., Jæd. og Dal.
Rom. Romerike.
Romsd. Romsdalen.
russ. russisk.
Ryf. Ryfylke.
s. substantiv, tingord.
S. Søre, t. d. SBerg.
sc. scilicet.
s. d. sjaa det.
serl. serleg.
Set. Setesdal.
Sfj. Sunnfjord.
Shl. Sunnhordland.
sing. singularis, eintal.
sj. eller sjld. sjeldan.
skr. skrive.
Smaal. Smaaleni, Austfold.
smlk. samanlikna.
sms. samansetning.
Snm. Sunnmøre.
Stjørd. Stjørdalen.
sup. superlativ, høgste grad.
t. tysk.
t. d. til dømes.
Tel. Telemarki.
tr. transitiv, paaverkande.
Trønd. Trøndelag, Trondheim stift.
tyd. tyding.
ub. f. ubundi form.
ubr. ubrukande.
upers. upersonleg.
upph. upphavleg.
utt. uttala.
V. Vestre, t. d. VAgd.
v. verbum, gjerningsord.
Vald. Valdres.
Vestf. Vestfold, Jarlsberg og Larvik amt.
vestg. vestgermansk.
vok. vokal.
v. r. verbum reflexivum, atterverkande verb.
v. st. sterkt verb.
Y. Ytre, t. d. YNamd.
yverf. yverført, figurleg.
Øystd. Øysterdalen.

* tyder at formi ikkje er funni i dei gamle skrifter.

Ordi er uppsette etter denne bokstavrekkja: a (á) b c d (ð) e (é) f g h i (í) j k l m n o (ó) p r s t þ u (ú) v x y (ý) z æ ø œ ǫ.

Det norske maalet fyre 1350.

Av Marius Hægstad.

Dei eldste maalminni her i landet er innhogne paa steinar eller rita paa brakteatar, spenne, ringar og ymse andre ting av metal, tre eller bein med runeteikn Den eldste rune-innskrifti i Norig er vel innskrifti paa Einang-steinen i Valdres, der det stend:

ðagaʀ þaʀ runo faihiðo,

paa vanleg gamal-norsk: (*Ek*) *Dagr þær rúnar fáða*, d. e. (Eg) Dag rita desse runer. Denne innskrifti er fraa det 4. hundr. etter Kr., og runerne høyrer til den eldre runerekkja, som hadde 24 bokstavar. Innskrifter med dette slag runer hev dei funne paa alle kantar av landet, og sameleis i Sverike og Danmark. Dei eldste er vel fraa umkr. 300 etter Kr., dei yngste fraa det 8. hundr.

Maalet i desse innskrifterne, som me kann kalla frumnordisk (urnordisk), er mykje likt gotisk og hev mange ovgamle former. Og anten innskrifterne er fraa Norig eller Sverike eller Danmark, er maalet sameleis aa kalla, so det ser ut etter desse innskrifterne, som folki yver alle Norderlandi hev tala same maalet i tidi fyre det 8. hundr.

Umkring 800 gjeng den eldre runerekkja or bruk, og det kjem ei ny skrift som me kallar den yngre runerekkja. Denne nye skrifti hev berre 16 bokstavar, til deils med anna skap enn den eldre. Av innskrifter med dei yngre runer er der mange hundrad spreidde yver Norig, Sverike og Danmark. I desse innskrifter syner det seg tidleg, og serleg i det 10. hundr., tydeleg ulikskap millom norsk paa den eine sida og svensk og dansk paa hi. Me finn endaa i denne tidi paa danske og svenske runesteinar dei upphavlege tviljodar samandregne til lange sjølvljodar (*stein* til *stin*, d. e. sten).

Paa hi sida er der ein merkeleg likskap i maalvegen langt ut gjenom tidi millom Norig og dei norske øyarne i Vesterhavet (Island osfr.) i motsetning til svensk og dansk. Likskapen er so stor at han jamvel talar for at maalet i Norig — i alle fall i Gulatinglag — maa ha fenge det meste av sin sersvip baade i ljodverket, formlæra og ordriket, stutt sagt si typiske form, fyre 900, og at det er denne serform av nordisk maal som utfararane tok med seg i landnaamstidi. Enno i det 13. hundr. er der slik ein likskap at det stundom kann vera vandt aa avgjera med full vissa um eit skriftstykke er islandsk eller heimenorsk.

Men um me soleis etter ymse merke kann slutta at norsken hev skilt seg ut fraa svensk og dansk alt fyre 900, er det aa merka at det endaa gjeng 250 aar, fyrr me fær nokolunde full greida paa maaltilstandet i Norigsvelde. For det er fyrsta fraa tidebilet etter umkring 1150 at me hev handskrifter med lengre samanhangande tekst og skrivne med latinske bokstavar. Den latinske skrifti, som sjølvsagt kunde gjeva eit klaarare bilæte av maalet enn den ufullkomne runeskrifti ho løyste av, kom til oss fraa

England umkr. aar 1000 saman med kristendomen. Ho hev utan tvil alt i det 11. hundr. vore nytta til uppteikningar paa môrsmaalet; men av det som er skrive fyre midten av 12. hundr., er ingen ting att i grunnskrift.

Engelsmennerne hadde det den tid so med skrifti, at dei bruka ikkje nett same bokstavteikni, naar dei skreiv môrsmaalet sitt, som naar dei skreiv paa latin. Soleis skreiv dei i angelsaksiske brev ꝼ, men i latinske f, og sameleis i angelsaksisk ƿ, men i latinsk *v* eller *u*. Dei tvo andande dentalar som ikkje finst i latin skreiv dei þ og ð.

Tek me fyre oss dei eldste norske handskrifter — fraa umkr. 1150 og frametter — ser me her ein merkeleg ulikskap med umsyn til skriftteikn i dei ymse skrifter. Soleis hev dei i Trøndelag og aust i Norig, naar dei skreiv n o r s k, bruka dei same skriftteikni som engelsmannen, naar han skreiv angelsaksisk. I dei norske brevi fraa desse kantar finn me daa angelsaksisk *f* og *v*, og det vert gjort skilnad millom þ og ð som i England i tidi etter kong Alfred. I latinsk tekst brukar dei derimot i trøndsk og austlandsk den vanlege latinske skrifti. Stutt sagt: i Trøndelag og paa Austlandet finn me det same skrifttilstandet som i England. — Annarleis er det i dei eldste islandske skrifter; her finn me i den eldste tid berre latinske skriftteikn (karolingsk minuskel) baade i norrøn og latinsk tekst; den andande tannljoden vert skriven þ, anten han er klanglaus eller klangfør. — I dei eldste skrifter fraa Vestlandet i Norig finn me ei blanding av angelsaksiske og latinske skriftteikn, mest angelsaksisk nordpaa, og mest latinsk paa Sudvestlandet. Det er likevel aa merka, at endaa dei eldste handskrifterne fraa Sudvestlandet er etter maaten ikkje mykje gamle. Ogso i vestlandsk finn me i den eldste skrifti þ baade for þ og ð liksom paa Island.

Det er soleis mest likt til at Island og Vestlandet i Norig i den fyrste skrifttidi hev bruka berre rein-latinsk skrift baade i norsk og latinsk tekst, men Trøndelag og Austlandet hev havt angelsaksisk skrift i norsk, og latinsk skrift i latinsk tekst. Den austnorske, serleg den trøndske skrivemaaten, hadde den største utbreidingsevna. Umkring 1200 og i fyrste fjordepart av 13. hundr. hev skriftteikn, som fyrr var sermerkelege for austnorsk, vorte innførde — det eine etter det andre — i islandsk, og hev der trengt burt dei gamle latinske bokstavteikn eller fenge sess attmed deim; etter 1225 finn me soleis ofte þ og ð i islandsk liksom i heimenorsk skrift. I denne vegen er det utvilsamt Nidaros, det vigtugaste kulturcentrum i Norig, som hev havt den største innverknaden. Vest i Norig synest det som angelsaksiske eller trøndske skriftteikn (i staden for dei upphavleg rein-latinske) hev vorte upptekne endaa tidlegare enn paa Island, og dette er truleg grunnen til den blandingi av latinsk og angelsaksisk skrift som me her finn alt i 12. hundr. Umkring 1250 hev den trøndske skrifti fenge herredømet aa kalla, baade i Norig og paa Island; men merke etter det eldre tilstand kann me sume stader raaka paa so langt ned som i det 14. hundr.

Det norske maalvaldet rakk i den gamalnorske tid mykje vidare enn no. Umfram hovudlandet Norig (med Bohuslen, Herjedalen og Jamteland), høyrde ogso Island, Grønland, Færøyarne, Hjaltland, Orknøy, Suderøyarne, Man, og sume bygder i Skotland og Irland (umkr. 800—1250) til den norske maal-umkverven.

Det er sjølvsagt at maalet ikkje kunde halda seg lenge eins — um det nokosinne hev vore heiltupp eins — paa so vidskilde stader. Det maalet me finn i handskrifterne fraa 1150 og frametter syner daa heller ikkje fram ei einkyndt form, men fleire innbyrdes noko ulike maalformer, som tydeleg viser at det er maalføre me hev for oss. Den samtidige ulikskapen millom sume av desse maalføri, t. d. sudvestlandsk og trøndsk, kann vera større eller lettare paavisande enn den ulikskapen som maalvokstren gjenom heile tidebilet hev skapa innanfor kvart einskilt av deim. Men likskapen millom deim er like fullt større enn ulikskapen, og serleg er det merkande at der er ymse ting, som

gjerne er sams for deim alle i motsetning til austnordisk (svensk og dansk), og som difor er serlege kjennemerke paa norsk maal.

Slike gamle norske maalmerke er:

1. Utljodande *ú* i stomnen av mange ord, som i austnordisk hev *ó*, t. d. *brú, bú, búð* f. *gnúa, knúi, kú, snúa, sú, trú*; austn. *bro, bo, bod, gnoa* osfr.
2. Yvergang av *e, i, y* og *æ* til konsonantisk *i* (seinare *j*), framfor *a, o, u*, t. d. *sjá* v. *fjándi* m. *bjár* gen. sing. av *bœr*; austn. *sea, fiande, byar.*
3. *pp, tt, kk* i mange høve, der austn. held paa det eldre *mp, nt, nk*, t. d. *kappi* m. *kleppr* m. *brattr* a. *batt, vatt, fletta*, f. *ekkja*, f. *lekkja* f.; austn. *kempe, klimper, brant, bant, vant, flinta* sv. *ænkia, lænke* (dsk).
4. Ljodbrigde ved *i* og *r* (*z*) i mange høve, der austn. ikkje hev det; t. d. *fœri, væri* 3 pers. sing. imperf. konj. av *fara, vera* (austn. *fore, vare*); *heldr, tekr* 3 pers. sing. præs. indik. av *halda, taka* (austn. *halder, taker*); *fær* n. *gler* n. *lær* n. *mær* f. osfr. (austn. *far, glar, lar, mar*).
5. Ljodbrigde ved *u* i mange høve, der austn. ikkje hev det, t. d. *stǫng* f. *lǫnd* n. pl. *lǫndum* dat. pl. *vǫttr* m. *sǫk* f.; austn. *stang, land, landum, vante, sak.*
6. Endingi *-ir* i nom. plur. av ymse maskulina, som i austn. hev *-iar, -iær*, t. d. *drengir*; austn. *drengiar.*
7. Endingi *-unum* i bunde dat. plur. av substantiv, medan austn. hadde *-umen*, t. d. *fótunum*; austn. *fotumen.*
8. Pronomen *ek, vér* (*mér*), *ér* (*þér*), *sem, hverr*; austn. *iak, vi(r), i(r), sum, huar.*
9. Imperfekt. indik. paa *-ra*, i 3 pers. sing. *-ri*, t. d. *seri*; austn. *saþe.*
10. Refleksive verb paa *-sk* (sidan *-st*), medan austn. hadde *-ss*, t. d. *kallask* (*-ast*); austn. *kallass.*

Til desse eldegamle maalmerki kjem sidan:

11. Norsk held uppe dei gamle tviljodarne *au, ei, ey*, som i austnordisk vert samandregne til *ø, e, ø*; norsk: *dauðr* a. *auga* n. *steinn* m. *heyra* v. *leysa* v.; dansk: *døþr, øga, stin* (ɔ: *sten*, fyre 1000), *høra, løsa*; svensk: *tuþr* (ɔ: *døþr*, fyre 1200), *øga, stin* (ɔ: *sten*, fyre 1000), *høra, løsa, Frumuntr* (ɔ: *Frømundr*, umkr. 1100).

Dei fleste av desse merki vil den dag i dag fylgja norsk, islandsk og færøymaal, og skilja deim fraa svensk og dansk.

Som ovanfor nemnt er dei eldste gamalnorske skrifter skrivne paa maalføre. Dei maalføri me her serleg skal umhandla, kann me fylgja i skrift gjenom heile den gamalnorske tidi (til umkr. 1350). Di eldre handskrifti er, di reinare er jamnast maalføret. Naar det lid ut i det 13. hundr., daa det vart skrive mykje paa mange maalføre, blandar det seg ofte inn i skrifti former fraa andre maalføre enn sjølve skrivaren sitt. Den strenge ordstøde rettskrivning var ukjend i dei tider, og den som skreiv kunde verta paaverka fraa mange kantar. Soleis var det ei sjølvfylgja at maalføret i det eller dei fyreleggi han fraa fyrstonne hadde lært aa skriva etter, verka paa maalformi hans. Denne paaverknaden hev alltid og allstad mykje aa segja. Dei innbyrdes ulike maalformerne i bøker og brev som skrivaren kom til aa lesa, maatte ogso gjera sitt. Dette slag paaverknad kom daa helst fraa dei maalføri, som til kvar tid vart bruka mest i skrift, eller som av annan grunn var mest vyrde. Det var daa jamnast islandsk og trøndsk; men ogso nordvestlandsk og austlandsk hev havt si tid. Var det etter diktat at skrivaren skreiv, vilde maalføret lett verta paaverka av maalføret til den som diktera. Og heldt skrivaren seg paa ein stad med eit anna maalføre enn hans eige, kunde det bygdemaalet han høyrde umkring seg, blanda seg med hans. Di lenger det lid fram i tidi, og di meir det vert av skrift og lesnad, di større vert paaverknaden. Til dette kjem at det i slutten av det 13. hundr. veks fram eit slag riksmaal, bygt paa

trøndsk og vestlandsk. Denne maalformi, som synest uppkomi i Bjørgvin, kanskje fyrst i kongsgarden og i samanheng med arbeidet paa ei sams logbok for heile landet, hev gjort mykje til aa jamna ut diplommaalet og logmaalet i det 14. hundr. paa alle kantar av Norig *). Det er difor oftast vandare aa skilja ut maalføret i eit skriftstykke fraa tidi umkring 1350 enn fraa 1250, naar det ikkje nettupp gjeld islandsk, som paa denne tidi (1350) hev fenge so serskild ein maksel, at det er klaart utskilt fraa dei heimenorske maalformer.

So er det dessumfram merkande at dei fleste handskrifter me no hev atter fraa gamalnorsk tid, er avskrifter etter eldre upphavsskrifter som er burtkomne. Dei gamle avskrivarar hev ikkje alltid gjenge fram paa same maaten med umsyn paa maalet i avskrifti. Sume hev fylgt fyreleggi nokolunde nøgje, det vil segja so nøgje som me kann venta det i ei tid utan grammatikalsk rettleiding. Eit døme paa slik avskrift er den tridje handi i den gamle norske homilieboki, som hev skrive av tvo stykke, eit paa rygsk og eit paa trøndsk maalføre **). Men dei fleste avskrivarar i eldre tider hev snutt maalformi i upphavsskrifti um til sitt eige maalføre so godt dei kunde. Paa dette er der so mange døme at me kann segja, at ei gamalnorsk avskrift oftast syner fram maalformi til avskrivaren.

Med dei upplysningar me no hev um dei gamalnorske maalføri, kann me skilja millom tvo store maalgreiner:

I. den austnorske maalgreini i det eigenlege Trøndelag og paa Austlandet;

II. den vestnorske maalgreini, som alt i mykje gamall tid kløyvde seg i tvo hovudgreiner:

A. den nordvestlandske greini i Romsdalen, Sunnmøre, Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn;

B. den sudvestlandske greini i Vest-Norig (Indre Sogn, Voss, Hordaland, Hardanger, Rogaland, Agder, Robyggjelag, Setesdalen og Vest-Telemark) og paa Island, Færøyarne og Hjaltland, venteleg ogso i dei andre norske nybygder i Vesterhavet.

Me vil no umhandla kvar av desse greinerne for seg.

I. Den austnorske maalgreini.

Denne greini skil seg mest ut ved det, at der er inkje (eller lite) ljodbrigde av *a* ved *u*, naar *u* stend i næste staving (*mannum, kallaðum*), og at der er ljodsamhøve (vokalharmoni) millom endingsvokalarne *e, i, o, u* og den vokalen som stend i stavingi fyre (*syni*, dat. sing. av *sunr* m., ikkje *syne*; *fate*, dat. sing. av *fat* n., ikkje *fati*). Me set hit ei prøva av den eldste austnorsk, soleis som han vart skriven i Trøndelag umkr. midten av 12. hundr. Prøva er eit stykke or ei legendebok, som det no berre er 3 blad att av. Til samanlikning med maalformi prentar me av same stykke attmed paa det normalmaalet som *Gamalnorsk ordbok* brukar.

Or Blasius soga. Trøndsk, umkr. 1150. (Etter hdskr. Am. 655 IX qv.)***).

	Med vanleg rettskrivning.
þa gec siallfr drotten ifuir sío bærfœtr [1]) sva sem a lande. þa es han vas licamr Oc bauð han petro postola sinum at ganga á	*þá gekk sjalfr dróttinn yfir sjó berfættr svá sem á landi, þá er hann var líkamr, ok bauð han Petro postola sínum at ganga á sjó*

[1]) yver *æ* stend aksent.

---

*) Sjaa Maalet i dei gamle norske kongebrev. Vidensk.selsk. skrifter. Hist.-fil. klasse 1902 no. 1.

**) Prenta i Ungers utgaava av Gammel norsk homiliebog, sid. 202—213.

***) Facsim. i Palæografisk Atlas, udg. af kommissionen for det arnam. legat, Kbh. 1905, no. 9. Ogso prenta i Heilagra manna sögur, udg. af C. R. Unger, Christiania 1877. I, s. 269_{20}—270_{12}.

sio till sín. En þat er han væitti postola sinum. þat ma han væita mer. hinum óminsta þræle sinum. En þa er han þetta mælte. þa for han till. Tiarnarennar með Iarle. Oc með ó tallægom lyð oc fiolda. liðrs. En han oc hafðe cros marc gort fyrir ser a vatneno. þa gec han a tiornnena. ut sva sem a þyrri Iarðu. eða alande. En þa es han com ut atiornena miðia þa sættisc han niðr. Oc callaðe þaðan á Iarllen. oc a allan lyð oc mælte sua. Ef noccor dað er iguðum yðrum. Eða yðr sialfum er noccor straust á þæim. þa gangeð ér á vatnet út æftir mer ínamfne þæirra. At ér megeð oss sva syna craft þæirra. þa toco atta tigir manna at blota dioflum. Oc gengo diarflega ut á vatnet. oc succu þegar aller sem bly. En engell guð com af himni. oc skæin lios mikit ifuir guð vin. oc pislar vatt. Aller matto lioset sia. En þæir sáo æigi egellen guðz fyrir lyoseno. En ængell mælte viðrr Blasium. Gagc þu af vatne. Oc skynd till dyrðar þæirrar es þer ar buin af guði. þa ræis Blasius. Up oc gec en ávatne sem alande. Oc undraðesc allr lyðr lios þat er vittraðesc yfuir hanum. Oc biart læicc anlits hans. En þo at Iarll sæe slicar Iartæinar þa mate han æigi skilia. ne scapasc till truar. Oc æigi vildi han hæfta grim læic sin.

til sín. En þat er hann veitti postola sínum, þat má hann veita mér, hinum úminsta þræli sínum. En þá er hann þetta mælti, þá fór hann til tjarnarinnar með jarli ok með útalligum lýð ok fjǫlda liðs. En hann ok hafði krossmark gǫrt fyrir sér á vatninu. Þá gekk hann á tjǫrnina út svá sem á þurri jǫrðu eða á landi. En þá er hann kom út á tjǫrnina miðja, þá settist hann niðr, ok kallaði þaðan á jarlinn ok á allan lýð ok mælti svá: „Ef nǫkkur dáð er í guðum yðrum eða yðr sjǫlfum er nǫkkurs traust á þeim, þá gangit þér á vatnit út eptir mér í nafni þeirra, at þér megit oss svá sýna krapt þeirra. Þá tóku átta tigir manna at blóta djǫflum ok gengu djarfliga út á vatnit ok sukku þegar allir sem blý. En engill guðs kom af himni, ok skein ljós mikit yfir guðs vin ok píslarvátt. Allir máttu ljósit sjá, en þeir sáu eigi engilinn guðs fyrir ljósinu. En engill mælti við Blasium: „Gakk þú af vatni, ok skynd til dýrðar þeirrar er þér er búin af guði.“ Þá reis Blasius upp ok gekk en á vatni sem á landi, ok undraðist allr lýðr ljós þat er vitraðist yfir honum ok bjartleik andlits hans. En þó at jarl sæi slíkar jarteinar, þá mátti hann eigi skilja né skapast til trúar, ok eigi vildi hann hepta grimmleik sinn.

Her er merkande:

Skrifti hev angelsaksisk *f*, *v* og *r* og serskilde teikn for den klanglause andande tannljod (*þ*) og den klangføre (*ð*). For *þ* vert i pronominale ord etter punktum bruka *D* med strik gjenom hovudstaven, liksom i sume andre heimenorske handskrifter.

Aldersmerke. For *k* vert i prøva skrive *c* allstad so nær som framfor palatalar (linne vokalar), soleis: *gec*, *grimlæic*, *toco*, *com*, *callaðe*, *succu*, men *skæin*, *skilia*, *skynd*. Dette peikar paa ei skrift-tid fyre 1200. — I staden for den relative partikel *er* finn me her ofte *es*, *þa es*; sameleis verbalformerne *es* og *vas* for *er* og *var* av *vera*. Um dette slag former veit me at dei paa Island hadde *es* og *vas* til umkring 1200 — Snorre brukar mest *er* —, men at det paa Orknøyarne var *er* og *var* so tidleg som umkring 1150. Til Orknøyarne maa dette maalskiftet ha kome fraa Norig, og yvergangen *s* til *r* maa daa ha vore gjenomførd nokolunde i Norig i fyrste helvti av det 12. hundr. Formerne *es* og *vas* i denne prøva hev soleis ein høg alder. — I staden for det vanlege pronomen *þér* (de) hev prøva den eldste formi *ér* (jfr. tysk *ihr*). — 2 pers. plur. av verb hev den gamle endingi *-eð* (*gangeð*). — Den refleksive verbalending er *-sk* (ikkje *-st*): *sættisc*, *undraðesc*; dette er den eldste formi me kjenner.

Handskrifti hev likevel ikkje fylgjerett gjenomført alle desse gamle formerne. Nokre faa stader utanfor denne prøva vert det bruka *k* for *c*, soleis alltid i *konongr*; den relative partikel heiter oftare *er* enn *es*, og det personlege pronomen i 2 pers. plur. vert oftare skrive *þér* enn *ér*. Dette viser at handskrifti er fraa ei yvergangstid, eller at

ho er ei avskrift etter ei upphavsskrift som ikkje kann ha vore yngre enn fyrstningi av det 12. hundr. Men avskrifti sjølv kann ikkje vel vera yngre enn 1150, og er den eldste handskrifti paa norsk maal me hev att i Norig.

Maalføremerke. *a* held seg i stomnen av ord og vert ikkje til *ǫ*, um der i næste staving kjem ein *u*, t. d. *Iarðu, sialfum, hanum* *); naar det stend *dioflum*, er det for di ein *u* er burtfallen her millom *f* og *l*. — Endingsvokalarne *e* og *i* skifter etter visse reglar. Soleis er der t. d. alltid *e* i endingi, naar det stend ein *a* eller *o* i stavingi i fyrevegen (*lande, aller, drotten*), men *i* dersom der stend ein *i* eller *y* (*mikit, fyrir, þyrri*). Sameleis skifter *o* og *u*, so der er *o* i endingi, naar stavingi fyre hev *á* eller *o* (*sáo, matto, toco*), men *u* dersom ho hev *a* eller *i* (*hanum, sinum*). Dette tilsaman er utvilsame austnorske merke. — Motsetningspartikelen er paa Austlandet mest *ú-*, men nordanfjells *ó-*; prøva hev *ó-*: *ótallægum*. Dette talar for at prøva er nordanfjells. Legg me daa til at ho ogso i andre ting, baade med umsyn paa skrift og maalform samstavar med ei rekkja av diplom fraa Nidaros, og skriv t. d. *æi* for *ei*, *æy* for *ey* eller *øy*, er det audsynlegt at maalføret er fraa Trøndelag. Med dette høver ogso formi *tiorn* (ɔ: *tiǫrn*) f. i prøva; den austlandske formi no er helst *tjern* (*tjenn, kjenn*) n. av gamalnorsk *tiarn*, n., medan ordet nordanfjells heiter *tjørn* (*kjønn*) f. liksom i prøva her.

Korleis trøndsken saag ut umkr. hundrad aar etter fær me eit bilæte av i denne næste prøva, som er teki fraa ei god seinare islandsk avskrift av Fagrskinna (upphavsskrifti er burtkomi so nær som eitt blad).

Or Fagerskinna. Trøndsk, umkr. 1250. (Etter Finnur Jónssons utg. Kbh. 1902—03, sid. 227_{16}—228_{17}).

Eftir þetta for hann aftr til Miklagarðz. oc þui nest gierðest osætte af drottningu Zoe til Harallz. var su soken fyrsta gefinn Haralde. at hann hafðe gull þat er atte Girkia konongr. oc eigi upp greitt sem log stoðo til. oc hafðe sialfr meira af eignaz en konongr hafðe veitt hanum. sagðu sva at a þeirri stundu er hann var ifir konongs hær. hafðe ekki gull komet af galeiðum. Annr soc var su at Zoe drotning kiændi Harallde. at hann tiðcaðest Mariu sonar dottor hennar. Haralldr bað hennar oc fecc eigi. Þat sægia menn þeir er veret hafa i Miklagarðe. at Væringiar minnaz sva frasagnar. at Zoe drotning villdi siolf hafa Haralld. Zoe drotning oc Munakus keisare leto taca Haralld oc leiða bundinn til myrkvastofo. oc .ii. menn með hanum. Ulf er siðan var stallare hans. oc Halldor Snorrason. oc ner myrkva stofonne a stræteno syndist hanum hinn hælgi Olafr konungr var þar siðan gorr kapella hinum hælga Olafe kononge oc stændr su kapella enn.

Endeleg set me hit ei prøva paa maalet i Trøndelag fraa umkr. 1300 og ei fraa seinare gamalnorsk tid.

Brudvigjings-ord. Trøndsk, umkr. 1300. (Or Manuale Norvegicum, blad 13 b $_9$; Thotts Saml. 110, oct., Kbh.).

þer er her eroð komen hvartvæggia frænðr & vinir mæðr þæssare raðagærð mvnvð vm hafa hvxat. at þesso sambande mægi ængi sa lut*er* er guðs logh mæge fir*ir*bioða hvarke at frænðsemi ne at sifskapum. En ef þer hafeð þætta fundit æða reflat Sva ok hœyrt hællðr siðan en aðr en

Med vanleg rettskrivning.

„Þér er hér erut komin hvártveggja frændr ok vinir með þessari ráðagerð, munut um hafa hugsat, at þessu sambandi megi engi sá hlutr, er guðs lǫg megi fyrirbjóða, hvártki at frændsemi né at sifskǫpum. En ef þér hafit þetta fundit eða reflat, svá ok heyrt heldr síðan en áðr en þetta rézt, þá segit til

*) Handskrifti hev her *hm̄*, som vert uppløyst *honom* i Heilag. I 270_{10} og i Pal. Atlas. Men der som fragmenti hev ordet fullskrive, er formi alltid *hanū*, t. d. Heilag. II 208_5 Post. 824_{23} og soleis maa ein daa løysa upp *hm̄* alle stader.

þætta rez þa sæggit til sva sem þer vitið firir guði sannast. ok þer vilit svara a doma degi. Ok þet byð ek ycker i guðs namfne & hæillagrar kirkiu er þætta hiunskaps banð skalvð bæra & varðvæita ef þit vitið hællðr nockor forboð i þvisa male æða hafe annat hvart yckat sællda tru mæð hanðsale. þu annare kono æða þv aðrum karlmanne. En nv æigi þit iatta i hœyrn guðz & hæillagrar kirkiu & firir mer at vilia yckrum þesso sambande. Villt þu N̊ þessa kono taka þer till æignar kono. at gœyma hennar sva sivkrar sem hæillar Vill tu taka þenna man þer till æignar manns at gæta & varðvæita sva sivkan sem hæillan. at hvat er ycker kann till handa at bera mæðan þit livið bæðe skolu þit hallda þessor guðs logh & æigi raska þessare samtengging. Mæð þessom fir sagðum kaupmala fær ek þer hono i guðs namfni. Mæð þæsso finger gulli festi ek þic. & þætta syllfer gef ek þer ok mȝ mer siallfum sœme ek þic ok sva længgi sem mit lifum skal ek þic hallda mȝ guðs hiolpp & miskun.

svá sem þér vitit fyrir guði sannast ok þér vilit svara á dómadegi. Ok þat býð ek ykkr í guðs nafni ok heilagrar kirkju, er þetta hjúnskaps band skulut bera ok varðveita ef þit vitit heldr nǫkkur forboð í þvísa máli eða hafi annathvárt ykkart selda trú með handsali, þú annarri konu eða þú ǫðrum karlmanni. — En nú eigit þit játta í heyrn guðs ok heilagrar kirkju ok fyrir mér at vilja ykrum þessu sambandi. — Vilt þú N. N. þessa konu taka þér til eignarkonu at geyma hennar svá sjúkrar sem heilrar? — Vilt þú taka þenna mann þér til eignarmanns at gæta ok varðveita svá sjúkan sem heilan? at hvat er ykkr kann til handa at bera, meðan þit lifit bæði, skulut þit halda þessur guðs lǫg ok eigi raska þessari samtenging. — Með þessum fyr sǫgðum kaupmála fæ ek þér hana í guðs nafni.“ — „Með þessu fingrgulli festi ek þik ok þetta silfr gef ek þér ok með mér sjǫlfum sœmi ek þik, ok svá lengi sem mit lifum skal ek þik halda með guðs hjǫlp ok miskunn.“

Or Frostatinglogi (landslogi). Trøndsk fraa umkr. 1330. (Etter Am. 71 qv. hnd. c, sid. 19a29—19b29) *).

þæir menn er gerazt flugu menn til at drepa þa menn er þæir eigu enga sok uið & taka fe þar till ero & obota menn uttan konongs umbodes mader late refsa til landreinsanar & frida. Suo ero & þæir menn sem taka konor uið rane. æða herfange i mote gudes lagum & manna. huert er þæir taka frendkonor manna eda æginna mana konor dœtter æða aðrar frenda konor firir uttan uilia sialfra þæirra huerso sem sidan uerdr er samuist tækst þeirra millim & þæir er hæmnazt þessara obota manna æða hæimta giold firir. so at uattar uitu at hann ueit þet. þa hefir hann firirgort fe & fridi. & ero þæir fridheilager. er fe sitt ueria & frendkonor firir þeim. en hinir aller ogilder huart sem þeir fa sar æda bana. bæde firir kononge & karle. þet er & obota mal ef madr falsar stædia bref edr jnnsigli konongs uars. þet er & obota mal. ef madr dræper þenn mann er hefir bref & innsigli konongs firir ser till landz uistar æða ranzaks. ef sa uissi er hann tok af.

Her er mange trøndske maalmerke aa finna (*lagum*, *hinir*, *aller*, *konor*, *flugu*, *obota*, *hæmnazt* ofl.); merk *þet* og *þenn* for *þat* og *þann*, og halvljoden *e* i *dræper*, *dœtter*, *umbodes mader* for *drepr*, *dœttr*, *umboðsmaðr*. Uregelrett er *ogilder* for *ogildir*.

Paa *trøndsk* maalføre er der i gamalnorsk tid skrive ikkje so faa merkelege skrifter; soleis, umfram F a g e r s k i n n a, O l a v d e n h e i l a g e s i s o g a (umkr. 1250 etter ei islandsk upphavsskrift), utgjevi av R. Keyser og C. R. Unger, Kristiania 1849; dessutan fyrste handi i hovudhandskrifti av soga um D i d r i k a v B e r n (siste

*) Haldt attaat N. G. L. II. sid. 51₁₃—52₄. I N. G. L. IV, s. 565 vert sagt at landslogi i denne hdskr. er skrivi med 2 hender; men der er 3: a fraa s. 1—8b12, b fraa 8b12—15a6 og fraa 22b til enden, c fraa 15a7—22a (trøndsk).

helvti av 13. hundr.), ymse eldre og yngre brot av loghandskrifter, ei gildeskraa, prenta i Sprogl. hist. studier, tilegnede prof. Unger, Kristiania 1896, og ei rekkja med diplom *). Av Konungs-skuggsjá (Kongespegelen), som det er likt til upphavleg er skriven paa trøndsk, er der ingi gamaltrøndske avskrifter.

Trøndsk skrift og trøndsk maal hev havt mykjen innverknad paa det skrivne maalet yver heile maalvaldet alt ifraa tidi fyre 1200.

Maalet paa *Austlandet* hev i heile taket vore mykje likt trøndsk til burtimot 1300. Men umkring denne tidi vart det ei kløyving i austnorsken, so me sidan kann skilja millom tvo austnorske hovudmaalføre: trøndsk og austlandsk. Kløyvingi syner seg tydelegast i det, at eldre endingar paa *a* vart i austlandsk til *æ* (sidan *e*) etter lang staving straks i fyrevegen. Soleis vart t. d. *liggja* v. inf. til *liggiæ*, medan eit ord som *vera* heldt seg i formi *vera*. Paa den maaten fekk austlandsk tvo slag endingar i infinitiv, og sameleis i mange andre høve. Trøndsken var i det heile ikkje med i denne yvergangen, men heldt paa *a* i den gamalnorske tid.

Me set hit eit stykke av ei austlandsk avskrift av Kongespegelen. Skal ein døma etter skrift og maal, kann avskrifti ikkje vera yngre enn umkring midten av 13. hundr., men synest heller vera eldre.

Or Kongespegelen. Austlandsk umkr. 1250. (Etter hdskr. i Ny kong. Samling 239 g. Kbh.) **).

þvi at þeghar er hinn heímski & hinn agiarne ser þat at hann er væl virðr betr en hinn vítri með spæct sína. & er hæimsca hans oc agirnd snuit honom til sœmdar oc upphafs þa gerer hann sva sem natura er & siðvenia allra heimscra manna & falla þvi meir fram viðr & koma iþvi fleiri staðe niðr með sinni agirnd. En þeghar er þat læggs til fræghðar oc sœmdar af alþyðu er illa er & aller ætte at hata þa nemr annaʀ & hinn þriði & þvi nest hværr æptir oðrum. til þærs er þat læggs unndir almennilegha siðveníu at sa eínn þyckir væl vera er agiarn er & noccot ma með rongu af annars [af annars] sœmd dregha til sins lutar þvi nest byr hværr við annan með agirnd & snyz su illzka aptr a sialva þa er með scamsynileghre illzku hovo þou rangyndi upp firir anndværðu. þvi at hværr þeírra byr um siðir i annars hofði. annat hvart með aværka. eða oðrum uiafnaðe. & falla sva niðr allaʀ fornaʀ & loghleghar sætningar. En þo beiðazt allir þærs at konongaʀ. & storhofðingiar sculi þyrma loghum. mioc með væghð en ængi af alþyðunni vill hava logh við annan & vili hværr langht ivir stigha þatt er fírír andværðu var til komenn. En þeghar er allar loghleghaʀ sætningar ero niðr fallnar oc rettar ræfsíngaʀ. en ulogh & illzkur coma i stað & þat verðr alganghse sva at guði læidiz þa leitar hann þeírrar hæfndar er til allra take. sva sem afgærðirnar toko. þa kastar hann hatre & feandscap niðr milli þeirra hofðingia er firir þat riki ero sættír. þar kann oc uaran at fylghia ef eighi vill væl & taka þæir at þrætta sinn imilli. oc finnr hværr soc i annars riki til þærs er þeír deila með manndrapom & orostom. En þeghaʀ þat tæcr at fylghiazk. oc dreivazk ifir alla þa er rikit byggia. oaran. & manndropen. & orostor. þa er þat riki komet at auðn. & þrotom ef su æve stenndr nokora stunnd.

Det som skil maalet i dette skriftstykke ut fraa vanleg trøndsk er mest skrivemaaten *ou* for tviljoden *au* i *þou*, *gh* for (spirantisk) *g*: *þeghar*, *loghleghar* ofl., *fn* for *mn*: *iafn-*, *hæfndar*, noko meir *u*-ljodbrigde av *a* enn me finn i rein trøndsk, og motsetningspartikelen *ú-*: *uiafnaðe*, *ulogh* (men *oaran* etter upphavskrifti).

---

*) Prøvor av maalet i trøndske diplom er fyrr prenta i Gamalt trøndermaal (Krist. 1899) s. 16—17; jfr. § 123.

**) Heile fragmentet er prenta i Brenners utgaava av Speculum Regale, dette stykket sid. 90_{20}—91_{32}. München. (Nokre misprentingar).

Her er prøva paa austlandsk fraa tidi nett etter den nemnde maalkløyvingi.

Um eit jordeskifte i Lom, utferda av Hamar-bispen Torstein umkr. 1299. Austlandsk. (Etter upphavskrifti i norsk riksarkiv)*).

Med vanleg rettskrivning.

Th*orstein* mꝫ guðs miskun b*iscu*p j Hamre sendir allum mannu*m* þæim som þettæ bref sia ædæ hœyræ Q. Guðs oc sinæ. ver gerom yðr kunnict at ver gerdom æignæ skipti af kirkiun*ær* haluu a Houe viðr Haldor bondæ j Œfrægardæ feck kirkiæn hanu*m* i Viku*m* iii. kua læigu en h*an* kirkiunni iii. kua læigu i Æfrægardæ. skall huar æing uardæ annære. var þettæ kaup gort af kirkiunn*ær* haluu oc vare margu*m* godom man*nu*m n*er* verandom. f*irir* biodom v*er* huæriu*m* man*n*e þettæ kaupp at riuuæ. en þa er nockor diruiz þes þa liggi h*anu*m uiðr slickt som kaup rofs manne ligg*er* uiðr at lagum rettom. varo hia þisæ skilorde siræ Ingielter siræ þorer Gunn*ær* p*re*ster Hauorðr p*res*t*er* Ellingær armader Sigurðr a Blakar arfe. Haworðr a Duærgæstæinu*m* þiostolu*er* þorlæifson. Gamall bonde oc mart annæræ godræ mannæ.

Þórsteinn með guðs miskunn biskup í Hamri sendir ǫllum mǫnnum þeim sem þetta bréf sjá eða heyra kveðju guðs ok sína. Vér gerum yðr kunnigt at vér gerðum eignaskipti af kirkjunnar hǫlfu á Hofi við Haldor bónda i Œfragarði. Fekk kirkjan honum í Víkum þriggja kúa leigu, en hann kirkjunni þriggja kúa leigu í Œfragarði. Skal hvár eng varða annarri. Var þetta kaup gǫrt af kirkjunnar hǫlfu ok várri mǫrgum góðum mǫnnum nær verandum. Fyrirbjóðum vér hverjum manni þetta kaup at rjúfa. En þá er nǫkkurr dirfist þess, þá liggi honum við slíkt sem kauprofsmanni liggr viðr at lǫgum réttum. Váru hjá þísa skilorði síra Ingjaldr, síra Þórir, Gunnarr prestr, Hávǫrðr prestr, Erlingr ármaðr, Sigurðr á Blakararfi, Hávǫrðr á Dvergasteinum, Þjóstolfr Þórleifsson, Gamall bondi ok mart annarra góðra manna.

Av denne prøva ser me liksom av prøva or Frostatinglogi ovanfor (s. XV) at der millom endekonsonanten *r* og ein konsonant i fyrevegen hev kome fram ein halvljod, som her vert skriven *e* i *Ingielter*, *prester* (i staden for *Ingjaldr*, *prestr*) og *æ* i *Ellingær* (for *Erlingr*). At det voks fram ein halvvokal i dette høvet var mykje aalment i mange maalføre paa denne tid. I Trøndelag og paa Nordvestlandet i Norig var han liksom her i det nordlege Austland *e*; men paa Sudaustlandet og i dei vestlege fjellbygder paa Austlandet var han *a* (*liggar*, *betar*, *bœtar* for *liggr*, *betr*, *bœtr*); paa Sudvestlandet, t. d. Voss, og paa Island var han *ur* (*liggur*, *betur*, *bœtur*). Denne halvljoden vert soleis etter 1300 eit godt maalmerke.

Me set hit ei prøva fraa Sudaustlandet.

Eit gardsal i Tunsberg; 4/2 1343. Vestfoldsk. (Etter upphavsk. i norsk riksark.).

Ek Einar Simunar sun gengar uidar at ek hefuer sælt þorde Olafs syni f*irir* tuau pund ænsk alla tuftina frialsa or synstum strætes husunum & beint nordar eptir uæstaste husueggiunum Einarsgarde i Tunsbergi & nordar bein(t) i Uattagard sem nu er orguuidargardren fæstar j pilin & uæstar at Petarskírkiu garde & sudar alt at almenninginum & austar ret at strætes husunum sem nu er orguuidargardren, uærdar eighi tuftin friols þa skall þordar eigha sua mykit i Ogmundargarde sem peningum hœyrir, & til sandz uitnisburdar setti ek mit insigli f*irir* þetta bref er gort uar a tyrsdagen nersta eptir kynduls messo a fiorda are & tyttugu rikis mins uyrdulegs h*e*rra Mâgnusar kon*on*gs.

Paa austlandsk er der ikkje so faa log-handskrifter, eit brot av ei bibelsoga**), eit brot av Agatu soga***), fleire brot av Kongespegelen (avskrifter), og ei mengd diplom fraa alle bygder.

*) Prenta i Dipl. Norv. I, 90.

**) Prenta i Tidsskr. for Phil. og Pædag. 6. aarg. Kbh. 1865. s. 261—262.

***) Prenta Heilag. I s. 13—14.

II. Den vestnorske maalgreini.

Det vigtugaste kjennemerke paa all vestnorsk er at *u*-ljodbrigdet av *a* er heilt (eller mesta heilt) gjenomført, naar *u* stend i stavingi etter, t. d. *kǫllum* 1 pers. plur. præs. av *kalla*; *dǫgum* dat. plur. av *dagr*; *Skǫgul*; austnorsk *kallum*, *dagum*, *Skagul*. Dette ljodbrigdet er gjenomført endaa i dei eldste vestnorske skrifter baade fraa Vestlandet i Norig og fraa Island. Desse skrifterne naar upp til midten av det 12. hundr. Men elles veit me ikkje enno noko visst um kvarhelst eller kva tid det er uppkome dette ljodskiftet, som synest ha vore den fyrste større kløyving millom vestnorsk og austnorsk. Det er lite tenkjelegt at eit slikt brigde i uttalen, um det hadde vakse fram i nokor av nybygderne paa Vesterhavs-øyarne, skulde kunna breida seg utyver baade til dei andre Vesterhavs-bygderne og yver heile det norske Vestland. Noko sidestykke til ei slik ovring er ukjent i norsk maalsoga. Men um det var uppkome i Vest-Norig, etter Vesterhavs-bygderne hadde fenge sin folkesetnad, synest det heller ikkje mykje rimelegt at eit slikt storbrigde i tale-skikken skulde kunna vinna seg fram baade til Hjaltland, Færøyarne og Island og heilt trengja ut eit anna eldre talebruk, som dessutan hadde studnad i mange maalføre i heimlandet, derimillom ogso maalet i det vigtuge centrum Trøndelag. Det er difor mest likjende til at det i Vest-Norig alt fyre landnaamstidi anten hev vore sers vilkaar tilstadar i maalet for eit slikt ljodskifte — t. d. aksent-høve —, eller at dette ljodbrigdet jamvel hev vore i emning der paa den tid, so dette er grunnen til at det sidan voks fram allstad der maalet fraa denne landsluten fekk raaderom.

Vestnorsken kløyver seg alt i gamalnorsk tid i ymse maalføre. Av deim vil eg fyrst nemna

A. Nordvestlandsk

eller maalet paa Nordvestlandet, fraa og med Ytre-Sogn til og med Romsdalen. Dette maalet merkjer seg ut ved det, at det hev ljodsamhøve, eller at endingsvokalarne *e* og *i*, *o* og *u* skifter liksom i trøndsk etter som vokalen i stavingi fyre er voren. Motsetningspartikelen hev sumstad vore *ó*- og sumstad *ú*-. Halvljoden er *e* (*prester*, *sterker*, *ligger*). Nordvestlandsken er daa eit yvergangsmaal aa kalla millom det eigenlege Vestlandsmaal og Trøndemaalet, med ljodsamhøve liksom trøndsken, og med *u*-ljodbrigde av *a* framfor halden *u* liksom den andre vestnorsken. Det er mykje som talar for at det er upphavleg vestlandsk, som tidleg er komen inn under paaverknad av austnorsk (fraa Trøndelag etter sjøvegen, og fraa Austlandet gjenom Gudbrandsdalen og dalføret i Romsdalen).

Jordbokblad fraa Munkeliv i Bergen. Nordvestlandsk, umkr. 1175. (Etter hdskr. i Det store kgl. bibl. Gl. saml. 1347, qv. Kbh.) *)

Af Steinavage .i. manaþarmatr. oc .ii. aurar silfs
Af Heiz .iiii. manaþ*armater*. oc holf morc. oc. vet miols
Af Straumi .xii. manaþ*armater*.
Af þiouanese. holf morc.
Af Vpsolum .i. manaþ*armatr*.
Af Rikisheimi .viii. ertogar
Af Ose .iiii. manaþarmater

þetta er fyrir norþan staþ;
Af Gloþaføyki. Skettingr.
Af Dumbasteini .xiiii. manaþ*armater*.
Af Diupvíc .v. manaþ*armater*.
Af Ongulsvik .iii. manaþ*armater*.
Af Svinasætre. halfr annar manaþ*armatr*.
Af Tistáme .xi. manaþ*armater*.

*) Facsim. i Pal. Atlas no. 11.

Af Svaruastoþum .v. manaþ*armater*.
þetta er í aldafirþi.
Af Biorvíc .xvii. manaþ*armater*.
Af Miclabolstaþ .iiii. man*aþarmater*.
Af Bærhe .vi. man*aþarmater*.
Af Bruarase .v. man*aþarmater*.
Af Hiolmusætre .v. man*aþarmater*.
Af Stoþlum .v. man*aþarmater*.
þetta er fyrir norþan sohnsæ [1]).
Af Sævarase .ix. aurar.
Af Haucase .x. aurar. oc .iii. man*aþarmater*.
þetta er í Stroumahverui.

Af Eiþi .viii. manaþ*armater*.
Af Birkilande .x. manaþ*armater*.
Af Gili .vi. manaþ*armater*.
Af Tohnenge .i. man*aþarmatr*.
Af Biarhastoþlum. halfr fiorþe
Af Hiolmulande .viiii. man*aþarmater*.
Af Colgrof .i. man*aþarmatr*.
Af Coloase vii. man*aþarmater*. oc .xii. aurar
Af Brunzlande .iii. marce. & .ii. man*aþarmater*.

Af Nese .ii. mærcr. oc holf vet malz. oc holf vet miols.
Af þorslande .ii. mærcr. & .ii. manaþ*armater*. Af Icornalande .x. aurar.
Af Hiolmulande .xii. aurar. & .iii. man*aþarmater*.
Af Gotastoþu*m* .xiiii. aurar. & .ii. man*aþarmater*. Af Scarþe .iiii. mærc.
Af Hornom .iii. mærc. & .ii. man*aþarmater*.
þetta er í Lyhrisfirþi.

S k r i f t i er her ikkje fullt so angelsaksisk som i den eldste trøndske prøva (avprenta her framanfor, s. XII); *þ* vert bruka ogso for ð: *norþan*, *staþ*.

A l d e r s m e r k e. For andande *g* vert skrive *h*: *sohnsæ, Bærhe, Biarhastoþlum* (*Sognsæ, Bergi, Bjargastǫðlum*), so nær som millom vokalar: *Steinavage, ertogar.* Framfor linn vokal vert det skrive *k* (*Birkilande*), men elles *c* (*Colgrof, Biorvíc*); det einaste undantak er framandformi *marce* nom. plur. av lat. *marca.* For upphavleg andande lippeljod stend der *u* millom vokalar og fyre (*þiouanese*, *Svaruastoþum*, jfr. gotisk *þiubs, -swairban*), men elles *f* (*Colgrof, halfr*; jfr. gotisk *gaf* av *giban*); for upphavleg *v* stend der *v* (*Svarua-*, *Diupvíc, Sævar*). Alt dette er fylgjerett gjenomført og vitnar saman med skriftformerne um tidi fyre 1200. Andre umstodor vitnar at hdskr. kann ikkje vera yngre enn fraa Bjørgvinsbispen Paal si tid millom 1170–1190 *).

M a a l f ø r e m e r k e. *a* vert ljodbrigda ved *u* i alle høve: *Stoþlum, Hiolmulande, Vpsolum.* I endingarne er der ljodsamhøve: *Eiþi, Ose, Stoþlum, Hornom* **).

Me set hit ei prøva av same maalføret fraa det 13. hundr.

Or den eldre Gulatinglog. Nordvestlandsk, umkr. 1250. (Etter Norges gamle love, sid. 95).

Um oðals iorð.

Nu vill maðr oðal sitt selia. þa fare hann of haust. æða sa maðr er hann hever um boðet a þing oc bioðe iorð oðalnautum sinum at kaupa. biðia þa til koma iarðar þorsdag i pasca vicu. oc kaupa sva iorð sem aðrer menn bioða við. Hann scal þat i þeirri þingsokn gera. sem iorð su liggr i. Nu koma þeir þar baðer þórsdag i pasca viku. oc skilr þa a aura. þa scal sa sveria er iorð vill selia. at hanom er sva við boðet sem han metr. oc er þat eigi vela boð. Hinn scal oc sveria. at sva vil ec kaupa sem nu er meten. þa scal oðal nautr sva hava ef hann vill, ellar seli hinn þeim er hann vill. Nu kemr sa er kaupa vill. en hinn kemr eigi er iorð bauð. þa scal hann

[1]) Yver *æ* stend aksent.

*) I M u n k e l i v s b r e v b o k (utgjevi av P. A. Munch, Christiania 1845) hev me ei avskrift av heile registret, som det bladet me her umhandlar hev tilhøyrt. Avskrifti viser (sid. 195 i brevboki) at garden O i Herdla hev vore uppførd som Munkelivs eigedom i registret; men um denne eigedomen veit me at klostret bytte honom burt til bispen Paal, sjaa Dipl. Norv. VIII, 2.

**) Sjaa: N o r d v e s t l a n d s k § 5, § 6, § 7, 1 og 10 (Vidensk. skrifter. Hist. filos. klasse. no. 1. Kr.ania 1907

iorð hava at slicu. sem valenkunnir menn meta. hvárt sem hinn vill. æða eigi. En ef hvarge þeirra kemr. þa er iorð sva sem uboðen se. En þa er þeim iorð uheimil er kaupir. ef oðalnautar koma til þorsdag i pasca viku.

Til ei prøva paa brevmaalet i fyrste helvti av det 14. hundr. set me hit:

Brev fraa bisp Haakon i Bjørgvin; 9/4 1339. (Etter Dipl. Norv. VIII, no. 121).

Eftir yðru bode. ok vaarre skyldu. er j. allum lutum vilium ok skulum yðarn hæiðr gera. eftir mætte. varom ver aalbunir aat Marimœsso fyrri so at vm morghenen eftir forom ver af stad. ok ferdadomzst sijdan, sem þorstein kann yðr at seghia. þo at vaart erfeði aat sinni vilði oss til mœðe snuazst. biðium ver yðr af ollu hiarta, at med mildri vaarnkynd vmberi þer med oss. ok later oss yðrar naðr hinar somu finna. þui at med dygd ok fullri hollostu skulum ver þat vbrigdilegha skylda: æ medan gud vill at lijf vinnizst, bidium ver ok, at þorstein niote vaars bœnastadar. j. sinum ærenðom. Nu ok vttan enda. gœymi yðr aalmatteger guð ok alla yðr væl viliande. Skrifwat j. Laaghom. in crastino natiuitatis virginis gloriose anno domini m.º ccc.º xxxix.º

At dette er gamalnorsk fraa sein tid ser me paa mange merke. *ð* og *d* vert bruka um kvartanna (*gud, vilði*). Verbet hev refleksiv form paa *-st* (*ferdadomzst*), og endar i 2. pers. plur. paa *-r* i staden for eldre *-t* eller *-ð*: *later*. Halvvokalen *e* millom bøygningsendingi *-r* og konsonanten i fyrevegen vert skriven stundom: *aalmatteger gud*. Der er i prøva paaverknad fraa trøndsk eller det vanlege norske riksmaalet paa den tid: *allum, ferdadomzst*; men slike former er ikkje gjenomførde, og det vert t. d. skrive *ollu*.

Paa nordvestlandsk hev me ymse merkelege brot av gamle loghandskrifter, millom deim hovudhandskrifti av den eldre Gulatinglog, prenta i N. G. L. B. I. Fyrste og andre hand i Gammelnorsk homiliebog (ved Unger) hev ogso skrive paa dette maalet, men er til deils sterkt paaverka av fyreleggi sine. Hit høyrer ogso eit par blad som er att av ei norsk umsetjing av den danske Henrik Harpestrengs lækjebok. Ei mengd med brev er der ogso paa dette maalføret. Yvergangen fraa nordvestlandsk til det gamalnorske riksmaalet er stundom so fin, at det kann vera vandt aa skilja deim fraa kvarandre.

B. Sudvestlandsk.

Denne maalgreini som hadde sin heimstad i det sudvestlege Norig — fraa Sogn til burtimot Langesundsfjorden — og paa dei norske øyarne i Vesterhavet, er den som hev sett dei største merke etter seg i bokheimen. Ho hev elles alt i gamalnorsk tid kløyvt seg i ymse mindre greiner, men alle saman merkjer seg ut fraa dei andre norske maalføre som er umrødde ovanfor, ved det, at dei kjenner inkje (eller lite) til ljodsamhøve i endingarne samstundes med at dei hev gjenomført ljodbrigdet av *a* ved *u* heilt (eller mesta heilt).

Av dei ymse maalføri som høyrer til denne greini, vil me her nemna:

1. Den ytre sudvestlandske grein. Til denne greini hev høyrt maalet paa Rogaland, helst dei ytre bygder, venteleg ogso dei ytre bygder i Hordaland. For dette maalet, som synest ha havt sin kjerne i Rygjafylke, og som me difor kann kalla rygjamaal, kann me setja upp desse kjennemerke: *u*-ljodbrigde av *a* er gjenomført; endingsvokalarne er jamnaste *e* og *o* umfram *a*; motsetningspartikelen er oftast *ú*-; halvvokalen *e*, men sumstad *u* (*o*). *ð* hev halde seg etter *m* inn i det 14. hundr., t. d. *ifaðsemð*. Det bundne kjenneordet framfor adjektiv er *enn*, som her held seg lenge.

Kvifor me snur oss mot aust, naar me bed. Rygjamaal, umkr. 1225. (Etter Gammel norsk homiliebog, 3. hand, prenta hjaa Unger, s. 207_{10}—207_{21}).

Þa er ver bidiomsc fyrir, þa snuumsc ver í austr. Til þess ero þrennar sacar: su er ein, at fostriorð ór Paradisus er í austre, oc scolom ver þangatqvomo oss vetta, þa

er ver liðom heðan. Su er ǫnnor soc til þess, at ór austre kømr alt lios yfir verold, oc solen siolf renr í austre upp, oc iarteinir hon Crist, af þvi horfom ver í austr á bøn varre, at ver scolom þat et sanna lios þyðasc í allre atfærð varre, er Cristr drotten er. Su er en þriðia soc til þess at horfa í austr á bøn varre, at sol upp renande í austre minnir oss at *) dyrð enar **) efsto uppriso, sva sem sagt er, at retlater menn munu sva biarter vera í upprisu sine sem sol rennande upp í heiðe.

Den refleksive form paa *-sc* (*biðiomsc*) viser den høge alder. Endingsvokalarne er *e* og *o*, so nær som i *fyrir*, *yfir*, *iarteinir*, *minnir*, *snuumsc*, *upprisu*, *munu*; i desse ordi er det venteleg avskrivaren (ein nordvestlending?), som hev sett deim inn etter sitt eige maalføre; ein gong hev han *uppriso*.

Her er ei prøva paa same maalet. Ho er fraa Ryfylke og umkring 100 aar yngre.

Gaavebrev fraa Sigurd Ormsson; 7/7 **1318.** Rygjamaal. (Etter upphavskr. Am. Fasc. 31, no. 13; prenta i Dipl. Norv. II 131, men ikkje heilt rett).

Ollom monnom þeim er þetta bref sia æðr hœyra. sendr Sygurðr Orms sun a Rondom q. g. ok sina. yðr se kunikt at þa er lidet var fra burðartid vaars herra Jesu Christi m. vettra ccc⁰ vettra ok atian væter, gaf ek korsbrœdrom i Stawangre skogh þan er Jngielder kalda lauk mer i sakar œyri er ligger til Steinslanz i Fatnese. sua myket sem han laut iamt med þore broðor sin ok til sanz vithnesburðar setta ek mit insigle fyrer þetta bref ok herra Ogmundr Petars sun Jngimundr broðr hans. Anbiorn a Baustom ok þorgyls a Haughe sin insigle er i hia varo þessare minne giof. var þetta bref gort a Sunniuu messo aftan a þui are er fyr segir.

Uregelrett er *œyri*, *segir*, *Sunniuu* (paaverknad fraa maalføre med ljodsamhøve).

Paa dette maalføret er skrive, umfram eit stykke av 3dje hand i den gamalnorske h o m i l i e b o k (ved Unger), nokre brev fraa Ryfylke og sume fraa andre stader. Sameleis dei fleste r u n e - i n n s k r i f t e r fraa desse kantar, etter upplysning fraa prof. Magnus Olsen. Endingsvokalarne *e* og *o* vart mykje vanlege alle stader i millomnorsk skrift, og er ogso dei som hev yvertaket i den skrivne nynorsk. Merkelegt er det at den eldste islandsken i dette stykke fell saman med rygjamaalet; sjaa prøva her nedanfor sid. XXIII.

2. D e n i n d r e s u d v e s t l a n d s k e g r e i n i. Til denne greini hev høyrt maalføri i dei indre bygder i Bjørgvins bispedøme, og i Vest-Telemark, Setesdalen, Robyggjelag og Agder. Dei fleste av desse maalføri hev gjenomført ljodbrigdet av *a* ved *u*; berre lengst i aust synest det ha vore mindre gjenomført. Endingsvokalarne er *i* og *u* umfram *a*. Motsetningspartikelen er oftast *ú-*; men ogso *ó-* maa ha funnest. Halvvokalen hev vore *u* sumstad (Voss, Hardanger, og venteleg til deils i Sunnhordland), og austpaa synest han ha vore *a*.

Me set hit ei prøva fraa det 13. hundr.

Or Strengleikar. Indre-sudvestlandsk, umkr. 1260. (Etter Strengleikar, ved Keyser og Unger, Kristiania 1850); sid. 562—18.

	Med vanleg rettskrivning.
Nu er sveinninn feginn oc glaðr. Er hann var heim kominn. þa dvaldizc hann litla stunnd i fylki sinu. oc for þegar til konungs at biðia dottur hans. Konungr syniaðe honum ei dottvr sinnar. en þo let hann sem sveininvm være þat mikil heim-	*Nú er sveinninn feginn ok glaðr. Er hann var heim kominn, þá dvaldist hann litla stund í fylki sínu, ok fór þegar til konungs at biðja dóttur hans. Konungr synjaði honum ei dóttur sinnar, en þó lét hann sem sveininum væri þat mikil heimska ok úráð. Ok einn dag*

*) for á.

**) for ennar.

ska oc urað. Oc eín dag lét konungrinn stefna eftir vinum sinum sacar dottur sinnar oc sveinsens. er viðr vill leita at bera dottur hans upp a fiallit. oc samnaðizc þar þa mikit folc at sia þann atburð. Sem stefnudagrenn kom. þa var sveinnenn þar fystr allra oc gleymdi eigi drycc sinvm. A eingivnvm hia Seine b*org* samnaðiz þa sa hinn micli mannfiolde. Konungrinn lét þangat koma dottor sina. var hon i engvm klæðom nema serc einum. Sveinninn toc hana i faðm sér. oc fecc henni dryckinn. þui at hann vissi at hon minndi ei svikia hann. En þat man ecki tea honum. þui at engi hofsemd var með honum. Hann lióp með henni sem hann matti skiotazt. oc er [hann var kominn i mitt fiallit. sacar fagnaðar þess er hann fecc af meynni. þa gleymdi hann drycc sinum. Sem mæren kende at hann mœddizc þa mælti hon. Unnasti kvað hon. drecc drycc þinn. þui at (ec) kenni at þu mœðizc.

Lét konungrinn stefna eptir vinum sínum sakar dóttur sinnar ok sveinsins, er viðr vill leita at bera dóttur hans upp á fjallit. Ok samnaðist þar þá mikit folk at sjá þann atburð. Sem stefnudagrinn kom, þá var sveinninn þar fyrstr allra ok gleymdi eigi drykk sínum. Á engjunum hjá Seini-borg samnaðist þá sá hinn mikli mannfjǫldi. Konungrinn lét þangat koma dóttur sína. Var hon í engum klæðum nema serk einum. Sveinninn tok hana í faðm sér ok fekk henni drykkinn, því at hann vissi at hon myndi ei svíkja hann. En þat man ekki tjá honum, því at engi hófsemd var með honum. Hann hljóp með henni sem hann mátti skjótast. Ok er hann var kominn í mitt fjallit, sakar fagnaðar þess er hann fekk af meynni, þá gleymdi hann drykk sínum. Sem mærin kendi at han mœddist, þá mælti hon: „Unnasti,“ kvað hon, „drekk drykk þinn, því at (ek) kenni at þú mœðist.“

Me legg her straks merke til likskapen millom denne formi og den vanlege tekstform for gamalnorsk, som ogso er nytta i Gamalnorsk ordbok. Elles er Strengleikar ikkje so lite paaverka i maalvegen av andre norske maalføre.

Her er ei prøva fraa Agder, umkr. 50 aar etter.

Brev um eit jordkaup; 24/5 **1312**. Egdamaal. (Prenta i Dipl. Norv. IV, no. 93).

Ollom monnom þæim sæm þetta bref sæa æda hœyra sænder Iuarr prestr a Am Gamall a Bærgi Jon puta Þorgeir raudi Teitr klærkr q. g. ok sina mer gerum ydr kunnight at mer hœyrdum vidr gongu þæira Þores laas ok Þuridar husprœy hans at þau vidr gengu at herra Snare lauk þæim firir Vilrægs hamar halfa tolfto ku firir spans læigu ok iii manadarmata bol j fyr nemfdri jordu ok þa hafa þau alla aura þægar þæim er lokin half aunnr kyr ok hœyrdum bæggia þæira jayrdi vm þetta jardar kaup ok til sans vitnis burdar sættom vær var insigli firir þetta bref er gort var a odins dagen nesta eptir trinitatis messu a xiii are rikis virdolægs herra Hakonar Noregs konongs.

Fraa den seinste gamalnorske tid set me inn eit brev, som syner fram maalføret i ein av dei indre bergenske fjordar Sogn eller Hardanger.

Brev um ei ættleiding; Austreim i Sogn 7/4 1344. Indre sudvestlandsk. (Etter upphavskr. i Am. Bergensia. Fasc. 23, no. 13)*).

Ollv*m* mo*nn*vm þei*m* sem þetta bref sea eða heyra, senda Sivgvrðr Barðar son, Sæbyorn Kara sson, Jon Botolfs ss*on* Eirikr a Berghi q. g. ok sína, yðr sé kvn*n*ikt at a þvi are er liðit var fra bvrdar tið vars herra Jesv Christi, þvshundrað vetra, þriv hvndrað fiorir tighir, ok fiorir vet*r*, miðvikvdaghin*n* i paskavikv, komv þeir firir kirkivdyrr a Avstrheimi i Soghne, Gvðleikr Arnviðar son, af an*n*arre halfv, en af annarre halfv born hans, Martein, Arnviðr, Jvarr Sivgvrðar son, ok Ragnhilldr kona hans, ok Jnga er iaðo ætleiðing, Jvare Gvðleiks syni, helldo þav oll a ein*n*i bok, fyrr nefdr Gvðleikr ok fyrr nefndir men*n*, Martein*n*, Arnviðr. Jvarr Sivgvrðar son, ok Ragnhilldr

*) Prenta i Dipl. Norv. V, 169.

kona hans, ok Jnga, sagði þratt nefndr Gvðleikr, þessi orð, ek ætleiðir, þetta barn er Jvarr heit*ir*, til fiar þess er ek gefr h*onv*m, til gialldz, ok til giafar, til sess ok til sœtis, ok til alldz þess rettar, er ætleiðingr a at hafa at loghv*m*, gaf Guðleikr þa Jvare fiogvrra manaðamata bol iarðar i Sandstoð i Haiðangri, ok til san*n*enda her vm, settv*m* mer var in*n*sigli, firir þetta bref er gort var, a deghi ok are sem fyrr seghir.

Ei stemning med vitneførsla um garden Birkjar; Voss umkr. 1303. Mid-vestlandsk. (Etter uyphavskr. i norsk riksarkiv; prenta i Dipl. Norv. II 71).

Allu raðe mins h*er*ra Hakonar Norex k*onu*ngs i Bergwin sendir Solfe p*re*str a Wange a Woss, Petur bonðe a Finninj, gs, g*uð*s, ok sina, yðr se kunnight at þessor varo ansuor Halla bonða næst er þæir hofðu ste*m*fnu vm Birkia mal at Halle bauð Hakone log ok retendj ok bað h*a*n hœyra sinar mals bœttur, en Hakon sagðe at ho*nu*m var þatt firir boðet ok gek af durum vtt, stod Halle þa vpp ok ste*mf*di ho*nu*m in aptur, en Hakon vildi æigi in ganga, let Halle þa fram vittnj at h*a*n ste*mf*di ho*nu*m in at hœyra sina maalsvegho vm þatt sem Hakon kerðe a h*a*n, festu þa ok þessir men Halla bonða vittnj at þæir varo innj i stofonne a Wanghe ok sao a er aurar varo breiðir *firir* Birkiar af holfu Odz bonða a Rogne ok h*a*ns brœðra en Einar pinnu*n*gr tok við ok tok j henðr þæim með þuj skilorðe at þæir skyldu æiga Birkiar frialsar firir ho*nu*m, a annan dag stemdj Halle bonðe en Hakone til at hœyra sinar maals bœtur ok kom han ekkj, festu þar Halla bonða þessir men*n* vittnj vm, Sygurðr þiorbiargar son, Asbiorn Stæinars son a þan ðagh ok festu þæir vittnj Halla bonða Jorundur a Rœkken, Ellenðr a Griotlanðe at þæir varo þar i hia i k*onu*ngs garðe i Bergwin er Solfueig moðer Hakonar gek vid at honn hafðe gefit þessom mo*nnu*m kaup til vittnisburðar þes er þæir baro vm Birkiar Aslake stump ok Askeli sakasuæin ok til sanz vittnisburðar at mitt varom j hia þessare fram ferð settu*m* mit okor insiglj firir þetta. jn Christo valete.

Maalet i denne prøva er paaverka av trøndsk (*Allu*, *Bergwin*, og ikkje so lite ljodsamhøve i endingar), men syner ogso fram nokre sers midvestlandske former: *aptur*, *Petur*, *bœtur*, med halvljoden *u* liksom i islandsk. Nokre ord er misskrivne *gs.* i l. 2 for *kveðju*, *breiðir* l. 9 for *greiddir*, *þiorbiargar* l. 12 for *þorbiargar*.

Umfram Strengleikar hev me paa dette maalføret: Hovudhandskrifti av O l a v T r y g v e s o n s s o g a, umsett fraa ei latinsk upphavskrift, som Odd Snorreson hev skrive, Am. 310 qv.; det er paaverka av islandsk. Fragment av O l a v T r y g v e s o n s s o g a, Ups. Delag. 4—7, er sameleis fraa denne landsluten. Dessutan E l i s s a g a o k R o s a m u n d u (Heilbronn 1881); D i d r i k a v B e r n s s o g a, 3 hand; fragment av K a r l a m a g n u s s o g a, prenta i K a r l a m a g n u s s a g a (Kristiania 1860); sume stykke i H a u k s b o k, utgj. av Finnur Jónsson, Kbh. 1892—96; K o n g e s p e g e l e n, (hovudhandskr.), utgj. av Brenner, München 1881, sterkt paaverka av trøndsk; sume fragment av l a n d s l o g i (N. G. L. IV s. 138 off. og s. 152 off.); ei sein avskrift av landslogi, Am. 307 fol.; ei rekkja med diplom m. m.

Hovudhandskrifti til T o m a s e r k e b i s k o p s s o g a (Cod. Holm. 17 qv. utgj. av Unger, Kr.ania 1869) er skrive paa eit yvergangs-maalføre millom ytre og indre sudvestlandsk, og fulla sameleis 3 fragment av Kongespegelen i norsk riksarkiv, prenta i Brenners utgaava 6—15, 21—23, 24—27, 35—39.

Likskapen millom denne sudvestlandske maalgreini og islandsk umkr. 1300 er so stor, at det stundom kann vera vandt aa segja med vissa um eit skriftstykke er norsk-sudvestlandsk eller um det er islandsk. Meir um dette, naar dei islandske prøvor er undangjorde.

3. I s l a n d s k. Den eldste islandsk, serleg islandsken fyre 1200 og ei tid etter, merkjer seg ut ved si rein-latinske skrift, utan paaverknad av angelsaksisk; her finn me

latinsk (høg) *f* og latinsk *v*. *þ* vert bruka baade for *þ* og *ð* liksom i den eldste nordvestlandsk. — I maalvegen er det likt den ytre greini av sudvestlandsken i Norig, med gjenomført *u*-ljodbrigde av *a*, og endingsvokalarne *e* og *o*, umfram *a*, liksom rygjamaalet.

Or ei kyrkjedagspreika. Islandsk, umkr. 1150. (Etter Pal. Atlas, no. 1).

Cluccor m*er*kia kenningar. þær es oss véckia til goþra vérca. sva se*m* clucca til tiþa. Garþr of kirkio m*er*k*er* varþvæittlo þessa allra goþra hlúta es nu ero her talþer. En þa mego*m* ver vel varþeita þessa alla góþa hlute es v*er* hýggio*m* at verco*m* þeírra es fýrer oss ero farner or heíme. sva at góþ déome stýrke oss til æft*er*glikíngar. en ill déome vare oss viþ sýnþer. þenna at huga m*er*k*er* graoftr líkama í kirkio garþe: En þat es vítanda. at allt má andlega m*er*kiasc oc fýllasc í oss. þat es til kirkio buníngs eþa þiónosto þarf at haua. ef v*er* liuo*m* sva hræinlega at vér se*m* verþer at callasc goþs muste*re*.

Ut gjenom det 13. hundr. vert det mange brigde i islandsken. I skrifti tek dei upp angels. *f* og *v* liksom i heimenorsk. Endingsvokalarne *e* og (sidan) *o* vert umbytte med *i* og *u*; vokalarne *œ* og *æ* fell saman til *æ* i uttalen, og vert blanda saman i skrift, helst soleis at *œ* vert skriven paa same maaten som *æ*. Umkring 1300 kann me segja dette er gjenomført.

Her er ei prøva paa islandsk fraa den siste helvti av 13. hundr.

Or Vǫluspá (Den eldre Edda). Islandsk, 1250–1300. (Etter L. Wimmer og F. Jónsson's fotot. utg. Kbh. 1891).

Hliods bið ec allar kindir meiri *oc* miɴi maugo
heimdalar vildo at ec ualfauþ*r* uel fyr telia foꝛn
spioll fíra þav e*r* fremst u*m* man. Ec mán iotna
ar um boꝛna þav e*r* foꝛðo*m* mic fǫðða hofðo. nio man ec hei*m*a
nío iviþi miot uið mǫraɴ *fyr* mold neðan. Ar uar alda þar
er ým*ir* bygði vara sanðꝛ næ sær ne sualar uɴ*ir* ioꝛð faɴz
æva ne up*þ* him*inn* gap uar giɴvnga eɴ gras hv*er*gi. Aðꝛ bvrs
sýn*ir* bioðo*m* v*m* ýpðo þ*ei*r er miðgarð mǫran scópo. sol scein
suɴan a salar steina þa var grvnð groin grǫno*m* lauki.

Med vanleg rettskrivning.

Hljóðs bið ek
allar kindir,
meiri ok minni
mǫgu Heimdallar;
viltu, at ek, Valfǫðr,
vel fyrtelja,
fornspjǫll fíra
þau er fremst um man.

Ek man jǫtna
ár um borna,
þá er forðum
mik fœdda hǫfðu;
níu man ek heima,
níu íviði,
mjǫtvið mæran
fyr mold neðan.

Ár var alda
þar er Ymir bygði,
vara sandr né sær
né svalar unnir,
jǫrð fanst æva,
né upphiminn,
gap var ginnunga,
en gras hvergi.

Áðr Burs synir
bjóðum um yptu,
þeir er Miðgarð
mæran skópu.
Sól skein sunnan
á salar steina,
þá var grund grôin
grœnum lauki.

Her er ei prøva fraa lite seinare tid.

Or Njaals soga. Islandsk, umkr. 1300. (Etter Pal. atlas, no. 35).

þRain*n* sigf*us* s*on* sagði þ*at* konv sinni at h*ann* ætlaði at f*a*ra vtán þ*at* svm*a*r. ho*n* sag*ð*i at þ*at* væ*r*i vel tok h*ann* s*er* þa f*a*ri me*ð* hogna hinu*m* hvita. G*unnarr* tok s*er* f*a*ri me*ð* arfin*n*i env*m* vikv*er*ska *ok* kolsk*eggr*. þ*ei*r Grimr *ok* helgi. n*ials* s*ynir* baðv favð*ur* s*inn* leyfa at þ*ei*r fæ*r*i vtán. niall m*ælti* erfit m*u*n ykr v*er*ða vtan f*er*ðin. s*va* at tvisýnt mán v*er*ða hv*a*rt þit*t* fast halldit lifinv en þo mv*n*vt þit fa sæmð í svmv *ok* m*an*nvi*r*ðing. en e*i*gi orvent at afleiði vend*r*eði e*r* þit ko*m*it vt. þ*ei*r baðv iafnan at f*a*ra. ok v*a*rð þ*at* at h*ann* bað þa f*a*ra ef þ*ei*r villdi. reðv þ*ei*r s*er* þa f*a*rr me*ð* b*a*rði sv*a*rta *ok* olafi ketils s*yni* or elldv. *ok* er nv miki*l* (vm rœða á).

Til slutt set me hit ei prøva paa islandsk fraa tidi umkr. 1350:

Brev fraa Tunga i Blǫndudal; 15/5 1349. Islandsk. (Etter Dipl. Isl. II, no. 523).

Ollum monnum þeim sem þetta bref sia edr heyra gerum vid bessi bransson oc asmundr grimsson kunect at vid heyrdum okkur ellri menn þat segia en aunga j moti thala at tunga j blaundudal ætti torfskurd j iordina a lang[a]myri enni ytri aa asum ar eptir ar suo miken sem bondi villdi lata skæra er j tungu byggi oc iordunni væl nægþi. vissu uid ok at þeir haufdu sæm j tungu biug[g]u suo felldan torfskurd j langamyrar jord tutaugu vetr ok leingr ar eptir aar ataululaust. atti ek furr nefndr asmundr langamyri ellefu vetur ok tallda ek aldri aa aþr aanefndan torfskurd þuiat ek Reiknadi hann vera fulla æign vr tungu. ok til sanynda her um sættum vier fyrrnefndir menn okkur insigli firi þetta bref gort i tungu i blaundudal in festo halluardi martiris þa ritukta aRi Rikis okkars virduligs herra herra magnusar med Guds nad noreghs ok suia Rikis konungs.

Av denne prøva ser me millom anna at den upphavlege lange *e* (*é*) hev vorte *ie* eller *je*: *vier* 1 pers. pron. i plur. for *vér*, og at halvljoden er *u*: *vetur* (for *vetr*).

Held me dei islandske maalprøvor attaat prøvorne fraa Sudvestlandet i Norig, vil me straks verta vare den store likskapen i eldre tid. Det som skil deim er mest skrivemaaten (isl. *ey*, sudvestl. oftast *øy*; isl. helst i den eldste tid *þ* for ð), motsetningspartikelen, som paa isl. er *ó*-, i sudvestlandsk oftast *ú*-, og det at islandsken held uppe *hl*, *hn*, *hr*, medan sudvestlandsken i desse høvi hev kasta *h* og skriv *l*, *n* og *r*. Fyrsta umkring midten av det 13. hundradaaret vert skilnaden noko større, med di *œ* i isl. gjeng yver til *æ*. Naar so islandsk og norsk skrivemaate kom til aa verka paa kvarandre, soleis at islendingen stundom kunde sleppa *h* framfor *l*, *n* og *r*, og skriva *lutr* for *hlutr*, og nordmannen umvendt kunde setja til ein *h* i slike høve og dessutan vingla i bruket av *œ* og *æ* (*e*) i sume høve, helst naar det var lippeljodar i umværet, er det lett skynlegt at islandsk og norsk bokmaal fraa det 13. hundr. stundom kann verta so like, at det er vandt aa skilja deim fraa kvarandre.

Mykje merkelegt er det at den islandske maalformi i den eldste tidi er so lik den rygske eller den y t r e greini av sudvestlandsk norsk med umsyn paa dei typiske endingsvokalar *e* og *o*. I Rygjafylke hev desse endingsvokalarne halde seg alt til vaare dagar og raader enno grunnen, saman med *a*. Det er med dette i Rygjafylke som i so mange andre maalføre i Norig: utljodarne held seg utruleg lenge. Me hev enno maalføre som held uppe det gamle ljodsamhøve (t. d. Stodbygg-maalet i Trøndelag), og mange som hev sterke merke etter det. Men i den islandske skrifti vert det ei heil umskipling av endingsvokalarne *e* og *o* i det 13. hundr., og det paa mindre enn eit hundrad aar. Fyrst vert *e* undantrengd i skrifti, og *i* kjem i staden. Sidan gjeng det sameleis med *o*, som lyt vika for *u*. Og umkr. 1300 er umveltingi gjord, soleis at maalet fraa denne tidi i det heile syner fram dei same typiske endingsvokalar som den i n d r e greini av sudvestlandsk norsk som enno i vaar tid paa mange stader merkjer

seg ut med endingar paa *i* og *u*. Fraa ein fonetisk synsstad er det mest uskynande at eit slikt ljodskifte kann ha gjenge for seg i talemaalet paa so kort tid som tri mannsaldrar i eit maal, som elles er so atterhaldsamt som islandsk. Etter uttalen paa Island i vaar tid skulde me ha venta *i* og *u* i endingar ogso i den eldste islandsken. Og det er eit spursmaal um ikkje grunnen til *e* og *o* i dei nemnde gamle handskrifterne anten er den, at det eldste islandske skriftmynstret hev sitt upphav i den ytre sudvestlandske maalgreini i Norig, som islendingarne sidan voks fraa, eller at det ogso paa Island i det 11. hundr., daa dei tok til aa skriva, hev vore eit maalføre med desse endingar, og at det hev havt yvertaket i skrift i den fyrste tidi, men sidan hev vike romet for eit anna maalføre med utljodsvokalar *i* og *u*. Etter eit maalføre med *e* og -*o* synest det likevel ikkje no aa vera noko merke paa Island. Endaa sudvest paa øyi, der den gamle stutte *i* kann faa uttalen *ę*, um han stend i stomnen, t. d. *vęt* eller endaa *væt* (for *vit*, n.), vert endingsvokalen *i* uttala som open *i* eller ein trong *e*, t. d. *bóndi, hani*. Med *u* er det sameleis; i endingar hev han ein uttale, som kann liggja millom norsk open *y* (*ŷ*) og norsk vanleg *u* (i *hus*) men som er klaart utskilt fraa den *å*-ljod (eller til deils opne *o*-ljod), som no er uttalen av den gamle *o*.

Ingen hev halde so trufast paa fedremaalet som dei vitsame og upplyste islendingar, og ingi norsk maalgrein hev bore so rike frukter som den islandske. Fraa den eldste skrifttid paa Island hev me enno att millom anna ikkje so faa religiøse skrifter, som hev stort verd for maalvitskapen, og fraa det 13. hundr. hovudhandskrifti av Graagaas, Eddakvædi og Snorre-Edda. Størsteparten av Hauksbok er ogso paa islandsk. Og so dei mange kongesogor og ættesogor, ei mengd med skaldekvæde, merkelege annalar, umfram dei mange avskrifter av norske bøker, t. d. Kongespegelen, Stjorn, og mange loghandskrifter, Karlamagnussaga og andre romantiske sogor m. m. Av upphavsbrev (frumbréf) fraa den gamalnorske tid er der ikkje mange etter maaten. Sume av brevi i Dipl. Isl. er paa heimenorske maalføre, og i andre er maalet ikkje so lite paaverka av maalet i heimlandet.

Um maaltilstandet i dei andre norske nybygderne i Vesterhavet er det lite upplysning aa faa gjenom skrifter fraa gamalnorsk tid. Brevi fraa Færøyarne er skrivne paa heimenorsk (mest paa sudvestlandsk), anten det no er færøyingar, som skreiv etter norsk mynster, eller det er nordmenner. Det merkelegaste brev som vedkjem Færøyarne, er Saudabrevet (1299), som er skrive paa eit maalføre fraa Agdesida, men viser færøyisk paaverknad; ei stor norsk loghandskrift fraa fyrstningi av det 14. hundr. som visst er skrive av ein færøying (Cod. Hist. Lit. 12 folio i universitetsbibl. i Lund) viser baade norsk og islandsk paaverknad i maalvegen. Færøy-maalet i vaare dagar syner at det hev høyrt til den sudvestlandske greini.

Fraa Hjaltland (Shetland) og Orknøyarne er der ogso nokre brev fraa gamalnorsk tid. Saman med uppteikningar fraa nyare tid syner sume av deim at maalføri paa desse øyarne hev høyrt til den sudvestlandske maalgreini. Paa desse øyarne er norsken no utdøydd (paa Hjaltland i slutten av 18. hundr., og paa Orknøyarne venteleg lenge fyrr). Fraa dei andre Vesterlandi er der ikkje minneskrift paa norsk maal, so nær som nokre runeinnskrifter paa Man fraa tidi millom 1050—1100. I Irland er det likt til at norsken hev livt til umkr. 1250, paa Suderøyarne til umkr. 1400. Det er rimelegt at maalføri paa desse kantar hev høyrt til same maalgreini som dei andre me kjenner fraa norske bygder paa Vesterhavsøyarne.

Formaalet med denne utsyni skulde vera aa visa ved prøvor, korleis det norske maalet hev sét ut paa dei ymse stader av Norigsvelde fraa den eldste tid me hev latinsk skrift til umkr. 1350. Det syner seg daa at norsken hev vore skrive — og

sjølvsagt tala — i maalføre alt fraa det stig fram i skrift, og at me endaatil kann fylgja sume av deim gjenom heile den gamalnorske tidi. Men ulikskapen millom maalføri vert aldri so stor at det kann vera tale um meir enn eitt maal med mange greiner. Dei hev alle saman visse gamle ættarmerke sams, som bind deim ihop og skil deim ut fraa andre tungemaal. Ulikskapen er størst millom austlandsk og sudvestlandsk og minst millom sudvestlandsk og islandsk, og millom austlandsk og trøndsk. Nordvestlandsken er liksom ei bru millom sudvestlandsk og trøndsk, og trøndsken ei av bruerne millom nordvestlandsk og austlandsk. Det er dessutan merkande at dei større maalgreinerne som me ovanfor hev skildra, dei hev alt i gamall tid kløyvt seg i mindre greiner, eller at det innanfor maalføri og millom deim hev vore mange yvergangar. Det vert daa ingen rimeleg grunn til aa skilja ut islandsk i dette tidebilet som eit serskilt tungemaal i motsetning til annan norsk; dertil er islandsken altfor lik sudvestlandsk i Norig. Skulde ei slik utskiljing vera rett, vilde det vera sterkare grunnar til aa skilja ut nordvestlandsken, og endaa sterkare til aa skilja ut trøndsk og austlandsk som serskilde tungemaal. Men dette vilde koma i strid med alle vanlege synsmaatar um skilnad millom tungemaal og maalføre.

Dei norske maalføri i vaare dagar er mykje meir ulike kvarandre enn i gamle dagar. Mesteparten av den ulikskapen som der daa var, finn me enno; men dessumfram er der sidan kome noko meir attaat. Likevel vil det knapt falla nokon inn aa tala um meir enn eitt norsk maal, som er tala i mange maalføre.

Den gamalnorske maalformi me brukar i Gamalnorsk ordbok er, som ein snart vil sjaa av prøvorne, bygd paa den (indre) sudvestlandske maalgreini i det 13. hundr., for di det er skrive mest i denne formi, serleg paa islandsk. Fraa islandsk er uppteke *hl*, *hn* og *hr*. Med umsyn til sume andre ting, t. d. lengjingi av vokal framfor *lf*, *lg* (*halfr*, *skjalgr*) osfr., motsetningspartikelen *ú*-, og sumt anna hev me fylgt slike sudvestlandske maalføre som i denne vegen synest ha havt same taleskikken som mesteparten av landet elles.

Etter 1350 tek maalføri i Norig ei onnor stemna enn paa Island, og fylgjer i sin vokster dei andre maali i Norder- og Vesterlandi. Men islandsken held uppe den gamle formbygningi, so me i alle høve kann rekna gamalnorsken der til 1400. Fraa den tid denne skilnaden kom, stig islandsk fram med rett til aa kalla seg eit serskilt maal, som sidan veks sin eigen vokster med mindre paaverknad utanfraa enn dei gamle syster-maalføri i Norig.

Gamalnorsk ordavleiding

ved Alf Torp.

1. ***Rot og stomn.*** Tek me for oss desse ordi: *sitja*, *seta*, *setning*, *sát*, *sjatna*, *sjǫtull*, *sæti*, *sót* („det som set seg paa“), eller desse: *draga*, *dragna*, *dragsa*, *dregill*, *dreglaðr*, *dráttr*, *drǫ́g*, *-drœgr*, so er det ikkje vandt aa sjaa at i kvar flokken hev ordi nokon likskap i tonstavingi og likeins i tyding. Me kallar slike ord „samætta“, dei er liksom runne or ei rot. Difor brukar ein ogso namnet r o t eller rotstaving um tonstavingi, og ein kunde soleis kalla desse ordi „samrøtte“ ord. Me ser òg at tonstavingi ikkje er heiltupp lik i alle ordi i flokken men tvertum fær mange brigde; men med alt det er det uvandt aa finna ut for den eine flokken ei „rot“ *set* og for hin ei „rot“ *drag*. Med eit bilæte av same slaget brukar me namnet s t o m n um den luten av eit ord som er det upphavlege grunnemnet for alle ordformerne: i *setja*, *settum*, *settr* osfr. kann me soleis finna ut ein „stomn“ **sati*, i *dregill*, *dregils*, *dregli*, *dreglar* osfr. ein „stomn“ **dragila*.

2. ***Avljod ell. ljodsprang.*** Av desse brigdi i tonstavingi er nokre eldegamle. Det er dei som hev sitt upphav i det ljodskiftet, som me kallar a v l j o d. Avljoden er tvigreint: s t u t t v o k a l a og l a n g v o k a l a avljod. Den stutt-vokala avljoden hev tri stig, som syner seg t. d. i *bera*, *bar*, *borinn* og *bíta*, *beit*, *bitinn*. Stig 1. hev *e*: *bera*. Til dette stiget høyrer tviljoden *jú* (*jó*), som var upphavleg *eu*, og *í* som kjem av frumgermansk tviljod **ei*; dei inneheld soleis baae tvo eit *e*. Stig 2. hev *a*: *bar*. Til dette stiget høyrer tviljodarne *au*, og *ei* av frumgermansk **ai*; dei inneheld soleis baae tvo eit *a*. Stig 3. er ei veikning av *e*; denne veikningi syner seg framanfor *r* og *l*, der ljoden vert til *o* (*u*), og framanfor *m* og *n*, der han vert til *u*, (*borinn*, *bundinn*), og paa tviljodarne, med di *e* fell burt, so berre *u* (i nokre høve *û*) og *i* er att (*fukum*, *bitum*). Orsaki til denne veikningi var eit fyrrgermansk tonskifte: naar tonen flutte seg til den stavingi som kom etter rotstavingi, so vart tonstavingi veikt, av di ho vart tonlaus. Dei røterne som hev denne stuttvokala avljoden, kallar me *e*-r ø t e r.

Den langvokala avljoden (4.), som hev mykje mindre umraade, hev òg tri stig: 1. *á* (av frumgermansk *ê*). 2. *ó*. 3. (minsteljod) *a*. Røterne med denne avljoden, som er mykje faae imot hine, kallar me *a*-r ø t e r.

Utanum denne langvokala avljoden i *a*-røterne er der ogso ein annan som er lengjing av stuttvokalsavljoden i *e*-røterne (*dráp*: *drepa*, *sót*: *sitja*).

Det finst og eit slag konsonantavljod, som likeins er mykje gamall. Han hev og kome av gamalt tonskifte. Han syner seg i det at dei 3 klanglause endekonsonantarne i røterne *h*, *þ*, *s* vert klangføre: *g*, *d*, *r* (av *z* = klangført *s*), der tonen i fyrrgermansk skifte til næste staving, so t. d. *slá* (av **slaha*): partic. *sleginn*.

3. ***Umljod, ljodbrot, konsonantsamhøve.*** Andre brigde er fraa seinare tid og hev mest vorte til i samnordisk. Det er fyrst dei vokalbrigdi som ein kallar

umljod (ljodbrigde). Den eldste, som er samgermansk, er *a*-umljoden: *i* vart til *e* og *u* vart til *o*, naar ein *a* upphavleg stod i næste staving (*sleði* av **slidan*, *bogi* av **bugan*). Noko yngre er vel *i*-umljoden og yngst (berre nordisk) *u*-umljoden og ljodbrotet (*bǫrn*; *bjarga*, *fjǫl*). Berre gamalnorsk (ikkje svensk-dansk med) er den *i*-umljoden, som kjem av ʀ (upphavleg *z*), t. d. *ker* av **kaʀ*. Til alt dette kjem so mangeslags avbrigde i endekonsonanten i roti, ved tiljamning og konsonantsamhøve, konsonantutfall o. dl., t. d. *dráttr* av **drahtuʀ*, *slá* f. av **slahô*.

4. ***Stomn og suffiks.*** Sjølve snaude roti kann vera ordstomn. I germansk er det berre faae leivor att av dette tilstandet som var mykje aalment t. d. i sanskrit. Elles vert ordstomnarne laga ved eit tillegg til roti. Dette tillegget, som heiter s u f f i k s eller avleidingsending, kann vera einskild vokal, eller konsonant + vokal, eller einskild konsonant (eller vokal + konsonant). I gamalnorsk er den upphavlege stomnformi ikkje so lett aa skila, med di at endevokalarne maatte falla burt i dei fleste høve. Der suffikset var konsonant eller konsonant + vokal er det ogso ofte vandt aa kjenna att konsonanten (utan hjelp av nærætta maal), av di han kann vera burtfallen (som i *halr* av **haliþ-*) eller burtgøymd ved konsonantsamhøve (t. d. i *sess*, der dei tvo *s*'arne hev kome upp av tvo dentalar: **set* + *þa*). Ofte er det og uraad aa sjaa, anten konsonanten høyrer med til roti eller til suffikset. I *ferð* ser ein fulla lett at grunnformi var **far-di*, men med *blað* t. d. er det tvilsamt, anten ein skal kløyva det i **blad-a* eller i **bla-da*. Her ligg det no nærast aa velja det siste, av di det ikkje er uliklegt, at ordet er samrøtt med *blô-mi*. Men i andre tilfelle kann det vera uraad.

Nokre suffiks kann berre verta lagde attaat sjølve roti. Dei heiter p r i m æ r e s u f f i k s. Andre kann berre verta lagde attaat ordstomnar, so dei lagar nye ord utav andre ord (ved avleiding). Dei heiter s e k u n d æ r e s u f f i k s. Mange suffiks er baade primære og sekundære.

Nomen.

5. Etter det som var sagt ovanfor um suffikset, at det kann vera vokal (konsonant + vokal) eller konsonant, kann alle nomen skipast i tvo flokkar: v o k a l s t o m n a r og k o n s o n a n t s t o m n a r. Vokalstomnarne er dei som i frumgermansk tid enda paa ein av desse vokalarne: *-a*, *-ô*, *-i*, *-u*. I frumnordisk (dei eldste runinnskrifterne) hadde ordstomnarne enno desse endevokalarne i god hævd, men i gamalnorsk er dei burtfallne; berre akk. pl. av hankynsordi hev der enno *-a*, *-i*, *-u* (*daga*, *vini*, *sonu*), og av *-ô* er att verknaden i *u*-umljoden (*sǫk* av **sakô*). Denne skilnaden millom vokal- og konsonantstomnar hev mest aa segja for bøygningslæra. I avleidingslæra synest den skipnaden høva betre, at ein skil millom ordskap paa snaud vokal, og ordskap med konsonant framanfor vokalen (og dei faae paa berre konsonanten).

Ordskap paa snaud vokal.

6. Under dette namnet kann ein soleis taka saman dei „reine“ *a*-stomnar, dei „reine *ô*-stomnar“, dei „reine *i*-stomnar“ og dei „reine *u*-stomnar“. Desse ordskapi høyrer til grunntoet i maalet. Dei er grunnord. Med di stormengdi av deim eller i alle fall mynstri hev vorte til i fyrrgermansk, skulde dei eigenleg staa utanfor gamalnorsk og endaa samgermansk ordlaging. Suffiksi, som hev vorte usynlege aa kalla, hev ingen frævleik, dei er heller avlidne, men dette hindrar ikkje at det i minsto paa *a*-stomnsumraadet kjem upp ei mengd med nyskapingar etter mynster av dei gamle ordi, soleis at det er ljodhøvet millom nomenet og verbet som gjev maatet: etter høvet *fall*: *falla* vart det t. d. lett eit *glott* til *glotta*. Men paa *i*- og *u*-stomnsumraadet er det ikkje noko nyliv, maalet held sume av dei gamle lagingarne og det kjem ikkje

nye upp. Saman med ordskapi paa snaud vokal skal me her taka stomnarne paa *-va* og *-ma*, av di desse suffiksi likeins høyrer til dei ufræve.

7. *Reine a-stomnar*. Desse stomnar er adjektiv eller substantiv av hankyn og inkjekyn. Sume av ordi er so gamle at det er umogelegt aa finna ei rot, som dei er runne or. Desse og mange andre er fyrrgermanske, men mange er ogso komne upp i samgermansk og mange òg i samnordisk, og til slutt ikkje faae berre innanfor gamalnorsk. I rotstavingarne finst alle avljodsstig.

1. Adjektiv. Med 1. stig t. d. † *dimmr*, *djarfr*, *fjalgr*, † *frekr*, † *gjallr*, † *grimmr*, *hvellr*, † *hverfr*, † *jarpr*, *kringr*, † *lekr*, *sjalfr* (vestg. veikt), *skelfr*, † *skjalgr*, † *skjallr*, *skjarr*, *stjarfr*, *tregr*, † *þjarfr*, † *vindr*; *hrífr* flus, † *hvítr* (sjaa § 23 I 1), *stríðr*, † *víðr*, *úsvífr*, *vígr*, *bjúgr*, *bljúgr*, † *drjúgr*, *drjúpr* poet., † *djúpr*, *fljótr*, † *hrjúfr*, † *ljótr*, † *ljúfr*, † *mjúkr*, † *rjóðr* raud, † *sjúkr*, † *skjótr*, *skrjúpr*. — (2.): † *argr* (*ragr*), † *berr* (av **baza*), † *blakkr* (av **blanka*), † *brattr* (av **branta*), † *gramr*, † *halfr*, † *haltr*, *hangr*, † *hraðr*, *krangr*, † *krankr*, † *krappr*, † *langr*, † *rakkr*, † *rangr*, † *samr*, *skakkr*, † *skarpr*, † *smalr*, † *snarr*, *snarpr*, *spakr*, † *stamr*, † *starkr* (= *sterkr*), † *strangr*, *svangr*, † *svartr*, *þambr* utspana, † *þarfr*, † *valtr*, † *vanr* vantande, † *vanr* van, † *vandr*, † *varr*; † *bleikr*, † *breiðr*, † *deigr*, † *feigr*, *feitr*, † *flár* (av **flaiha*), *gleiðr* (eller *ja*-st.?), *greipr* (eller *j*.?) poet., † *heitr*, *heiðr* klaar, † *leiðr*, † *reiðr*, *reifr*, † *seigr*, † *skeifr*, † *sleipr*, † *teitr*, † *veikr*, † *blautr*, † *daufr*, † *hár* (av **hauha*), † *lauss*, † *rauðr*, † *snauðr*. — (3.): † *dumbr*, *gulr*, † *holr*, *hrum*(*m*)*r*, † *stuttr*, † *sumr*, *þungr*, *svipr*, *lotr*, *lútr*, *úfr*, og av *a*-røter: *falr*, *fattr* (av **fanta*), † *flatr*, † *glaðr*, † *hvatr*, † *lakr*, † *latr*, † *saltr*, *svalr*. — (4.): † *ámr*, † *háll*, † *lágr*, *lákr*, *rámr*, † *smár* (av **smâha*), *vámr*, † *vátr*; † *fróðr*, † *góðr*, † (*g*)*nógr*, *hógr*.

Dessutan, som i alle germanske maal, ei mengd med adjektiv, som er possessive samansetningar, som *stórfetr*, *fáorðr*, *fagrorðr*. Av dei samgermanske samansetningarne med *ge-* (som ags. *gefeax* faksut, *gehǣr* hærd) hev gamalnorsken berre *glíkr* og kannhenda *bágr* (vestg. *bâga* f. strid).

2. Hankyn. Mengdi av ordi er upphavleg verkarord (nomina agentis) og tingsord. Berre faae er verbalabstrakt (verkord).

a. L i v - o r d. (1.): † *dvergr*, † *hvelpr*, *jerfr* (for *jarfr*, jfr. *bjǫrn-erfr*), *refr*, † *rekkr*, † *selr*, † *afspringr*, † *svelgr* slukhals; *síkr*, † *þjófr*, *þrjótr* ein striding, og poet.: *bjóðr*, *brjótr*, *hljótr*, *njótr*, *skrjóðr* vanmenne. — (2.): † *alfr*, *bragr* fyrstemann (jfr. ags. *brega* m.) (ogso skaldskap), *garpr*, † *gramr* (pl. *-ir*, eig. adjektiv), *hár* haa (av **hanha*), *kalfr* (vestgerm. n.), † *marr* hest (av **marha*, pl. ogso *-ir*), † *skarfr*, *skrapr* skravlar, † *vargr*; *draugr*, *frauðr*, † *gaukr* (*k* kannhenda til suffikset). — (3.): *dolgr* fiende (ags. *dolg* n. saar), *korpr*, *murtr*, † *storkr*, † *ulfr*; i † *fiskr* og † *hundr* høyrer *k* og *d* til eldegamalt suffiks; likeins *r* i † *verr* mann (av **vi-ra*). — (4.): † *áll*, *hákr*, † *mágr*, *slápr*, *snákr*, *strákr* landslaupar, *vákr* slag hauk, *vákr* vaak, barn (eig. adj.); † *hórr*, † *hrókr* toppskarv, *kópr* sel, *skókr* ristar (poet.), *slókr* ein slaap, *snókr* (som tilnamn).

Av dei samgermanske possessive samansetningar med *ge-* hev g.norsken berre † *nautr* att (og kannhenda *bágr* fiende). I g.norsk kom det upp ei mengd med samansette verkarord, substantiv og adjektiv, som hadde til siste led verbalroti, som ho er i infinitiv. Dei finst mest i skaldemaalet (*hringbrjótr*, *arfljúgr*, *folkvaldr*, *fasthaldr* og hundrad andre). Dei er knapt sers gamle. Utanfor deim: *kolbítr*, *steinbítr*, *hrísbítr*, *kviðbjóðr*, *garðbrjótr*, *steindelfr*, *soppdrepr*, *blóðdrekkr*, *kelduskítr* og nokre til. Abstrakt er *fingrbrjótr* misdrag i spel. Med præposition i fyreleden hev me t. d. (adjektivi): *ákafr*, *eptirlátr*, *andvígr*, *ávinnr*; † *andverðr* er samgermansk. Abstrakt: *viðbjóðr*, *útbrjótr* (seint) utbrot, ording.

b. T i n g s o r d. Nokre er upphavleg verbalabstrakt, som *vágr* (upph. „bylgjing"). I det heile er det ikkje alltid so lett aa gjera greid skilnad paa tingsord og verbalabstrakt.

Substantivera adjektiv er *skjótr*, *haugr*, *kringr* (enden av noti) og kanskje † *deigr*. — (1.): *bringr*, *hlemmr*, *hreppr*, † *hringr*, † *hverr*, *hverfr* (eller *hverf* n.) ausekorg, † *kleppr*, † *klettr*, *melr* (av **melha*), † *stertr*, *tindr*, † *vegr* (ogso *u*-stomn); *íss* (vestg. n.), † *knífr*, † *skítr*. — (2.): *arfr*, † *ars* (*rass*), † *askr*, † *áss* bjelke, aas, † *brandr* stokk, sverd, *dalr* (ogso *i*-stomn, vestg. n.), *dálkr*, *drangr*, *faldr*, † *garðr*, *haddr*, † *hals*, *harr* (fisken, skrive *harp* D. N. III 592), *harfr*, *hrammr*, † *hvammr*, † *kambr*, *malr* sekk (av **malha*, glt. veikt f.), *rafr*, *ramr* loft, † *sandr*, *skalpr* slira, † *stafr* (ogso *i*-stomn), † *vangr*; † *geirr*, † *hleifr*, *keipr* (sjaa § 23), *reitr* (og *-u*), *sár* (av **saiha*, pl. ogso *-ir*), *teigr*, *þveitr*, † *baugr*, † *haugr*, *hauss*, † *hlautr*, *laukr* (vestg. n.), *laupr* (sjaa § 23), *reyrr* (vestg. n.), *reyrr* (av **rauza*) røys. — (3.): † *broddr*, *drumbr*, *forkr* lurk, *fors*, *gumpr*, † *horr* snòr (av **hurha*), *kolfr* (glt. veikt m.), *kurfr*, *lurkr*, † *munnr*, *skolpr*, *skoltr*, *skrokkr* (av **skrunka*), *butr*, † *búkr*, *húfr*, *múgr*, *skrúfr* (jfr. *skrúf* n.), *stúfr*, *stútr*, *strútr*. Um *keppr*, *kollr*, *leppr*, *lokkr*, *rokkr*, *stokkr*, *toppr*, *klútr*, *knútr* sjaa § 23 I 2. † *brunnr* av **brunva* (vestg. veikt). Av *a*-røter: † *gaddr* (av **gazda*), *vaðr* fiskesnøre, † *valr* (bøygd som *i*-stomn). — (4.): *háfr*, *hváll*; *grómr* (og *gróm*) n., † *hófr*, *krókr*, *mór* (av **môha*), *óss* (upphavleg *s*-stomn), † *plogr*, *skógr* (ogso *i*-stomn).

c. Verbalabstrakt. Mykje faae. Eldegamalt er † *dagr* som upphavleg tydde „brand“. (1.): *fretr*, *skjalgr* (eig. adj.), *vegr* æra, *viðbjóðr* (sjaa 1. a slutt). — (2.): *gangr*, *geigr* skade, *seiðr* trolldom; av red. verb † *leikr* og kanskje *aukr* (= *auki*). — (3.): *blundr*, *skortr* (= *skort* n.), *uggr*; *bifr* (poet.), *riðr*, *svifr*, *svipr* var vel upphavleg *i*-stomnar, likeins vel *frerar* pl. (poet.) frost. — (4.): lengjing: *bágr* uvenskap, *dámr*, † *grátr*, † *vágr*, *óðr* (ags. *wôþ* f.), † *rógr* (= *róg* n.).

2. Inkjekyn. Her er det ikkje so lett aa gjera skilnad paa verbalabstrakt og tingsord. Dei gjeng yver i kvarandre. Det er difor best aa slaa alt i hop. Gamalnorsken hev ei stor mengd med inkjekyns *a*-stomnar; mange nylaga; ofte finst her ein inkjekyns *a*-stomn der vestgermansk hev ein hankyns *i*-stomn istaden, t. d. *bit*, glt. *biz* m. Ofte svarar og i vestgerm. ein inkjekyns *a*-stomn med fyrestavingi *ge-*, som laut falla burt i g.norsk. Her vert sett ein kross ogso attmed slike.

Substantivera adjektiv er † *djúp*, † *full*, *heið*, † *hol*, † *malt*, † *vé* (av **vîha-*).

G.norsken hev her ei mengd med nylagingar, verbalabstrakt med infinitivvokalen, slike som: *bang*, *bif*, *blak*, *brak*, *drep*, *dúr*, *dús*, *fjúk*, *gal*, *gan*, *geip*, *get*, *glat*, *glott*, *hjal*, *hvinn*, *hopp*, *kall*, *kals*, *klapp*, *kvein* (og f.), *reik*, *rek*, *skaf*, *skjall*, *skraf*, *skrap*, *skval*, *svell*, *þol* og mange fleire, endaa av *j*-verb, som *gœl*.

a. Liv-ord. Hokynsord som svarar til sideord for hankynet, snarast utvida av ord paa *-î, -jô* (som *gylta* jamsides med *gyltr*). Slike er: *ekkja* (: *ekkill*), *genta* (: **gantr*), *gyðja* (: *goði* = got. *gudja*), *kella* (: *karl*), *skersa* (: *skars* n.), *vina* (: *vinr*, nyform for **vinja*, jfr. *fyla* = *fylja*); med avljod: *dyrgja* (: *dvergr*); av *j*-ord: *freyja* (: *Freyr*), *guðsifja* (: *guðsifi*), *leysingja* (: *leysingi*). Dyrnamn: *birna, gylta, hryssa, hæna, ketta, keysa* (: *kausi*), (av *j*-ord:) *fyl(j)a*. Hit høyrer ogso *ásynja, vargynja, apynja* (jfr. *Hlôðyn, Fjǫrgyn* og hankynsord som *arfuni*). Andre hokyns liv-ord: primære: *úbyrja* ikkje barnkjømd kona, † *valkyrja, hamhleypa, hamingja* (av **-gengja*), og avleidde: † *deigja* (*deigr*), *fordæða, grýla, gylfra, fylgja, matselja, syrpa*; *sæta* (til *j*-adj. *sætr*); † *elja*. Ogso til manns sermerkjing: *bleyða, leyra* (? eller *løra?*), *illskelda, hetja*, (til *j*-adj.:) *vanmenna*, † *afæta*. Dyrnamn: † *bikkja*, † *flyðra, frenja* (poet.) ku, *gedda, horngæla, hrygna* („som hev rogn"), *lýsa, ýsa*.

b. Tingsord. Primært er † *eimyrja*, aa sjaa til ogso: † *bylgja*, † *ferja, genja* (poet.) øks, *hnyðja, sía* gneiste (**sinhjôn?*), *sleggja* (vestg. st.), *stía* (ags. *stigu* f.), *sylgja*, men jamvel kann t. d. *ferja* koma av *far, sleggja* av *slag*, liksom *fella* av *fall*. — Sekundære mest med tydingi „som er av eit to, hev eigenskap som, høyrer til" (hit høyrer og sume av liv-ordi som *deigja, gedda, hrygna* osfr.). Slike ord er t. d.: *birkja, bryðja, dýna, dyngja, eikja, elma* grein, *eskja* (poet.) jordi, *grýta, hveljur, hyrna, hæra, hækja*, † *lína, leira, senda* (poet.) strand, *sigla*, † *smiðja*, † *teina, þilja* ofl.; so vel og *fella* (: *fall*, vestg.

utan *j*). Andre skil seg ikkje merkande fraa hovudordet (sume hev kanskje ei minkingstyding): *benda* (vestg. st.), *bryggja* (vestg. st), *bytta* (vestg. st.), *dæla*, *ekra* (poet.) jordi (: *akr*), *filla* (*fell*), *gelgja*, *hekla* (*hǫkull*), *hella* (*hallr*), *hetta*, *kryppa*, *kylfa* (*kolfr*), *lenda*, *skepta*, *skytja* (*skot*), *sperra*, *spýta*, *halfsælda*, *vipta* (*veftr*) ofl., av *j*-avleiding: *netja* (*net*). Til sume er det ikkje grunnord i g.norsk: *blæja*, *glyrna*, *gæla* vind, *hremsa*, *kelta*, *kæna*, *snælda*, *selja*, *skikkja* ofl. Av adjektiv kjem t. d.: *kelda*, *skemma*, *skyrta*, (av *j*-adj.:) *miðja*, *tvídœgra*, *úfœra* ufør stad ofl. Av præposition: *efja* (: *af*, ags. m.). Av *j*-verb: *ábreiða*, *eldkveikja*, *skeina*, *þekja*, *verja* yverklæde ofl.

c. Abstrakt. Primære: *ekja*, *tekja* (: *taka* eller av *tak*), *forynja* (av **for-rynja*). Sekundære: *dylgja* (*dolgr*), *drykkja* (*drykkr*), *hegja* lagnad (*hagr*), *seyra*; *drœsa* (av *drós?*); *iðja*, *gipta*, *návista*, *ylda* (sjaa § 20 2). Av adjektiv: *birta*, *blíða*, *staðfesta*, *fýla*, *frekja* (og *freka*), *úfreskja*, *herða*, *-leysa* (t. d. *hug-*), *hylla* (= *hylli*), *hæra* (: *hárr*), *lýsa* (eller til verb), *mœða*, *senna*, *skepna* (: *skapinn*), *sýra*, *villa*, *vitra*, *væta*, *vøkva* (= *vøkvi* m.), *barneskja*, *forneskja*, *líkneskja* (og *-i* n.); *gæfa*, *sæla*, *skylda*, *sykna* (= *sykn*), *sœta*, *únýta*, *fyrsta*, *næsta* ofl. Hit høyrer og *týja* tvil. Av *j*-verb: *berja* motlegg, *brenna*, *deila*, *elta*, *frýja*, *fylgja*, *fœða*, *hvæsa*, *hyggja*, *hætta*, *kveðja*, *kæra*, *renna*, *rœða*, *semja*, *stefna*, *svæla*, *þræta*, *þykkja*, *þœfa*, *verja* (= *vǫrn*), ofl.

II. Stomnar paa -în. Samgermanske avleidingar av adjektiv. Slike er i g.norsk: † *birti*, † *bleyði*, *blindi*, *bræði*, *deyfi*, † *elli*, † *ergi*, *feiti*, † *festi*, † *frœði*, † *fylli*, *fýsi*, *gleði*, † *gremi*, † *helti*, † *herði*, *herski*, *hnøggvi*, *hreysti*, † *hrýfi*, † *hvíti*, † *hylli*, *hæsi*, *kæti*, † *leti*, *lýsi*, † *megri*, † *mildi*, † *mœði*, † *reiði*, *remi*, † *rétti*, † *røskvi*, † *seði*, † *snilli*, *speki*, *stemi*, † *sœti*, *teiti*, *œði*, *ørvi* ofl., av framandord: *prýði*, *kurteisi*; † *lengi* adv. er upphavleg eit slikt substantiv. Av substantiv: *þýfi*, † *æfi* (gen. ogso *-ar*). Av samansette adjektiv t. d. *harðbrýsti*, *hugdirfi*, *harðdrœgi*, *harðfœri*, *atgervi*, † *-girni*, *kostgæfi*, *harðhendi*, *sjónhenni*, *fjǫlkyndi*, *nákvæmi*, *hugrekki*, *háreysti*, *beinskeyti*, *sannsæi*, *deilsperi*, *ættstœri*, *féþyrfi*, *ráðvendi*, *glaðværi* osfr.; *úhreinsi* = *úhreinsa* (utan adj.). Av adjektiv paa *-inn*: *beiðni*, *beldni*, *hlutdeilni*, *drykkni*, *freistni*, *framfœrni*, *gesni* (: nyn. *gasen*), *fégætni*, † *heiðni*, *úheppni*, *hlýðni*, *hrœsni*, *hæðni*, *hœfni*, *kristni*, *harðleikni*, *reiðni* (= *reiði*), *gestrisni*, *rýnni* (: *rýninn*), *fesníkni*, *atsœkni*, *gløggþekkni*, *þrætni*, *forvitni*, ofl. I nokre høve finst ikkje motsvarande adjektiv paa *-inn*: *blekkni* (= *blekking* freisting), *brattgengni* (til *brattgengr*), *kostgæfni* (= *-gæfi*), *feqætni*, *ætni* graade, *lækni* (gen. *-nar*), *styttni* (= *stytti*) ofl. Av adjektiv paa *-ugr* (*-igr*): *græðgi*, † *helgi*, *-yðgi*, *-kyngi*, *lýski* (: *lúsugr*), *mælgi* ofl. Av adjektiv paa *-all* (*-ull*): *atfyndli* klandrelyst, *gjǫfli*, *hygli*, *audkymli*, *sannsǫgli*. Av adjektiv paa *-samr* som *friðsemi*, *haldsemi* osfr., ofte utan adjektiv: *hvarfsemi*, *skyldsemi*, *synsemi* ofl.; *gersemi* hev vorte konkret. Av adjektiv paa *-víss*: *hrekhvísi*, *lævísi*, *réttvísi*, *framvísi* osfr. Av particip: *hyggendi*, *kunnandi*, *kveðandi* dikt; konkret: *grýjandi*, *leikandi*. Same tyding hev suffikset *-iþô* (sjaa § 27, 4), so det ofte finst tviformer: *gremd*, *spekt*, *snild*, *kostgæfð* osfr.; og *-semd* attmed *-semi* (sjaa § 51). Ogso inkjekyns abstrakt paa *-i* (§ 13, 3 b) hev ofte same tyding (jfr. *atferli* odl.). Det same *-în* er samgermansk ending for komparativ og particip fem.

23. ***Stomnar paa -na*** (*-nô*). Med dette suffikset vart det i fyrrgermansk laga primæravleidingar, adjektiv (mest particip) og substantiv, og nokre sekundæravleidingar. Suffikset er anten berre *-na* eller med ein vokal framanfor.

I. Suffiks -na (-nô). Fraa dei fyrrgermanske ordskapi paa upphavlegt *-na* maa ein skilja slike ord, der ein upphavleg *n*-stomn hev vorte utvida til *a*-stomn: † *hrafn* m. (glt. *hrabo*), † *nafn* n. (got. *namô* n.), † *vatn* n. (got. *vatô* n.), † *hrogn* n. (glt. *hrogo*); ogso *hlunnr* og *runnr* høyrer vel hit og med tiljamning av *n*'en: † *bukkr*, † *flokkr*, *hnakkr* (= *hnakki*), *knútr* (glt. *knodo*), *leppr*, *knappr*, *pollr* ofl.

1. Adjektiv. Ikkje mange i germansk: (1.) † *gjarn*, † *jafn*, † **jarkn* (i *jarkna-*

steinn); (2.) *fránn* (av **frahna*), *grannr, beinn,* † *meinn,* † *einn, fánn* (av **faihna*); (3.) *forn, linr,* † *brúnn*; *gránn* graa kann vera **grâ-na, hrjónn* (poet.) rubben av **hreu-na*. Med tiljamning: † *allr* (av **alna*), † *fullr* og vel og † *hvítr* (**hvîtna*). Sekundært: *mínn, sínn, þínn* (av lokativ **mei* osfr. + *na*), **tvennr* (**tvizna*), *þrennr* (og i jamlaging med desse) *fernir*.

2. H a n k y n. (1.) † *svefn,* † *þegn*; (2.) † *vagn*; † *fleinn, hreinn,* † *steinn,* † *teinn*; (3.) † *þorn, burkn* burkne, † *ofn,* † *stofn*; *dúnn,* † *húnn*; † *stafn* (*a*-rot). Dertil med tiljamning: † *keppr,* † *koppr,* † *kroppr, leppr,* † *lokkr,* † *rokkr,* † *stokkr,* † *toppr,* † *skattr, stakkr, hallr* (got. *u*-st.), *hjallr,* † *kollr,* † *pollr,* † *stallr,* † *þollr* ofl. Sekundært † *sveinn* (lokativ **svai* + *na*), † *undorn* m. eig. millommaal (jfr. t. *unter* millom).

3. I n k j e k y n. (1.) *agn hjarn,* † *regn*; *grjón, tjón* (vestg. veikt m.); (2.) † *barn,* † *garn, karn* eit slag fugl, † *rán* (av **rahna*), *rǫkn* pl., *talkn, gagn* (av † **gagana*), † *feikn,* † *lán* (**laihvna*), † *teikn, hraun*; (3.) † *horn,* † *korn, logn, lón* (av **luhna*, ogso f.), *tún* (vestg. m.), † *laun* pl. (*a*-rot), † *rann* (**razna*), *tafn*; (4.) † *vápn*. Med tiljamning: † *fell, gall* (ags. veikt m.), *skjall* hinna, *happ* ofl. Sekundært: † *ísarn* (*járn*); *fóarn*.

4. H o k y n. Ofte vandt aa sjaa um det er millomvokal eller ikkje: (1.) *gjǫln* (**gelnô* el. **gelunô*), *gefn* (poet.), *tjǫrn* (*-ir*), † *kvern* (vel upphavleg *u*-st.); (2.) *drǫfn* (poet.) bylgja, *fǫnn* (*i*-st.), *gǫrn* (pl. *-ir*), † *grǫn* (*-ir*), † *hrǫnn* (*-ir*), *vǫgn* (*-ír*) eit slag kval, *grein* (*-ir*, kanskje *i*-st.), † *hein,* † *laun* (**laugnô*), *raun* (pl. *-ir*), *skaun* poet. skjold; (3.) *morn* (?), *norn* (pl. *-ir*), *skurn* (*i*-stomn?), *lón* (= *lón* n.), † *rún*; † *ǫgn* (pl. ogso *-ir*), † *lǫn* (*a*-rot); *eign* er adjektivet *eiginn*, so vel og *tign* til *tíginn*. Dertil med tiljamning: *mjǫll* (**melnô*), † *hǫll* (*-ir*), *þǫll,* † *ull*.

II. Suffiks -ina, -ana, -una. 1. I samgermansk var *-ina* og *-ana* fræve som suffiks til aa laga partic. pass. av sterke verb. Slike gamle particip som hev vorte adjektiv er *aldinn,* † *eiginn,* † *feginn, roskinn, solginn,* † *snifinn, dofinn,* † *loðinn, rotinn, snoðinn, fúinn, þrútinn, visinn*; ogso *nakinn* og *meginn* høyrer hit. Sekundært adjektiv paa *-ina* er † *heiðinn* og kanskje *tíginn*. Substantivera adj.: *bundin* n., *eigin* n., ogso *eign* f., *hnípinn* poet. bygg. Av præposition (adv.) kjem † *opinn* og *yfrinn* (*œrinn*).

2. Primære substantiv paa *-ina* (f. *-inô*) er: hankyn † *arinn,* † *himinn,* † *morginn* (*myrginn*), † *Óðinn,* sekundært † *dróttinn,* † *ræxn* (?); inkjekyn † *megin* (*magn*), † *regin,* † *boðn* poet. kjer; hokyn † *ǫln* (*alin*), † *firnar* pl. (ogso *firn* n.).

3. Med *-ana* (prim. og sek.): hankyn *aptann, herjann,* † *þjoðann*; inkjekyn † *akran* (got. *akarn*), *gamban-, bjarkan, finngalk(a)n, grjúpan* (poet.) kurv, *angan* (jfr. *angi*), *gaman, eljan, mannlíkan* (ogso f.) og mange nylagingar paa *-an* (mest samansett med *-ú*): *átan, úátan, þoran* (= f.), *meinsvaran, úáran* (= *úár*), *úbergan, údaunan, úkynjan, ferlíkan* styggedom, *úlíkan* daudkjøt, *úlyfjan* gift, *úmannan, úmáttan* (i *úmáttans*), *úorðan, úráðan, úþefjan* (= *úþefr*), *úþoran, úveðran* uvêr, *ørvínan* edik.

4. Med *-una*: hankyn † *jǫrmun-,* † *jǫtunn, ǫlunn,* † *þjónn* og utvida til *n*-stomn: *jormuni*; *arfuni* (*ǫrfuni*) poet. ukse vert halde for samansett, sidan det kann vanta umljod; venteleg er *-uni* heller ending (jfr. lit. *arbonas* d. s.), so er det og med *Beimuni* poet. sjøkonge = *Beimir*; inkjekyn *hjón* (*hjún*); hokyn *mǫskun* moskarne i eit garn og dei avleidde ordi † *fjǫrgyn, Hlóðyn* og poet. *foldyn* (= *fold*).

III. Suffiks -îna. Lagar upphavleg to-adjektiv.

1. Av slike er det ikkje so mange etter i g.norsk som i andre gamalgerm. maal. Her kann nemnast *birkinn, eikinn* (jfr. *eikini* n.), † *gullinn, sendinn,* † *æfinn* (i *æfinligr*), kannhenda og *hœkinn* krokut (: ags. *hóc*), *økkvinn*; og substantivera: *aldin* n. (: *alda*), *hølkn* n. (**hallukîna*), kannhenda *eigin* n. eigind, brodd, *basinn* m. base, kjørr (: *ber*).

Eit slikt adjektiv av eit dyrnamn kunde upphavleg brukast i inkjekyn um slaget (i vestgerm. ogso um det einskilde dyret, som minkingsord). Slike ord er † *svín* (til *sú-*), *hœ(n)sn* (og *hœnsni*) av **hônisîna, himbrin* (?), *yxin* (og *yxni*), *gylfin* trollvætte.

Hit høyrer og *feðgin* (og *feðgini*), *mæðgin*, *systkin* (*systkini*) til *feðgar* osfr. (av **fadriga*); og avleidingarne *faðerni*, *móðerni*, *bróðerni*, av **fadrîn-ja* osfr. (jfr. got. *fadrein*); etter desse hev laga seg: *ætterni* og etter *ætterni* vidare *lunderni* og *líferni* livnad. Paa same visi kjem vel *salerni* av eit adjektiv paa *-îna*, som var avleidt av ei form som svarar til ags. *salor*; i *síðerni* (eitkvart plagg S. E.), *víðerni*, *firnerni* pl. og *bráðerni* f. braadskap er lagingi ikkje greid aa koma etter (kannhenda avleiding av komparativ).

2. Av tydingi „som høyrer til eit slag“ kjem lett fram „tilvik til“. Denne tydingssvipen er samgermansk (jfr. got. *sunjeins* sannferdeleg). Soleis av substantiv: *dulinn* (*dul*), *tilfyndinn* (*fundr*), *heppinn* (*happ*), *íðinn* (*íð*), *lasinn* (til *las-* i *lasmeyrr*), *leikinn* (*leikr*), *lyginn* (*lygi*), *skefinn* (*skefjur*), *skeldinn* (*skald*), *slysinn* (*slys*), *stikkinn*, *stuðinn* (*stuð*), *stirfinn* (jfr. *stjarfi*), *søngvinn* (*sǫngr*), *vífinn* (*víf*), *forvitinn* (*vit*). Men g.norsken gjeng vidare. Med di at substantivet ofte hadde eit avleidt verb jamsides, kunde adjektivet paa *-inn* likso vel synast koma av verbet; so er det t. d. med: *eirinn* (*eir*, *eira*), *fréttinn* (*frétt*, *frétta*), *fylginn* (*fylgi*, *fylgja*), *fýsinn* (*fýsi*, *fýsa*), *geyminn* (*gaum*, *geyma*), *glœpinn* (*glœpr*, *glœpa*), *hygginn* (*hyggja* f. vb.), *hæðinn* (*háð*, *hæða*), *hœlinn* (*hól*, *hœla*), *hœtinn* (*hót*, *hœta*), *keppinn* (*kapp*, *keppa*), *kvíðinn* (*kvíða* f. vb.), *skilinn* (*skil*, *skilja*), *treginn* (*tregi*, *trega*), *þrætinn* (*þræta* f. vb.), *veiðinn* (*veiðr*, *veiða*), *vélinn* (*vél*, *véla*). Dette førde med seg at det laga seg adjektiv paa *-inn* beint fram av verbi (mest *j*-verb), som *bellinn* (*bella*), *breytinn* (*breyta*), *bæginn* (*bægja*), *hlutdeilinn* (*hlutdeila*), *dylminn* (*yfirdylma*), *fiskinn* (*fiskja*), *fælinn* (*fælast*), *hlýðinn* (*hlýða*), *hnípinn* (*hnípa*), *hræðinn* (*hræðast*), *hœfinn* (*hœfa*), *mæðinn* trøytande (*mæða*), *nenninn* (*nenna*), *reitinn* (*reita*), *sníkinn* (*sníkja*), *sœkinn* (*sœkja*) ofl.; av *ê*-verb: *auðtrúinn*, *þolinn*, *þorinn* og (med particip-tyding) *lifinn*; av *ô*-verb: *hrœsinn*.

Med di at t. d. *leika* vb. og *leikr* stod jamsides, kunde *leikinn* synast koma av *leika* og ikkje av *leikr*. Paa denne maaten kom det upp ein liten flokk med adjektiv paa *-inn* med tilhugs-tyding, som var einslydande med particip av sterke verb: *eikinn* (utan verb), *leikinn*, *fallinn*, *gestrisinn*, *þrifinn*, *kveldrunnin*, *solginn* gløypen.

Ut av dette bruket kom det so eit slag naudsyns-particip (*participia necessitatis*), som er einslydande med fortidsparticip: *auðbeðinn* = *auðbœnn*, *harðdreginn* = *harðdrægr*, *torfenginn* = *-fengr*, *auðfundinn* = *-fyndr*, *auðsénn* = *-sær* ofl. Derimot er det ikkje denne tydingssvip i *sofinn*, *grátinn*, *kǫrleginn*, som er reine particip, eller i slike samansetningar som *hamstolinn*, der participet hev kome istaden for eldre adjektiv paa *-*an* (*-stoli*), ikkje heller i slike som *borginorðr*, *haldinorðr*.

Kor fræsvt suffikset *-inn* er syner seg i det, at eldre adjektiv av anna skap ofte vert umlaga med det (serleg i poesi), som *harðfenginn* (*-fengr*), *ráðgegninn* (*-gegn*), *sakgæfinn* (*-gæfr*), *kringlæginn* (*-lægr*), *eldsætinn* (*-sætr*), *úneisinn* (*-neiss*), *fullrýninn* (jfr. *gløggrýnn*), *sœminn* (*-sœmr*, men jfr. *sómi*), *frœkinn* = † *frœkn*, *gjallinn* = *gjallr*, vel og *errinn* = *ern* (poet.) dugande, stridsam. Ogso utan eldre sideform: *framfœrinn*, *guðrœkinn*.

24. ***Stomnar paa -ni.*** Fyrrgermansk primært suffiks, laga adjektiv og substantiv av hankyn og hokyn. I germansk var det ogso sekundært.

I. Primære lagingar berre faae. Adjektiv (som vart *ja*-stomnar, liksom dei andre paa *-i*): † *feikn*, † *hreinn*, *lygn*, † *sykn*. Substantiv: konkret *fǫnn* f., *grein* f., *hlaun* n. var vel upphavleg f. Abstrakt: *daunn* m. (got. f.), † *bœn* (*bón*) f., † *hlein* f. ro, mak; † *sjón* (*sýn*), *ǫmbun* (**andbugni*), † *ǫnn*; † *sókn* og *ógn* var kannhenda og primære lagingar, sameleis vel *són* (: *sóa*). Eit *-s-ni* syner seg i † *býsn* f. n. (**bûdsni*), jfr. † *fyl(g)sni* n. (av **fulhsnja*, **fulgsnjâ*).

II. Fræsvt var dette suffikset berre ved verb paa *-j*, *-ô*, *-ê*. 1. Ved *j*-verb (mesta berre langstava), grunnform paa *-îni*: *auðn* øyding, *fórn* (: *fœra*), *fýsn*, *freistn*, † *grein* (: *greiða*), † *heyrn*, † *lausn*, *lækn*, † *lǫgn* not (**lagîni*, eig. (ut)leggjing), *mǫrn* gygr, troll

eig. knusing), *nautn*, † *njósn*, *ógn* (**ôgîni* ell. **ôgni?*), *rausn* (utan verb), † *skírn*, † *sókn* (**sokîni* el. **sôkni*, jfr. got. *sôkeins* og *sôkns*), *spurn*, *stjórn*, *vǫrn*; av *jô*-verb: *íðn*. Jfr. *-ing* (§ 43 B).

2. Mykje frævt er det i (samgermansk) grunnform *-ôni* (g.norsk *-un*, *-an*), som gjekk ut fraa *ô*-verbi, t. d. † *friðan*, † *frján*, † *laðan* osfr. I eldre dikting er det ikkje so mange slike, i eddakvædi: *ómun*, *brǫkun*, *svipun*, *hvǫrfun*, *þrǫmmun*, *flaugun*, *skræktun*, *svǫrfun*, *eljun*, *ætlun*. Men dei aukar etterhand, og ein kann vel segja, at til kvart verb paa *-a aða* kann det verta laga eit substantiv paa *-an* (*-un*), um endaa ikkje alle slike substantiv finst i skrifterne. Ogso av verb paa *-na*, der dei tevlar med substantivi paa *-ning* (§ 43 B b) og paa *-naðr* (§ 29 II), t. d. *dǫkknan*, *drukknan*, *fúnan*, *fǫlnan* (og *fǫlvan*), *kviknan*, *kólnan*, *þarfnan*, *þrotnan*, *þrútnan*, *vaknan*. Vidareført til *j*-verb: *umbœtan*, *fløktan*, *frýjan*, *gørunar(galdr)*, *hegnan*, *undanherkjan*, *skemtan* (men ogso vb. *skemta aða*), *skræktan*, *umsléttan*, *snøktan*, *ýlan*. Paa substantiv er laga: *heitan* (*heit*), *bláman* (*blámi*), *hljóman* (*hljómi*), *sáttan* (*sátt*), *mentan* (*ment* f.), *freistnan* (*freistn*), *eljun* (*eljan* n.). Til *geytlan* er det korkje verb eller subst.; *heitan* kunde ogso verta sett til *heita* st-vb., til *sitja* hev me (seint) *sitjan*. Sein nylaging er *veran* = t. *wesen*.

3. Av *ê*-verb, grunnform *-aini*: *fjón* (: *fjá* = **fía*), † *hǫfn*, † *líkn* (: *líka* upphavl. *ê*-verb), *smán*, *spán*, † *sǫgn*, † *þǫgn*. Eller jamlaga etter *ô*-verbi: *agan*, *brosan*, *horfan*, *hugan*, *skopan*, *þoran*, *unun(arsamr)*.

Ordskap med -þ (-d).

25. Gamle konsonantstomnar er † *nátt* f., † *mánaðr* m., *síld* f. (**sîlið*, jfr. *síl*); † *hind* er vel baade konsonantstomn og utvida (**hindî*); † *nefi* er frumgermansk **nefôþ*; *ef* n., *efi* m. av **efaþ*, jfr. *efaðsamr* (*if* n., *ifi* m. av **efiþ*); *ǫl*, jamsides med *ǫld*, *ǫldr* drykkjelag, av **aluþ*; *il* (vestg. m. n.) kannhenda av **iliþ*. Oftast hev ordskapi paa frumgermansk *-þ* (*-d*) vorte utvida med vokal: *hǫfuð* av **habud-a* (jfr. lat. *caput*), *hauldr*, *hǫldr* av **haluþ-a* (jfr. † *halr* av **haliþ-a*), *blegðr* bløyg av **blavviða*, *sigðr* (og *sigð* f.) av **segiða*, *refði* n. stav av **rafið-ja*, *kǫgðir* (poet.) stein av **kaguð-ja*, *lofðar* (poet.) menn av **lubað-ja*, so vel og *flagð*, *lagðr*, *grið* n.; *óstr* m., *óst* f. (ags. *óxta* m.) av **ôhsaþ?* (jfr. *ǫxl*); *naddr* av **naðið-a*, *hadda* f. av **haðið-ôn*, *igða* av **egiðôn* ofl.

26. ***Stomnar paa -nþ*** (***-nd***), præsens particip. Eit fyrrgermansk substantivera particip er † *tǫnn* (til *eta*); ogso † *vindr*, som alt fyrrgermansk var utvida med vokal (**vind-a*). I poesi er particip mykje bruka, baade som substantiv og som adjektiv, i eldre prosa er det berre faae, som vert bruka reint substantivisk, mest i logerne: *árnendr* = *árnaðarmenn*, *seiðberendr*, *baugbœtandi*, *dœmendr*, *eigendr*, *fylgendr*, *heimtandi*, *hollendr*, *hǫfundr* domar, *kaupendr*, *lǫgráðandi*, *seljendr*, *segjandi*, *sœkjandi* saksøkjar, *samþingendr*, *baugþiggjandi*, *veðjandi* appellant, *vegandi*, *verjandi* den saksøkte, *vísendr* ofl.; dertil ogso utanfor logerne, *bóndi*, † *fjándi*, † *frændi*, *umspillendr*, *marliðendr*, *umrennandi*, og i seinare umsette skrifter slike som *byggjendr* ibuar, *eggjandi*, *getandi*, *hjalpandi*, *ráðandi*, *unnandi* elskar, osfr. Avljodsformi *-und* hev *bóndi*, *hǫfundr*, *þróndr* galte. Nylaging av nomen er *dómandi* (= *dœmandi*), *gramendr* djevlar, *málendr*, *trollendr*.

Konkret: poetiske ord som *brennandi* eld, *drífandi* sol; *gróandi* f. (poet.) jordi, *grýjandi* f. dagrenning, *leikandi* f., *rekendr* f. pl. (og *rekendi* n.) kjeda, lekkja; og avleidt med *-ja*: *fljótendi* n. kavl, *berendi* n. hodyr, *kvikvendi* n., *líkandi*. Abstrakt: hokyn: *bindandi* (*-indi*, *-andi*) avhald, *bíðandi*, *brjándi* braging, *hyggendi* (*-indi*, *-jandi*) (ogso n.), *kunnandi*, *kveðandi* dikting, *vitund* (sjaa § 14 c); hankyn (seint): *atrekandi* umsut, *dangandi* støyting; inkjekyn (avleidt med *-ja*): *bindendi* (og f.), *drýgindi*, *vélendi* (*véla*); † *erendi* (avleidt av eit part. **arunþ-*).

Ord paa *-nd* utanum participet er *hǫrund*, som er utvida med dental av ein

n-stomn, likeins samgermansk † *hundr*. Av eit fyrrgermansk suffiks *-*vent* (*-*unt*) finst det spor i stad- (mest øy-) namn paa -*und* (*Eikund* odl.) og vel og i † *visundr*; *lómundr* kjem kannhenda av eit **lómund* gøying (suff. *-*mund*), Hauksbok hev *lemendr* pl. som kanskje er folke-etymologisk umnemning (*lemjandi* partic.).

27. *Stomnar paa -þa* (*-da*), *-þô* (*-dô*). Dette suffikset (**to*-) var i fyrrgermansk baade primært og sekundært. Det laga eit particip mest med passiv tyding og dette kunde vidare verta til adjektiv og substantiv. Dessutan var det superlativ-suffiks. I samgermansk er suffikset frævt ved veike verb; der sterke verb hev laga eit particip med dette suffikset, hev ordet vorte adjektiv eller substantiv. I gamalnorsk er det ofte vandt aa skila desse ordskapi, med di at dei kann vera mykje brigde ved konsonant-samhøve, soleis vert t. d. tvo dentalar, som raakar ihop, i samgermansk til *ss* (i lang staving *s*), *nþ* og *lþ* vert i g.norsk *nn* og *ll* osfr.; difor kann ofte slike ord berre verta utgreidde ved samanlikning med samætta maal.

1. Adjektiv. I. Av adjektiv som upphavleg var particip paa -*þa* kann nemnast: (1.) † *bjartr*, † *léttr* (av **lenhta*), *mjaltr* (av **melhta*), † *réttr*, † *stinnr*, † *verðr*; † *blíðr* (eller *ja*-st.?), † *fríðr*, † *síðr*, kannhenda † *víðr*; *hljóðr*; (2.) † *ballr*, † *fastr*, † *hallr*, † *kaldr*, *sannr*, † *skarðr*; (3.) † *hollr*, † *kunnr*, † *sléttr* (av **slihta*), † *viss* (i subst. *vissa*); og av *a*-røter: † *hvass*, † *saðr*, *staðr*, *sáttr* (av **sahta*), † *dauðr*; (4.) *bráðr*; *grunnr* er laga til *grunnr* m.; vokal framfor -*þa* hev † *nøkkviðr* (*nøktr*); † *þyrstr* er got. *þaúrsiþs*, partic. til *þaúrsjan*.

Til dette particip paa -*þa* kunde i fyrrgermansk koma *j*-suffiks, so det kom upp eit suffiks -*þja* i same bruk; dette finst i *stirðr* og *gerstr* og vel ogso i *herstr* og *hress* (**hraþ-þja*); *hafræðr* ser ut til at vera laga paa denne maaten, derimot er vel *stæðr* jamlaging (*stæðr*: *stóðum* som *færr*: *fórum*). † *þéttr* kann vera **þenhtja* liksovel som **þenhta*, same tvil med † *linnr*, † *svinnr*, † *blíðr*. Sume som hev -*þja* i vestg., hev -*þa* i gamalnorsk, som † *móðr* og † *auðr*.

II. Med participsuffikset -*þa* heng tett ihop -*ida* og -*ôda*, som avleider adjektiv av nomen, med tydingi „budd med“ (jfr. lat. *crinîtus*, *armâtus*). I vestgerm. hev slike ord ofte fyrestavingi *ge*-, og suffiksi hev der sideformerne -*idja*, -*ôdja*.

A. Soleis paa -*iðr* (mest samansette ord): *tvídyrðr* (= -*dyrr*), *eygðr* (= *eygr*), *feldr* voren (til *fall*, jfr. *fallinn*), *fiðrðr* (= *fjaðraðr*), *einfættr* (jfr. *fjórfætr*), *grýttr*, *hentr* (jfr. *einhendr*), *hyrnðr*, *hærðr* (jfr. *hærr*), † *einkvæntr*, *tvílemdr* (jfr. *lambaðr*), *menntr* (jfr. *mannaðr*), *fjórmynntr*, *rýndr* (jfr. *gløggrýnn*), *snafðr* snak etter (til eit **snaf*), † *stirndr*, (*stjarna*), *steint ok reint*, *sveittr*, *syndr* (kann vera **sundida*, men og **sundja*, til *sund*), *sýndr* (jfr. *sýnn*), *tenntr*, *tvítyngdr* (*tunga*), *langæðr* (av **aiviða*, jfr. *lang-ær*), *ærðr* (*ár*, jfr. *ærr*). Substantiv *fyrðar* poet. menn (av **ferhvida*, jfr. *firar*).

B. Frævare er dei einstyduge adjektivi paa -*aðr*, som: *aldraðr*, *baglaðr*, *brynjaðr*, *bitlaðr*, *harðbrjóstaðr*, *fjórðagaðr*, *daunaðr*, -*eggjaðr*, *eignaðr* velhalden, *faxaðr*, *stórfetaðr*, *fjaðraðr* (og mislaga: *fiðraðr*), *fjáðr* (av *féaðr*), *geðjaðr*, *halsaðr*, *góðháttaðr*, *hjalmaðr*, *hjaltaðr*, *hjartaðr*, *harðholdaðr*, *hugaðr*, *tvíhǫfðaðr*, *kynjaðr*, *látaðr* (*vel*), *limaðr*, *lundaðr*, *mannaðr*, *raddaðr*, *skýjaðr*, *stafaðr*, *ættaðr* og *æzkaðr*, *ǫlvaðr* ofl. (mislaging: *skyldugaðr*). Mange er umlagingar av eldre possessivsamansetningar som *harðbrjóstr*, *hardholdr*.

Mange snert inn paa particip: t. d. *snjallmæltr* kunde koma av *mál*, men og av *mæla*. Til (veike) verb høyrer slike som *heyrðr* (*vel*), *bœnheyrðr* som gjerne vil bønhøyra, *tárfeldr*, *brotfeldr*, *torbœttr*, *torviðr* ofl.

2. Hankyn. Ikkje mange. Reine (substantivera) particip er † *haptr* og *kundr* son. Av andre ord kann nemnast: (1.) † *linnr*, *sess* (ags. n.), *veftr* (vestg. f.), † *sjóðr* (til *sýja*); (2.) † *brandr* brand, *gandr*, *raptr* (um ikkje upphavleg **raptra*, ags. *ræfter*); † *eiðr*, † *leistr* (kunde ogso vera *þi*-stomn), *seiðr* (fisk); (3.) *sporðr* (vestg. veikt), † *spætr* (av **spihta*),

ostr (av **justa*). Ein millomvokal hadde † *eldr* (av **ailida*). Um *sigðr, lagðr* osfr. sjaa § 25. Abstrakt: † *móðr*; um andre abstrakt som er utvida til *n*-stomnar sjaa § 20.

3. Inkjekyn. Nokre fleire. Tingsord og abstrakt: (1.) *hjald, kveld* (vestg. m.), † *nest, skinn* (av **skenþa*), † *sverð*, † *tjald*, † *verð, vætt* lok (av **vehta*); *híð, brjóst, fljóð*, † *hljóð*; (2.) *skarð* (eig. n. av adj.), † *brauð*; (3.) † *borð*, † *goll* (*gull*), † *morð*, † *sund*; † *hlið, dupt* (vestg. m.), † *dust, frost* (vestg. m.), † *goð* (*guð*), *lopt* (got. *luftus* f.), † *skopt*; og av *a*-røter: † *bað*, † *blað, bast* (vestg. m.), *hlass, skapt* (vestg. m.); (4.) *bráð* bræding, † *blóð*, † *flóð*, † *stóð*. Millomvokal hev *unað* (**vunêda*), jfr. *yndi, háð* (**havada*). Jfr. ogso *válað* n., til *válaðr*.

Sekundært er *-þa* kome til i *haust* (av *harbus-þa*). Anna upphav hev *st* i † *frest, naust* (jfr. *vǫzt* f. av **vaða-stô*, til *vaðr*).

Til slutt kann her nemnast eit samgermansk kollektiv paa *-þja* i *kvendi* av **kvâniþja* og *skæði* av **skôhiþia*.

4. Hokyn. I. Primære, mykje faae. Dei er vande aa skilja ut fraa *þi*-stomnar. Ein kunde nemna: (1.) isl. *þind* tinder, † *lind* (pl. *-ir*), † *hlíð* (pl. *-ir*) lid, † *þjóð* (pl. *-ir*), † *búð* (*-ir*) bud (i tydingi upphelde kanskje ein stomn **bûdi*), *flúð* flud (eig. „det yverfløddе"); (2.) *vǫrð* (pl. *-ir*) poet. kvinna (til *verja* klæda), † *sneis* (til *sníða*), † *skauð* (pl. *-ir*); (3.) † *fold* (?), † *mold*, † *und* (fl. *-ir*), *hlið* sida (ags. n.), † *rǫð* (*a*-rot), † *rǫst* (pl. *-ir, a*-rot). Upphavleg participskapnad hev vel og dei fyrrnemnde ordi paa *-þjô* (§ 14 a c), *byrðr, gunnr, hildr, veiðr, brúðr*.

II. Som sekundært suffiks laga *-þô* (*-dô*) med millomvokalen *i* i samgermansk abstrakt, mest av adjektiv (utan millomvokal *fjǫld*, av **felu-þô*). I g norsk er dette ordskapet mykje frævt. I fleirtal hev ordi *-ir*. Avleidde av substantiv faae: *aðild* (til *aðili* m.), *bend* (til *ben*), *dæld* og *dæld* (: *dæla, dœla*), *erfð, grend* og *grenn* (**garaznidô, -þô*), † *hermd, lyfð* (: *lyf*), *lygð* (: *lygi*), *læfð* handtak (: *lófi*), † *mægð* (: *mágr*), *nábúð, þýft, ment* (av **manniþô?*). Av adjektiv: *birgð* (: *birgr* ell. *birgja*), *blýgð*, † *deyfð, digrð, dirfð*, † *dýpt, dýrð, eymd, fegrð, feigð, fjǫld, fremd, frægð, fyrnd* (: *forn*), *fæð* (: *fár*), *færð* (: *færr*) føre, *girnd*, † *gremd*, † *grimd, græð* (: *grár*) græe, illvilje, *heimild* (*-old*), † *helfð, hrygð*, † *hæð* (av **hauhiþô*), *kyrð*, † *lemd*, † *lengð, lægð*, † *megrð, mergð, mýkt*, † *mærð*, † *nægð, sekt* (: *sekr*), *slægð, snild, spekt, stygð*, † *sæld, sýnd, sæmd, þekt* (: *þekkr*), *þykt* (: *þykkr*), *þyngð, vídd, virkt, vænd, værð*, † *øngð* ofl. Av ord paa *-inn*: *heyrnd, nánd* av *náinn*. Av samansette adjektiv t. d.: *ákefð, angrfýst, eilífð* (: *eilífr*), *einǫrð* (: *einarðr*), *fátækt, fiskgengð* stad det gjeng fisk, *kostgæfð, kynstærð, skammæð* (**-*aiviþô*, : *skamm-ær*), *úmegð* (: *úmagi*), *útlegð* og *utlægð* (: *utlagr, útlægr*), *vesǫld* (: *vesall*), *vandvirkt, várkynd* osfr. Dertil mange paa *-semd* (jfr. *semi* § 22 II) til adjektiv paa *-samr* (sjaa § 51). Ordi paa *-ugð, -úð* kjem ikkje av adjektiv paa *-hugr*, men er samansette med *hugð* (§ 28). Av *j*-verb (so og mykje i glt.): dette er eit seinare stig, som likevel var lett aa taka. Med di at avleidt verb oftast stod jamsides med nomenet, kunde ord som *erfð, fremd, girnd, sæmd* som kjem av *arfr, framr, gjarn, sæmr* synast koma av *erfa, fremja, girna, sæma*. Det kunde daa lett laga seg nye til veike verb, t. d. *bygð, deild, efnd, eirð, fylgð, gerð, geymd, hefnd, hegnd, hlífð, hvíld, leynd, matseld, nefnd, nefst, raund* eller *reynd, uppreist, rend, rækt, styrkt, tengðir* skyldskap (*tengja*), *þrøngð* (: *þrøngva* og *þrǫngr*), *þykt* (: *þykkja*), *þæfð* (: *þæfa*), *vernd, vild* (: *vilja*), *vægð* osfr. Hit høyrer vel *eykt* (av eit verb **jaukjan*); *flærð*, jfr. adj. *flærðr*, kjem vel av eit vb. **flæra*. Av *ê*-vb.: *ugð*, av sterke verb: *ábúð, upptekt*. Til sume ord er det ikkje noko grunnord, t. d. *kregð* vanmenne (jfr. nyn. *kragg*). Kannhenda ogso *tigund* høyrer hit (laga som got. *junda* ungdom, jfr. *tign* og *tíginn*.

28. ***Stomnar paa -þi* (*-di*).** Dette suffikset var i fyrrgerm. mest primært. Ordi var verbalabstrakt, nokre faae gjekk yver til verkarord. Mest lægste avljodsstig.

1. Hankyn. Konkret: † *gestr, váttr* (av **vahti*, akk. pl. oftast *-a*). Abstrakt (sume skifter med hokyn), alle med lægste avljodsstig: *brundr, burðr* (vestg. f.), *gustr, skuldr* (*skyldr*) (= † *skyld* f.), *skurðr, snúðr,* † *staðr, stéttr* (= *stétt* f.), † *þróttr, þurðr.*

2. Hokyn. Nokre faae hev vorte konkret (sume alt samgermansk): (2.) † *gátt* (eig. „gang"); (3.) † *burst,* † *urð*; † *ript,* † *vætt* (**vihti*), † *drótt,* † *hlust, hnoss* (**hnud-þi*, til *hnjóða*), † *húð*; (4.) † *sáð,* † *glóð* (ogso konsonantisk bøygd). Abstrakte: (1.) *frétt* (jfr. ags. *freht*), † *gipt, kind, mjaltir* pl., *rétt* (til *reka*), † *vist,* † *vætt* vegt; *íð, smíð* (glt. *ô*-st.), † *tíð*; (2.) † *ferð*; † *heipt, gnauð* (til *gnýja*, eller, med *ð* til roti, til *gnyðja?*), † *nauðr*; (3.) † *byrð,* † *gnótt* eller *gnætt* (vb. got. *ganaúhan*), *forkunnr, miskunn,* † *samkund,* † *lyst,* † *skuld* (*skyld*), † *þurft, íþrótt, ǫfund* (ogso *und*, jfr. vestg. *unst*), *forurtir* pl. (g. *fravaúrhts*); † *dript,* † *list, stétt, þrift* (= *þrif* n.), *vétt* (i *véttvangr*, til *vega, víg*), (*knés*)*bót* (**buhti*; ags. m.), † *hugð* (i samans. *hugðar-* og i samansetn. *-úð*), *ísmótt,* † *sótt, sút, súð* (til *sýja*); til *a*-røter: † *sátt* (*sætt*), † *ǫld, ǫnd,* † *ǫrð* pløgjing, † *átt* (*ætt*) (**aihti*); (4.) † *dáð.*

Dette suffikset hev vel og talsubstantivi *fimt, sétt, sjaund, níund, átt* eller *ætt* (tridjedeildi av runalfabetet ɔ: 8 runar); *tíund* er derimot ordenstal (substantivera).

Med *s* framfyre i † *ást* (**an-s-ti*) og kannhenda i *raust, rúst.*

29. ***Stomnar paa -þu*** (***-du***). Fyrrgermansk primært suffiks, som laga verbalabstrakt; sume av deim vert verkarord og tingsord.

I. P r i m æ r t. Næsta berre hankynsord. Liv-ord: (2.) † *mǫrðr, vǫrðr*; (3.) † *Ullr* (ein gud), † *smiðr*. Tingsord: (1.) *fjǫrðr, jǫstr,* † *skjǫldr, verðr* (got. *vaírdus* vert); (2.) † *grǫptr, kǫstr, svǫrðr* (ags. f.), † *vǫllr* (av **valþu*), *reitr*; (3.) *kvistr*; (4.) † *þráðr.* Abstrakt: (1.) *réttr* rett, *réttr* rek; (3.) † *þóttr,* † *friðr,* † *kostr* (og *i*-stomn); og av *a*-røter: *dráttr, fláttr, háttr,* † *krǫptr, máttr* (vestg. *i*-stomn), † *sláttr, þváttr,* † *vǫxtr,* † *dauðr* daude (gen. *dauðar-* i samansetn.); (4.) † *blástr,* † *þáttr* (**þâh-tu*); *blástr* og *grǫptr* hev ogso i gen. *-rar*; *gróðr* (vestg. *þi*-st.) og *róðr* hev stødt *-rar* (samanblanda av **róþu-* og **rôþra?*). Millomvokal hev *kvittr* (av **kviþiþu*). Upphavlege *u*-stomnar var vel † *grunnr* og † *grunn* f. (**grunþu*), likeins † *rist* f. (pl. *ristr*); eit neutr. paa *-þu* var upphavleg † *líð* sterk drykk.

II. S e k u n d æ r t var dette suffikset i samgermansk ved *ô*-verb (grunnform *-ôþu*, g.norsk *-uðr, -aðr*). Av slike finst det i g.norsk nokre faae upphavlege som *munaðr* mun, vokster (av *muna aða*), *munaðr* vellyst (av *ê*-verb *muna*), *hrapaðr* skunding, *ifaðarlauss, jafnaðr* (*jafna*), *ofraðarmaðr* (*ofra*), *reikaðr* (= *reikan*), *samnaðr, sannaðarmaðr, svarfaðr*; utan verb *raggaðarklæði*; † *mjǫtuðr* styrar var kannhenda upphavleg abstrakt („lagnad"), eller utvida av konsonantstomn? Dette ordskapet vart frævt ved verb paa *-na*: *árnaðr, batnaðr, fagnaðr, fullnaðr, fastnaðr. fullkomnaðr, fullnaðr, hagnaðr, lifnaðr, saknaðr, skotnaðr, þrotnaðr, varnaðr, vilnaðr*; deretter i tilknyting til partic. og adj. paa *-inn* (liksom det er med *-ning*): *blótnaðr, búnaðr, dulnaðr, fǫrnuðr, getnaðr, metnaðr, skapnaðr, tignaðr, trúnaðr* (*trúinn*), *þrifnaðr, vefnaðr*; og sistpaa vidareført, so det liksom kom upp eit suffiks *-naðr*: *dugnaðr, fénaðr, hernaðr, karnaðr, klæðnaðr, kostnaðr, skilnaðr, skónaðr, sparnaðr, tjónaðr* (el. *tænaðr*), *verknaðr*; mykje seint er *vegnaðr* vegne; av eit *j*-vb.: *hegnaðr.* Endaa mykje frævare hev *-nad* vorte i nynorsk. Jfr. § 24 II 2 og 43 B b).

I skaldedikt er verkarord paa *-uðr, -aðr*, laga etter mynster av *mjǫtuðr* og dilike gamle ord, mykje aalmenne (finst ikkje i prosa). Ikkje berre av *ô*-verb, som *forðaðr, glǫtuðr, grǫnduðr, gǫtvaðr, hǫtuðr, kǫnnuðr, lǫðuðr, mǫgnuðr, sǫmnuðr* osfr. Ved *j*-vb. skulde ein venta *-iðr*, so *framiðr, sal-vaniðr*, men elles ved jamlaging *frǫmuðr* og t. d. *beiðuðr, skyndaðr, heyjaðr, spǫruðr*, eller paa onnor vis: *venjuðr.* Forutan slike reine verkarord er det mange ord for dyr og ting, som hev gjenge fram or verkarord, t. d. for ukse: *bautuðr* (til st. verb. *bauta*), for hest: *bautuðr, skævuðr, sveggjuðr*, for orm:

vinduðr, for sverd: *hrǫnduðr, hǫgguðr* (st. verb), *svipuðr* osfr., for vind: *gneggjuðr, hlǫmmuðr, hviðuðr, váfuðr* osfr.

Ordskap med -r.

30. *Stomnar paa -r.* Fyrrgermanske stomnar paa *-r* er † *bróðir,* † *dóttir,* † *faðir,* † *móðir,* † *systir.* Eit rotord paa *-r* er † *dyrr* pl. f. Upphavlege *r*-stomnar, som hev vorte utvida med *-a,* er † *vár* n., † *sumar* n., † *dægr,* † *vatr* poet. vatn, † *júgr,* vel og † *ár* n, † *vetr* m., *fúrr* m. (vestg. n.).

31. *Stomnar paa -ra* (*-rô*). Suffikset var i fyrrgermansk primært, sjeldan sekundært. Adjektiv og substantiv.

1. Adjektiv. (1.) † *gífr* graadug, *ítr,* † *skírr* og *skærr* (*ja*-st.), *slíðr,* † *hýrr* (*ja*-st.), † *rýrr* (*ja*-st.), (2.) † *hærr* (*ja*-st.); (3.) † *bitr,* † *digr,* † *vitr,* † *snotr,* † *súrr, apr* (jfr. ags. *ampre* f. sura), † *dapr,* † *fagr,* † *magr,* † *sparr,* † *vakr,* † *sárr* (**saira*); (4.) † *mærr* (*ja*-st.), † *stórr, snæfr* (*ja*-st.); *kárr* hev vel millomvokal (av **kavara,* jfr. nyn. *kaure* m.). Millomvokal og i *snǫfur*(*liga*), † *steigur*(*liga*), *ógur*(*ligr*), *ǫskur*(*ligr*), *ǫmur*(*ligr*), *afar-* (got. *abrs* sterk).

I fyrrgermansk var *-*(*e*)*ra* ogso komparativsuffiks. Dette finst i † *yðvarr,* † *okkarr* osfr., i † *sundr,* † *undir,* † *yfir* og i *afr* n. (etterbrygg?) (jfr. ags. *eafora* etterkomar).

2. Hankyn. (1.) † *tírr, þjórr* = poet. † *stjórr*; (2.) † *alr, heiðr* (vestg. n.), *saurr* (samrøtt med *súrr*); (3.) *klungr,* † *verr* (fyrrgerm. **viro-*), † *otr,* † *akr,* † *hafr, staurr*; (4.) † *flórr.* Med millomvokal (*a*): *gagarr,* † *hamarr,* † *humarr,* † *jaðarr, lokarr* hyvel († *nafarr* er **naf-geirr*); (*u*): † *fjǫturr, gollorr* poet. hjartehus; † *jǫfurr, mǫpurr,* † *mǫsurr, tǫturr, þiðurr, þinurr, ǫndurr.* Samandregne: † *bjórr* (**bebura*) bøver, *bjórr* bjore, *kárr* krull (ogso adj.), *ǫgr*; utvida til *n*-stomn: † *tandri, andri.* Sume ord paa *-r* som † *angr* (ogso n.), *nykr, sigr* er upphavleg *s*-stomnar; um *hungr* (ogso n.) og *veðr* sjaa § 12 slut.

3. Inkjekyn. Substantivera adjektiv: *afr,* † *gífr,* † *sár, skær.* Med 1. stig: *gjalfr, hreðr,* † *leðr, legr* (vestg. m.), *setr,* † *silfr, sindr* (vestg. m.), † *timbr,* † *veðr*; *gljúfr* (og *gleyfr*), *rjóðr*; (2.) *klatr,* † *eitr, hreiðr* (eller *þra*-stomn?), *leir,* † *taufr* pl.; (3.) *tundr* (eller *s*-stomn?, vestg. f.), *búr* (vestg. m.); *okr* er visst laanord; *gár* spott (av **gavara*). Dertil kjem mange nye ord paa *-r,* som er nylaga til verb paa *-ra*: *flǫkr, hindr, hinkr, fleipr, klandr, ofr* (: *ofra*) osfr. Sekundært: *ǫldr* (*ǫl*). Vidare avleidd med *-ja*: *fífrildi* av **fifildri* (jfr. glt. *fîvaltra* f.); † *hyfri, hnypri* (og *knypri*), *slitri, þœri* = *skammrif* (jfr. nyisl. *þærur* pl. ogso: feitet paa *skammrif,* tjukt stykke kjøt), som kjem av eit **þuhra,* samrøtt med *þjó* (av **þeuha*). Sume paa *-r* er upphavleg *s*-stomnar (§ 46): *angr, hauðr* (poet.) jordi, † *hatr, lær, myrkr,* † *røkkr, ráfr* (*ræfr*), *sætr*; *tár* (vestg. m.) er vel upphavleg *u*-stomn (**tah-ru*).

4. Hokyn. Upphavleg substantivera adjektik *órar* pl. (*œrr*). Substantiv: † *fjǫðr, gregr* skrov, † *klǫmbr, slíðrar* pl., *gymbr* (*jô*-st.), † *lifr, skúr* (vestg. m.), *vípr* ofl. Millomvokal hev *gjǫgr* (**gegurô*) og *skjór* (**skihurô*); *næfr* hadde vel upphavleg *-s,* ikkje *-r.*

32. *Stomnar paa -þra.* Dette suffikset laga upphavleg substantiv med reidskapstyding, og i formi *-þara* (*-þera*) komparativ.

1. Slike komparativ er adv. og præp. † *aptr, eptir,* † *niðr* † *viðr*; † *austr,* † *norðr,* † *suðr,* † *vestr*; † *annarr* (**anþara*), † *hvaðarr* = *hvárr,* † *vinstri*; *iðr* n. pl. innvol (**enþera*), † *ístr* n., *iður-mæltr* (jfr. lat. *iterum*).

2. Substantiv. Mesta berre hankyn og inkjekyn. Hankyn er: *aldr* (vestg. n.), † *baldr, arðr, austr, galdr* (ags. n.), *hjaldr* (= *hjald* n.), † *hlátr, hrúðr, lestr, ljóstr, lúðr.* Med yvergang til onnor bøygning: *blástr, gróðr, grǫptr, meldr, róðr*; *hróðr* var vel upphavleg *s*-stomn. Hokyn er *leiptr* og *fleyðr* (*jô*-stomnar). Dertil kjem samgermanske trenamn paa *-dra* (som kanskje hev anna upphav): *apaldr* m. (glt. f.), *jǫlstr* f. Inkjekyn: † *fóðr,* † *fóstr* (til *fœða*), *hreistr, hrjóstr, hreiðr* (?), *látr* (**lahtra*), † *lauðr, mistr, slátr,*

† *tjóðr*, † *undr*; isl. *jastr* (gn. *jǫst-r* m.); *sjáldr* hadde vel fraa fyrst av ikkje nokon *r* (§ 37).

33. Jamsides med *-þra* gjekk samgermansk *-stra*, som hadde sitt upphav fraa dei høve, der *s* stod eller kom upp framfor *-þra* (som i *fóstr* av **fôd-þra*). Slike ord er i g.norsk (sume hev gjenge yver i *u*-bøygningi), hankyn: † *bólstr*, *bakstr*, *blómstr*, *hǫgstr*, *lemstr* (gen. *-rar*), *rakstr* rekeved, *rekstr* (gen. *-ar* og *-rar*), *ǫmstr* (av **amustra*) stakk; hankyn er vel og *mostr* stor mengd; *n*-stomn: *gildra* f.; inkjekyn: *hrjóstr* mager grunn, *kynstr* under.

Ordskap med l.

34. ***Stomnar paa -la*** (*-lô*). Samgermansk primært og sekundært suffiks. Som primært laga det mest verkarord og reidskapsord, som sekundært minkingsord. Forutan *-la* ogso med millomvokal: *-ala*, *-ila*, *-ula*. Det er ofte vandt aa avgjera, anten eit ord hev berre *-la* eller er samandrege av ei form med millomvokal.

1. Adjektiv. † *full*, † *heill*; *dæll* (*ja*-st.) er snarast avleidt av eit subst. **dâla* n. gjerning, samrøtt med *dáð*. Med millomvokal † *atall*, † *hamall* (i *hamalkyrni* n. og *fylkja hamalt*), *illr* (av **elhila?*), † *lítill*, † *meðal-* (jamsides med *miðr*), † *mikill*. Sekundært † *heimill* og vel ogso † *gamall*.

2. **Hankyn.** Liv-ord og tingsord: *afl* smidjeavl † *áll* (fisk), *áll* (*óll*) gror (**anh(u)la*), † *fugl*, *gafl* (jfr. got. *gibla*), *haull* (ags. veikt), † *jarl* (ogso med millomvokal: frumnord. *erilaʀ*), † *kíll*, † *kjóll*, † *nagl* (med konsonantbøygning), *skafl*, *stagl*, † *stóll*, *vagl*. Millomvokal hadde † *hræll* (av **hrahila* sjaa § 35, 2 A b), *hæll* (av **hanhila*), *þræll* og vel ogso *geisl* (glt. f.), † *gísl*, † *hasl*, *jaxl*, † *karl*; *n*-stomn: *drafli* m. Eit sekundært *-la* i *galdr* m. *gald* n. gald (av **gazd-la*, jfr. *gaddr* (av **gazda*) i same tyding).

3. **Inkjekyn.** † *afl*, *bil*, † *bál*, *dúfl*, *drafl*, † *fífl* (av **fimfla*) jamsides med *fimbul-*, *gagl*, *gil* (*ja*-stomn), *hagl* (vestg. m.), *hjarl* poet. jord, † *jól*, † *kuml*, *kurfl*, † *mál* (av **mâla*), † *mál* mæle osfr. (av **maþla*), † *mél* (av **minþla*); † *segl*, *skjól*, † *stál* (av **stahla*), *stál* staal, stade (av **staþla*; ags. m.), † *súfl*, *sumbl* (ags. *symbel*, vel framandord), † *tagl*, † *tól* (av **tôvula*), *troll* (av **truzla*, mht. m.), † *tungl*, isl. *þél* (av **þinhla*) tettemjølk, † *þvál* (av **þvahla*), *vesl* (jfr. § 35 2); *aðal* (ags. f.), † *óðal*, *hrǫngl*, *hǫrkl* (av *hǫrkul*); *mél* tid, bil er substantivera adj. (**meðla*, jfr. *meðal-*); *gaul*, *hvísl* er nylaga til verbi, soleis kjem vel ogso *sil* av samgermansk verb *silên* tegja. Eit suffiks-samband *-ublja* hev me i *innyfli* n. pl. og i *dauðyfli* n. daud skrott (jfr. got. *dauþubleis* feig) og *vanyfli*; jfr. *foryflast*, jfr. ogso nyn. *vardivle*.

4. **Hokyn.** *ál* (*ól*) reim (av **anh(u)lô*), *geil*, *kvísl*, *njól* (av **nebulô*, jfr. *nifl-*, ags. *nifol* m.), † *sál* (av **saivalô*, laanord fraa ags.?), † *seil*, *síl* (fisk), *sól* (got. n.), † *þél* fil, *vél* (ags. n.), *vífl* (jfr. § 35, 2 A b), † *þísl* (av *þinhslô*), † *ǫxl*.

35. Frævt var suffikset berre med millomvokalarne *a*, *i*, *u*.

1. Adjektiv paa *-all* og *-ull* med tydingi „tilvik til“ (jfr. *atall* ovanfor). Samgermansk (og fyrrgermansk), men mykje frævare i g.norsk. Upphavleg vart slike adjektiv berre avleidde av substantiv (t. d. *sóttall*) og sterke verb (t. d. *etall*), men i g.norsk ogso mykje av veike verb (t. d. *beiðull*: *beiða*, *einreikull*: *reika*): *beiðull*, *bimbult* uroleg, *undirdráttull*, *dugall*, † *etall*, † *flogall* (*-ull*), *atfundull*, *fǫrull*, † (*sann*)-*getall*, *gjafall* (*gjǫfull*; jfr. ags. *giefl* føda), † *gǫngull*, *hagall*, *hugall*, *hverfull*, *kostall*, *auðkumall*, *einreikull*, *ár-risull*, *viðsjáll*, *skjǫpul*(*eygr*), *skriðall*, *skǫgul*(*tǫnn*), *smugall*, *sóttall*, *spurall*, *stopalt*, *stormall*, † *svikall*, *svikul*(*gjǫrð*), *svipall* (*-ull*), † *sǫgull*, *þǫgull* (*þagall*), *veitall*, *vindull* vindall, † (*mann*)*vitull*, † *vǫkull* ofl.

2. Substantiv. Frævt var suffikset berre i formerne *-ula* og *-ila*; hermed vart det laga: 1 verkarord og reidskapsord, 2 minkingsord.

A. Ord paa *-ull* er a) verkarord: substantivera adj. paa *-ull* (sjaa 1): *drǫsull* (*drasill*),

sjǫtull m. som stiller, *geirþriful* f. poet. Hit høyrer vel og *brimull* (*-ill*) sel og *ávitull* (*-all*) teikn. b) Reidskapsord (= ord paa *-ill*): † *bitull* (*-ill*), † *digull, mǫndull,* † *skǫkull, stǫkkull* (= *støkkvill*), *vǫðull* (= *vaðill*). c) Minkingsord: *fǫsull* avkjøme (vestg. n.), *gumbull* (= *gymbill*), *gǫndull* (: *gandr*), † *hǫkull, simull,* f. *simul* (: *simir*). Mest utan større tydingsskilnad fraa hovudordet: *hǫrkull* (*hark*), † *jǫkull* (*jaki*), *keipull* (*keipr*), *stǫðull* (*staðr*), *þǫngull* (*þang*), og (utan hovudord i g.norsk): † *igull, næfrakimbull, kǫggull, kǫngull, riðull, sperðill* liten hale (jfr. *sporðr*), † *stǫpull, vǫnðull,* † *ǫngull, ǫxull.* Eit minkingsord paa *-all* er *þumal-* (ags. *þýmel*).

B. Ord paa *-ill*: a) verkarord: † *biðill, garðbrytill, ferill* (ferdemann, jfr. adj. *fǫrull*), *undirgrefill* snytar, † (*þorð*)*yfill* (av **vifill*, rot **veb* vavra); poet.: *frumkveðill, lemill, semill* som semjar, *tefill* som hefter. Veikt: *byrli* m. (laant fraa ags. *byrele* skjenkjar). Eitslag verkarord paa yvergangen til tingsord er: *knattdrepill,* † *hvirfill, kyndill* (eller reidskap?) *viðvindill.* b) Reidskapsord: *beytill* red, *dymbill* i *dymbildagar, dregill* band, *ǫl-eysill, ferill* veg, † *fetill,* † *flygill,* † *gyrðill* (eller mink?), *hefill* segl-klo, *lykill,* † *meitill, ristill,* † *skutill, snerill* (= *snarvǫlr*), *sniðill* sigd, † *stikill* hornpigg, *støkkvill* (= *stǫkkull*), *þvegill* (jfr. *þvál*), *verpill* terning (glt. *wurfil*), *virgill-* (glt. *wurgil*), † *tygill,* vel og *stuðill* og *vaðill.* Hit høyrer og hokynsordi (sjaa 35, 4) *vífl, þél, þísl,* og *véli* m. (av **veþli*). c) Minkingsord: *bendill* (vestg. n.), † *bygill,* † *friðill* (av part. **frîþa* til *frjá*), *fúðryskill* (av *fúð-fryskill*: *froskr*), *geitill* hard knut, *gymbill* (= *gumbull*), *hækill* høkjel, *kistill* (framandt), † *knefill* stokk i vegg, *knykill, knýfill,* † *krypill, krækill,* † *kyrtill, marmennill, nistill* (*nist* naal), *refill* (*rafr*), *rindill* erla, *skekill* skjekel, utkant, *snepill, trefill* (*trefr*), *trygill* (*trog*), *þrymill* knast, ruvla, ogso *dindill* red (?); *berill* kjerald er framandt, Utan større tydingsskilnad: *ekkill* (jfr. *ekkja*), *fífill* (*fífa*), † *hvitill, tyrðill, svaðill* (*svað*) og samgermansk *snigill* (vestg. *snegel*), † *þistill,* jfr. ogso *ifill* (= *ifjungr*) poet. hauk, † *smyrill* falk; m.norsk *þekjull* (for *þekill*) tak. Utvida til *n*-stomnar: *ertla, fífla, fríðla, hyndla,* † *meyla, mýsla, yrmla* (ogso *yrmsla*); *kusli* m., *vindli* m. visk.

36. Med tilauking av *-inga* (*-unga*) kom upp *-ilinga* (*-ilunga*) som minkingssuffiks: *bellingr* belling, fetling (av *belglingr?*), *berlings-áss* berling (jfr. mht. *barre* f. slaa, skota), *bitlingr, bæklingr* liti bok, *dræplingr* (: *drápa*), *frændlingr, gæslingr* (jfr. eng. *gosling*), † *hriflingr* eit slag sko, *kettlingr, kiðlingr, kjúklingr, krypplingr, kuslungr* (: *kusli*), *kviðlingr, mýslingr, prestlingr, pýtlingr* (= *púta*), † *reklingr* ell. *riklingr* rekling (kanskje laant fraa mnt.), *reklingr* avrak, *skeglingr* krytjeunge, *titlingr* sporv, *þyrsklingr, bandvettlingr* (: *vǫttr*), *yrmlingr*; jfr. ogso utnamn som *bræklingar.* Av adjektiv: † *dýrlingr, smælingr* (: *smár*), *skrælingr* (av **skrâhil-*, jfr. nyn. *skraaen*). Hit høyrer og ættenamn som *dǫglingar, knýtlingar, arnmœðlingar, ynglingar*; jfr. *taðskegglingar.*

37. Jamsides med *-la* som reidskapssuffiks gjekk samgermansk *-þla* (jfr. *-þra*: *-ra*). Slike ord var det ikkje mange av, mest inkjekyn. Hokyn er † *nál* (av **nâþlô*), *bǫstl* (?) poet. pil; † *kíll* m. kunde vera **kîþla* (men ogso **kî-la*). Inkjekyn: † *ból* kann vera **bô-þla,* likeins † *mál* **ma-þla* (eller **maþ-la?* § 34 3); ogso † *sǫðull* høyrer hit. Mest var suffikset ikkje *-þla* men *-dla,* derav vart det i g.norsk *-ld*: *sáld* n. av **saihadla, bíldr* av **bî-dla* (vestg. n.). Mest med millomvokal: *hagldir* f. pl. (**hagadlô*), isl. † *hafald* n. (nyn. *havald*), † *farald* n., *folald* n. fole, *hrúgald* noko som ruvar, *rekald* rek, *kerald* (av **kazadla*), og vel og dei utvida paa *-aldi* m.: *glópaldi* (= *glópr*), *hímaldi, hrímaldi, kurfaldi.* Uklaare er *skáld* n., *eiskǫld* f.; i *sjáldr* maa *r* vera tilkomen seinare (grunnform **sehvadla*). *þreskjǫldr* er vel umskapa av eit **þreskvadla.*

38. I samanheng med *-la* stend *-sla* (*-slô*). Dette suffikset hev vel sitt upphav fraa dei høve der grunnemnet enda paa *s* som i *ǫxl.* Det laga avleidingar baade av substantiv og av verb, serleg var det frævt i samgermansk ved *j*-verb, soleis i formi

-isla, t. d. got. *svartisl* blekk (av *svartjan*). I g.norsk er ordi nokre inkjekyn, nokre hokyn. Reidskapstyding berre i nokre faae, elles abstrakt.

Inkjekyn: *beizl* (**baitisla*, til *beita*), *benzl*, *yfirbreizl* (og *-zla*, ags. m.), *kensl* pl., *kynsl* (= *kynstr*), *meizl* (*-zla*), *renzl* (ogso f., og *-zla*), † *smyrsl*, *spenzl* pl., *tengsl* pl. Av nomen kjem: *ørkymsl* (= *ørkuml*) likamslyte, *bœxl* (= *bógr*), *skrimsl* (*skrim*), *vermsl* pl. varm kjelda, *venzl* pl. vande. Anten av nomen eller verb: *þyngsl*, *œrsl* pl. (og *-sla*); til *œxl* finst det ikkje grunnord; † *hunsl* (*húsl*) kann vera upphavlegt, men hev fenge tydingi (sakrament) fraa ags.; *busl* kav, annsemd er uklaart, likeins *skermsl* (upphavleg hard grunn? jfr. *skurmsl* = *skurn*). Utvida med *-ja*: *brigsli* aatale, *hneyxli* skam; † *reykelsi* og *fangelsi* er vel laante fraa nt.; *rúmelsi* høyrer ikkje hit (av *rúm-helsi*, til *hals-*).

Hokyn er *hermsl*, *pínsl*, *skírsl*, *þrøngsl*, *þyrmslar* (el. *-ir*). Sume er baade f. og n. som *renzl*, *þyngsl*. Mest hev hokynsordi vorte til *n*-stomnar: *beizla* bøn, *fœzla* (ags. m.), *fœrsla*, *útgreizla*, *geymsla*, *grœzla*, *gæzla*, *gœzla*, *herzla* herding, *hirzla*, *hræzla*, *hrœrsla*, *kensla*, *kærsla*, *leizla*, *meizla*, *neyzla*, *reizla* veging, køyring, *rœxla*, *seizla*, *skírsla*, *sýsla*, *vanþyrmsla*, *þrøngsla* (= *þrøngsl*), *varzla* (for *varsla*, til *verja*), *veizla*, *afvenzla*, *vígsla*, *virzla* ofl. Av andre enn *j*-verb kjem *hlazla*, *uppivǫzlumaðr* (til *vaða*), *nezla* hempa.

Ordskap med -g (-h).

39. ***Stomnar paa -ga*** (***-ha***). Fyrrgermansk var dette suffikset baade primært og sekundært. Primært mykje sjeldan. Slike ord er † *laug* f. (rot *lau*, jfr. *lauðr*), † *trog* n. (same rot som *tré*), † *þró* f. (av **þrûh*, kons. st.; kanskje høyrer *h* her til roti), † *skór* m. (av *skôha*), † *bǫrgr* m. (**baruga*), † *hǫrgr* m. Sekundært var det mykje frævt i fyrrgermansk, det avleidde av nomen eller smaaord (adv., præp.) adjektiv med tyding „høyrande til“. Ei avleiding av eit smaaord er *ǫfugr* (: *af*). Av substantiv med tydingi „høyrande til“ (jfr. lat. *bellicus*) men ogso utan større tydingsskilnad fraa hovudordet, so avleidingi tydde „noko i likskap med det“, derav stundom minkingstyding (jfr. nyn. *sugga*: *su*). Av adjektiv paa same vis (jfr. glt. *gôrag*: got. *gaurs*): *fjǫlgr* (av **feluga*): *fjǫl*, *goðkunnigr*: *goðkunnr*, *stǫðugr*: *staðr* (adj.), *nánigr*: *náinn*, *kólga* poet. bylgja kjem av eit **kólugr*: glt. *kuoli* kjølen.

40. I samgermansk var dette sekundære suffikset mykje frævt, det hadde fire skap: *-aga*, *-uga*, *-iga*, *-îga*. Gamalnorsk hev *-ag* berre i † *heilagr*, som vel er laant. Elles *-ug* og *-ig*; *-ug* breider seg mykje meir enn *-ig*; sume hev berre *-ig*, sume baade *-ug* og *-ig*.

Adjektiv paa -ug, -ig. Tyding „som høyrer til, er full av“. Dei paa *-ug* hev vel til fyrste grunnlag nomen paa *-u*; fraa dei hev det gjenge vidare. I vestg. svarar mest *-ig*, *-îg* og *-ag*. Soleis av *u*-stomnar: † *gráðugr*, *góðháttugr*, † *liðugr*, † *máttugr*, † *siðugr*. Av *a*-stomnar t. d. † *auðugr* (*-igr*), † *blóðugr*, † *grǫsugr*, *hélugr*, *hǫrmugr*, † *hrímug*(*ligr*), *kǫlsugr*, *laufugr*, *leirugr*, *málugr* (*-igr*), † *móðugr*, *ráðugr* (*-igr*), *saurugr* (*-igr*), † *smjǫrugr*, † *sótugr*, *svefnugr*, † *sǫndugr*, *treflugr* (: *trefill*), † *úrugr* (*-igr*), † *vindugr*, *vitugr* (ags. *gewítig*), † *vǫldugr*, *ǫflugr*. Av *ô*-stomnar: *dygðugr*, *moldugr*, *syndugr* syndig. Av *i*-stomnar: † *ástugr*, † *burðugr*, † *heiptugr*, † *hróðigr*, † *krǫptugr* (i g.norsk *a*-st.), † *listugr*, † *nauðugr* (*-igr*), *sáðugr*, † *skylðugr*, † *snæugr*, *þrúðugr*, † *þróttigr*, † *þurftugr*. Av konsonant-stomn † *lúsugr*. Av *n*-stomnar: *myglugr*, † *dreyrugr*, † *góðviljugr*. Utan nomen: † *gǫfugr*, † *hǫfugr*. Sume hev berre *-ig*, t. d. *aurigr*, † *einigr*, † *kunnigr*, *minnigr*, † *orðigr*, *þróttigr*. Reint nylaga er t. d. *ryðugr* (*ryðr*), *skyn*(*j*)*ugr*, *skyrugr*. — Utvida av adjektiv t. d. † *einigr*, † *kunnigr*, *hentugr* (jfr. *hentr*), *snæfugr* (= *snæfr*) *verðugr* (*verðr*, eller til *verð*). Eit substantivera adj. er vel † *skalgi* murt (: *skel*).

41. ***Adjektiv paa -ótt.*** Dette suffikset kom venteleg upp paa den visi at suffikset *-þa* vart lagt til *g*-suffikset (soleis i vestgerm. *-aht*, *-uht*, *-iht*, ogso utvida til *ja-*

stomn; i g.norsk berre *-ótt* av *-uht-*). I g.norsk er dette ordskapet frævare enn i vestg., ofte svarar der eit adj. paa *-ig*. Desse adjektivi paa *-ótt* hev same tyding som dei paa *-ug* (*-ig*) og kann skifta med deim (t. d. *leiróttr*: *leirugr*): *blesóttr, brǫgðóttr, byljóttr, bǫllóttr, dǫggóttr, feljóttr, fenjóttr, fjǫllóttr, freknóttr* (: nyisl. *frekna*), *fǫxóttr, gruggóttr, hnǫkkóttr* svartmana, † *hornóttr*, † *hrísóttr, knýflóttr, kringlóttr, krókóttr, kúfóttr*, † (*hvass*)-*kǫmbóttr, leiróttr, lykkjóttr, hǫsmǫgóttr, rǫndóttr, skǫllóttr, skýjóttr* (*skjóttr*), *skǫrðóttr, stǫkkóttr, sǫkóttr*, † *tindóttr, víkóttr, ǫrróttr* ofl. Av eit smaaord?: *ǫndóttr* (*and-*? tydingi uviss).

42. ***Ord paa -sk.*** I samanheng med *-ga* (*-ha*) stend samgermansk *-ska* (og *-skva*), som var primært og sekundært.

A. Primært finst det i adjektivi: *beiskr, þróskr, vaskr*, † *horskr*, † *karskr*; *ferskr* er vel laant (ags. *fersc*, mnt. *versch*); og med *-skv* i *lǫskr*, † *rǫskr*. I substantivi: † *froskr, fauskr* (*fauski*), *hnjóskr* (*fnjoskr*) m., *brjósk* n.; † *ósk* f.

B. Sekundært var det frævt i formi *-iska*. Slike ord tydde upphavleg 1) samanheng med eller upphav fraa, t. d. *himneskr* (og i jamlaging dermed *jarðneskr*), *helvízkr, bernskr*, † *mennskr*. Hit høyrer folkenamnsadjektiv som † *danskr, egðskr*, † *en*(*g*)*skr, færeyskr, firzkr, gautskr, gerzkr, grikkskr, grenskr, haðskr, haleyskr, harðen*(*g*)*skr, heiðskr, háleyskr, hvínverskr, hǫrðskr, íslenzkr* (og † *innlenzkr, hérlenzkr*, † *útlenzkr*), *læskr* (til *Lóar*), *sygnskr*, † *valskr* osfr.; *gotneskr, frankneskr, saxneskr, valneskr* (= *valskr*) av *n*-stomnar, deretter *hjaltneskr, sýrneskr*.

2) Av tyding 1 kjem lett vidare tydingi: „med (moralsk) eigenskap“. Soleis: *breyskr, dælskr, elskr, úfreskr* (-**friðsk-*?), † *heimskr*, † *heiðneskr, hvinnskr, lymskr, trylskr, vel vizkr, fávizkr*; *þrjótskr* er nylaga (utan umljod: *þrjótr*). Dertil substantiv paa *-a* (ogso utan noko adjektiv, etter mynster *bernska*: *bernskr*): *dirfska, elska, fíflska* (: *fíflskr* som utnamn), *flimska, fólska, fyrnska, gleymska, glœpska* misgjerning, *græska* (*grár*) illvilje, *grœnska, gœzka, heimska, illska, kvenska, lýzka* sed, skikk (: *lýðr*), (*góð*)*menska, mælska* ordhegd, maalføre, *guðræskja* gudløysa (av *guðrækr*), *þýfska, vándska, vizka, æzka, ljóðæska* maallydska, *œrska* = *œrsla*; *gæzka* i *gæzkuengill* er vel gale for *gæzlu-*. Hankyn: *fjarski* (til *fjarri*), *fólski* (: *fǫlr*; vestg. f.), *vanski* (: *vanr*). Inkjekyn: † *hýski* (til eit adj. **hîvisk-*), *búferski* innbu (jfr. *buferli*). — Med *-nesk-* etter *himneskr* odl.: *barneskja* (ogso *barnœska*, samansett med *œska*), *forneskja, líkneskja* (og *-ki* n.), *menneskja, vitneskja* teikn, merke.

43. ***Ord paa -ung, -ing.*** Med di at suffikset *-ga* vart lagt til eit *n*-suffiks, vart det eit samgermansk suffiks *-unga, -inga*. Eldst var vel *-unga*, men ogso *-inga* er gamalt; dette hev kanskje til upphav ord paa *-în* (altso frumgerm. **înga*) som *speki*, derav *spekingr*. Naar desse suffiksi vart lagde til eit ord paa *-il* kom det upp eit suffiks *-ilunga, -ilinga* (sjaa § 36).

Desse suffiksi var mykje fræve. Ein kann skipa ordi i desse flokkarne:

A. Konkret. Desse kann ein vidare skipa i a) Ord som merkjer livende eller ting som hev den eigenskapen eller det sermerket som hovudordet tyder. Soleis av adjektiv: *aumungr, gjǫldungr* el. *geldingr* (*geldr*), *gœðingr, hæringr* (*hærr*), *mildingr, mæringr, náungr* granne, *snillingr, snytringr, spekingr, sælingr, ves*(*a*)*lingr, vitringr, ǫldungr* osfr. Av samansette: *feðrbetringr* (og *betrfeðrungr*), *fǫðurverringr, einfætingr, ágætingr, einhleypingr, einhyrningr, frjálslendingr, vitleysingr, þrímenningr, einnættingr, knésetningr* (av partic. *setinn*, jfr. *kosningr* utvald mann ofl.), *skiptingr*. Av substantiv: *filungr* bordarbeidar, *gárungr* kaating, *gleymingr* staakande mann, *Heklungar, hildingr* poet., *hyrningr* mann med horn, *kotungr*, † *níðingr* (og *níðungr* gnikar), *skǫrungr* (*skǫr* avgjerd), *únytjungr* skadsamt menneskje (: *únytja*), † *víkingr*, † *víxlingr*, † *ǫðlingr, ǫnnungr* osfr. Dertil tvo hokynsord: *dróttning, kerling*. Snarast av verb kjem: *ginnungr* (*-ingr*) narr, *umrenningr* landslaupar, *hlutræningr, snǫttungr* (= *snattari*). Mange dyrnamn av adj. og subst.:

birtingr sjøbyrting (?), *flatningr* (av veikt adjektiv, stomn: **flatan*), *gemlingr* (fem. *gemla*), *graðungr* (: *graðr*, ogso *grið(j)ungr*), *skemmingr* slag sel, *tíðungr* tjor, *fjǫrsungr* (utan adj.), *fylvingr* (høyrer saman med *fǫlr*), *háskerðingr*, *ferelningr*, *glǫmmungr* rjot, *gollungr* slag hauk (: *gollr*), *helsingr* (: *helsi*) and, *hnýðingr* staurhyrning, *kúfungr*, *skeljungr* stor kval, *skjǫldungr* eit slag and, *sneldingr* (for *snældingr?*: *snáldr*) orm, *ýfingr* (: *úfr*) eit slag fugl, ofl.; *læmingr* (utan subst.), *rostungr* (jfr. t. *rost*). — Ting.: *gildingr*, *klofningr* (: *klofinn*) eitk. som er klovna, *skǫfnungr* (: *skafinn*) skovlung, *sviðningr* (: *sviðinn*) avsvidt skogland, *byrðingr* handelsskip, *þiljungr* bordklædt rom, *fingrungr*, † *þumlungr*, *brísingr*, † *penningr*, † *skillingr*, *skerðingr* poet. sverd, *hækingr* poet. d. s., *fjórðungr* (*fimtungr*, *séttungr*, *áttungr*, *tolftungr*), *halfningr* (av *halfa* f.), *þrímerkingr*, *allmenningr* (og *-ing* f.), *þverskeytingr* (um vind), *sexæringr*, *þríhyrningr* trikant, *þvergyrðingr* osfr. Hit ogso *vængr* (av **vâingi*, *i*-stomn). Hokyn: *brydding*, *fylking*, *hyrning*, *ísing* = *ísjaki*, *kilting*, *lypting*, *skerðing*, *verðung* poet. herflokk ofl. Hit ogso *sæing*, som er uklaart i sitt upphav (gen. *-gjar*, pl. *-gr*).

b) I nærast samband med *a* stend tydingi „høyrande til (ætt odl.), med upphav i". Soleis: *bæsingr* lausbarn, *hornungr* d. s., *hrísungr* d. s., *blendingr*, *áttungr* ætting, *sifjungr*, *bræðrungr* (f. *bræðrung* og *-a*), *systrungr* (f. *systrung*), *bragningr* poet. konge (til stomnen **bragan* i *bragnar* pl.), *strendingr* strandbue, *hveðrungr* poet. jotun (til *hveðra* eig. berg?), av land- og stadnanm, som *Íslendingr*, *Vestfyldingr* osfr. Hermed heng ogso ihop ættnamn som *Buðlungar*, *Gjúkungar*, *Vǫlsungar*, *Skjǫldungar*, *Ylfingar*, og med *-l-* *Dǫglingar*, *Ynglingar*, *Knýtlingar*, *Arnmœðlingar* osfr., jfr. *systlingr* = *systrungr*, *frændlingr* = *frændmaðr*. — Dyrenamn: *fyldingr* (: *fold?*) = *fylvingr* ein fisk, *grunnungr* taretorsk, *sendlingr* fjørepist. Hit og *vetrungr*, *sumrungr*. — Ting.: *espingr* baat (: *ǫsp*), *hǫmungr* og *hemingr* skinnet paa bakfoten, ofl.; vindnamn som *útnyrðingr*.

c. Minkingsord, Denne tydingi hadde vel dette suffikset ogso upphavleg, men i g.norsk er det berre faae ord, der ho syner seg: *geitungr* kveps, *meisingr*, *kroppungr* smaatorsk, *silungr* aure, *ifjungr* poet. hauk (= *ifill*), *kyrpingr* (?) vanmenne, *teinungr*, *fillingr*, *skettingr* (: *skattr*), *eskingr* fint driv (: *aska*). Mest utan større skilnad fraa hovudordet: *gíslungr*, = *gísl*, *niðjungr* = *niðr*, *kinnungr* (: *kinn*) osfr. (jfr. ogso *reiðungr* = *reiði* odl.).

Eigenleg minkingstyding finst elles berre med *l* framanfor (sjaa § 36).

I g.norsk stend jamsides med *-ingr* (*-ungr*) ofte eit *-ingi* med same tyding: *armingi*, *aumingi* (= *aumungr*), *bandingi* fange, *brautingi* rømt træl, *erfingi*, *foringi* fyregangsmann, *fjórðingi* som var einstad i fjor, *frelsingi*, *fœðingi* (= *fœðingr*) innføding, *heiðingi* ulv (: *heiðr*), *heyringi*, *hirðingi*, *hǫfðingi*, *kosningi* (og *kosningr*) utvald mann, *kunningi*, *lausingi* (og *leysingr*), *morðingi*, *náingi* (*náungi*), *landsofringi* landslaupar, *ræingi*, *ræningi*, *skiptingi* (*skiptingr*), *skuldingi* (*skyldingr*), *smælingi* (*smælingr*), *spillingi* spitelsk mann, *ættingi* (= *áttungr*), *Vaningi* som er av Vane-ætt, *væringi* (mesta i pl. *-gjar*). Hokyn: *hamingja*. Det ser ut til at i minsto sume av desse ordi er samansette med † *-gengi*, t. d. *foringi* av † *forgengi*, *-ofringi* av **ofr-gengi* (**ofr* = *yfir*), osfr.

B. Abstrakt. a) Ord paa *-ung* og *-ing*. Dette bruket av *-ung* og *-ing* er samgermansk. I vestg. er desse ordi berre hokyn, i g.norsk finst det og hankynsord; *-ing* er mykje vanlegare enn *-ung*. Denne lagingi gjekk ut fraa nomen (subst. og adj.), dei fleste med *-ung*: *bráðung*, *djǫrfung* (*djarfr*), *blíðing*, † *lausung*, *líking*, *nýjung* nytt paafund, † *sundrung*, *tvenning*, *þrenning*, *tvímenningr* (*drekka t.*), *velmenning* (aa vera *vel mannaðr*); *funding* (*fundr*), *háttung*, *launung*, † *nauðung*. Men dinæst endefram av verbet. Her var dette ordskapet fræyt ved *j*-verb (der det i stor mun kjem istaden for det eldre ordskapet paa *-íni*, sjaa § 27 II 1): *beiðing*, *beiting* (ags. *bǣting* i onnor tyding), *berging*, *birting*, *blekking*, *brenning*, *breyting*, *bygging*, *byrging*, *býting*, *dreifing*, *dœming*, *efning*, *elding*, *elting*, *erring* strid (poet.), † *fylling*, *fylking*, *fýsing*, † *færing*,

† gegning, *gelding*, *gipting*, *† gisting*, *grýting*, *græðing*, *gymbing*, *hefning*, *hegning*, *hending*, *herming*, *hirting*, *hlessing*, *hleyping*, *hneiging*, *hnekking*, *hneyking*, *hnipping*, *hnykking*, *hnysking*, *hristing*, *hræðing*, *hræking*, *† hvirfing*, *hæðing*, *hvæsing*, *hætting*, *ilming*, *kenning*, *kynning*, *lenging*, *† leysing*, *† refsing*, *† rétting*, *† sending*, *skœting*, *spaning* (*spenja*), *útþaning* (*þenja*), *virðing* ofl ; *klíningr* hev vorte konkret. Av andre verb: *heiting* (st. v.), *hvekking* (st. vb.), *hrifsing* røving (*ô* vb.), *fléttingr* konkret, som *klíningr*, (*ô*-vb.), *† frjálsing* og *frelsing*, *játing* (= *játan*), *vitring* (= *vitran*), *kunning* (= *kynning*) liksom av eit **kunna aða*, *deging* (til *daga*), *skírning* = *skírn*. Seint er *reikning* (og m.) = *reiknan*.

I g.norsk finst det, som sagt, ogso hankynsord av dette skapet. Hankynsordet skulde hava ei konkretare tyding, og so er det og i *klíningr*, *fléttingr*, *vellingr*. Elles er oftast tydingi den same: *fullting(r)*, *skammfylling(r)*, *gletting(r)*, *ákenning(r)*, *hvirfing(r)*, *hvæsing(r)*, *œsing(r)*, *tvímenning(r)*, *skynding(r)* ofl. Berre hankyn hev t. d.: *fleymingr* spott, *flæmingr* flying, *hylmingr* (*hylma*) dulsmaal, *skerpingr* paadriving, *styttingr* (*stuttr*) ublida, *vinningr* (seint).

b) Sermerkeleg for nordisk er ordskap paa *-ning*. Slike ord finst det fulla og i andre germanske maal, men berre i nordisk hev dette ordskapet vorte fræevt. Mest hokyn. Ogso her skulde hankynsordi vera konkretare, so er det og t. d. i *hulningr* skjol, dekkje mot *hulning* hyljing, dekkjing (men ogso dekkje). Men oftast er det ingen skilnad i tydingi. Dette ordskapet hev gjenge ut fraa verb paa *-na* (§ 65), t. d. *brotning* til *brotna*, *kropning* til *kropna*, *soðning* til *soðna*. Paa same visi kunde ein tenkja seg eit **lotna* til *lotning*, eit **saðna* til *saðning*. Slike verb finst det fulla ikkje i dei fleste høvi, men med di at verbi paa *-na* stod i so nært samband med participi paa *-inn*, so vart det lett til det, at det laga seg ord paa *-ning* til sterke verb i tilskiping til participet. Soleis: *brugðning(r)* brigde, *farning(r)* fording, *fundning*, *getning*, *grafningr*, *hafning* daap, *hrundning*, skuving, *viðrkomning* minne, *kosning(r)* val, *fyrirlátning* burtreis, *lesning(r)*, *umliðning* umlaup, utliding, *upplitning*, *lokning* betaling, *upplostning* = *upplost* laus-tidend, *lotning* (bøygning) vyrding, *uppnumning* upptaking, *rekning* reking, *ráðning* tyding, *upprisning*, *ritning*, *skorning* skjering, *brottsniðring undirstaðning(r)* = *undirstaða*, *uppstigning*, *brottekning*, *vesning* *(seint) vesen, *undirvorpning*, *búningr*, *snúning*; jfr. konkret *klofningr* osfr. A 1; *umskurning* umskjering er paaverka av *umskurð* (skulde vore *umskorning*). — Dinæst ogso av stuttstava *j*-verb etter mynster av slike som *saðning* som upphavleg kom av eit *saðna* men vart teke til *seðja*: *arning* (til *erja* pløgja), *barningr* (*berja*), *framning* (*fremja*), *flutning* (*flytja*), *glaðning*, *hrakning* (*hrekja*), *hruðning(r)* (*hryðja kvið*), *hulning(r)*, *krafning*, *kvaðning*, *viðlagning* tillegg, *lamning*, *ruðning(r)*, *saðning*, *salning*, *samningr* (*semja*), *setning(r)*, *skilning(r)*, *smurning*, *spurning*, *stuðning*, *svarning*, *tamning*, *valning*; ogso *æja* er upphavleg stuttstava (**ahjan*), derav *áning*; konkret er *hulningr*, *rakningr* vevling, *varningr*. Ført vidare til andre verb: *gerningar* f. pl. trollskap, *gáningr* det ein gaar, likar, *líkning* (= *líkn*), *beiðning*, *bergning* = *berging*, *bygning* burtleiging = *bygging*, *uppreisning* = *uppreising*, *uppreist*, (mn.) *sýtning*, *stéttningr* = *stéttr*, *þjáning*.

I dansk hev dette ordskapet vorte so fræevt, at det hev mesta heiltupp undantrengt abstrakti paa *-ing*.

44. Ikkje noko aa gjera med ord paa *-ung*, *-ing* hev ordi paa *-angr*: *árangr*, *einangr*, *farangr*, *harðangr* hard tid (gen. ogso *-grs*), *léttangr*, *uppangr*; *kaupangr* (gen. ogso *-grs*), *leiðangr* (gen. *-grs*). Dei er vel samansette, sume med *-gangr*, sume med *-vangr*, jfr. *bið(v)angr*, *skilvangi* skilord. Inkjekyn *mundang* (*gang* n.?).

Ordskap med k.

45. Dette suffikset finst mest i dyrnamn (upphavleg minkingsord), i nokre tingsord helst for likamsluter og i faae abstrakt. Soleis: *alka*, *doðka*, *máki* (*már*), *frauki*

(= *frauðr*), † *maðkr*, *jalkr* (: *jalda*), kannhenda og i *krákr* og *kráka* (jfr. t. *Krähe*), † *falki* (: *fǫlr?*), † *gaukr*, † *haukr* (**habuka*), *stelkr*, † *þorskr*; *dilkr* unge; i *storkr* høyrer *k*'en til roti. Personord: *svarkr* (: *svarri*), *hlúki* poet. stakar, *hrunki* rugg, stor kar, jfr. nyn. *fark* (: *farre*). Tydeleg minkingstyding i avstytte namn som *Sveinki* (: *Sveinbjǫrn* odl.), *Brynki* (: *Brynjolfr*), jfr. *frænka* = *frændkona*, *griðka* = *griðkona*, *stulka* (: *stauli*); med same suffiks ogso adv. *einkum* av eit **ainaka* (: *einn*), dertil *ekkja* (av **ainakjôn*) og *ekkill*. Likamsluter: *ilki* (: *il*), *jarki* (: *jaðarr*), *kjalki* (jfr. t. *Kehle*, *kjǫlr*), *makki* (: *mǫn*). Andre tingsord: *blaðka* (: *blað*), *buðkr*, kannhenda *stilkr* (: *stjǫlr*); i *spjalk*, *spelka* høyrer vel *k*'en til roti. Abstrakt: *fúki* (: *fúi*), *hálka* (: *háll*), *harka* (: *harðr*), *hláka* læka, tøyr, *miski* misgjerning (: *mis-*), *smáka* (: *smár*), *smalki*; ogso *dy(n)kr* (: *dynr*) og *traðkr*; *þurka* f. er vel laga til verbet; hit høyrer og **eink* (i *einka*, *einkar*) og *sínka* f. sjølvnytte (*sínkr* sjølvnyttug).

Ordskap med s.

46. Dei fyrrgermanske stomnarne paa *-s* (*-z*) (mest inkjekyn) vart i germansk vokalstomnar, med di at dei anten vart utvida med *a* eller miste *s*'en (*z*'en). Til det fyrste slaget høyrer † *barr* (got. *bariz-*), *fær*, † *hatr*, *lær*, *myrkr*, *ræfr* el. *ráfr*, † *røkkr*, *ørr* (av **arviz*), *sætr* (av **sâtiz-*), kannhenda og *setr* og † *dægr*; † *heill* n. f. (av **hailz-*) og kannhenda † *fjall*; † *sigr* hev vorte m., *heiðr*, *hróðr*, *angr* er anten *s*- eller *r*-stomnar; *virtr* var vel *s*-stomn (grunnform **vertiz?*). Um *nykr* sjaa § 47, 2.

Dertil desse, der alt i fyrrgermansk tid suffikset var berre *-s* (ikkje *-*os*, *-*es* = germ. *-az*, *-iz*): † *ax*, † *fax*, † *sax*, *ljós* (av **leuhs-*), kannhenda og † *hús*. Ein *s*-stomn vár ogso *óss*. Utvida *s*-stomnar er vel og *gras* (jfr. *gróa*), *hams* (: *hamr*), *lás* (av **lams-a*, jfr. *lǫm* f.) og † *þurs*; *lýrr* av **leuhiza*. Slike ord som *rifs* og *kalls* er derimot nylagingar til verb paa *-s*.

Burtfalle er *s* kannhenda i *hrip* n. (**hrepiz*), *ryð* (**rudiz*), *skil* (**skeliz*), *grand* (ags. *grandor*) ofl. Ved sume var det i samgermansk tviformer som *agi*, *skaði* mot got. *agis*, *skaþis*, *salr*, ags. *sele* mot ags. *salor* ofl. Soleis og *kalfr*, *lamb* mot *s*-stomn i vestgerm.: ags. *cealf* og *calfur* osfr. Det same *s* som i desse vestgerm. ordi hev g.norsken i *hænsn* av (**hônis-în-* jfr. t. *Hühner*).

Eit indogermansk *s* hev dyrnamni † *gás* f., † *lús* f., † *mús* f. Andre samgermanske dyrnamn med -s er † *lax* og † *fox* (i gamalnorsk berre som n. med tydingi „fusk“, men samgerm. m. „rev“). Til *fox* svarar hokyn † *fóa* (**fuhôn*), so *-s*'en høyrde berre til hankynsordet.

47. 1. Ei ending *-si* finst i fleire dyrnamn for hanslaget, eit slag minkings- og kjælenamn: *bassi*, *bersi*, *kausi*, *kramsi*, *krumsi*, *kussi*, *mási*, dertil avleidingi *hrognkelsi* n., jfr. og *ufsi* storseid. Denne *s*'en høyrer kannhenda upphavleg ihop med *s*'en i *fox*, men *-si* hev vorte frævt med minkingstyding, so og um personar: *bjaxi* odl. og i stuttnamn: *Bensi*, *Grímsi*, *Jónsi*. Ting.: *grefsi* m. (: *gref*), *vǫlsi*, *hremsa* (: *hrammr*).

2. Ei onnor ending *-si* er fræv i adjektiv: *framsi*, *algangsi* (*-sa*), *halzi*, *heitsi*, *hírsi* hiren, *áheyrsi*, *hugsi*, *hvimsi*, *játsi*, *áleiksi* som tapar i strid, *fulleiksa*, *fullnumsi*, *eptirstaðsi*. Dette ordskapet hev kanskje gjenge ut fraa eit samgerm. partic. perf. akt. av sterke verb paa *-*ves-*, *-*us* (got. *bêrusjôs* foreldre); um so er, so er slike som *fullnumsi* (**num-us-an*) og *heitsi* upphavlege, men *framsi*, *áheyrsi* osfr. etterlagingar. Eit slikt upphavlegt partic. er vel † *nykr* (**nik-vez-*) og vel ogso *næfr* (**nâb-uz-jô*). I vestgerm. var det og reidskapsord paa *-*ves-î*, *-*us-î* (som ags. *byres* navar). Eit slikt er † *øx*. Ein kunde kanskje og jamføra gn. *grefsi* m. grev, men dette er vel heller minkingsform paa *-si*, sjaa 1.

3. Endeleg er det nokre faae abstrakt paa *-si*: *galsi* kjæta, *kalsi* kulde, *ofsi*, *vansi*; *dulsi* er uvisst m. u. t. tydingi; hokyn: *víðsa*. Desse ordi kunde vel svara til dei vestger-

manske paa *-isan*: ags. *gǣlsa* kjæta (altso **ubisan*, **vanisan*). Til got. *frums* m. upphav svarar g.norsk *frums* i *frumsarbrauð*.

Endingar framvaksne av sjølvstendige ord.

48. I den store mengdi av germanske samansetningar skil det seg ut visse serflokkar, der etterleden hev meir eller minder mist sitt sermerke som eige ord; den upphavlege tydingi hev bleikna av eller gjenge heilt burt, og det som fyrr var samansetningsled hev sige ned til ending, sume av deim heiltupp (her hev daa ogso ljoden vorte veikt, etterdi ordet samstundes med eigentydingi ogso miste tonen eller vart tonveikt), andre stend endaa liksom paa skilet millom eigenord og ending. Sovorne samansetningar høyrer daa inn under avleidingslæra. Til dette slaget høyrer i gamalnorsk ordi paa *-ligr*, *-samr*, *-látr*, *-rœnn*, *-endi*, *-dómr*, *-skapr*, *-leikr*, *-dagi*, *-átta*, *-orð*.

49. ***Ord paa -ligr***, frumgermansk ***-lîka***. Dette ordskapet var ikkje mykje fjølment i gotisk, mykje meir i vestgermansk og i nordisk og gamalnorsk, der det alljamt auka paa med mengdi. Upphavet til dette ordskapet var vel possessiv samansetning med ordet *lík* „skapnad, kropp", so at t. d. *mannligr* altso upphavleg tydde „som hev manns skapnad" (skyld med *mannlíkan*); kannhenda fanst det og eit frumgermansk einslydande adjektiv (**lîka*) med tydingi „lik, jamn, høveleg", so ikkje alle samansetningarne upphavleg var possessive (*mannligr* kunde daa, um det hadde denne etterleden, vera „mann-høvande"). I gamalnorsk hev *-*lîka* vorte veikt til *-lig-*, so nær som i pronomen-samansetningarne *hvílíkr*, *þvílíkr* og *slíkr* (= got. *svaleiks*, uttala *svalîks*), og so i *glíkr* (= got. *galeiks*); desse undantaki hadde daa vel eingong tonen paa *-lík*.

Same upphav som adjektivi paa *-lig* hev sjølvsagt ogso adverbi paa *-liga* (*-la*) = frumgermansk *-lîkô*, som elles ikkje hev noko samband i bruket med adjektivi paa *-lig*; for denne endingi (*-*lîkô*) laga samgermanske adverb til alle adjektiv (so nær som dei paa *-lig*), t. d. † *harðliga* (*harðla*) adverb ikkje til *harðligr*, men til *harðr*, got. *aljaleikô* = g.norsk *elliga* (*ella*), utan noko adjektiv **aljaleiks*. Denne adverbendingi er no den einaste i engelsk (*-ly*).

Endingi *-lig* avleider adjektiv av substantiv og adjektiv (i nokre faae døme ogso av smaaord), som i vestgerm., i g.norsk (og i gl.tysk) ogso av verb.

Avleidingarne av substantiv tyder „som likjest, som høyrer til", t. d. † *guðligr*, *fugligr*, *haukligr*, † *hundligr*, † *konungligr*, † *mannligr*; *hafligr*, *hafnligr*, *handligr*, *holdligr*, † *jarðligr*; † *dagligr*, † *dauðligr*, † *hatrligr*, † *stundligr* osfr.; dinæst: „som er av (eit to)", so endingi *-lig* kjem istaden for den samgermanske, or bruk komne, endingi *-inn* (*gullinn*), t. d. *eirligr*, *grjótligr*, *gulligr*, *jarnligr*, *leirligr*, *línligr*, *silfrligr*, *steinligr* ofl.; ved andre kjem ho istaden for *-ugr* eller *-óttr*: *blóðligr*, *hreysiligr*, *regnligr* ofl.

Avleidingarne av adjektiv skulde upphavleg tyda: „som ser ut som det adjektivet tyder, som er paa lag slik", men skilnaden er som oftast liten og stundom ingen, *fagrligr* er det same som *fagr*; merk *góligr* av *góðr*. Av adverb og smaaord er avleidt: *optligr*, *eiligr*, *ofarligr*, *yfirligr* himmelsk; *núligr* i Eluc. er for *nýligr*. Um avleidingarne av verb sjaa nedanfor (3). Til sume er det ikkje grunnord (i minsto ikkje i skrifterne), som *brugðligr*, *glensligr*.

Med umsyn paa formi av grunnordet er mangt merkande. 1. Etter som ordet eigenleg er samansett, kann grunnordet faa dei skap som eit ord elles hev i fyreleden, altso t. d. *lǫgligr* (for **lagligr*), sidan formi *lǫg* (som er nom. plur.) ogso kann brukast i samansetning.

2. Ikkje sjeldan stend det i genitiv, soleis med *-s*: *fjándsligr* (og *fjánd-*, *fjánda-*), *fólsligr*, *geðsligr*, *hamsligr*, *harmsligr*, *hundsligr* (og *hund-*), *kvennsligr* (og *kvenn-*), *meinsligr* (og *mein-*), *trollsligr*, *þrælsligr*, jfr. adv. *erfiðisliga*; av adjektiv: *einsligr*, *gózligr* (og *gó-*),

illsligr (og *-illi-*), *úþinsligr* (: *þinn*), *vánzligr*; av pronomen: *þessligr*. Jfr. i nyn. ogso *karsleg, barnsleg* osfr. Andre genitivformer: *heiðarligr* (= *heiðrligr*), *matarligr*, *ógnarligr*, *sunarligr*; *bróðurligr*, *fǫðurligr*, *móðurligr*, *nætrligr*. Ogso gen. plur.: *bœnaligr*, *hjónaligr*, *rósaligr* (: *rós*), *hirðaligr* (og *hirði-*, til *hirðir*). Av veike subst. t. d.: *blómaligr*, *endaligr* (og *endi-*), *fjándaligr* (og *fjánd-*), *háskaligr*, *hroðaligr*, *líkamaligr*, *óttaligr*, *risaligr*, *skaðaligr*, *viljaligr*; *einsetuligr*, *elskuligr*, *furðuligr*, *giptuligr*, *heilsuligr*, *hneisuligr*, *kirkjuligr*, *orrostuligr*, *regluligr*, *rósuligr* (jfr. *rósaligr*), *siðvenjuligr*, *svívirðuligr*, *vissuligr*; *hjartaligr*. Mykje meir sjeldsynt er det gamle samansetningslaget at *n*-stomnarne kastar burt siste stavingi (jfr. *aug-sýnn*): *andligr*, *félagligr*, *fjándligr*, *hjartligr*, *brosligr* (*brosa* f.), *fyrnskligr* (*fyrnska*), *kvennligr*, *orrostligr*, *pútligr*, so og i framandordi: *keisarligr*, *meistarligr*, *riddarligr*, *náttúrligr*; *persónaligr* er misslaga (laga paa ubøygd latinsk *persona*).

3. Ordi paa *-ja* med halden *i* (t. d. *hirðir*, *menni*) held sjølvsagt *i*'en ogso framfor *-ligr*: *hirðiligr* (jfr. *hirðaligr* ovanfor), *skyrsiligr* osfr.; men det finst undantak: *hirðligr*, *hlœgligr* (*hlœgi*), *leynligr* (*leyni*). Likeins allstødt hokynsordi paa *-i*: *regiligr*, *hræsniligr* osfr., men *skamfylligr* (av *-fylliligr*). Dei *ja*-stomnar som ikkje syner *i* i nominativ, hev likeins oftast *i* framfor *-ligr*: *drengiligr*, *dyggiligr*, *gengiligr* (*gengr*), *bæriligr*, *dræpiligr*, *guðrækiligr*, *þægiligr*, *gagnfœriligr*, *œliligr*, *aftœkiligr* osfr. Med di at mange av desse adjektiv (paa *-ja*) hev substantiv paa *-i* jamsides (*fœrr*: *fœri*), er det ofte uraad aa sjaa, anten adjektivet paa *-iligr* er avleidt av adjektiv eller av substantiv, t. d. *fœriligr*, *gerviligr* (*gerr*: *gervi*). Elles er det mange undantak (med *-ligr* for *-iligr*), som: *auðsýnligr* (adv. *auðsýniliga* til *auðsýnn*), *brýnligr*, *heilnæmligr*, *vænligr*, *fátœkligr*, *slœgligr*, *skapfelligr* (av *feldligr*) osfr., mange hev baae former: *greyp*(*i*)*ligr*, *hvatskeyt*(*i*)*ligr*, *frábær*(*i*)*ligr*, *hugkœm*(*i*)*ligr*, *gagnstœð*(*i*)*ligr* ofl.

Forutan subst. paa *-i* hev desse adjektiv paa *-ja* ogso oftast eit verb paa *-j* jamsides (*fœrr*: *fœri*: *fœra*), so adjektivet paa *-iligr* lett kunde koma i samband med dette; det er daa ofte vandt aa avgjera, anten det høyrer til det eine eller til det andre; t. d. *hlœgiligr* kjem fulla av *hlœgi* men kunde lett synast koma av *hlœgja*, likeins med *fýsiligr* (*fýsi* f., *fýsa* vb.), *fylliligr* (*fylli* f., *fylla* vb.), *mœðiligr* (*mœði* f., *mœða* vb.), *minniligr* (*minni* n., *minna* vb.) osfr. Paa denne visi vart det til det at det laga seg adjektiv paa *-iligr* beinveges ut av verbi paa *-j*, soleis t. d.: *blekkiligr*, *bergiligr* (*bergja*), *breytiligr*, *bræðiligr*, *fægiligr*, *girniligr*, *hræðiligr*, *hæðiligr*, *hyggiligr*, [*kyssiligr*, *lystiligr*, *sendiligr*, *spilliligr*, *teygiligr* ofl. Ved sume av desse kann det elles vera tvilsamt, um ikkje det heller er eit adjektiv paa *-inn*, som ligg til grunn (*hræðinn*, *hæðinn*, *hygginn*), for at *-inligr* kann verta *-iligr*, kann ein sjaa av *kristiligr* = *kristinligr*, *hækiliga* adv. til *hækinn*. Sikkert avleidt av *-ind* er *leiðiligr* = *leiðinligr* (n. *leiðint* av **leiðindr*). Tvilsamare er det um *-illigr* kann verta *-iligr*: *heimiligr* av **heimil-ligr*? (*heimill*), jfr. *útaligr* jamsides med *útalligr* (og *útǫlu-*). Med alt dette hev det kome upp ei ending *-iligr*, som so kann verta lagd til eit ord som ikkje hev noko *-i*, t. d.: *illiligr*, *rettferðiligr*, *sleitiligr* (= *sleituligr*, til *sleita* f.), *spelliligr* (= *spilliligr*) til *spell* eller *spella aða*, *úræstiligr* til *úræst* f.

4. Ein vokal som er synkopera i grunnordet framfor *r*, kjem ofte uppatt, naar *-ligr* kjem til: *ítarligr* (*ítr*), *undarligr* (men *eitrligr*), *ógurligr*, *snǫfurligr* (av adj. *snǫfurr*? jfr. adv. *steigurliga*), *ǫmurligr*; *iðu(r)ligr* samanblanda med *iður-* (i *iðurmæltr*). Dette *-ur* kjem ogso inn paa urette staden i *krǫpturligr* (Edda), *náðurligr* (og *náðu-*), *tigurligr* (og *tigu-*).

5. Liksom det fraa ymse upphav hev kome ihop ei ending *-iligr*, so hev det sameleis vorte ei ending *-uligr*. Her ligg no fyrst til grunn genitiv av hokynsordi som fyrr nemnd (2.). Dinæst ser det ut til at *-uligr* ogso kann vera uppkome av *-ugligr*; i sume høve finst ogso *-uglig* jamsides, soleis *náðu*(*g*)*ligr*, *nauðu*(*g*)*ligr*, *stǫðu*(*g*)*ligr*, *reiðu*(*g*)*ligr* vreid (vantar adj. **reiðug*), *skǫru*(*g*)*ligr* for *skǫrung-*? Til adjektiv paa *-ug*

kann daa svara: *burðuligr*, *háðuligr*, *heiptuligr*, *hǫrmuligr*, *íðuligr*, *listuligr*, *lystuligr*, *máttuligr*, *skylduligr* (= *skyldugr*, eller til subst. *skylda* f.?), *þurftuligr*, *virðuligr*, *vǫlduligr* (: *burðugr*, *háðugr*, *heiptugr* osfr.); soleis vel og *gríduligr* til eit **gríðugr*. Tvilsamt er det um *-uligr* ogso kann vera uppkome av *ulligr* (jfr. *iligr* 3), so *heimuligr* kunde vera = *heimolligr* (sideformer *heimonligr*, *heimiligr*), *kostuligr* til *kostall*, *gráluligr* til eit **grátall* (**grátull*)? Dette paa ymse vis uppkomne *-uligr* vert daa førd vidare, so det kann verta lagd til jamvel der ikkje noko *u* høyrde til: *dauðuligr*, *fáguligr*, *gagnverðuligr*, *leiðuligr*, *mátuligr*, *ráðuligr* (*ráðugr* hev ei onnor tyding), *ríkuligr*, *skipuligr*, *tiguligr* (og *tigur-*), *þokkuligr*, *þrekuligr* (og *þrekaligr*), *þroskuligr*, *þrúluligr*.

5. Ei ending *-anlig* hev til upphav particip paa *-nd*; i nokre faae høve vert *d* standande: *aukandligr*, *dugandligr*, elles utan *d*: *byrjanligr*, *dauðberanligr*, *fráberanligr*, *dýrkanligr*, *efanligr* (*ifan-*), *elskanligr*, *grátanligr*, *harmanligr*, *hitnanligr*, *kennanligr*, *líknanligr*, *lofanligr*, *óttanligr*, *prófanligr*, *reikanligr*, *ritanligr*, *skiljanligr*, *skínanligr*, *snúanligr*, *yfirstíganligr*, *svíkjanligr*, *trúanligr*, *viljanligr*, *þaganligr*, *þolanligr*, *þoknanligr*, *vitanligr*, *ǫskranligr*, osfr. Mykje med *ú-*: *úboðanligr*, *úlæknanligr*, *úsigranligr*, *úsløkkvanligr*, *úseðjanligr*, *úþrjótanligr*, *úþrotnanligr*, *úvirðanligr*, *úætlanligr* osfr. Dette *-anligr* hev vel kannhenda og upphav i substantiv paa *-an* som *lofan*, *prófan*, *reikan*; *hjartanligr* for *hjart(a)ligr* er vel tysk. Ogso glt. hev *-an(t)lîh* av particip.

6. Mykje aalment er samband med *-sam* til *-samligr* sjaa § 52.

50. ***Ord paa -samr.*** Ogso dette suffikset var samgermansk; fraa gotisk hev me berre eit døme: *lustusams* lysteleg. Suffikset er same ord som *samr*, *inn sami*, og tyder daa upphavleg „sams med, som høver til, samstavast med". Dei fleste ordi er avleidde av abstrakte substantiv og tyder daa mest „som hev den eller den (karakter-) eigenskapen", eller „som hev tilhug til", derav kjem vidare tydingi „full av" (t. d. † *undrsamligr*), som dei ordi hev som er avleidde av konkret, t. d. *fésamr*, *regnsamr*, *snæsamr*. Døme paa avleiding av substantiv: *annsamt*, *dvalsamr* (*dvǫl*), † *friðsamr*, *gamansamr*, *gróðrsamr*, † *haldsamr*, *hatrsamr*, *háttsamr*, *meinsamr*, † *siðsamr*, † *sorgsamr*, *svefnsamr*; *minnisamr*, *nytsamr*, *hlýðnisamr*.

Med umsyn paa formi av grunnordet gjeld det same som ved *-ligr*. Grunnordet hev den skapnaden, som det plar hava som fyreled i samansetning; altso kann det heita t. d. *rǫksamr* (som i *rǫkstólar*, *rǫk* nom. pl.), *lǫgsamr* som *lǫgligr*, *lǫgberg* osfr. Stundom stend det i genitiv: *fagnaðarsamligr*, *metnaðarsamr*, *lokkaðarsamligr*, *siðarsamr* (og *sið-*), *ávaxtarsamr*, *rausnarsamr*, *ununarsamligr*, *jartegnarsamliga*, *dýrðarsamr*, *frygðarsamligr*, ogso i gen. pl.: *ákasta-*, *ávaxta-*, *afskipta-* (*afskipti* n. pl.), *birtinga-*, *illgerða-*, *jartegna-*, *virðingasamr*; *n*-stomnarne hev sjeldan den gamle samansetningsformi (med burtkasta siste staving): *lostsamr*, *skaðsamr*, *kvennsamr*. Mest hev dei genitivformi: *athuga-*, *hávaða-*, *háska-*, *kulda-*, *skaðasamr*, *gála-*, *hégoma-*, *hofðingja-*, *losta-*, *sigrvegara-*, *skugga-*, *sómasamligr*, *athyggju-*, *fylgju-*, *iðju-*, *þurkusamr*, *gæfusamliga*, *mæðu-* (og *mæði-*), *giptu-*, *vináttusamligr*, *vǫkusamr* vaatsam (*vǫkva*) ofl.

Av adjektiv er berre nokre faae avleidde: *dýrsamr*, † *heilsamr*, *hraustsamligr*, *klóksamligr*, † *ljúfsamligr*, *ágætsamliga* adv., † *langsamliga* adv.; *frjósamr* og *meinsamr* kann liksogodt koma av substantiv som av adjektiv. Av adverb kjem *optsamligr*. I gamaltysk og angelsaksisk vert ord paa *-sam* ogso avleidde av verb. I g.norsk er det eit par døme ogso paa dette: *bergisamligr* (*bergja*), *gleym(i)samr*, *hendisamr* (*henda*).

51. Av adjektiv paa *-samr* kjem substantiv paa *-semd* og *-semi* (§ 27 4 II, 22 II). Ofte finst baae endingar ved same adjektiv, t. d. *angr-*, *ást-*, *dá-*, *feng-*, *frið-*, *frænd-*, *hljóð-*, *hóf-*, *kapp-*, *mein-*, *miskunn-*, *nyt-*, *sið-*, *skyn-*, *unaðsemd* og *-semi*.

Stundom finn me substantiv paa *-semd* eller *-semi* utan noko adjektiv paa *-samr*; dette tykkjest syna at *-semd* (og *-semi*) alt i gamalnorsk hadde vorte sjølvstendigt suffiks,

liksom i nynorsk; t. d. *ábersemi, dáđsemi, daunsemd, fjandsemi* (*-semd*), *flaumsemi* (til *flaumr*), *mágsemd, mannsemi, skjalsemi, vitsemd.*

52. Mykje aalment er sambandet *-samligr.* Slike ord skulde eigenleg tyda „som er eller fær aat slik som den som hev tilhug til", men oftast er det ingen skilnad paa *-samr* og *-samligr* i tydingi: *friđsamligr* er det same som *friđsamr.* Den større luten av ordi paa *-samr* hev sideform med *-samligr.* Sume hev berre formi paa *-samligr* (i minsto i skrifterne): *dá-, efa(đ)-, fagnađar-, frygđar-, frænd-, gála-, get-, giptu-, glat-, gleym(i)-, glys-, grát-, gæfu-, hégoma-, herra-, hraust-, hǫfđingja-, klók-, krapt-, ljúf-, losta-, níđ-, nyt-, sigr-, sigrvegara-, sóma-, ununar-, veg-, vinsamligr.*

53. ***Ord paa -látr.*** Gamalnorsk hev ei mengd med samansetningar med *-látr.* Denne etterleden er upphavleg *lát* n. læte, aatferd, og ordi tyder soleis: „som hev ei aatferd som", d. e. „som fer aat eller ter seg so eller so". Fyreleden er oftast eit adjektiv, sjeldnare eit substantiv (onnorleis i *fyrirlátr* etterlaaten, som kjem av *láta*); t. d.: *blíđ-, bráđ-, glađ-, hljóđ-, hrein-, hugađ-, hvat-, kyrr-, lítil-, mikil-, mjúk-, naum-, óđ-, rakk-, rang-, rétt-, rík-, sein-, sjúk-, skjót-, smá-, spak-, stór-, stríđ-, tíđ-, þrá-, vand-, ǫr-*; *hóf-, hæfi-, mein-*(*látsamligr*), *ríki-, siđ-, stjórn-, tóm-, undr-, ústýri-, várkunn-, veg-*; (*hugarlátliga* er mislaga, for *hugađlátliga*). I dei fleste ordi er tydingi „aatferd" klaart gjenomsynleg, men i sume mindre, so desse vert einstydige med ord paa *-samr*, og i det heile syner det seg av den store mengdi det hev vorte av ord paa *-látr*, at dette *-látr* er paa vegen til aa verta ending.

54. ***Ord paa -rœnn.*** Adjektiv paa *-rœnn* tyder „som kjem fraa —". Upphavleg hadde dei visst som fyreled berre ordi for himmels-ætterne. Etterleden, med grunnform *-rônja*, var alt i samgermansk ikkje noko sjølvstendigt ord lenger, men hadde vorte suffiks. I gamalnorsk hev dette suffikset breidt seg meir, so det ogso kann laga adjektiv av nokre fleire ord enn ordi for himmels-ætterne. Gamalnorsken hev desse ordi paa *-rœnn*: † *norđrœnn* (*norrœnn*), † *suđrœnn,* † *austrœnn,* † *vestrœnn, hérrœnn* innanlandsk, *fjallrœnn* som kjem fraa fjellet (um vind), poet., *hafrœnn* som bles fraa havet, poet., *aldrœnn* gamall, *alrœnn* umgjengeleg, *einrœnn* sermerkeleg, *undrœnn* (Bjørn Haldorsson) urimeleg. Hertil subst. som *norrœna* nordanvind, norsk tungemaal; jfr. isl. *hjáræna* f. tulling (til eit **hjárœnn*).

55. ***Ord paa -endi*** (***-indi, -yndi***). Inkjekyn, mest pl., og (sjeldan) hokyn. Sume av desse ordi kann vera avleidde av particip (§ 26), men dei fleste er visst uppkomne av adjektiv samansette med eit frumgerm. **-vandja* (-**vundja*) til *vinda* (upphavleg tyding „vend imot"). Slike adjektiv finst det fleire av i ags., i gamalnorsk er det berre tri att: † *heilendr* (*-indr*) helseleg = ags. *hálwende, jafnyndr* upartisk og *leiđint* n. til eit **leiđindr* = ags. *láþwende.* Av slike adjektiv hev daa vorte substantivera substantiv (som *færi*: *færr*, § 13 3 b). Fyreleden er oftast adjektiv, t. d. *berendis* (adverbial gen.) openbert, til *berr, bráđendis* (adv. gen.), *blíđendi* f., *fagrendi* (*fegrindi*) n. pl., *fúlendi* n. pl., *fullendi* n., *fastendi* n. pl., *fríđendi* n. pl., *góđendi* n. pl., † *harđendi* n., † *heilendi* n., *hógendi* n. pl., *hœgindi* n., *illendi* n. pl., *leiđendi, líkendi* n., *rangendi* n. pl., *réttendi* n. *sannendi* n. f., *tíđendi* n. pl., *úhreinendi* n., *vandendi* n., *veilendi* n. veila, *vísendi* n. pl. kunnskap; slike som *líkandi* n., *úhreinandi* n. (jamsides med *úhreinendi*), *fljótendi* n. kavl, *kvikendi* ofl. er vel particip, likeins *hyggendi* f. og *bindendi* f. n.; *þægendi* er nylaga til *þægr, þægja, rækendi* til *rækr, rækja,* soleis ogso *drýgendi* til *drýgja.* Av substantiv t. d. *hagendi* n. pl., *hlunnendi* n. pl., *sárendi* n. pl., *skrípendi* n. pl. (: *skrípi*), *þarfendi* n. pl., *hœfendi* (: *hœfi* eller *hœfa*), *makendi* n. pl., *vélendi* n.

56. ***Ord paa -dómr.*** Etterleden hadde som sjølvstendigt ord grunntydingi „det fastsette", derav „dom" og „magt-ring" og endeleg „tilstand, kaar". Desse tydingar finn me og i samansetningarne, men berre i tydingi „tilstand, kaar" kann ein segja at

-dómr nærmar seg til aa verta suffiks. Slike samansetningar, der *-dómr* er ending aa kalla, finst i alle germanske maal utanum gotisk. I gamalnorsk kann ein endaa finna usamansett: *heilagr dómr* (og *heilagdómr*), *kristinn dómr* (og *kristindómr*), *frjals dómr*. Elles er ikkje bruket av *-dómr* som suffiks mykje gamalt i norsken, i Eddadikti finst det berre *hórdómr*, *konungdómr* og *megindómar* store ting. Fyreleden er adjektiv eller substantiv. Adjektiv: *fátœk-*, † *heiðin-*, *krank-* (ogso *krankdœmi*), † *kristin-*, *leik-*, *lær-* (for *lærð-*, ogso *læridómr*), *mjúk-*, † *rík-* (ogso *ríkdœmi*), † *sjúk-*, † *vís-*. Substantiv: *blót-*, *elli-*, *guð-*, † *hór-*, *lækni-*, † *mann-*, *mey- spá-*, *ríki-*, *svein-*, *svik-*, *þræl-*; *jarl-*, † *konung-*, † *biskup-*, *klerk-*, † *prest-*; ogso genitiv: *læknis-*, *fátœkis-*; *biskups-*, *konungs-*, *hǫfðingja-*, *svikara-*, *keisara-*, *meistara-*, *herra-*, *postoladómr* (*-dœmi*); *læridómr* er laga etter *lærifaðir* osfr. (til verb *læra*); *lækidómr* er kannhenda laant fraa ags. (*lǣcedóm*).

57. ***Ord paa -skapr.*** Ogso denne samansetningsavleiding er samgermansk (utanum gotisk); *-skapr* med stomn **skapi* (jfr. *skap* n.) kjem av *skapa* og tyder upphavleg „skapnad, form“, dinæst „tilstand, maate, vis“; *drengskapr* altso eigenleg „art eller kynde som er i ein *drengr*“. Utav denne tydingi hev det so kome ei kollektiv tyding, som desse samansetningarne ofte kann ha (jfr. nyn. *buskap*). Ord paa *-skapr* kjem mykje nær til ordi paa *-dómr*: *riddaraskapr* = *riddaradómr*. I Eddadikti finn me berre eit ord paa *-skapr*: † *vinskapr*. Fyreleden er oftast substantiv, t. d.: *blót-*, † *boð-*, *dreng-*, *fífl-*, *garp-*, *grey-*, *her-*, *hjón-*, † *hjú-*, *kaup-*, † *mann-*, † *prest-*, † *sif-*, *skáld-*, *skǫrung-*, *troll-*, † *þegn*, † *vin*; i † *landskapr* med tydingi „lands sid“ er *-skapr* sjølvstendugt ord, i det same ordet med tydingi „landslut, landskap“ er *-skapr* suffiks liksom i tysk. Veike substantiv hev mest genitivformi: *bónda-*, *dára-*, *gála-*, *hǫfðingja-*, † *riddara-*, *fordæðu-*, *fýlu-*, sjeldnare den gamle rette samansetningsformi: *boð-*, *félag-*, † *fjánd-*, *hǫfðing-*. Av adjektiv kjem berre faae: † *arg-*, *greið-*, *klók-*, *kyndug-*, *vǫldug-* (= *vǫldugleikr*); av adverb: *velskapr*; *kvedskapr* synest vera laga av verb, likeins *yfirdrepskapr*; til *grellskapr* er det ikkje noko grunnord.

58. ***Ord paa -leikr (-leiki).*** Dette ordskapet er berre nordisk. Det finst fulla og i vestgermansk, mest i ags., ord paa frumgermansk *-*laika*, men her hev (liksom ogso endaa i Eddadikti) etterleden si upphavlege uveikte tyding „leik, snøgg rørsla“ odl. (t. d. i ags. *beado-lác* „strid-leik“, *brýþ-lác* brudlaup, *réaf-lác* „rov“, upphavleg „rov-leik“, *scín-lác* glimverk, upphavleg „skrymt-leik“, osfr.); i engelsk er det nokre ord paa *-ledge*, men dei er laante fraa nordisk. Berre i nordisk seig denne etterleden til suffiks, og dette nye suffikset vart alt frævare med tidi, mykje meir enn dei andre som er uppkomne av samansetnings etterled. Det kann laga abstrakt til snart sagt kvart adjektiv, baade dei einfelde og dei samansette, endaa um ordet vert mykje langt, som t. d. *iðuligleikr*, *gerviligleikr*, *undarligleikr*, *vináttuligleikr*; avstytt hev adjektivet vorte i *fullkomleikr* til *fullkominn* (jfr. *fullkomliga*), og *nøkkleikr* for *nøkktleikr*, *efanleikr* for *efandleikr* (jfr. *efanligr*). Ordi vert ofte ogso bruka i plural. (*fá-*, *hljóð-*, *kunn-*, *kær-*, *stutt-*, *varleikar* osfr.). Forutan *-leikr* finst det og ei nyare form *-leiki* gen. *-leika*. Mesteparten hev berre *-leikr*, men sume skifter med *-leikr* og *-leiki*, som *góð-*, *hljóð-*, *klók-*, *kunn-*, *ljót-*, *lystug-*, *nóg-*, *rík-*, *sað-*, *sjúk-*, *skír-*, *skygn-*, *stór-*, *væn-*, sume hev som det synest berre *-leiki*: *bein-*, *gild-*, *heil-*, *hóg-*, *kunnug-*, *mein-*, *rétt-*, *síð-*, *skyld-*, *varleiki*. Av substantiv kjem berre faae: *fár-*, *félag-*, *gaman-*, *skǫrung-* (og *skǫru-*), *sœmileikr*; *skuldleikr* tyder det same som *skyldleiki*, men ser ut til aa koma av *skuld*. Av adverb: *optleikr*. I *kappleikr* og *veðrleikr* hev *-leikr* meir si sjølvstendige tyding.

59. ***Ord paa -dagi.*** Dette suffikset er sams for gamalnorsk og gamaltysk. Det er *dagr* utvida til *n*-stomn, og grunntydingi er soleis „dag, termin“, som det og hev i *gjalddagi* betalingsdag og *eindagi* = *eindagr*. Men det hev sige ned til suffiks i *dauð-*, *mál-*, *raun-*, *skildagi*; *skildagi* hev til fyreled *skil* n., men kunde lett synast aa

høyra til *skilja* og so hev det daa etter dette mynsteret laga seg *bardagi, spurdagi, svardagi* av *berja, spyrja, sverja*; jfr. gamalskaansk *ardage* pløgjing (til *arðr, erja*).

60. ***Ord paa -átta.*** Dette *-átta* er vel avleiding av *átt*, til *eiga*, og hev si upphavlege tyding i *forátta* fyrebering, *viðrátta* = *viðreign* og *veðrátta*. Men det er sige ned til suffiks i *barátta, kunnátta, víðátta, villátta, vinátta* (jfr. likevel *veiztu ef þú vin átt*).

61. ***Ord paa -orð.*** I sume av samansetningarne med *-orð*, hev *-orð* næsta vorte til suffiks. Soleis *ban(a)orð* tidend um draap, men ogso: draap, *boðorð* paabod, *bónorð* bøn, friing, *eiginorð* eigedom, egteskap, *gjaforð* samtykke (til egteskap), giftemaal, egteskap, *goðorð* gode-embætte, *heitorð* lovnad, *kosorð* val, *legorð* legemaal, *leiðorð* leidsemd, *letorð* fraateljing, *loforð* løyve, *metorð* verdsetjing, vyrdnad, *skilorð* avtale, vilkaar, *vitorð* kunnskap, medvitand.

62. Mykje frævt i vestgermansk var eit abstraktsuffiks med grunnformi -**haidu*, som upphavleg ogso var samansetningsled og som sjølvstendigt ord tydde „maate, vis“ (got. *haidus*). Fyreleden er anten eit substantiv (t. d. glt. *gotheit* = ags. *godhád* guddom, ags. *mægdenhád* (engl. *maidenhood*), jft. glt. *magadheit* møydom), eller (i glt. tidast) eit adjektiv (t. d. glt. *wârheit* sannleik) Dette suffikset vantar i dei norderlendske maali, men det kom sidan inn i deim alle fraa tysken og vart mykje aalgjengt (i sv. *-het*, i dansk *-hed*, i millomnorsk *-heit*). I gamalnorsk finst det berre eit slikt laaneord: *skalkheiðr* (i Stjórn) fals, svik fraa mnt. *schalkheid.*

Verb.

63. Dei avleidde verbi høyrer til dei verb som hev den veike bøygningi. Dei gamalnorske veike verbi skipar seg i tri hovudflokkar. Til den fyrste høyrer dei som i frumgermansk enda paa *-ê*, soleis at verbalstomnen var roti med ein tillagd *-ê*, t. d. **habê-* (rot **hab*), til den andre høyrer dei som i den same tidi hadde verbalstomn paa *-i*, t. d. **ranni-* (g.norsk *renn-* i *renna*), og til den tridje dei som hadde ein tillagd *-ô*, t. d. *kallô-* (gamalnorsk *kalla-*).

64. ***Verb paa -ê*** (gamaltysk *habên*). Desse verbi er mest intransitive. Verbalroti, som mest stend paa lægste avljodsstiget (3.), hev vorte paaskøytt med ein *ê*. Sume av desse verbi stend paa lina med dei sterke, med di dei hev røter som ikkje samstundes finst i sterke verb, dei er rotverb sjølve, eller primære verb, t. d. *blaka* (og *-að-*), † *gapa, gana, gnapa, lafa, skaga, snapa, þrasa*, † *vaka, vara* upers. venta, *gá* (av **gavên*, jfr. *gaum*), † *fjá* (av **fijên*), *brosa, duga* (vestgerm. præterito-præsens), *gnúfa* luta, *grúfa*, † *hoka* kruksa, *húka, luma* (berre i imper. *lumi*) sleppa, *lúta, ropa* rapa, *skopa* flira, spotta (vestg. *-ôn*), *snapa*, † *þola, þora*, † *una*; † *segja* og † *þegja* hev fenge *j*-præsens. Sume hev samband med sterke verb, t. d. *aga* (: got. *agan* st. vb.), † *hafa* (: *hefja*), † *hanga* (: *hanga* st. vb.), *holfa* (: *hvelfa*), *horfa* (: *hverfa*), † *lifa* (: got. *bileiban*), *loða* hanga fast (: got. *liudan* vaksa), *loka* (jfr. *lokna*, vel samrøtt med *lúka*), *muna* (jfr. præt.-præs. *man*), *nara* (: got. *ga-nisan*). Lengjingsavljod hev *váfa* (jfr. ags. *vafian*) og *kôpa* (ags. *-jan*: *cépan*). Nokre faae er avleidde: *flaka, mara* (: *marr* sjø), † *ná, sama* og *sóma*, † *skorta, skúta*, † *spara* (: *sparr*), † *trúa, ugga, kaupa* (vestg. *-ôn*). Sterke verb var upphavleg † *bága*, † *ljá* og *tjá*.

65. ***Verb paa -ô.*** Ogso av desse er det sume som ikkje er avleidde, som altso er primære aa kalla, t. d. *ama, eisa*, † *frjá, flasa, fnasa, hrapa*, † *hrata, kaga, klaka, knosa* (jfr. † *knysja*), † *rata* (got. *wratôn*) ofl. Elles er heile den uhorvelege mengdi av *ô*-verb avleidd.

a) Av adjektiv, med tydingi „gjeva ein eigenskap“ (jfr. lat. *firmâre*), t. d. † *bera* gjera

berr, † *betra*, *blauðast* verta blaud (vestg. *-jan*, § 67), *blinda* (vestg. *-jan*), *dapra* gjera tung, *digrast*, *dimma*, *fala*, *fimast*, *flóa* fløa, verma, † *frjalsa* (og *frelsa*, § 67), *fræva*, † *glaða* gjera glad (jfr. *gleðja*), *grimmast* (og *-md-*, § 67), *halla* (: *hallr*, jfr. *hella*; glt. *haldên* intr.), † *hamla* lemstra (: *hamalt*), *heiðna*, *heila* (vestg. *-jan*), *heimila* (og *-ld-*), † *hola*, *illskast*, † *jafna*, † *kristna*, *leka* gjera lek, *lina*, † *miðla* (**miðilôn*), *mikla* (vestg. *-jan*), *norræna*, *ányja* (got. *-jan*: *ananiujan*), † *opna*, *rǫskvast*, *sanna*, *sjúkast* (= *sýkjast*), *skakka*, *sljófa*, *smá* (vestg. *-jan*), *snara*, *svarta* (og *sorta*, jfr. *brúnaðr*, vestg. *-jan*), *þroskast*, † *vara* (av *varr*), *vesala*, † *vísa* (og *-st-*, vestg. *wîsôn* og *wîsjan*; til *víss*), *vitra*, *ǫngva* (og † *øngja*, § 67), *ǫrva* (: *ǫrr*) osfr. Sume vert bruka upersonlegt, t. d. † *lata*, † *líka*, *svala*. Sume er intransitive („verta so og so“), t. d. *holla* poet. vera holl, *hvata*, † *kalda*, *snara* (= *snarast*).

Av adjektiv paa *-ugr* (*-igr*) er mange avleidde: † *auðga*, *arðga* (*ǫrðga*), *blóðga*, *fjǫlga* (: *fjǫlgr* av *fjǫl*), *gǫfga*, † *helga*, † *hǫfga*, *laufgast*, *nálgast*, † *nauðga*, *saurga*, *staðga* (: *stǫðugr*, jfr. mnt. *stêdigen*), *syndgast* synda, *ǫfga* (: *ǫfugr*); (seint) *kunniga* (mnt. *kundigen*); hit høyrer vel og *litka* farga til eit **litugr*, jfr. ags. *wlitigian* og *wlitig*, og *vitkast* faa att vitet (: *vitugr*, eller til *vit?* sjaa § 72). Med denne endingi *-ga* vert det dinæst ogso laga verb utan at det gjeng noko adjektiv paa *-ugr* (*-igr*) jamsides: *blómga* faa til aa bløma, *holdgast* ikjøtast, *kvánga*, *lífga*, *málga* gjera krav paa (: *mál*; *málugr* snakksam høver ikkje etter tydingi), *sljófgast*, *snúðga* vinna (til *snúðr*; *snúðigr* er berre „snøgg“), *tímgast* vaksa, aukast, *þrifgast*, *víðga*, **vingast* (jfr. *vingan*, *vingaðr*); til *tjarga* (*tjǫrga*) tjøra hev det kanskje vore eit adjektiv **tjǫrugr*. Hit høyrer vel kannhenda og *hugga* hugga, trøysta og *þagga* faa til aa tegja (liksom av adjektiv **hugigr* og **þagigr*).

Av adjektiv paa *-samr* kjem (seint) *dásama*, *meinsama*, *vegsama*. — Avleidingar av adjektiv paa *-inn* sjaa § 66.

b) Av substantiv. Høvet av gjerdi til grunnordet kann vera mykje skiftande, stundom i same ord, t. d. *húsa* „byggja med hus“ = husa upp, og „gjeva husrom“ = hysa, *vatna* gjeva vatn aa drikka, *vatnar seglin* „segli sig under havrandi“ (jfr. same lag med *j*-verbi § 67, 2). Grunntydingi var „gjera, faa fram“ (jfr. lat. *germinâre*), t. d. av konkret: *bára* setja baaror, † *blóma* setja blom, *bólast* gjera seg bol, *búða* setja upp bud, *fola* faa fyl (jfr. *j*-verbi *kelfa* og *lemba*), *hliðast* opna seg, *maðka* (um kjøt) verta full av makk („gjeva fraa seg makk“); — „gjera til noko“, t. d. *bola* eller *bula* hogga sund („gjera til ein bol“), *mola* mola („gjera til molar“), † *gísla* (og *-lt-*) gjeva til gisl, taka til gisl („gjera til“), *manna* gjera til mann (: vestg. „manna“ = „bu med mannskap“), *riðla* vrida i ridlar („gjera til „*riðull*“) ofl. — Mest av abstrakt, t. d. † *anda*, *biða*, *bila*, *blunda*, *bragða*, *braka*, *brigsla* brigsla, neisa, *bǫlva* (got. *-jan*), *dramba*, *duna* (jfr. *dynja*), *glita* (: *glit* n.), *hljóða*. † *hóra*, *hóta* (og † *hæta*, got. *hvôtjan*), † *hvarfa*, *kasta*, † *leita* (: *leit* f.), *ljóma*, *loga* (jfr. glt. *lohen*), *meina* (vestg. *-jan*), *munda* sigta, *muna* (: *munr*), † *orða*, *orka* (: *orka* f.), † *rása* rusa fram, *siga* (: *sig*), *slaga* slaga, bauta, *stunda*, *svara*, *svipa* sviva (: *svipr*) osfr.; transitivt („gjera eitk. med“ odl., men her er gjerningshøvi mykje uklaarare, ved sume kunde det og vera „bu med“ odl.), t. d. † *afla*, *ata* (jfr. *etja*), † *boða*, † *enda* (og *-nd-*), † *firna* lasta, † *flota* (: *flot*, jfr. *flytja*), *fóstra*, *gruna* (upers.), † *harma* (syrgja yver, ogso: gjera sorgfull), *hrópa* (vestg. st. v.), *huga* (jfr. *hyggja*), † *kalla*, † *laða* (: *lǫð* f.), † *lána*, *lauga*, † *launa*, † *lofa*, *loka*, † *raufa* (: *rauf* f.), *rita* (: *rit*), † *roða* rydja (: *roð* n., jfr. *ryðja*), *róma* ropa, laata vel yver, *sauma*, † *sigra*, † *skatta*, *skila*, *skora* skora, gjera skoror i (: *skor*), *smíða* (: *smíð* f.), *starfa*, † *unda* særa, osfr. — Upersonleg um tid, vêr odl. (jfr. lat. *hiemâre*), t. d. † *daga*, *morna* (vestg. *-jan*), *aptna*, *kvelda*, *nátta* (og *nætta*; vestg. *-ên*), *vára*, *sumra*, *hausta*, *vetra* (vestg. *-ên*), † *dǫggva* (og *døggva* § 67, 2), *snjóva*, *frosta* (og *frysta*; vestg. *-ên*), *ísa* (vestg. *-ên*), *fjara* fjøra (= *fyrva*), *dala* verta dal (eig. „gjera dal“, jfr. *grynna*), *roða* ofl.

Av tydingi „gjera til eitk.“ kjem lett „kalla“: *konunga* kalla konung, *þræla*, *þjófa* (og *þýfa*).

Mykje sjeldan „vera eitk.“, helst nokre paa *-na* (= got. *-inôn*): *dróttna* rikja yver, † *þjóna* (: *þjónn*); † *árna* ferdast, eig. vera bodberar (got. *airinôn*), † *lækna* (er vel laant); † *brytja* eig. „vera *bryti*“; *vitna* kjem vel heller av *vitni* n., enn av grunnordet for dette **viti* m. (= ags. *vita*); seint og framandt er *herra* vera herre.

Fraa tydingi „gjera“ kjem tydingi i slike som † *fiska* (og *fiskja*) eig. „raada til fisk“ og *viða* raada til ved; jfr. og nyn. *høya* og *lauva* (sanka lauv).

Av tydingi „gjera“ kjem vidare „bu med, gjeva“ (jfr. lat. *armâre*), t. d. *barna* gjera med barn, *dúka*, † *fatla* (: *fetill*), *fjalla* fjalla, pynta (: *fell*), † *flekka*, *fóðra* (vestg. *-jan*), *gǫtva* jorda (: *gǫtvar* bunad), † *hamast*, *húsa* byggja med hus (gard), *jarna* leggja jarn paa, *krossa* merkja med kross, *líma* (vestg. *-jan*), *matast*, *skjalda*, *skorða* stydja („bu med skorda“), *stoða* (: *stoð*, *stuð*, jfr. *styðja*), † *skúa*, *skupla* (: *skypill* hovudplagg), *stika* paala (: *stika* f.), *stofna* grunnleggja („bu med *stofn*“), † *sǫðla*, *vatna* osfr.; av abstrakt t. d. *lita* farga, *magna*, † *marka* osfr.

Av „bu med, gjeva“ kjem lett „føra i, leggja i“, t. d. *bása* bæsa, † *húsa* (og *hýsa*), *jarða*, *kasa* (: *kǫs*), † *lóga* (*leggja í lóg*), † *oka* leggja under ok (ogso „setja ok paa ukse“ = „bu med“), *skara* leggja halvt uppaa einannan (av *skǫr* i tydingi „kant“), *vatna* upers. (*vatnar seglin* sjaa ovanf.); av abstrakt t. d. *nauðsynja* upers. trenga til, *sefa* gjera roleg („føra i *sefi*“), † *siða*, *stǫðva* (= *steðja*; av *stǫð* i tydingi „stoda“). — Vidare: „taka inn i“ odl. t. d. *hnefa*, † *faðma* (og *feðma*); og „ganga eller koma til, taka burt i“ odl., t. d. *borða* ganga tilbords, *hlíða* vika aat sida, *látrast* leggja seg, † *halsa* umhalsa, *bǫðvast* ofl.

I nokre ord er gjerningstydingi „bruka som reidskap (paa)“, t. d. *brodda* stinga, *gadda* (vestg. *-jan*), *forka* skota fram med *forkr*, *hefla* (: *hefill*) syfta (segl), *hluta* gjera lutkasting um, *hlusta* (: *hlust* øyra), *lurka* slaa med ein lurk, † *saga*, *saxa* hogga, skjera, *øxa*, *staga* binda (: *stag*), *staka* skumpa (upphavleg vel av eit substantiv „stake“), *staura* støyta med staur, soleis og *klóast* rivast med klørne; noko annarleis i slike som *stokka* byggja upp med stokkar, *timbra* (vestg. *-jan*) odl.

I sume hev ei privativ fyrestaving (*ør-*, **be-* (jfr. ags. *befótian* hogga foten av eink.) odl.) kvorve burt, so det kjem ut, med same lagingsmaate, motsetningi til „bu med“ (jfr. lat. *dêpilare* riva haari ut paa eink.), t. d. *hǫfða* = glt. *arhoubitôn*, *kvista*, *lima* lemstra, *moka* moka (upphavl. reinska for myk: *moka kví*; til *mykr* og nyn. *mokdunge*) ofl.

Verbi paa *-ô* var fraa fyrsten avleidde av *ô*- og *a*-stomnar; alt i samgermansk tid var det og sume som var avleidde av konsonantstomnar (som *sigra*) og av *u*-stomnar (som † *kosta*, † *friða* og † *siða*); i g.norsk er fleire komne til som *hátta*, *kvitta* (: *kvittr*), *laga* (: *lǫgr*), *lita*, *lima*, *ávaxta*; nyare er ogso dei som er avleidde av stomnar paa *-ni* og *-þi* (*-þô*), som: *býsna* verta bisn, *fórna* forna, ofra, *líkna* vera naadig, *njósna*, *ógna* skræma, *ǫmbuna* (*ambana*) forskylda, *blygða* forføra, *ferðast*, *hefða* hævda, *hegða* haga, skikka (av eit **hegð*), *útlegða*, *miskunna*, *vernda*, *órskurða* gjeva orskurd, døma, *ǫfunda* (og *ǫfynda*, § 67), *fimta* setja 5 dagar frest, *hlusta*, *lykta*, *vista* (: *vist*), osfr.; likeins mange avleidde av samansette ord og sekundære avleidingar, som *einangra* setja i knipa, *bakferla* driva attende, *handsala*, *helminga* halva, *þjónosta* osfr., likeins av *n*-stomnar, som *ótta*, *mola*, *sefa*, *orka*, *skorða* osfr.

Av ord med *-j* kjem: *benja* saara, *dysja*, *eggja*, *fitja* binda, festa saman (: *fit*), *klyfja*, *nytja* mjølka, *skynja*, † *synja* neitta; *byrja* verta bør, † *herja*, *þefja*, † *enda* (av **andjôn*, ogso *enda -nd-*); *herbergja* (og *-gð-*; glt. *heribergôn*), *lyfja* lyvja, lækja (: *lyf*), *netja* festa i net, *skýja*, † *veðja*, *vitja* (til ein burtkomen *ja*-st.); *brynja*, *ferja* (og † *ferja farða*), *iðja*, *brytja*.

Det finst mange ô-verb, som ikkje hev grunnord i g.norsk (sume av deim ikkje heller i samgermansk), men endaa er dei visst upphavleg avleidde av nomen, men nomenet hev kvorve burt, t. d. † *bora, kanna* (jfr. *kunna*), † *lokka, molka* mjølka (jfr. *mylkja* gjeva mjølk), *skoða, skola, skæva* (vestg. *-jan*), *belja, emja, gilja* lokka, forføra, † *gneggja, gremja, kilja* kivast, *klæja* (til eit **klæja* f.), *rifja* kaa, *syfja* gjera svevnug ofl.

c) Av adverb kjem: *aptra*, † *niðra*, † *ofra*, † *hindra*, † *sundra* (til *sundr*, som likevel upphavleg var adjektiv), † *forða* forda, flytja (jfr. ags. *forþ* adv. framyver), † *frama*, † *samna*.

Upphavleg sterke verb var † *baka*, † *brugga* (partic. *bruggінn*), † *flóa* flo, flauma, † *glóa*, † *knoða*, † *róta*, † *sía*, † *stauta*, † *tjóa* (got. *tiuhan*); sume andre hev baae bøygningar.

66. Som ei grein av verbi paa -ô maa ein i g.norsk rekna ***verbi paa -na***, som hev inchoativ passiv tyding. Dette slaget hev nordisk sams med gotisk (nokre faae finst og i vestg.); men i gotisk skil desse verbi seg ut fraa ô-verbi i infinitiv, der dei endar paa *-nan* (ikkje paa *-nôn*), og i præsens, der dei gjeng som dei sterke verb. Dei fyrste mynstri for dette slaget var visst verb med *n*-præsens (som t. d. *fregna* = got. *fraihnan*), men dei hev so, i minsto i g.norsk, kome i samband med partic. pass. av dei sterke verb, so dei beint fram kann segjast vera utgjengne ifraa slike (t. d. *brotna*: *brotinn*), Slike „particip-verb" i samband med sterke verb er: *bogna* (: *boginn*), *brotna, dragna* (: *dreginn*), † *drukkna, flagna* (: *fleginn*), *flotna, gróna* (: *gróinn*), *hlotnast* falla til eink. som hans lut, *hnignandi, horfna, hrokkna, hrotna* = *hrjóta í sundr, klofna, kropna, kvafna* (til eit eldre **kvafinn* = *kafinn*), † *lokna* (jfr. *loka* § 64, vel same rot som i *lúka*), **lotna* (jfr. *lotning*), *numnast* faa (poet.), *rifna, roðna, rofna, setna* eller *sjatna, signa* (: *síga*), *skriðna, slagna* (: *sleginn*), *slitna, snúna, soðna, sofna, staðna, sviðna, svigna* (: *sviginn*), *togna* (: *toginn*), *þrotna, vegna* (*v. e-m illa* gaa illa; til *veginn, vega*), *vikna*. — Til andre gamle particip og adjektiv paa *-inn*: *auðna, dofna, fúna, hnípna*, † *lifna* (: *lifinn*), *morkna, rotna, skorpna, slokna*, † *storkna, þíðna, þrútna, úldna*, † *visna*. Refleksiv er *hlýðnast, hyggnast, rosknast*. — Utan ord paa *-inn* attmed leivt i g.norsk: † *batna, blikna, blotna, bráðna* (til eit particip **bráðinn* = t. *gebraten*), † *dafna* (ags. *gedafnian*) trivast, koma seg, *digna* blotna, verta deig, *doðna* veikna, *drafna* drevna, siga sundr, *fitna, flakna, flosna* visna, *glupna* vanmodast, *gugna* d. s, *hitna, hrørna, kikna* (: *keikr, keikja*), † *losna, molna*, † *morna, orna, sakna* (til particip til st. vb. got. *gasakan*), *sokna* (: st. vb. got. *gasiukan*), *sortna, stikna* verta steikt (: *steikja*), *þagna*, † *þorna* (got. *gaþaúrsnan*), † *vakna*; *hjarna* friskna att, høyrer vel ihop med nynorsk *herren*; *lykna* krokna, slutta er falsk laga, jfr. *lokna*.

Liksom i gotisk gjeng denne lagingi vidare, so det ogso kann koma verb paa *-na* av andre adjektiv: *dǫkkna, flóna* fløma, vermast, † *fullna, fúlna, fǫlna, grána, hagna, halfna, harðna, hlána* (: *hlær*), *hvítna, kløkkna, kólna* (jfr. *kœla*), *kvikna* (jfr. got. *qiunan*: *qius* = *kvikr*), *myrkna, rakna* (: *rakr*), *réttna, sárna, skírna* verta *skírr*, *slakna, stirðna, stríðna, súrna, þarfna, þykkna, versna, vǫkna* (: *vǫkr*); *glapna* misfarast, gleppa hev ikkje noko grunnadjektiv (jfr. *glepja*). Jamvel av substantiv kann slike verb verta laga: *féna* upers. auka med *fé*, *tréna, hugna, vilna, þokknast* (: *þokki*). — † *Fastna* er transitivt og høyrer ikkje hit (grunnform **fastanôn*); † *fagna* ser ut som dei hine, men her svarar i gotisk *faginôn*, so dette verbet er av same slag som *dróttna*, † *magna*, † *ragna* (got. *raginôn*), † *elna* verta sterkare (got. *aljanôn*, til *eljan*), † *árna* raada til osfr. (got. *airinon*), † *eigna* (got. *ga-aiginôn*), *lækna* (got. *lêkinôn*), *hafna, fullkomna* osfr.

67. ***Verb paa -i (-j).*** Ogso av desse er nokre primære eller hev i minsto ikkje noko grunnord, t. d. † *erja, merja, hyrja, bysja, knysja, hrysja, dýja, lýja, rýja*, † *sýja*, † *yrkja*, † *vilja* ofl. Stormengdi er sekundæreverb, og dei skipar seg i tvo hovudflokkar: kausativ og denominativ.

1. Kausativ. Dette slag verb som mest hev tydingi „faa til aa gjera" det grunn-

verbet tyder, er sams for alle indoeuropæiske maal. Desse verbi hev avljodsstig 2.: *e* i rotverbet vert *a* i kausativet, so nær som i verbi av 4. klassa (*nema, sofa* osfr.), der kausativet fær lengjingsavljod (*â*), men det eldre var ogso her avljodsstig 2. (jfr. *svefja* til *sofa*); *a* i rotverbet (6. klassa, *fara* osfr.) vert *ô* i kausativet. Slike kausativ er: † *beiða*, † *beita*, † *dreifa*, *dreita*, † *hneigja*, *hreina* (faa til *hrína*), † *leiða* (til *líða*), † *reiða*, † *reisa*, *veikja* (til *víkja*), † *veita* (upphavleg „lata sjaa"), † *dreypa*, *feykja*, † *fleygja*, *geysa*, *hreyta* slengja ut (: *hrjóta*), † *reykja*, *skeyta* (*skeytir e-m forvitni*), *smeygja*, † *steypa*, † *þreyta* i tydingi „trøyta, gjera trøytt"; i andre tydingar er det denominativ til *þraut* f.), *belgja*, *bella* ferda til (til *bella* st. vb., eller til *ballr* adj.?), † *hverfa*, *skelfa* faa til skjelva, *svelta* drepa, *þverra*, † *velta*, † *brenna*, † *drekkja* dukka ein under, † *kenna*, † *renna*, † *sprengja*, *spretta*, † *støkkva*, † *søkkva*, *kreppa* (jfr. *kroppen*), † *etja* lata eta, † *kveðja* (eigenleg kausativ til *kveða*), † *leggja*, † *setja*, *treðja* (: *troða*), † *svefja* og *svæfa* (*sœfa*), *kvæfa*, † *fœra*, † *kœla*, *hleypa*, † *fella*, † *hengja*, † *grœta*, *hlœgja*, *sœra*, *vexa*.

Denne kausative tydingi er den aalmenne; men ved sume verb er tydingi ikkje kausativ, men iterativ (uppatt taks-tyding), eller intensiv (itaks-tyding), stundom er det liten skilnad i tyding millom grunnverb og kausativ. Slike verb, der tydingi ikkje er kausativ, er: *hneita* slaa, vinna paa (: *hníta*), *sveiða* (poet.) svida, *þreifa*, *breyta* (kann og vera denominativ til *braut* f.), *neyta*, *reyfa* riva (i tydingi „brjota hol paa" er det denominativ til *rauf* f.), † *teygja*, † *venda* (: *vinda*), *sleppa*, *svelgja*, *sløngva*, *sperna* (: *sporna*), *þrøngva*, *næma*, † *gœla* (upphavleg „helsa": *gala*), *hlœða*, *beyta* (: *bauta*), *steyta* (: got. *stautan*, red. vb.); *greipa* (ogso † *greipa aða*) og † *sneiða* er vel denominativ.

Til sume er det ikkje grunnverb att (nokre av grunnverbi finst i nyn.): *kneikja* kneikja, bøygja, *kveikja*, † *leifa*, † *beygja* (jfr. *boginn, bogna*), † *deypa*, *gleypa*, *greypa*, † *leyfa*, *reyta* (jfr. *rotinn*), *sneyða* (eller denominativ til *snauðr*), *sneypa*, *feyja* (jfr. *fúinn*), † *hvelfa* (jfr. *holfinn*), *þerra* (grunnverb i got. *ga-þaírsan*, jfr. *þorna* § 66), † *senda* (til frumgerm. **sinþan* ganga), *sløkkva*, *svæla*. Gamle kausativ er ogso † *rekja* (fraa gamalnorsk synsstad kunde det vera denom. til *rakr*), † *selja* (upphavl. „lata taka" til ei rot **sel* taka), † *þenja*, † *vekja*, † *verja* klæda (i partic. *variðr*; got. *vasjan*), † *verja* verja, † *ræða*, *hræða*. Kausativ til *ê*-verb er *greyfa* (: *grúfa*), *heykja* (: *húka*), *nœra* (: *nara*), *œgja* skræma (: *aga*, i got. st. vb.). Eit eldegamalt kausativ er *æja* (*áða*), av **ahjan* upphavleg „lata eta" til ei frumg. rot *eh* eta, som og syner seg i *agn* n.

2. Denominativ. a) Av adjektiv, med tydingi „gjeva ein eigenskap" (jfr. § 65 a), t. d. *beina*, † *birta* (: *bjartr*), † *bleikja*, † *bleyða*, † *bleyta*, † *blíða*, † *breiða*, *bretta* (: *brattr*), † *deyða*, † *deyfa*, *dirfa*, † *eyða*, † *festa*, *firra* (: *fjarri*, jfr. ags. *fiersian*), *fletja* gjera flat, *fríða*, *frœða*, † *fylla*, † *fýsa*, *fyrnast* (: *forn*), † *gera* (: *gørr*, *gerr*), † *girna*, *gleðja* (jfr. *glaða*), † *gremja* (: *gramr*), *grimmast* (og *-að*), *grænast* graana (: *gránn*), † *grœnast*, *gægjast* tøygja seg (til eit **gægr*, jfr. *gag-hals*), † *heita*, *hella* (: *hallr*), *heltast* (: *haltr*), † *hepta* (: *haptr*, eller *hapt* n.), † *herða*, *hreysta* (: *hraustr*), *hvessa*, † *hvetja*, *hylla* (: *hollr*), † *hýrast* blidkast, *keikja*, † *kynna*, *kyrra*, *kæta*, † *lemja* (: *lami*), † *lengja*, † *letja*, † *létta*, † *leysa*, † *líkja*, *lýsa* (: *ljóss*, eller *ljós* n.), *lægja*, *mýkja*, *myrkva*, † *mœða*, *nýta*, † *reiða* (: *reiðr*), *reifa*, *rekkja* (: *rakkr*), *rengja*, † *rétta*, † *rýma* (: *rúmr*, ell. *rúm* n.), *rýra*, *rækja* (: *rækr*), *seina*, *semja*, *skelgjast*, † *skíra*, *skirra* (: *skjarr*), † *slétta*, *snerpa*, *spekja* (: *spakr*), † *strengja* (*heit*), *stríða*, *styrkja* (: *styrkr*), *stytta*, *stœra*, † *temja*, *tíða*, *tœma*, † *þynna*, *vekra* (: *vakr*), † *verma*, † *víða*, *villa* osfr. Hit høyrer ogso *vigja* (med „konsonantavljod" til eit adj. **víha*, jfr. *vé*; glt. *wîhen* vigja); † *elda* gjera gamall kjem vel av eit adj. *ald-*. Intransitivt er *skygna* (: *skygn*).

b) Av substantiv. Mykje med same tydingar som *ô*-verbi (§ 65), og liksom der, mange med skiftande høve, t. d. *brydda* „stinga med brodd" og „setja brodd paa" og „koma upp" (um gras odl.), *grýta* „kasta stein" og „bu med stein" = steinsetja og

„drepa med steinkast“ = steina, *sigla* „bu med segl“ = setja segl og „bruka segl“ = sigla, osfr. Mange hev tviformer so der av same nomen kann vera avleidt eit *j*-verb og eit *ô*-verb med same tyding.

Grunntyding, som ved *ô*-verb, „gjera, faa fram“, t. d. av konkret: † *blœða, elda, fylkja, gerða*; „gjera til“, t. d. *byrgja* stengja („gjera til borg“), *metja* „lepja“ er upphavleg „eta“ (so got. *matjan*): „gjera noko til mat“, *flykkjast* samla seg i flokk, *þyrpast, hyndast* aukast upp i hundradtali (: *hund*), *kryfja* skjera upp osfr. („gjera til *krof* „skrott som innvolen er teken ut or“), *krœkja* eig. „gjera krok“, *trylla* gjera til troll, *menna, fífla* (ogso „kalla for *fífl*“), *þýfa* kalla tjov (= *þjófa*). Av abstrakt ei mengd, t. d. *deyna*, † *eira* spara, † *geyma*, *gleyma, hlessa*, † *hlífa, hlíta, hlýða, hrœpa* (= *hrópa*), † *hœla*, † *hœta*, † *mœta, ríkja* (glt. *-ên*), *rýna* tala i trumaal (vestg. *-ên*), ogso runa, gjera trollskap, † *spilla*, † *streyma, fyrsa, sveðja* (: *svað*) glida, *synda* (: *sund*), symja, osfr.; transitivt t d. † *dreyma*, † *dœma*, † *erfa, flytja* (: *flot*) eig. lata fljota (jfr. *flota*), † *hyggja, hœfa*, † *keppa, knýta, krefja*, † *kvelja*, † *leyna, lykja* (: *lok*), † *mæla* mæla, tala, *mæla* mæla, taka maal paa, *reyfa* (: *rauf*), *reyna, reysta, ryðja* (jfr. *roða*), † *ræna*, † *ræsa*, † *rœgja, sekja* (: *sǫk*), *skeðja* (vestg. *-ôn, -ên*, got. *skaþjan* st. vb.), † *skilja, skyggja, skylda, slœða* (: *slóð*), *syrgja* (vestg. *-ên*), *sýsla*, † *telja*, † *velja*, † *œpa* osfr. Ved transitivi er gjerningshøvi uklaarare, i sume av desse ordi kann det likso vel vera „bu med“ odl. — Upersonleg um tid, vêr odl.: *nætta* (= *nátta*), *fyrva* (av **fervjan*, = *fjara*), *hegla* (: *hagl*, vestg. *-ôn*), *héla*, † *rigna, frysta* (= *frosta*), † *styrma*, † *viðra*.

Sjeldan „vera eitk.“ (men likevel transitivt): † *gista* (mht. *gesten* „gjera til gjest“), *hirða* (: *hirðir*), *þylja* (: *þulr*).

„Raada til“ odl.: *fiskja* (= *fiska*), *fygla* veida fugl.

„Bu med“ odl.: † *benda, brýna* kvessa (eig. „gjera kant paa“), *egna* (: *agn*), *grýta* (: *grjót*), † *gylla*, † *gyrða* (avljodande til *gjǫrð*, jfr. *gyrðill*), *kefla, kvæna* (= *kvánga*), † *lenda, sigla* i tydingi „setja segl“, † *skepta*, † *skrýða*, † *smyrva* (: *smjǫr*), *spengja*, † *sperra* bu med sperror, stengja, † *steina* farga, *stengja*, † *styðja, stæla* (: *stál*), *stæða*, † *vexa* (: *vax*), † *væpna* osfr.

„Føra i, til, leggja i, paa“ odl.: *bæsa* (= *bása*), † *heima, herbergja* (og *-að-*), *hýsa* (= *húsa*), *heygja, greptra, feðma* (= *faðma*), *brynna* (: *brunnr*), *brýna* (*upp skipi*) draga upp paa strandi, † *lenda* setja paa land (*skipi*), ogso: lenda, landa; av abstrakt t. d. *grœða, seyra, steðja* (: *staðr*); „gripa burt i“ odl.: *kyrkja* eller *kvirkja* (: *kverk*); paa dilik vis: † *hirta* tugta, refsa (eig. „leggja paa hjarta“, jfr. ags. *hiertan* setja mod i, uppmoda).

„Bruka som reidskap (paa)“ t. d. *brydda* stinga med brodd, † *byrsta, dyrgja, grýta*, i tydingi steina ihel, *hlynna*, † *kemba*, † *plœgja, seyma* festa med saumar, † *sigla* i tydingi sigla, *stegla* pina med stagl, *stefna* (*skerit*, styra paa, eig. taka med stamnen); soleis og *henda* (ags. *gehendan*), *hæla* støyta med hælen; *eygja* øygna (vestg. i annet høve: syna = „føra for augo“); vidareført *brydda* stinga ut ein brodd (um gras odl.), *ydda út* stinga odden ut.

I sume hev ei privativ fyrestaving kvorve burt: *birkja* avberkja, *bleðja, hýða* hudstrjuka, *hylda* skjera or kjøtet (ags. *hyldan* flaa, til *hold*), *ræta* taka upp med roti ofl.

Liksom millom *ô*-verbi, finst det og millom *j*-verbi mange, som fulla er denominativ men som det likevel ikkje er grunnord til i gamalnorsk, til sume av deim ikkje heller i samgermansk, t. d. *byggja* (av **biggvjan*; jfr. *búa*), † *heyra*, † *hylja* (: vestg. st. vb. *helan*), † *hrœra, keyra, kynda, kæra, mylkja* søygja, † *rækja, sleikja*, † *spenja, spyrna* (: *sporna*) og mange fleire.

c) Av a d v e r b og p r æ p o s i t i o n a r: † *fremja*, † *gegna* (*í gegn*), *inna* (vestg. *-ôn*), † *yppa*, † *ýta*.

68. Millom dei avleidde verbi er det nokre serflokkar (mest *ô*-verb, men ogso nokre *j*-verb), der grunnemni er utvida med ymse konsonanttillegg. Soleis er t. d. i *hvarfla* grunnemnet *hvarf*, som syner seg i *hvarfa aða*, utvida med *-l-*, eller ein kann segja, at *hvarfa* hev vorte utvida til *hvarfla*. Desse merkekonsonantarne er *l*, *r*, *s*, *k* og *t*. Slike verb finst i alle germanske maal, sumt er endaa fyrrgermansk.

69. ***Verb paa -l-.*** Grunnformerne var paa *-alôn*, *-ilôn*, *-ulôn*. Fraa desse verbalavleidingar maa ein skilja nominalavleidingar, d. v. s. dei verbi med *l* som er avleidde av nomen med *l-* (§ 34) som † *afla* (glt. *abalôn*) (: *afl*), *byrla* (: *byrli* m.; nomen og verb er baae laant fraa ags.), *fatla* (: *fetill*), *hefla*, † *hvirfla* (: *hvirfill*), *kvísla* (: *kvísl*), *refla* kanta (: *refill*), *riðla* (: *riðull*), *skjǫplast* ell. *skjaplast* skjeplast (jfr. *skjǫpuleygðr*), *skupla* hava *skypill* paa osfr. Verbalavleidingarne paa *-l-* hev tidt iterativ (uppatt-taks-) eller intensiv (itaks-), men tidast diminutiv (minkings-) tyding. Alle er *ô*-verb. Endingi *-alôn* (*-ilôn*, *-ulôn*) avleider verb tidast av verbalstomnar, mest paa lægste avljodsstig (3.), men stundom og av nominalstomnar.

Soleis kjem av verb: *barlast* kava (: *berja*), *beyglast* bøygja seg, *dafla* damla, baska (samrøtt med *andœfa* av *and-dœfa*), *digla* dingla (jfr. *hordigull*), *dúfla* (: *dúfa*) duvla, skvalpa (dertil nyn. *duvl*), *dyrglast* dovna av (samrøtt med *draga*), *fífla* fikla, fjatla, *fipla* d. s., *fitla* d. s., *geifla* smaatyggja, mulla, *geytlan* øyding (jfr. ags. *gíetan* øyda), *gripla* trivla, fumla, † *grufla* gruvla, rota, *grǫfla* gruvla, kravla, *hrandlan* og *hrindlan* skubbing, *hrufla* rubba, skrubba, *hrøkkla* rakla, rugga i veg, † *hrǫngla* (jfr. *hrǫngl* n. staak, samrøtt med *hringja*), † *hvarfla* sviva att og fram, *hvísla* (jfr. ags. *hwístlian*), *hǫrkla* (: *harka*, men kunde ogso koma av *hǫrkull* skrangl), † *kitla*, *kogla* og *kǫgla* kaga, kika, † *krafla*, *kvækla* skvitra, laata (: *kvaka*), *mǫgla* murra, *omla* slamra, *rugla* (: *rugga*), *rupla* riva laus, plundra, *sargla* glamra, skrangla, † *siklan* sikling, *skrapla*, *skutla* skutla, øyda, *snarfla* hurkla, snurkla, *snǫrgla* hurkla, *sprǫkla* sparka, *stikla* hoppa, *stirtla* retta upp med møda (jfr. ags. *steartlian* stopla), *stǫpla* stopla, stolpa, *sturla* skjepla, uroa, *sundla* svimra, *svagla* skvampla, skumpla, *svamla* svamla, baska, *sveifla* sveiva, svinga, *tutla* støyta, skubba (jfr. *tauta*), *tǫgla* tyggja, *þrifla* trivla (jfr. *þreifast*), *þukla* tukla, † *vafla* skjangla. — Utan millomvokal: *hrolla* skjelva (**hruzlôn*, til *hrjósa*), *gnolla* d. s., † *knylla* (av **knuzljan*, *j*-vb.) slaa, dengja, isl. *kvillaðr* kruslen (jfr. nyn. *kvilla* til *kvíða*) ofl.

Av substantiv: *fǫrla* orka, vinna osfr. (: *fǫr*, men jfr. *fǫrull*), † *hǫndla* og *handla* handfara, † *kurfla* hogga i smaastubbar (ags. *ceorflian*, til *kurfr*, jfr. og *kurfl*), *muðla* (: *munnr*), *mygla* (til nyn. *mugg*; av verbet *mygla* kjem *mygla* f.), *sǫngla*, *tǫnnla*, *ætla* (av **ahtilôn*, jfr. glt. *ahtôn*). — Av adjektiv: *stífla*; mislaga *ǫrglast* retta seg upp, til *ǫrðga*, *ǫrga*, som kjem av *ǫrðugr*.

70. ***Verb paa -r-.*** Alle er *ô*-verb, grunnformer paa *-arôn*, *-urôn*. Fraa desse maa skiljast avleidingarne av nomen paa *-r*, som *gildra*, *sigra*, *tandra* (: *tandri*) osfr. Eit denominativ er vel og *sautra* lepja (jfr. nyn. *sutra* „rota i *sutr*", sjaa Ross), og † *baldrast* kava (nyn. *baldra* staaka). Verbalavleidingarne paa *-r-* hev mest iterativ tyding. Alle er *ô*-verb. Dei er avleidde av verbalstomnar, mest paa lægste avljodsstig (3.), nokre faae av nomen.

Av verbalstomnar kjem: *amra* jamla (jfr. *emja*), *ballra* balla ihop (: *balla*), *blaðra* bladra med tunga, vavla, **bekra* (jfr. *bekri* m. vêr), *blakra* blaka (: *blaka*), *blikra* blikra, skjelva (: *blika*), *blístra*, *blǫskra* blunka, *bogra* bugra, bøygja seg, *eiskra* frøsa, sinna seg, *faltrast* heftast, *fatrast* d. s., *flaðra* flâra, gjera seg fin, *fleipra* drøsa (: *fleipa*), † *flǫgra* flogsa, flagsa, † *flǫkra* flakka umkring, *gjalgran* (?) undandraging (jfr. nyn. *gjelg*), *glamra* glamra, staaka (: *glama*), † *glitra* (: *glita*), *glumra* gluma, dynja (jfr. *glymja*), *gnastran* gnisting (: *gnastan*), *gnǫllra* gneldra (: *gnella*), *gnǫtra* skaldra, skravla (: *gnata* ramla), *gǫrtra* skrapa, krafsa (: *garta* skrapa), *hinkra* (*hinka*), *hjúfra* storgraata (jfr. got. *hiufan*),

hlidra (isl.) vægja, *hokra* kruksa, krjupa (: *hoka* d. s.), *hvískra, klandra* gjera forfang (: *klanda*), † *klifra* kliva (: *klífa*; ags. *clifrian* klora), *lǫggra* dilla med rova, *nǫllra* = *gnǫllra*, *pipra* skjelva, *skjalfra* (: *skjalfa*), *skotra* skumpa, støyta (: *skjóta*), † *sloðra* og *slǫðra* draga seg (ogso *slyðrast*), † *snoðra* og *snuðra* snutra (: *snyðja*), *stakra* stakra, skjangla (: *staka*), *stallra* stâna (: *stalla*), *stumra* stumra, stumla, *svimra* (jfr. mnt. *swimelen*, g.norsk *sveima* *svími* osfr.), † *titra, tvistra* spreida, † *vafra* (: *váfa*), *ǫskra* skrika; *felmtra* skræma er utvida av *felmta* (§ 73).

Av nomen kjem: *haltra, klóra* (*klembra* er vel upphavleg *j*-avleiding av *klǫmbr*, som hev gjenge yver til *ô*-verb).

71. ***Verb paa -s-.*** Mest *ô*-verb, nokre *j*-verb. Grunnformer paa *-asôn, -isôn*. Avleidingar av verb, substantiv og adjektiv. Av slike *s*-verb finst det mange i vestgerm.

Av verb kjem: *dragsa*, † *geispa* (for **geipsa*), *glefsa* (*-st-*), *gemsa* gjøna (samrøtt med *gaman*), *glaupsa* glupsa ut med, slarva, *glensa* tjasa, *glissa* (*-st-*) flira (: *glis*), *hoza* prisa, *kalsa, krafsa, nefsa* (*-st-*) nefsa, refsa (jfr. ags. *nebbian*), † *refsa* (*-að-, -st-*), *rifsa* (: *rífa*), *runsa* rana, plundra, *slafsa, slaxa* slapsa, *skunza* skunsa, støyta, skaka, *tafsa* krafsa, *trunsa* ell. *trumsa* = *drepa hendi við e u.*

Av substantiv: *anza* og *enza* (*-að-*) (: *ǫnn*), *daunsa* (: *daunn*), *hugsa*, † *heilsa*, *hremsa* gripa med *hrammr*. Ved sume laag kanskje ein *s*-stomn under (t. d. *heill*).

Av adjektiv: *hreinsa, vansa* gjera ring (jfr. ags. verb som *clǣnsian* reinska). Her heng *s*'en kannhenda ihop med komparativmerket *-*iz-*.

Av adverb: *ofsa* (: *of*).

72. ***Verb paa -k-.*** Alle *ô*-verb. Denne *k*'en heng vel ihop med *-k* som nominalsuffiks, jfr. *hláka* f. (§ 45).

Av verb kjem: *flaska* klovna, *hlunka* (av *hlum-*) dynja (jfr. *hlymja*), *hreinska* (: *hreinsa*), *knúska* (: *knosa, knysja*), *kveinka* (: *kveina*), *skulka* spotta, *sparka* (: *sporna*), *spinka* spenna, *spraðka* sprala, sparka, † *stanka* stanka, sukka (ags. *stenecian*), *tuska* skubba, støyta, *þefka* (: *þefa*), *þjáka* (: *þjá*), *þjónka* tena (: *þjóna*), *vafka* (= *vafra*).

Av adjektiv, sume transitive, sume intransitive: *aumka, bliðka, dýrka, einka, fátka* (*fætka*), *greiðka, grœnka* lata grønka, gjera grøn (poet.), **linka* (jfr. *linking* linking, mildskap: *linnr*), † *minka* trans. og intr., *mjókka* = *mjófast* smalna, *rífka* gjera gildare (: *rífr*), *seinka, smátka* (*smækka*) gjera liten, *stœkka* (: *stœra*), *svárka* kveina, laata ille, *sælka* (: *sæla*) gjera sæl, *tíðka* hava til sed (: *tíðr*), *þurka, víðka* (= *víðga* § 65), *vænkast* verta væn.

Av substantiv: *hjúka* vyrdsla, røkta, *íðka, meinka* (eller til adj. *meinn*), *vítka* lasta (: *víti*); *vitkast* av *vit*, eller for **vitgast* av *vitugr* (§ 65). Um *litka* sjaa § 65.

Av adverb: *samka.*

73. ***Verb paa -t-.*** Mest *j*-verb, grunnformer paa *-atjan, -itjan, -utjan*; nokre *ô*-verb, grunnformer paa *-atôn, -itôn, -utôn*. Mest iterativ tyding.

Av verb kjem: *brækta* (*-að-*) mekra, *brølta* (*-lt-*) brolta, velta seg (jfr. nyn. *bralla* staaka, isl. *bralla* gjera peik), *elta* (*-lt-*, av **alatjan*), *fletta* slaa (*-tt-*, av **flahatjan*), *fløkta* flakka, flagsa (*-kt-*, av **flakutjan*, jfr. *flakka, flǫkra*), *fǫkta* (*-að-*) fly, *gauta* (*-að-*) gauta, snakka (jfr. *geyja*), *gjølta* (*-lt-*, av **gallutjan*: *gjalla*), *gnǫlltan* (= *gnǫllran* § 70), *gæta* (av **gavatjan* (?), jfr. *gaumr*), † *hixta* (*-xt-*; mht. *heschezen* snykta), *hætta* vaaga (av **hanhatjan*: *hanga*), *klymta* (*-mt-*) kny, mukka (jfr. norsk-dansk *klemte?*), *krikta* (*-kt-*) klaga seg, *lukta* (*-að-*) luka (**lukatôn?* sideformi *lykta* (*-að*, og *-kt-*) kjem vel av *lykt*), *repta* (*-pt-*) rapa, † *rypta* (*-pt-*) spy (**rupatjan* til *ropa*), *rœkta* (**rôkatjan*: *rœkja*), *skrækta* (*-kt-*) skrika (*skrâkatjan*: *skrækja*), *sletta* (*-tt-*) slaa (kannhenda av **slahatjan*; kunde og vera **slantjan*, som kausativ til *sletta slatt*), *snøkta* (*-kt-*) snykta, † *spýta* sputta (av **spûtjan*: *spýja*), *svipta* (*-pt-*, av **svipatjan* ell. **svipitjan*), *tæpta* (*-pt-*; jfr. *tæpr*), *þekta* (*-kt-*) = *þagga* (av **þagatjan*), *þræta* (*-tt-*, av **þranhatjan?*), *ymta, œmta* (*-mt-*), jfr. *umla.*

Av substantiv: *flimta* (*-mt-*, *-að-*) spotta (til *flim* spott, rot. *fli*, som i nyn. *flira* osfr.), † *heimta* (*-mt-*, *-að-*, av **haimatjan*, ags. *hāmettan*), *vænta* (**vânitjan*, av *ván*, eller av *vænn*), vel og *anta* (*-að-*) og *enta* (*-nt-*) enta, ansa (til *ǫnn?* jfr. *anza*, *enza* § 71) og *felmta* (*-mt-*) skræma (jfr. *felmsfullr*); *mettr* er kannhenda partic. til eit **metta* av **matitjan* (: *matr*).

Av adjektiv: *fætta* (*-tt-*, = *fætka*, § 72), *gnœgta* (*-gt-*) gjera nøgd (: *gnógr*; *gnœtta* d. s. kjem av *gnótt* f.), *skemta* (*-mt-*, men og *-að-*; av **skammatjan* (og **skammitôn?*): *skammr*), *smættast* (*-tt-*) verta liten, *vanta* (av **vanatôn*: *vanr*).

Av smaaord: *neita* (*-tt-*, *að-*, ogso *níta* og *nítta*), † *játa* (*-tt-*, *-að-*, ogso *játta*).

Rettingar til Gamalnorsk ordavleiding.

S. XXXI l. 2: strjuk *hlemmr* (stend rett s. XXXV l. 2). l. 9: *laupr*, les † *laupr*. — S. XXXII l. 20: *hríð* er sett under tingsord, skal staa under abstrakt l. 37. l 23: *grǫn*, les † *grǫn*. — S. XXXIII l. 10: † *kjǫrr*, les † *hjǫrr*. l. 21: *þrǫng* skal staa l. 22, etter *rǫgg*. l. 37: set til: *stím* poet. staak. l. 47: *gestr*, les † *gestr*. — S. XXXIV l. 20: strjuk † *hugd*, (stend s. XXXIX l. 12). l. 33: *mjǫðr*, les † *mjǫðr*. — S. XXXV l. 11: *guðrœkr*, les *guðrækr* (skal staa l. 9). — S. XXXVI l. 12: *ýlir*, les † *ýlir*. l. 34: † *vengi* (*vangr* kinn), les: *vengi* hovudputa (*vangi* kinn; glt. f). l. 40: set til † *vengi* kinn (: *vangi* m.). — S. XXXVII l. 9: *inni*, les † *inni*. l. 43: *ið*, les *íð*. l. 45: *fit*, les † *fit*. — S. XXXVIII l. 36: *meinsvari* skal staa l. 33 framfor *arftaki*. l. 45: *angi*, les *ungi*. — S. XXXIX l. 27: strjuk *hrími*. l. 34: *náfli*, les *nafli*. — S. XL l. 2: *hrapti* (*hraptr*), les *krapti* (*kraptr*). l. 4: (*mismun*), les (*mismunr*). l. 17: *fostra*, les *fóstra*. l. 24: *afæta*, les † *afæta*. l. 37: *targa*, set til: (vestg. st.). l. 41: *lógretta*, les *lǫgrétta*. — S. XLIII l. 11: *iðja*, les *íðja*. l. 29: *fesníkni*, les *fésníkni*. — S. XLIV l. 10: *agn* skal staa etter (2.) i same radi. l. 33: *eljan*, les † *eljan*. — S. XLV l. 35: *kringlæginn*, les *hringlæginn*. — S. XLVI l. 26: *haliþ-a*, les *haliþ-*. — S. XLVII l. 45: *torviðr*, les *torvirðr*. — S. XLIX l. 38: *tignaðr*, les *tígnaðr*.

† framfor eit ord tyder at ordet er samgermansk.

A.

a, vok. er lik nynorsk stutt *a*. — **á** er lang *a* og vart i eldre gamalnorsk uttala som nynorsk lang *a* (*bára* som *bara*); i det 13de hundr. skifte *á* uttale og gjekk for det meste yver til *aa* (som i vanleg nynorsk *baara*), men sumstad yver til *ao* (*baora*) Sogn, Voss, Hard. Isl. ofl.

a, neittande *part.* vert etterhengd verb; *era,* er ikkje.

á *præp.* A. med dat. **1.** uppe paa, paa, i (um staden der eitk. er eller eitk. hender); vert ikkje umsett etter *heita: bœr er á Aski heitir.* **2.** paa, i, innan, um (tidi daa eitk. hender); *á þeim degi.* **3.** til, mot; *eigu rétt á e-u.* **4.** med umsyn til, paa; *mér er hugr á e-u.* **5.** paa, av, til (umskrivning av gen.); *nefit á steðjanum.*

B. med akk. **1.** upp aa, paa, i (um staden som eitk. kjem til, eller leidi det fer, eller maaten det gjeng for seg paa). **2.** paa, um (tidebilet naar eitk. held paa og gjeng for seg); *líðr á kveldit.* **3.** med umsyn til, paa, i; *svartr á hár.*

á, *av.* alltid; *á meðan* = *æ meðan,* medan.

á, *f.* I. (*ár; ár* og *áir*) aa, elv.

á, *f.* II. (*ár; ár*) ærsaud, lambsaud.

áaukan, *f.* **áauki,** *m.* auking, tilvokster, vinning (renta). **áaustr,** *m.* skamskjelling. **ábarning,** *f.* slag, dengsla, plaaga. **ábati,** *m.* bate, yverskot.

abbadís, *f.* (pl. *-ar*) abbedissa, klosterfru.

abbast, *v. r.* (*að*) verta sinna paa, amast med (*við*).

abbáti, *m.* = *ábóti.*

abbendi, abbragð ofl. sjaa *afbendi, afbragð* etc.

áberging, *f.* bergjing, smaking (paa). **áberi,** *m.* klagar.

ábersemi, *f.* lastesykja. **áblásinn,** *a.* innblaasen, inngjeven, inspirera. **áblásning,** *f.* paablaasning; pustglidning (i uttalen); inngivnad, inspiration. **áblástr,** *m.* blaaster paa; inngivnad, hugskot.

ábóta-dœmi, *n.* abbetsdøme. **-kosning,** *f.* abbetsval. **-ligr,** *a.* abbets-. **-stofa,** *f.* abbetsstova. **ábóti,** *m.* abbet, klosterformann.

ábreiða, *f.* **ábreizl,** *n.* **ábreizla,** *f.* aabreida, aabreidsla, aaklæde.

ábrú, *f.* elvebru.

ábrúðigr, *a.* aabrudig, svartsjuk. **ábrýði** (ogso *afbrýði, afbrygði*) *n.* og *f.* aabryde, svartsykja.

ábúð, *f.* buing (paa ein gard); bustad; bygslevilkaar; aabud, leiglendings plikt til aa halda garden ved lag (aabuda).

ábúðar-fall, *n.* aabudfall, at leiglending ikkje held garden ved lag. **-maðr,** *m.* buar. **-skylda,** *f.* aabudsplikt.

ábúnaðr, *m.* buing (paa ein gard).

áburðar-klæði, *n. pl.* gilde klæde. **-kona,** *f.* storfelt kona. **-maðr,** *m.* storfelt, drusteleg mann. **-mikill, -samligr, -samr,** *a.* storlaaten, storfelt, drusteleg.

áburðr, *m.* paaleggjing, aaloga; aaburd, stein som er lagd paa landfestet; skulding, klaga; aatak; storferd, storlæte. **áburðsklæði,** *n. pl.* gilde klæde, stasklæde.

ábygð, *f.* byggjing, buing.

ábyrgð, *f.* aabyrgsla, andsvar; *ábyrgðar* i sms. t. d. *ábyrgðarfullr, a.* andsvarsfull; *ábyrgðarlaust, av.* vaaglaust, aabyrgslelaust. *ábyrgðarráð, n.* vaagnad.

ábyrgja, *f.* = *ábyrgð.* **ábyrgja,** *v.* (*gð*) gjera ein andsvarleg for eitk. (*e-m e-t*). **ábyrgjast,** *v. r.* (*gð*) aabyrgjast, vera andsvarleg for eitk. (*e-t*). **ábyrgt,** *a. n.* i ordlaget *hafa e-t ábyrgt,* aabyrgjast eitk.

ábœli, *n.* gard (paa landet). **ábœtr,** *f. pl.* paabøting; millomlag.

aðal, *n.* natur, haatt, kjerne. I sms. tyder *aðal-* oftast hovud-, stor- eller dlkt. t. d. *aðalból, n.* hovudbol, hovudgard; *aðalhaf, n.* storhav; *aðalþollr, m.* stortre. **aðalborinn,** *a.* egtefødd. **-festr,** *f.* sjaa *alaðsfestr.* **-henda, -hending,** *f.* heilrim, versemaal med eins-ljodande rimstavingar i kvar verserad.

aðaliga, *av.* heilt upp. **aðal-kirkja,** *f.* sjølve kyrkja, motsett *forkirkja.* **-troll,** *n.* eit egt troll. **-tupt,** *f.* den gamle upphavlege hustuft.

áðan, *av.* fyrr; nyst, nett fyre.

aðild, *f.* rett eller plikt til aa taka upp ei rettssak. **aðildarmaðr,** *m.* hovudmannen til aa fremda ei rettssak. **aðili,** *m.* (*pl. aðilar* og *aðiljar*) = *aðildarmaðr.*

áðr, 1. *av.* fyrr; alt, longo; *sem áðr,* likevel. **2.** *konj.* fyrr enn, fyrr (jfr. *aader* fyrr, Snm.); til dess at; *áðr nefndr, áðr sagðr,* fyrrnemnd.

ádreifing, *f.* paaskvetting med eitkvart (*e-s*). **ádrykkja,** *f.* tildrikking; *sitja fyrir ádrykkju e-s,* sitja beint imot den som drikk ein til. **ádrykkr,** *m.* brotsjø.

áeggja, *v.* (*að*) eggja til; nøyda inn paa (*e-m e-t*). **áeggjan,** *f.* eggjing, sterk tilteljing. **áeggjanargrein,** *f.* midel eller raad til aa eggja med. **áeggjanaróp,** *n.* tilrop til aa eggja med. **áeggjari,** *m.* ein som eggjar, uppeggjar.

af (ogso *áf*) *præp.* med dativ: av; fraa, burt fraa; um; imot; i høve til; paa grunn av; *adverb:* av, til endes. Mrk. *mildr af fé,* raust, gjevmild; *skip af skipi,* det eine skipet etter det andre; *norðr af, suðr af,* nordanfor, sunnanfor; *af norðri, af suðri,* paa nordsida, paa sørsida; *af stundu,* ei liti stund etter; *af ǫllu,* i alle maatar. — *af* i sms. tyder fraa, men vert ogso bruka med tydingi altfor eller hardla liksom *of,* t. d. *afát, n.* oveting.

áfa, *f.* klengjeord, spitord.

áfall, *n.* yverfløding, flaum (aafall av vatn); paakoma, plaaga; straff. **áfallsdómr,** *m.* straffedom.

áfang, *n.* aatak, aagrip; det aa bruka ulogleg annan manns gods; bøter for slikt uloglegt bruk (i denne tydning ogso *áfangi, m.*) **áfangr,** sjaa *áivangr.*

afar, *av.* forsterkande framfor adjektiv og adverb, t. d. *afar auðigr,* ovleg rik; *afar sœtt,* ovleg søtt.

afar-kostalaust, *av.* utan harde vilkaar. **-kostr,** *m.* harde vilkaar, hard kost, hard medferd. **-ligr,** *a.* utifraa. **-menni,** *n.* storlaate menne. **-orð,** *n. pl.* storlaatne ord. **-úðigr,** *a.* stormodig, kaut. **-yrði,** *n.* storlaaten tale.

áfastr, *a.* samfest, fast med (*e-u* eller *við e-t*). **áfátt,** *a. n.* aafaatt, som vantar; *sýnist oss í lǫgbókinni sumt áfátt vera.*

af-auðinn, *a.* som ikkje vil lukkast, ikkje er so lage eller aude; *þess var afauðit,* det var ikkje so aude eller lage. **-blaðning,** *f.* ordrag, utval (t. d. or ei soga). **-blómga,** *v.* (*að*) taka av blad og blomar; avhalla ein ting. **-boð,** *n.* ovbod, urimelegt bod, ofse.

af-bragð, *n.* det som er avbragdslegt, utifraa. **-bragðligr,** *a.* avbragdsleg, utifraa. **-brigð,** *n.* avvik, misgjerd, brot. **-brigðartré,** *n.* kunnskapstreet. **-brigði,** *n.* avbrigde, umbrøyte; misgjerd. **-brot,** *n.* brot, misgjerd. **-brugðning,** *f.* avvik, avsveiv, brot. **-brýða,** *v.* aabry, mistru. **-brýði,** (og *-brygði*) *n.* = *ábrýði.*

afburðar framfor adjektiv og adverb: ovleg, utifraa. **afburðar-maðr** (**abburðar-**) *m.* ovmenne, framifraa mann. **-samr,** *a.* huga til aa merkja seg ut, storfelt. **-skip,** *n.* ovskip. **afburðr,** *m.* at eitk. gjeng yver eitk. anna (*berr af ǫðru*), yvermun.

af-dalr, *m.* avdal. **-deilingr,** *m.* ettergjeving. **-dráttr,** *m.* tap, forfang; subtraktion. **-drif,** *n. pl.* tilhøve, (livs)ferd. **-drykkja,** *f.* ovdrikking; ovdrykk. **-dœma,** *v.* (*md*) fraadøma ein eitk. (*e-n e-u*); taka burt med dom, avdøma.

af-eggja, *v.* (*að*) telja ein fraa. **-eigna,** *v.* (*að*) taka fraa ein eitk. (*e-m e-t*). **-eista,** *v.* (*að*) gjelda, jelka.

áfelli, *n.* plaaga, yvergang, straff (jfr. nyn. *aafelle,* tilfelle, Sogn). **áfellisdómr,** *m.* straffedom. **áfellissár,** *n.* saar til straff.

áfenginn, áfengr, *a.* aafengen, sterk (um drykk).

af-erfa *v.* (*fð*) gjera arvlaus. **-eyringr,** *m.* ein som ikkje hev øyror, øyreløysa. **-fall,** *n.* avfall, tap, prisfall. **-faradagr,** *m.* avfardag, reisedag. **-farakveld,** *n.* avfarkveld, kvelden daa ein fer burt. **-feðrast,** *v.* (*að*) versna, vera mindre god enn fâren. **-ferma,** *v.* (*md*) lossa. **-fletta,** *v.* (*tt*) taka fraa ein eitk. (*e-n e-u*). **-fletting,** *f.* avtak, fraataking. **-flutningr,** *m.* lastord, avhalling, fraateljing. **-flytja,** *v.* (*flutti*) lasta; telja fraa. **-fǫr,** *f.* avferd.

afgamall, *a.* ovgamall, utgamall.

af-ganga, *f.* avgang; avstig. **-gangr,** *m.* avgang, yverskot; avgreiding; daude. **-gelja,** *f.* snakk. **-gerð,** *f.* misgjerd, synd. **-gipt,** *f.* tilgjeving; avlat; avgift. **-giptarbréf,** *n.* avlatsbrev. **-giptarfé,** *n.* herrelaust gods, som kongen hadde rett til. **-gjarn,** *a.* burt-huga. **-gjǫf,** *f.* avgift; bøter for brot mot kyrkjeretten. **-glapa,** *v.* (*að*) skjepla, uroa. **-glapan,** *f.* skjepling. **-glapi,** *m.* faaviting, gap. **-greizla,** *f.* utgift, fraadrag. **-gǫngudagr,** *m.* avfardag. **-hallr,** *a.* avhall, som hallar. **-haugr,** *m.* serskilt rom inne i haugen. **-heimis,** *av.* i hyr og heim, grunnlaust. **-heimr,** *m.* eigedom i utkanten av ein gard. **-hellir,** *m.* avheller.

af-henda, *v.* (*nd*) avhenda; gjeva, hava fraa seg. **-hending,** *f.* eit versemaal med same rimstaving i ei rad som i radi fyre eller etter. **-hendis,** *av.* skilt med. **-hendr,** *a.* skild med, fraa. **-hent,** *a. n.* uhøvelegt (*e-m*, for ein).

af-heyrandi, *a.* som ikkje høyrer. **-heyris,** *av.* soleis at det vert ikkje høyrt.

af-hlaðning, *f.* burtleggjing. **-hlaup,** *n.* yverlaup, yverskot. **-hlaupskorn,** *n.* korn til avlaats. **-hlutr,** *m.* utvinning, avdraatt. **-hlýðast,** *v.* (*dd*) bjoda av, neitta. **-hrapi,** *m.* utarming. **-hroð,** *n.* burtrydjing, mannspille. **-huga, -hugaðr,** *a.* som hev vendt hugen fraa (*e-u*), likesæl (*við e-t*). **-hugast,** *v.* (*að*) venda hugen fraa (*e-u*). **-hús,** *n.* avrom (avhus). **-hvarf,** *n.* avstig. **-hýða,** *v.* (*dd*) hyda, dengja til gagns. **-hylja,** *v.* (*huldi*) berka, avdekkja. **-hyrning,** *f.* avkrok. **-hæra,** *v.* (*rð*) avhæra, taka av haari. **-hǫfða,** *v.* avhovda. **-hǫgg,** *n.* avhoggster; avhogg, avhogge stykke.

afi, *m.* godfar, bestefar; mann.

afkárr, *a.* rang, leid. **afkaup,** *n.* klent kaup, ulønsam handel. **afkeri,** *n.* = *akkeri.*

af-kleyfisorð, *n.* yverskots-ord i verseradi. **-kleyfissamstafa,** *f.* yverskots-staving i verseradi. **-klæða,** *v.* (*dd*) taka av klædi. **-kvistr,** *m.* avgrein. **-kvæmi,** *n.* avkvæme, avkjøme. **-kynjaðr,** *a.* vanætta, versna. **-kynjast,** *v.* (*að*) vanættast. **-kœmi,** *n.* avkjøme. **-kœmismaðr,** *m.* etterkomar.

afl, *m.* smidje-avl; eldstad. **afl,** *n.* avle, magt, kraft; vald; yvermengd (av røyster). **afla,** *v.* (*að*) avla, raada seg til, faa i; gjera. **aflafár,** *a.* veik. **aflafé,** *n.* midel som ein sjølv hev avla seg.

af-lag, *n.* avtak, minking. **-laga,** *v.* (*að*) leggja til sida. **-laga,** *a.* ulogleg (*aflagliga, av.*)

afla-lítill (og *aflítill*), *a.* veik. **-mikill,** *a.* sterk, megtug. **-munr,** *m.* yvermagt.

aflan, *f.* vinning, bate. **aflanarmaðr,** *m.* avlar, ein som er avlesam, dugeleg til aa sanka gods.

afla-skortr, *m.* undermagt. **-stund,** *f.* næringsbil, tidi til aa driva si næring (t. d. fiske).

af-lát, *n.* avlaat, slutt; avlating; tilgjeving. **-láta,** *v. st.* lata av, slutta. **-látsvegr,** *m.* veg der ein sluttar med eitk. **-lausn,** *f.* fullnad, vederlag; forlating, avlat. **-leggja,** *v.* (*lagði*) leggja av, burt, tilsida, ned. **-leiðing,** *f.* **1.** umgjenge, samgang (ogso *afleiðingr, m.*) **2.** umsviv, avsveipor. **3.** siste ordet i eit vers, naar det hev setningssamanheng med verset etter. **-leiðis,** *av.* avleides, or den rette leid. **-leif,** *f.* (*pl. ar*) avleiva, atterstøda. **-leitinn, leitligr,** *a.* stygg, uskipeleg, utekk (*-liga, av.*) **-leitr,** *a.* stygg, utekkjeleg; mislika. **-lendis,** *av.* avlendes, utanlands. **-lendr,** *a.* som er burte fraa land, undan land. **-letja,** *v.* (*latti*) telja fraa. **-létta,** *v.* (*tt*) slutta, faa ende.

afléttr, *a.* ovlett, lettvint.

aflfár. *a.* veik.

afl-gróf, *f.* grop i jordi til smidjeavl. **-hella,** *f.* hella paa ein smidjeavl eller eldstad.

afli, *m.* magt; utvinning, avle; bergeraad, bjørg.

af-lífa, *v.* (*að*) avliva, taka livet av. **-lima,** *v.* (*að*) taka av ein lem, lemstra.

-lima, *a.* magtlaus. **-liman,** *f.* lemstring, skamfaring.

afl-laus, *a.* magtlaus. **-leysi,** *f.* magtløysa.

af-lofa, *v.* (*að*) forbjoda.

áflog, *n.* aatak, aalaup.

afloka, *v.* (*að*) lata upp.

afl-raun, *f.* traute, røynande, manndomsprøva. **-skortr,** *m.* undermagt.

afls-maðr, *m.* sterk kar. **-munr,** *m.* yvermagt.

afl-vani, *a.* veik, magtlaus. **-vǫðvi,** *m.* armkalve (Musculus biceps).

af-lætast, *v. r.* (*tt*) lata fraa seg, lata. **-lǫgligr,** *a.* ulogleg (*-liga, av.*). **-má,** *v.* (*máði*) maa av, taka burt. **-mœðra,** *v.* (*að*) avmødra, venja av fraa môri. **-nám,** *n.* tap; uttaking (*at afnámi,* av ollo ubytto, av det uskifte forraad); rest; utrydjing. **-námsfé,** *n.* gods, utteke paa fyrehand. **-námsgripr,** *m.* eignalut, utteken paa fyrehand. **-nefjaðr,** *a.* naselaus. **-neita,** *v.* (*að* og *tt*) segja fraa seg eitk., neitta aa gjera eller hava eitkvart (med dat.). **-neitan, -neiting,** *f.* forsaking, sjølvspekjing. **-neyzla,** *f.* nytting, bruk.

áform, *n.* skipnad. **áforma,** *v.* (*að*) skipa.

afr, *s.* etterlag, tunt øl?

áfrá, *præp.* = *frá.*

afráð, *n.* avgift, utreidsla (t. d. av korn); *gjalda afráð,* lida tap.

áfram, *præp.* med dat. fram etter; ogso *av.* fram.

af-reið, *f.* burtriding, heimanriding. **-reiða,** *v.* (*dd*) føra ein ting burt fraa eitk.; greida av. **-reizla,** *f.* utlegg, betaling. **-rek,** *n.* daad, gildt verk. **-reka,** *v.* (*að*) gjera, vinna. **-reksgripr,** *m.* ein einka ting, dyrverdig eignalut. **-reksmaðr,** *m.* gripa kar (avringskjempa). **-reksverk,** *n.* storverk. **-rendi,** *n.* styrke. **-rendr,** *a.* sterk.

af-rétt, *f.* sambeite. **-réttardómr,** *m.* rett som dømer millom luteigarar i sambeite. **-réttarmaðr,** *m.* luteigar i sambeite. **-réttr,** *m.* = *afrétt, f.*

afrhendr, *a.* sterk.

afroð, *n.* sjaa *afráð* og *afhroð.*

af-róg, *n. pl.* fyreberslor, orsaking. **-ruðningr,** *m.* avrudning, burtrydjing. **-runr,** *m.* (*pl. -ir*) uskil, urett.

áfrýja, *f.* lastord. **áfrýja,** *v.* (*ði*) lasta.

af-ræði, *n.* yverraad, raaddom; avgift. **-rœkja,** *v.* **-rœkjast,** *v.* (*kt*) vanagta. **-sáð,** *n.* saaning serskilt. **-saka,** *v.* (*að*) avsaka, orsaka; fria, taka fri. **-sakan,** *f.* avsaking. **-sakni,** *m.* saknad.

af-sanna, *v.* (*að*) avsanna, prova imot. **-segja,** *v.* (*sagði*) neitta, ikkje vilja; *afsegja sér,* segja fraa seg; taka fri. **-setning,** *f.* avsetjing (t. d. fraa embætte). **-síða,** *av.* avsides. **-siða,** *a.* usømeleg. **-sifja,** *v.* (*að*) gjeva fraa seg eitk. **-skapligr,** *a.* avskapleg, stygg. **-skeiðis,** *av.* or den rette leid, avveges, gale. **-skipan,** *f.* utestengjing. **-skipta,** *a.* utestengd (t. d. fraa arv). **-skiptalauss,** laus fraa eink., kvitt eink. (*við e-n*). **-skiptalítill,** *a.* som gjev seg lite um eitk. (*um e-t*). **-skiptasamr,** *a.* som gjev seg um eitk. **-skipti,** *n. pl.* ans, agt; *veita e-m afskipti,* eller *veita sér afskipti um e-t,* gjeva ans paa, gjeva seg um. **-skiptinn,** *a.* som gjev seg um.

af-skrámligr, *a.* avskræmeleg. **-skrýða,** *v.* (*dd*) taka av ein *skrúðit.* **-skræmiliga,** *av.* avskræmeleg; ovleg. **-skurðr,** *m.* avskurd, avskjering. **-skyld,** *f.* skuldband paa eitk. (*e-s*). **-slíðra,** *v.* (*að*) draga or slîra. **-smekkr,** *m.* smak. **-snið,** *n.* avskurd. **-sníðis,** *av.* paa snid, paa sneid. **-sniðning,** *f.* burtskjering. **-sniðningarjarn,** *n.* jarn til aa skjera av med. **-spraki,** *m.* frettnad, tidend. **-springi,** *n.* avkoma; avkjøme. **-springr,** *m.* avkjøme; tidend. **-spurn,** *f.* spurlag, tidend.

af-staða, *f.* verknad, mun. **-stigr,** *m.* avstig. **-stúka,** *f.* avrom; skot, skjol. **-styrmi,** *m.* stakar. **-svar,** *n.* avslag. **-svara,** *v.* (*að*) svara nei til eitk. (*e-u*); *afsvara e-m e-u,* neitta ein eitkvart. **-sveipa,** *v.* (*að*) taka av sveipet. **-sýnis,** *av.* avsynes. **-sæll,** *a.* usæl.

af-tak, *n.* **-taka,** *f.* avtak, fraataking; draap. **-takalítill,** *a.* faamælt, faaleg. **-takamaðr,** *m.* ein som er ihuga for si sak (*um e-t*). **-tekja,** *f.* inntekt. **-tekning,** *f.* avtak, fraataking. **-tekt,** *f.* **1.** inntekt. **2.** draap.

af-telja, *v.* (*taldi*) avtelja, telja fraa. **-tigna,** *v.* (*að*) taka herredomen, vyrdnaden fraa eink. **-trú,** *f.* avtru, rang tru, ovtru. **-trúa,** *v.* (*að*) taka trui fraa, avkristna.

-tækiligr, *a.* raadleg. **-tækr**, *a.* lastande, som er aa finna aat. **-tæma**, *v.* (*md*) tøma heilt. **-þokka**, *v.* (*að*) mismæta; *e-m afþokkast*, ein mislikar. **-þokkan**, *f.* lastord, lasting, mistykke. **-þváttr**, *m.* avvasking. **-þýða**, *v.* (*dd*) = *afþokka*. **-valdr**, *a.* som er skuld i, valdande (*e-u* eller *e-s*). **-vega**, *v.* (*að*) føra paa avveg. **-vega**, **-vegar**, **-vegis**, *av.* avveges, or den rette veg. **-velta**, *a.* aalvelt. **-vensla**, *f.* utloga, utgift. **-vik**, *n.* avstig; avrom. **-vinna**, *f.* utgift.

af-virða, *v.* (*rð*) mismæta, svivyrda; *afvirða fyrir e-n*, sverta eink.; *afvirðast, v. r.* vanvyrda, halda seg for god til. **-virðiligr**, *a*, vanvyrdeleg. **-virðing**, *f.* vanvyrding. **-vænn**, *a.* uvonsleg. **-vǫxtr**, *m.* nedgang i verde, tap.

áfýsi, *f.* fysa, hug.

afæta, *f.* avæta, hardfengd, aaboden kar.

áfœra, *v.* (*rð*) lasta. **áfœri**, *n.* yverfall (naar fleire er imot ein).

aga, *v.* (*gð*) upers. det er faare paa ferd. **agalauss**, *a.* faarelaus, fredleg; ustraffa. **agan**, *f.* faare, ufred.

áganga, *f.* aagang; forfang; aatak. **ágangr**, *m.* aagang; klander. **ágangsamr**, *a.* aagangsam, męinsam. **ágangsmaðr**, *m.* valdsmann.

aga-samligr, **-samr**, *a.* ufredleg.

ágauð, *f.* gøying (paa), avreidsla. **Agðir**, *f. pl.* Agder (Nedenes, Lista og Mandals amt). **ágengiligr**, *a.* lettgjengd (veg); lokkande. **ágengr**, *a.* aagjengen, som vert ute for aagang. **ágerð**, *f.* vinning.

agi, *m.* ufred, uro; otte; age, tukt.

ágildi, *n.* sau-verde. **ágildr**, *a.* jamverd med ein sau.

ágirnast, *v. r.* (*nd*) gira etter, lysta etter. **ágirnd**, *f.* gir (etter), sjølvgod lyst; jfr. *aagjern* (utt. *aagjedn*) f. Nhl.

ágirndar-bál, *n.* brennheit gir, lyst. **-broddr**, *m.* eggjande gir, lyst. **-eldr**, *m.* eldheit gir, lyst. **-gall**, *n.* eiterfull gir, lyst. **-lǫstr**, *m.* den lasten aa gira etter eitk.

ágirni, *f.* og *n.* ovgir, ovlyst. **ágirnisfullr**, *a.* girug, havekjær, havør. **ágjarn**, *a.* girug, havør; framsøkjen, framdjerv. **ágjarnligr**, *a.* grisk, hækjen (*-liga, av.* griskt, djervt).

agn, *n.* agn, beita. **agnahaugr**, *m.* agnehaug, haug med agner. **agn-sax**, *n.* agnsaks, agnkniv. **-ǫr**, *f.* agnor, agnhald, holvor.

ágóðahlutr, *m.* **ágóði**, *m.* bate, utvinning. **ágrip**, *n.* umgrip; *lítit ágripum*, lite paa romvidd.

ágæta, *v.* (tt) rosa, lova.

ágæta *gen. pl.* og **ágætis** *gen. sing.* framfor subst. adj. og av. tyder: framifraa, t. d. *ágæta gripr, m.* ein framifraa eignalut; *ágætis verk, n.* eit framifraa verk. **ágæti**, *n.* namnkunna, frægd, æra. **ágætingr**, *m.* gjæving, gild kar. **ágætleikr**, *m.* gjævskap, gildskap. **ágætligr**, *a.* gjæv, grum (*-liga, av* sers vel). **ágætr**, *a.* aagjeten, gjæv, framifraa, namngjeten. **ágætsamliga**, *av.* sers vel.

ágǫngumaðr, *m.* valdsmann.

áhald, n. **1.** aatak (paa eink.); i *pl.* handekrafs, slaasting. **2.** innehaving; *veita áhald e-u* (eller *á e-t*), leggja under seg, faa tak paa; *hafa ahǫld við e-m*, kunna tevla med eink. **áhankast**, *v. r.* (*að*); upers. *e-m áhankast*, ein taper (i kroktak). **áheit**, *n.* paakalling, bøn. **áhenda**, *v.* (*nd*) aahenda, gripa. **áheyrandi**, *a.* som høyrer paa. **áheyriligr**, *a.* høyrleg, høyrande (*-liga, av.*) **áheyris**, *av.* soleis at det vert høyrt. **áheyrsi**, **áheyrsli**, *a.* som høyrer paa.

áhlaup, *n.* aalaup, aatak; skunding. **áhlaupamaðr**, *m.* mann, som er braa til aa taka paa. **áhlekking**, *f.* fall, detting. **áhleypinn**, *a.* braa, ihuga til aa gjera aatak. **áhlýðast**, *v. r.* (*dd*) lyda paa. **áhlýðinn**, *a.* høyrsam. **áhrinsorð**, *n.* ord som vert sannrøynde, gjeng fram.

áhuga-fullr, *a.* sutfull. **-lítill**, *a.* uhuga paa store tiltøke. **-maðr**, *m.* = *áhugamikill maðr*. **-mikill**, *a.* huga paa store tiltøke. **-samr**, *a.* sutfull. **-stórr**, *a.* huga paa aa gjera noko stort. **áhugi**, *m.* tanke; mod; aahuga, umsut.

áhúsan, *f.* upphusing.

áhyggja, *f.* aathug, gaum; aahuga, umsut; sut. **áhyggjast**, *v. r.* (*að*) hava umsut for noko (*um e-t*). **áhyggju-fenginn**, *a.* ille ved, sturen. **-fullr**, *a.* tregefull. **-mikill**, *a.* mykje tregefull. **-samligr**, *a.* som ser sorgfull ut (*-liga, av.* aalvorsamt). **-samr**, *a.* fortenkt,

tankefull; umhugsam. **-svipr,** *m.* tankefull uppsyn.

áhqfn, *f.* farm; fragtegods. **áhqgg,** *n.* saue-slagting.

ai, *interj.* eie (meg)!

ái, *m.* lang-godfar.

áifangi, áifangr, *m.* sjaa *áivangr.* **áifóðr,** *n.* kvilefôr, hestfôr. **áivangr,** *m.* hestvang, stad der hestarne fær kvila og vert fôra.

aka, *v. st.* (ogso *að*). **1.** aka, flytja; *aka seglum,* brasa; *akast í tauma,* gleppa, svigta. **2.** aka, køyra eitk. (*e-u* og *e-t*), ogso køyra sjølv. **3.** flytja seg; *aka undan,* hopa, vika undan; — *e-m verðr nær ekit,* kjem i knipa.

ákafamaðr, *m.* ein som tek til med ofse, er ihuga og ofsen for ei sak (*um e-t*).

ákafast, *v.* (*að*) øsast, aakava seg, verta ofsen, (ukyrr, um sjøen); *ákafast á e-t,* taka ei sak med ofse. **ákafi,** *m.* ofse, ihuge; *ákafa* (*gen.*) framfor adjektiv tyder ovende. **ákafleikr,** *m.* ofse. **ákafligr,** *a.* kavhuga, strid (*-liga, av.* aakavt, med ofse). **ákaflyndi,** *n.* stridlynde, braalynde. **ákaflyndr,** *a.* kavhuga, braalyndt. **ákafr,** *a.* ofsen, ihuga, hastig, vill, hard. **ákaft,** *av.* aakavt, ofse, hardt, sterkt.

ákall, *n.* rop; paakalling; krav. **ákalla,** *f.* krav. **ákallaðalauss,** *a.* usnikka, ikkje umstridd. **ákals,** *n.* krav. **ákalsaðalauss,** *a.* ikkje umstridd.

akarn, *n.* aakorn, eikenot.

ákast, *n.* paakasting, kast; aakast, plaaga; aatak; vondord. **ákastan,** *f.* paakasting. **ákastasamr,** *a.* illordig.

akbraut, *f.* aksterveg, køyreveg.

ákefð, *f.* ofse, braalæte. **ákefðar-orð,** *n.* hastigt ord. **-ótti,** *m.* stor otte.

ákenning, *f.* **ákenningr,** *m.* smak, kjenning; svide, straff.

ákeypi, *n.* forkaupsrett.

akfœri, *n.* akegreida, akedoning, køyrebunad.

akkeri, *n.* ankar, skipsankar; *akkeri hrífr við,* ankaret tek fast. **akkeris-fleinn,** *m.* ankarklo. **-lát,** *n.* ankring. **-leggr,** *m.* ankarlegg som bind stokken saman med klørne. **-lægi,** *n.* **-sát,** *f.* ankarlega, ankarstad. **-stokkr.** *m.* ankarstokk. **-strengr,** *m.* ankartog. **-sæti,** *n.* ankarstad. **-tog,** *n.* ankartog.

áklæði, *n.* aaklæde. **ákneiki,** *n.* vanæra. **ákoma** (*ákváma*) *f.* koma, koming (inn paa, ned paa, og dlkt); saar, sjukdom.

akr, (*gen. akrs*) (og *ákr*) *m.* jord, jordstykke; aaker. **akra-karl,** *m.* aakerarbeidar, dreng. **-merki,** *n.* aaker-deile, **-skipti,** *n.* aakerbyte, aakerskifte. **akrdái,** *m.* daae, aakerpipa (*Galeopsis*). **-deili,** *n.* = *akramerki.* **-for,** *f.* plogfôr i aaker. **-gerðarmaðr,** *m.* = *akrakarl.* **-gerði,** *n.* inngjerd aaker. **-hœna,** *f.* aakerhøna, aakerriksa. **-jarn,** *n.* eit slag sigd. **-kál,** *n.* aakerkaal. **-karl,** *m.* = *akrakarl*; ogso svivyrdeleg: slamp, moldukse. **-karlalífi,** *n.* vanseda, halv-vilt liv. **-kvísl,** *f.* mykjarkvisl, mykjargreip. **-land,** *n.* aakerland. **-lengd,** *f.* aakerlengd. **-lykkja,** *f.* inngjerd aaker. **-maðr, -plógsmaðr,** *m.* = *akrakarl.* **-rein,** *f.* aakerreina. **-sáð,** *n.* saakorn.

Akrsborg, *f.* **1.** Acre i Jødeland. **2.** Akershus festning.

akr-skipti, *n.* aakerskifting. **-skurðarmaðr,** *m.* skurdkar, skjerar. **-súra,** *f.* sura, suregras (Rumex acetosa)? **-tíund,** *f.* tiend av aaker. **-verð,** *n.* aakerverde, aakerpris. **-verk,** *n.* aakerarbeid. **-verksmaðr,** *m.* = *akrakarl.* **-vinna,** *f.* aakerarbeid.

akta, *v.* (*að*) rekna; agta paa, gjeva seg um, hava umsut for; syta, faa i.

aktamr, *a.* køyretamd.

aktan, *f.* agting, tilsyn, umsut.

aktaumr, *m.* tog til aa brasa med, brasetog.

ákúfóttr, *m.* rund, kuvut.

ákúran, *f.* stur, sut, kur.

ákváma, sjaa *ákoma.*

ákviðr, *m.* doms-utsegn (*kviðr*) som gjeng imot den som er klaga.

ákvæðalauss, *a.* som det ikkje er lese trollord yver.

ákvæði, *n.* greid tale, utsegn; spaadomsord. **ákvæðis-teigr,** *m.* dags-slaatt, teig som ein er sett til aa slaa paa ein dag. **-verk,** *n.* fyreloga, lage, aalag. **ákynnis,** *av.* paa gjesting.

ákæra, *v.* (*rð*) kjæra, klaga, klandra. **ákæra,** *f.* kjæremaal, klaga (paa). **ákærari,**

m. klagar. **ákæri, ákærsla,** *f.* = *ákæra, f.* **ákærslu-lauss,** *a.* kjærelaus, uklandra. **-maðr,** *m.* klagar. **ákærulauss,** *a.* uklandra. **ákæru-maðr,** *m.* klagar. **ákǫnnulauss,** *a.* uklandra.

al — i fyrste samansetningsled tyder: heilt, fullt, all igjenom, aalende, aal, og er utskilt fraa *all* (sjaa dette). t. d. *alauðn, f.* utøyding; *albjartr, a.* bjart allstad, aalbjart; *albrotinn, a.* reint sundbroten; *albúa, v. st.* gjera aalferdig.

al, *n.* engelsk øl.

ál, *f.* (*dat. sg. ál* og *álu*; *pl. álar*) skinnreim; jfr. nyn. *bakola.*

ala, *v. st.* **1.** ala, avla. **2.** føda til verdi. **3.** ala upp; føda upp; gjeva upphald. Mrk: *ala aldr,* liva si tid; *ala sút,* syta, syrgja; *ala ǫnn at e-u* (og *of e-t*) leggja vinn paa; *ala á e-t,* driva paa; *ala e-t eptir e-m,* tola eitk. av ein.

alaðsfestr, *f.* aattandeparten av ei livsbot; sjaa *fjǫrbaugr.*

álag, *n.* **1.** støyt, styng (med vaapen). **2.** aalag, fyreloga. **3.** plaaga, yvergang. **4.** paalegg, utreidsla. **5.** straff; tillegg til skuld. **6.** forloga, skjepna (paa grunn av trolldom). **7.** fyrste ord i ei verslina som høyrer til lina i fyrevegen. **álaga,** *f.* **1.** upplag (av varor paa ein stad). **2.** utreidsla, paalegg.

álagsbót, *f.* straffebot.

álagsháttr, *m.* eit slag versemaal (2dre og 4de verslina byrjar med einstavingsord, som høyrer til lina i fyrevegen).

alamandr, *m.* mandel (frukt).

ála-veiðr, *f.* aalefiske. **-virki,** *n.* aalegard.

albata, *a.* heilt batna, frisk.

ál-belti, *n.* skinnbelte. **-bera,** *v.* mæla med reip. **-burðr,** *m* uppmæling med reip.

alda, *f.* alda, havbaara; yverført: uvenskap.

alda-farsbók, *f.* ei bok, som presten Beda skreiv um *landaskipan* (De ratione temporum). **-mót,** *n.* det tidepunkt naar tvo *aldir* (tidebil) møtest, tidemot.

aldar-eðli, *n.* æveleg odel. **-faðir,** *m.* patriark. **-far,** *n.* tilgangen i verdi, heimsens gang. **-mál,** *n.* avgjerd for alltid, ubrigdeleg skipnad. **-menn,** *m. pl.* dei fyrste menneskje. **-rof,** *n.* tidetrot, heimsens undergang. **-róg,** *n.* æveleg strid. **-tal,** *n.* aaretal; soga um heimsens gang. **-trygðir,** *f. pl.* trygd paa æveleg fred. **-þopti,** *m.* trufast felage. **alda-skipti,** *n.* umskifte i tiderne. **-tal,** *n.* tidrekning.

aldauðr, *a.* aaldaud; *aldauða arfr,* arv utan ervingar.

aldavinr, *m.* trufast ven.

aldin, (og *aldini*) *n.* alda, trefrukt (eple og dlkt.). **-berandi,** *a.* som ber alda.

aldinfalda, *a.* som hev gamaldags hovudbunad.

aldin-garðr, *m.* aldegard, frukthage. **-lauss,** *a.* som ikkje ber alda. **aldinn,** *a.* gamall. **aldinsgarðr,** *m.* aldegard, frukthage. **aldin-skógr,** *m.* skog av aldetre. **-tré,** *n.* **-viðr,** *m.* aldetre, frukttre.

aldr, *m.* (*gen. aldrs*) **1.** alder. **2.** alderdom. **3.** liv, livetid; *nema e-m aldri,* taka livet av ein; *aldri farinn,* gamall; *heimtast fram at aldri,* draga ut paa aldren. **4.** langt tidebil; æva; *um aldr,* i all æva, = *um aldr ok æfi; hverr um aldr,* kven i verdi.

aldraðr, *a.* aldra, gamall.

aldr-dagar, *m. pl.* langt tidebil, æva; *um aldrdaga,* i all æva. **-fremd,** *f.* æveleg æra.

aldri, aldrigi, aldrigin, *av.* **1.** nokosinne; *engi hafði aldri fyrr,* ingen hadde nokosinne fyrr; *betra en aldri fyrr,* betre enn nokosinne fyrr. **2.** aldri; ikkje.

aldr-lag, *n.* livsveg, lagnad; daude. **-lok,** *n.* livsende. **-máli,** *m.* festa paa livetidi. **-nari,** *m.* elden (poet). **-rúnar,** *f. pl.* livsruner, løynderaad til aa berga livet. **-sáttr,** *a.* samd for alltid. **-slit,** *n. pl.* livsens ende.

aldrsmunr, *m.* aldersmun aldersskil.

aldr-stamr, *a.* stogga paa livsvegen. **-tili,** *m.* livsens ende, daude. **-tregi,** *m.* æveleg trege, sut.

aldrœnn, *a.* gamall.

al-dyggr, *a.* trufast. **-dæli,** *a.* bein, greid.

áleiðis, *av.* **1.** aaleides, i veg; *koma e-u áleiðis,* koma aaleides med eitk., faa fram ei sak; *víkja áleiðis með e-m,* halda med den eine parten. **2.** rettleides; *snúa ráði e-s áleiðis,* betra kaari til eink.

aleiga, *f.* heile eigedomen, all eiga. **aleigumál,** *n.* **aleigusǫk,** *f.* logbrot som vert straffa med at ein misser all si eiga.

áleiksi, *a.* som taper i strid.

áleita, *v.* (*að*) aaleita, plaaga. **áleitiligr,** *a.* klandrande, som er aa segja paa. **áleiting,** *f.* aagang, aakliv. **áleitinn,** *a.* kranglen, aagangsam, aatfinnsam. **áleitni,** *f.* aagang, forfang, mein.

alenda, *f.* umak, møda. Gh M I 366.

álengdar, *av.* framleides, lenger. **álengr,** *av.* framleides; *álengr er,* **1.** so snart (som) **2.** etter di.

aleyða, *v.* (*dd*) øyda heilt, øydeleggja reint. **aleyða,** *f.* audskap, rein øyda, tyning

alfa-blót, *n.* ofring til alvarne, alveblot. **-kyn,** *n.* alve-ætt.

alfar, *n.* heile faret; *alfar vazins,* heile vatsfaret..

alfari, *a.* som reiser for godt, for ollo. **alfarinn,** *a.* reint forkomen.

Alfheimar, *m. pl.* landet millom Glaama og Gøta-elvi.

alf-kona, *f.* alvkona, hulder. **-kunnigr, -kunnr,** *a.* skyld med alvar. **alfr,** *m.* alv, underjordsk. **alfrek,** *n.* **alfreki,** *m.* det som driv burt alvarne; *ganga at alfreka,* vera av for sjølve seg, gjera det ein tarv.

al-frjals, *a.* styrlaus. **-fróðr,** *a.* full-lærd.

alfrǫðull, *m.* sol (poet).

al-fúinn, *a.* aalroten, kavroten. **-fœrr,** *a.* fullfør. **-fǫðr,** *m.* allfader (ofte um Odin). **-gangsa, -gangsi,** *a.* aalgjengd, aalmenn. **-geldingr,** *m.* gjeldfe heilt upp (um baae slag). **-geldr,** *a.* reint turr, gjeld (um dyr). **-gera,** *v.* (*rð*) fullføra. **-gerleikr,** *m.* fullkomenskap. **-gerliga,** *av.* til fullnad. **-gerligleikr,** *m.* fullkomenskap. **-gerningr,** *m.* fullføring. **-gerr,** *a.* fullgjord, aalferdig. **-gervi,** *f.* fullkomenskap; full herbunad. **-gildi,** *n.* fullt vederlag. **-gildisvitni,** *n.* fullgildt vitne. **-gjafta,** *a.* heilt framfødd (um fe). **-gjǫf,** *f.* heil og full gaava. **-gleyming,** *f.* full moro, skjemt. **-gleymr,** *a.* storglad. **-grár,** *a.* aalgraa. **-gullinn,** *a.* gylt yver allan, aalgylt. **-gæft,** *av.* heilt upp.

algøra, algørleikr, algørliga osfr. sjaa *algera* osfr.

al-heiðinn, *a.* heilt upp heidensk. **-heilagr,** *a.* heilag all igjenom, gjennheilag. **-heill,** *a.* aalheil; full-frisk. **-heilsa,** *f.* full helsa.

álheimr, *m.* hav (poet). **alhenda,** *f.* sjaa *aðalhenda.* **alhendr,** *a.* med *aðalhending* i kvar verserad.

al-hreinn, *a.* heilt rein, aalrein. **-hugaðr** (og *-ugaðr*) *a.* aalhuga, heilhuga, aalvorsleg. **-hugat,** *av.* med aalvora, retteleg. **-hugi,** *m.* aalvora. **-hugligr,** *a.* aalvorsleg, ærleg (*-liga, av.*). **-hungraðr,** *a.* utsvelt. **-húsa,** *v.* (*að*) byggja heilt. **-hvítr,** *a.* aalkvit. **-hýsa,** *v.* (*st*) byggja heilt. **-hýsi,** *n.* alle husi paa ein gard. **-hœgr,** *a.* lettvint.

ali-bjǫrn, *m.* tamd bjørn, alebjørn. **-dýr,** *n.* aledyr, tamt dyr. **-fiskr,** *m.* fisk som folk føder upp, el til. **-fugl,** *m.* alefugl, tam fugl. **-gás,** *f.* alegaas, tam gaas. **-hafr,** *m.* bukk som vert uppfødd heime paa garden.

alin, *f.* aln; sjaa *ǫln.*

ali-sauðr, *m.* saud, som vert uppfødd heime paa garden. **-svín,** *n.* alesvin, tamt svin.

álit, *n.* **1.** aalit; utsjaanad, *vænn at áliti,* væn aa sjaa til. **2.** skodnad, umtanke, ettertanke; *gera e-t at álitum,* tenkja etter eitk. **3.** meining, tru. **4.** lit, aalit.

álita, *v.* (*að*) skoda paa. **álita,** *f.* ettertanke.

álita-leysi, *n.* tankeløysa. **-lítill,** *a.* tankelaus, faatenkt. **-mál,** *n.* sak som vert ettertenkt. **álitari,** *m.* umtenkt styrar. **álitligr,** *a.* umtenkt (*-liga, av.* skapleg, pent).

álitning, *f.* skodnad, umsyn.

al-jafn, *a.* heilt upp lik med (*e-m*). **-jarnaðr,** *a.* jarnslegen yver allan; full-skodd (um hest).

áljótr, *m.* (*gen.-ar*) lyte, mein, sjaas-lyte. **áljóts-eyrir,** *m.* bot for valda sjaas-lyte. **-ráð,** *n.* raad um aa gjeva eink. sjaas-lyte.

alka, *f.* alka.

al-keypt, *a. n.* dyrt kaupt. **-klæðnaðr,** *m.* heile klædnaden. **alkona,** *f.* kona som sel *al* (øl). **al-kristinn,** *a.* heiltupp kristen. **-kristnaðr,** *a.* heilt kristna. **-kunna, -kunnigr, -kunnr,** *a.* aalkjend.

alkuungi, *m.* alkeunge.

all — i fyrste samansetningsled tyder: heller, mykje, hardla, ovleg, ovende; t. d. *allágætr, a.* mykje vel umtala.

áll, *m.* I. aal (fisk).

áll, *m.* II. **1.** aal, gror. **2.** aal, djup

renna i botnen av elv eller sund; i stadnamn ogso dal. **3.** aal, rand etter ryggen paa dyr.

all-ant, *a. n. e-m er allant,* ein er mykje ant um. **-apr,** *a.* ovleg, hard, illhard. **-beinn,** *a.* mykje snild, beinsam (mot gjest), gjęstmild. **-beiskr,** *a.* hardla misnøgd, ille ved. **-bitr,** *a.* ovleg kvass. **-bjartr,** *a.* glimande bjart. **-blár,** *a.* mykje blaa (myrk). **-bráðgerr,** *a.* som vert ovleg snart vaksen, snarkomen. **-bráðum,** *av.* illsnøgt. **-brosligr,** *a.* heller løgleg. **-dræmt,** *av. láta alldræmt yfir sér,* vera kipen og kry.

alleins, *av.* heilt upp sams, eins.

all-fár, *a.* svært faa; *allfátt,* uvenslegt. **-fast,** *av.* dugeleg, sterkt. **-feginn,** *a.* storglad. **-fjarrtekinn,** *a.* heller langhenta.

al-ljóss, *a.* aalljos, heilt upp ljos.

all-fǫðr, *m.* allfader (um Odin). **-gleymr,** *a.* mykje glad. **-gløggliga,** *av.* ovleg nøgje, grannleg. **-ljóss,** *a.* heller ljos. **-mál,** *n* rette tid. **-mikill,** *a.* mykje stor. **-mjǫk,** *av.* svært mykje. **-myrkr,** *a.* heller myrk. **-opt,** *av.* svært ofte.

allr, *a.* **1.** all, heil; *allr annarr maðr,* alt anna til kar; *allr einn ok,* nett den same som; *villast allr,* mistaka reint; *með ǫllu,* heilt; *með ǫllu eigi,* slett ikkje. **2.** all, uppbrukt, ende, ute med, daud; *vetr er allr,* vetren er all, er slutt. Gen. pl. forsterkar høgstegraden av adjektiv og adverb t. d. *allra ríkastr,* aller rikast. Sjaa *alls* og *allt.*

allraheilagramessa, *f.* helgemessa, allhelgemessa (fyrste november).

alls, *av.* (eigenleg gen. sing. neutr. av *allr*). **1.** alt i alt; *hundrað menn alls* **2.** heilt, allendes; *alls ekki,* slett ingen ting. **3.** *alls of, alls til,* altfor. **4.** *konj.* med di, avdi (ogso *alls er*).

alls-endis, *av.* allendes, alt til enden, = *til allsendis.* **-háttar,** *av.* allslags.

allsherjar, eig. gen. sing. av *allr herr,* alt folket; *guð alls herjar* ɔ: herren Zebaoth.

allsherjar-búð, *f.* budi aat *allsherjargoði* paa altinget. **-dómr,** *m.* dom, vedtak av folket **-fé,** *n.* gods som alt folket eig. **-goði,** *m.* den goden som hadde aa opna og helga altinget. **-lið,** *n.* her av alt folket. **-lýðr,** *m.* alt folket, aalmenningen. **-lǫg,** *n. pl.* aalmenn log. **-þing,** *n.* ting av alt folket, aalmannting.

alls-konar (-kyndis, -kyns) *av.* allskyns, allslags. **-kostar,** *av.* i alle maatar. **-staðar,** *av.* allstad. **-valdandi,** *a.* allmegtug. **-valdari,** *m.* allmegtug styrar. **-valdr,** *a.* allmegtug. **-vesall,** *a.* yverlag usæl. **-vesǫld,** *f.* usæla i alle maatar. **-vǫldugr,** *a.* allmegtug.

allt, *av.* **1.** alt, like, heilt. **2.** alt, allereido. **3.** *allt jafnt,* alljamt, alltid. **4.** allstad. **5.** *allt of, allt til,* altfor.

all-þarfr, *a.* mykje tarvleg, nyttig. **-þurr,** *a.* svært turr. **-úkátr,** *a.* mykje uglad. **-valdr,** *m.* styrar. **-valdskonungr,** *m.* einvaldskonge. **-vel,** *av.* mykje vel. **-vígmóðr,** *a.* ovtrøytt av strid.

almaga, *v.* (*ar*), sjaa *ámálga.*

almandr, *m.* mandel.

almanna-bygð, *f.* storbygdi. **-fœri,** *n.* *í a-i,* i folkeaugo. **-leið,** *f.* aalmannveg. **-lof,** *n.* lovord av alt folk. **-skriptargangr,** *m.* skriftemaal som alle lyt gjera. **-stofa,** *f.* stor stova. **-tal,** *n.* vanleg tiderekning; manntal yver alle. **-þing,** *n.* aalment ting. **-vegr,** *m.* aalmannveg, storveg.

almannligr, *a.* aalmenn.

al-máttigr, *a.* allmegtug. **-máttr,** *m.* allmagt.

almbogi, *m.* **1.** boge av alm. **2.** olboge.

al-menni, *n.* aalmenne, aalmuge. **-menniliga,** *av.* aalment. **-menniligr,** *a.* aalmenneleg, aalmenn; vanleg.

almenning, *f.* oftast: **almenningr,** *m.* **1.** aalmenning, mark, skog, øydemark som bygdi eller kongen eig. **2.** aalmenning, open plass i by eller ved kyrkja. **3.** aalmenning, aalmuge. **4.** alt folket, aalmenta. **5.** fullt utbod av herfolk og skip.

almennings-drykkja, *f.* drykkjelag for aalmenta. **-far,** *n.* aalmenn ferjestad. **-folk,** *n.* folk flest. **-glófar,** *m. pl.* uvande handskar. **-mǫrk,** *f.* **skógr,** *m.* aalmenningsskog. **-stræti,** *n.* opi gata. **-trú,** *f.* aalmenn (kristeleg) tru. **-vegr,** *m.* aalmannveg.

almennr, *a.* aalmenn.

almr, *m.* alm, almetre; boge; mann (poet.).

alm-sveigr, *m.* almegrein. **-tré,** *n.* almetre.

almúgi, almúgr, *m.* aalmuge, folkemuge.

almusa, *f.* sjaa *ǫlmusa.*

2

almviðarskógr, *m.* almeskog.

al-mæli, *n.* aalmenn tale. **-mæltr,** *a.* 1. greidmælt. 2. som alle røder um. **-mætti,** *n.* allmagt. **-mættisverk,** *n.* allmagt-verk.

alna-mál, *n.* alnemaal. **-málssǫk, (alnasǫk)** *f.* rettssak um rangt alnemaal. **alnarkefli,** *n.* kjevle som er ei alen langt.

alna-váð, *f.* makrelnot (sjaa *ǫlun*). **-vágr,** *m.* makrelvaag.

al-nefndr, *a.* (eig. *perf. partic.*) namngjeven. **-ogaðr, -ogi, -ogligr,** sjaa *alhugaðr, alhugi, alhugligr.*

alpan, *f.* gapferd.

Alpiafjall, Alpinarfjall, *n.* Alpefjelli.

alpt, *f.* (*-ar; -ir* og *elptr)* svana. **alptar-hamr,** *m.* svaneham. **-hreiðr,** *n.* svanereir. **-líki,** *n.* svaneskap.

alptveiðr, *f.* svaneveiding.

alr, *m.* syl.

al-ráðinn, *a.* fast raadd. **-ránn,** *a.* reint rana, aalsnøydd. **-rauðr,** *a.* aalraud. **-reyndr,** *a.* aalrøynd, vel røynd.

alri, *m.* ore, oretre, older. **al-rœmdr,** *a.* som alle talar um, aalkjend. **-sagðr,** *a.* som alle segjer. **-sátt,** *f.* heilt forlik, sætt. **-sáttr,** *a.* heilt forlikt, samd. **-sekr,** *a.* dømd til høgste straff, fredlaus. **-siða,** *a.* aalment vedteken. **-skipaðr,** *a.* fullt skipa med folk, manna (um baat). **-skjaldaðr,** *a.* skjoldsett allstad. **-skotinn,** *a.* aalkomen (um aaker). **-skygn,** *a.* fullt sjaaande. **-skyldi, -skyldr,** *a.* fullt skyldug (til). **-slíkr,** *a.* netupp slik. **-snotr,** *a.* fullvis. **-spakr,** *a.* allvis. **-stórmannligr,** *a.* gjæv i alle maatar.

álstrengr, *m.* reim.

al-stýfðr, *a: a. háttr,* eit versemaal med ei avstytting i alle verserader. **-stýfingamark,** *n.* merke som er slik, at øyra er heilt avstyvt (t. d. paa sau). **-stýfingr,** *m.* dyr med avskorne øyro. **-svartr,** *a.* aalsvart. **-sveittr, -sveitugr,** *a.* aalsveitt. **-svinnr** (*alsviðr*) *a.* fullklok. **-sykn,** *a.* heilt frikjend (for straff). **-sykna,** *f.* heil frikjenning. **-sætt,** *f.* **-sætti,** *n.* = *alsátt.*

altara-, sjaa *altaris-.*

altari, *m.* og *n.* altar. **altaris-blæja,** *f.* altarduk. **-búnaðr,** *m.* altarbunad (ljos, kalk o. s. fr.) **-burðr,** *m.* ofring paa altaret. **-dagr,** *m.* aarsdagen for ei altarvigsla. **-dúkr,** *m.* altarduk. **-embætti,** *n.* tenesta ved altaret. **-fórn,** *f.* altaroffer, messeoffer. **-golf,** *n.* golvet, der altaret stend. **-horn,** *n.* altarhyrna. **-hús,** *n.* hus (rom) med altar. **-klæði,** *n.* altarklæde. **-messa,** *f.* messa ved eit altar. **-staðr,** *m.* altar-stad. **-steinn,** *m.* altarstein. **-þjónustumaðr,** *m.* kyrkjeleg tenestemann ved altaret, altar-tenar.

altera, *n.* = **altari,** (altar).

altíð, *f.* den dagen i kvart aar, daa det vert halde sjælemessor for ein avliden, aartid, = *ártíð.* **altíða-hald,** *n.* at det vert halde *altíð.* **-kaup,** *n.* betaling for *altíðahald.* **-kerti,** *n.* ljos ved *altíðahald.* **altíðar-dagr,** *m.* dagen, daa *altíð* vert haldi. **-hald,** *n.* sjaa *altíðahald.*

altjaldaðr, *a.* full-hengd med tjeld paa veggjerne.

alþiljaðr, *a.* fullt bordsydd eller bordklædd innvendes.

alþingi, *n.* aalment ting; altinget (paa Island). **alþingis,** *av.* allendes, heilt upp. **alþingis-dómr,** *m.* altings-dom. **-fǫr,** *f.* altingsferd. **-grið,** *n. pl.* grid, tingfred paa altinget. **-lof,** *n.* løyve av altinget. **-maðr,** *m.* deiltakar paa eit lagting (i Norig). **-mál,** *n.* rettargangsmaate paa altinget. **-nefna,** *f.* utnemning av domarar paa altinget. **-reið,** *f.* riding til altinget. **-sátt,** *f.* semja som er gjord paa altinget. **-sáttarhald,** *n.* at ei semja som er gjord paa altinget, vert haldi. **-sókn,** *f.* søkning til eit lagting.

alþjóð, alþýða, *f.* alle folk; folketyngdi, stormengdi, aalmugen. **alþýðast,** *v.* tyda seg til nokon, tydast til. **alþýði,** *f.* = *alþýða.* **alþýðisfolk,** *n.* smaafolk, aalmugefolk. **alþýðligr,** *a.* vanleg; *alþýðligt mál,* ubunden stil, prosa.

alþýðu-drykkja, *f.* drykkjelag for aalmugefolk. **-hagr,** *m.* aalmenn bate. **-leið,** *f.* aalmannveg. **-réttr,** *m.* retten til folket, riket. **-rómr,** *m.* tale millom folket. **-tal,** *n.* vanleg tiderekning millom folk. **-vápn,** *n.* aalment vaapn. **-vegr,** *m.* aalmannveg.

alþykkr, *a.* aaltjukk, aalskya (um vêr).

alúð, (og *ǫlúð*) *f.* inderleg godvilje. **alúðar-maðr,** *m.* mann, som er inderleg vyrk for ein. **-vinr,** *m.* hjarteven. **alugaðr,** *a.* sjaa *alhugaðr.*

álútr, *a.* framlutt.

al-valdr, *m.* = *allvaldr.* **-vápnaðr,** *a.* full-væpna.

alvara, *f.* aalvora; stødleik, traae; inderleg godvilje. **alvarligr,** *a.* kjærleg, inderleg (*-liga, av.* aalvorsleg; heilt).

al-vaskligr, *a.* spræk. **-vátr,** *a.* aalvaat. **-vaxinn,** *a.* aalvaksen. **-verki,** **-verkja,** *a.* full av verk eller pina allstad. **-virkr** (og *alyrkr*) *a: a. dagr,* vyrkedag, arbeidsdag. **-víst,** *av.* fullvisst. **-vitr,** *a.* mykje klok; allvis. **-vænn,** *a.* ovvæn. **-væpni,** *n.* full væpning.

alvǫruligr, *a.* kjærleg, inderleg (*-liga, av.* aalvorsleg). **alvǫrusamliga,** *av.* aalvorsamt. **alvǫrusamligr,** *a.* aalvorsam; truen.

álygi, *f.* lygn (um eink.).

álykt, ályktan, *f.* endeleg avgjerd.

ályktar-áminning, *f.* siste paaminning. **-dómr,** *m.* endeleg dom. **-orð,** *n.* enden paa ein tale, slutt. **-stefna,** *f.* siste varsl. **-þing,** *n.* ting som heilt avgjer ei sak. **-vitni,** *n.* vitnesburd som avgjer ei sak.

alyrkr, *a.* sjaa *alvirkr.*

álæg, álægja, *a. f.* aalægja, os, od (um merr).

Alǫst, *f.* Alstn (øy i Vefsn).

ama, *v.* (*að*) bry, gjera mein; halda burte. **amast,** *v. r.* amast med ein (*við e-n*); gjeva seg um (med inf).

áma, *f.* gygr, trollkjerring.

amalera, *v.* (*að*) emaljera.

ámálga (ogso *almaga, ámága*) *v.* (*að*) paatala, klaga paa. **ámálgaðalauss, ámálgalauss,** *a.* paatalelaus; jfr. nyn. *aamoga,* minna paa.

ámátligr, ámátr, ámáttigr, *a.* fælsleg, ovguleg.

amban, *f.* løn (= *ǫmbun*). **ambana,** *v.* (*að*) forskylda, løna ein (*e-m*) for eitk. (*e-t*) med eitk. (*e-u*).

ambátt, *f.* (*pl.-ir* og *-ar*) trælkvende, ambaatt; frilla. **ambáttafang,** *n.* fangtak millom trælkvende. **ambáttar-barn,** *n.* trælkvende-barn. **-ligr,** *a.* trælhaatta, trælsleg. **-mót,** *n.* trælkvende-svip. **-sonr,** *m* trælkvende-son.

amboð, *n.* sjaa *andbod.*

ámeðal, ámeðan, sjaa *meðal, meðan.*

amendasnot, *f.* mandel.

ametta, *f.* det inste klædeplagg paa ein prestebunad.

amía, *f.* kjæraste.

ámilli, ámillum, sjaa *milli, millum.*

áminna, *v.* (*nt*) aaminna, aamoga, paaminna. **áminniligr,** *a.* minneverd.

áminning, *f.* aaminning, paaminning, minning. **áminningar-maðr,** *m.* minnar, paaminnar. **-orð,** *n.* aaminningsord. **-vísa,** *f.* aaminnings-visa.

amma, *f.* godmôr, fârmôr eller mômôr, besta.

ampli, *m.* lite kjer til vatn, olje og dlkt.; heiter ogso: *ampullr, ampulli, m.* og *ampulla, f.*

ámr, *a.* rustraud (ags. *óm,* rust).

amra, *v.* (*að*) jamla, gaula (um katten).

ámunr, *a.* lik (*e-m*) (Edda).

ámusótt, *f.* ros (sjukdom); jfr. nyn. *aamesykja* um eit slag svullar.

ámæla, *v.* (*lt*) finna aat, lasta (*e-m*).

ámæli, *n.* aamæle, lasting, brigsl; paatale. **ámælis-laust,** *av.* utan aamæle eller paatale, lastelaust. **-orð,** *n.* lastord. **-samr,** *a.* skammeleg, lastande. **-skor,** *f.* flokk av aatte mann. **-verðr,** *a.* lastverdig, lastande.

an, *konj.* = *en* (etter komparativ).

án, *præp.* utan; styrer gen. og dat. og akk.

ánafnaðr, *a.* namnkjend, namngjeven.

ánasótt, *f.* gamalmanns-sott.

ánauð, *f.* naud; tvang; trældom. **ánauðarok,** *n.* trældoms-ok. **ánauðga,** *v.* (*að*) trælka, gjera til træl. **ánauðigr,** *a.* som er i trældom, trælka.

and- som fyrste samansetningsled tyder and-, mot-.

anda, *v.* (*að*) anda; *andaðr,* daud; *andast v. r.* andast, døy. **anda-gift,** *f.* andens gaava. **-kristr,** *m.* antikrist. **-lauss,** *a.* andelaus, utan ande. **-ligr,** *a.* aandeleg (*-liga, av.*). **andar-auga,** *n.* aandelegt auga. **-ávǫxtr,** *m.* aandeleg frukt. **-dauði,** *m.* aandeleg daude. **-dráttr,** *m.* andedraatt, andedrag.

andaregg, *n.* and-egg.

andar-gjǫf, *f.* aandeleg gaava. **-gustr,** *m.* vindgust, vindgufs. **-heilsa,** *f.* aandeleg velferd. **-kraptr,** *m.* aandsstyrke. **-rúm,** *n.* anderom, pusterom. **-sár,** *n.* sjælesaar.

andarsteggr, *m.* andstegg, andkall.

andar-syn, *f.* syn i aandi, openberring. **-tak**, *n.* andedrag. **-vani**, **-vanr**, *a.* utan ande, daud.

andblásinn, *a.* uppblaasen av andedraget.

andboð, *n.* ambod, tarvende.

and-brotsmaðr, *m.* motstandar. **-dyri**, *n.* **-dyrr**, *f. pl.* utdør, forstova. **-fang**, *n.* fagning; samanstøyt. **-fælur**, *f. pl.* andfæla, (Inntr.) fælske, fæla. **-fœtingr**, *m.* ein som hev føterne imot ein annan; andføting. **-hlaup**, *n.* at ein misser anden, ande-trot. **-hvalr**, *m.* eit slag kval. Hyperoodon diodon (G. Guldberg).

andi, *m.* ande, andedrag, vind; aand, sjæl; aandeleg givnad; aand, aandeleg skapning (*heilagr andi*, den heilage anden); andeljod, pustljod (spiritus, i maallæra): *skarpr a.* (spiritus asper), *linr andi* (spiritus lenis).

andkæta, *f.* fysna, vellyst.

andlát, *n.* daude, andlaat. **andláts-dagr**, *m.* daudedag. **-tíð**, *f.* **-tími**, *m.* daudestund.

andlauss, *a.* sjællaus; livlaus.

andligr, *a.* aandeleg; livande (*-liga*, *av.*).

andlit, **andliti**, *n.* andlit, andskap; bilæte. **andlits-blíða**, *f.* blidlæte. **-fegrð**, *f.* vænt andlitsskap. **-bjǫrg**, *f.* andlitsskjerm, hjelmvisir. **-litir**, *m. pl.* andlits-lit. **-mein**, *n.* skade, mein i andlitet. **-skepna**, *f.* **-skǫp**, *n. pl.* andlits-skap. **-vænn**, *a.* andlitsvæn, som hev vænt andlit. **-vǫxtr**, *m.* andlitsskap.

and-málugr, *a.* motsegjall, antreleg. **-marki**, *m.* motgang; lyte. **-nes**, *n.* andnes, nes ved enden av ein fjord. **-óf**, *n.* andov, andøving. **-orða**, *a.* usamd; *verða a.* andordast, trætta. **-rammr**, *a* som hev ein vond, ram ande.

andri (og *andr*) *m.* = *ǫndurr.*

and-rjá, *f.* staak, uppstyr. **-róði**, **-róðr**, *m.* andrôr, motvind. **-saka**, *v.* skrubba, laata ille yver. **-sakan**, *f.* skrubb, vonde ord. **-skoti**, *m.* motstandar; djevel; jfr. nyn. *andskote*, eit illmenne (Leka). **-spilli**, **-spjall**, *n.* røda, samtale. **-spjǫll**, *pl.* svar.

andstefja, *v.* (*að*), **andstefna** *v.* (*nd*) svara (helst i skiftesong i kyrkja).

and-streymi, *n.* andstraum, motgang. **-streymr**, *a.* som gjeng imot, motall, mot gangsam. **-stygð**, *f.* stygge, styggedom, andfæla. **-styggr**, *a.* fæl, andfæleleg.

and-svar, *n.* svar, motsvar; forsvar (i rettssaker). **-svara**, *v.* (*að*) svara; vera andsvarleg for, svara for. **-svaramaðr**, *m.* svarsmann.

and-syptir, *m.* andetak, det aa vera andblæst. **-sœlis**, *av.* andsøles, mot soli. **-vaka**, *f.* andvoka, svevnløysa; aarvoka. **-vaki**, *a.* andvaken, svevnlaus. **-vani**, **-vanr**, *a.* snaud, lens for (*e-s*).

andvara-gestr, *m.* mistrudd, uvelkomen gjest. **-lauss**, *a.* andvarlaus, ottelaus. **andvarða**, *v.* (*að*) gjeva, ihenda. **andvari**, *m.* otte, anduge.

and-varp, *n.* andvarp, sukk. **-varpa**, *v.* (*að*) pusta tungt; andvarpa, sukka. **-varpan**, *f.* andvarping; gusting (um vinden). **-varpligr**, *a.* andvarpande.

and-vegi, **and-verðr**, sjaa *ǫnd-*.

and-viðri, *n.* andvêr, motvind. **-vígr**, *a.* (eig. motstridande, andvig) som kann standa seg mot ein i strid. **-virða**, *v.* (*rð*) tena seg eitk. (*sér e-t*). **-virði**, *n.* betaling, pris. **-virki**, *n.* arbeid (helst med jordi); avling av korn, høy odl.; tarvende (til gardsdrift). **-vitni**, *n.* motvitne. **-æra**, *f.* motgang. **-æris**, *av.* andæres, imot, paa tverka. **-ærr**, *a.* stridig. **-œfa**, *v.* (*fð*) andøva, ro mot vinden so baaten ligg still. **-œpa**, *v.* (*pt*) ropa mot, svara (t. d. paa ei visa).

ánefna, *v.* (*nd*) nemna serleg. **ánetja**, *v.* (*að*) netja inn i, fløkja inn i. **áneyða**, *v.* (*dd*) nøyda, tvinga.

angr, *m.* ang, ange, lukt. **anga**, *v.* (*að*) anga, lukta. **angan**, *f.* hugnad (Edda). **angi**, *m.* ange, lukt, godlukt.

angi, *m.* ange, brodd, agge.

angist, *f.* angest, fæla, hugverk. **angistast**, *v. r.* (*að*) ottast, fælast.

angr, *m.* og *n.* sorg, harm. **angra**, *v.* (*að*) **1.** plaaga, gjera sorgfull; jfr. nyn. *angra*, gjera sorgfull. Jæd. ofl. **2.** trega; *angrast*, *v. r.* harmast; *angraðr*, *a.* tregefull, sorgmodig. **angran**, *f.* sorg, trege.

angr-fullr, *a.* tregefull, sorgfull. **-gapi**, *m.* ei vyrdløysa (um folk). **-lauss**, *a.* sorgfri. **-leikr**, *m.* hugverk, trege. **-ligr**, *a.* tregeleg. **-ljóð**, *n.* syrgjesong. **-lynde**, *n.* sorg-

mod, misnøgje. **-mœðast,** *v. r.* (*dd*) verta sorg-tyngd. **-mœði,** *f.* hugverk. **-sama,** *v.* (*að*) gjera pinesam, meinsam. **-samliga,** *av.* med sorg. **-samligr,** *a.* grøteleg, syrgjeleg. **-samr,** *a.* plaagsam, syrgjeleg; hugfallen. **-semd, -semi,** *f.* sorg, harm, modløysa. **-œði,** *f.* illkynde, vondskap.

áníðast, *v. r.* (*dd*) forfarast.

áning, *f.* beiting og kviling med hestar (paa ferder).

ankanna-fullt, *av.* fullt av klaga. **-laust,** *av.* utan klaga eller paatale.

anna, *v.* (*að*) klara, greida, vera før til.

annáll, *m.* aarbok.

annanig, *av.* annarleis. **annarligr,** *a.* annan; framand.

annarr, *a.* og *num.* (*ǫnnur, annat*) annan, hin, den andre. *annarr-annarr,* den eine — hin; *hvárr-annan,* den eine — hin (kvar-annan); *hverr at ǫðrum,* den eine etter hin; *annan dag,* dagen etter, andre dagen; *annat sumar,* annan sumar, i sumar kjem; *við annan mann,* sjølv annan.

annarra-brœðra, -brœðri, *s. indekl. pl.* firmenningar.

annarrhvárr, *pron.* ein av tvo, den eine av tvo; *annat hvárt—eða,* annakort—eller, anten—eller; *at ǫdru hváru,* no og daa, ender og daa.

annarr hverr, *pron.* annan kvar; *at ǫdru hverju,* ender og gong, no og daa.

annarr tveggi, *pron.* (*annarr* bøygt som elles, *tveggi* som eit adjektiv), ein av tvo, den eine av tvo. **annarr tveggja,** *pron.* (*annarr* vert bøygt, *tveggja* ubøygt) = *annarr tveggi*; *annat tveggja—eða,* anten—eller.

annars, *av.* annars, elles; annarleis. **annarsligr,** *a.* annarleis voren. **annarstaðar,** *av.* annarstad.

annast, *v. r.* (*að*) syta for, hava umsut med; *a. um e-t,* annast med noko, sysla med.

annfriðr, *m.* annfred, rettsferie i vaaronni.

annkostr, *m. fyrir annkost,* med vilje.

annkvista, *v.* (*st*) forsyta.

annmarki, *m.* sjaa *andmarki.*

annr, *a.* berre i ordlaget *e-m er ant,* ein er vyrk um, strævar med eitk. vigtugt: *e-m er ant heim,* stundar heim; *er ant um þat,* det er ant um det, hastar, hev mykje paa seg.

ann-ríkt, *n. eiga a.* hava ant, hava mykje aa gjera. **-samligr,** *a.* mødesam. **-samt,** *a. n. e-m er annsamt,* ein hev det annsamt. **-semd,** *f.* annsemd, umsut.

ansa, *v.* (*að*) ansa, bry seg um; svara (*e-u*).

antefna, *f.* eit slag song ved gudstenesta (antifoni).

antikristr, *m.* antikrist.

ánýja, *v.* (*að*) gjera ny, nya uppatt.

anza, *v.* = ansa.

ánœgja, *v.* (*gð*) nøgja.

apa, *v.* (*að*) apa, gjera til narr med svik eller spott.

apaldr, *m.* (*gen. -aldrs* og *-alds*) *m.* apall, epletre; ogso brukt um andre store aldetre. **apaldrs-garðr,** *m.* apallgard, eplehage. **-kylfa,** *f.* klubba av apall. **apalgrár,** *a.* apallgraa.

api, *m.* apa, apekatt; narr.

apli, *m.* tjor; ukse (poet.).

appella, appellera *v.* (*að*) stemna inn for ein høgre rett, appellera.

apr, *a.* hard, vond; sorgmodig.

aptan, *av.* attan, attantil; att.

aptann, *m.* (*aptans; aptnar*). **1.** aftan, eftan (fraa kl. 3 etterm. til dagen er ute); *miðr aptann,* mideftan (kl. 6). **2.** aftan, dagen fyre ein helgedag t. d. *jólaaptann.* **aptan-drykkja,** *f.* drykkjelag um aftanen. **-langt,** *av.* heile aftanen. **-stjarna,** *f.* aftanstjerna, kveldstjerna. **-sǫngr,** *m.* aftansong (i kyrkja). **-sǫngsmál,** *n.* aftansongs-tid. **-tíðir,** *f. pl.* gudstenesta um aftanen. **-tími,** *m.* aftans tid.

aptarla, *av.* attarleg, bak. **aptarr,** *av. komp.* attare, lenger att.

aptna, *v.* (*að*), **aptnast,** *v. r.* upers. kvelda, kveldast.

aptr, *av.* att, attende; bak; paa nytt lag; *segja frið aptr,* segja upp freden. **aptra,** *v.* (*að*) attra, føra attende, gjera um.

aptr-bati, *m.* betring, batning. **-bati,** *a.* som frisknar til, besnar. **-beiðiligr,** *a.* ymsesidug. **-borinn,** *a.* atterfødd. **-byggi,** *m.* (*gen. -gja*) mann i bakskuten paa skipet. **-byrgja,** *v.* (*gð*) lata att. **-dráttr,** *m.* atterdraging; *a. hafsins,* fjøra, fallsjø. **-drepa,** *f.* atterdrepa, atterslag. **-elding,** *f.* graalysing,

dagsprett. **-ferð,** *f.* atterferd, heimferd. **-fœrsla,** *f.* atterførsla. **-fǫr,** *f.* atterferd. **-ganga,** *f.* **-gangr,** *m.* attergjengja, attergangar, etterfar, skrymt. **-gjald,** *n.* atterbetaling. **-hald,** *n.* atterhald. **-haldsamr,** *a.* atterhalden, paahaldig. **-haldsband,** *n.* atterhaldsband. **-haldsmaðr,** *m.* atterhaldsmann. **-hlaup,** *n.* atterlaup, atterslag. **-hnekking,** *f.* atterstøyt; jfr. nyn. *atternekkje.* **-huppr,** *m.* hupp, svange (paa dyr). **-hvarf,** *n.* attervending.

aptri, *a. komp.* attare, ettre.

aptr-kall, *m.* atterkalling. **-kast,** *n.* atterkast; motgang. **-kaup,** *n.* atterkauping. **-koma, -kváma,** *f.* atterkoma. **-kvæmr,** *a.* atterkomande; *eiga aptrkvæmt,* hava lov til aa koma att. **-lag,** *n.* attergjeving. **-lausn,** *f.* atterløysning. **-mund,** *f.* **-mundr,** *m.* saknad. **-reka,** *a.* attende-driven, atterkomen. **-rekstr,** *m.* attende-driving. **-sjá,** *f.* ettersyn. **-skipan,** *f.* uppatt-reisning. **-velting,** *f.* velting attende.

apynja, *f.* apekjetta, apa.

ár, *n.* fyrstning; *ár alda,* aralds tid.

ár, *av.* fordom, fyrrmeir; tidleg, i otta.

ár, *n.* aar; god aaring; namn paa runi for *a, á.*

ár, *f.* (*pl. árar*) aar (paa baat); *falla við árar,* ro med lange aaredrag; *draga árar um e-t,* hava aararne sine ute, leggja seg um aa faa fram; *koma sinni ár fyrir borð,* faa fram viljen sin.

arabiahestr, *m.* arabisk hest.

ára-burðr, *m.* aareburd, roing; *ráðast undir e-s áraburð,* gjeva seg under einkvar. **-gangr,** *m.* aare-rørsla naar ein ror, aaregang. **-glam,** *n.* ljod av aararne naar ein ror, aareslag.

arahreiðr, *n.* arereir, ørnereir.

áralag, *n.* lag med aararne, aarelag, aareburd.

áráll, *m.* aafar, elvefar.

árangr, *m.* aarang, aaring, aarhag.

árarhlumr, *m.* aare-lom, handtak paa ei aar.

árás, *f.* aatsøknad, aalaup.

áratal, *n.* **áratala,** *f.* aaretal; *níræðr at á.* 90 aar gamall.

árbakki, *m.* aabraut, elvebakke.

árborinn, *a.* friboren (eig. fødd i gamall tid).

árbót, *f.* aarbot, betring i aaringen etter eit klen-aar.

ár-brot, *n.* flaum i elv; jfr. nyn. *aabrot.* **-brú,** *f.* bru yver ei aa.

árbúinn, *a.* tidleg budd, ferdig.

árbýll, *a.* godt berga (med mat, klæde o. s. fr.)

arbyst, *f.* = *armbrist.*

árdagar, *m. pl.* gamle dagar, aralds tid.

arðar-leiga, *f.* betaling for jordleiga eit aar. **-máli,** *m.* kontrakt um jordleiga (helst for berre eit aar).

árdegis, *av.* aarla, i otta.

arðga, *v.* (*að*) lyfta, = *ǫrðga.*

arðr, *m.* (*gen. arðrs*) ard, plog. **arðr, -for,** *f.* plogfor. **-gangr,** *m.* plogjarn. **-jarn,** *n.* plogjarn. **-uksi,** *m.* køyr-ukse, plogukse

arðsgeldingr, *m.* plogukse.

áreið, *f.* aatak med hestfolk.

áreitingr, *m.* eggjing, tilstøring.

árenniligr, *a.* paatakande.

áreyðr, *f.* (*gen. -ðar og -ðrar*) røyr (fisk) som held seg i elv.

áreyrr, *f.* elve-øyr.

arfa, *f.* erving (kvende).

arfagarðr, *m.* ervegard.

árfarvegr, *m.* aafar, elvefar.

arfasáta, *f.* saata av arve (eit gras-slag).

arfaþáttr, *m.* arv-bolk i logboki.

arfborinn, *a.* arvboren, rettkomen til arv ved sin fødsel.

árferð, *f.* aaring, bate.

arf-genginn, -gengr, *a.* rettkomen til arv, med erverett.

arfi, *m.* erving.

arf-kaup, *n.* kaup av arv, arvkaup. **-leiða,** *v.* (*dd*) gjeva erverett, ættleida. **-leiðing,** *f.* ættleiding.

árfljótr, *a.* lettrodd (um baat).

árfors, *m.* foss i ei aa.

arfr, *m.* **1.** arv; *arfr tæmist e-m,* ein fær arv. **2.** ukse (poet.).

arf-rán, *n.* **-ræning,** *f.* arv-raning **-ræningr,** *m.* ein som arven vert fraateken. **-sal,** *n.* at ein gjev burt arven sin mot rett til aa verta forsytt for livet, fletføring. **-salsmaðr,** *m.* fletføringsmann. **-salsmáldagi,** *m.* semja um arvsal, fletføringskontrakt. **-skipti,** *n.* arvskifte. **-skot,** *n.* arvsvik. **-sókn,**

f. krav paa arv. **-svik,** *n.* arvsvik. **-svipting,** *f. gera arfsvipting við sína erfingja,* taka arv fraa dei rette ervingar og gjeva framande. **-tak,** *n.* **-taka,** *f.* arvtaking. **-taka,** *v. st.* erva. **-takari, -taki,** *m.* arvtakar. **-taksúmagi,** *m.* umage som ein hev teke til erving. **-tekja,** *f.* (og *tœki n.*) arvtaking. **-tekjuland,** *n.* erveland. **-tœkr,** *a.* rettkomen til arv. **-tǫkumaðr,** *m.* arvtakar. **-þegi,** *m.* arvtakar (poet.). **arfuni,** *m.* erving. **arf-ván,** *f.* von til arv. **-vǫrðr,** *m.* erving.

argafas, *n.* fjas, gapferd.

árgali, *m.* hane (eig. den som gjel i otta).

ár-galli, *m.* uaar. **-gangr,** *m.* aargang.

argaskattr, *m.* betaling for usedugskap (millom mannfolk).

arghola, *f.* usedugt kvinnfolk.

árgjarn, *a.* huga paa eit godt aar.

árgljúfr, *n.* glyvra, bratt bergklypa med ei elv.

argr, *a.* blaud, rædd; sanseleg, sedlaus; vond, arg. **argskapr,** *m.* blaudskap, stakarsdom.

ár-guð, *m.* gud for aarvegen (Frøy). **-gœzka,** *f.* gode aaringar.

ari, *m.* are, ørn.

árhjalmr, *m.* koparhjelm (poet.).

ariða, *f.* paasmurning.

arin-dómr, *m.* dom, meining som kjem fram i praten umkring aaren, gruveprat. **-eldr,** *m.* eld paa aaren, aare-eld. **-elja,** *f.* frilla (heime i huset). **-gjald,** *n.* = *reykmælir* (Fr. under sistnemnde ord). **-greypr,** *a.* som er umkring aaren. **-hella,** *f.* aarhella, gruvestein (framfor eldstaden).

arinn, *m.* **1.** tram, pall. **2.** aare, eldstad, gruva (heiter ogso *árinn*; *at árni,* ved elden). **arins-horn,** *n.* hyrna paa aaren, gruvehyrna. **-jarn,** *n.* jarn som høyrer til i gruva.

áríss, *m.* elv-is.

arka, *v.* (*að*) skrida fram; *ǫrkuðum at auðnu,* me let det gaa som lagnaden vilde.

arkarsmíð, *f.* ark-byggjing.

árkvísl, *f.* kvisl, elvegrein.

árla, *av.* aarla, tidleg dags; ogso: i gamall tid.

árlangt, *av.* **árlengis,** *av.* i eit aar. **árliga,** *av.* I. = *árla.* **árliga,** *av.* II. aarleg, kvart aar. **árligr,** *a.* I. tidleg. **árligr,** *a.* II. aarleg.

arma, *f.* naud, armodsdom.

ármaðr, *m.* tenestemann, gardsfut, umbodsmann (aat konge eller bisp), aarmann.

ármannaréttr, *m.* aarmanns personlege rett.

armbaugr, *m.* armring.

armbrist, *f.* armbøst, pilbyrsa.

ármegn, *n.* hovudstraumen i elv.

ármenning, *f.* aarmanns-umbod.

armfylking, *f.* arm, fløy av her.

armingi, *m.* arming.

armleggr, *m.* armlegg, armen ovanfor olbogen.

armligr, *a.* syndleg, fæl (*-liga, av.*).

armr, *m.* arm; veng, fløy, utskot.

armr, *a.* arm, eleg; usæl, vond. **arm-sími,** *m.* gullring (poet.). **arm-skapaðr,** *a.* avskapleg, vanskapt. **-vitigr,** *a.* miskunnsam. **-vitki,** *f.* miskunn.

ármynni, *n.* mynne av ei aa.

armœða, *f.* møda, armod. **armœðast,** *v. r.* (*dd*) mødast, plaagast.

árna, *v.* (*að*) I. **1.** gjera, faa til, vinna (*e-t*); jfr. nyn. *aarna.* **2.** skaffa, raada til eitk. (*e-s*) for ein (*e-m*); helst: faa ved bøn til gud eller helgenar.

árna, *v.* (*að*) II. ferdast.

árnaðarmaðr, *m.* fyretalsmann. **árnaðarorð,** *n.* fyrebøn. **árnaðr,** *m.* **árnan,** *f.* hjelp (ved fyrebøn av helgen).

árnandi, *m.* fyretalsmann.

arnar-flaug, *f.* ørneflugt. **-hamr,** *m.* ørneham. **-hreiðr,** *n.* ørnereir. **-kló,** *f.* ørneklo. **-leir,** *n.* ørnelort. **-líki,** *n.* ørneskap (Edda, Bugge 172 b).

árnes, *f.* elvenes.

arnhljóð, *n.* ørne-maal. Edd. M.

arning, *f.* (av *erja*) arding, pløgjing.

arnsúgr, *m.* sjug, dyn av ørni sine vengjeslag.

árnæmi, *n.* venteleg for *órnœmi, n.* ordrag. N. G. L.

árofi, *m.* løysningsvitne i odelssak.

áróss, *m.* os (ut i eller fraa eit vatn).

árr, *m.* (*gen. árs*; *nom. pl. árar og ærir, akk. pl. ára)* sendemann, tenar; engel.

árr, *a.* tidleg (dags).

árreitr, *m.* stykke av eit elvefar.

árrisull, *a.* som stend upp, ris tidleg um morgonen.

ars, *m.* utlaupet av endetarmen, rass.

ársáinn, *a.* tidlig saadd (um aaker).

ársali, ársalr, *m.* seng-umheng.

ársamr, *a.* grøderik, lodrik.

árskyld, *f.* aarleg avgift.

árstraumr, *m.* elvestraum.

árstrǫnd, *f.* elvebarde, elvekant.

ár-sæli, *f.* lukka med aarvegen, aarsæla. **-sæll**, *a.* lukkeleg med aarvegen, aarsæl.

arta, *f.* eit slag fugl. Anas querquedula?

ár-tal, *n.* tiderekning. **-tali**, *m.* aar-teljar, maanen (poet.). **-tekja**, *f.* aarleg avgift. **-tíð**, *f.* **1.** = *alltíð*. **2.** aarmaalsdagen etter ein hev daae. **3.** upphavstid. **-tíðadagr**, *m.* dagen daa dei held aartid. **-tíðahald**, *n.* at det vert halde aartid. **-tíðarbók**, *f.* bok med lista yver aartider. **-tíðasilfr**, *n.* betaling for *ártíðahald*.

artikulera, *v.* (*að*) **1.** rekna upp. **2.** ljodføra, uttala greidt.

áruni, *m.* paatak, aatsøknad.

árvað, *n.* vad, vadstad yver elv.

árvakr, *a.* aarvak, aarvaken.

árvegr, *m.* elvefar.

ár-vænligr, -vænn, *a.* som gjev god aarvon, vonsam.

árvǫxtr, *m.* elvvokster.

áræðamikill, *a.* tiltaksam, drivande. **áræði**, *n.* **1.** paatak; *veita e-m á.* taka paa ein. **2.** aaræde, heilhug, djervskap. **áræðiligr**, *a.* **1.** likleg, rimeleg. **2.** som ein kann vaaga seg imot. **3.** vaageleg. (*-liga, av.*). **áræðinn**, *a.* djerv.

áræðis-fullr, -góðr, *a.* djerv, tiltaksam. **-lítill**, *a.* modlaus, vankvæden. **-maðr**, *m.* djerv mann. **-mikill**, *a.* djerv. **-raun**, *f.* vaagestykke, traute. **-skortr**, *m.* tiltaksløysa. **-snarr**, *a.* framgjengd, djerv.

ása-heiti, *n.* namn paa æserne.

ásaka, *v.* (*að*) skulda, klaga. **ásakan**, *f.* klaging, skulding, aatale. **ásakanar-orð**, *n.* lastord. **ásakari**, *m.* klagar, motpart.

ásamt, *av.* saman med; sams (*koma ásamt*, verta samd).

ásáttr, *a.* forlikt, einug.

ásaudr, *m.* ærsaud, lambsaud, søyda.

ásbrú, *f.* „aasbru“, Bivrǫst (poet.).

ás-drengr, *m.* stutt aas eller stokk. **-endi**, *m.* stokkende, aasende.

áseta, *f.* **1.** sitjing paa, sess. **2.** aasæte (paa jord). **ásetning**, *f.* paasetning, paaklædnad.

ás-garðr, *m.* aasgard, gudeheim. **-grindr**, *f. pl.* grindar umkring aasgard.

ásigling, *f.* paasigling.

ásjá, *f.* (*gen. ásjár*) skapnad, aasynd; tilsyn; hjelp. **ásjáligr**, *a.* sjaaleg, vakker. **ásjámál**, *n.* sak som ein maa sjaa paa. **ásján, ásjána, ásjó**, *f.* = *ásjá*. **ásjón**, (og *ásyn*) *f.* skoding, aasyn; skapnad, aasynd, aasjon; fyrebering, paafund. **ásjona**, *f.* skapnad, aasynd; andlit; fyrebering, paafund.

aska, *f.* oska.

áskelling, *f.* utskjelling, avreiding. **áskeyti**, *n.* aatak, aatsøknad. **áskilnaðargrein**, *f.* trættemaal. **áskilnaðr**, *m.* skilnad; trætta.

asklimar, *f. pl.* aske-greiner.

áskora, áskoran, *f.* uppmaning.

áskot, *n.* skjoting (paa).

askr, *m.* **1.** ask, asketre. **2.** spjot (i Edda). **3.** baat. **4.** ask, kopp, øskja. **5.** eit maal for vaatvaror = *4 bollar*.

ask-rakki, *m.* maard.

áskrámligr, *a.* avskræmeleg (*-liga, av.*).

askran, *f.* rædsla; jfr. nyn. *askrast*, styggjast, grysja, Snm.

áskunnigr, áskunnr, *a.* skyld med æserne, gude-ætta.

áskurðr, *m.* skurd (i tre, stein og dlkt.).

askviðr, *m.* ask, asketre.

áskynja, áskynjandi, *a.* kunnig.

áslákr, *m.* hane (poet.).

áslátta, *f.* plaaga, aakast.

ás-liðar, *m. pl.* fylgjesmenn til æserne. **-megin**, *n.* aasa-styrke, gudemagt. **-megir**, *m. pl.* søner til æserne, aasa-søner. **-móðr**, *m.* aasa-mod, gude-vreide.

asna, *f.* asen (hona). **asna-kjalki**, *m.* asenkjake. **-svipa**, *f.* asensvipa. **asni**, *m.* asen (hanne).

ásókn, *f.* aatsøknad, aatak; klaga (for retten). **ásóknarmaðr**, *m.* klagar, saksøkjar.

áspyrna, *f.* spark (poet.).

áss, *m.* (*gen. ásar* og *áss*; *nom. pl. æsir*, *akk. pl. ásu*) aas, heidensk gud.

áss, *m*. II. **1.** aas, bjelke. **2.** sprit, spristake. **3.** aas, bergaas.

áss, *m*. III. eina i terningspel.

assali, *m*. = *ársali*.

ásstubbi, *m*. stubbe, stykke av ein aas.

ást, *f*. kjærleik, elsk, elskhug (*aast*, N. Folkev.) *hafa ást á e-m*, halda av ein; *fella ást við*, *leggja ást við e-n*, hugleggja ein.

ástaða, *f*. paastand.

ástalauss, *a*. kjærleikslaus. **ástar-andi**, *m*. kjærleiks ande. **-angr**, *m*. elskhugs sorg. **-auga**, *n*. kjærlegt auga. **-band**, *n*. elskhugsband. **-boð**, *n*. kjærleiks-tidend. **-boðorð**, *n*. kjærleiks-bodord. **-bragð**, *n*. kjærleiks-gjerning. **-brimi**, **-bruni**, *m*. glødande elsk. **-drykkr**, *m*. elskhugsdrykk. **-eldr**, *m*. elskhugs eld. **-embætti**, *n*. kjærleiks tenesta, sælebot, beine. **-félag**, *n*. kjærlegt lag. **-fundr**, *m*. kjærlegt møte. **-fýst**, *f*. hug til kjærleik. **-gerningr**, *m*. kjærleiks-gjerning. **-grein**, *f*. slag av kjærleik. **-gyðja**, *f*. elskhugs-gudinna. **-harmr**, *m*. kjærleikssorg. **-hiti**, *m*. kjærleiks varme. **-hugi**, **-hugr**, *m*. **-hygli**, *n*. kjærleg hug, elskhug. **-ilmr**, *m*. kjenning av elskhug, kjensla av kjærleik. **-kveðja**, *f*. kjærleg helsing. **-kveika**, *f*. det som kveikjer elskhugselden. **-lauss**, *a*. kjærleikslaus. **-leysi**, *n*. skort paa kjærleik. **-lof**, *n*. lovprising av kjærleik. **-logi**, *m*. elskhugsloge. **-mark**, *n*. merke, teikn paa kjærleik. **-sigr**, *m*. kjærleiks siger. **-snæðingr**, *m*. kjærleiksmaaltid. **-þjónasta**, *f*. kjærleiks tenesta. **-þokki**, *m*. kjærleiks hugnad, kjærleik. **-várkunn**, *f*. kjærleiks tolsemd. **-vél**, *f*. midel, raad til aa faa einkvar til aa elska seg, elskhugs-raad. **-vekka**, *f*. kjærleiks dogg. **-verk**, *n*. kjærleiks-gjerning. **-vili**, *m*. kjærleg vilje. **-œði**, *n*. styrlaus elsk. **ástavili**, *m*. elskhugs-krav. **ástblindr**, *a*. blind av elsk. **ástbundinn**, *a*. hugteken i (*af e-m*).

ástemma, *f*. dam, stemma i elv.

ást-fenginn, *a*. = *ástbundinn*. **-folginn**, *a*. elska, huglagd. **-fóstr**, *n*. kjærleg uppfostring. **-frændkona**, *f*. kjær frenka. **-gjǫf**, *f*. kjærleiks gaava, elskhugs-gaava. **-góðr**, *a*. som er mykje umtykt, elska. **-hollr**, *a*. kjærleg mot (*e-m*). **-hugi**, *m*. kjærleg hug.

ástig, *n*. stiging paa, stig.

breytiligr, *a.* underleg, uvanleg (*-liga, av.*); jfr. nyn. *brøyteleg,* umskifteleg. Jæd. **breyting,** *f.* brøyting, skifting. **breytinn,** *a.* brøyten, som gjerne vil skifta; finsleg. **breytni,** *f.* brøyte, avbrøyte, nymaate; fin aatferd.

brezka, *f.* bretlandsk maal. **brezkr,** *a.* bretlandsk. Sjaa *Bretland.*

brigð, *f.* **1.** brigd, brigde, umvelting; *kaupa e-t í brigð við annan,* kaupa eitk. som ein annan alt hev kaupt. **2.** løysningsrett til jord og anna; løysnings-sak. **3.** lut av fiskedrættet til eigaren av børnskapen.

brigða, *v.* (*gð* og *að*) brigda, brjota (*e-u*); forbrjota; løysa, løysa inn (*e-u* eller *e-t*); venda, selja.

brigðandi, brigðarmaðr, *m.* innløysar. **brigði,** *n.* = *brigð, f.* **brigðiligr,** *a.* brigdeleg, umskifteleg. **brigðkaup, brigðkeypi,** *n.* handel som ein kann brigda, gaa attpaa; ugildt forkaup. **brigðligr,** *a.* = *brigðiligr* (*-liga, av.*).

brigð-lyndr, *a.* ustød, mislyndt. **-mæli,** *n.* sætesløysa, brot paa lovnad.

brigðr, *a.* brigdeleg, ustød, usætande.

brigð-ræði, *n.* svikraad, meinsløgd. **brigðull,** *a.* brigdeleg, umskifteleg. **brigðverpi,** *n.* meinkast, forkast (med not).

brigsla, *v.* (*að*) brigsla, neisa, lasta (*e-m e-t,* og *e-m e-u*). **brigslalauss,** *a.* ulastande. **brigslamál,** *n.* straffesak. **brigslan,** *f.* brigsl, neising. **brigslanarhlátr,** *m.* brigslande, spottande laatt. **brigslastaðr,** *m.* brigsl, neising, spitord. **brigsli** (og *brigsl*) *n.* brigsl, lastord.

brík, *f.* (*-ar*; *-r*) brik (laag bordvegg (dansk skranke); stutt benk). **bríkar-búningr,** *m.* **-klæði,** *n.* klæde som vart hengt paa bordveggen (*brík*) attum altaret.

brim, *n.* brim, baarebrot mot land; hav (poet.). **brim-dýr,** *n.* skip (poet.).

brími, *m.* eld (poet.).

brimill, *m.* brimull (eit slag stor sel nord i Norig).

brímir, *m.* sverd (poet.).

brimlauss, *a.* utan brim, logn, still. **brimleysa, brimleysi,** *f.* logn sjø (utan brim), vindstilla.

brim-orri, *m.* havorre. Anas nigra. **-reið,** *f.* riding paa brimhestarne, rugging i brimsjøen. **-rúnar,** *f. pl.* runer som vernar sjøfolk mot brim.

brim-sorfinn, *a.* som brimet hev fila eller gnura slett (um stein). **-stormr,** *m.* ovsterk storm. **-svín,** *n.* kval (poet.).

bringa, *f.* **1.** bringa, brjost (paa menneskje og paa dyr); *e-m skýtr skelk í bringu,* det skyt skjelk i bringa, ein vert rædd. **2.** ei liti plata øvst paa ljosestaken med ein odd til aa festa ljoset paa. **bringspaladíli,** *m.* saar i bringspolorne. **bringspelir,** *m. pl.* (og *f. pl.*) bringspolor, brjosken millom brjostbeinet og dei nedste rivbeini.

bringu-bein, *n.* brjostbein (Sternum). **-breiðr,** *a.* bringebreid. **-sár,** *n.* bringesaar. **-teinar,** *m. pl.* = *bringspelir.*

brinna, *v. st.* = *brenna, v. st.* **brinni,** *m.* loge (poet.).

Brísinga-men, *n.* halsbandet til Frøya.

brísingr, *m.* brising, eld.

brjá, *v.* (*áð*) braga, glitra; jfr. nyn. *brjaa,* ljona, Set. Tel.

brjósk, *n.* brjosk.

brjóst, *n.* **1.** brjost, bringa; yverført: hug, sjæl, sinn, vit, samvit; *vinna eið fyrir brjóst hins dauða,* gjera eid paa det som berre den daude veit. **2.** vern, livd. **3.** fremste parten av eitkvart; soleis um gavlen, brjostet paa eit hus. **brjóstafl,** *n.* styrke i brjostet.

brjóstamjǫlk, *f.* brjostmjølk.

brjóst-barn, *n.* brjostbarn, sogbarn. **-bjǫrg,** *f.* brjostskjerm. **-bragð,** *n.* medynk. **-búnaðr,** *m.* bringeprydnad. **-drekkr,** *m.* sogbarn. **-fastligr, -fastr,** *a.* hugfast, stød (*-liga, av.*). **-festa,** *v.* (*st*) hugfesta. **-friðr,** *m.* hjartefred. **-gjǫrð,** *f.* brjostreim (paa sâl). **-gæði,** *f.* godvilje, (godt) hjartelag. **-heill,** *a.* brjoststerk. **-kaldr,** *a.* fiendsleg, kald. **-kirkja,** *f.* hjarta (i religiøs stil). **-kringla,** *f.* sylgja. **-leysi,** *n.* modløysa. **-lítill,** *a.* hardhjarta. **-megin,** *n.* aandskraft. **-mikill,** *a.* bringebreid. **-mæði,** *f.* andpusting. **-reiðr,** *a.* yverlag vreid.

brjóstsamligr, *a.* hugfast, stød.

brjóst-stofa, *f.* stova i brjostet av huset, framstova. **-styrkt,** *f.* aandskraft. **-sullr,** *m.* brjostsvull. **-sviði,** *m.* brjostsvide. **-þili,** *n.* vegg i brjostet (gavlen) paa eit hus. **-þungr,** *a.* tung i hug. **-vit,** *n.* **-vitra,** *f.* vit („i brjostet").

brjóta, *v. st.* **1.** brjota (av, sunder, upp, ned); *brjótast, v. r.* brjota seg fram. **2.** forbrjota seg.

Med part. *á bak: brjóta á bak,* tvinga attende; vanhalda. *í: brjótast í e-u,* bry seg med. *í móti: brjótast í móti,* setja seg mot. *saman: brjóta saman,* leggja saman. *til: brjóta e-n til e-s,* tvinga, nøyda ein til eitkvart. *um: brjótast um,* kava, nøyta seg (brjotast). *við: brjótast við e-t,* gjeva seg i kast med; gjeva seg um; strita mot.

brjótr, *m.* brjotar, tynar.

brodda, *v.* (*að*) stinga. **broddhǫgg,** *n.* pilskot.

broddr, *m.* **1.** brodd, firkanta jarn, pigg. **2.** pil med brodd. **3.** brodd paa *bringa* paa ljosestaken (sjaa *bringa* **2.**). **4.** det som fyrst kjem til synes av eitk.; *berr nú at broddi, at,* no ber det snart til, at. **5.** eit straal, liten stim (med sild).

brodd-skot, *n.* pilskot (av *broddr* **2.**). **-spjót,** *n.* spjot med brodd. **-stafr,** *m.* stav med brodd, piggstav. **-stǫng,** *f.* stong med brodd. **-ǫr,** *f.* pil med brodd.

bróðerni, *n.* broderskap. **bróðir** (*gen* og *dat. bróður* (og *bræðr*); *nom. pl. bræðr*) *m.* **1.** brôr. **2.** broder (klosterbroder); hertil ymse klosternamn, soleis i Oslo: *upp til bræðra,* dominikan-klostret (preike-brøderne); *austr til bræðra,* minoritklostret (berføttbrøderne); i Bjørgvin: *út til bræðra,* dominikanklostret(i Buntlabo); *inn til bræðra,* minoritklostret (i Vaagsbotnen, nær domkyrkja); i Nidaros: *niðr at bræðra,* minoritklostret (paa Brattøyri). **3.** korsbroder, kannik.

bróður-arfr, *m.* brôrsarv. **-bani,** *m.* brôrs banemann. **-baugr,** *m.* bøter som brôr til draapsmannen laut leggja. **-blóð,** *n.* broderblod. **-bœtr,** *f. pl.* bøter for ein brôr som er drepen. **-dauði,** *m.* ein brôrs daude. **-deild,** *f.* broderlut. **-dóttir,** *f.* brôrdotter. **-dóttursonr,** *m.* brôrdotterson. **-dráp,** *n.* at ein brôr vert drepen; broderdraap. **-drepari,** *m.* broderdrepar. **-gjǫld,** *n. pl.* bøter for ein brôr, som er drepen. **-hefnd,** *f.* broderhemn. **-hluti,** *m.* broderlut. **-kona,** **-kván,** *f.* brôrkona. **-leikr,** *m.* broderskap.

bróðurligr, *a.* broderleg.

bróður-sonarbaugr, *m.* bot for draapet paa ein brôrson. **-sonr,** *m.* brôrson.

brók, *f.* (*brókar*; *brœkr*) brok-laar; mest i *pl.* brok, buksa; *bjarga brókum sínum,* vera av for sjølve seg.

bróka-belti, *n.* brokbelte. **-beltispúss,** *m.* pung som ein ber i beltet. **-vaðmál,** *m.* vadmaal til brok.

brokkari, *m.* hest, traavar.

bróklauss, *a.* broklaus. **-lindi,** *m.* brokbelte.

brokunarmaðr, *m.* mæklar.

bróma, *f.* brot, stykke; jfr. nyn. *brom,* gamalt jarnskrap odl.

brosa, *v.* (*st*) smolla, smila. **brosa,** *f.* **brosan,** *f.* smoll, smil. **brosleitr,** *a.* blidauga. **brosligr,** *a.* løgleg, læleg.

brosma, *f.* brosma (fisk). Gadus monopterygius.

brot, *n.* **1.** brot, nedbrjoting; *pl.* logbrot. **2.** brot, stykke; *deila e-t brotum,* hava ulike meiningar. **3.** brot, brekka. **4.** brot, vad i elv. **5.** utskot i ei bygning; jfr. nyn. *brot,* eit rom i ei løda. **6.** brut, spit, jarnstong. **7.** fang, nedfallssott. **brotasilfr,** *n.* sylv i smaastykke.

brot-fall, *n.* ei rid av nedfallssott. **-fallinn,** *a.* nedfallsjuk. **-fallssótt,** *f.* nedfallssott, fang. **-feldr,** *a.* nedfallssjuk. **-geiri,** *m.* jordstrimel paa skap som ein geire. **-hvitill,** *m.* brotkvitel, aaklæde (paa seng) av grovt ty.

broti, *m.* brote, dunge av nedhogne tre.

brotligr, *a.* brotsleg, brotsmanns-.

brotna, *v.* (*að*) brotna, verta broten. **brotning,** *f.* brjoting.

brott, *av.* burt; burte (= *braut*); ogso *á brott, í brott.* **brott-búinn,** *a.* buen til aa fara. **-búnaðr,** **-búningr,** *m.* fyrebuing til burtferd. **-búnaðartími,** *m.* tid til aa bu seg til ferd. **-fararleyfi,** *n.* løyve til aa reisa burt.

-fararǫl, *n.* avskilslag. **-ferð,** *f.* burtferd. **-ferðarǫl,** *n.* avskilslag. **-flutning,** *f.* burtflutning. **-fúsliga,** *av.* med hug til aa fara burt. **-fýsi,** *f.* burtferdshug. **-fœrsla,** *f.* burtførsla. **-fǫr,** *f.* burtferd. **-ganga,** *f.* burtgang. Fm. VII, 183₁₃. **-hald,** *n.* burtreis. **-hlaup,** *n.* burtlauping. **-hvarf,** *n.* burtkverving. **-hǫfn,** *f.* burttak. **-kváma,** *f.* burtkoma, burtferd. **-laga,** *f.* hòping, undanferd. **-reið,** *f.* burtriding. **-rekstr,** *m.* burtdriving, elting. **-sending,** *f.* burtsending. **-sigling,** *f.* burtsigling. **-sníðning,** *f.* burtskjering. **-sǫngr,** *m.* messa haldi utanum presten sitt eige prestegjeld. **-tekning,** *f.* burttak. **-tœkiligr,** *a.* burttakande.

brottu, *av.* burte; burt; *á brottu,* burt; *í brottu,* burte; burt.

brott-varp, *n.* burtkasting. **-vísan,** *f.* burtvising. **-vist,** *f.* burtevera, fraavære.

brú, *f.* (*gen. sing. brúar* og *brár; nom. pl. brúar, brýr* og *brár*) bru. **brúa,** *v.* (*að*) brua, byggja bru.

brúar-áss, *m.* aas, bjelke under ei bru. **-endir,** *m.* bruspord, enden av ei bru. **-gerð,** *f.* brubygnad. **-hald,** *n.* umvøling av bru, bruhald. **-maðr,** *m.* brubyggjar. **-sporðr,** *m.* bruspord, bru-ende. **-staðr,** *m.* brustad.

brúða, *f.* I. brugd, karm til ryggstød paa stol odl.

brúða, *f.* II. brugda, knippe.

brúðar-bekkr, *m.* brudebenk. **-efni,** *n.* brudeemne, kvende som skal standa brûr. **-faðmr,** *m.* brudefang. **-hús,** *n.* kvendehus, harem? **-lín,** *n.* brudelin, hovudduk av lin som brûri bar. **-sæng,** *f.* brudeseng.

brúð-bekkr, *m.* brudebenk. **-fé,** *n.* brudlaupsgaava fraa brûri til brudgomen sine nærskyldingar. **-ferð, -fǫr,** *f.* brudeferd, brudlaupsferd; ferd som brudgomen gjer etter si brûr. **-gumi,** *m.* brudgom. **-hús,** *n.* brudlaupshus. **-hvíla,** *f.* brudeseng. **-hvílu-skemma,** *f.* eit lite hus til brudesengi. **-kaup,** *n.* brudlaup. **-kaupligr,** *a.* brudlaups-. **-kaups-** sjaa *-laups-.* **-kaupsmaðr,** *m.* brudlaupsgjest. **-kona,** *f.* brudkona, kvende som fylgjer brûri.

brúðlaup (og *brúðhlaup, brullaup*) *n.* brudlaup; brudlaupslag, veitsla, gjestebod ved brudlaup.

brúðlaups-dagr, *m.* brudlaupsdag. **-ferð,** *f.* = *brúðferð.* **-gerð,** *f.* det aa halda brudlaup. **-klæði,** *n. pl.* brudlaupsklæde. **-kostr,** *m.* brudlaups-kostnad. **-kveld,** *n.* brudlaupskveld. **-skemma,** *f.* eit lite hus som brudesengi stend i. **-stefna,** *f.* brudlaup. **-veizla,** *f* veitsla, gjestebod ved eit brudlaup; brudlaupskosten. **-vitni,** *n.* egteskaps-vitne.

brúð-maðr, *m.* brudesvein. **-messa,** *f.* messa ved eit brudlaup.

brúðr, *f.* (*brúðar*; *brúðir*) brud; kona. **brúðstóll,** *m.* brudebenk.

brugðligr, *a.* brigdeleg, forgjengeleg. **brugðning,** *f.* **brugðningr,** *m.* brigde, krenkjing.

brugg, *n.* brygg (ogso yverført). **brugga,** *v.* (*að*) **1.** brugga, bryggja; yverf. laga til, maka raad. **2.** brjota, ganga attpaa. **brugginn,** *perf. partic.* bryggja (av eit elles utdøytt sterkt verb: *bryggja*).

brúk, *n.* bruk, hop, mengd, mest um tare (*þarabrúk*).

brum, *n.* **1.** brùm, knuppar. **2.** bil, tid.

brumr, *m.* **brun,** *n.* bil, tid.

brún, *f.* (*pl. brýnn*) **1.** brun, egg. **2.** brun, augnebrun. *bregða í brún,* rukka brunerne; jfr. nyn. *ibrynast,* kvida; *láta síga brýnn á nef,* gjera bruner; *bera e-m e-t á brún,* lasta (eller *bryna*) ein for eitkvart.

brún, *f.* (*pl. brúnir*) eit slag ty.

bruna, *v.* (*að*) fara snøgt.

brúna, *v.* (*að*) bruna, brunlita (berre i *perf. part.*).

bruna-dómr, *m.* dom som gjeng ut paa brenning. **-eiðr,** *m.* neittingseid av ein som er skulda for elds-paasetjing. **-flekkr,** *m.* bruneflekk, brandflekk. **-hraun,** *f.* land som lava hev lagt i øyde.

brúnamikill, *a.* storbrynt, med store augnebruner. **brúnarbein,** *n.* beinet under augnebruni. **brúnaskurðr,** *m.* eit slag haarskurd med haaret tverklipt yver augnebrunerne.

brúnáss, *m.* møneaas (øvst i taket); jfr. nyn. *brunaas,* raftestokk eller stavlægja.

bruna-vegr, *m.* det varme jordbeltet. **-ǫld,** *f.* brenne-alderen, den tid dei brende liki.

brundr, *m.* brund. **brundtíð,** *f.* brundtid.

brúngras, *n.* eit slag fjellgras.

brúnhvítr, *a.* kvitbrynt, med ljose augnebruner.

bruni, *m.* brune, brenning, brand.

brúnmóálóttr, *a.* aalborkut (um hest).

brúnn, *a.* **1.** brun. **2.** blank (um vaapn).

brúnn, *m.* brunen (hest).

brunn-hola, *f.* eig. brunn-hola, men yverført = *botn-hola.* **-hús,** *n.* brunn-hus. **-lœkr,** *m.* løk, bekk der folk hentar vatn. **-migi,** *m.* rev.

brunnr, (ogso *bruðr*) *m.* uppkoma ; brunn.

brunnsmunni, *m.* brunn-opning.

brunn-vaka, *f.* horn paa ein ukse til aa slaa hol paa is; jfr. nyn. *brunn-vekkja,* nedste greini paa reinshorni. **-vatn,** *n.* brunnvatn.

brún-síðr, *a.* sidbrynt, med side augnebruner. **-skarpr,** *a.* litegrand øren eller sviren (av drykk). **-vǫlr, -vǫlvi, -ǫlfi,** *a.* aalvorsleg, kvass, nyven.

brúsi, *m.* bukk; jfr. nyn. *„bukken Bruse“.*

brústeinn, *m.* stein som tun eller gata er steinlagd med; jfr. nyn. og isl. *brustein,* stein i ei bru.

brutt, *av.* = *brott.*

brý, *s.* troll.

brydda, *v.* (*dd*) stinga; brydda, brodda; koma fram eller upp. **brydding,** *f.* bryning, kant (av skinn).

bryðja, *f.* brya, tro.

bryggja, *f.* bryggja; ogso um bru og landgang.

bryggju-búð, *f.* sjøbud. **-fœrr,** *a.* før til aa gaa umbord sjølv. **-garðr,** *m.* bygard med bryggja tett attmed. **-ker,** *n.* kjer av trevyrke (bolverk) under ei bryggja. **-lægi,** *n.* lending, landtøke (for skip). **-mangari,** *m.* ein som driv smaahandel paa bryggjorne.

bryggjusporðr, *m.* bryggjespord, enden av ei bryggja.

bryna, *v.* (*nd*) fara snøgt.

brýna, *v.* (*nd*) I. *brýna upp* (*skipi*), bryna, draga paa land.

brýna, *v.* (*nd*) II. bryna, kvetja, eggja (upp).

bryn-brœkr, *f. pl.* brok av jarnringar, brynjebrok. **-glófi,** *m.* brynjehandske, jarnhandske. **-hattr,** *m.* **-hetta,** *f.* brynjehetta, jarnhatt. **-hosa,** *f.* brynjehosa. **-hǫttr,** *m.* = *brynhattr.*

brýni, *n.* **1.** bryne. **2.** krydda (til mat).

brýning, *f.* bryning, kvessing; eggjing.

brynja, *f.* brynja, skjorta av jarnringar.

brynja, *v.* (*að*) brynjeklæda.

brynju-band, *n.* spensl, festeband framme paa brynja. **-bítr,** *m.* brynjebitar (namn paa eit sverd). **-halsbjǫrg,** *f.* brynjeskjerm for halsen. **-hattr,** *m.* **-hetta,** *f.* brynjehetta, jarnhatt. **-hringr,** *m.* ring i ei brynja, brynjering. **-lauss,** *a.* brynjelaus. **-meistari,** *m.* brynjemakar. **-rokkr,** *m.* kyrtel utanpaa brynja.

bryn-klumba, *f.* **brynklungr,** *m.* jarnklubba med krokar, fest til eit reip som dei kasta ned fraa festning millom fiendarne og drog folk til seg med, brynjeklubba. **-kníír,** *m.* eit slag kniv (vaapn). **-kolla,** *f.* kollhuva av jarnringar under hjelmen.

brýnligr, brýnn, *a.* berrsynt, greid; *er brýnligt um e-t,* der er von til.

brynna, *v.* (*nt*) brynna, gjeva vatn.

bryn-stakkr, *m.* stutt brynja, brynjetrøya. **-stúka,** *f.* brynjeerm. **-trǫll,** *n.* eit slag hellebard eller spjotøks. **-þing,** *n.* herstrid. **-þvari,** *m.* eit slag spjot eller hellebard.

bryti, *m.* (*brytja*; *brytjar*) husstyrar; gardsfut; raadsdreng, gardsdreng.

brytja, *v.* (*að*) brytja, hogga i stykke; byta sunder; byta ut (mat).

brytjan, *f.* utbyting (av mat). **brytskǫlm,** *f.* kniv til aa byta ut maten med.

bræða, *v.* (*dd*) I. **1.** bræda, smelta; ogso mykja (um hugen). **2.** tjørebræda.

bræða, *v.* (*dd*) II. skunda paa, fløyta.

bræði, *f.* braaskap, sinne, vreide.

bræðiligr, *a.* brædande, smelteleg.

bræðimæli, *n.* braamæle, hastigt ord.

brækta, *v.* (*að*) brækta, mekra (um geit).

brœðra-bǫrn, *n. pl.* brødrungar, born av brør. **-dœtr,** *f. pl.* døtter av brør. **-garðr,** *m.* **1.** kloster. **2.** gard for korsbrøder. **-klaustr,** *n.* munkekloster. **-lag,** *n.* broderskap; *taka e-rra brœðralag á sik,* ganga inn i eit broderskap (t. d. kloster). **-mark,** *n.* tvinnlingarne (himmelmerke). **-safnaðr,** *m.* samling eller lag av brøder. **-skipti,** *n.* skifte millom brør. **-synir,** *m. pl.* søner av brør, brødrungar.

brœðrung, brœðrunga, *f.* dotter av får-

brôr, brødrung. **brœðrungr,** *m.* brødrung, barn (helst son) av fârbrôr.

brœðrungs-barn, *n.* barn av brødrung, barn av fârbrôrs son. **-baugr,** *m.* bot som brødrungen til draapsmannen skulde betala brødrungen til den drepne, brødrungsbot.

brœklingar, *m. pl.* spottenamn paa irarne.

brǫgðóttr, *a.* sløg, klyftig; ogso: sløgt innreidd. **brǫgðuligr,** *a.* sløgt uttenkt; avbragdsleg (*-liga, av.*).

brǫlta, *v.* (*lt*) brolta, velta seg.

brǫstuliga, *av.* med brask, ovmodigt.

bú, *n.* **1.** bu, hushald paa ein gard; ogso midel, eigedom som høyrer til hushaldet; *búa búi,* hava hushald for seg sjølv; *taka upp bú,* taka og føra burt husbunad og buskap. **2.** bu, buskap; *heima (skal) hest feita en hund á búi,* ein skal feita hesten heime, men hunden paa stølen (i lag med buskapen).

búa, *v. st.* **1.** bu, gjera ferdig; ogso klæda, pryda; *búa sik,* bu seg. **2.** byggja, setja bu (i, paa). **3.** stjorna; bera seg aat. **4.** bu, halda hus; liva saman; vera.

Med part. *af*: *búa af e-u,* vanta eitk. *at*: *búa at e-u,* fara aat med, handsama. *fyrir*: *búa e-t fyrir,* fyrebu eitkvart; *búa fyrir,* vera til stadar; *búast fyrir,* halda hus. *hjá*: *búa hjá,* liggja hjaa. *í*: *búa í,* bu i, bu under, vera løynd. *með*: *búa með e-m* eller *e-rri,* liva i egteskap med ein; liggja med. *samt*: *búa samt,* liva saman. *til*: *búa til,* bu til, fyrebu; laga til. *um*: **1.** *búa um,* vøla um, stella med; ogso: gjeva seg um; *búast um,* stella seg, skipa til nattherbyrge. **2.** *búa um e-t,* timast, hava det eikorleis. *undir*: *búa undir e-u,* vera understadd; bu under. *við*: *búa við e-t,* hava det eikorleis; *búast við e-u,* bu seg til eitkvart. *yfir*: *búa yfir e-u,* bera inne i seg, hava i gøymsla.

búa-kviðr, *m.* domsutsegn, skyn som det nærmaste grannelaget (5 bønder) gjev; ogso um domsnemndi sjølv. **-kvǫð,** *f.* tilsegjing, bøn um *búakviðr*.

búanda-karl (og *búandkarl*) *m.* bonde, bondemann. **-múgr,** *m.* bondeflokk. **búandi,** *m.* (*pl. búendr*) = *bóndi.* **búandligr,** *a.* bondsleg. **búandmaðr,** *m.* = *bóndi.*

búavirðing, *f.* granneretts-skyn eller verdsetjing (sjaa *búi*).

búð, *f.* **1.** upphelde. **2.** tjeld, tingbud. **3.** skur; bud.

búð, *av.* kannhenda (= *bút,* eig. *búit,* bue, greidt).

búða, *v.* (*að*) setja upp bud.

búðar-beini, *m.* hjelp til aa faa i matvaror. **-dvǫl,** *f.* upphald i ei bud. **-dyrr,** *f. pl.* bud-dør. **-gagn,** *n.* husgogn (kokestell odl.). **-hamarr,** *m.* berghamar med ei bud. **-ketill,** *m.* kokekjêl. **-kona,** *f.* kona som hev utsal i ei bud. **-kviðr,** *m.* domsutsegn av folket i ei tingbud. **-lið,** *n.* folket i ei bud (tingbud). **-maðr,** *m.* mann i ei bud. **-nagli,** *m.* paale i eit tjeld. **-rúm,** *n.* rom i ei bud. **-staðr,** *m.* stad til ei bud. **-sund,** *n.* smoga, smott millom tvo buder. **-tupt,** *f.* budartuft. **-veggr,** *m.* budarvegg. **-verðr,** *m.* (*gen. -ar*) = *búðarvǫrðr.* **-virki,** *n.* mur, voll til vern umkring ei (ting)bud. **-vist,** *f.* tilhald i ei bud. **-vǫllr,** *m.* bud-voll (Gbr.), voll som høyrer til ei fiskarbud. **-vǫrðr,** *m.* (*gen. -varðar*) matgjerd, matlaging; mat; suvl (helst kjøtmat); jfr. nyn. *budarvord* (utt. *buavor*), mysesmør Li. Dal.

buði, *m.* eld.

buðkagrǫs, *n. pl.* lækjegras. **buðkr,** *m.* liten daase (eller stokk), kistel.

buðla, *v.* (*að*) bydla, sigta, sælda.

buðlungr, *m.* konge (poet.).

búðseta, *f.* seta, upphelde i ei bud. **búðsetumaðr,** *m.* husmann.

búðunautr, *m.* lagsmann i ei bud.

bú-fé, *n.* bufe, bukrøter. **-fellir,** *m.* fedaude. **-fénaðr,** *m.* fenad, bunøyte. **-ferill,** *m.* buflytjar. **-ferli,** *n.* rørlegt bu, helst um buskapen. **-ferski,** *n.* husbunad, innbu.

buffeit, *n.* øyredask. **buffeita,** *v.* (*tt*) gjeva øyredask.

bú-finnr, *m.* bufinn, bufast finn.

búfjár-ábyrgð, *f.* aabyrgsla, andsvar for bufe. **-eyrir,** *m.* eigedom av buskap. **-ferð,** *f.* buferd, bufôr. **-fóðr,** *n.* fôr til buskapen. **-gangr, -hagi,** *m.* bugang, buhage, noko vid heimhage. **-hagr,** *m.* tilstand i buskapen. **-laust,** *av.* utan buskap. **-leiga,** *f.* feleiga. **-matr,** *m.* fôr til buskapen. **-vegr,** *m.* buveg, burekster.

bú-fœrsla, *f.* buflytjing. **-fǫng,** *n. pl.* forraad til hushaldet. **-fǫr,** *f.* bufòr, buferd.

buga, *v.* (*að*) buga, bøygja.

bú-gagn, *n.* husgǫgn, gardsgogn (kjerald, koppar odl.). **-garðr,** *m.* bondegard. **-gerð,** *f.* busetjing. buskipnad.

bugr, *m.* bug, bugt, bøygning; *aka e-m á bug,* vinna paa ein. **bugstafr,** *m.* krokstav. **bugt,** *f.* = *bugr.*

bugustafn, *m.* bogen stamn? Fld. II, 64₁₇

bú-hlífð, *f.* lette i hushaldet. **-hlutr,** *m.* ting som høyrer til i eit hushald. **-hǫfn,** *f.* buhamn, hamnegang. **-hǫgg,** *n.* fe-slagting.

búi, *m.* **1.** = *bóndi.* **2.** granne. **3.** bue, innbyggjar. **búi-griðungr,** *m.* gredung (tjor) som er med buskapen paa sætri. **-menn,** *m. pl.* husfolk.

búinn, *a.* (eig. *part.* av *búa*) buen, ferdig; budd, klædd, prydd; stelt; *við svá búit, at svá búnu,* naar det er so, med so gjort; *búinn til* eller *við,* nær ved.

bú-karl, *m.* bonde.

búkdígr, *a.* diger, tjukk.

búkeyrsla, *f.* budriving, burekster.

bukkaskinn, *n.* **bukkavara,** *f.* bukkeskinn. **bukkr,** *m.* bukk; murbrjotar. **bukkskinnshosa,** *f.* hosa av bukkeskinn.

bukl, *n.* kuv, bola paa utsida av ein skjold, skjoldkuv.

buklara-bóla, *f.* skjoldbola = *bukl.* **-borð,** *n.* = *buklari.* **-fetill,** *m.* fetel, band til aa bera skjolden yver oksli, skjoldfetel. **buklari,** *m.* liten, rund skjold.

búkónarstofa, *f.* (for *búkvánar-*?) stova til ei kona som eig og styrer gard.

bú-kostr, *m.* husforraad, bjørg; fødeveg. **-kot,** *n.* ringt, vesalt hus eller plass.

búkr, *m.* buk; kropp; bul.

bukran, *s.* stivt ty av lin eller bomull.

búkreki, *m.* skinnsekk til vaatvaror.

bula, *v.* (*að*) hogga tvert av.

bú-lag, *n.* bulag, samlag. **-land,** heimejord. **-lauss,** *a.* som ikkje sjølv hev hushald. **-leiga,** *f.* leiga for fe, feleiga.

bulka-brún, *f.* kanten paa ein bunke eller farm, bunkekant. **-stokkr,** *m.* stokk, uppsett paa sida av skipet til aa stydja farmen eller bunken, bunkestokk.

bulki, *m.* bunke, farm; *brjóta bulka,* taka til aa lossa.

bulmingr, *m.* eit slag brød.

bulr, bulstr, bulungr, buløks, sjaa *bolr, bolstr, bolungr, boløks.*

búmaðr, *m.* bumann, bufast mann, gardmann.

bumba, *f.* trumma.

búmissa, *f.* fe-tap, vederlag for fetap.

búnaðar-balkr, *m.* logbolken um landsstell, landsleigebolken. **-maðr,** *m.* god stjornar. **-munr,** *m.* skilnad i umbunad, i uthyring. **búnaðr,** *m.* **1.** bunad, tilbunad; uthyring; klædnad; *setja búnað,* setja seg i bunad (= *setja bú*). **2.** livemaate; samliv (millom egtefolk).

búnautn, *f. til búnautnar,* til husbruk.

bundin, *n.* bundel, kornband.

bundinn, *perf. partic.* (av *binda*) bunden; gift D. N. II 74₁₀.

búningr, *m.* tilbuing; bunad umbunad. **búnings-bót,** *f.* betring i bunaden (klædi). **-munr,** *m.* = *búnaðarmunr.*

bunkabrot, *n.* at ein farm vert ulogleg opna.

bunki, *m.* = *bulki.*

bunungr, *m.* eit slag kval.

búnyt, *f.* budraatt (smør, ost odl.).

búr, *n.* **1.** kvendehus (møysal). **2.** bur, stabbur.

bú-ráð, *n.* husstyring, stjorning. **-rakki,** *m.* burakke, buhund. **-rán,** *n.* raning fraa ein gard.

burðamunr, *m.* ættarmun, ættarskilnad.

burðar-dagr, *m.* fødedag. **burðarfullr,** *a.* fruktrik, dyrverdig? **burðar-maðr,** *m.* berar. **-sveinn,** *m.* ærendsvein. **-tíð,** *f.* **-tími,** *m.* fødetid, fødestund.

burdeigja, burdia, *v.* gjera kapriolar, kunsthopp (um hest).

burðr, *m.* (*-ar*; *-ir*) **1.** burd, bering. **2.** fødsel (um folk og fe); *burðir, pl.* stand, ætt. **3.** foster (um folk og fe); *tvennr burðr,* tvinnling-foster.

burðugr, burðuligr, *a.* høgætta.

búrdyrr, *f. pl.* bursdør.

burgeis, *m.* borgar.

búr-hilla, *f.* hylla i eit stabbur. **-hundr,**

m. bandhund attmed eit stabbur. **-hvalr,** *m.* eit slag kval. Physeter macrocephalus?

búri, *m.* kaupstad-borgar.

buris, *n?* boras.

búrisna, *f.* høg livemaate, stort hus.

búrlykill, *m.* burs-lykel.

burr, *m.* (*-ar*; *-ir*) son.

búrs-hringr, *m.* ring i burshurdi. **-hurð,** *f.* burshurd, stabbursdør.

burst, bust, *f.* **1.** bust. **2.** bust, mønefjøl paa tak. **burstar-hár,** *n.* bust. **bursti,** *m.* bust (til aa sauma sko med).

burstígull, *m.* bustyvel, piggsvin.

burt, *av.* = *brott.*

burt, *s.* *ríða á burt,* vaaga ei lansa.

burtbúningr, *m.* tilbunad til burtferd.

burt-reið, *f.* eit slag riddarleik, lansestrid paa hesteryggen. **-reiðarmaðr,** *m.* lansebrjotar. **-reiðarvápn,** *n.* vaapn som vert bruka i *burtreið.* **-stǫng,** *f.* lansa til bruk i *burtreið.*

bús-afleifar, *f.* *pl.* restmengd av ei avling. **búsalt,** *n.* busalt, busleikja.

bús-búhlutr, *m.* **-efni,** *n.* ting som tarvst til aa setja bu. **-far,** *n.* bufar, tilstand i eit bu. **-forráð,** *n.* husstyring, stjorn.

bús-gagn, -gerð, -hagr, sjaa *bú-.*

búshœgindi, *n.* lette i hushaldet.

busi, *m.* eld.

búsifjar, *f.* *pl.* grannelag.

busilkinna, *f.* kvende med tjukke kinner.

búskerfi, *n.* husbunad (for *búsgervi?*).

bú-skjóla, *f.* kjerald, mjølkebytta. **-skortr,** *m.* skort i buet, bu-skort. **-skylft,** *av.* kostasamt, dyrt.

busl, *n.* kav, annsemd.

bú-slitsmaðr, *m.* busliten, husvill mann. **-smali,** *m.* smaafe.

buss, *m.* buksbom. **bussa** = *buza.*

bust, *f.* **1.** eit slag fisk. **2.** sjaa *burst.*

bústaðr, *m.* bustad.

busti, bustígull, sjaa *bursti, burstígull.*

bú-stjórn, *f.* gardsstyring, stjorn. **-stýra,** *f.* raadskona, husstyrar. **-sýsla,** *f.* gardsstell, husstell. **-sýslumaðr,** *m.* gardstyrar, stjornar paa ein gard.

bút, *av.* kannhenda (for *búit*).

buta, *v.* (*að*) buta, hogga sunder. **butr,** *m.* butt, kubbe.

búþegn, *m.* bufast mann; stjornar paa ein gard.

búverk, *n.* gardsarbeid.

buxhorn, *n.* eit slag gras.

buza (ogso *bussa*) *f.* eit slag store, breide skip.

buzar, *s.* eit slag drykk.

buzel, *n.* eit slag kjer til vaatvaror.

buzuskip, *n.* = *buza.*

bý, *n.* bia.

býfa, *f.* stor, stygg fot.

bý-fluga, *f.* bia. **-flygi,** *n.* *koll.* bior. **-flygisfylking,** *f.* bisvarm.

bygð, *f.* byggjing; bygt land, bygd; bustad; *flytja bygð,* flytja bustad; *fœra bygð sina,* flytja burt; *fara bygðum,* flytja; *koma bygðum,* taka bustad.

bygðar-fleygr, -fleyttr, -fluttr, *a.* som spørst yver heile bygdi. **-folk,** *n.* bygdefolk. **-innsigli,** *n.* innsigle (segl) for ei bygd. **-lag,** *n.* bygdelag. **-lagsmaðr,** *m.* ein som eig heime i bygdelaget; *pl.* bygdefolk. **-land,** *n.* land til aa byggja og bu. **-leyfi,** *n.* løyve til aa bu i bygdi. **-lýðr,** *m.* bygdefolk, bygdelyd. **-maðr,** *m.* innanbygdes mann, bygdemann. **-rómr,** *m.* bygdesnakk.

bygði, *n.* kanten, sida paa eit skip? = *byrði.*

bygg, *n.* bygg.

bygg-brauð, *n.* byggbrød. **-hjalmr,** *m.* hjelm eller stakk med bygg, bygghjelm. **-hlaða,** *f.* løda til bygg. **-hleifr,** *m.* byggleiv.

byggiligr, *a.* byggjeleg, byggjande.

bygging, *f.* I. burtleiging.

bygging, *f.* II. byggjing, bygnad.

byggja, *v.* (*gð*) I. **1.** gifta seg (um mannen). **2.** byggja burt, leiga burt.

byggja, *v.* (*gð*) II. **1.** bu, gjera ferdig; *byggjast,* byggja paa, etla seg til. **2.** bu; ogso: halda til ein stad; *byggja eina sæng,* halda til i, sova i same seng. **3.** taka bustad. **4.** folka, folka upp (t. d. *land, ey*). **5.** byggja, setja upp (t. d. hus). **byggjandi,** *m.* (*-a*; *-endr*) innbuar.

byggmjǫl, *n.* byggmjøl.

-byggr, *m.* (*pl.* *-byggir;* ogso: *-byggi, pl.* *-byggjar,* og *-byggvi, pl.* *-byggvar*) i samansetning som: *Selbyggir, Strindbyggir,* folk fraa Selbu, Strind.

byggsáð, *n.* byggsaad, byggsæde.

byggva, *v.* (*gð*) = *byggja.*

bygill, *m.* bygel.

bygning, *f.* burtleiging.

býjarmaðr, *m.* bymann.

bylgja, *f.* bylgja, baara.

bylgjufall, *n.* **bylgjugangr, bylgnagangr,** *m.* baaregang, sjøburd.

býlifi, *n.* = *bílifi.*

bylja, *v.* (*buldi*) dynja, gjella; jfr. nyn. *bylja,* tjota ujamt og kvast (um vinden) Shl. Hard.

byljóttr, *a.* flagut, elut (um bye-vêr).

bylmingr, *m.* = *bulmingr.*

bylr, *m.* (*gen. sing. byljar* og *byls*; *pl. bylir*) býl, sterk vindflaga.

býmaðr, *m.* bymann.

býr, *m.* = *bœr.*

byrð, *f.* fødsel, stand.

byrða, *f.* byrda, kassa eller stor kista til korn, brød odl.

byrða, *v.* (*rð*) veva inn bilæte i eit tjeld; sjaa *borði.*

byrði, *n.* sida paa eit skip (= *bygði*).

byrðingr, *m.* handelsskip, førsleskip; jfr. nyn. *byrding* i *sambyrding,* ein stor førslebaat (Romsd.), *fembyrding* odl.

byrðings-maðr, *m.* sjømann og handelsmann (eig. ein som fer paa ein *byrðingr*). **-segl,** *n.* segl paa *byrðingr.*

byrðr, *f.* (*byrðar*; *byrðar*) byrd.

byrfall, *n.* stans i bør, vindstilla.

byrgð, *f.* andsvar.

byrgi, *n.* skans, festning.

byrging, *f.* stengjing, stengsla; endelykt.

byrgis-kona, *f.* frilla. **-maðr,** *m.* ulogleg elskar. **-skapr,** *m.* utugt.

byrgja, *v.* (*gð*) lata att, stengja (inne eller ute); slutta.

byrja, *v.* (*að*) I. *e-m byrjar,* ein fær bør.

byrja, *v.* (*að*) II. byrja, taka til med; faa fram, gjera til; avla; bera fram (eit maalemne).

byrja, *v.* (*að*) III. byrja (burde); søma seg; høyra til (*byrja til*).

byrjanligr, *a.* byrjande, som ein skal byrja.

byrjargol, *n.* vindgúl som gjev bør.

byrla, *v.* (*að*) skjenkja, bjoda skjenk.

byrlamaðr, byrlari, *m.* skjenkjesvein.

byr-leiði, *n.* bør, børleg vind. **-létt,** *a. n. er byrlétt,* det er skral, liten bør. **-leysa,** *f.* børløysa.

byrli, *m.* skjenkjar, skjenkjesvein.

byrligr, *a.* **1.** børleg; *er byrligt,* det er god bør. **2.** vonsam, god.

byrlítit, *a. n.* = *byrlétt.*

byrr, *m.* (*gen. sing. byrjar*) bør, god vind. **byrskreiði,** *n.* god, børleg vind.

byrsta (og *bysta*) *v.* (*st*) **1.** bysta, setja med bust. **2.** setja mønebust paa hus; *borg gulli byst,* ei borg med gylt mønebust; *bystast, v. r.* bysta seg, verta arg. **byrstr,** *a.* byrren, morsk.

byr-sæll, *a.* lukkeleg til aa faa bør, børsæl. **-vænligr,** *a.* børleg, som lovar bør.

byrt, *a. n.* i ordlaget *hafa þykt byrt,* vera velberga (med herklæde); jfr. nyn. *byrg,* berga.

bysja, *v.* (*busti*) gøysa, strøyma fram; jfr. nyn. *bysja* (*buste*) fara fram, busa, Dal. ofl.

byskup, *m.* = *biskup.*

býsn, *n.* og *f.* bisn, under. **býsna,** *v.* (*að*) **1.** verta bisn, henda under; *býsna skal til batnaðar,* det maa henda under (t. d. ei ulukka) fyrr det vert betre. **2.** varsla um.

býsna-sumar, *n.* ein sumar med bisnelege hende, undersumar. **-veðr,** *n.* himmelsvêr, storvêr. **-vetr,** *m.* vetter med bisnelege hende, undervetter.

byssa, *f.* daase, øskja.

býstokkr, *m.* biehus, biebol.

býta, *v.* (*tt*) byta, skifta, deila. **býti,** *n.* millomvære.

býting, *f.* byting, skifting.

bytna, *v.* (*nd*) botna, koma til botnen.

bytta, *f.* **bytti,** *n.* bytta. **byttuaustr,** *m.* ausing med bytta.

byxa, *v.* (*xt*); *byxa sér,* byksa, hoppa.

byxing, *f.* hiving, risting.

bæði, *n. pl.* (av *báðir*) baae ting; *bæði — enda,* baade — og dessutan; *bæði — ok,* baade — og; *bæði samt — ok,* baade — og; *heldr bæði ok,* men ogso.

bæginn, *a.* bægjen, hinderleg, tverr.

bægja, *v.* (*gð*) bægja, hindra; driva, trengja (til sida eller attende); *bægjast, v. r.* yppa kiv.

bæja (og *beja*) *f.* lekkja.

bæla, *v.* (*ld*) brenna upp.

bæra, *v.* (*rð*) bæra, bylgja, gjera baaror.

bæriligr, *a.* lett aa bera; lett aa tola; bærleg (Jæd.) sømeleg.

bærr, *a.* rettkomen til.

bæsa, *v.* (*st*) bæsa, setja paa baas.

bæsingr, *m.* son som er fødd medan môri er fredlaus.

bœjar-biskup, *m.* bispen i den byen det er tale um. **-bók,** *f.* logbok for ein by. **-bót,** *f.* gagn, hjelp for ein gard eller ein by; namn paa brandklokka i Margretkyrkjetaarnet i Nidaros. **-bruni,** *m.* lauseld, husbrand (paa gard eller i by). **-bygð,** *f.* umlandet til ein by. **-folk,** *n.* byfolk. **-gjald,** *n.* avgift som byfolk laut betala. **-lýðr,** *m.* byfolk, bylyd. **-lǫg,** *n. pl.* bylog. **-lǫgmaðr,** *m.* lagmann med raadvelde i byen. **-maðr,** *m.* bymann, borgar. **-mannafé,** *n.* bykassa. **-prestr,** *m.* byprest. **-reið,** *f.* riding aat ein by. **-réttr,** *m.* bylog, byrett. **-seta,** *f.* uppehald i by. **-skipan,** *f.* byskipnad, bystell. **-starf,** *n.* **-sýsla,** *f.* embætte eller sysl i by.

bœkiskógr, *m.* bokeskog, skog av bok.

bœklingr, *m.* ei liti bok.

bœla, *v.* (*lt*) leiga burt (jord). **bœlast,** *v. r.* gjera seg bol eller lega. **bœli,** *n.* **1.** bøle, bustad. **2.** bygsl (bygsljord; bygslrett). **bœll,** *a.* bølt, buande.

bœn, *f.* bøn; *beiða e-m bœnar,* beda for ein; *geta bœnir,* verta bønhøyrd; *góðr bœna,* snild til den som bed. **bœna,** *a.* = *góðr bœna.* **bœna,** *v.* (*nd*) beda.

bœna-fullting, *n.* hjelp av bøn. **-gerð,** *f.* **-hald,** *n.* bønhald. **-haldsmaðr,** *m.* bønemann, ein som bed mykje. **-hús,** *n.* bedehus, kapel. **-hústollr,** *m.* eit slag bedehusavgift. **-kall,** *n.* bønrop. **-kraptr,** *m.* magt i bøni. **-lið,** *n.* hjelp som ein bed seg til.

bœnaligr, *a.* som ein kann beda eink. (*e-m*) um.

bœnaoffr, *n.* bøn (til offer for gud).

bœnar-bréf, *n.* bønebrev. **-form,** *f.* bønord. **-hús,** *n.* bedehus. **-orð,** *n.* bønord; friing. **-staðr,** *m.* **1.** bedestad, stad der einkvar bed. **2.** bønstad, bøn. **-tími,** *m.* bønestund, bedestund.

bœnastaðr, *m.* = *bœnarstaðr.* **bœna-raust,** *n.* hjelp, styrke (*traust*) av bøn. **bœnbifast,** *v. r.* (*að*) verta rørt ved bøner.

bœn-heyrðr, *a.* som gjerne vil bønhøyra. **-hús,** *n.* bedehus. **-rœkinn,** *a.* idug til aa beda.

bœr (*gen. sing. bœjar* eller *bjár*; *nom. pl. bœir*) hus til aa bu i; gard; bø, innjord; by, kaupstad.

bœta, *v.* (*tt*) bøta, betra, gjera god; bøta, betala bot; *bœtast, v. r. e-m bœtist,* ein vert betre.

Med part. *af: bœta e-m af e-u,* hjelpa ein or eitk. (t. d. or ein vande). *at: bœta at e-u,* vøla paa, bøta paa. *í: bœta í skál,* fylla i ei skaal (t. d. vin). *upp: bœta upp,* vøla, setja i stand atter. *yfir: bœta yfir,* bøta paa, gjera godt atter. **bœtandi,** *m.* ein som bøter, betalar bot.

bœxl, *n.* bog; bøgsl, ryggfjør paa kval.

bǫð, *f.* (*gen. bǫðvar*) strid. **bǫðfrœkinn,** *a.* frøken, modig i strid. **bǫðvast,** *v. r.* (*að*) øsa seg upp.

bǫggr, *m.* skade, mein (poet.).

bǫl, *n.* (*dat. sing. bǫlvi*) skade, ulukka.

bǫl-bœn, *f.* vaabøn, forbanning. **-fengi,** *f.* vondskap, **-fenginn,** *a.* vondlyndt.

bǫlkr, *m.* (*gen. sing. balkar, dat. belki*; *nom. pl. belkir*) bolk (skilvegg, deild, avdeild, stykke ofl.).

bǫllóttr, *a.* rund, kulerund. **bǫllr,** *m.* (*gen. sing. ballar, dat. sing. belli*; *nom. pl. bellir*) ball, kula; ogso fyreenden av ei fylking.

bǫl-rann, *n.* ulukke-hus. **-stafir,** *m. pl.* ulukka.

bǫlva, *v.* (*að*) forbanna, banna. **bǫlvan,** *f.* forbanning.

bǫlvanar-mark, *n.* merke paa forbanning. **-sonr,** *m.* eit Belials barn (eig. forbanningsson).

bǫlvasmiðr, *m.* ulukke-valdar, meinsmed. **bǫlvíss,** *a.* meinvis, lynsk.

bǫrgr, *m.* galte, galt (poet.).

bǫrkr, *m.* (*gen. sing. barkar, dat. berki*) bork.

bǫrr, *m.* **1.** (*dat. sing. bǫðvi* for *bǫrvi*) tre. **2.** son (poet.).

bǫruðr, *m.* ukse (poet.).

bǫrur, *f. pl.* = *barar* (baar).

bǫstl, *f.* (*pl. bǫstlar*) pil (til aa skjota med.)

C.

C vert i dei gamle handskrifter ofte bruka for k (*coma* for *koma*), stundom ogso for *s* eller *z* i enden av eit ord: *comc* for *komz* = *komst*.

D.

dá- i sms. med adjektiv og adverb: ovleg, liksom i nyn. t. d. *dávænn*, daavæn, ovleg væn.

dá, *v.* (*dáði*) undrast yver, høgundra; *dást at e-m*, tykkja gildt um; jfr. nyn. *daa seg* og *daast um*, tykkja synd i.

dá, *n.* daa, dvale, sæledvale, sælerus.

dáð, *f.* daad, dygd, kraft. **dáðalauss**, *a.* sedlaus, uhyrden.

dáð-lauss, *a.* daadlaus, duglaus. **-leysi**, *n.* daadløysa; skarveferd. **-leysingi**, *m.* ei daadløysa, dugløysa (um folk). **-rakkr**, *a.* manndomsam. **-semi**, *f.* gjævskap, manndom.

dafa, sjaa *dǫf* og *darraðr*.

dafla, *v.* (*að*) damla, baska.

dafna, *v.* (*að*) trivast, dýrna, koma seg.

daga, *v.* (*að*) daga; *dagar e-n uppi*, ein dagast uppe (um troll).

dagakaup, *n.* avtale paa dagemaal; *fara með dagakaup*, vera dagarbeidar.

dagan, *f.* dagrenning, dagsprett.

daga-skil, *n.* dagskil. **-tal**, *n.* dagtal, dagrekning.

dag-bað, *n.* eit bad kvar dag. **-bolli**, *m.* bolle (t. d. med vin) som varer heile dagen. **-brún**, *f.* dagsbrun, dagsrand. **-drykkja**, *f.* drykkjeseta etter dagverden. **-far**, *n.* *fara dagfari*, fara dag etter dag. **-fátt**, *a. n.* *e-m verðr dagfátt*, dagen vert for stutt aat ein, til at —. **-fasta**, *f.* fasta fraa midnatt til non (kl. 3 etterm.), dagfasta. **-ferð**, **-fǫr**, *f.* dagsleid, dagsskeid. **-ganga**, *f.* dagsgonga. **-geisli**, *m.* solstraale (poet.).

dágjarn, *a.* daaig, mjuklyndt.

daglangr, *a.* som varer ein dag; *daglangt*, all dagen. **-leið**, *f.* dagsleid, dagsreis. **-lengis**, *av.* heile dagen. **-ligr**, *a.* dagleg, dags-; timeleg (*-liga*, *av.*). **-mál**, *n. pl.* **-málaskeið**, *n.* **-málatíð**, *f.* tidi umkring kl. 9 um fyremiddagen. **-messa**, *f.* messa i 9-tidi um fyremiddagen. **-mjǫlk**, *f.* ein dags mjølk. **-mǫgr**, *m.* „dagson“, mann (poet.).

dagr, *m.* (*dat. sing. degi*) **1.** dag; *á daginn*, um dagen, medan det er dag; *um dag*, ein dag; *í dag*, idag; *annan dag*, andre dagen, dagen etter; *annars dags*, ein annan dag; *góðan dag*, god dag! **2.** dag, livetid, liv; *taka e-n af dǫgum*, drepa einkvar. **3.** dag, frest.

dag-ráð, *n.* godt høve, „godt døger“ til aa gjera eitkvart; *leita dagráðs*, vera dagveljar. **-ríki**, *n.* ein dags heilagverd; ogso bot for helgedags-brot. **-ríkt**, *a. n.* *sem dagríkt er til*, etter som det er stor eller liten helgedag. **-róðr**, *m.* dags-ror. **-sannr**, *a.* sann som dagen, evlaus.

dagsbrún, *f.* dagsbrun, dagsrand.

dag-sefi, *m.* luft (poet.); eig. ein som gjer dagen mildare. Alv. 23. **-setr**, **-setrskeið**, *n.* dagset, kveld. **-sett**, *a. n.* *Þá er dagsett var*, daa dagen var ende.

dags-hald, *n.* helgehald, heilaghald. **-helgr**, *f.* heilagskap som ein dag hev.

dag-skemtan, *f.* dagdvelja, moro. **-skjarr**, *a.* ljosrædd, dagskjerr. **-slátta**, *f.* dagsslaatt, dagsslætte.

dags-ljós, *n.* dagsljos. **-megin**, *n.* (eig. dagsmagt), stor dag; *at ørno dagsmegni*, naar det er aalljost. **-munr**, *m.* dagsmun.

dag-starf, *n.* dagsverk. **-stingr,** *m.* dagrenning, dagbleik. **-stjarna,** *f.* dagstjerna. **-stund,** *f.* ein dags tid, ein dag; time (av dagen). **-stœtt,** *av.* nett paa dagen; paa same dag i aaret (endaa um det er eit anna aar); jfr. nyn. *dagstød.*

dags-upprás, *f.* dagrenning, daglysa. **-verk,** *n.* dagsverk. **-tími,** *m.* tid paa dagen.

dag-tíðir, *f. pl.* messor haldne um dagen, dagmessor. **-þing,** *n.* **1.** møte til dagtinging. **2.** dagtinging, samraading. **-þinga,** *v.* (*að*) dagtinga, tinga, samraadast. **-þingan,** *f.* dagtinging; semja. **-veizla,** *f.* hjelp for dagen.

dagverðar-borð, *n.* dagverdsbord. **-drykkja,** *f.* drykkjeseta etter dagverden. **-mál,** *n.*

dagverðr, *m.* dagverd (maaltid umkring kl. 9).

dag-villr, *a.* dagvill, døgervill. **-vǫrðr,** *m.* dagvakt, utkiksvakt (umbord). **-vǫxtr,** *m.* vokster paa ein dag; *vaxa dagvǫxtum,* veksa so ein ser dags mun.

dáindi, *n.* **1.** under. **2.** undring, høgundring.

dáinn (*perf. partic.* av *deyja*) daaen, avliden; *dáinn arfr,* fallen arv, ledig arv.

daktilr, *m.* daddel.

dala, *v.* (*að*) dala; *ekki dalaði,* det dala seg ikkje, det vart ikkje nokor dokk.

dála, *av.* heilt upp.

dal-búi (ogso: *dalbyggi*) *m.* dalbue, dalbygge. **-bygð,** *f.* bygd i ein dal.

dáleikr, *m.* dælskap, heit kjærleik.

dalgóðr, *a.* misskrift for *dágoðr?* daagod, svært god.

dáliga, *av.* daaleg, klent, ille. **dáligr,** *a.* daaleg, klen, usæl; ill, vond.

dálkr, *m.* **1.** festenaal (paa kaapa). **2.** dolk, kniv.

dalland, *n.* jord som ligg i ein dal.

dalmatika, *f.* vid-erma prestekyrtel.

dalnauð, *f.* hand = *bognauð* (poet.).

dalr, *m.* (*nom. pl. -ar* og *-ir*) **1.** dal; *dalr mœtir hóli,* etter upphøgjing kjem nedsetjing, *Dalir, m. pl.* Gudbrandsdalen. **2.** boge (poet.).

dals-botn, *m.* dalsbotn. **-mynni,** *n.* daleglup, dalekjeft.

dalverpi, *n.* dalklypa, liten dal.

dámaðr, *a.* som hev ein viss smak eller daam. **dámgóðr,** *a.* som smakar godt; jfr. nyn. *goddæmd,* som hev ein god, rein daam.

damma, *f.* dama, fruva; jfr. nyn. *damme,* Tel.

damma-dúkr (ogso: *dammi-, dammu-*) *m.* eit slag fint engelsk ty; jfr. nyn. *dammeduk,* tjeld, kasteduk.

dámr, *m.* smak; jfr. nyn. *daam,* smak, lukt, hamlit.

dan, *m.* herre (titel for høge kyrkjelege embætsmenner, t. d. abbetar).

dana-herr, *m.* daneher, den danske her.

dánar-arfr, *m.* arv som fell etter ein avliden. **-dœgr,** *n.* daudedag. **-fé,** *n.* = *dánararfr.*

dana-veldi, *n.* det danske riket. **-virki,** *n.* den danske mur, Danevirke.

dándi, *a.* danne-, fagna-, ærleg og dugeleg; *dándi maðr,* dannemann.

dangandi, *m.* støyting, risting. Bósa s. 26[21].

danir, *m. pl.* danskar, daner. **Danmǫrk,** *f.* Danmark.

dans, *m.* **1.** dans. **2.** visa som dei dansar etter; *slá dans,* spela upp til dans; *kveða dans,* syngja ei visa til dans. **dansa,** *v.* (*að*) dansa.

dansagerð, *f.* det aa dikta dansevisor.

danska, *f.* dansk maal. **danskr,** *a.* **1.** dansk. **2.** norderlandsk; *dǫnsk tunga*: **a.** dansk maal. **b.** norderlandsk maal (norsk, svensk, dansk); *á danska tungu,* allstad der dei talar norderlandsk maal.

dansleikr, *m.* dans, dansar-leik.

dapr, *a.* daper, tung, sorgmodig. **dapra,** *v.* (*að*) gjera tung; *daprast,* upers. det fell tungt. **dapreygr,** *a.* dimsynt. **daprligr,** *a.* **1.** som ser daper eller sorgmodig ut, sturen. **2.** syrgjeleg.

dár, *a.* **1.** som tek hugen sterkt og braatt (um ilt og um godt). **2.** motburdsam; *e-m verðr dátt við,* ein vert daatt (ille) ved. **3.** daagod, kjær; *e-m verðr dátt um,* ein tykkjer gildt um; *gera sér dátt við e-n,* gjera seg godven med, koma inn hjaa.

dár, *n.* haad, spott. **dára,** *v.* (*að*) **1.** daara, narra. **2.** hava til narr. **dáraskapr,** *m.* **1.** daarskap, svik. **2.** ap, spott. **dári,** *m.* daare, narr.

darr, *n.* spjot. **darraðr,** *m.* spjotsvingaren (Odin); *dǫf darraðar,* spjot (poet.).

dárskapr, dáruskapr, *m.* = *dáraskapr.*

dásama, *v.* (*að*) ovundrast, verta teken av; høgundra. **dásamligr,** *a* underfull, undringsverd (*-liga, av*).

dasast, *v. r.* (*að*) **1.** dæsa, forkoma av møda; jfr. nyn. *dasa* med same tydning, Romsd. **2.** veslast, spillast.

dásemd, dásemi, *f.* **1.** ovundring, høgundring. **2.** ovunder, storunder.

dási, *m.* daase (um folk), stakar.

datta, *v.* (*að*) klappa, banka (um hjarta).

dauða-ár, *n.* daudaar, serl. um 1349 – 1350, *dauða-árit stóra,* daa *stóri manndauðinn* var. **-band,** *n.* sveipeband um hovudet paa eit lik. **-dagr,** *m.* daudedag, døyande dag. **-dómr,** *m.* daudedom. **-drep,** *n.* drep, eitkvart som drep; jfr. nyn. *slita og slæpa paa daudadrepet* ɔ: slæpa seg mest ihel (Hard). **-drukkinn,** *a.* dauddrukken. **-drykkr,** *m.* banedrykk. **-dvǫl,** *f.* frest, utsetjing med dauden. Ark. XIII, 370. **-dœgr,** *n.* døger daa ein døyr. **-dœmdr,** *a.* dømd til dauden. **-fleinn,** *m.* ein flein (pil) som drep. **-flóð,** *f.* manndaude, sott som riv burt mange folk. **-jǫrð,** *f.* helvite. **-kraptr,** *m.* kraft til aa drepa. **-kvǫl,** *f.* daudepina, daudeverk. **-kyn,** *n.* maate aa døy paa. **-litr,** *m.* liklit, daudelit. **-maðr,** *m.* **1.** daudmann. **2.** ein som skal døy. **3.** banemann. **-mark,** *m.* daudemerke. **-mein,** *n.* mein som drep. **-net,** *n.* garn aat dauden. **-orð,** *n.* daudarord, tidend um dauden. **-pína,** *f.* straff paa livet, livsstraff. **-ráð,** *n.* raad som er upptenkt til aa drepa einkvar. **-róg,** *n.* baktale, lastord til aa faa livet av ein. **-sjór,** *m.* Daudehavet. **-skattr,** *m.* den skatt menneskja betalar med di ho døyr, daudeskatt. **-skellr,** *m.* slag av dauden. **-slag,** *n.* daudehogg. **-slig,** *n.* ei drepande hestesykja. **-snara,** *f.* daudesnara. **-sonr,** *m.* ein som skal døy. **-staðr,** *m.* daudestad. **-steytr,** *m.* støyt som drep, daudestøyt. **-stingr,** *m.* daudestyng. **-stund,** *f.* daudestund, daudorar. **-stofnan,** *f.* livhætt fyretak. Ark XIII 371. **-svefn,** *m.* dvale. **-sverð,** *n.* sverd som drep, daudesverd. **-sǫk,** *f.* orsak til daude, gjerning som er verd daude; sak for ei misgjerning, som det er livsstraff for. **-tákn,** *n.* feigdarmerke. **-verk,** *n.* verk som vert straffa med dauden.

dauð-beranligr, *a.* døydeleg, som drep. **-dagi,** *m.* daudemaate, daude. **-drukkinn,** *a.* dauddrukken. **-fœrandi,** *a.* døydeleg, som drep.

dauði, *m.* daude; *drepa e-n í dauða,* slaa ihel; *dauðinn,* ogso bruka um *stóri manndauðinn.*

dauðleikr, *m.* daudleik, livløysa, døying.

dauðliga, *av.* syndleg. **dauðligr,** *a.* **1.** som drep, som valdar daude, døydeleg. **2.** daudeleg.

dauðr, *m.* daude, daud. **dauðr,** *a.* daud, avliden; *dautt dráp,* draap, ihelslaaing; *dautt fé,* lausøyre; *dautt hold,* daudkjøt; *ganga dauðr,* ganga att (etter dauden).

dauð-staddr, *a.* døyande, som ligg i andlaatom. **-strá,** *n.* likstraa.

dauðuligr, *a.* = *dauðligr* 1.

dauð-váni, *a.* feigsleg, som ser feig ut **-vænn,** *a.* **1.** livhætt (t. d. drykk). **2.** som er i dauds von, nær dauden. **-ýfli,** *n.* daud skrott, ræ.

dauf-heyrast, *v. r.* (*rð*) leggja dauvøyra til, ikkje vilja høyra. **-heyrðr,** *a.* dauvøyrd. **-leikr,** *m.* dauvskap.

daufligleikr, *m.* stilla, langsemd. **daufligr,** *a.* dauvleg, langsam. **daufr,** *a.* dauv.

daunaðr, *a.* som luktar eller tevjar; *illa daunaðr,* som hev ein illtev. **daunmikill,** *a.* som hev ein sterk illtev. **daunn,** *m.* illtev, vond lukt. **daunsemd,** *f.* illtev.

daunsna, *v.* (*að*) lukta paa, nasa; jfr. nyn. *dausna,* vêra udyr eller blod, stima ihop (um fe) Nfj.

dauss, *m.* tvæa, tvoa (paa terning).

dávænn, *a.* daavæn, ovvæn.

deging, *f.* degning, daging.

degradera, *v.* (*að*) lægja, flytja ned (i rang); setja av.

deig, *n.* deig. **deigja,** *v.* (*gð*) deiga, veikja.

deigja, *f.* deigja, tenestgjenta.

deigr, *a.* **1.** deig, blaut (um metal). **2.** blaud, ræddhuga.

deila, *v.* (*ld*) **1.** deila, deilda. **2.** skifta, byta ut. **3.** eigast med, faast med, fara med (*deila e-t við e-n*); *deili grǫm við þik,*

den vonde eigest med deg, have med deg aa gjera. **4.** deila um, trætta um, stridast um; *deila e-t,* stridast um eitk.; *deila e-n málum,* hava deilsmaal, trætta med ein; *deila e-t brotum,* sjaa *brot.* **5.** avgjera. **6.** raada yver; *deilast,* verta utbreidd, spreidd.

Med part. *á: deila á e-n,* yppa trætta med ein. *at: deilast at e-u,* deildast, trætta um eitk. *í: deilir í e-t,* det deilest um, det gjeld um, det spørst um eitk. *til: deila til e-s,* freista aa faa eitk. med strid.

deila, *f.* deilsmaal, trætta, strid.

deild, *f.* deiling, byting; deild, lut; deilsmaal, trætta, strid.

deildar-arfr, *m.* arv som vert skift. **-gerð,** *f.* utbyting av mat til fatigfolk. **-lið,** *n.* ein herflokk som ein kann kløyva i fleire flokkar.

deili, *n. pl.* skil, skilmerke; *kunna e-s deili, kunna deili á e-u,* hava greida paa eitk. **deili-ganga,** *f.* markegang. **-ker,** *n.* eit slag kjer.

deilir, *m.* bytar, utskiftar.

deilisganga, *f.* markegang.

deilsamr, *a.* bytande, god aa deila.

deilsperi, *f.* hegding, sparing medan ein byter ut eitkvart.

deilu-bréf, *n.* skiftebrev. **-efni,** *n.* trættemaal, trætteteig. **-gjarn,** *a.* trættefus, trættesam. **-mál,** *n.* deilsmaal, trættemaal.

dekan, *m.* dekn; oftare *djákn.*

dekor, *m.* (*pl. dekrar*), eit deker (ɔ: 10, mest um skinn).

demma, *v.* (*md*) demma, stemma (med damm).

dengja, *v.* (*gð*) dengja, hamra, slaa; driva, støra til.

deponera, *v.* (*að*) setja av.

des, *f.* (*pl. desjar*) høydesja, høysaata. **desjagarðr,** *m.* gjerde umkring høydesjor.

detta, *v. st.* detta; *detta niðr,* detta ned daud (um fe). **detthendr,** *a.* um eit slag versemaal: *detthendr háttr.* **dettiyrði,** *n.* spitord. **dettr,** *m.* dett.

deyða, *v.* (*dd*) **1.** døyda, drepa. **2.** døyva, gjera ugild. **deyðr,** *a.* døydande, drepeleg.

deyfa, *v.* (*fð*) I. døyva, gjera dauv.

deyfa, *v.* (*fð*) II. duppa.

deyfð, deyfi, *f.* dauvskap.

deyja, *v. st.* (i *impf.* ogso *deyði, dæði*) døy; dovna (um lemer).

deyna, *v.* (*nd*) lukta ille, tevja. **deyning,** *f.* illtev.

deypa, *v.* (*pt*) duppa, duva.

díar, *m. pl.* gudar.

digla, *v.* (*að*) dingla.

digna, *v.* (*að*) blotna, verta deig (um metal); veikna, vanmodast; jfr. nyn. *digna* um ei stong, naar ho bøygjer seg.

digr, *a.* diger, før, tjukk, grov; stor; storlaaten. **digrast,** *v.* (*að*) digrast, tjukkna; verta storlaaten. **digrbarkliga,** *a.* storordig, skrøytsam. **digrð,** *f.* digra, tjukkleik.

digr-halsaðr, *a.* tjukkhalsa. **-leikr,** *m.* digerleik; tjukkleik.

digrligr, *a.* storlaaten (*-liga, av.*).

digr-nefjaðr, *a.* tjukknasa. **-yrði,** *n. pl.* ovlæte, store ord.

digull, *m.* hangande drope; deigla, smeltekjer.

dik, *n. taka dik,* taka kuten, leggja paa sprang; jfr. nyn. *dika, v.* fara og vima, stulla.

díki, *n.* dike (blautmyr; veit). **díkisbakki,** *m.* jordkanten umkring eit dike (blautmyr).

gor, *n.* gor (halvmelta mat i innvolen).

gormánaðr, *m.* fyrste vetter-maanad (slagtemaanad), fraa midten av oktober til midten av november.

gorunargaldr, sjaa *gørunargaldr.*

gorvargr, *m.* gortjuv, ein som røvar fe og slagtar.

goti, *m.* **1.** gote, mann fraa Gotland; *gotar, pl.* ogso = *gautar* (N.G.L.). **2.** hest (poet.). **Gotland,** *n.* øyi Gotland.

gotnar, *m. pl.* menner. **gotneskr,** *a.* gotisk.

góz (*góðz, gótz*), *n.* gods, eigedom, eign.

gózligr, *a.* godsleg, godhjarta.

grá-beinn, *m.* graabein, ulv. **-bildóttr,** *a.* graaflekkut paa kjakarne (um ein saud). **-bjǫrn,** *m.* graabjørn (motsett kvitbjørn). **-blár,** *a.* graablaa.

gráða, *f.* **1.** pall, tram; stett, stig; i *pl.* um hyllings-trammen ved Kristkyrkja i Nidaros. **2.** grad, rang, slag.

gradal, *m.* gradual, messebok, altarbok.

gradda, *f.* pall, stig; *pl. graddur,* tropp.

grað-fé, *n.* grad-fe. **-hafr,** *m.* gradbukk.

gráði, *m.* I. = *gráða.*

gráði, *m.* II. graae, vind som graaar vatnet.

gráði, *m.* III., **gráðr,** *m.* graade, graadhug.

graðr, *a.* grad, som ikkje er gjelda. **graðsmali,** *m.* grad-smale, ugjelda smaafe.

gráðugr, *a.* graadug (*gráðugliga, av.*).

graðungr, graðuxi, *m.* gradung, gradukse, tjor.

grádýri, *m.* graabein, ulv.

grafa, *v. st.* A. **1.** grava, rota, brjota upp; grava upp; grava ned, gravleggja; *grafa undir e-m,* med list grava grunnen undan ein, lura ein. **2.** grava, skjera ut; ogso: fella inn. **3.** grava, leita, granska etter (*e-t, at, eptir e-u, til e-s, um e-t*). **4.** upers. *grefr e-t,* eitk. svell (um saar og verk). B. *grafast, v. r.* verta uppgraven; verta ukyrr (um sjø); grava ell. slita seg fram *grafast eptir* = *grafa eptir*; *grafast upp,* koma upp, verta kunnigt.

grafalr, *m.* gravstikka.

grafar-bakki, *m.* gravbakke, gravstad. **-gerð,** *f.* det aa gjera ei grav. **-lækr,** *m.* løk (bekk) som hev grave seg ned i jordi, holbekk. **-maðr,** *m.* mann som er i ei grav. **-vǫrðr,** *m.* grav-vaktar.

gráfeldr, *m.* graa feld, lodi skinnkappa.

graf-gangsmaðr, *m.* frigjeven træl som ikkje kunde livberga seg og difor laut svelta ihel i ei grav. **-garðr,** *m.* dyrgrav med gjerdsla.

grafjur, *m.* gravør (fransk: graveur).

graf-nár, *m.* mann som er *kviksettr* (livande gravlagd) men slepp fraa det med livet. **grafningr,** *m.* tolking, tydning. **grafsilfr,** *n.* nedgrave sylv. **-svín,** *n.* ei greida til aa grava under og øydeleggja festningsmurar med.

grafta, *v.* (*að*) grefta, gravleggja (= *grepta*).

graftar- og **graftrar-** sjaa *graptar-.*

graftól, *n.* ambod til aa grava med.

grá-gás, *f.* **1.** graagaas, gagl. **2.** namn paa ei gamall trøndsk logbok. (Fraa det 16de aarh. vart ordet med urette bruka som namn paa dei eldste isl. logtekster). **-klæddr,** *a.* graaklædd. **-kollóttr,** *a.* graa og kollut. **-kufl,** *m.* graa kappa. **-leikr,** *m.* graae, illvilje, uvenskap. **-leitr,** *a.* graaleitt; uvensleg. **-ligr,** *a.* uvensleg (*-liga, av.*). **-lyndr,** *a.* illsken, utyd, vondlyndt. **-magi,** *m.* rognkall, rognkjeksa (han av slaget). Cyclopterus lumpus.

gramendr, *m. pl.* „dei grame“, djevlar, troll.

gramerz, stor takk (fransk grand merci).

gramligr, *a.* argleg, leidsam, gremmeleg.

gramr, *a.* gram, vreid, vond (paa).

gramr, *m.* (*pl. -ir*) **1.** „den grame“; poet. um hovding, hermann. **2.** mest i *pl.* „dei grame“, djevlar, troll. **3.** hund (= *garmr*).

grámunka-klaustr, *n.* **-lifnaðr,** *m.* cistercienserkloster. **grámunkr,** *m.* cisterciensermunk, graamunk.

grána, *v.* (*að*) graana, verta uvensleg.

granahár, *n.* granehaar (Shl.), veidehaar, vêrhaar.

gran-bein, *n.* underkjake paa fisk. **-bragð,** *n.* verk som fær ein til aa grina (gjera lepar). **-bragðseyrir,** *m.* bot for aa gjera *granbragð.*

grand, *n.* I. skade, mein; skadeleg ting, vondska; jfr. nyn. *til grands,* til meins. Rbg.

grand, *n.* II. grand, mole. Vigf. Jfr. *grandfengi.*

granda, *v.* (*að*) granda, skada, gjera mein. **grandalauss,** *a.* meinlaus, uskyldig.

grandfengi, *f.* smaanøytsla, smaaturft.

grandi, *m.* grande, sand-øyr.

grand-lauss, *a.* meinlaus, uskyldig. **-ligr,** *a.* skadeleg. **-varligr, -varr,** *a.* som varar seg for det vonde, skuldlaus (*-varliga, av.*). **-veri,** *f.* varsemd mot det vonde, skuldløysa, blygsla.

gránefja, *f.* eit slag kastevaapn.

gránn, *a.* graa (= *grár*) (poet).

granna, *f.* grannkona, granngjenta. **granna-lag,** *n.* grannelag. **-stefna,** *f.* grannestemna. **granni,** *m.* granne. **grannkona,** *f.* grannkona.

grann-leikr, *m.* grannleik. **-leitr,** *a.* tunn og smal i andlitet, grannleitt. **-liga,** *av.* grannvart, ikkje endefram. **-ligr,** *a.* grannleg, grannlagd.

grannr, *a.* grann, tunn, fin. **grannvaxinn,** *a.* grannvaksen.

gran-rauðr, *a.* med raudt munnskjegg, raudskjeggja. **-selr,** *m.* eit slag sel (kobbe) med lange granehaar. Phoca barbata. **-síðr,** *a.* med sidt munnskjegg. **-sprettingr,** *m.* ungdom i skjeggsprettingi. **-sprottinn,** *n.* som er i skjeggsprettingi.

gránstóð, *n.* graa hesteflokk.

gran-stœði, *n.* øvre lippa, der munnskjegget stend.

granverðir, *m. pl.* granvaktarar (Edda).

gráp, *n.* storm (poet.).

grápa, *v.* (*að*) graapa, grafsa, riva til seg.

grápeningr, *m.* pening av laakt slag.

graptar-dagr, *m.* likferdsdag. **-embætti,** *n.* jordferds-tenesta. **-kirkja,** *f.* kyrkja med kyrkjegard til. **-kirkjubœr,** *m.* gard, der det er kyrkja med kyrkjegard til. **-rán,** *n.* ulogleg gravleggjing. **-réttr,** *m.* rett til gravstad. **-siðr,** *m.* jordferdsskikk. **-staðr,** *m.* gravstad, grefte. **-tíð,** *f.* **-tími,** *m.* jordferdstid. **-þjónasta,** *f.* jordferds-tenesta.

graptligr, *a.* jordferds-. **graptrar-** sjaa *graptar-.* **graptrarhǫnd,** *f.*: *leggja e-m graptrarhǫnd,* leggja ein i grav.

grár, *a.* **1.** graa (um lit). **2.** graa, uvensleg; *elda grátt silfr,* vera uvener.

grárendr, *a.* graarendut, graastriput.

gras, *n.* **1.** gras, urt. **2.** (i *pl.*) islandsmose. N.G.L.

grasaðr, *a.* tilsett med gras ell. urter. **grasa-drykkr,** *m.* drykk tilsett med urter. **-grœðing,** *f.* grøding (lækjing) med lækjegras. **-rœtr,** *f. pl.* grasrøter. **-sekkr,** *m.* sekk med gras ell. urter. **-þjófr,** *m.* grastjuv.

gras-dalr, *m.* grasdal (Tel.), grasvaksen dal.

gráserkjaðr, *a.* med graa brynja (Edda).

gras-garðr, *m.* hage, kaalhage. **-garðsmaðr,** *m.* hagemann. **-geilar,** *f.* grasgjotor, grasholor. **-góðr,** *a.* grasgod. **-grœnn,** *a.* grøn som gras, grasgrøn. **-guð,** *n.* gras, urt som vert dyrka som gud. **-hattr,** *m.* halmhatt. **-holmr,** *m.* grasholme.

grá-siðublakkr, *a.* blakk og graasidut. **-skinn,** *n.* (ogso *-skinnavara, f.*) graaverk, ikornskinn. **-skinnahúfa, -skinnshúfa,** *f.* huva av ikornskinn. **-skýjaðr,** *a.* graaskya.

gras-kyn, *n.* grasslag. **-laukr,** *m.* graslauk. **-lauss,** *a.* graslaus. **-leysi** (og *-lausa*), *f.* grasløysa. **-leysissumar, -leysusumar,** *n.* graslaus sumar. **-ligr,** *a.* som er av gras, gras-. **-loðinn,** *a.* grasgod, grasrik. **-loðna,** *f.* tjukk-eng. **-lægr,** *a.* som ligg paa graset, paa marki. **-mikill,** *a.* grasgod, grasrik. **-naut,** *f.* **-nautn,** *f.* **-nautnargœði,** *n.* rett til aa nøyta graset paa ein stad, grasnøyting. **-rán,** *n.* ulogleg beiting, gras-ran. **-ránsbaugr,** *m.* *baugr* i bot for ulogleg beiting. **-rót,** *f.* grasrot. **-setr,** *n.*; *sitja grassetri,* sitja berre med beiterett paa ein gard; yverf. liva i smaa kaar. **-sótt,** *f.* sott som hev med gras aa gjera, „gras-sott“ (skjemtande).

grásteinn, *m.* graastein.

gras-tó, *f.* grasto, liten grasflekk i ei fjellsida. **-vaxinn,** *a.* grasvaksen. **-verð,** *n.* gras-verde. **-vǫllr,** *m.* grasvaksen voll. **-vǫxtr,** *m.* grasvokster.

gráta, *v. st.* graata; *gráta e-t,* graata for eitkvart; partic. *grátinn,* utgraaten. **grátan,** *f.* graating, graat. **grátanligr,** *a.* graatfull.

grát-fagr, *a.* fager i graat. **-feginn,** *a.* graatferdig av gleda. **-liga,** *av.* med graat. **-ligr,** *a.* som ein maa graata for, grøteleg.

grátr, *m.* graat. **grát-raust,** *f.* graat-maal. **-samligr,** *a.* graatsam, grøteleg. **-stokkinn,** *a.* vaat av graat. **-sǫk,** *f.* orsak til graat. **-þarfa,** *a.* som ein tarv graata for. **grátuligr,** *a.* graatande, graat-.

grautar-díli, *m.* graut-flekk. **-sótt,** *f.* „graut-sott" (i skjemt). **-trog,** *n.* graut-trog. **-trygill,** *m.* graut-trygel, lite graut-trog. **-þvara,** *f.* graut-tvora.

grautr, *m.* (*gen. -ar*) graut. **grautsótt** = *grautarsótt.*

grá-valr, *m.* graafalk. **-vara,** *f.* graaverk, ikornskinn.

gref, *n.* grev, hakka. **grefleysingr,** *m.* frigjeven træl som enno ikkje er *leiddr í lǫg* (sjaa *leiða*), og som berre hev lov til aa bruka grev odl. til vaapn. **grefsi,** *m.* grev·

greft, *f.* greft, grav. **grefta** (ogso *greftra*) *v.* = *grepta.* **greftar-** sjaa *graptar-.*

gregoriusmessa, *f.* **gregoriusmessudagr,** *m.* gregorsmessa, 12 mars.

gregr, *f.* skrov, buk? Sturl. I 230.

greiða, *v.* (*dd*) **1.** greida, gjera greid, greida ut, setja i lag, skipa, gjera i stand, gjera; *greiða hár,* greida, kjemba haaret; *greiða segl,* gjera ferdigt segl. **2.** greida, rettleida, hjelpa fram, rydja veg for; *greiddist honum* (*ferð hans*) *vel,* det gjekk godt og greidt med. **3.** greida, reida ut, lata faa, betala, gjeva (*e-m e-t*).

greið-fœrr, *a.* greidfør (som det er greidt aa fara; som fer greidt, lett). **-gengr,** *a.* som det er greidt aa ganga, greidgjengd.

greiði, *m.* **1.** greida, greiding, utgreiding; *at greiða,* med greidskap, med grein. **2.** greida, rettleiding, beine, hjelp (aat ein gjest).

greiðir, *m.* **1.** greida, hjelp, gagn. **2.** greidar (poet.).

greið-liga, *av.* greidleg, greidt, utan hefte; greinleg, til fulls; nett, nettupp. **-ligr,** *a.* greidleg, greid; som er utan hefte. **-mæltr,** *a.* greidmælt, som talar greidt.

greiðr, *a.* greid. **greið-samliga** (og *greiðuliga*), *av.* med greidskap, greidt. **-skapr,** *m.* greidskap, greida; beine, hjelpsemd. **-talaðr,** *a.* greidtalande.

greifa-dómr, -skattr, *m.* greivedøme, greivskap.

greifi, *m.* greive. **greifinna,** *f.* greivinna, greivefrua.

greimleikr, misskrift for *grimmleikr,* s. d.

grein, *f.* I. **1.** grein (av tre og anna). **2.** serskild ting, ting aa merka; deil, stykke. **3.** maate; slag; rang, stand, klasse, fag; *með fjórfaldri grein,* paa fire maatar; *í annari grein,* for det andre. **4.** skiljing, skilnad, kløyving; tvidrætte, usemja. **5.** skil, skilning, sereign. **6.** orsak, grunn; *fyrir þá grein at,* fordi; *sakir hverrar greinar,* kvifor.

grein, *f.* II. grein, greida, utgreiding; skyn, vit.

greina, *v.* (*nd*) **1.** greina, skilja, deila, kløyva, byta. **2.** skilja (med vit og sansar), gjera skil paa; skyna, kjenna. **3.** gjera grein paa, greida ut, forklaara, fortelja, nemna; upers. *greinir,* det vert sagt, utgreidt; *sem fyrr greinir,* som fyrr nemnt. **4.** rekna med. **5.** upers. *greinir menn á e-t,* folk er usams um eitk. *greinast, v. r.* greinast, kløyvast, skiljast; *greinast á* (*at*) *e-u,* verta usamd um eitk.

greinamikill, *a.* skynsam, skynug.

greinar-klæði, *n.* grovt ullklæde; jfr. nyn. *grein,* grovt ulltæpe. Nordl.

greinar-lauss, *a.* greinlaus, skynlaus; uskynleg; samfengd, utan skilnad. **-mál,** *n.* skynleg, greid sak. **greinavænn,** *a.* som lett kann føra til usemja. **greiniligr,** *a.* greinleg, tydeleg; greidsam (*-liga, av.*). **greining,** *f.* greining, skilning; utgreiding. **greiningarvit,** *n.* skynsemd, vit; skil, sans og samling.

greip, *f.* (*nom. pl. greipr*) greip, gripe (hand).

greipa, *v.* (*að* og *pt*) greipa, gripa; *greipa glœp,* gjera seg skyldig i eit forbrot (Edda).

greizla, *f.* greidsla, greiding; utreidsla.

grelligr, *a.* = *greiðligr.* Kgs. 88₃.

grellskapr, *m.* vreide, illskap.

gremd, *f.* **gremi,** *f.* gremme (n.), vreide, fiendskap.

gremja, *v.* (*gramdi*) gjera gram, vreid, erga; *gremja e-n at sér.* *gremjast, v. r.* verta sint, argast paa ein (*e-m*). Jfr. nyn. *gremja seg,* harmast; klaga seg.

gren, *n.* gren, hi, hola (for ulv og rev).

grend, *f.* grend, grannelag. **grendar-far,** *n.* høve millom grannar, grendelag. **-folk,** *n.* grendefolk.

grenja, *v.* (*að*) grenja (Sæt. Sogn) kneggja med dirrande ljod, yla. **grenjan,** *f.* grenjing, yling.

Grenland, *n.* namn paa nedre Telemarki.

Grenmarr (ogso *Grœnmarr*) *m.* Langesundsfjorden.

grenn, *f.* grend (= *grend*). Jfr. nyn. *grenn,* Tel. o. fl.

grennast, *v. r.* grannast, verta grann, minka.

grenni, *n.* grendelag, grendskap.

grenskolli, *m.* rev i grenet sitt, hole-rev.

grenskr, *a.* som er fraa *Grenland,* grensk.

grensmunni, *m.* opning til eit gren eller ei hola.

greppaminni, *n.* eit slag versemaal, der fleire verselinor etter kvarandre byrjar med same ord.

greppligr, *a.* djerv, morsk (*-liga, av*). Jfr. *greppeleg,* grov, slamput (Tel.).

greppr, *m.* **1.** djerv, morsk kar. **2.** skald.

grepta *v.* (*pt*) (ogso *greptra* (*að*)) grefta, gravleggja.

greptr, *m.* (*gen. -rar*) greft, grav.

greptrarþjónasta, *f.* jordferds-tenesta.

greptusæði (skrive *græftusæðe*) *n.* grøda av graven og hakka aaker.

gresjarn, *n.* jarntraad? jfr. *gerjarn.*

gretta, *v.* (*tt*) oftare: *grettast, v. r.* gretta, grina, syna tenner. **grettur,** *f. pl.* grettor (Gbr.), grin, usemja.

grey, *n.* **1.** bikkja. **2.** vesalmann, skarv.

greybaka, *f.* bikkja, hund (um folk).

greyfa, *v.* (*fð*) bøygja fram aa gruva; *greyfast, v. r.* bøygja seg fram, gruva seg, luta seg.

grey-hundr, *m.* bikkja, tik. **-karl,** *m.* skarv. **-ligr,** *a.* vesalleg, skarveleg. **-mennska,** *f.* skarvedom.

greypa, *v.* (*pt*) grøypa, fella inn i.

greypijarn, *n.* grøypejarn, jarn til aa grøypa med.

greypiligr (ogso *greypligr*) *a.* grovleg, hardleg, kaldleg (*-liga, av.*).

greyping, *f.* grøyping, innfelling.

greypleikr, *m.* hardleik, hjarteløysa.

greypr, *a.* grov, hard, hjartelaus. Jfr. nyn. *ein grøype kar,* ein hardfengd kar (Tel.).

grey-skapr, *m.* vesaldom, skarvedom. **-stóð,** *n.* hundeflokk.

grið, *n.* **1.** heimvist, trygt tilhelde (mest um tenestfolk). **2.** i *pl.* trygd for liv og lemer, fred som er avtala eller logfast (vaapnkvila, tingfred o. m.), naade, grid; *fara með griðum,* fara med fredstilbod.

griða-beiðandi, *m.* ein som bed um grid. **-beiðni,** *f.* bøn um grid. **-bréf,** *n.* brev som gjev grid. **-brek,** *n.* svikfull bøn um grid. **-gjǫf,** *f.* det aa gjeva grid, grid-gjeving. **-lauss,** *a.* som ikkje hev fenge grid, fredlaus (*-laust, av.*). **-mál,** *n.* ordlag som vert bruka naar dei set grid, gridord. **-mark,** *n.* fredsmerke. **-rof,** *n.* brot paa grid. **-sala,** *f.* det aa gjeva grid. **-setning,** *f.* det aa setja og lysa grid, gridlysing. **-staðr,** *m.* fredheilag stad, fredstad. **-stefna,** *f.* stemna, møte um grid.

grið-bítr, *m.* mann som bryt grid, fredsbrjotar.

griddi, *m.* gradukse, tjor (= *griðungr*).

grið-fang, *n.* det aa faa seg heimvist (og tenesta). **-fangadagr,** *m.* dag, daa lause folk skulde faa seg heimvist (og tenesta), fardag. **-heilagr,** *a.* fredheilag.

griði, *m.* = *griðmaðr.*

griðjungr, *m.* gredung, tjor (= *griðungr*).

griðka, grið-kona, *f.* fri kvinna som hev heimvist (og tenesta) i huset hjaa ein. **-maðr,** *m.* fri mann som hev heimvist (og tenesta) i huset hjaa ein. **-mál,** *n. pl.* = *griðamál.* **-níðingr,** *m.* mann som bryt grid, fredsbrjotar. **-níðingsnafn,** *n.* fredsbrjotarnamn. **-sala,** *f.* det aa gjeva grid. **-samr,** *a.* fredsam. **-setning,** *f.* det aa lysa til grid, gridlysing. **-spellaráð,** *n.* raadgjerd um aa brjota grid som er sett. **-taka,** *f.* det aa taka heimvist (og tenesta) hjaa ein.

gríðuliga, *av.* ofseleg, nidleg. Jfr. isl.

gríð, f. ofse, og nyn. *paa gridd,* paa trass (Gbr.).

griðungr, *m.* gredung, gradukse, tjor.

griðvist, *f.* heimvist, trygt tilhelde.

grikkja-konungr, *m.* konge yver grækarane, keisar i Bysants. **Grikkland,** *n.* Grækarland. **grikklands-eyjar,** *f. pl.* dei græske øyarne. **-haf,** *n.* (og *Grikksalt, n.*) det græske hav, Ægæarhavet. **grikkr,** *m.* (*nom. pl.* *-ir* og *-jar gen. -ja*) grækar. **grikkska,** *f.* græsk maal. **grikkskr,** *a.* græsk.

gríma, *f.* **1.** skjerm for andlitet, dulhetta, maska; jfr. nyn. *grima.* **2.** klædning yver hovud og hals paa stridshesten. **3** mannlikan i framstamnen paa skip. **4.** natt (poet.). **5.** gaata, myrk tale.

grimd, *f.* **1.** illska, sinne, fiendskap. **2.** illhard frost. **grimdar-andi,** *m.* vreid ande. **-frost,** *n.* illhard frost. **-fullr,** *a.* illskefull, vond. **-hugr,** *m.* illvilje, vondhug. **-mál,** *n. pl.* illord, vondord. **-náttúra,** *f.* vond natur, illhaatt. **-pína,** *f.* hard pinsla.

grimmast, *v. r.* (*md* og *að*) grimma seg (Sæt.), illskast, verta sint paa (*e-m, á e-m*).

grimm-eygðr, *a.* vond-øygd. **-hugaðr,** *a.* vond i hugen. **-leikr,** *m.* illska, fiendskap; hardleik. **-ligr,** *a.* grimsleg (Sæt), illsleg, hardsleg; fælsleg, øgjeleg (*-liga, av.*) **-lundaðr,** *a.* illkyndt, vondlyndt.

grimmr, *a.* grimm, ill, vond, fæl; hard, streng, hjartelaus. **grimmúðigr,** *a.* illkyndt, vond.

Grímr, *m.* namn paa Odin (eig. „den hulde“). Jfr. nyn. (*fosse*)*grimen*: den som er gøymd (i fossen).

grímu-eiðr, *m.* eit slag neittingseid med 6 medsverjarar. **-maðr,** *m.* mann som fer med huld hovud, maskemann, utklædd mann.

grína, *v. st.* grina.

grind, *f.* (*grindar* og *grindr*; *grindir* og *grindr*) grind (stengsla, led; karm; grindgjerde). **grindagerð,** *f.* det aa gjera grindar. **grindarhæll,** *m.* grindstolpe. **grind-garðr,** *m.* grindgjerde. **-hlið, grindrhlið,** *n.* grindled.

grípa, *v. st.* **1.** gripa, triva, glupa; taka. **2.** taka, forgripa seg paa. **3.** setja fast, fengsla. Med part.: *grípa á,* taka paa; taka til med; *grípa með flugu,* lata seg lokka.

gripa-auðigr, *a.* rik paa eignaluter. **-gjald,** *n.* betaling med verdfulle ting. **-kista,** *f.* kista til eignaluter. **-taka,** *f.* det aa taka verdfulle ting.

gripdeild, *n.* sjølvtekt; *gera sér e-t at gripdeildum,* taka eitk. med sjølvtekt.

gripla, *v.* (*að*) trivla, fumla; jfr. nyn. *greipla* (gramsa).

gripla, *f.* finger som trivlar etter eitkvart.

gripr, *m.* (*-ar*; *-ir, akk. pl. -i* og *-u*) verdfull ting (helst um lausøyre), eignalut (jfr. nyn. *grip, n.* eignalut Vald., og nyn. *grípa, a.*).

gripr, *m.* grip (ein fugl).

grísasýr, *f.* ei sugga (purka) med grisungar.

grískr, *a.* græsk (= *grikkskr*).

gríss, *m.* (*pl. -ir*) **1.** grisunge, ung gris (*gris,* Innh.). **2.** galt, rone.

grjár, *a.* graa (= *grár*).

grjón, *n.* gryn (jfr. nyn. *grjon* med same tydning i Hard. o. fl.).

grjót, *n. koll.* grjot, stein; *bera grjót á e-n,* steina, kasta stein paa ein. **grjót-berg, -bjarg,** *n.* grjotberg, steinbrot. **-burðr,** *m.* steinkasting. **-byrðr,** *f.* steinbyrd. **-flaug,** *f.* stein-flog, steinkasting. **-flutning,** *f.* steinførsla. **-garðr,** *m.* steingjerde. **-hagl,** *n.* hagl av stein. **-haugr,** *m.* steinhaug. **-hlað,** *n.* stein-lad, steinmur. **-hlass,** *n.* steinlass. **-hóll,** *m.* steinhaug. **-hríð,** *f.* aatak med steinkasting. **-hǫrgr,** *m.* steinhaug. **-kast,** *n.* steinkasting. **-klettr,** *m.* stor stein. **-ligr,** *a.* som er av stein, stein-, grjot-. **-meistari,** *m.* steinhoggar-meister, murmeister. **-mjǫl,** *n.* steinmjøl, knust stein. **-mǫl,** *f.* smaastein. **-óttr,** *a.* steinut. **-páll,** *m.* steingrev; yverf.: drivande kar, brytjar. **-skriða,** *f.* steinskrida, steinras. **-smiðr,** *m.* steinhoggar, murar. **-starf,** *n.* steinbrjoting. **-sveinn,** *m.* steinhoggar-dreng, murargut. **-sýsla,** *f.* tilsyn med steinarbeid. **-ugr,** *a.* steinut. **-val,** *n.* tilfang paa grjot ell. stein. **-varði,** *m.* varde av stein. **-veggr,** *m.* steinvegg, steinmur. **-verk,** *n.* steinarbeid. **-vinna,** *f.* steinbrjoting.

grjúpan, *n.* kurv, pylsa (poet.).

gróa, *f.* sverd (poet.).

gróa, *v.* (*greri*) **1.** gro, veksa; gro til; gro fast. **2.** gro, grødast, verta lækt.

gróði, *m.* og **gróðr,** *m.* I. (*gen.* *-ðar*) grode, gror, vokster.

gróðr, *m.* II. (*gen.* *-ðrar*) gror, groing; gror, grøda.

gróðrarligr, gróðr-samligr, -samr, *a.* gror-sam, som gjev god gror, (*grødeleg*, Oslo); botsam, lækjande. **-setja,** *v.* setja, planta. **-vænligr,** *a.* som det er von vil grøda, botsam.

gróf, *f.* **1.** gróv, bekk. **2.** grop, hola (*gróv*, Ma. Ryf.).

gróm, *n.* (og *grómr*, *m.*) gurm, grut (jfr. nyn. *gromen*, *grumen*); yverf. eitkvart mistenkjelegt. **grómlauss,** *a.* flekklaus, rein; yverf. godtruen.

gróna, *v.* (*að*) verta grøn, veksa. Ark. XIII, 371.

grópasamliga, *av.* gropt, hardt.

gróska, *f.* gror, grøda.

grotti, *m.* namn paa ei kvern i Edda. Jfr. nyn. *grotte* (dsk. akselblok) i kvernsteinen.

grúfa, *v.* (*fð*) gruva, bøygja seg, liggja aa gruva.

grúfa, grufja, *f.*: *á grúfu*, aa gruva, med framsida ned.

grufla, *v.* (*að*) gruvla, rota, krabba (fjorom fotom), krafsa.

gruggóttr, *a.* gruggut, gyrmut.

grúi, *m.* dunge. Edd. M. Jfr. nyn. *grugg*.

gruna, *v.* (*að*) gruna, tenkja; tvila; mistru; upers. *e-n grunar*, ein tenkjer seg, trur; ein tvilar for, er uviss um.

grunan, *f.* = *grunr*.

grunbrusligr, *a.* mistenkjeleg.

grund, *f.* flat mark, jord, grunn.

grunda, *v.* (*að*) grunda, gruna, tenkja yver eitk.

grundan, *f.* grunding, tenkjing.

grundr, *m.* *grafa* ell. *gefa grund at e-u*, røkja grundigt etter eitk.

grund-valla, *v.* (*að*) grunnleggja. **-vallan,** *f.* grunnleggjing. **-vallarmaðr,** *m.* grunnleggjar. **-vǫllr,** *m.* grunnvoll, tuft.

grun-laus, *a.* fri for mistanke, trygg. **-leikr,** *m.* grune, mistanke. **-maurr,** *m*: *hana bíta grunmaurar* ɔ: ho fær mistanke.

grunn, *n.* grunn; grunne, grunning. **grunn-eygðr,** *a.* ut-øygd, med augo som ikkje ligg djupt. **-fall,** *n.* grunnfall, grunnbrot (brotsjø yver grunnar). **-fastr,** *a.* grunnfast. **-fœri,** *n.* ankar med ankartog. **-hygginn,** *a.* stutt-tenkt, godtruen, styven. **-hyggni,** *f.* stuttsyn, godtruenskap, styvenskap. **-leitr,** *a.* skrinnleitt. **-lendi,** *n.* grunnlende, grunn jord.

grunnr, *m.* grunn, botn; *ganga* (*gefast*) *á grunn*, taka ende, trjota.

grunnr, *a.* grunn, ikkje djup.

grunn-stiglaðr, *a.* grunnfrosen (Vigf.) **-sæi,** *f.* stuttsyn, godtruenskap. **-sæligr, -sær,** *a.* stuttsynt, godtruen (*-sæliga*, *av.*). **-sævi,** *n.* grunn sjø. **-úðigr,** *a.* faatenkt, styven. **-úðligr,** *a.* som synest faatenkt, styveleg. **-ungr,** *m.* grunnung, taretorsk. **-valla, -vǫllr,** sjaa *grund-*. **-ýðgi,** *f.* stuttsyn, godtruenskap, styvenskap.

grunr, *m.* (*-ar*; *-ir*) grune, tanke, tvil, mistanke, eitkvart mistenkjelegt: *grafa grun á um e-t*, faa mistanke um eitk.; *búa um grun*, vera mistenkt.

grun-samligr, *a.* mistenkjeleg. **-samr,** *a.* mistenkt. **-semd,** *f.* grune, mistrygn, mistanke. **-semdarlauss,** *a.* som ingen mistryggjer. **-semdarmaðr,** *m.* mistenkjeleg mann. **-semdarstaðr,** *m.* mistenkjeleg stad.

grusener, *n.* loden skinnpels, mudd (høyrde til ein herbunad); mnt. *grusener*.

grýfa, *v.* (*fð*) bøygja seg fram aa gruva (= *greyfa*).

gryfiliga, *av.* gruveleg, fælsleg.

gryfja, *f.* grop, hola.

grýjandi, *f.* dagrenning, graaning (*grydn*, *f.* Ma.).

grýla, *f.* **1.** skræma, skræmsl. **2.** trollkjerring. **3.** rev. Sn. E.

grynna, *v.* (*nt*) gjera grunn, mindre djup; upers: *grynnir dalinn*, dalen vert mindre djup; *grynnast v. r.* grynnast, verta grunnare; minka.

grýta, *v.* (*tt*) gryta, kasta stein, steina; steinsetja.

grýta, *f.* gryta.

grýting, *f.* gryting, steining.

grýttr, *a.* grytt, steinut.

grýtuker, *n.* gryta.

græð, *f.* græe, illvilje.

græðgi, *f.* græde, graade, graadhug.

græfr, *a.* som hev rett til (kristeleg) grav.

grænast, *v. r.* (*nd*) graana, minka, kverva.

græzka, *f.* græe, illvilje (= *græð*).

grœða, *v.* (*dd*) **1.** faa til at gro, lata veksa; *grœda fé*, vinna, tena pengar, verta rik; *grœða upp*, ala upp (krøter). **2.** grøda, lækja. **3.** hjelpa, frelsa. *grœðast, v. r.* grødast; grøda seg, veksa til; veksa; *grœðist e-m fé*, ein tener pengar.

grœðari (ogso *grœðir*) *m.* frelsar (um Kristus).

grœðing, *f.* **1.** groing (*grøding*, Dal.) **2.** vokster. **3.** grøding, lækjing. **4.** frelsa.

grœfr, *a.* som hev rett til (kristeleg) grav.

Grœnaland, *n.* Grønland. **Grœnalandshaf,** *n.* havet millom Island og Grønland.

grœnast, *v. r.* (*nd*) grønast, grønka.

grœnfáinn, *a.* grønsveiput, grønspreklut.

grœnir, *m. pl.* dei som bur i *Grenland* (nedre Telemarki).

grœnka, *v.* (*að*) lata grønka, gjera grøn (poet.).

Grœnland, *n.* **1.** Grønland. **2.** = *Grenland*, nedre Telemarki. **grœnlands-dróttinn,** *m.* den norske konge. Fms. VII, 42. **-far,** *n.* skip som fer paa Grønland. **-fari,** *m.* ein som fer paa Grønland, Grønlandsfare. **-faratíund,** *f.* tiend som grønlandsfarar lagde. **-ferð,** *f.* Grønlands-ferd. **-haf,** *n.* havet millom Grønland og Island.

grœnleikr, *m.* grønleik, grønska.

grœn-lendingaþáttr, *m.* forteljing um grønlendingar. **-lendingr,** *m.* grønlending. **-lenzkr,** *a.* grønlandsk, som er fraa Grønland.

grœnmenginn, *a.* grønmengd, grønsprengd. **grœnn,** *a.* **1.** grøn. **2.** ny, fersk. **3.** god, nytleg. **grœnska,** *f.* grønska, grønd.

grœnskr, *a.* som er fraa *Grenland* (nedre Telemarki).

grœn-tó, *f.* grøn grasto, grasflekk. **-tyrfa,** *v.* (*fð*) tyrva, leggja grøn grastorv yver.

grœta, *v.* (*tt*) grøta, faa til aa graata.

grœti, *n.* eitkvart som grøter, sorg, sut; jfr. nyn. *græti*, sorg, Sæt. **grœtiligr,** *a.* grøteleg, syrgjeleg. **grœtir,** *m.* ein som fære ink. til aa graata, grøtar.

grœzla, *f.* grøding, lækjing.

grǫf, *f.* (*grafar*; *grafir* ell. *grafar*) **1.** gròv, greft, hola. **2.** grav (til lik).

grǫfla, *v.* (*að*) gruvla, kravla.

grǫftr, *m.* = *grǫptr*.

grǫn, *f.* (*granar*; *granar*). **1.** granehaar, lippehaar (munnskjegg; veidehaar, vêrhaar). **2.** (helst i *pl.*) gròn, mule; *bregða grǫnum*, gjera lepar, grina; *ǫðru brá fyrir grǫn*, dei fekk anna vita.

grǫn, *f.* (*gen. granar*) gran, grantre.

grǫptr, *m.* (*gen. grapt(r)ar*). **1.** graving. **2.** gravster, graving i tre, metal odl. **3.** gravleggjing, jording. **4.** grov, greft. **5.** grav (til lik).

grǫsugr, *a.* grasut, grasgod, grasvaksen.

guð, *m.* og *n.* **1.** mest i *n. pl.* gud, avgud. **2.** mest i *m. sg.* gud, den kristne gud.

Guðbrandsdalir, *m.* Gudbrandsdalen.

guð-dómligr, *a.* guddomleg, guds-. (*-liga, av.*). **-dómr,** *m.* guddom. **-dómsafl,** *n.* **-dómskraptr,** *m* guddomsmagt. **-dómsljós,** *n.* guddoms-ljos. **-dóttir,** *f.* guddotter. **-dróttinn,** *m.* gud herren. **-faðir,** *m.* gudfâr, fadder. **-fúss,** *a.* som elskar gud, gudleg. **-gefinn,** *a.* gjeven av gud. **-gæfi,** *n.* = *guðsgæfi*. **-hræddr,** *a.* gudrædd; gudleg, gudfryktig. **-hræzla,** *f.* gudrædsla; gudsfrykt. **-hræzluleysi,** *n.* otteløysa, vanvyrdnad for gud. **-last,** *n.* (og *-lastan, f.*) gudsspotting, gudshæding. **-lasta,** *v.* (*að*) spotta, hæda gud. **-lastanarandi,** *m.* gudsspottings-aand. **-lastanarmaðr,** *m.* gudsspottar. **-lastanarorð,** *n.* gudsspottande ord, haadord mot gud. **-latr,** *a.* likesæl um gud og trui. **-leti,** *f.* likesæla um gud og trui. **-leysi,** *n.* guddomsløysa. **-ligr,** *a.* gudleg, guddomleg, guds- (*-liga, av.*). **-lǫstun,** *f.* gudsspotting. **-magn,** *n.* guddomsmagt. **-móðir,** *f.* gudmôr. **-níðingr,** *m.* gudssvikar, gudsneittar, apostat. **-níðingskapr,** *m.* gudsneitting, gudssvik. **-réttligr,** *a.* rett for gud, som er etter guds vilje (*-liga, av.*). **-rækiligr,** *a.* **-rækr,** *a.* ugudleg, gudlaus (*-rækiliga, av.*). **-ræskja,** *f* gudløysa. **-rœkiliga,** *av.* gudleg. **-rœkinn,** *a.* gudleg, som held seg til gud.

guðs-gæfi, *n.* gudsgaavor. **-hræzla,** *f.* = *guðhræzla*. **-hræzluandagjǫf,** *f.* den andens gaava aa ottast gud. **-hús,** *n.* gudshus. Æf.

guð-sifi, *m.* skylding i gud, mann eller kvinna som er religiøst skyld med ein (*e-s*), helst fadder (gudfâr, gudmôr). **-sifja,** *f.*

kvende som er *guðsifi*. **-sifjar,** *f. pl.* (ogso *-sifi, f.*) skyldskap i gud, religiøs skyldskap, fadderskap; *veita e-m guðsifjar = gera guðsifjar við e-n,* staa fadder til eink. **-sifjaspell,** *n.* spilling av religiøs skyldskap (ved likamlegt umgjenge). **-sifjast,** *v. r.* vera religiøst skyld med. **-sifjaþyrmslur,** *f. pl.* **-sifjavarnan,** *f.* fraahald fraa, varsemd mot *guðsifjaspell*.

guðs-kappi, *m.* guds stridsmann. Æf. **-lǫg,** *n. pl.* den kanoniske rett, kyrkjeretten. **-maðr,** *m.* guds mann. Æf. **-níðingr,** *m.* = *guðníðingr*.

guð-spell, -spjald, -spjall, *n.* evangelie. **-spjallabók,** *f.* evangelie-bok, bok som evangeliet stend i. **-spjallamaðr, -spjallari,** *m.* **-spjallaskald,** *n.* evangelist. **-spjallatexti,** *m.* evangelie-tekst, evangeliebok. **-spjalligr,** *a.* evangelisk. **-spjallsord,** *n.* evangelie-ord, evangelie.

guðs-reiðisverk, *n.* verk som gjer gud vreid. **-réttr,** *m.* rett, fyrerett som kyrkja hev. Fms. VII, 305. **-riddari,** *m.* guds stridsmann. **-skírsl,** *f.* skiring (reinsing) for skuld ved gudsdom.

guðstjǫrð, *f.* eit slag vaapn? D. N. IV 295.

guðs-þénari, *m.* guds tenar. Æf. **-þjónasta,** *f.* **1.** det aa tena Gud. **2.** gudstenesta. Æf. **3.** nattverdssakramentet.

guðvefjar-hǫkull, *m.* messehakel av *guðvefr*. **-klæði,** *n. pl.* klæde av *guðvefr*. **-kyrtill,** *m.* kyrtel av *guðvefr*. **-mǫttull,** *m.* kappa av *guðvefr*. **-pell,** *n.* klæde av *guðvefr*. **-poka,** *f.* **-poki,** *m.* pose av *guðvefr*. **-skikkja,** *f.* kappa av *guðvefr*. **-taug,** *f.* tog, band av *guðvefr*. **guðvefr,** *m.* eit slag fint, dyrt ty, truleg fløyel (eller purpur).

gufa, *f.* gova (*guva,* Trønd.), røyk, eim.

gugna, *v.* (*að*) vanmodast, stura.

gul, *n.* **gula,** *f.* gul, gula, blaaster, vind.

Gulaþing, *n.* tinget for Gulatinglag. **gulaþings-bók,** *f.* gulatings logbok. **-fǫr,** *f.* ferdi til og fraa Gulatinget. **-lǫg,** *n. pl.* **1.** logi for Gulatinglag. **2.** Gulatinglag (landsluten). **-menn,** *m. pl.* folket i Gulatinglag.

gulbrúnaðr, *a.* gulbrun.

Guley, *f.* Guløy i ytre Sogn.

gulgrœnn, *a.* gulgrøn.

Guli, *m.* Gulen, fjord i ytre Sogn.

gull, *n.* **1.** gull; *grípa gulli á við e-n* tykkja mun i, leggja seg etter aa vinna. **2.** gull, fingergull.

gull-aldr, *m.* gullalder. **-ari,** *m.* namn paa hermerket til Karlamagnus. **-auðigr,** *a.* rik paa gull. **-auðr,** *m.* rikdom paa gull. **-auga,** *n.* gull-auga. **-band,** *n.* gullband. **-baugr,** *m.* gullring. **-beizl,** *n.* gull beisl. **-berg,** *n.* berg som det er gull i. **-bitlaðr,** *a.* som hev *gullbitull*. **-bitull,** *m.* bitel, munnbit av gull (paa beisl). **-bjartr,** *a.* bjart som gull. **-bóka,** *v.* (*að*) pryda med gullsauma klæde (Edda). **-bóla,** *f.* bola, halvkula av gull; gullhetta kringum innsigle paa brev. **-brynja,** *f.* brynja av gull. **-búinn,** *a.* prydd, sett med gull. **-butr,** *m.* gullbutt, gullstykke. **-bǫllr,** *m.* gullball. **-dálkr,** *m.* gullnaal. **-dreif,** *f.* gullkjeda. **-dropi,** *m.* gulldrope. **-epli,** *n.* gulleple. **-fágaðr,** *a.* gullprydd. **-festr,** *f.* gullkjeda. **-fjallaðr,** *a.* pynta med gull. **-fjǫðr,** *f.* namn paa erkebisp Øysteins kyrkjelog. **-fugl,** *m.* fugl av gull. **-garland,** *n.* lad eller kruna av gull. **-gjǫrð,** *f.* gull-gjord, gullband. **-gler,** *n.* gull-spegel. **-góðr,** *a.* som der er mykje gull i. **-gǫrr,** *a.* gjord av gull. **-hagr,** *a.* hag (dugande) til aa smida gull. **-hals,** *m.* gullhals (um rikfolk). **-hamarr,** *m.* gullhamar; *láta ganga gullhamarinn,* lova gull og grøne skogar. Æf. **-hani,** *m.* hane av gull. **-heimr,** *m.* gull-heim, gullverd. **-hella,** *f.* gull-hella, gullplata. **-hirzla,** *f.* gøymsla for gull. **-hjalmr,** *m.* gull-hjelm. **-hjalt,** *n.* hjalt av gull. **-hlað,** *n.* gullband, band prydt med gull, helst til haarband, gull-lad. **-hnot,** *f.* nòt av gull. **-hringr,** *m.* gullring. **-hús,** *n.* gullskrin, gøymsla til gullty. **-hyrndr,** *a.* som hev gull-prydde horn, gullhyrnt. **gulligr,** *a.* som er av gull, gull-.

gullin-busti, *a.* som hev buster av gull (Edda). **-hjalti,** *m.* sverd med gullslege hjalt. **-horni,** *m.* gull-hyrning, ukse med gylte horn (poet.).

gullinn, *a.* gjord av, prydd med gull, gylt, gull- (*gullen,* Innh.).

gull-kalekr, *m.* gull-kalk, gull-bikar. **-kalfr,** *m.* gullkalv. **-kári,** *m.* mann med gult krulla haar. Fld. I, 457. **-kambr,** *m.* gullkamb. **-ker,** *n.* gull-kjer. **-kerra,** *f.* kjerra

av gull. **-kista,** *f.* kista med gull i. **-kistill,** *m.* gullkistel, skrin av gull. **-kleppr,** *m.* gullklump. **-knappr,** *m.* gullknapp. **-knútr,** *m.* knut av gull. **-knǫttr,** *m.* gull-ball. **-koróna,** *f.* gullkruna. **-kross,** *m.* gullkross. **-leggja,** *v.* (*lagði*) leggja, innleggja med gull. **-mál,** *n.* innfelt merke av gull, t. d. paa sverd. **-malmr,** *m.* gull-malm. **-markaðr,** *a.* merkt, prydd med bilæte av gull. **-men,** *n.* halsband av gull. **-merktr,** *a.* merkt med bilæte av gull. **-miðlandi,** *m.* ein som deiler ut gull (Edda). **-muðr,** *m.* gull-munn. **-nagli,** *m.* gull-nagle. **-nesti, -nisti,** *n.* gullneste, gullspenna. **-ofinn,** *a.* gullvoven. **-ormr,** *m.* orm av gull. **-peningr,** *m.* gullpening. **-rekendi,** *n.* gull-lekkja. **-rekinn,** *a.* gullslegen. **-rendr,** *a.* gull-rendut. **-ritinn,** *a.* skriven med gullbokstavar. **-roðinn,** *a.* gylt. **-sandr,** *m.* sand med gull i. **-saumaðr,** *a.* gull-sauma. **-settr,** *a.* gull-sett, gullslegen. **-skál,** *f.* gullskaal. **-skillingr** (og *gulls-skillingr*), *m.* gullskilling. **-skotinn,** *a.* ivoven med gull. **-skript,** *f.* gullbilæte.

gulls-litr, *m.* gull-lit, lit som gull.

gull-smeittr, -smeltr, *a.* gull-emaljera. **-smíð,** *f.* gull-smiding. gullsmedarbeid. **-smíðligr,** *a.* som høyrer til gullsmiding. **-smiðr,** *m.* gullsmed. **-spónn,** *m.* **1.** gull-spon, prydnad i framstamnen paa skip. **2.** gullskei. **-spori,** *m.* gull-spore. **-sproti,** *m.* sprote, kjepp av gull. **-spuni,** *m.* gull-spune, spunne gull. **-spǫng,** *f.* gull-spong, gull-plata. **-stafaðr,** *a.* gull-striput. **-stafr,** *m.* gullbokstav. **-staup,** *n.* gullstaup; gull-skaal. **-steindr,** *a.* gylt. **-stóll,** *m.* gullstol. **-stúka,** *f.* gullsauma erm. **-stǫng,** *f.* gull-stong. **-sylgja,** *f.* gullsylgja. **-tafla,** *f.* gull-brikka i tavlspel. **-teinn,** *m.* gull-tein. **-vafiðr,** *a.* gull-vavd, gull-røyrd. **-variðr,** *a.* gull-prydd (Edda). **-vefr,** *m.* ty med ivove gull. **-viðjar,** *f. pl.* gull-lekkjor. **-vofinn,** *a.* gull-voven. **-vængr,** *m.* gull-vengja. **-vǫndr,** *m.* gullvond, gullkjepp.

gulr, *a.* gul. **gul-rendr,** *a.* gulrendut.

gulusótt, *f.* gulsott (gulesott). Harp. 2.12.

gumi, *m.* (*pl.* *-ar* og *-nar*) mann, menneskje (jfr. nyn. *brudgom*).

gumpr, *m.* gump, sete, rump.

gumsa, *v.* (*að*) gjera narr av (jfr. nyn. *gumsa*, læ. Øystd.).

gunnar-fúss, -gjarn, *a.* stridshuga, stridsam.

gunnfani, *m.* fana, hermerke.

gunn-heilagr, *a.* usærande, usaarleg. **-hvatr,** *a.* strids-kvat, rask i strid.

gunnr (og *guðr*), *f.* **1.** strid, ufred (poet.). **2.** her-gudinna (poet.). **gunntamiðr,** *a.* stridstamd, stridsvan.

guss, *m.* snakk. **gussa,** *v.* (*að*) snakka.

gusta, *v.* (*að*) gusta, blaasa. **gust-illr,** *a.* som det stend kaldgust av, vond. **-kaldr,** *a.* som gustar kaldt.

gustr, *m.* **1.** gust, gufs, vindpust. **2.** eim, (*gust*, Shl.).

Gyðinga-land, *n.* Judæa, Jødeland. **-skírn,** *f.* umskjeringi. **gyðingligr,** *a.* jødisk. **gyðingr,** *m.* jøde. **gyðingsbarn,** *n.* jødebarn.

gyðja, *f.* **1.** gudinna, gudekvende. **2.** prestinna.

gyggja, gyggva, *v. st.* gjera rædd, skræma; upers. *oss gyggvir*; jfr. nyn. *gygsa* Hard. Shl. (utt. *jyksa* Ross).

gýgjarkyn, *n.* avkjøme av gygr (Edda).

gýgr, *f.* (*gen.* *gýgjar*). **1.** gygr, jøtunkvende. **2.** øks, vaapn (poet.).

gyldir, *m.* ulv (poet.).

gylfin, *n.* trollvette (jfr. *gylfra*).

gylfra, *f.* trollkvende; jfr. nyn. *gyvr*, Tel. ofl.; *ganga gylfrum*, gaa i hundarne.

gylla, *v.* (*ld*) gylla (ogso yverf.). **gylling,** *f.* gylling; yverf. utpynting.

gylta, gyltr, *f.* gylta, sugga, purka.

gymbill, *m.* lamb (han av slaget).

gymbing, *f.* hæding, spott.

gymbr, *f.* (*nom. pl.* *-rar*) gimber (gymber), ung saud som enno ikkje hev havt lamb. **gymbrarlamb, gymbrlamb,** *n.* gimberlamb, lamb (ho av slaget).

gyrða, *v.* (*rð*) **1.** gyrda, leggja gjord ikring, binda ikring; binda fast ved gjord (belte); *gyrða sik*, spenna beltet paa seg; *gyrða sik sverði*, spenna paa seg eit sverd; *gyrðr í brækr*, gyrd med kyrtelen smett nedunder belte og bukselining. **2.** liggja ikring (*at e-u*). **3.** klemma, trykkja. **4.** gjula, dengja.

gyrðill, *m.* **1.** gjord, belte. **2.** pengepung.

gyrja, *v.* (*gurði*) blodga; Fld. II 29. Jfr. nyn. *gyrja* (*gurde*) klemma ut.

gys, *n.* **gyss,** *m.* moro, gjøn, spott.

gyzki, *m.* og *n.* storsyn, bisn.

gæfa, *f.* lukka, heppa; jfr. nyn. *gjæva* Li. (Ross).

gæfiligr, *a.* *gæfiligt fall,* casus dativus, sidefall.

gæfr, *a.* mild, umgjengeleg, hugleg (jfr. nyn. *gjæv*); gild, god (um mynt).

gæfu-drjúgr, *a.* rik paa lukka. **-fár,** *a.* arm paa lukka, lukkelaus. **-fullr,** *a.* lukkeleg. **-fundr,** *m.* heppelegt møte. **-lauss,** *a.* lukkelaus. **-leysi,** *n.* uheppa, lukkeløysa. **-liga,** *av.* lukkeleg, heppeleg. **-maðr,** *m.* mann som hev lukka med seg, lukkefugl. **-mannligr,** *a.* som høver med ein *gæfumaðr.* **-mikill,** *a.* som hev stor lukka. **-munr,** *m.* skilsmun i lukka. **-raun,** *f.* lukke-freisting, lukke-røyning. **-samliga,** *av.* heppeleg, lukkeleg. **-skipti,** *n.* skifte, vending i lukka. **-skortr,** *m.* skort paa lukka. **-vanr,** *a.* lukkelaus.

gægjast, *v. r.* (*gð*) strekkja, tøygja seg, kika (rettare vel *gœgjast*; jfr. nyn. *jøger*, *a.* Ross).

gæi-brúðr, *f.* gaaig, vyrdsam kvinna (poet.). **-maðr,** *m.* gaaig, vyrdsam mann (poet.).

gæla, *f.* spak vind (*gjæla*, Sfj.).

gær, *av.* *í gær,* igjær, igaar. (= *ígjár*).

gæra, *f.* sauskinn med ulli paa.

gær-dagr, *m.* dagen igaar. **-kveld,** *n.* gaarkveld.

gæta (ogso *gjáta*) *v.* (*tt*) **1.** gjæta, vakta, agta, passa, sjaa til (*e-s, til e-s*). **2.** agta paa, halda, fylgja (*e-s*). **3.** stengja. **4.** *gætast, v. r.* agta paa, tala um (*e-s*); raadleggja (*um e-t*) (Edda). **gæta,** *f.* gjæting, gaat, agt. **gætiliga,** *av.* varsamt. **gætinn,** *a* gjæten, varsam.

gætti, *n.* dørgaatt, dørkarm. **gættitré,** *n.* beitskida, dørskida.

gæzku-engill, *m.* fylgje-engel.

gæzla, *f.* gjætsla, varveitsla, tilsyn, vakting; paa-agting.

gæzlu-dagar, *m. pl.* største helgedagar (= *ágætastir dagar*). **-engill,** *m* fylgje-engel. **-kaup,** *n.* betaling for gjætsla eller tilsyn. **-kerling,** *f.* vaktar-kjerring. **-lauss,** *a.* uvakta, varveitslelaus. **-maðr,** *m.* vaktar, varveitslar. **-sótt,** *f.* sott, sykja som treng vakting. **-sýsla,** *f.* vakthald.

gør-, sjaa *gjǫr-*. **gøra,** (*gørva*) *v.* **gørla,** *av.* **gørr,** *a.* og *v.* **gørsamliga,** *av.* **gørsemi,** *f.* sjaa *ger-*.

gørunargaldr, *m.* troldomsgalder.

gørva, *av.* **gørvallr,** *a.* **gørvi,** *f.* sjaa *ger-*.

gœ, gœbeytill, sjaa *gói, góibeytill.*

gœða, *v.* (*dd*) gjera god, betra; fremda; *gœða e-n e-u,* gjera ein rikare med eitk., gjeva ein eitk.; *gœðir á,* det vert betre (meir) med eitkvart; *gœða róðr* (*ferð*) ɔ: skunda paa. Jfr. nyn. *gjøda.*

gœðalauss, *a.* utan gode ting, lunnelaus.

gœði, *n. pl.* gode, gode ting, lunnende, tilfang.

gœðingr, *m.* stormann, storing.

gœl, *n.* gjøl, fagre ord (Pamfil. 138₂₀).

gœla, *v.* (*ld*) gjøla, freista aa gjera nøgd, hugga. **gœling,** *f.* gjøling, hugning. **gœlingarorð,** *n. pl.* gjølord, fagre ord.

gœzka, *f.* godleik, godskap, godvilje; kraft, dygd; gode ting. **gœzku-fullr,** *a.* full av god vilje, velviljug. **-lauss,** *a.* dygdelaus. **-nafn,** *n.* godskaps-namn, namnet god. **-samligr,** *a.* god, framifraa. **-verk,** *n.* godverk, godgjerning.

gœzla, *f.* godskap, godvilje.

gǫfga, *v.* (*að*) æra, heidra; beda til, dyrka; pryda, pynta. **gǫfgan,** *f.* æra, heidring, dyrking. **gǫfganarmaðr, gǫfgari,** *m.* dyrkar.

gǫfug-kvendi, *n.* gjæv, høgbori kvinna. **-látr,** *a.* storlaaten. **-leikr,** *m.* gjævleik, høgd. **-ligr,** *a.* gjæv, sjaaleg, gild. **-menni,** *n.* gjæving; koll.: gjævt folk, stormenne. **-mennr,** *a.* med gjævt folk.

gǫfugr, *a.* gjæv, gauv, stor (jfr. nyn. *govug*, gjevmild).

gǫgn, gǫgnum sjaa *gegn, gegnum.*

gǫll, *f.* goll, sterk ljod.

gǫltr, *m.* (*gen. sg. galtar, dat. gelti*) galt, rone.

Gǫndul, *f.* namn paa ei valkyrja.

gǫndull, *m.* fanden?

gǫng, *n. pl.* gang, veg, framkoma.

gǫngu-drykkja, *f.* fønningslag, samlogedrykkja. **-fœrr,** *a.* gongefør, gangfør. **-fœri,** *n.* gangføre. **-kona,** *f.* rekarkjerring, tiggarkjerring. **-lið,** *n.* fotfolk; hjelp.

gǫngull, *a.* stræval, annsam; (eig. som gjeng; jfr. *nærgǫngull*).

gǫngu-maðr, *m.* rekarfant, tiggar. **-mannaerfð,** *f.* arv, erverett etter *gǫngumenn.* **-mannliga,** *av.* som ein tiggar, tiggarsleg. **-prúðr,** *a.* som gjeng vænt. Gam. **-sveinn,** *m.* ærendsvein; lauparfant. **-varðhaldsmaðr, -varðmaðr,** *m.* gangande vaktmann. **-vǫrð,** *f.* gangande vakt.

gǫr- sjaa *gjǫr-.* **gǫrla, gǫrliga,** *av.* sjaa *gerla.*

gǫrn, *f.* (*garnar*; *garnar*) gorn, tarm.

gǫrr, *a.* og *av. comp.* sjaa *gerr.*

gǫrræði, *n.* = *gǫrtœki.*

gǫrsamliga, *av.* sjaa *ger-.*

gǫrtra, *v.* (*að*) skrapa, krafsa.

gǫrtœki, *n.* ulovleg tileigning som likevel ikkje vert rekna for stuld.

gǫrva, *av.* **gǫrvallr,** *a.* sjaa *ger-.*

gǫtu-armr, *m.* gjerde paa ei sida av ei gota, gote-sida. **-bakki,** *m.* bakke ved ein veg. **-breidd,** *f.* vegbreidd. **-leysi,** *n.* veglaus stad, vegløysa. **-nisti,** *n.* vegnista. **-skarð,** *n.* skard med ein veg igjenom. **-stigr,** *m.* trong holveg. **-þjófr,** *m.* tjuv som skal springa speisslaupet (jfr. *gata*).

gǫtva, *v.* (*að*) grava ned, grefta, jorda.

gǫtvaðr, *m.* draapsmann (Edda).

gǫtvar, *f. pl.* bunad (poet.).

H.

há, *interj.* **1.** spyrjande: haa, kva. **2.** klagande: aa! = *hó*; *há mik,* aa jøye meg! **3.** undrande: haa! aa!

há, *f.* I. strid (poet.).

há, *f.* II. skinn. Edda.

há, *f.* III. haa, nylode, ettergror.

há, *v.* (*áð*) I. plaaga; jfr. nyn. *haa,* spotta.

há, *v.* II. = *hafa.*

há-altari, *n.* høgaltar, hovudaltaret i ei kyrkja. **-beinn,** *a.* høgbeina, høgføtt.

hábit, *n.* haabeite, beite paa slegen voll.

há-bjarg, *n.* høgt berg. **-bogaðr,** *a.* med høg (sâl)boge.

hábora, *f.* aarehol (i skipssida). **hábora,** *v.* (*að*) laga til aarehol.

hábrók, *f.* eit slag hauk. **hábrókan,** *f.* ovlæte, skrøyt. **hábrókast,** *v.* (*að*) skrøyta, høgmoda seg.

hábrynjaðr, *a.* som hev høg jarnbard, høgbrynja, (*hábrynjat skip*). **hábyrðaðr,** *a.* høgborda (um skip, = *borðhár*).

háð, *n.* haad, hæding.

Haða-fylki, *n.* Hadefylke (Totn, Land, Hadeland og Ringerike). **-land,** *n.* **1.** Hadeland. **2.** Hadefylke. **haðar,** *m. pl.* hadelendingar.

hadda, *f.* hodda, honk.

hadd-bjartr, *a.* ljoshærd. **-blik,** *n.* haarbleikjing.

Haddingjadalr, *m.* Hallingdal.

haddr, *m.* hovudhaaret (paa kvende); jfr. nyn. *hedna* (hovudhaar, lugg).

hádegi, *n.* **hádegisskeið,** *n.* høgstdagsleite, middagstid.

haðna, *f.* hadna, geit som enno ikkje hev havt kid.

háð-samr, *a.* haadsam, som gjerne vil hæda. **-semi,** *f.* haadsemd, hæding.

haðskr, *a.* hadelandsk.

háðugr, *a.* haadleg, skjemmeleg. **háðuligr,** *a.* **1.** haadleg, spottfull. **2.** haadleg, skjemmeleg. **háðung,** *f.* haading, hæding; *leiða e-t háðung,* driva spott med eitk.

háðungarorð, *n.* **háðyrði,** *n. pl.* haadord, haadingsord, spottord.

haf, *n.* I. hav, letting, lyfting.

haf, *n.* II. hav, sjø.

hafa, *v.* (*præs. ind. hefi*; *impf. ind. hafði*) **1.** hava hjaa seg eller paa seg (klæde, vaapn o. dl., folk i si tenesta); ogso halda; *hafði kesjuna fyrir sér.* **2.** hava, eiga, njota; *hafa lǫg,* njota logi. **3.** hava i bruk, bruka. **4.** hava til aa greida med; *hafa lǫgsǫgu.* **5,** hava til plikt, med *at* og inf. *hafa at*

varðveita. **6.** med *av.* hava det paa ein maate; *hafa vel,* ha det godt; ogso *v. r. hafast vel.* **7.** halda eitkvart einkvarstad; *mun ek naut hafa þar sem mér þykkir*; *hafa í ríkinu,* lata bu i riket; *hafa sik* ell. *hafast,* halda seg (ein stad). **8.** skikka seg, med *av. hafa vel, hafa verr.* **9.** halda; *hafa þing,* halda ting. **10.** halda, innehalda, taka; *hefir einsaman Asia helming heimsbygðarinnar*; orka aa bera; *leggr hann nú á þat allan sinn varnað þann er hestr hans hafði eigi.* **11.** (med ord som *vetr* og talord) hava alder; *hafði 16 vetr,* var 16 aar gamall; *hǫfðu þrjá daga í moldu,* hadde lege tri dagar i jordi. **12.** føra, flytja, setja ein stad; *hafa heim.* **13.** faa; *muntu hafa þat er þú kallar,* du skal faa det du krev. **14.** taka, gripa. **15.** møta, raaka (paa sin veg); *þeir byskup hǫfðu vǫtn úfœrilig.* **16.** vera ferdig med ei gjerning (som hjelpeverb): *hafði verit.* Med part. *á*: *hafa á,* bruka (paa); *hafa á rás,* gjeva seg til aa springa; *hafa e-t á e-u.* bruka eitk. paa eitk.; *hafa e-t á e-n,* føra eitk. paa eink.; *hafa mál á hǫndum e-m,* saksøkja eink. *af*: *hafa e-t af,* føra burt. *at*: *hafa e-t at e-u* **1.** bruka eitk. til ein ting. **2.** rekna for noko; *var skipan at engu hǫfð. hafast e-t at,* taka seg eitk. til; upers.: *hefir e-t at,* hender. *eptir*: *hafa e-t eptir,* taka etter (som ein ser andre gjer). *fram*: *hafa e-t fram,* flytja fram, gjera, bera fram i ord; *hafa sik fram,* gjeva seg i veg (ogso: *frammi*). *frammi*: *hafa e-t frammi,* bruka. *fyrir*: **1.** *hafa e-t fyrir e-t,* hava til, bruka som; *hǫfðu fyrir guð sól ok tungl.* **2.** *hafa e-n fyrir e-u,* lata ein koma ut for eitk. t. d. *fyrir sǫkum hafðr. í*: *hafa e-n í e-u,* bruka til, gjera til; *hafa nafn dróttins í hégóma. nær*: *hafa e-n nær e-u,* føra ein nær til eitkvart; *hafa nær e-u,* koma nær til eitk. *ór*: *hafa ór við e-n* (med *av. vel, illa,* odl.) bera seg aat med ein. *til*: *hafa e-t til e-s* **1.** hava ell. bruka noko til eitk. **2.** føra fram til studnad for ei sak; *hafa e-t til,* hava, hava tilføre til, raada til. *um*: *hafa e-t um e-t,* segja eitk. um noko. *upp*: *hafa e-t upp* **1.** faa fram. **2.** syna fram, nemna. *uppi*: **1.** bera fram; *hafa mál sitt uppi,* segja fram. **2.** taka upp, reisa; *hafa flokk uppi.* **3.** faa tak i. *út*: *hafa e-t út,* føra ut; faa ut; *upers. hefir út,* vinden blæs utetter. *úti*: *hafa e-t úti,* vera ferdig med, komen til ende med. *við*: **1.** *hafa e-t við e-n,* hava med; *haf þú lítit við at eggja sonu þína,* hav lite med. **2.** *hafa við e-m,* kappast med, vera jamgod med eink.; *hafast við,* ha tilhelde einkvarstad; med *av.*: **1.** skikka seg. **2.** hava det paa eink. maate; *hversu hefzt þú við?* korleis hev du det? *yfir*: *hafa yfir,* verta yverhøyrd.

hafandi, *a.* (*partic.*) fremmeleg, umhender.

haf-bára, *f.* **-bylgja,** *f.* havbaara. **-fugl,** *m.* havfugl, sjøfugl. **-fœrandi,** *a.* dugleg ell. brukande til sigling paa havet (um skip). **-fǫr,** *f.* ferd yver havet, havferd. **-gerðingar,** *f. pl.* eit vidunder i Grønlandshavet, ei bergstor havbaara (som jordskjelte veld). **-gjalfr,** *n.* havsjø, sterk sjøburd. **-gola,** *f.* havgula, havvind innetter fjorden. **-gufa,** *f.* eit havs-vidunder, venteleg „krake“.

haf-hallt, *av.* (*n.* av eit *havhallr, a.*) ut til havs. **-hrútr,** *m.* hav-vêr (som haadingsord um skipi til Sverre). **-íss,** *m.* rekis, drivis.

háfjall, *n.* høgfjell.

haf-kaldr, *a.* kald som havet (poet.). **-kitta,** *f.* eit slag haakjerring (venteleg Selache maximus). **-lauðr,** *n.* havskum (poet.). **-leið,** *f.* **-leiði,** *n.* havleid, sjøleid utanskjers. **-leiðis,** *av.* utanskjers.

háfleygr, *a.* som flyg høgt.

hafligr, *a.* som høyrer havet til, havs-.

háflœðr, *f.* høg flod.

hafna, *v.* (*að*) skjota fraa seg, forsaka, vanda (med *dat.* og *akk.*). **hafnan,** *f.* vanding, forsaking. **hafnanarmaðr,** *m.* forsakar. **hafnanligr,** *a.* uvyrdande.

hafnar-austr, *m.* hamn-auster, ausing av farkost i hamn (mots. *siglingar-austr*). **-búi,** *m.* mann som bur nær ved hamn. **-dyrr,** *f. pl.* hamn-port.

hafnarfeldr, *m.* skinnfeld til kvardags yterklæde.

hafnar-kross, *m.* kross til hamnemerke. **-mark,** *n.* **1.** hamnemerke. **2.** merkeslina um ein hamnegang. **-merki,** *n.* hamne-

merke. **-rán,** *n.* det aa trengja ut ein farkost fraa sin rettkomne hamneplass. **-taka,** *f.* = *hafntaka.* **-tollr,** *m.* hamneavgift (= *skiptollr*).

hafnar-váð, *f.* **-vaðmál,** *n.* uvandt vadmaal til kvardags bruk.

hafnar-vágr, *m.* hamnevaag, vaag som gjev hamn.

hafnarvitni, *n.* vitnemaal um kor lenge ein hev havt og bruka eit jordstykke.

hafnbit, *n.* hamnegang, beite.

hafnborg, *f.* hamneby.

haf-nest, *n.* havnista, nista paa havferd.

hafning, *f.* daap.

hafn-leysa, *f.* **-leysi,** *n.* hamnløysa, hamnlaus havstrand.

hafnligr, *a.* god til hamn.

hafn-skipti, *n.* skifting av sameign millom brukarane paa viss tid. **-taka,** *f.* det aa naa hamn med ein farkost, hamnetak.

hafr, *m.* (*hafrs*; *hafrar*) bukk.

háfr, *m.* haav, netkorg med langt skaft til aa taka upp fisk.

haframalt, *n.* malt av havre.

hafrbelgr, *m.* belgflaatt eller avsnutt bukkeskinn.

haf-rek, *n.* havrak, ting som rek um paa havet og vert kasta upp paa strandi. **-reka, -rekinn,** *a.* som hev reke um paa havet, sjøreken. **-rekstr,** *m.* havrekster (= *hafrek*).

hafr-hvalr, *m.* eit slag kval.

hafri, *m.* havre.

hǫkulskúaðr, *a.* tyder venteleg det same som nyn. *høkulskodd* (Ndm.), som gjeng i sko utan sokkar. Jfr. ogso nyn. *ganga høkulskoom,* med same tydning.

hǫkumikill, *a.* langhokut.

hǫkunátt, *f.* = *hǫggunátt.*

hǫkuskegg, *n.* hokeskjegg.

hǫldborinn, *a.* som er av *hǫlds ætt.*

hǫldmaðr, *a.* = *hǫldborinn maðr.*

hǫldr, *m.* (i dei norske logerne *hauldr*) friboren bonde; odelsmann, odelsbonde.

hǫlds-maðr, *m.* = *hǫldmaðr.* **-réttr,** *m.* personleg rett for ein hold; ogso um bøter for ein hold (*hǫldr*).

hǫlfu-þing, *n.* ting for eit halv-fylke.

hǫlkn, *n.* = *helkn.*

hǫlkvir, *m.* hest (poet.) = *hulkvir.*

hǫll, *f.* **I.** (pl. *hallir*) stort hus, hall.

hǫll, *f.* **II.** elv (poet.).

hǫlzti, *av.* = *hølzti, helzti.*

hǫm, *f.* laar (paa dyr); jfr. nyn. *hombot.*

hǫmlu-band, *n.* hamleband. **-barði,** *m.* skips-vrak? **-fall,** *n.* ulogleg vanhævd av leidingskip. **-maðr,** *m.* rorskar paa herskip. (= *hásæti*). **-valarhald,** *n.* truleg misskrift for *hjalmulvalarhald.* N.G.L. II 283.

hǫmulgrýti, *n.* humul, steinhumul.

hǫmungr, *m.* = *hemingr.*

hǫnd, *f.* (gen. *handar,* dat. *hendi*; nom. pl. *hendr*) **I.** hand, ogso um handleggen. Ordlag: Med adjektiv: *annarrar handar maðr e-s,* undermann aat eink. (som han kann raada med med ei hand); *hǫnd full e-s,* ei liti mengd av eitk. (handfylling); *með tvær hendr tómar,* med tvo tome hender; *hafa hendr góðar* = *hafa læknishendr*; *leggja góða hǫnd á e-n,* fara fint med; *gera e-t feigum hǫndum,* gjera eitk. som ein misser livet for; *taka við e-m fegins hendi,* fagna eink. vel; *jǫfn hǫnd, jafnar hendr* = *jafnaðarhǫnd*; *hendr eru e-m mislagðar* (*í kné*), ein gjer gale. Med verb: *drepa hendi við e-u,* skuva fraa seg, forsmaa; *hendr fallast e-m,* ein vert handfallen; *fara hǫndum um e-t,* handfara eitk.; *festa hendr á e-u,* faa tak i, faa i sine hender; *festast hǫndum saman,* handtakast; *hafa hǫnd á e-u,* taka paa med, *á e-m,* leggja hand paa (gripa); *hafa hǫnd* (*hendr*) *at e-u,* leggja hand paa; hava aa gjera med, sitja inne med; *hafa hendr yfir e-u,* hava eitk. under hender; *halda hendi yfir e-u,* halda si hand yver, hava i sitt vald; *halda upp hǫndum,* retta upp henderne (i bøn, til eid odl.); *koma hǫndum á e-m,* faa tak i; *láta hendr af e-m,* sleppa eink. laus; *leggja hendr á e-m, á e-n,* leggja hand paa, *á sér,* paa seg sjølv; *leggja hendr sínar saman fyrir váttum,* handtakast framfor vitne; *leysa hendr sínar,* gjera skil for seg; *rétta hendr til e-s,* gripa etter; *taka* (*þrífa*) *e-n hǫndum* = *handtaka,* taka tilfange; *taka hǫndum á e-m,* taka paa eink.; *taka hǫndum saman,* handtakast; *taka hǫndum til e-s,* taka seg eitk. til; *taka hǫndum upp,* retta upp handi (til eid, ved avrøysting); *verja hendr sínar,* verja seg.

Med præp. *á*: *á hendi, á hǫndum* (*e-m*) **a.** paa (um skyldnad, andsvar): *spyrr hvat honum væri á hǫndum,* kva (sak) han hadde paa seg. **b.** *vera* (*bindast*) *á hendi* (*hǫndum*) *e-m,* vera (festa seg) i tenesta hjaa eink. *á hǫnd, á hendr e-m* = *á hendi* **a** og **b**; etter rørsle-verb: **a.** *lýsa sǫk á hǫnd* (*á hendr*) *e-m,* lysa sak imot eink.; *lýsa vígi á hendr sér,* lysa draapet paa seg, segja seg vera draapsmann; *taka e-t á hendr sér,* taka paa seg; *mæla á hendr e-m,* skulda eink.; *færa barn feðr á hendr,* krevja uppfostring aat barnet av fâren. **b.** *ganga á hǫnd* (*á hendr*) *konungi,* gjeva seg under, ganga i tenesta hjaa —. **c.** imot (um aalaup): *fara* (*ganga*) *á hendr e-m,* fara imot eink., raada til aalaup mot; *sneri mannfallinu á hendr enskum mǫnnum,* mannefallet snudde seg til engelsmennerne. **d.** *bjargast á hendr sínar,* berga ell. livnøra seg sjølv (med sitt arbeid).

af: *af hendi e-m,* burt fraa eink.; *senda e-t af hendi,* gjeva fraa seg; *láta af hǫndum,* sleppa; *færa* (*sverja*) *sér barn af hendi,* fri seg fraa (sverja seg fri for) barnfostringi; *ganga e-m af hendi,* ikkje gjera aalaup paa (mots. *ganga á hendr e-m*); *líða af hendi,* lida (um tidi).

at: *at hendi, at hǫndum,* tilstadar; *hverr at hendi,* den eine etter den andre.

fyrir: *fyrir hǫndum, fyrir hendi,* for handi, for hondom; *fyrir hendr e-m* (*fram*), utanum, med umgaaing av.

í: *fá e-m e-t í hǫnd* (*í hendr*), *selja e-m e-t í hǫnd, selja í hendr, gefa í hendr,* gjeva upp i handi; *greiða, lúka e-m e-t í hendr,* betala upp i handi; *kalla til e-s í hendr e-m,* krevja eitk. av eink.; *hafa e-t í aðra hǫnd,* faa motlag for det ein hev gjeve ut; *fara í hǫnd,* koma tilstadar; *í hǫnd,* upp i handi, paa handi, med det same, straks; *hafa e-t í hendi,* hava eitk. i si magt; *verðr mér illa í hendi,* eg fer ille aat; *hafa e-t vel* (*illa*) *í hǫndum,* fara vel (ille) med eitk.; *hafa í tveim hǫndum með e-u,* vera uviss med eitk.

innan: *vera innan handar e-m,* vera i eins hand eller magt eller vald.

með: *hafa e-t með hǫndum,* hava eitk. i hende, under hender, hava aa gjera med; *vel er með farit þínar hendr,* du hev bruka henderne dine vel.

milli: *fellr aldri sekt handa milli,* det er alltid einkvar som skal hava bøterne.

ór: *ór hendi* (*hǫndum*) = *af hendi* (*hǫndum*); *ór e-s hǫndum,* ut or magti aat eink.

til: *til handa e-m,* til handa, aat, til, for eink.; *biðja konu til handa e-m,* fria for eink.; *ganga til handa konungi* = *ganga á hǫnd konungi*; *berast til handa,* bera til; *standa til handa,* vera for handi.

um: *um hendr e-m,* framum, utanum eink. (= *fyrir hendr e-m fram*).

undir: *ganga, ráðast* (*vera*) *undir hǫnd* (*hendr*) *e-m,* gjeva seg (vera) under eins hand, i hans magt; *sjá undir hǫnd* (*hendr*) *e-m,* sjaa under armen aat eink. (til aa faa sjaa det som er usynlegt); *undir hǫndum,* noko i hand, etter kvart.

við: *hafa við hǫnd sér,* hava ved handi.

2. hand, sida: *í aðra hǫnd,* til hi sida; *til hægri handar e-m,* paa høgre handi eller sida aat eink.; *til hvárrartveggja handar, til beggja handa,* til baade sidor; *hǫggva á báðar hendr, á tvær hendr,* hogga til baae sidor; *hann gaf á tvær hendr,* til alle kantar; *annari hendi, annarrar handar,* paa andre sida, derimot; *annarri hendi — annarri hendi,* paa ei sida — paa hi sida.

3. vedkomande, part: *minnar handar,* for min part, fraa mi sida; *af minni hendi,* fraa mi sida; *vera af e-s hendi,* standa paa eins sida; *fyrir mína hǫnd,* paa mi hand, paa mine vegner.

4. slag: *tveggja handa lýðr,* tvo slag folk; *allra handa,* alle handa, alt slag.

hǫndla, *v.* (*að*) **1.** handla, handfara = *handla*. **2.** fara med, stella med. **3.** gripa, taka. **4.** koma paa eink. (um otte og dlkt.).

hǫnk, *f.* (gen. *hankar*; nom. pl. *henkr*) **1.** honk, handfang, ring. **2.** honk, hork (vidjering til aa festa grind med).

hǫrðar, *m. pl.* innbyggjarane i *Hǫrðaland, Hǫrðafylki, Hǫrðafold* (paa lag: Søre Bergenhus amt).

hǫr-gefn, *f.* (eig. horr-(lin-)gudinna) kvende (poet.).

hǫrgr, *m.* eig. vel steinaltar; eit slag blotstad eller heilagdom, sett med steinar (jfr. nyn. *horg,* bergknaus, helst med bratte sidor og flat topp, Hard. ofl.).

hǫr-hnoða, *f.* lingarnsnysta.

hǫrkl, *n.* det at føret er hurklut og hardt, hurkl, harkleføre. Sex sǫg. 60$_3$.

hǫrkla, *v.* (*að*) harka seg fram, draga seg fram; jfr. nyn. *harkla,* i tydning mesta lik harka.

hǫrkn, *n.* = *hǫlkn*; sjaa *helkn.*

hǫrkull, *m.* braak, skrangl.

hǫr-meitiðr, *m.* eig. linskurd, d. e. haustbil, poet.

hǫrmugr, *a.* sorgall. **hǫrmuligr,** *a.* syrgjeleg, tregeleg (*-liga, av.*). **hǫrmung,** *f.* sorg, trege. **hǫrmungar-grátr,** *m.* sorg-graat. **-læti,** *n.* syrgjelæte. **-orð,** *n.* syrgje-ord. **-skaði,** *m.* syrgjeleg skade, syrgjelegt tap. **-tala,** *f.* sorgtale, klaging. **-tíðendi,** *n. pl.* sorg-tidend. Æf. **-þytr,** *m.* sorgklage, klagerop. **-víg,** *n.* tregelegt draap.

hǫrpu-hljóð, *n.* harpelaat. **-leikr,** *m.* harpespel. **-skel,** *f.* harpeskjel, øyreskjel. **-slagari, -slagi,** *m.* harpespelar. **-slagr, -sláttr,** *m.* harpespel. **-stokkr,** *m.* harpestokken, treverket i harpa. **-strengr,** *m.* harpestreng.

hǫrr, *m.* (dat. *hǫrvi* og *hǫr*) horr, lin.

hǫr-skrýddr, *a.* klædd i lin. Edda. **-strengr,** *m.* linsnor. **-tygill,** *m.* linsnor, lintraad.

hǫr-þráðr, *m.* lintraad.

hǫrund, *n.* (og *f.*) kjøt; likam; kjøt motsett aandi; manns-lem.

hǫrundar-hungr, *m.* kjøtslyst. **-litr,** *m.* kjøt-lit. **-losti,** *m.* kjøtslyst. **hǫrund-fall,** *n.* spillsykja, spitelsk sott (jfr. *brotfall*).

hǫrundljóss, *a.* som hev ljos hamlit.

hǫrunds-fegrð, *f.* likams-vænleik. **-litr,** *m.* kjøt-lit. **-ljóss,** *a.* = *hǫrundljóss.*

hǫrzkr, *a.* hordelandsk.

hǫs-kollr, *m.* graahæring, graahærd mann.

-magi, *m.* (ogso skrive *haustmagi*) graamaga vêr. **-mǫgóttr,** *a.* (ogso skrive *haustmǫgóttr*) graamaga, graa under magen.

hǫss, *a.* graa. **hǫsvast,** *v. r.* (*að*) eig. graana, verta graa, men vert berre bruka med tydningi verta kald eller uvensleg; jfr. *grána*, nyn. *graana* i same tydning.

hǫsvir, *m.* ulv („graabein") poet.

hǫttr, *m.* (gen. *hattar*, dat. *hetti*) = *hattr*, hatt.

hǫtuðr, *m.* hatar (poet.).

I Í.

í, *præp.* **A.** med dat. **1.** i, inne i (um stad og rom); *í fjallinu, í litklæðum*; fyre stadnamn vert *í* ofte ikkje umsett i nyn. (jfr. *á*): *Þrír bœir er í Mǫrk heita allir*; *at staðnum í Skálaholti.* **2.** i (um tilstand) *í úviti*; *í svefni.* **3.** i, paa (um tid): *í minni elli*; *í enu þriðja sinni* (tridje gong); *í því* (i det same). **4.** i, imillom: *var þá illr kurr í bǫglum*; *engi í kvennmǫnnum.* **5.** i, paa (um noko som høyrer saman eller sit fast i hop); *í festi*; *brjóta í e-m hrygginn,* brjota ryggen paa (i) ein. **6.** i (um det som ligg i som innehald, deil i eitkvart); *hvat er nú í því,* kva meiner du med det; *veiðr er í e-m*; *gagn er í e-u.* **7.** i, med, ved (um maate, hjelperaad og orsak); *misgera í orðum*; *opt kaupir sér í litlu lof*; *munu margir fagna í burð hans.* **8.** i, naar det gjeld, med umsyn paa: *roskinn í orðum.*

B. med akk. **1.** i, inn i (um stad og rom): *fœra í naust*; *fara í brynju*; *í land,* til landet. **2.** i (um tilstand); *gefa í okkur forræði*; *kaupa sik í frið.* **3.** i, paa (um tid); *í þann tíð*; *í miðja nótt,* midt paa natti. **4.** i, burt i (um det som naar burt i); *tók hestinum í kné* (d. e.: upp til). **5.** i, med umsyn paa, naar det gjeld: *í engan mun*; *gráðugr í blóð* (d. e.: etter). **6.** i, til (um det som skal vera eller verta til eitkvart): *nefna guð í vitni*; *snúast í sút ok grát.*

íblár, *a.* iblaa, blaavoren. **íblástr,** *m.* iblaaster, innblaasing; inngivnad, inspiration. **íbrozligt,** *a. n.* braatt paakome? **íbúa,** *f.* ibuar, ei som bur ein stad. **íbúð,** *f.* det aa bu i (eit rom), ibuing. **íbúi,** *m.* ibuar, ein som bur ein stad. **íbygging,** *f.* det aa bu i (eit rom), ibuing. **íbyggjaramaðr, íbyggjari, íbyggvari,** *m.* ibuar, innbyggjar.

íð, *f.* (gen. *íðjar*) id, gjerning, verk.

iða, *f.* ida, bakevja.

Iðavellir, *m. pl.* namn paa ei sletta i Aasgard.

ídetting, *f.* det aa falla (detta) inn med ord i ei tala, innkast.

ið-gjǫld, *n. pl.* attergjeld, skadebot, vederlag. **-glíkr,** *a.* heilt lik. **-gnógr,** *a.* mykje rikeleg. **-gnótt,** *f.* nøgd, mengd.

íðinleikr, *m.* ihuge, annsemd. **íðinn,** *a.* idig, onnug, ihuga (jfr. nyn. *iden,* mødesam, Ryf. Shl.).

íðja, *v.* (*að*) gjera, sysla, driva paa med.

íðja, *f.* idn, verksemd.

iðjagrœnn, *a.* atter grøn?

íðju-fullr, *a.* strævsam, drivande. **-lauss,** *a.* gjerandslaus, yrkelaus. **-leysi,** *n.* gjerandsløysa, yrkeløysa. **-maðr,** *m.* strævsam, drivande mann; handverkar. **-samr,** *a.* idig, strævsam.

íðka, *v.* (*að*) idka, driva paa med, gjera.

iðlíka, *a.* heilt lik; jfr. *iðglíkr.*

íðn, *f.* idn, verksemd, sysl.

íðna, *v.* (*að*) idna, driva paa med, gjera.

íðnaðarmaðr, *m.* handverkar, arbeidsmann. **íðnar-fullr,** *a.* strævsam. **-lauss,** *a.* gjerandslaus, arbeidslaus; jfr. nyn. *idnarlaus,* tiltakslaus. **-leysi,** *n.* gjerandsløysa, yrkeløysa. **-maðr,** *m.* arbeidsmenneskje, handverkar.

íðnleysi, *n.* gjerandsløysa, yrkeløysa.

iðr, *n. pl.* innvol, inder (= *innr*).

iðra, *v.* (*að*) faa til aa ira, gjera angerfull; upers. *e-n iðrar e-s, eptir e-t; v. r, iðrast e-s, af e-u,* angra, ira, trega paa.

iðran, *f.* iring, anger og bot. **iðranardœmi,** *n.* døme paa anger og bot. **-fullr,** *a.* angerfull. **-fúss,** *a.* botferdig. **-gata,** *f.* angerveg, bots-veg. **-grátr,** *m.* anger-graat. **-hús,** *n.* bots-hus. **-lauss,** *a.* angerlaus, ubotferdig. **-mark,** *n.* merke paa anger og bot. **-salmr,** *m.* bots-salme. **-skírn,** *f.* reinsing med anger og bot, daap til umvending. **-stund,** *f.* stund til anger. **-tár,** *n* angertaara. **-tími,** *m.* tid til anger og bot. **-verk,** *n.* verk gjort av anger.

iðrandi, *m.* angrande, botferdigt menneskje.

iðrar, *f. pl.* **1.** innvol. **2.** anger. **iðraverkr,** *m.* verk, pina i innvolen.

iðri, *a.* (*komp.* til *inn*) indre; *hit iðra,* indre leidi (vegen).

iðugliga, *av.* ideleg, jamleg.

iðukast, *n.* idekast, bakevja.

iðula, iðuliga, (og *iðurliga*) *av.* ideleg, jamleg. **iðuligr** (og *iðurligr*) *a.* ideleg, jamleg. **iðurligleikr,** *m.* ideleg paakoma.

iðurmæltr, *a.* uppatt-takande (um eit slag versemaal som tek uppatter same staving i fyrste og tridje lina).

íðusdagr, *m.* 13de dag i maanaden (i mars, mai, juli, oktober 15de). Lat. idus.

íendr, *a.* andande, livande, i live.

if, *n.* eve, tvil. **ifa,** *v.* (*að*) iva (Tel.), eva, tvila; *v. r. ifast í,* eva seg, vera uviss um. **ifaðarlauss,** *a.* evlaus, trygg. **ifa-fullr,** *a.* evsam, tvilande. **-lauss,** *a.* evlaus, trygg. **-laust,** *av.* evlaust, utan tvil.

ifan, *f.* eving, tvil. **ifanlaust, ifanarlaust,** *av.* evlaust, utan tvil.

ífang, *n.* innblanding, det aa blanda seg upp i eitk.

ifanligr, *a.* evsam, tvilsam. **ifa-semd,** *f.* eving, tvil, uvissa. **-sǫk,** *f.* tvilsam, uviss sak.

ífellr, *a.* (um vind) som fell inn i (fyller) seglet.

ifi, *m.* og *n.* eve, tvil, uvissa.

ifill (og *ifli*), *m.* hauk (poet.).

ifjungr, *m.* **1.** bjørn (poet.). **2.** hauk (poet.).

ífjǫrvan, *a. m. akk.* livande (poet.).

if-lauss, *a.* evlaus, utvilsam.

ífrá, *præp.* ifraa, sjaa *frá.*

if-rǫðull, *m.* sol (poet.).

íganga, *f.* eig. igonga, det aa gaa med paa, taka paa seg eitk. **ígangr,** *m.* inngang, byrjing. **ígangs-fasta,** *f.* inngang til fastetidi. **-fǫstusunnudagr,** *m.* fastelavens sundag. **-klæði,** *n.* igangsklæde. **-sunnudagr,** *m.* fastelavens sundag.

igða, *f.* egda (ogso igda, Set.), eit slag meisa. Parus palustris?

ígegn, ígegnum, sjaa *gegn, gegnum.*

ígildi, *n.* jamlike, make. **ígjarn,** *a.* ihuga paa, svært lysta etter (*e-s*). **ígjǫld,** *n. pl.* inntekter. **ígróðra,** *a.* som hev teke til aa gro, noko groen.

ígulkǫttr, *m.* **1.** bustyvel, piggsvin. **2.** ei greida til aa verja festningsmurar (Kgs.).

ígull, *m.* igulkjer, kraakebolle. Echinus.

íhjá, *præp.* sjaa *hjá.*

íhlutanar-mikill, -samr, *a.* som gjerne legg seg burti alt, framlaupen.

íhlutast, *v. r.* (*að*) faast med, fara med (*um e-t*).

íhræddr, *a.* noko forskræmd, rædd.

íhuga, *v.* (*að*) tenkja etter, tenkja paa; ihuga. **íhugafullr,** *a.* tankefull, ihugsam. **íhugan,** *f.* tanke, ettertanke; ihuge. **íhugi,** *m.* tanke; ihuge. **íhugsa,** *v.* (*að*) = *íhuga.* **íhyggjusamr,** *a.* tankefull, ihugsam. **íhǫgg,** *n.* hogg, slag som ein hev fenge.

íkast, *n.* ikast, motlegg.

íkornaskógr, *m.* skog der det er ikorn.

íkorni, *m.* ikorn, ikorne.

íkynda, *v.* (*að*) kveikja, tendra i.

il, *f.* (*nom. pl. iljar*) il, ilk, fotsole.

ílag, *n.* (eig. ilag, noko innlagt) innskot; pant i eigedom.

ílandi, *a.* = *ílendr.*

Ílavellir (og *Iluvellir*) *m. pl.* Ilevollarne (Ila) ved Nidaros.

Ilansborg, *f.* St. Giles, by ved Rhone-osen.

ílát, *n.* ilaat, eitkvart til aa hava noko i.

ilbandabrœkr, *f. pl.* brok med iljeband.

íleiða, *v.* (*dd*) føra til, telja til. **íleiðing,** *f.* tilteljing. **ílenda,** *v.* (*nd*) gjeva landsvist; *ílendast, v. r.* faa, taka bustad i eit land, faa land aa styra. **ílendr,** *a.* innanlands, som er i landet; rettkomen til aa vera i landet, motsett *útlagr.* (Jfr. nyn. *ilendt*).

íli, *m.* ile, stein til botn-feste.

iliansvegr, *m.* veg til *Ilansborg.*

ílíkr, *a.* mesta lik.

ílit, *n.* synemerke, ær.

ilki, *m.* ilke, ilk; poet.: fot. **ilkvistr,** *m.* taa (poet.).

illa, *v.* (*lt*) illa, laata ille um, klandra, klaga yver.

illa, *av.* ille, ilt, klent, vondt.

ill-bragð, -brigði, *n.* illverk. **-býli,** *n.* ill, uhugleg heim. **-deild,** *f.* hatfull trætta, strid. **-djarfr,** *a.* ill-djerv. **-dýri,** *n.* skadedyr, illgjerdsdyr (Tel.). **-endi,** *n. pl.* illska, vondska; plaaga. **-felli,** *n.* illfelle, uheppa, ulukka; illverk. **-fengr,** *a.* illfengen, vondlynd. **-ferli,** *n.* illverk, synd. **-fúsligr, -fúss** (og *-fýstr*) *a.* illgjerdsam, vond. **-fygli,** *n. kol.* skadefugl. **-gerð,** *f.* illgjerning, misgjerning.

illgerða-flokkr, *m.* flokk av illgjerningsmenner. **-klerkr,** *m.* prest som er illgjerningsmann. **-maðr,** *m.* illgjerdsmann, illgjerningsmann. **-samr,** *a.* illgjerdsam, vond.

ill-gerning, *f.* illgjerning. **-geta,** *f.* illhug, otte. **-girnd** (og *-girni*) *f.* illtaatt, vondskap, illska. **-girndarprestr,** *m.* illkynd, vond prest. **-gjarn, -gjarnligr,** *a.* illgjerdsam, vond, illkynd (*-gjarnliga, av.*). **-gresi,** *n.* ugras. **-gruna,** *v.* (*að*) illtenkja, mistenkja. **-gæti,** *n.* ill medferd. **-hreysingr,** *m.* illmenne (jfr. gn. *urðarmaðr*). **-hveli,** *n.* ill, vond kval.

illiligr, *a.* illsleg, fælsleg (*-liga, av.*). **illing,** *f.* ukynde, vondskap; plaaga. **illingarsótt,** *f.* vond sykja. **illingr,** *m.* illing, illmenne.

ill-kvikendi, *n.* skadedyr. **-kyndugr,** *a.* meinsløg, ful (*illkyndugliga, av.*). **-kyngi,** *f.* meinsløgd, fulskap. **-leikni,** *f.* ill, hard medferd. **-lífi,** *n.* (og *-lifnaðr, m.*) syndelivnad, ulivnad. **-lifnaðarmaðr,** *m.* mann som liver i ulivnad, ukjura. **-lífr,** *a.* som liver syndigt, ukjuren; vand, nøgjen i sin livemaate. **-lyndi,** *n.* ilt lynde, vondlynde. **-læti,** *n.* styggelæte (jfr. nyn. *ill(e)læte,* lastord). **-málugr,** *a.* illordig. **-mannligr,** *a.* som ser ut som eit illmenne, illmannsleg (*-mannliga, av.*). **-menni,** *n.* illmenne, vondt menneskje. **-mennska,** *f.* vondskap. **-mæla,** *v.* (*lt*) gjeva illord, tala vondt um. **-mælgi,** *f.* **-mæli,** *n.* illord, lastord, baktale. **-orðr,** *a.* illordig.

illr (og *íllr*) *a.* ill, vond, laak, klen; leid, vand; knapp; *hinn illi,* den vonde, djevelen.

ill-ráðr, -ráðugr, *a.* illraadig, som gjev vonde raader. **-ræði,** *n.* ill raad, meinraad; vond styring. Fag. 26_{18}. **-ræðiskona,** *f.* illraadig kvinna. **-ræðismaðr,** *m.* illraadig mann. **-rœður,** *f. pl.* ille, vonde rødor.

illska, *f.* illska, vondskap; skade.

ill-skái, *m.* betring paa det som ilt er.

illskaldr, *a.* illsint.

illskast, *v. r.* (*að*) illskast, verta vond.

ill-skeptr, *a.* illkynd, vondlynd. **-skiptr,** *a.* illfengen, vond.

illsku-band, *n.* det som bind ein til aa gjera vondt, illske-band. **-flokkr,** *m.* flokk av illmenne. **-fullr,** *a.* illskefull, syndefull. **-íþrótt,** *f.* illverk, vond gjerning. **-kraptr,** *m.* vond magt. **-kvikendi,** *n.* skadedyr, udyr. **-maðr,** *m.* illmenne. **-megn,** *n.* styrke i illska. **-nafn,** *n.* vondt, fælt namn. **-samligr,** *a.* illskefull, vond. **-sǫk,** *f.* illverk. Æf. **-taufr,** *n. pl.* vond trollskap. **-þjóð,** *f.* illmenne, vondt folk. **-þrá,** *f.* traaskap i illska eller synd. **-þræll,** *m.* vond, laak træl. **-verk,** *n.* illverk, vond gjerning.

illsligr, *a.* illsleg, fæl. **ill-spá,** *f.* ill, vond spaadom. **-svipligr,** *a.* usvipleg, stygg. **-sǫk,** *f.* (*pl. -ar, -ir*): *troða illsakir við e-n,* hava eit spark med ein. **-tíðendi,** *n.* illsegn. **-tyngdir,** *f. pl.* vonde tungor, baktale. **-þræli,** *n.* = *illskuþræll.* **-þýða,** *f.* **-þýði, -þýðisfolk,** *n.* ill-ty, illmenne. **-þýðismaðr,** *m.* illmenne, illgjerdsmann. **-úð,** *f.* illhug, vondlynde. **-úðigr,** *a.* illkynd, vond. **-verk,** *n.* illverk, vond gjerning. **-verki,** *m.* illgjerningsmann. **-viðri,** *n.* illvêr, uvêr. **-viðrisbakki,** *m.* uvêrsbakke, uvêrs-sky. **-viðrisklakkr,** *m.* uvêrssky. **-vili,** *m.* illvilje. **-vilja** (og *-viljaðr*) *a.*

illvilja, vond. **-viljaboð,** *n.* vondt paabod. **-viljafullr,** **-viljafúss,** *a.* full av illvilje, vond. **-viljamaðr,** *m.* mann som vil ein ilt. **-viljugr,** *a.* illviljug, vond. **-virki,** *m.* illgjerningsmann, misgjerningsmann. **-virki,** *n.* illverk, vond gjerning. **-vært,** *a. n.* ilt aa vera; jfr. nyn. *illværug*, uroleg. **-ýðgi,** *f.* ill hug, vondlynde. **-yrða,** *v.* (*rð*) gjeva illord, tala vondt um. **-yrði,** *n.* illord, vondord. **-yrmi,** *n.* vonde ormar.

ilma, *v.* (*md*) tr. & intr. lukta, anga. **ilmaðr,** *a.* angande. **ilming, ilmkenning,** *f.* **ilmr,** *m.* lukt, ange; *vit ilmingar*, luktesans. Jfr. nyn. *im*, Aasen.

ilstri, *n.* ister, vister, vider. Salix pentandra.

ím, *n.* im, dumba, dust, saur.

íma, *f.* **I.** **1.** tunt lag av dust; *elds íma*, eimyrja (poet.). **2.** ulva, ulvtik. **3.** gygr. (Jfr. nyn. *ima* = tunt skylag; graa stripa; graastriput geit).

íma, *f.* **II.** strid, ota (jfr. nyn. *ima, v. imast, v.* Ross).

imbrudaga-boð, *n.* boding um komande imbredagar. **-hald,** *n.* det aa halda heilagt imbredagarne. **-vika,** *f.* vika daa det er imbredagar, imbrevika. **imbru-dagr,** *m.* imbredag, namn paa dei tri faste-dagarne (onsdag, torsdag eller fredag, laurdag) fyre jol, paaske, jonsok og mikjelsmess. **-dœgr,** *n. pl.* = *imbrudagr*. **-nótt,** *f.* natti fyre imbredagarne.

ímeðal, ímilli, ímillum, ímót, ímóti, sjaa *meðal, milli, millum, móti.*

íminjar, *f. pl.* sterke minningar; sjaa *minjar.*

ímleitr, *a.* graaleitt, graavoren (jfr. nyn. *imut*, graastriput).

impa, *v.* (*að*) føykja (jfr. nyn. *impa upp*).

in (*en*) *av.* (fyre, komp.) so mykje, dess; *in síðr . . . sælir*, so mykje mindre sæle; ofte stend det yverlaups og treng ikkje umsetjing: *né in heldr*, og ikkje helder.

India, *f.* **India-land,** *n.* India. **-menn,** *m. pl.* indiamenner. **indverska,** *f.* indisk maal. **indverskr,** *a.* indisk.

ínetjaðr, sjaa *netja.*

íneyzla, *f.* nøytingsrett, bruksrett.

inn, *av.* inn, inn i hus; inne.

inn (*in, it*) *art.* sjaa *hinn.*

inna, *v.* (*nt*) **1.** gjera, fullføra; *inna e-t upp*, fullenda eitk.; *inna e-t af hendi*, greida fraa seg, faa undan. **2.** reida ut, betala, svara. **3.** inna, segja fram; segja, tala; *inna til* (*e-s*) tala til ein, tala um eitk. **4.** greida ut um, fortelja, nemna; *inna e-t upp*, gjeva full greida um, rekna upp. **5.** *innast v. r. innast til*, talast ved.

innan, *av.* og *præp.* innan (innan-ifraa, -til, -for); *fyrir innan* (m. akk.), *innan* (m. gen. eller akk.) innan, innan i, innanfor; *innan* (um tid m. gen. dat. eller akk.) innan, innast; *innan sjúkr*, innvertes sjuk; *um haf innan*, kringum i havet.

innan-borðs, *av.* innanbords (paa skip). **-borgarmaðr,** *m.* bymann. **-bygðarmaðr,** *m.* innanbygdes mann. **-fjórðungsmaðr,** *m.* mann som bur i „fjordungen" (isl. landsinndeiling). **-garðs,** *av.* innangards. **-gengt,** *a. n.* gjengt innanifraa d. e. med gang innanfraa eit rom til eit anna. **-heraðsmaðr,** *m.* mann som bur i heradet. **-hreppsmaðr,** *m.* mann som bur i reppen (isl.). **-lands,** *av.* innanlands. Æf. **-landsfolk,** *n.* innanlandsfolk. **-landsmaðr,** *m.* innanlands mann, innlending. **-mein,** *n.* mein, sykja innvertes. **-sjúkr,** *a.* innsjuk, sjuk innvertes. **-sótt,** *f.* innvertes sykja. **-stokks,** *av.* innanstokks. **-tekja,** *f.* uppholde, inntak (jfr. taka inn)? **-þingsmaðr,** *m.* mann som bur i tinglaget. **-vátr,** *a.* vaat innantil; *fá innanvátt*, faa sjø innanbords. **-veggja,** *av.* innanveggjes. **-verðr,** *a.* som vender innan, som er inst, indre; *í innanverðri búðinni*, i den indre deildi av budi, innar i budi (jfr. nyn. *innanvert paa auga*, paa innsida av augneloket, Tel.).

innar(r), *av. komp.* innar, lenger inn, innetter; *innarr af e-u*, innanfor eitk., innar i.

innarla, innarliga, *av.* innarleg, langt inne; *innarla í húsi eða útarla í húsi* d. e. i framhus (stovehus) eller uthus.

innarmeirr, *av.* lenger inne. **innarst** (*innast*) *av. sup.* innarst, lengst inn, inst.

inn-blástr, *m.* innblaasing; inngivnad, inspiration. **-borg,** *f.* indre borg. **-borinn,** *a.* iboren, medfødd; innfødd. **-byrðis,** *av.* innanbords. **-drótt,** *f.* livvakt hjaa kongen

(poet.). **-dælgirni,** *f.* hug til aa liva makleg. **-dæli,** *n.* mykjen lette, umaksløysa, kosing, hugnad. **-dæll,** *a.* mykje lettvint, kvæm. **-eygðr, eygr,** *a.* innøygd, holøygd. **-firðingr,** *m.* mann innantil fjorden (*innfyrding,* Sogn?). **-fjalgr,** *a.* inngøymd (av *fela*)? Edda. **-fœddr,** *a.* innfødd. **-fœrsla,** *f.* innførsla. **-ganga,** *f.* **-gangr,** *m.* inngonga; inngang; byrjing. **-gerðis,** *av.* innangjerdes, i innmarki. **-gerðisgarðr,** *m.* gard umkring dei næmaste gjordi. **-gjald,** *n.* inntekt, innkoma; i *pl.* ogso = *iðgjǫld.* **-grǫptr,** *m.* inngraving, gravster. **-gǫng,** *n. pl.* inngang. **-gǫnguleyfi,** *n.* inngangsløyve. **-hallt,** *av.* innhalt, paa innsida, innanfor. **-hlutr,** *m.* det som er inni, inn-lut. **-hýsa,** *v.* (*st*) hysa. **-hýsingar,** *m. pl.* husfolk. **-hýsis,** *av.* innhyses.

inni, *n.* bustad, herbyrge, hus, heim, tilhelde.

inni, *av.* inne, inne i hus, heime hjaa seg.

innifli, *n. pl.* innvol (= *innyfli*).

inni-hús, *n.* framhus, sætehus, stovehus (mots. *fjárhús*). **-hǫfn,** *f.* det aa hava ein i hus hjaa seg, hysing. **-liga,** *av.* **1.** nøgje, greinleg, vel. **2.** istf. *ynniliga,* s. d.

inning, *f.* greiding, fullgjering.

innivist, *f.* innevist (Sogn), husvera, tilhelde.

inn-kaup, *n.* innkaup. **-kaupatími,** *m.* innkaupstid. **-klefi,** *m.* indre kleve. **-koma,** *f.* innkoma; byrjing. **-kvæmt,** *a. n.* innkjømt, inngjengt. **-kœmd,** *f.* byrjing. **-lag,** *n.* innlegg, innlagt jordstykke. **-land,** *n.* innland. **-láss,** *m.* laas paa innsida. **-leið,** *f.* **1.** indre leid. **2.** innvol. **-leizla,** *f.* innleidsla, innleiding, innføring. **-lendr,** *a.* innanlands, innlendsk, fast i landet; som hev lov til aa vera i landet. **-lenzkr,** *a.* innanlands, innlendsk. **-líkr,** *a.* heilt lik.

innr, *n. pl.* inder, innvol (= *iðr*).

innraptr, *m.* indre raft ell. sperra i eit tak, innraft. **-reið,** *f.* innriding. **-renta,** *f.* inntekt.

innri (og *iðri*) *a.* (komp. til *inn*) indre; *hit innra,* indre leidi, indre vegen.

inn-setning, *f.* innsetning, fengsling. **-sigla,** *v.* (*að*) innsigla (forsigla). **-sigli,** *n.* innsigle (segl; signet).

innst, *av. sup.* inst, lengst inn.

inn-stafr, *m.* indre stolpe. **innsteri,** *n. pl.* inder, innvol. **inn-stóði,** *m.* hovudstol, kapital, midel som ber rentor. **-stofa,** *f.* indre stova. **-stolpi,** *m.* indre stolpe, pilar.

innstr, *a.* (sup. av komp. *inni*) inst.

innstr, *a. sup.* (istf. *hinnstr*) sist.

inn-strǫnd, *f.* indre strand. **-stœða,** *f.* **-stœði,** *m.* **-stœðueyrir,** *m.* hovudstol, kapital, midel som gjev rentor (jfr. nyn. *innstøde,* innkomor; midel). **-stǫpull,** *m.* indre stolpe eller pilar. **-tak,** *n.* innehald; ermestaup, det øvre ermgapet paa kaapa? Æf. **-tekja, -tekt,** *f.* inntekt. **-þrœndir,** *m. pl.* inntrønder, folk fraa Inntrøndelag. **-þrœnzkr,** *a.* inntrøndsk, fraa Inntrøndelag. **-viðartré,** *n.* **-viðr,** *m.* innved, rong, band (i ein farkost). **-virðiligr, -virðligr,** *a.* serskild; framifraa. **-virðuliga** (og *-virðiliga*) *av.* nøgje, grant. **-vǫrðr,** *m.* mann som held vakt inne, innevakt, husvakt (mots. *utvǫrðr*).

innyfli, innylfi, *n. pl.* innvol.

ínógr, *a.* nok (nog). Æf.

ínýta, *v.* (*tt*) nytta, bruka.

íperst, *n.* ty fraa Ypern i Holland.

iping, *f.* (for *giping*?) klyver? Post. 273_{28}.

írast, *v. r.* verta sagt, heita.

írar, *m. pl.* irlendingar.

írauðr, *a.* iraud, raudleg, raudvoren.

íri, *m.* ymt, drøs.

Írland, *n.* Irland.

irma, *v.* anga (= *ilma*). Kgs. Brenn. 167_{30}.

írska, *f.* irsk maal. **írskr,** *a.* irsk.

ísa, *v.* (*að*) isa, frjosa til, leggja seg (med is). **ísafǫr,** *f.* isfór, isløysing. Vigf. **ísa-gangr,** *m.* isgang, isløysing. **-lauss,** *a.* isfri. **-lǫg,** *n. pl.* islega, is-leggjing.

ísarn, *n.* jarn. **ísarnkol,** *n.* eig. jarnpust; Snorre tyder det med *vindbelgr.* Sjaa *kol, n.*

ísa-valk, *n.* vaasall umreking i isen. **-vár,** *n.* vaar med mykje is. **-vǫk,** *f.* vók (hol) i isen. **ís-brot,** *n.* isbrot, is-stykke. **-brún,** *f.* brun, kant av is, is-trøm.

ísending, *f.* tilsending. **íseta,** *f.* det aa sitja, hava sæte *í dómi*; innesitjing, innehaving (av gods). **ísetuarfr,** *m.* arv som ein sit inne med.

ís-frosinn, *a.* isfrosen, frosen til is.

-heill, *a.* heiltupp frisk, aalfrisk. **-héldr,** *a.* isa, hela. **-hǫgg,** *n.* ishogging. **-hǫggagangr,** *m.* arbeid med aa hogga is. **ísing,** *f.* ising (m.), jøklefall, vêr-is (eit slag isregn).

ísjá, *f.* gaum, aathug, merksemd.

ísjaki, *m.* jake, isflak.

ísjáverðr, *a.* verd aa leggja merke til, merkande, ansande.

ísjón, *f.* det aa sjaa inn i (paa).

ískaldr, *a.* iskald. **Ísland,** *f.* Island. **íslands-far,** *n.* (ogso *-fari, m.*) skip som fer paa Island, islandsfarar. **-farari, -fari,** *m.* ein som fer i kaupferd til Island, islandsfare. **-haf,** *n.* havet millom Norig og Island.

ískipan, *f.* innskiping, innsetjing (t. d. av fe i hage). **ískotsmaðr,** *m.* mann som ein gjev hus for ei tid (jfr. nyn. *iskost,* upphald, kvila, Hall.). **ískyld,** *f.* = *ítak.*

íslegg, *m.* islegg (eit slag skeisor av leggbein).

íslendinga-bók, *f.* ei bok av Are frode. **-saga,** *f.* gamalt namn paa Sturlungasaga. **-skrá,** *f.* bok um islendingar. **-þáttr,** *m.* eit sogestykke um islendingar.

ís-lendingr, *m.* islending. **-lendr,** *a.* islandsk. **-lenzka,** *f.* islandsk skikk og bruk. **-lenzkr,** *a.* islandsk. **-lǫg,** *n. pl.* islega, isleggjing. **-mǫl,** *f.* is-mol, smaastykke av is.

isope, *s.* vin krydda med isop (gfr. *ysopé*).

Ispanialand, *n.* Spania.

ís-rek, *n.* **-reki,** *m.* driv-is, rek-is.

íss, *m.* is.

ístað, *n.* istig, stigbøygel. **ístaða,** *f.* vedhald; traaleik. **ístangan,** *f.* i-stinging; tildriv. **ístig,** *n.* istig, stigbøygel.

ístr, *n.* **ístra,** *f.* **1.** ister, istra, feittlag kring innvolen. **2.** feit kost.

ístǫðu-lauss, *a.* ustød, skjelven. **-mikill,** *a.* hardstadig, traassug.

ísungr, *m.* hovudduk (poet.).

ítak, *n.* rett (bruksrett, heftelse ell. dlkt.) i ein eigedom som ein annan eig. **ítakalauss,** *a.* som er utan *ítak.* **ítala,** *f.* fast, høveleg lut (part) i eitkvart (t. d. sambeite); vedtak um kor mykje fe kvar luteigar kann føra paa sambeite.

Ítalía, *f.* **Ítalíaland,** *n.* Italia.

ítarligr, *a.* drusteleg, gild, gjæv, herleg. (*-liga, av.*).

ítr, *a.* (*n. ítrt*) drusteleg, gild. **ítr-borinn,** *a.* høgboren, av gjæv ætt. Edda. **-laukr,** *m.* gild lauk; brukt poet. for tein, som vert gjeven til merke paa kongeleg magt. Edda. **-mannligr,** *a.* sjaaleg, drusteleg. **-skapaðr,** *a.* vænt skapt, vænvaksen. **-þveginn,** *a.* skirtvegen, reinvaska.

ítœkr, *a.* tøk, næm, klok. **íþrótt,** *f.* idtrott, kunst, dugleik; kunnskap. **íþróttalauss,** *a.* som ingen idtrott kann, duglaus, ukunnig. **-maðr, iþróttarmaðr,** *m.* idtrottsmann; kunnig mann. **íþróttligr,** *a.* som høyrer til *íþrótt,* kunstig, dugeleg. **ívasan,** *f.* sysl, kav (eig. innfløkjing). **ívera,** *f.* det aa vera i, tilhelde, ivera. **íverki,** *m.* arbeid og det ein fær ved det, utvinning.

íviðgjarn, *a.* illgjersk, vond.

íviði, *n.* **íviðja,** *f.* skog; med *-viði* jfr. *smáviði.*

ívinna, *f.* arbeid og det ein fær ved det (t. d. um hogster). **ívist,** *f.* det aa vera i (hus), tilhelde; *ganga á ívist* d. e. taka fast tenesta.

J.

já, *av.* og *subst. n.* ja.

já, *v.* (*áð*) segja ja, lova, samtykkja; løyva, lata faa, gjeva; *já e-m e-t upp,* lata ein faa eitk.

jaðar-byggjar (og *-byggvar*) *m. pl.* folk fraa Jæren, jærbuar. **-flár,** *a.* jârflaa, slak i kantarne (um ty).

jaðarr, *m.* **1.** jâr, kant. **2.** paa eit visst slag gjerde: øvste gardskidi, som laag vatsrett og i jam-høgd. **3.** Jæren. **4.** hovding

(poet.). **jaðarskegg,** *n.* kinnskjegg. **jaðraðr,** *a.* (gjerde) som hev *jaðarr 2,* s. d. **jaðra-karn,** *n.* eit slag fugl. Numenius glacialis.

jáeiðr, *m.* eidbunden lovnad.

jafn (og *jamn*) *a.* (*n. jafnt, jamt*) jamn (javn); lik, som er like eins, den same; bein; jamgod; rettvis, upartisk; høveleg; *jafn e-m* (*við e-n*), *jafn sem* (*ok*), jamgod med, like eins som; *at* (*með*) *jǫfnu,* jamt, likt, utan skilnad; *jǫfn hǫnd,* sams, upartisk hand eller varetekt; *at jǫfnum aldri,* for sin alder; *eiga e-t jǫfnum hǫndum* ɔ: jamt, likt, so kvar hev like mykje; *halda sik til jafns við e-n,* halda seg jamgod med, kappast med ein; *koma*(*st*) *til jafns við e-n,* verta jamgod med ein; *hafa e-t til jafns við e-n,* staa paa maal med ein i eitk.; *þrískeyta jǫfn,* trikant med like store sidor (i geom.); *jǫfn tala,* jamt tal, par-tal (mots. odda).

jafn- (og **jam-**) i sms. med adj. adverb og perf. part. av verb: **1.** so- (som); *er þat skǫmm jafnmǫrgum mǫnnum* d. e. for so mange menner; *jafnungr, jafngamall* (*sem hann var*), so ung, so gamall som han var. **2.** jam- (med), like-(som); *jafngamall e-m,* jamgamall med ein; *jamvitr maðr sem konungi.*

jafna, *v.* (*að*) **1.** jamna, gjera jamn, gjera lik. **2.** jamna, byta (deila) likt. **3.** setja attved, jamføra, halda saman, likna ihop; *jafna e-u við e-u* (*til e-s*); *jafna e-u saman*; *jafna til*; *til at jafna,* aa likna med. *jafnast, v. r.* **1.** jamnast, jamna seg. **2.** kappast, likna seg, staa paa maal med (*e-m, við e-n, til við e-n*).

jafna, *f.* jamna, flatlende, sletta.

jafnaðar-boð, *n.* jamt tilbod, likt for baae partar. **-dómr,** *m.* jamn, lik dom; upartisk dom. **-eiðr,** *m.* **1.** eid som sakverjaren gjer um at han i same høve vilde ha teke same forlik av saksøkjaren, um han sjølv var saksøkjar og hin sakverjar, jamningseid. **2.** eid um at inkje av borni hev fenge meir av sin part i foreldre-arven enn hine. **-fundr,** *m.* møte paa jamne vilkaar. **-geð,** *n.* jamt huglag. **-gjǫf,** *f.* gaava til vederlag for eitkvart. **-hǫnd,** *f.* upartisk manns hand. **-kaup,** *n.* likt kaup, handel som er jamgod for baae partar. **-kostr,** *m.* jamt vilkaar. **-leiga,** *f.* høveleg betaling (for leiga). **-maðr,** *m.* jamlike; rettvis, upartisk mann. **-mæling,** *f.* lik utmæling. **-ræði,** *n.* høvelegt gifte. **-skipti,** *n.* jamt, likt skifte. **-þokki,** *m.* jamskift kjærleik, innbyrdes kjærleik.

jafnaðr, *m.* **1.** jamnad, jamskap, likskap; rett og skil; *at jafnaði:* a) jamt, likt, etter maaten. b) med jamnan, jamt, stødt = *með jafnaði.* **2.** likning, utlikning; utreidsla. **3.** samanlikning; mannjamning.

jafn-aldra, *a.* jamaldra. **-aldri,** *m.* jamaldre.

jafnan, *f.* likning, jamføring.

jafnan, *av.* jamnan, jamleg.

jafn-bitinn, *a.* jamt avbeitt (um grasvoll). **-bjóða,** *v. st.* bjoda seg imot (som jamgod), vera jamgod, kappast med (*e-m*) (jfr. nyn. *jambjoding,* Tel.). **-borinn,** *a.* jamgod i ætt. **-brátt,** *av.* samstundes. **-breiðr,** *a.* jambreid. **-deildr,** *a.* jamdeilt. **-dýrr,** *a.* jamdyr; ogso um folk som hev rett til like store bøter. **-dœgri,** *n.* jamdøger (um haust og vaar, lat. æquinoctium). **-dœgris,** *av.* eit heilt døger (jamdøger) gjenom. **-dœgrishringr,** *m.* sollina, ækvator. **-dœgrismerki,** *n.* himmelsmerke, som soli gjeng igjenom, naar det er jamdøger (um vaar og haust). **-dœmi,** *n.* jamskap i domar, rettferd.

jafnendr, *m. pl.* rettvise, upartiske menner. **jafn-farit,** *av.*: *j.* (*at telja*) like langt aa rekna paa baae sidor; jfr. nyn. *jamfaren.* **-fast,** *av.* jamvel. **-fastr,** *a.* jamfast. like fast. **-fram,** *av.* **1.** jamfram, like langt fram; jamsides, jamt med; yverf. like rettkomen (*til e-s*). **2.** samstundes; *jafnfram sem* (*ok*). **3.** umfram. **4.** framleides. **-framliga,** *av.* likso vel. **-frammi, -framt,** *av.* = *jafnfram.* **-fullr,** *a.* jamfull, jamgod. **-fúss,** *a.* jamfus, like huga. **-fœrr,** *a.* jamfør. **-fœtis,** *a.* eig. jamføttes; yverf. *standa jafnfœtis e-m,* staa jamsides, vera jamgod med ein. **-gamall,** *a.* jamgamall. **-gegnt,** *av.* beint imot. **-girnd, -girni,** *f.* rett og skil, rettferd. **-gjarn,** *a.* **1.** likso huga. **2.** rettvis, upartisk. **-gjarna, gjarnliga,** *av.* like gjerne. **-góðr,** *a.* jamgod. **-greiniliga,** *av.* like greinleg, tydeleg. Gam. **-hafðr,** *a.* havd i like lang tid. **-hár,** *a.* jamhøg. **-harðr,** *a.* jamhard. **-heilagr,** *a.* like heilag.

-heill, *a.* like heil. **-heimill, -heimull,** *a.* like heimla, som ein hev like stor rett til; like god. **-hugaðr,** *a.* jamhuga, med jamn hug, med same hug. **-hœgr,** *a.* like høg, lettvint, spak.

jafni, *m.* jamne. Lycopodium complanatum.

jafni, *m.* **1.** jamne; *til jafna við e-n,* jamgodt med. **2.** jamt tal, par-tal.

jafningi, *m.* jamning, jamlike.

jafn-keypi, *n.* = *jafnaðarkaup.* **-kominn,** *a.* jamkomen, like rettkomen til, jamgod; *jafnkomit er á með ykkr* (upers.) de er jamlikar. **-kosta,** *a.* god nok, høveleg. **-kristinn,** *a.* som er medkristen. **-langr,** *a.* jamlang. **-leikit,** *part. n.*; *var jafnleikit með þeim,* dei hadde stridt jamgodt. **-lendi,** *n.* jamt lende, flatlende. **-lengd,** *f.* jamlengd (ɔ: næste aar (vika, dag etc.) ved same leite); aarsmot, aarsdag; ogso sjælemessedag (= *ártið*); aar. **-lengdardagr,** *m.* dag daa det vert jamlengd, aarsdag. **-lengdarhátíð,** *f.* høgtid som dei held ved jamlengd (ɔ: same dagen) kvart aar. **-lengdarskrá,** *f.* bok med lista yver sjælemessedagar (= *ártiðarskrá*). **-lengi,** *a.* so lenge. **-liða,** *a.* like mannsterk. **-liga,** *av.* jamleg; jamt, likt. **-ligr,** *a.* jamn, rettvis (jfr. nyn. *jamleg, a*). **-líkr,** *a.* plent lik. **-ljótr,** *a.* jamljot, like stygg. **-lyndi,** *f.* og *n.* jamt, stødugt lynde. **-lyndr,** *a.* jamn, stødug i lynde; rettvis. **-maki,** *m.* jamlike. **-margir,** *a. pl.* like mange. **-menni,** *n.* jamgod mann, jamning. **-mergð,** *f.* jamskap i mengd. **-mikill,** *a.* jammyken; jamstor. **-mæli,** *n.* avtale som er jamgod for baae, jamt vilkaar. **-náinn, -nánn,** *a.* jamnær, like nær (helst um skyldskap, erverett). **-nær,** *av.* jamnær; so nær. **-nætti,** *n.* jamdøger (um vaar og haust, æquinoctium). **-oki,** *m.* jamoke, jamlike; motmann i leik. **-rétti,** *n.* same personlege rett. **-réttismaðr,** *m.* mann med same personlege rett, av same stand. **-ræði,** *n.* jamt, høvelegt gifte. **-saman,** *av.* altsaman, samfengt. **-sekr,** *a.* like skyldig, som lyt leggja same bot. **-skemmiligr,** *a.* like skjemmeleg. **-skiptiligr,** *a.* jamskift, innbyrdes (*-liga, av.*). **-skjótt,** *av.* so snart (som), straks, samstundes. **-skyldr,** *a.* like nær skyld. **-skyldr, -skyldugr,** *a.* like skyldig. **-snemma,** *av.* samstundes. **-sterkr,** *a.* jamsterk. **-sætti,** *n.* jamt, likt forlik.

jafnt, *av.* **1.** jamt, likt; beint; *jafnt sem,* nett like eins som. **2.** jamt, allstødt. **3.** nettupp, just.

jafn-tefli, *n.* det at baae partar stend jamgodt i tavl-leik, jamt spel. **-títt,** *av.* straks. **-útlagr,** *a.* like utlæg. **-veginn,** *a.* like vegtug. **-vegit,** *a. n* jamt drepe d. e. like mange drepne paa baae sidor. **-vel,** *av.* jamvel (likso vel; endaa). **-vígi,** *n.* ota (strid) der baae partarne er jamgode. **-virði,** *n.* likt verde, jamverde. **-virðr,** *a.* jamverd, like mykje verd. **-víss,** *a.* like viss. **-vægi,** *n.* **1.** jamstor vegt, tyngd. **2.** jamverde. **-vægja,** *v.* (*gð*) jamvega, vera jamgod med. **-vægr,** *a.* jamtung. **-vætta,** *v.* (*tt*) vega (mot einannan).

jafnyndr, *a.* upartisk, rettvis.

jafnyrða, *v.* (*rð*) bruka munn, andgjeglast med (*e-n*).

jaga, *v.* (*að*) jaga; driva, halda paa med (*á e-u*).

jakafǫr, *f.* isferd, isrùne. **jaki,** *m.* jake, isflak.

Jakobs-land, *n.* Galicia i Nord-Spania. **-messa, -vaka,** *f.* (og *-vǫkudagr, m.*) den 25de juli („Jakob vaathatt"). **-vǫkuaptann,** *m.* den 24de juli.

já-kvæða, *v.* (*dd*) segja ja til, samtykkja (*e-u*); lata faa. **-kvæði,** *n.* jakvæde, jagjæve, samtykke. **-kvæðr,** *a.* samtykt, som samtykkjer i (*e-s*).

jalda, *f.* merr.

jalkr, *m.* jalk, gjelk, gjeld hest.

jalma, *v.* (*að*) jalma, klinga. **jalmr,** *m.* jalm, klang (poet.).

jam-, jamn-, jamt, sjaa *jafn-, jafnt.*

Jamta-land (*Jampta-land*), *n.* Jamteland. **-mót,** *n.* møte av jamtarne. **jamti,** *m.* (pl. *jamtar*) jamte, mann fraa Jamteland. **jamtr,** *m. pl.* jamtar, folk fraa Jamteland. **jamzkr,** *a.* jamtelendsk.

jáorð, *n.* jakvæde, samtykke.

japr, *m.* **japra,** *f.* eit slag orm (serpens fictitius).

jara, *f.* strid, òta (poet.).

jarða, *v.* (*að*) jarda, jorda, gravleggja.

jarða-boð, *n.* tilbod til deim som hev

odelsrett um aa gjera forkaupsretten sin gjeldande, fyrr jordi gjeng or ætti. (N. G. L.). **-brigð,** *f.* **-brigði,** *n.* jordløysing. **-kaup,** *n.* jordkaup.

jarðan, *f.* jording, jordferd.

jarðar-aurar, *m. pl.* betaling for kaupt jord. **-ávǫxtr,** *m.* aavokster, grøda av jordi; tiend av grøda. **-blómi,** *m.* blome paa jordi, markblom. **-brigð,** *f.* **-brigði,** *n.* jordløysing. **-bygð,** *f.* den bygde jordi. **-bǫllr,** *m.* jordball, jordkula. **-dupt,** *n.* **-dupti,** *m.* jord-duft, jord-dust. **-dýr,** *n.* dyr paa jordi. **-eðli,** *n.* skapningi paa jordi. Mar. 395[17]. **-eign,** *f.* jordeign. **-fall,** *n.* skade paa jordveg; bot for skaden. **-hola,** *f.* jordhola. **-hǫfn,** *f.* (og *-hefni, n.*) innehaving og bruk av jord. **-kot,** *n.* hytta med jord attaat. **-kvikendi,** *n.* dyr paa jordi. **-leiga,** *f.* jordleiga. **-lýsing,** *f.* lysing um at ein vil løysa inn odels-jordi. **-mál,** *n.* sak um jord og jordbruk. **-máli,** *m.* bygslebrev. **-megin,** *n.* jordvidd, jord-magt; krafti i jordi. **-men,** *n*: *ganga undir jarðarmen,* ganga under jordtorva (d. e. ei uppskori og upplyft jordremsa, jordfast i baae endar, som dei gjekk under til aa stadfesta fostbror-lag, til gudsdom, eller til vanheider. **-munr,** *m.* bakkemun, den fyremunen aa standa øvst i bakken. **-plógr,** *m.* utvinning av jord, Stj. 232; jfr. nyn. (og isl.) *plog,* vinning. **-rán,** *n.* jordran, det aa taka jord ulogleg. **-rifa,** *f.* riva i jordi. **-sala,** *f.* jord-sal, jord-seljing. **-skaut,** *n.* hyrna, kant av jordi. **-skeyting,** *f.* jordskøyting. **-skipti** (og *jarðaskipti*), *n.* jordskifte. **-skriðdýr,** *n.* krek (krjupande dyr) paa jordi. **-sókn,** *f.* søksmaal um jord. **-spell,** *n.* jordspille; bøter for det. **-stuldr,** *m.* jordstuld, det aa stela jord. **-torfa,** *f.* jordtorva. **-þjófr,** *m.* jordtjuv, deildeflytjar. **-verð,** *n.* jordverde. **-vígsla,** *f.* jordvigsla. **-vǫxtr,** *m.* = *jarðarávǫxtr.*

jarð-aurar, *m. pl.* betaling for kaupt jord. **-borg,** *f.* jordborg, jordvoll. **-búi,** *m.* haugtuss, underjordsk. **-byggjandi,** *m.* leiglending. **-bǫnn,** *n. pl.* eig. jordhindring, snø og tele, so krøteri kann ikkje koma paa beite; jfr. nyn. *jordband* (Shl.) snø og tele, som hindrar jordarbeid. **-díki,** *n.* dike, greft i jordi. **-eigandi,** *m.* jordeigar. **-eldr,** *m.* vulkansk eld, jordeld. **-eskr,** *a.* jordisk, jordleg. **-fall,** *n.* jordfall. **-fastr,** *a.* jordfast. **-fé,** *n.* jordgrave gods. **-fjúk,** *n.* jordfok (snødriv). **-folginn,** *a.* gøymd i jordi, jordgraven. **-gjá,** *f.* jordriva, greft. **-golf,** *n.* jordgolv. **-hellir,** *m.* jordheller, jordhola. **-hita,** *f.* **-hiti,** *m.* hite i jordi. **-hola,** *f.* jordhola. **-hús,** *n.* rom, gang under jordi. **-kol,** *n.* steinkol. **-kostr,** *m.* raad paa, utveg til jord, jord aa faa. **-kross,** *m.* torva skori upp i ein kross (til merke). **-kykvendi,** *n.* landdyr. **-laug,** *f.* laug i ei varm-kjelda. **-leiga,** *f.* jordleiga. **-ligr,** *a.* jordleg, jordisk. **-lús,** *f.* eit slag insekt. **-lægr,** *a.* liggjande paa jordi. **-neskr,** *a.* jordleg, jordisk. **-rifa,** *f.* jord-riva, rivna i jordi. **-ríki,** *n.* jordrike, jordi. **-setja,** *v.* (*tt*) jordfesta, jorda. **-skjalfti,** *m.* jordskjelte, jordskjelv. **-stofa,** *f.* rom under jordi, jordkjellar. **-varp,** *n.* kast aat jordi, kollkast. **-varpa,** *v.* kasta aat jordi, kollstøyta. **-veggr,** *m.* vegg av jord. **-vegr,** *m.* jordvidd.

jarki, *m.* jarke (Shl.), jark (kanten av fotbladet).

jarknasteinn, *m.* glimestein.

jarl, *m.* jarl, hovding; hermann, fri mann (poet.).

jarla, *f.* jarlefruva. **jarla-skipti,** *n.* jarleskifte. **-sǫgur,** *m. pl.* sogor um Orknøyjarlarne.

jarl-borinn, *a.* av jarle-ætt, jarleboren. **-dómr,** *m.* **-dœmi,** *n.* jarledøme. **-maðr,** *m.* **1.** jarl. **2.** jarls mann (poet.). **jarls-dóttir,** *f.* jarledotter. **-efni,** *n.* jarlsemne. **-ey,** *f.* no Jersøy (ved Tunsberg), Flat. I 451[17]. **-kona,** *f.* jarlekona, jarlefruva. **-maðr,** *m.* mann hjaa ein jarl, jarlsmann. **-nafn,** *n.* jarlsnamn. **-nautr,** *m.* eig. eignalut som ein jarl hev aatt, jarls-gaava. **-réttr,** *m.* jarlsrett. Eg. 3. **-ríki,** *n.* jarlerike, jarledøme. **-sæti,** *n.* jarlesæte.

jarma, *v.* (*að*) jarma (Nfj.), jerma, mekra.

jarmr, *m.* jerm, mekring.

jarn (og *járn*) *n.* **1.** jarn som metal. **2.** jarn, eitkvart gjort av jarn (lekkjor, reidskap, herbunad o. sl.). **3.** jarn bruka til gudsdom; *bera jarn.*

jarna, *v.* (*að*) jarna, slaa, leggja jarn paa; *jarna hest,* sko hest; perf. part. *jarnaðr,* jarnslegen; jarnklædd; lagd i jarn.

jarna-far, *n.* **1.** merke etter jarn (vaapn). **2.** jarnskoning. **-gangr,** *m.* gnaging av jarnlekkjor. **-lauss,** *a.* jarnlaus (t. d. utan jarnhodda, utan gangjarn odl.). **Jarnamóða,** *f.* Yarmouth i England. **jarna-skurðr,** *m.* skjering med jarn. **-staðr,** *m.* stad der jarn hev lege (ell. ligg) paa ein.

jarn-band, *n.* jarnband. **-barði,** *m.* skip med jarnslege *barð* (stamn). **-beraland,** *n.* Dalarne i Sverike. **-borg,** *f.* jarnborg (yverf. um jarnslege skip). **-brandr,** *m.* jarnstong. **-bundinn,** *a.* bunden med jarn, jarnslegen. **-burðr,** *m.* jarnburd (gudsdom). **-butr,** *m.* jarnbutt, jarnstubbe. **-dragi,** *m.* magnet. **-drepsleggja,** *f.* sleggja til aa hamra ut jarn. **-festr,** *f.* **-fjǫturr,** *m.* jarnband, jarnlekkja. **-fleinn,** *m.* klufta jarntein. **-gaddr,** *m.* jarngadd, jarnpigg. **-gangr,** *m.* vaapnferd, strid, Fld. 104₁. **-gjǫrð,** *f.* gjord, belte av jarn. **-gjǫrðarmaðr,** *m.* smed, jarnsmed. **-glófi,** *m.* jarnhandske. **-góðr,** *a.* av godt jarn. **-grár,** *a.* jarngraa. **-greip,** *f.* jarnhandske. **-grilli,** *s.* jarnrist. **-grind,** *f.* jarngrind. **-hamarr,** *m.* jarnhamar. **-hanki,** *m.* honk, ring av jarn. **-hattr,** *m.* jarnhatt. **-hespa,** *f.* hespa av jarn. **-hjartaðr,** *a.* med hjarta av jarn. **-hlekkir,** *m. pl.* jarnlekkar, jarnlekkja. **-hlið,** *n.* jarnled, jarnport. **-hnyðja,** *f.* jarn-nydja, jarnklubba. **-holkr,** *m.* jarnholk. **-hosa,** *f.* hosa av jarn. **-hringr,** *m.* jarnring. **-hurð,** *f.* jarnhurd, jarndør. **-hvalr,** *m.* kval med jarn-skutel (harpun) i seg. **-hǫfuð,** *n.* jarnhovud. **-kambr,** *m.* jarnkamb. **-ketill,** *m.* jarn-kjêl. **-kló,** *f.* jarnklo. **-klukka,** *f.* jarnklokka. **-klumba,** *f.* jarnklubba. **-klæddr,** *a.* jarnklædd. **-kola,** *f.* kola (lampe) av jarn. **-krókr,** *m.* jarnkrok. **-kylfa,** *f.* jarnklubba. **-lampr,** *m.* jarnlampe. **-ligr,** *a.* av jarn, som jarn, jarn-. **-lok,** *n.* jarnlok. **-loka,** *f.* jarnloka, jarnslaa. **-lurkr,** *m.* jarn-lurk. **-lykkja,** *f.* jarnlykkja. **-mikill,** *a.* velbudd med jarn. **-nagli,** *m.* jarnnagle, spikar. **-nef,** *n.* jarnnebb. **-nǫkkvi,** *m.* jarnbaat. **-ofinn,** *a.* jarnvoven. **-port,** *n.* jarnport. **-reka,** *f.* jarnreka, jarnspade. **-rekendr,** *f. pl.* jarnlekkja. **-rekkja,** *f.* jarnseng. **-rending,** *f.* jarnkant. **-rendr,** *a.* jarnslegen kring kanten. **-saumr,** *m.* jarnsaum. **-sía,** *f.* jarn-sinder. **-síða,** *f.* namn paa ei islandsk logbok, som vart vedteki 1271—73 og galdt nokre faa aar. **-skór,** *m.* jarnsko. **-skorning,** *f.* skjering med jarn. **-slá,** *f.* jarnslaa, jarnstong. **-sleggja,** *f.* jarnsleggja.

jarnslitr, *m.* lit som jarn, jarnlit.

jarn-smíð, *f.* jarnsmiding. **-smíði,** *n.* **1.** jarnsmide, smedarbeid av jarn. **2.** jarnsmiding. **-smiðjubúð** (og *-smiðarbúð*) *f.* smidja. **-smiðr,** *m.* smed, jarnsmed. **-spaði,** *m.* spoda (flat tein) av jarn. **-spjót,** *n.* jarnspjot. **-spǫng,** *f.* jarnspong, jarnplata. **-stafr,** *m.* jarnstav, jarnstokk. **-stika,** *f.* jarn-stake. **-stóll,** *m.* *stóll* av jarn. **-stolpi,** *m.* jarnstolpe. **-strengr,** *m.* jarnstreng. **-stǫng,** *f.* jarnstong. **-súla,** *f.* jarnsula, jarnstolpe. **-svipa,** *f.* jarnsvipa. **-teinn,** *m.* jarntein, jarnstong. **-tíund,** *f.* tiend av jarn-utvinning. **-tǫng,** *f.* jarntong. **-vaf,** *n.* jarn-vav, jarn-røyring. **-vafiðr,** *a.* vavd, røyrd med jarn. **-vápn,** *n.* jarnvaapn. **-variðr,** *a.* jarnslegen. **-viðjar,** *f. pl.* jarnvidjor, jarnband. **-virki,** *n.* ting, yrke gjort av jarn. **-vǫlr,** *m.* vol, rund stokk av jarn. **-æfi,** *f.* (god ell. klen) tid paa jarn. **-ǫr,** *f.* jarnpil.

jarpi, *m.* jarpe (fugl). Tetrao bonasia. **jarpr,** *a.* brun. **jarp-skammr,** *a.* brun og liten (?). **-skjóttr,** *a.* brundroplut.

kveða, *v. st.* **A. 1.** segja, gjeta, tala; upers. *kveðr at fornu máli,* dei segjer med eit gamalt ord. Jfr. nyn. *kveda,* segja, nemna, Tel. **2.** uttala. **3.** segja fram (kvæde), kveda. **4.** ljoda, laata, skrika. Med part. *á*: *kveða á,* nemna, segja fraa; anka, kjæra paa; segja til, fastsetja; gjera krav paa; *ákveðinn,* fastsett; *ákveðin orð,* lastord, haadord; *með ákveðnum orðum, með ákveðnu,* med greide ord. *at*: *kveða at,* segja; *kveða e-t at e-m,* spaa ein eitk. *upp*: *kveða e-t upp,* segja fram, gjera eitk. kjent.

B. *kveðast, v. r.* kvedast, segjast; upers.

e-m kveðst, han segjest; rec.: *kveðast at,* segja fram dikt, kveda aat kvarandre. Jfr. nyn. *kvedast* = stevjast.

kveðandi, *f.* **1.** framsegjing av eit dikt; kveding, song. **2.** versemaal.

kveðja, *v.* (*kvaddi*) **1.** tala til; helsa (til, paa); *kveðja e-n at e-u,* tala til ein um eitk. **2.** kalla, stemna; *kveðja búa um sǫk* (i ei sak); *kveðja e-n upp,* kalla eink. upp (fraa sengi; til vaapn). **3.** krevja; beda; *kveðja e-n e-s* (*at e-u*); *kveðja e-n frá* (*ór*) *e-u,* stengja ein ute fraa eitk.

kveðja, *f.* helsing, ord til helsing.

kveðju-boð, *n.* **-sending,** *f.* helsning.

kveðskapr, *m.* kvedskap, dikt; dikting, skaldskap.

kvef, *n.* flabb (jfr. *kov,* n. svelg, Set.).

kvefja, *v.* (*kvafði*) kveva, kjøva (= *kefja*).

kveif, *f.* eit slag huva, mest um bispehuva; brynjehuva.

kveika, *f.* kveikjing, kveiksla. **kveikar,** *f. pl.* kveik, gjester, gjær. **kveiking,** *f.* kveikjing (yverf.).

kveikja (og *kveykja, kveykva, kvøkva, kvekva, keykva, keykja*) *v.* (*kt*) **1.** gjeva liv, gjera livande. **2.** kveikja, tendra. **3.** yverf. kveikja (upp), vekkja (sorg); støra (til); setja ut (eit ord). **4.** lodda saman.

kveikja, *f.* kveikje, det som vekkjer eller kveikjer upp (*e-s*).

kveikr, *m.* veik (i lampa).

kvein, *f.* og *n.* kveining, ank, jammer. **kveina,** *v.* (*að*) kveina, anka, klaga, jamra seg. **kveinan,** *f.* kveining, jammer. **kveinka,** *v.* (*að*) kvinka, syta, bera seg. **kveinkan,** *f.* kvinking, syting. **kveinkanarorð,** *n.* sytande ord. **kvein-samligr,** *a.* ankefull, anksam. **-stafir,** *m. pl.* sutemaal, klagemaal.

kveisa, *f.* **1.** kaun, svoll. Jfr. nyn. *kveisa,* køyna. **2.** tullesott, svivesott; jfr. nyn. *kveis.* **kveisu-nagli,** *m.* vaagmor (i kaun). **-sullr,** *m.* kaun, svoll.

kveita, *v.* (*tt*) gjera ende paa, kvitta.

kveld, *n.* kveld; *í kveld,* i kveld; igaar kveld. **kvelda,** *v.* (*að*) kvelda, verta kveld; upers. *kveldar* (*daginn*) det kveldar; ogso: *kveldar sólina.* **kveld-langt,** *av.* heile kvelden, so lenge det er kveld. **-ligr,** *a.* som høyrer til kvelden, kvelds-. **-mál,** *n.* kveldstid. **-máltið,** *f.* kveldsverd. **kveldr,** *m.* kveld. **kveld-riða,** *f.* trollkvende, som rid umkring um kveldarne og gjer folk vondt. **-riðustóð,** *n.* **-riðuhestar,** *m. pl.* ulvar (poet.). **-seta,** *f.* kveldseta, det aa sitja uppe um kveldarne. **-svæfr,** *a.* kveldsvæv, svevnug um kvelden. **-sǫngr,** *m.* tenesta i kyrkja kl. 9 um kvelden (= *náttsǫngr*). **-tími,** *m.* kveldstid.

kvelja, *v.* (*kvaldi*) pina, plaaga. *kveljast, v. r.* pinast; yverf. vanlukkast. Jfr. nyn. *kvelja* (Aasen). **kveljari,** *m.* pinar, rakkar.

kvelling, *f.* vanhelsa, krankleik. **kvellingasamr,** *a.* sjukvoren, kruslen. **kvellisjúkr,** *a.* vanhelsug, sjukleg. **kvellisótt,** *f.* vanhelsa, krankleik. Jfr. *kvilla.*

kvendi, *n.* kvende, kvinnfolk.

kvenir, *m. pl.* kvæner. **Kvenland,** *n.* landet der kvænerne budde.

kvenna, *f.* kvinna. **kvenna-ást,** *f.* kvendekjærleik. **-far,** *n.* umgang, ulivnad med kvende. **-fé,** *n.* gods som kvende eig. **-ferð,** *f.* ferd, reis som høver for kvende. **-ferði,** *n.* = *-far.* **-fjǫldi,** *m.* **-flokkr,** *m.* fjølde, flokk av kvende. **-folk,** *n.* kvinnfolk. **-friðr,** *m.* trygd for kvende, kvendefred. **-gipting,** *f.* **-giptir,** *f. pl.* kvende-burtgifting. **-girnd,** *f.* gir, lyst etter kvende. **-grið,** *n.* = *-friðr.* **-hár,** *n.* kvendehaar. **-hjal,** *n.* kvendesnakk. **-hús,** *n.* kvende-stova. **-klæðnaðr,** *m.* kvendeklædnad. **-land,** *n.* landet aat kvendi. **-leiðir,** *m.* barn fraa 3 aarsalderen av (eig. kvendeleidar). **-lið,** *n.* kvendeflokk. **-maðr,** *m.* kvendekjær mann. **-mál,** *n.* sak som vedkjem kvende, sak um lauslivnad med kvende. **-munr,** *m.* skilsmun paa kvende, kvendemun (jfr. mannemun). **-ráð,** *n. pl.* kvenderaad. **-raun,** *f.* kvende-prøva. **-réttr,** *m.* rett som gjeld for kvende. **-skáladyr,** *n. pl.* dør til kvende-stova. **-skáli,** *m.* kvendestova. **-skap,** *n.* kvendelynde.

kvennaskr, *m.* eit holmaal = $^2/_3$ *karlaskr.*

kvenna-sveit, *f.* kvendefylgje. **-sæti,** *n.* kvendesæte. **-vagn,** *m.* stjernemerket „Litle bjørnen". **-vegr,** *m.* kvendesida.

kvenn-borinn, *a.* som er etterkomar paa kvendesida. **-búnaðr,** *m.* kvendebunad. **-dýr,** *n.* dyr av hoslaget, hona. **-folk,** *n. koll.* kvinnfolk. **-fugl,** *m.* fugl av hoslaget. **-fǫt,** *n. pl.* kvendeklæde. **-gildr,** *a.* jamgod med eit

kvende (med umsyn paa kosten). **-gjafir,** *f. pl.* tillegg til manneboterne som nærskylde kvende aat den drepne fekk av nærskylde kvende aat draapsmannen. **-hallr,** *a.* kvendekjær. **-kenna,** *v.* (*nd*) kalla med kvendenamn. **-kendr,** *a.* som er av hoslaget, av kvendkyn. **-kind,** *f.* kvendkyn; *gen. -kindar,* av kvendkyn. **-klæði,** *n. pl.* kvendeklæde. **-kné,** *n.* kvendeleg ættled. **-kostr,** *m.* gifte. **-kryplingr,** *m.* kvende som er krypling. **-kvikendi, -kykvendi,** *n.* kvikjende, dyr av hoslaget. **-kyn,** *n.* kvendkyn, hoslag. **-kyrtill,** *m.* kvendekyrtel. **-leggr,** *m.* kvendesida (i ein ættlegg). **-legr,** *n.* legemaal med kvende. **-ligr,** *a.* kvendeleg (*-liga, av.*). **-list,** *f.* kvende-kunst. **-maðr,** *m.* kvinnmann, kvende. **-mannligr,** *a.* som eit kvende, kvendeleg (*-liga, av.*). **-mannsbóti,** *m.* kvendestyvel. **-mannsbúningr,** *m.* kvendebunad. **-mannsskór,** *m.* kvendesko. **-mannssǫðull,** *m.* kvendesâl. **-nýtr,** *a.* som kann faa barn med kvende. **-ormr,** *m.* orm av kvendkyn, yrma. **-réttr,** *m.* = *kvennaréttr.* **-samliga,** *av.* kvendekjært, usømeleg. **-samr,** *a.* kvendsk, kvendekjær. **-semi,** *f.* gir, lyst etter kvende. **-sift,** *av.* paa kvendesida. **-skikkja,** *f.* kvende-kaapa. **-skinn,** *n.* kvinnfolk (vanvyrdeleg). **-skór,** *m.* kvendesko. **-skratti,** *m.* vondt kvende, troll-kvende. **-skrúði,** *m.* kvendebunad. **-skygn,** *a.* som skynar seg paa kvende. **-skǫp,** *n. pl.* kvendelem, løynelem. **-skǫrungr,** *m.* dugande kvinna. **kvennsligr,** *a.* kvendeleg. **kvenn-styrkr,** *a.* sterk som eit kvende. **-svipt** (og *-syft*) *f.* kvendesida (i ein ættlegg). **-sviptarmaðr,** *m.* ætting paa kvendesida. **-sǫðull,** *m.* kvendesâl. **-úmagi,** *m.* forsytelaust kvende. **-váðir,** *f. pl.* kvendeklæde. **-vélar,** *f. pl.* kvendekunst, kvendehjelp.

kvenska, *f.* kvendehaatt, kvendeferd; kvendedygd.

kver, *n.* legg (av blad i ei bok).

kverk, *f.* (*nom. pl. kverkr, kverkar*) **1.** kroken millom hoka og hals. **2.** i pl. kverk, strupe, hals. **3.** kverk paa ei øks (skora millom blad og hamar). **4.** krok, bøygning fram under baarekamben. **kverka-mein,** *n.* halsillska, halsverk. **-sótt,** *f.* halssykja. **-sullr,** *m.* halssvoll, halsbolde. **kverkband,** *n.* hokeband (paa hatt).

kvern, *f.* (*-ar*; *-ir*) **1.** kvern, handkvern. **2.** kvernstein. **kvernar-auga,** *n.* kvernauga. **kvern-berg,** *n.* kvernberg. **-bítr,** *a.* (sverd) som bit paa kvernstein. **-hús,** *n.* kvernhus. **-steinn,** *m.* kvernstein. **kvernustœði,** *n.* kvernstøde, kvernlægje.

kvett, *n.* møyrt kjøt (poet.).

kveykja, *v.* = *kveikja.*

kveykur, *f. pl.* **1.** kveikjingar. **2.** kveik, gjester, gjær (jfr. *kveika, f.*).

kveykva, *v.* = *kveikja.*

kveykvur, *f.* kveik, gjær (= *kveykur* 2).

kví, *f.* (*nom. pl. -ar*) **1.** kvi, inngjerding til feet. (Heiter ogso *kvía, f.* N. G. L. II 498 = nyn. *kvie,* Nfj. Snm.). **2.** trong gang, geil, klemba (t. d. millom rekkjor av folk). **kvía,** *v.* (*að*) eig. kvia, samla i kvi; ringa, stengja inne. **kvía-dyrr,** *f. pl.* dør, led til ei kvi. **-garðr,** *m.* gard, gjerde kring ei kvi.

kvíða, *f.* kvida, hugverk, otte. **kvíða,** *v.* (*dd*) kvida, gruva, ottast, vera rædd for eitk. (*e-u, við e-u*).

kviða, *f.* eit episk kvæde (helst i versemaalet *kviðuháttr*).

kviða, *v.* (*að*) meinka, forbjoda (= *kviðja*).

kviðáll, *m.* buk-kjøt paa dyr. Vigf. Jfr. nyn. *kvidaal,* bukflesk avskore i ei smal remsa.

kviðar-girnd, *f.* hug til kraasing, oveting. **-hungr,** *m.* hunger. **kviðasótt,** *f.* sjaa *kviðsott.*

kvíðbjóðr, *m.* kvidelegt, illspaaande fyrebod, vondt varsl.

kviðblástr, *m.* trote i livet (magen).

kviðburðr, *m.* doms-framsegn, orskurd (av ei nemnd av *kviðmenn*); yverf. ogso um domsnemndi.

kvið-drag, -dráttr, *m.* vombdrag, stynjing (hjaa sprengde hestar). **-hlutr,** *m.* bukstykke (av skinn).

kvíði, *m.* kvida, hugverk, otte. **kvíðinn,** *a.* kviden, ottefull.

kviðja, *v.* (*að*) meinka, forbjoda, neitta (*e-m e-t*); *v. r. kviðjast e-t,* draga, bera seg undan eitk. **kviðjan,** *f.* meinking, forbod.

kviðlingr, *m.* lite kvæde, vers.

kviðmaðr, *m.* mann i domsnemndi (*kviðr*).

kviðr, *m.* (*-ar*; *-ir*; *akk. pl. -u*) domsframsegn, dom, orskurd, som ei nemnd paa 5, 9 eller 12 *kviðmenn* gav i visse rettssaker; ogso

um sjølve nemndi; *bera kvið um e-t,* segja fram orskurd um eitk. (*af e-m,* til beste for ein; *á e-n, í móti e-m,* imot ein); *kveðja e-n kviðar,* kalla ein til aa vera „kvidmann"; *ryðja kvið,* rydja, skjota ut or „kviden".

kviðr, *m.* (*-ar*; *-ir*; *akk. pl. -u*) buk, liv, mage, vomb; jfr. nyn. *kvid,* bukflesk (Nfj.) og *kvidgjord.*

kvíðr, *m.* kvida, hugverk, otte.

kvið-sótt, *f.* livverk, magesykja. **-sullr,** *m.* magesvoll. **-þroti,** *m.* trote i livet (magen). **kviðugr,** *a.* fremmeleg, diger, som er med barn.

kviðuháttr, *m.* eit slag episk versemaal.

kvíðustaðr, *m.* orsak til kvida, otte.

kvið-verkr, *m.* **-vælendi,** *n.* livverk, mageverk.

kvíga, *f.* kviga. **kvígendi,** *n.* kvigjende, ungfe (kalvar og kvigor). **kvígr,** *m.* ung stut, uksekalv. **kvígukalfr,** *m.* kvigkalv.

kvika, *f.* **1.** kvika, kvik (kjøtet under neglerne paa folk eller under klauverne paa dyr). **2.** rennande kjeldevatn. **3.** *kvikur í nǫsum,* eit slag nasesjukdom (polyp?).

kvikendi, *n.* **1.** kvikjende, livende, livande skapning. **2.** kvikjende, dyr, fe.

kvik-fé, *n.* **-fénaðr,** *m.* fe, fenad. Jfr. *kvik* = „kvæg", Set. **-fjárlag,** *n.* gjengeleg takster paa fe. **-látr,** *a.* kvik, livleg. **kvikligr,** *a.* kvikleg, livleg, som ser livande ut (*-liga, av.*).

kvikna, *v.* (*að*) **1.** kvikna, livna, faa liv. **2.** kvikna, verta kvik. **3.** kveikjast, fatna, tendrast. **kviknan,** *f.* kvikning, det aa faa liv; *taka kviknan,* faa liv.

kvikr, *a.* **1.** kvik, livande. **2.** kvik, livleg. **kvik-setja,** *v.* (*tt*) grava livande ned. **-settr,** *a.* heilag etter dauden (eig. livande gravlagd). **-silfr,** *n.* kviksylv. **kvikudropi,** *m.* drope kjeldevatn. **kvikur,** *f. pl.* = *kveykvur.* **kvikva,** *f.* kvik (kjøtet under neglerne). **kvikva-settr,** *a.* = *kviksettr.* **-vǫðvi,** *m.* kalve (baklegg). Jfr. nyn. *vodve* ogso i denne tydning, Hard. **kvikvendi,** *n.* = *kvikendi.* **kvikvendligr,** *a.* dyrsk, som høyrer til dyri.

kvilla, *f.* vantrivnad, vanhelsa; jfr. *kvill,* f. d. s. Tel. (Runkv.).

kvinna, *f.* kvinna (= *kona*).

kvirkja, *v.* (*kt*) kvirkja, kverka (= *kyrkja*).

kvirr, kvirr- sjaa *kyrr, kyrr-.*

kvis, *n.* kviskring. **kvisa,** *v.* (*að*) kvisa, kviskra.

kvísl, *f.* **1.** kvisl, tjuga, klufta greip. **2.** kvisl, arm, grein (t. d. av elv, ættlina o. a.). **kvísla,** *v.* (*að*) og **kvíslast,** *v. r.* greina seg, kløyva seg. Jfr. nyn. *kvislast,* skutlast burt. **kvíslatré,** *n.* klufta tre. **kvíslóttr,** *a.* greinut.

kvista, *v.* (*að*) kvista, hogga kvisterne av; yverf. hogga ned, gjera av med; *k. bál,* gjera baal av kvister. **kvistr,** *m.* (*-ar*; *-ir*; *akk. pl. -u*) kvist, liti grein; *eiga í kvikum kvisti,* eiga i livande eller kvikt (fe). **kvistskœðr,** *a.* som skader kvisterne.

kvitta, *v.* (*að*) **I.** kvitta, gjera fri.

kvitta, *v.* (*að*) **II.** fortelja, drøsa. **kvittr,** *m.* (*nom. pl. -ir* og *-ar*; *akk. -u*) kvitr, snakk, drøs, forteljing.

kvittr, *a.* kvitt, fri for krav eller paatale.

kvittsamr, *a.* som fer med drøs, slarvsam.

kvóf, *n.* kov (= *kóf*).

kvora, *v.* (*að*) = *kvára.*

kvæða-fróðr, *a.* som kann mange kvæde. **-háttr,** *m.* eit slag versemaal. Didr. 26. **kvæði,** *n.* kvæde, dikt. **kvæðis-laun,** *n. pl.* løn for eit kvæde. **-mynd,** *f.* svip, gjerd paa eit kvæde.

kvæfa, *v.* (*fð*) kvæva, kjøva.

kvækla, *v.* (*að*) skvitra, laata (= *kvaka*).

kvælni, *f.* kjæla. Hom. 122₃₂. Jfr. nyn. *kvælen,* kjælen, saarskinna, Sogn.

kvæmt, *a. n.* kjømt, komande; upers. *er e-m kvæmt.* Jfr. nyn. *kvæm.*

kvæn, *f.* kona (= *kván*). **kvæna,** *v.* (*nd, nt*) faa (ein mann) gift; *kvænast, v. r.* gifta seg, faa seg ei kona. **kvæn-bœn,** *f.* friing, bêling. **-fang,** *n.* gifta, giftarmaal. **-fangstíð,** *f.* tid for giftarmaal. **kvæning,** *f.* giftarmaal.

kvænir, *m. pl.* kvæner (= *kvenir*).

kvøkva (ogso *kvekva,* Lars.) *v.* = *kveikja.*

kvǫð, *f.* (*kvaðar*) **1.** krav. **2.** tilstemning av *búar* eller *kviðmenn.* **3.** nemnd av tilstemnde *búar* eller *kviðmenn.*

kvǫðu-dómr, *m.* domsnemnd som dømer um ei rettsleg krevjing. **-váttr,** *m.* vitne paa ei rettsleg krevjing. **-vitni,** *n.* vitne, vitnemaal um ei rettsleg krevjing.

kvǫl, *f.* (*kvalar*; *kvalar* og *kvalir*) pinsla, liding.

kyfla, *v.* sjaa *kylfa.*

kyfla, *f.* venteleg = nyn. *kjøgla,* stutt, tjukt kvende, skræmsl. Fm. VIII 308.

kykna, kykr, kyk- sjaa *kvikna, kvikr, kvik-.*

kýla, *v.* (*ld*) fylla (magen); *kýla ǫl,* belga i seg, tøyta øl.

kylfa, *v.* (*fð*) trivla, stopla (i tale).

kylfa (ogso *kylba*) *f.* **1.** klubba, lurk. Jfr. nyn. *kylla,* eit slag klubba (Ross). **2.** (ogso *kylfi, n.*) kollar, uppstandar i skipsstamnen.

kylfing, *f.* trivling, sveivetale.

Kylfingaland, *n.* landet aat **kylfingar,** *m. pl.* eit folk i Gardarike, kolbjagar.

kylfuhǫgg, *n.* klubbeslag.

kýli, *n.* kyle, svoll.

kýll, *m.* sekk, pose, nistepose.

kyllir, *m.* **1.** pose, sekk (i sms.). **2.** pung (scrotum). Jfr. nyn. *kylle(r),* mage, fuglekraae, Namd., og *kjøller* (paa not) Ross.

kylna, *f.* kylna, turkestova, badstova. **kylnueldr,** *m.* elden i kylna.

kylr, *m.* kyl, kulde.

kýmiligr, *a.* løgleg, underleg (*-liga, av.*).

kyn, *n.* **I.** (*gen. pl. kynja*) **1.** kyn, ætt, avkjøme. **2.** kyn, slag; *annars kyns,* av anna slag. **3.** vis, maate; *hvers kyns,* paa alle slags vis.

kyn, *n.* **II.** (*gen. pl. kynja*) under, vidunder. **kynbirtr,** *a.* ovunders bjart, ovleg blank. **kynborinn,** *a.* ættboren.

kynda, *v.* (*nd*) kveikja, tendra, elda; *kyndast, v. r.* kveikjast. **kyndari,** *m.* kveikjar, eldar.

kyndi, *n.* kynde, slag.

kyndill, *m.* ljos. Jfr. nyn. *kyndel.* **kyndilmál,** *n.* maal til aa gjera eit kjerteljos etter. **-messa, kyndils-messa,** *f.* (og *-messudagr*) *m.* kyndelsmessa, 2dre februar. **-messuaptann,** *m.* aftan, dagen fyre kyndelsmessa.

kyndugliga, *av.* fult, sløgt. **kyndugr,** *a.* ful, sløg; kyndug, atall, traassug. **kyndugskapr,** *m.* fulskap; kyndugskap, traass.

kynferð, *f.* **-ferði,** *n.* ætt; skyldskap. **-ferðugr,** *a.* ætta; ættgod. **-fylgja,** *f.* **1.** ættarlag, kynde, natur. **2.** kyn, ætt, slag. **-fylgjuspell,** *n.* mein som fylgjer ei ætt, ættarlyte.

kynfǫr, *f.* underleg ferd, underferd. Edd. M.

kyn-fœra, *v.* (*rð*) føra i ætt; *k. sik,* syna kva ætt ein høyrer til.

kyngi, *f.* kunnskap i trolldom, trollskap. **kyngi-kraptr,** *m.* trolldomskunst. **-veðr,** *n.* trollvêr.

kyn-góðr, *a.* av god ætt, ættgod. **-gǫfgaðr, -gǫfugr,** *a.* av gjæv ætt, ættstor.

kynjaburðr, *m.* underlegt foster.

kynjaðr, *a.* ætta; *vel kynjaðr,* ættgod.

kynja-lauss, *a.* underlaus, som er utan under. **-læti,** *n. pl.* underlege læte (aatferd). **-maðr,** *m.* underlegt, merkelegt menneskje. **-mein,** *n.* underleg sjukdom.

kynja-skipti, *n.* umskifte av kyn (i gram.).

kynja-sótt, *f.* underleg sjuke. **-vetr,** *m.* under-vetter.

kyn-kvísl, *f.* ættkvisl, ættgrein; ættled. **-leggr,** *m.* ættlegg, ættlina.

kynligleikr, *m.* under, vidunder. **kynligr,** *a.* underleg (*-liga, av.*).

kyn-líkr, *a.* som slegtast paa, er lik (*e-m*). **-lítill.** *a.* av laag, ring ætt.

kynmálasamr, *a.* huga paa aa høyra underlege sogor. Edd. M.

kyn-margr, *a.* mangslags. **-mót,** *n.* svip, utsjaanad.

kynna, *v.* (*nt*) kynna, gjera kjent; *kynna e-t* (*með*) *e-m,* gjera ein kjend med; *kynna e-m til e-s,* syna ein vegen til eink. *kynnast, v. r.* gjera seg kjend, verta kjend.

kynni, *n.* **1.** kynne, lag, natur. **2.** skyldskap; skyldfolk. **3.** gjestning, vitjing hjaa vener og skyldfolk. Jfr. nyn. *kynne* og *kynnehus,* hus der ein ofte er gjest.

kynniliga, *av.* kjendsleg, paa kjend vis.

kynning, *f.* kjennskap (til), kunnskap (um) *e-s.*

kynnis-gjǫf, *f.* gaava som verten gjev ein gjest, gjeste-gaava. **-leit,** *f.* **-sókn,** *f.* gjesting, vitjing. **-vist,** *f.* upphelde hjaa ein som gjest.

kynríkr, *a.* ættstor, høgboren.

kynsl, *n.* sjaa *kynstr.*

kyn-slóð, *f.* ætt; ættgrein; ættled. **kynsmaðr,** *m.* ætting. **kyn-smár,** *a.* laagætta. **-smæð,** *f.* (eig. ætt-lægd) laag ætt. **-stafr,** *m.* ætting. **-stórr,** *a.* ættstor, høgætta.

kynstr (ogso *kynsl*) *n.* klok raad, kunst, trolldom; under.

kyn-stœrð, *f.* (eig. ætt-storleik) stor, høg ætt. **-sæll,** *a.* velsigna med ei stor, gjæv ætt. **-þáttr** (og *kynsþáttr*) *m.* ætt, ættlegg. **-vana,** *a.* som ingi ætt hev, ættlaus.

kýr, *f.* (*gen. kýr, dat.* og *akk. ku*; *nom.* og *akk. pl. kýr, gen. kúa, dat. kúm*) ku (*kyr*, Berg. Tel. o. fl.).

kyrð, *f.* kjørr, ro.

kyrfiligr, *a.* ring, vesall.

kyrfingshjarta, *n.* avbrigde til *kyrningshjarta*, Fm. VIII 381.

kýr-fóðr, *m.* kufôr. **-húð,** *f.* ku-hud. **-hvalr,** *m.* eit slag kval.

Kyrjálaland, *n.* Karelen. **kyrjálar,** *m. pl.* karelar (eit finnlendsk folkeslag).

kýrkaup, *n.* ku-kaup.

kyrking, *f.* kyrkjing, kverking. **kyrkja,** *v.* (*kt*) kyrkja, kverka, strupa.

kýr-lag, *n.* kuverde, eitk. jamgodt eller jamverdt med ei ku. Jfr. nyn. *kyrlag* = ei halv tylft (helst av smaafe) **-leiga,** *f.* det ein betalar i leiga for ei ku, kuleiga; *kýrleiga jarðar*, so mykje jord som ein betalar ei kuleiga i landskyld for. **-leigutíund,** *f.* tiend av kuleiga. **-naut,** *n.* ku.

kyrningshjarta, *n.* hjartestyrkjing? Fm. VIII, 381. Jfr. nyn. *kyrning*, eitel i stein.

kyrpingr, *m.* kryp, rædding? Jfr. nyn. *kyrpa* = hyrpa ihop.

kyrr, *a.* kjørr, still, roleg, fredeleg; *halda kyrru fyrir, sitja af* (*um*) *kyrt*, halda seg roleg; *láta vera kyrt*, lata vera (i fred); *kyrt, av.* lint, varleg.

kyrra, *v.* (*rð*) kjørra, gjera roleg (tam); yverf. drepa; upers. *kyrrir sjáinn*, sjøen vert kyrr. *kyrrast, v. r.* verta still, roleg. **kyrra,** *f.* kjørra, stilla. **kyrran, kyrring,** *f.* det aa gjera roleg, tam.

kyrr-látr, *a.* stillfarande, roleg. **-leikr,** *m.* kjørra, stilla, ro. **-ligr,** *a.* roleg, still (*-liga, av.*). **-seta,** *f.* det aa sitja (vera, liva) i ro, still-seta. **-setuleyfi,** *n.* løyve til aa sitja i ro heime, heimløyve. **-setutak,** *n.* aabyrgsla, vissa for at ein er tilstadar. **-sæti,** *n.* = *kyrrseta.* **-viðri,** *n.* stillvêr.

kýrsveinn, *m.* busvein, hyrding.

kyrtilblað, *n.* bloka, flak paa kyrtel. **kyrtill,** *m.* kyrtel, stundom berre som ein stakk (utan *upphlutr*). **kyrtil-** sjaa *kyrtils-*. **kyrtils-búnaðr,** *m.* prydbunad paa ein kyrtel. **-klæði,** *n.* klæde til ein kyrtel. **-lauss,** *a.* kyrtellaus, som er utan kyrtel. **-skaut,** *n.* bloka, flak paa ein kyrtel. **kyrtlaklæði,** *n. pl.* klæde til kyrtlar.

kýrverð, *n.* kuverde.

kyssa, *v.* (*st*) kyssa. **kyssiligr,** *a.* kysseleg, kyssande. Jfr. *koss.*

kytja, *f.* = *kot* (poet.). Eg. s. 30.

kækinn, *a.* useda, grov.

kællingasunnudagr, *m.* = *kærusunnudagr.*

kæna, *f.* eit slag baat.

Kænugarðr, *m.* Kijev (i Russland).

kæra, *v.* (*rð*) **1.** kjæra, klaga yver, anka paa (*e-t, um e-t, á e-n*); *kæra sik um e-t*, kjæra (klaga) seg for eitk. **2.** klaga, skulda (*e-n*). **3.** føra fram (for retten), tala paa, tala um (ei sak). **4.** gjera krav paa (*á e-t, eptir e-u*).

kæra, *f.* **I. 1.** kjæremaal, klagemaal, klaga. **2.** tale, røda.

kæra, *f.* **II.** kjæra, vena. **kæri,** *m.* kjær, ven.

kæring, *f.* klaging.

kærleikr, *m.* kjærleik, kjær venskap. **kærligr,** *a.* kjærleg (*-liga, av.*).

kærlingarsunna, *f.* = *kærusunnudagr.* **kærlingarsunnuaptann,** *m.* **kærlingusunnudagr,** *m.* sjaa *kærusunnu-.*

kærr, *a.* **1.** kjær, elska, lika av (*e-m*). **2.** kjær, kjærleg. **3.** kjær, glad i (*at e-m*).

kærsla, *f.* **1.** kjæremaal, klagemaal, klaga. **2.** tale.

kærslasunnudagr, kærslusunnudagr, *m.* = *kærusunnudagr.*

kæruefni, *n.* emne til klaga, trættemaal.

kærusunnu-aptann, *m.* dagen fyre **kærusunnudagr,** *m.* femte sundagen i fasta.

kæta, *v.* (*tt*) kjæta, gjera kaat, glad; *kætast, v. r.* gledjast, verta glad. **kæti,** *f.* kjæta, gleda.

køptr, *m.* = *kjaptr.*

kør, *n.* val; sjaa *kjǫr.*

køri, *m.* tapp (= *keri*).

kœfa, *v.* (*fð*) kjøva, kvæva; sløkkja.

kœja, *v.* uroa, plaaga.

kœla, *v.* (*ld*) kjøla, gjera kaldare.

Kœnland, *n.* = *Kvenland.*

kœnleikr, *m.* kunnigskap, dugleik. **kœnligr,** *a.* klok, klyftig (*-liga, av.*). **kœnn,** *a.*

kunnig, dugleg, klyftig. Jfr. nyn. *kjøn,* klok, næm. **kœnska,** *f.* klokskap, dugleik.

kǫggull, *m.* tupp (paa finger og taa).

kǫgla, *v.* (*að*) kogla, glytta, kika.

kǫgurbarn, *n.* koggebarn, umage, smaagut (i vanvyrdnad).

kǫgurorð, *n.* avbrigde til *kǫpuryrði, f.* i Klm. 463₁.

kǫgurr, *m.* aaklæde, tjeld.

kǫgursveinn, *m.* smaagut, umage.

kǫkukorn, *n.* ei liti kaka.

kǫlsugr, *a.* spitug, eglesam; jfr. *kalls.*

kǫmbóttr, *a.* som hev kamb (um dyr).

kǫngull, *m.* kongul, klase, krase.

kǫngulváfa, kǫngurváfa, *f.* kongro, vevkjering. **kǫngurváfuvefr,** *m.* kongrovev.

kǫppusteinn, *m.* koppestein, kampestein.

kǫpur-máll, -málugr, *a.* storordig. **-orð,** *n. pl.* **-yrði,** *n.* og *f.* store ord, skrøyt.

kǫr, *f.* seng, sjukeseng; *liggja í kǫr,* liggja i korlægje (tilsengs). Jfr. nyn. *liggja i kor,* d. s. Y. Namd. **kǫr-leginn,** *a.* korlegen, sengliggjande. **-legsmaðr, -lægimaðr,** *m.* sengliggjande mann. **-lægr,** *a.* korlegen, sengliggjande.

Kǫrmt, *f.* „Karmøy“ (heiter no Kart'n i Shl.).

kǫs, *f.* (*kasar*) kos, dunge.

kǫstr, *m.* (*kastar*; *nom. pl. kestir*; *akk. kǫstu*) kost, dunge.

kǫsungr, *m.* ermlaus trøya.

kǫttr, *m.* (*kattar*; *nom. pl. kettir*; *akk. kǫttu*) katt.

L.

lá, *f.* (*nom. pl. lár*) **1.** sjøen, vatnet næmast strandi; poet. sjø. **2.** blod (Edda). **3.** haar (Sn. E.). Jfr. nyn. *laa,* myrvatn.

láð, *n.* land; *land ok láð,* land og rike.

laða, *v.* (*að*) **1.** beda, bjoda inn. **2.** føra. *laðast, v. r.* samlast. **laðaðsmaðr,** *m.* leidar, førar (?). **laðan,** *f.* innbjoding.

láðmaðr, *m.* vegvisar, los. Ags. *ládmann.* Jfr. *leiðmaðr.*

laðorð, *n.* innbod, innbjoding.

laðrúnn, *m.* røvar (lat. latro).

lafa, *v.* (*fð*) lava, hanga, dingla; yverf. gaa og slengja. Jfr. nyn. *staa og lava,* d. s. Sogn.

láfa-dyrr, *f. pl.* laavedør. **-eldr,** *m.* eld som dei gjer upp paa laaven. **-fili,** *n.* fjølerne, tilet i laaven. **-garðr,** *m.* inngjerd treskjestad. **-maðr,** *m.* laavemann, mann som arbeider paa laaven. **-rúm,** *n.* rom i ein laave. **-þili,** *n.* fjølerne, tilet i laaven.

lafði, *f.* frua, raadsfrua (ags. hlǣfdige).

lafhræddr, *a.* skjelvande rædd.

láfi, *m.* laave, treskjelaave.

lafranz-messa, *f.* **-vaka,** *f.* **-vǫkudagr,** *m.* larsmessa, larsvoka, 10. august.

lag, *n.* **1.** eitk. som er lagd, ligg paa ein stad. Jfr. nyn. *lag,* legning, lad. **2.** stad der eitk. ligg (er) eller skal liggja (skal vera); jfr. nyn. *skjerdinglag* o. fl.; *leggja stýri í lag* (*ór lagi*), setja paa (taka av) styret; *í ǫðru lagi,* paa den andre sida, dinæst; *sér í lagi,* ser um lag, serskild, for seg. **3.** rett stad (stoda), rett skipnad, lag, skikk; *fara, koma í lag*; *fœra ór lagi*; *koma lagi á,* koma i lag med (d. e. greida med, faa ordna eitk.). **4.** lag, vegt; *ekki lag væri at*; jfr. nyn. *det ligg lag paa.* **5.** lag, samlag; samlega, samlivnad (med kvende). **6.** takster, pris, verde, jamverde. Jfr. nyn. *marklag, kyrlag* o. fl. **7.** styng, hogg (med spjot, kniv odl.). **8.** maate, vis; *í hverju lagi,* korleis; *í mǫrgu lagi,* paa (i) mange maatar, **9.** maal, grad, med adj. i komp. og sup.: (*í*) *lengra lagi,* lenger enn vanlegt, med det lengste, hardla lenge; *í fyrra lagi,* millom dei fyrste; *í bezta lagi,* millom dei beste, i beste laget; *í minnsta lagi,* minst, i minste laget; *at lengsta lagi,* i det lengste. **10.** sjaa *lǫg, n. pl.*

lág, *f.* laag (nedfalle tre),

laga, *v.* (*að*) bryggja, = nyn. *laga*, slaa vatn paa maltet.

laga, *f.* avtala møte, stemna.

laga-afbrigði, *n.* logbrot. **-beizla**, *f.* logleg framsett krav. **-boð**, *n.* loglegt tilbod. **-bók**, *f.* logbok. **-bót**, *f.* logleg, logbundi bot. **-brjótr**, *m.* logbrjotar. **-brot**, *n.* logbrot. **-dómr**, *m.* dom etter logi, logleg dom; ogso um sjølve domstolen. **-eiðr**, *m.* logleg eid. **-eyrir**, *m.* = *lǫgeyrir*. **-festa**, *f.* **1.** logleg fraasegn um aa taka ved ein skyldnad. **2.** = *lǫgfesta*. **-fimtarstefna**, *f.* loglegt møte med 5 dagar varsl. **-framferð**, *f.* logleg framferd. **-frest**, *f.* logleg frest. **-frétt**, *f.* log-spurning. **-gipt**, *f.* **1.** logleg avgift. **2.** loglegt egteskap. **-gjǫf**, *f.* logleg gaava. **-grein**, *f.* logleg grunn. **-gæzla**, *f.* agting paa logi; logverjing. **-hald**, *n.* **1.** det aa halda logi, loghald. **2.** loggjevning, log. **-hella**, *f.* log-tavla (i det gl. testam.). **-hlýðni**, *f.* loglydnad. **-hǫfðingi**, *m.* log-verjar. **-kaup**, *n.* kaup, handel, semja etter logi. **-kefli**, *n.* kjevle, liten stokk som det var skikk aa bruka i visse rettssaker, mest til aa leggja ned forbod mot aa bruka eitk. **-kvánfang**, *n.* loglegt giftarmaal. **-kvǫð**, *f.* logleg framsett krav. **-lauss**, *a.* loglaus, ulogleg. **-leiga**, *f.* logleg, logbundi renta. **-lýritti**, *n.* loglegt forbod. **-lǫstr**, *m.* logbrot. **-maðr**, *m.* **1.** logkunnig mann. **2.** loglydug mann. **-mál**, *n.* logsak, rettssak.

lágamessa, *f.* = *lágasǫngr*.

laga-orð, *n.* bodord, eit av dei ti guds bod. **-órskurðr**, *m.* orskurd etter logi. **-próf**, *n.* loglegt prov.

lágarðr, *m.* sjøen, vatnet nærmast strandi.

laga-refsing, *f.* **-refst**, *f.* refsing, straff etter logi. **-réttari**, *m.* logleg rettsforstandar. **-réttr**, *m.* **1.** logleg bot. **2.** gjeldande log.

laga-sekt, *f.* logleg bot. **-setning**, *f.* **1.** logsetning, logbod. **2.** loggjevning. **-skilnaðr**, *m.* loglegt skilsmaal (millom egtefolk). **-skilorð**, *n.* **1.** loglegt skilord, avtal. **2.** logsetning. **-skipan**, *f.* **1.** loggjevning. **2.** logsetning. **3.** logbruk. **-skipti**, *n.* **1.** logskifte, logbyte. **2.** loglegt skifte. **-skot**, *n.* logleg jord-mæling ved sigting med stong. **-skýring**, *f.* logtyding. **-sókn**, *f.* loglegt søksmaal. **-stefna**, *f.* **1.** logleg stemning. **2.** logleg skildag, frest (termin) som ein hev til aa gjera eitk. **-stjórn**, *f.* styring etter logi. **-stjórnarmaðr**, *m.* ein som styrer etter logi.

lágasǫngr, *m.* den laage eller døyvde songen i den romersk katholske messa, naar dei lyfte hostien eller nattverdsbraudet (lát. canon, secreta); ogso bruka um dei bøner dei daa song.

lagatak, *n.* vissa for at den saksøkte vil retta seg etter logleg dom. **-undanfœrsla**, *f.* loglegt forsvar (for retten). **-vápn**, *n.* logbode vaapn. **-vegr**, *m.* logleg veg, logleg framferd. **-vernd**, *f.* loglegt vern, forsvar.

lagðr, *m.* lagde, dott (av ull eller haar).

laggari, *m.* laggar, kiper.

lagiðr, laginn, sjaa *leggja*.

lagklauf, *f.* lagklauv, natklauv.

láglendi, *n.* laaglende, laagland.

lágliga, *av.* laagleg, laagt, sagte, stilt.

lagligr, *a.* lagleg, høveleg (*-liga*, *av.*).

lágligr, *a.* laagleg, laagvoren.

lágmæltr, *a.* laagmælt.

lagnar-skip, *n.* **-skúta**, *f.* notbaat, garnskuta.

lágr, *a.* **1.** laag, stutt. **2.** laag (um maal, ljod). **3.** laag, liten, ring. **lágskeptr**, *a.* stutt-skjeft, som hev stutt skaft.

lags-kona, *f.* fylgjeskona, frilla. **-maðr**, *m.* lag(s)mann, fylgjesmann, felage, hjelpesmann.

lágtalaðr, *a.* laagmælt.

lagvápn, *n.* stingevaapn.

lágvaxinn, *a.* laagvaksen.

laki, *m.* lake (tridje magen paa jortedyri).

lakr og **lákr**, *a.* laak, klen, ring.

lamabarningr, *m.* lamslaaing, lemjing.

lamb, *n.* lamb. **lambaðr**, *a.* som er med lamb. **lamba-gæra**, *f.* lambskinn. **-hús**, *n* lambhus. **-húshlaða**, *f.* løda ved lambhus. **lamb-burðr**, *m.* lambing. **-gymbr**, *f.* gimber (ung saud) med lamb. **-hagi**, *m.* lambhage. **-hús**, *n.* lambhus. **-lauss**, *a.* lamblaus, utan lamb. **lambs-eldi**, *n.* uppelde av lamb. **-gæra**, *f.* lambskinn. **-hold**, *n.* lambkjøt. **lamb-skinn**, *n.* lambskinn. **-skinnskofri**, *m.* lambskinnshetta. **-ær**, *f.* ærsaud, lambsaud.

lami, *a.* nomen, vanfør. Jfr. nyn. *lamen*.

lamning, *f.* lemjing, dengsla.

lampi, *m.* lampe.

lámr, *m.* lom, lamp, neve.

lán, *n.* **1.** laan, leiga. **2.** len. **3.** gaava, gods; jfr. nyn. „guds laan" d. e. guds gaavor.

lána, *v.* (*að*) laana, gjeva tillaans; gjeva.

lánardróttinn, *m.* husbond, herre.

land, *n.* **1.** land, landjord, ogso strand; *taka land*, taka (naa) land; *lands ok lagar*, lands og lage, til lands og til sjøs; yverf. *ganga á land*, koma ein like i henderne; *leiða e-n veg til lands*, faa ein viss utgang. **2.** land, landskap, rike. **3.** land (motsett by). **4.** landeign, jord. **5.** grunn, jordbotn.

landa-brigðabalkr, *m.* jordløysningsbolken i logboki. **-brigði,** *n.* **1.** jordløysning. **2.** = *landabrigðabalkr*, ogso *-brigðisþáttr*. **-bygging,** *f.* (bolk i logboki um) jordbygsling. **-eign,** *n.* landeign, jordeign. **-grein,** *f.* utgreiding um land og rike. **-kaup,** *n.* **1.** jordkaup. **2.** makeskifte. **-klofi,** *m.* havvik, bugt millom land. **-kostr,** *m.* raad, tilføre til aa faa land, jord; god eigenskap ved land ell. jord. **-leit,** *f.* **-leitan,** *f.* landeleiting. **-mark,** *n.* merke, deild (millom jordeigner). **-merki,** *n.* landmerke, markskil. **-mæri,** *n* landskil, markskil, grensa. **-ripting,** *f.* jordløysning. **-skipan,** *f.* lande-skipnad. **-skipti,** *n.* **1.** landeskifte; jordeskifte. **2.** makeskifte. **3.** landskil. **-staða,** *f.* landelægje.

land-auðn, *f.* land-øyda. **-auragjald,** *n.* det aa betala *landaurar*. **-aurar,** *m. pl.* toll og skipsavgift, landøyre. **-bóli,** *m.* leiglending. **-borði,** *m.* den skipssida som vender mot land, landsida. **-brigð,** *f.* jordløysning. **-brigðaþáttr,** *m.* jordløysningsbolken i logboki. **-búi,** *m.* **1.** landsmann, bygdemann. **2.** leiglending. **-byggving,** *f.* lands-byggjing. **-eiga,** *f.* landeign, jordeign. **-eigandi,** *m.* jordeigar. **-eign,** *f.* landeign, jordeign. **-ekla,** *f.* skort paa jord. **-erfð,** *f.* erverett, som jordeigar og konge hev paa land etter erving-laus leiglending. **-eyða,** *f.* landøyda. **-fastr,** *a.* (eig. landfast) som hev kome til lands, som hev teke land (um skip og um folk). **-festr,** *f.* landfeste, landtog. **-flótti,** *a.* som lyt fly fraa landet, landlyst, utlæg. **-flæma,** *v.* (*md*) jaga i utlægd. **-folk,** *n.* landsfolk, folket i eit land. **-fúss,** *a.* fus etter aa naa land. **-ganga,** *f.* **1.** det aa gaa i land, landgang. **2.** markegang, merkjesgang millom tvo gardar. **-gangr,** *m.* landgang (um fiskestim som sig inn mot land). **-hallt,** *av.* nær, langs landet. **-herr,** *m.* **1.** landher. **2.** landsher. Vats. kap. 8. **3.** landsfolk. **-hlaupari,** *m.* landslaupar, fant. **-hlutr,** *m.* landslut, lut av fiskedrættet som landeigaren skal hava. **-hreinsan,** *f.* (eig. landreinsking), det aa fri landet for alle ufredsmenner.

landi, *m.* **1.** landsmann. **2.** = *mǫrlandi*.

land-kaup, *n.* **1.** jordkaup. **2.** landsvistbot, freds-bot for ein utlæg. **-kostr,** *m.* eigenskap ved land eller jord. **-kvæmt,** *a. n. eiga l.*, hava løyve til aa koma i landet. **-kykvendi,** *n.* landdyr. **-kǫnnuðr,** *m.* (eig. „landkannar") merke som viser at ein hev eigna til seg eit landstykke. **-lauss,** *a.* landlaus. **-leg,** *n.* landskap. **-lýrittr,** *m.* rettsprov til aa verja um jordi si. **-maðr,** *m.* **1.** landsmann. **2.** landeigar. **-munr,** *m.* lengting til heimlandet, heimhug. **-nám,** *n.* **1.** det aa taka til eiga ubygt land, landnaam; land som ein soleis tek til eiga. **2.** det aa taka eller bruka ulogleg annan manns jord; bot for dette. **-námabók,** *f.* bok um landnaami paa Island. **-námamaðr,** *m.* landnaamsmann. **-námatíð,** *f.* **-námatími,** *m.* landnaamstid. **-námskona,** *f.* landnaamskvinna. **-námslaust,** *av.* utan aa bøta for brot paa jordeige-retten. **-námsmaðr,** *m.* landnaamsmann. **-norðr,** *n.* landnord, nordaust. **-nyrðingr,** *m.* landnørding, nordaustvind. **-ráð,** *n.* **1.** landsstyring. **2.** landssvik. **-ráðakensl,** *n.* skulding for landssvik. **-ráðamaðr,** *m.* **1.** landsstyrar. **2.** landssvikar. **-ráðasvik,** *n.* landssvik. **-ráðasǫk,** *f.* sak, skulding for landssvik. **-rán,** *n.* land-røving, land-ran. **-reki,** *m.* herførar, hovding. **-rǫgnir,** *m.* landshovding, fyrste (poet.). **-sala,** *f.* land-sal, jord-sal.

lands-auðn, *f.* landøyda. **-bók,** *f.* logboki for landet. **-brigð,** *f.* jordløysning; jordløysningsrett. **-bruni,** *m.* det aa brenna (husi i) landet. **-bú,** *n.* landslyden, folket i landet. **-búi,** *m.* **1.** ibuar i eit land. **2.** leiglending. **-bygð,** *f.* **1.** (eig. bygt land) landsfolk. **2.** leiglendingar. **-bygging,** *f.* landsbyggjing. **-bœtr,** *f. pl.* lands-umbøter. **-deild,** *f.*

land-deilding, jordskifte. **-dróttinn,** *m.* land-drott, grunneigar. **-eigin,** *n.* land- eller jord-eigerett. **-endi,** *m.* lands-ende.

landseti, *m.* leiglending.

landseyra, *f.* landøyda.

lands-fjórðungr, *m.* lands-fjordung (av Island). **-fjǫlskyldir,** *f. pl.* embætsskyldnad, embætsplikter. **-flótti,** *m.* landlysing, utlægd. **-folk,** *n.* landsfolk, folket i landet. **-friðr,** *m.* fred, trygd i landet. **-gæzla,** *f.* land-verjing, lands-vakt. **-gæzlumaðr,** *m.* ein som varveitslar, hev aa verja og hava tilsyn med landet, lands-vaktar. **-háttr,** *m.* landsskikk. **-herr,** *m.* landsfolk, folket i landet. **-herra,** *m.* landsherre. **-hlutr,** *m.* landslut d. e. lut av fiskedrættet som landeigaren skal hava. **-horn,** *n.* lands-hyrna. **-hornamaðr,** *m.* landslaupar, landstrjukar. **-hǫfðingi,** *m.* landshovding.

land-skaði, *m.* skade paa landet. **-skapr,** *m.* **1.** landssed. **2.** landsskipnad. **3.** landskap, landslut. **-skekill,** *m.* avsides landslut, avkrok, land-skjekel. **-skipan,** *f.* **1.** landeskipnad. **2.** landsstyring. **-skipti,** *n.* byte, deilding av landet; jordskifte. **-skjalfti** (og *-skjalpti*) *m.* jordskjelte, jordskjelv.

landskonungr, *m.* kongen yver landet.

landskortr, *m.* skort paa land.

landskostr, *m.* tilføre til aa faa land; god eigenskap ved eit land; land, jord.

landskyld, *f.* landskyld, aarleg leiga av jord; pl. *landskyldir,* ogso um alle innkomor til kongen fraa ein landslut. **landskyldarburðr,** *m.* landskyld-pligt. **-laupr,** *m.* laup (smør) i landskyld. **-missa,** *f.* missa, tap av landskyld. **-skrá,** *f.* lista yver gardar som det vert lagt landskyld av. **-taka, -tekja,** *f.* inntak, hemting av landskyld. **-tími,** *m.* tid daa ein skal betala landskyld.

lands-lag, *n.* landslag. **-lagabók,** *f.* logbok for landet. **-leg,** *n.* **1.** landslægje, landslag. **2.** landskap, landslut. **-leiga,** *f.* landleiga, jordleiga, landskyld. **-leigubǫlkr,** *m.* bolk i logi um landleiga. **-lýðr,** *m.* landslyd, landsfolk. **-lǫg,** *n. pl.* **1.** log for landet, landslog. **2.** den verdslege log (mots. kristenretten). **-maðr,** *m.* landsmann, ein som bur i landet. **-máli,** *m.* skilord um løysnings- eller forkaupsrett til jord. **-megin,** *n.* hovudluten av landet, landsstyrke. **-merki,** *n.* landemerke, markedeild. **-múgr,** *m.* aalmugen i landet, landsfolk. **-nauðsynjar,** *f. pl.* naudsynlege landssaker, lands-torver. **-nytjar,** *f. pl.* avkoma, utvinning av ei landeign. **-ofringi,** *m.* landslaupar, lausgangar. **-réttr,** *m.* landsrett. **-siðr,** *m.* landssed, landsskikk. **-skapr,** *m.* **1.** landskap, landslag. **2.** landssed. **3.** landskap, landslut. **-skattr,** *m.* skatt av eit land. **-skipan,** *f.* landslag. **-skipti,** *n.* landskifte; jordskifte. **-skyld,** *f.* landskyld, = *landskyld.*

land-stjórn (ogso *lands-*) *f.* landsstyring. **-stjórnarmaðr** (ogso *lands-*) *m.* landsstyrar, mann i landsstyringi. **-suðr,** *n.* landsud, sudaust.

lands-ván, *f.* = *landván.* **-venja,** *f.* landssed. **-verð,** *n.* jordverde. **-virðing,** *f.* verdsetnad av jordeign. **-vist,** *f.* trygt tilhelde i landet, landsvist, løyve for ein fredlaus til aa vera i landet. **-vistarbréf,** *n.* kongebrev um *landsvist.* **-vistarleyfi,** *n.* løyve for ein fredlaus til aa vera i landet.

land-sýn, *f.* landsyn (slikt fraastand at ein ser land). **-synningr,** *m.* landsynning, sudaustvind.

landsøra, *f.* = *landseyra.*

land-taka, *f.* landtøke, lending. **-tjald,** *n.* telt paa land, land-tjeld; *setja, skjóta l.,* setja upp l.; *slá l.,* taka ned l. **-tjaldstǫng,** *f.* stong til landtjeld. **-ván,** *f.* von um aa naa land; *hvalr í l.,* d. e. kval so nær at ein kann venta han kjem til lands; i pl. *vera í landvánum,* hava von um aa faa land av kongen og verta lendmann. **-vanr,** *a.* som eig heima i eit land, heimfast. **-varða,** *f.* landslut, fiskeavgift som skulde leggjast til grunneigar eller konge som „odelseigar". Jfr. nyn. *vorda,* 10 fisk (Ned.) 20 fisk (Nordl.). **-varnarbǫlkr,** *m.* bolk i logboki um landsforsvaret. **-varnarmaðr,** *m.* lands-verjar. **-varnarsegl,** *n.* segl til eit leidingsskip. **-varnarskip,** *n.* leidingsskip. **-vegis,** *av.* landveges. **-vegr,** *m.* landveg. **-viðri,** *n.* landvêr, landvind; austanvind. **-vært,** *a. n. eiga landvært,* hava løyve til aa vera i landet. **-vættr,** *f.* land-vette, land-vord. **-vǫrðr,** *m.* **1.** landsvakt. **2.** konge (poet.). **-vǫrn,** *f.* **1.** landsvern, landsforsvar. **2.** landsverja, ofte i pl. *landvarnir,* forsvars-

greidor; leidingskip. **3.** logsetning um landsforsvaret.

lánfé, *n.* laanegods, laan.

langa, *v.* (*að*) langa, lengta; upers. *e-n langar til e-s,* ein lengtar etter eitk.

langa, *f.* longa (fisk). Gadus molva.

langa-fasta, *f.* langefasta (fyre paaske). **-frjádagr,** *m.* langfredag. **-frjádagsfasta,** *f.* fasta paa langfredag. **-frjádagsverðr,** *m.* langfredagsmat. **-fǫstutíð,** *f.* langefasta.

langáss, *m.* lang-aas (i hus og i bru).

langastræti, *n.* langgata i ein kaupstad, = *langstræti.*

lang-bakki, *m.* bakke langt burte; *skjóta máli í langbakka,* skjota ei sak ut i langdrag. **-barðaland,** *n.* Lombardiet. **-barðr,** *m.* **1.** longobard. **2.** lang stridsøks (poet.). **3.** orm (poet.). **-bekkr,** *m.* langbenk. **-eldr,** *m.* eld midt etter golvet paa langs, langeld. **-ermr,** *f.* lang, sid erm (paa klæde). **-feðgakyn,** *n.* ætt uppetter paa mannssida. **-feðgar,** *m. pl.* forfeder, son etter fâr, fegge etter fegge. **-feðgatal,** *n.* **-feðgatala,** *f.* ættelista uppetter paa mannssida. **-feðgaætt,** *f.* mannsætt, ætt fraa fâr til son. **-feðr,** *m. pl.* = *langfeðgar.* **-feðratala,** *f.* = *langfeðgatala.* **-ferð,** *f.* langferd. **-ferðamaðr,** *m.* langferda, langfarande mann. **-frami,** *m.* lang framtid; *á langframa(nn),* paa langframen (Innh.), for framtidi. **-fœttr,** *a.* langføtt. **-fǫr,** *f.* langferd. **-haldr,** *a.* traahalden, strid. **-halsaðr,** *a.* langhalsa. **-hendr,** *a.* langhendt, langarma. **-hyggja,** *f.* langmod. **-hǫfðaðr,** *a.* langhovda, med langt hovud. **-knakkr,** *m.* lang krakk, benk; jfr. nyn. *langkrakk* = forsæte. Set. **-lega,** *f.* langlega, lang liggjing. **-leggjarstykki,** *n.* stykke av eit leggbein. **-leggr,** *m.* lang legg, leggbein (paa saud). **-leiði,** *n.* lang leid, fraastand. **-leikr,** *m.* lengd. **-leitr,** *a.* langleitt. **-liðit,** *a. n. eptir l.,* etter lang tid. **-lífi,** *n.* langt liv. **-lífr,** *a.* langliva, som liver lenge. **-liga,** *av.* i lang tid, lenge. **-loka,** *f.* eit slag versemaal, der 1ste og 8de verslina høyrer saman, men linorne imillom er innskot. **-minnigr,** *a.* langminnug; som ein hugsar lenge. **-mælgi,** *f.* **-mæli,** *n.* lang, vidsvivande tale, langrøda. **-mæltr,** *a.* langtalande, langrødug; *gera langmælt,* verta langrødug. **-nefjaðr,** *a.* langnasa. **-nefjur,** *f. pl.* keips-nev (Sn. E.). **-niðjatal,** *n.* ættelista nedetter paa mannssida. **-nætti,** *n.* tid med lange næter. **-orf,** *n.* langorv. **-orfs-ljár,** *m.* langorvsljaa. **-pallr,** *m.* lang pall, langbenk.

langr, *a.* lang (um rom og tid); langdregen, vidsvivande; *a. n. langt,* langt (lang veg; lang tid); *um langt,* langt undan; *hvat (er) lengra?* eller *eigi þarf þat langt,* d. e. stutt aa segja; *e-m þykkir langt,* ein tykkjer langt (at det er langsamt); ein lengtar etter, ynskjer; *e-t er e-m langt at e-m,* eitk. dreg ein til ein, ein hev eitk. med ein aa gjera; dat. sing. *n. lǫngu* = *fyrir lǫngu* (*áðr*), longo (sidan); dat. pl. *lǫngum,* lenge.

lang-reið, *f.* reid ell. rekkja av ridande og hestar etter kvarandre (?)

lángripr, *m.* laant ting, laant eignalut.

lang-ræki, *n.* langt hat, langsinne. **-rækr,** *a.* langræken, langsint. **-rœða,** *f.* langrøda, lang tale. **-rœddr,** *a.* langrødug, langtalande. **-samliga,** *av.* langsamleg, lenge. **-skepta,** *f.* langskjeft spjot. **-skeptr,** *a.* langskjeft. **-skip,** *n.* eit slag herskip, langskip. **-skipagerð,** *f.* langskip-byggjing. **-skipamenn,** *m. pl.* menner, mannskap paa langskip. **-skipsbuza,** *f.* stort, breidt langskip. **-skipsrá,** *f.* seglraa til eit langskip. **-skipssegl,** *n.* segl til eit langskip. **-skǫr,** *f.* nedre kanten paa eit skipstjeld. **-staðinn,** *a.* som hev stade lenge. **-stóll,** *m.* langstol, benk. **-stræti,** *n.* langgata (i kaupstad). **-sýnn,** *a.* langsynt; yverf. framsynt, klok. **-sæi,** *f.* langsyn. **-sær,** *a.* = *langsýnn.* **-sœkja,** *v.* (*-sótti*) søkja lang leid. **langt,** *av.* langt, lang veg; *langt af (frá) e-u,* langt fraa eitk.; *langt af,* langtifraa; *langt um,* langt umkring, i lang leid; ved komp. *langt meirr,* langt meir. **langtalaðr,** *a.* langtalande, langrødug. **-tjald,** *n.* langvore tjeld. **-þili,** *n.* golvfjøler, tile paa langs etter huset. **-úðigr,** *a.* stødug, fast i huglynde. **-vari,** *m.* langvera, tilhelde lenge paa ein stad. **-vaxinn,** *a.* langvoren (eig. langvaksen). **-vé,** *m.* langve, eit slag alkefugl. Columbus troile. **-viðr,** *m.* langved, langt timber. **-viðri,** *n.* langvarigt, stødugt vêr, traustvêr. **-vinr,** *m.* gamall, trufast ven. **-vist,** *f.* langvistande, langvarigt tilhelde paa ein stad. **-æð,** *f.* lang drygd. **-æðligr, -æðr,** *a.* langvarig. **-æliga,** *av.* for

lang tid, lenge. **-æligr, -ær,** *a.* langvarig, langstødug.

lán-hross, *n.* laant hest, laanehest. **-klæði,** *n. pl.* laante klæde, laaneklæde. **lánsfé,** *n.* laanegods, laan.

lappir, *m. pl.* finnar (lapper).

lásbogaskot, *n.* skotlengd med ein laasboge. **lásbogi,** *m.* boge med laas, laasboge.

lasinn, *a.* lasen, veik.

láslauss, *a.* som er utan laas, ulæst.

las-meyri (og *-mæri*) *f.* veikleik, vesaldom. **-meyrr, -mærr,** *a.* veik, vesall, laak, lasen.

láss, *m.* laas; ogso *lás, n.* i sms. *hverfilás.*

last, *n.* last, klander. **lasta,** *v.* (*að*) lasta, klandra, finna aat; *lasta guð,* spotta gud. **lasta-fullr,** *a.* lastefull, lytefull. **-lauss,** *a.* lastelaus. **lastanarorð,** *n.* lastord. **lastanligr,** *a.* lastande. **lasta-pollr,** *m.* eig. last-vik; yverf. misbruk, lyte. **-semd,** *f.* last. **-stafir,** *m. pl.* lastord. **last-auðigr, -fullr,** *a.* lastefull, syndig. **-ligr,** *a.* lasteleg, lastande. **-mæla,** *v.* (*lt*) lasta, klandra. **-mæli,** *n.* lastord. **-mælismaðr,** *m.* lastar. **-orð,** *n.* lastord. **-samligr,** *a.* lastande. **-samr,** *a.* **1.** lastfus, aatfinnsam. **2.** lastande. **-úðigr,** *a.* lastefull. **-varliga,** *av.* i varsemd mot lastar, rettvist. **-varr,** *a.* var mot lastar, rettvis, dygdefull. **-veri,** *f.* varsemd mot lastar, rettvisa.

lásǫr, *f.* pil til ein laasboge.

lát, *n.* **1.** laat, læte. **2.** læte, aatferd. **3.** tap. **4.** daude.

lata, *v.* (*að*) upers. *e-m* (*e-u*) *latar,* ein (eitk.) latnar, slaknar, spaknar.

láta, *v. st.* **A. 1.** lata, lata eitk. (*e-t*) koma til eller fraa ein stad; *láta loku fyrir hurð*; *láta skip,* føra, fara med skipet; ogso med utelate *skip*: *láta í haf,* leggja, sigla til havs; *láta ór landfestum,* kasta laus, leggja fraa land; *láta sér blóð,* lata seg blod. **2.** lata (ein gjera eitk.), lata (eitk. henda) med inf.; *láta vígjast = láta vígja sik*; *láta fallast undan = láta sik falla undan*; *láta á sannast = láta sanna á sér*; *láta e-t gert* (*verða*), lata eitk. verta gjort, gjera eitk.; *han lét verða farit,* han for; *láta e-n veginn,* drepa ein. **3.** lata, gjeva (fraa seg) *e-t.* **4.** lata vera (*e-t*). **5.** lata, missa, tapa (*e-t, e-u*). **6.** forlata, sleppa (*e-n*). **7.** laata, ljoda. **8.** laata, segja, uttala seg eikorleis; *láta e-n veg yfir e-u*; *vel látinn,* vel laaten, velgjeten. **9.** bera seg, fara aat; laatast.

Med part. *af*: *láta af* **1.** lata av, slutta med (*e-u*). **2.** lata fraa seg, gjeva upp (*e-u*). **3.** *láta fé af*: slagta fe. *aptr*: *láta aptr,* lata att (t. d. ei dør). *at*: *láta at,* laata, fara etter, lempa seg etter. *eptir*: *láta e-t eptir,* lata etter, leiva etter seg. *láta e-t eptir e-m,* laata, fara etter ein i eitk., gjeva etter for ein, lata ein faa eitk. *láta eptir e-m,* herma etter ein; *láta eptir e-u,* laata etter, gjeva etter for eitk. *frá*: *láta frá loku,* lata, skuva fraa loka. *fram*: *láta fram,* lata koma, sleppa fram. *fyrir*: *láta fyrir* **1.** laata, gjeva etter, vika, vægja. **2.** forlata, gjeva til. *inn*: *láta e-t inn,* lata, sleppa inn eitk. *í mót*: *láta e-t í mót e-m,* gjera imot ein i eitk. *til*: *láta e-t til,* lata til, gjeva, medgjeva eitk.; *láta til e-s,* finna seg i, tillata eitk.; *láta til við e-n,* gjeva seg, vægja for ein. *um*: *láta mikit um sik,* vera storlaaten. *undan*: *láta undan e-u,* vika, vægja for eitk.; *láta undan landi,* leggja (skip) fraa land. *upp*: *láta upp,* lata upp, hava upp, sleppa upp; yverf. fortelja. *uppi*: *láta uppi,* lata (eitk.) upp (for ein), lata (ein) faa (eitk.); koma fram med, yppa. *út*: *láta e-t ut,* lata ut, sleppa ut, gjeva fraa seg; *láta út skip sitt,* leggja ut med skipet, ganga til havs. *úti*: *láta úti,* gjeva. *við*: *láta við,* laga seg til (aa gjera eitk.); *hversu við lætr,* korleis det lagar seg, gjeng av; *látinn við e-u,* laga, budd, ferdig til eitk.

B. *látast, v. r.* **1.** laatast, segjast. **2.** laatast (laast), gjera som. **3.** laatast, lata livet, døy; *látinn,* daud.

látaðr, *a.* fakta, som ber seg (vel, ille); *vel l.,* godlaaten, finfarande. **lát-bragð,** *n.* aatferd, læte. **-góðr,** *a.* godlaaten, tekkjeleg, finfarande. **-gœði,** *n.* god, fin aatferd.

lathendr, *a.* lat, sein i henderne.

latína, *f.* latinsk maal, latin. **latínn,** *a.* latinsk. **latínu-bók,** *f.* bok paa latin. **-bréf,** *n.* brev paa latin. **-dikt,** *n.* **-form,** *n.* skrift paa latin. **-klerkr,** *m.* latinsk lærd. **-ligr,** *a.* latinsk. **-list,** *f.* kunnskap i latin. **-lærðr,** *a.* lærd i latin. **-maðr,** *m.* ein som talar latin, latinar; romar. **-mál,** *n.* latinsk maal. **-orð,** *n.*

latinsk ord. **-saga,** *f.* soga paa latin. **-skáldskapr,** *m.* latinsk diktning. **-stafr,** *m.* latinsk bokstav. **-stafrof,** *n.* latinsk bokstavrekkja. **-tunga,** *f.* latinsk maal.

latliga, *av.* med latskap, slurvut.

látprúðr, *a.* som ber seg fagert, fint fakta.

latr, *a.* lat, doven, traud, uviljug.

látr, *n.* lægje, liggjestad (for dyr). Jfr. nyn. *letre.*

látrast, *v. r.* (*að*) leggja seg.

latrónn, *m.* røvar (lat. latro) = *laðrúnn.*

latún, *n.* **latúnn,** *m.* massing.

latvirkr, *a.* lat til aa arbeida. Æf.

látœði, *n.* læte, aatferd.

lauð, *f.* lòd, draglòd (form til aa draga metaltraad igjenom).

lauðr, *n.* **1.** lut, saapelut, saapeskum. **2.** skum, havskum. Jfr. nyn. „*sjøen laag i eit laur*", Helg.

lauf, *n.* **1.** lauv paa tre. **2.** lauv til prydnad. **laufadráttr,** *m.* lauv-krot. **laufgast,** *v. r.* (*að*) lauvgast, lauvast; *laufgaðr, a.* lauva, med lauv paa; prydd med lauv. **lauf-gjǫrð,** *f.* lauvkrans. **-grœnn,** *a.* grøn som lauv. **-gyltr,** *a.* prydd med gull-lauv. **-hrís,** *n.* lauvris. **-kyrtill,** *m.* kyrtel av lauv. **laufsblað,** *n.* lauvsblad. **lauf-segl,** *n.* lauvsegl. **-settr,** *a.* sett, prydd med lauv. **-skálahátíð,** *f.* lauvsals-helg. Vigf. **-skáli,** *m.* lauvhytta. **-sproti,** *m.* lauvkvist, lauvgrein. Nornag. 59₁₁. **-steindr,** *a.* lita med lauvgrøn farge. **laufugr,** *a.* lauva, med lauv paa. **laufviðr,** *m.* lauvtre.

laug, *f.* (pl. *-ar*) laug (f), bade- ell. vaskevatn; laug (n), bad, vask; laugarstad, varm kjelda der det er laugarstad. **lauga,** *v.* (*að*) lauga, bada, vaska; duppa; *l. í gulli,* dekkja med gull; *laugast,* lauga seg. **laugar-aptann,** *m.* laurdagsaftan. **-dagafasta,** *f.* laurdagsfasta. **-dagahald,** *n.* det aa halda laurdagen etter logi, laurdagshald. **-dagr,** *m.* laurdag. **-dagskveld,** *n.* laurdagskveld. **-dagsnátt,** *f.* laurdagsnatt. **-fǫr,** *f.* ferd til laugarstad. **-gerð,** *f.* tilstelling av laug. **-hús,** *n.* badhus, laugarhus. **-ker,** *n.* badkjer, laugarkjer. **-kveld,** *n.* laurdagskveld. **-morginn,** *m.* laurdagsmorgon. **-nátt,** *f.* laurdagsnatt. **-píning,** *f.* pinsla som tvætter ein (fraa synd). **-vatn** og **laugavatn,** *n.* laugarvatn, badvatn. **laugmóðr,** *a.* mod, trøytt etter eit laug.

laukagarðr, *m.* lauk-hage. **laukjafn,** *a.* rettvis (eig. jamn som ein lauk) (poet.). **laukr,** *m.* lauk. **laukshǫfuð,** *n.* lauk-hovud.

laun, *f.* løynd, dul, dulsmaal; *draga laun á,* leggja dulsmaal paa; *með laun, á laun,* i løynd, i duld.

laun, *n. pl.* og *f.* løn, vederlag, betaling.

launa, *v.* (*að*) løna, vederleggja, betala (*e-m e-t*); gjera skil eller lika for; *launa af sér,* kaupa seg fri.

laun-barn, *n.* lausbarn (eig. løynbarn). **-blót,** *n.* blot i løynd. **launbragð?** sjaa *lombragð.* **-dyrr,** *f. pl.* løyndør. **-festar,** *f. pl.* løynlegt festarmaal. **-fundr,** *m.* løynmøte. **-getinn,** *a.* uegte fødd (eig. fødd i løynd). **-kárr,** *a.* løynsam, dulram. **-kona,** *f.* frilla, løyn-kona. **-koss,** *m.* løyn-kyss. **-maðr,** *m.* mann som er i løynd, løynleg mann. **-mæli,** *n.* løynleg tale. **-ráð,** *n.* løynraad. **-sát,** *f.* stad der ein sit løynd og lurer, lurarsæte; *setja l.,* leggja folk paa baklur. **-sátt,** *f.* løynleg semja. **-stefna,** *f.* løynleg stemna. **-stígr,** *m.* løynstig. **-stuldr,** *m.* løynleg stuld. **-sætt,** *f.* løynleg semja. **-tal,** *n.* løynleg tale. **-þing,** *n.* løynlegt ting eller møte. **-þurfasynd,** *f.* løynleg, unaturleg kynssynd.

launung, *f.* løynd, løyndom; *á launung,* i løyndom.

laun-vágr, *m.* løynd vaag, løynd vik. **-víg,** *n.* løyndraap. **-vígsmál,** *n.* sak um løyndraap.

laupr, *m.* **1.** laup, korg, spann. **2.** eit visst smørmaal. **3.** reising, reiseverk (i ei bygning).

laurentius-messa, *f.* **-vaka,** *f.* **laurentsmessudagr,** *m.* larsmessa, larsvoka (10. august).

lausa-brúðlaup, *n.* hastverks-brudlaup. **-búð,** *f.* lausleg uppsett bud. **-eyrir,** *m.* **-fé,** *n.* lausøyre. **-fjǫl,** *f.* laus fjøl. **-góz,** *n.* lausøyre. **-hross,** *n.* laus hest. **-klofi,** *m.* tviljod skriven med tvo vokal-teikn. **-klæði,** *n. pl.* lause klæde, yverklæde. **-kør,** *n.* lause vilkaar (utanum logfest semja). **-maðr,** *m.* lausgangar. **-peningr,** *m.* lausøyre. **-snjór,** *m.* laus snø. **-taug,** *f.* laust tog, reip. **-viðr,** *m.* laust timber. **-vísa,** *f.* laust, einstaka vers.

laus-beizlaðr, *a.* laus-beisla, med lause

taumar. **-eygr,** *a.* med ustøde, urolege augo. **-geð,** *n.* lauslynde, lausleik. **-geðjaðr, -geðr,** *a.* lauslynd. **-get,** *n.* venteleg for *lausgeð,* Heilag. II 541. **-grýttr,** *a.* laus-steinut. **-gyrðr,** *a.* med laus, ikkje tilspent gjord eller belte, laus-gyrd. **-hárr,** *a.* med laust, utslege haar. **-hugaðr,** *a.* lauslynd. **-hǫfðaðr,** *a.* hovudlaus, hovudgalen.

lausingi, *m.* **1.** frigjeven træl, løysing. **2.** lausing, lausgangar.

laus-leikr, *m.* lausleik, lettlynde, lauslynde. **-ligr,** *a.* lausleg; tankelaus (*-liga, av.*). **-lyndi,** *n.* lauslynde, lettlynde. **-læti,** *n.* lauslynde. **-máll,** *a.* lausmynt, sætelaus. **-mælgi,** *f.* **-mæli,** *n.* laus tale, sæteløysa.

lausn, *f.* **1.** løysing, løysning (fraa ein skyldnad, fraa trældom, synd eller bann), utløysing, frelsa; avløysing. **2.** løysn, innløysing av eigedom; innløysingsrett. **3.** løysepengar (som ein løyser seg fraa ein skyldnad eller fraa trældom med); vederlag. **4.** løysing, ending, avgjerd (paa ei trætta eller ei sak) **5.** livsykja, Harp. **6.** pengeverde.

lausnari, *m.* løysar, frelsar. **lausnar-mark,** *n.* merke paa løysing eller frelsa. **-tíðendi,** *n. pl.* lause tidender, frettnader.

lausorðr, *m.* laus i ordi, sætelaus.

lauss, *a.* **1.** laus, ubunden, fri; *láta e-t laust,* sleppa, gjeva fraa seg eitk.; *verða laust við,* verta løyst fraa. **2.** laushendt, tomhendt. **3.** ledig, tom. **4.** laus, lauslaaten, lauslynd. **5.** laus, rørleg, ustød; *lauss eyrir,* lausøyre; *laus orrosta,* slaasting her og der; *lauss á velli,* laus paa foten, som lett rømer. **6.** løyst, uppløyst. **laust,** *av.* laust, ustødt.

laustœkr, *a.* lett aa taka.

lausung, *f.* lausleik; lausord, fals, sæteløysa; lettlynde, lauslynde. **lausungar-fullr,** *a.* lauslynd; tankelaus. **-guð,** *n.* falsk gud. **-kona,** *f.* lauslynd kona. **-maðr,** *m.* lauslynd mann. **-orð,** *n. pl.* lausord, usætande ord.

lausyrði, *f.* og *n.* lausord, sæteløysa.

laut, *f.* **1.** laut, dæld, dokk (poet.). **2** laut, mark, jord (poet.).

lávarði, *m.* (Barl. 42) og **lávarðr,** *m.* (*gen. -s* og *-ar*) herre.

lax, *m.* laks. Salmo. **laxá,** *f.* lakse-elv. **laxa-garðr,** *m.* laksegard. **-varp,** *n.* (og *laxverp, n.*) lakseverpe, stad der dei kastar etter laks med not. **-veiðr,** *f.* laksefiske. **-virki,** *n.* laksegard. **lax-ganga,** *f.* laksegang (fraa sjøen upp i elvarne). **-veiðr,** *f.* laksefiske.

laz, *s.* prydeband, snor. **laza,** *v.* (*að*) pryda med band eller snorer. **lazan,** *f.* pryding med band.

lé, *m.* ljaa.

lébarn, *n.* lite barn, straabarn.

lé-dengdarkol, *n.* kol til dengja eller tynna ein ljaa. **-denging,** *f.* ljaadengjing, ljaatynning. **-dengingarkol,** *n.* kol til ljaadengjing.

leðr, *n.* lêr, skinn. **leðra,** *v.* (*að*) klæda med lêr eller skinn. **leðr-blaka,** *f.* skinnblaka, skinnvengja. (= nyn. *lairblake,* Set.). **-flaska,** *f.* lêrflaska. **-hosa,** *f.* skinnpung. **-hús,** *n.* hus, gøymsla av lêr. **-panzari,** *m.* lêr-panser, tjukk lêr-trøya.

leena, *f.* løva (hona).

leg, *n.* legstad, gravstad; *leggja í leg,* leggja i øyde. Jfr. nyn. *leg* (n.) = lægje.

lega, *f.* lega, liggjing; legstad, gravstad.

légarðr, *m.* skaar (av slege gras).

legátastarf, *n.* umbod, ærend som legat hev. **legáti,** *m.* (paveleg) legat.

leggheill, *a.* heil paa leggjerne, heilføtt.

leggja, *v.* (*lagði*; *perf. part. lagðr, lagiðr, laginn*) **A. 1.** leggja, faa til aa liggja, lata liggja; *leggja segl,* fira segl; *leggja e-n við (at) velli,* leggja ein i marki, drepa ein; upers. *e-n leggr,* ein leggjest, vert liggjande; *leggr ís,* det legg seg is (paa vatn); *leggr vatn,* vatnet legg seg, frys til. **2.** leggja, byggja, gjera. **3.** leggja ned, føda. **4.** leggja, klæda, dekkja (*e-t e-u,* eitk. med eitk.). **5.** setja, fastsetja, avtala (møte, leik odl.). **6.** setja, skipa, faa istand; *leggja lǫg, leggja bann.* **7.** verdsetja, setja takster paa. **8.** avgjera; *leggja e-n úgildan,* døma, gjera ein ugild. **9.** leggja ned, slutta med. **10.** leggja, betala; gjeva (*e-m e-t*). **11.** stinga; hogga; *leggja e-n spjóti,* stinga ein med spjot, setja spjotet i ein; ogso *leggja spjóti (með spjóti) til e-s (á e-m, gegnum e-n)*; jfr. nyn. *leggja til ein* d. e. slaa. **12.** leggja, driva, køyra eitk. fram; upers. *leggr e-t,* eitk. legg seg eller driv (burtaat eitk.). **13.** leggja (fara med eller føra eit skip); *leggja til hafs*; *leggja undir land,* leggja tillands (yverf. gjeva seg).

Med part. *á*: *leggja e-t á e-n* (*á við e-n*) leggja eitk. paa ein (som ein skyldnad, eit arbeid odl.); *leggja e-t á e-t* (*á um e-t*) leggja, ofra, bruka eitk. paa eitk.; *leggja* (*lag*) *á*, setja takster paa; *leggja ráð á*, gjeva raad; taka avgjerd um; *leggja hug á*, leggja vinn paa; hugleggja; upers. *leggr e-t á*, eitk. kjem paa. *af*: *leggja af*, leggja av; slutta med; gjeva fraa seg; *leggja af* (*fénað*) d. e. slagta. *aptr*: *leggja aptr*, gjeva atter. *at*: *leggja e-t at e-m*, venda seg til ein med eitk.; *leggja e-t at e-u*, halda eitk. for eitk.; gjeva eitk. til eitk.; *leggja at e-m*, leggja, setja, taka paa eink.; *leggja at*, leggja aat (land). *eptir*: *leggja eptir e-m*, leggja, setja, springa etter eink. *fram*: *leggja fram*, leggja fram; gjeva til; syna; ofra; leggja ut; driva fram; *leggja sik fram* (med *at* og inf.) leggja seg um. *fyrir*: *leggja e-t fyrir e-n*, leggja eitk. fyre ein, segja ein fyre um e-t; *leggja e-t fyrir sik*, taka seg fyre, taka seg til; *leggja e-n fyrir*, vinna yver eink. *í*: *leggja í*, leggja i; *leggja ekki í*, ikkje leggja noko i det, ikkje vyrda det. *móti*: *leggja móti*, leggja mot (segja mot; gjeva mot, gjeva atter). *niðr*: *leggja niðr*, leggja ned; leggja av; lata vera; slutta med; føra til ende; avgjera; slagta. *nær*: upers. *leggr nær*, det er nær paa, det gjeng di nær. *ofan*: *leggja ofan*, leggja ned, riva ned. *til*: *leggja til*, leggja til, bruka til; gjeva til; etla til; segja (til); skjota (ei sak) til (ein dom e. l.); *leggja e-t til orðs*, tala um eitk.; *leggja e-m e-t til orðs*, finna aat, lasta ein for eitk. *undir*: *leggja undir*, leggja under (seg); leggja (ei sak) under ein (under hans dom); vaaga (eitk.) paa (eitk.); taka under, støra til; setja gang paa (øl); *leggja undir kafla*, leggja kavlar under not, naar sildetyngdi er stor og noti vil søkka under medan dei dreg. *upp*: *leggja upp*, leggja upp; gjeva fraa seg; leggja fram, betala; *leggja e-t langt upp*, halda eitk. for noko stort. *út*: *leggja út*, leggja ut; *leggja e-t út með e-n*, leggja ut, gjeva eitk. til ein. *leggja e-n út*, gjera ein utlæg, fredlaus; *leggja e-n út e-u*, leggja ein eitk. i bot; *leggja e-t út*, vaaga, setja paa spel. *við*: *leggja við*, leggja ved; leggja til; leggja paa; bruka paa; vaaga paa (eller for); lova, setja eitk. til straff for eitk. *yfir*: *leggja yfir*, leggja yver eller umkring; leggja til, gjera attaat.

B. *leggjast*, *v. r.* **1.** leggjast, leggja seg. **2.** leggjast, verta liggjande. **3.** leggja seg, bøygja seg (um eggi). **4.** verta nedlagd, slutta. **5.** fara iveg, taka ut, draga. **6.** symja. Med part. *á*: *leggjast á*, leggja seg paa, kasta seg yver; *e-t leggst á*, eitk. kjem upp, kjem paa eller vert; *þat leggst sjalft á at*, det er naudsynlegt at; *leggst e-n veg á með þeim*, det vert so eller so millom deim. *at*: *leggjast at e-m*, leggja, taka paa ein; *leggjast at e-u*, leggja seg etter, prøva aa faa i; *leggjast at*, koma paa. *fyrir*: *leggjast fyrir*, leggja seg fyre, gjeva seg yver, ørvænast; *lítit* (*ekki*) *leggst fyrir e-n*, det gjeng smaatt (ille) med ein. *í*: *leggjast í e-t*, taka tilhelde paa ein stad; leggja seg i eitk., gjeva seg av med. *niðr*: *leggjast niðr*, taka ende, slutta. *nær*: *leggst nær at*, det er nær paa at. *til*: *leggjast til*, vera etla (laga) til; *leggjast til e-s*, *leggjast til um e-s*, leggja seg um, gjera seg umak med. *út*: *leggjast út*, leggja seg ute, taka ut i villmarki ifraa folk.

C. partic. *lagðr*, *lagiðr*, *laginn*, lagen, etla; laga, fallen; *svá laginn*, so lage; *e-m er e-t lagit*.

leggja-brot, *n.* beinstubb, brote bein. **-band,** *n.* legg-band. **-knútr,** *m.* bein-knut, bein-knok.

leggr, *m.* (*leggjar*; *leggir*; *akk. pl. leggi*) **1.** legg (millom okla og kne); *komast* eller *rísa á legg*, verta vaksen. **2.** legg, beinpipa. **3.** legg, stomn, stuv; ogso um skaftet, stokken eller leggen paa eitk. (t. d. paa spjot, ankar, ljosestake). **4.** ættlegg (i sms.). Jfr. *kvennleggr*, *karlleggr*.

leggþáttr, *m.* legg, stokk i ein ljosestake.

legill, *m.* legel (Gbr.), flaska ell. dunk av tre.

leg-kaup, *n.* betaling for gravstad og jordfesting. **-orð,** *n.* legemaal, ulogleg samlega. **-orðssekt,** *f.* bot for legemaal. **-orðssǫk,** *f.* legemaal, sak for ulogleg samlega.

legr, *n.* **1.** samlega. **2.** gravstad. Jfr. nyn. *læger*. **legr-kaup,** *n.* = *legkaup*.

leg-ró, *f.* legro, liggjero. **-staðr** (og *legrstaðr*) *m.* legstad, gravstad. **-steinn** (og

legrsteinn) *m.* gravstein. **-stóð,** *n.* hamnegang som er innlagd til eng? jfr. nyn. *sto*, n. (for *stod* = *støde*) og *legemaal* 2? (Ross). D. N. II 140₂₄. **-titull,** *m.* gravskrift.

legunautr, *m.* legenøyte, sengkammerat.

leið, *f.* **1.** leid, veg; ogso ferd, reis; *koma e-u til leiðar* (*á leið*), *snúa til leiðar*, koma aa leid (aaleides) med, faa framgang med, faa fram eitk.; *á* eller *um leið*, paa vegen; *á leið fram*, framleides, frametter; *fram á leið*, framleides; sidan; *aptr á leið*, attleides, tilbake. **2.** tid; *á leið um*, (paa) ei tid; *fram á leið*, for framtidi; *þegar um leið*, straks; *þegar leið sem*, so snøgt som. **3.** leid (no mest i sms. -leis), maate, vis; (*á*) *þá leið*, soleis, paa den maate; *aðra leið*, annarleis; (*á*) *hverja leið*, korleis. **4.** herfylgje, leiding. **5.** heradsting um sumaren eller hausten etter altinget (paa Island).

leiða, *v.* (*dd*) **I. 1.** lata gaa, lata koma (jfr. *líða*); upers. *leiðir þá*, dei fer. **2.** leida, føra; *leiða* (*fram*) *vátta*, føra fram vitne; *leiða í lǫg*, vedtaka som log; *leiða e-n í lǫg*, gjeva ein borgarrett; *leiða í ætt*, ættleida. **3.** *leiða e-t e-u* (*at e-u*, *með e-u*, *um e-t*), føra eitk. fram for eitk., gjera eitk. til emne for eitk.; *leiða e-n augum*, fylgja ein med augo, sjaa etter; *leiða e-n ástum*, elska ein; *leiða e-t huga* (ogso berre *leiða e-t*) gjeva gaum etter, ansa, tenkja paa; *leiða at spurningum*, spyrja etter; *leiða undrum*, undrast paa. **4.** fylgja. **5.** lokka, støra, telja til (*á*, *at*, *til*) eller fraa (*af*); *láta leiðast* (*eptir e-u*), lata seg yvertelja eller lokka (ved eitk.). **6.** rykkja burt, føra burt (yverf.); *leiða e-n ór líkam*; *leiða e-n í andarsýn*; *leiða ǫnd út*. **7.** liva, føra eit liv; *leiða sína daga*; *leiða fram sitt líf*. **8.** føra til jordi, gravleggja. **9.** segja fram, uttala.

Med part. *af*: *leiða e-n af*, reida ein av; upers. *leiðir e-t* (*til*) *af e-u*, eitk. fylgjer av, hev si orsak i, kjem fraa eitk.; *leiðast af e-u*, vera fylgja, verknaden av eitk.; *þaðan leiðir*, av det fylgjer; *hjá*: *leiða e-t hjá sér*, lata eitk. ganga og ikkje ansa det. *í*: *leiða tǫlu í aðra tǫlu*, mangfalda eit tal med eit anna. *inn*: *leiða inn*, leida, føra, taka inn; byrja paa. *innar*: *leiða innar*, leida (brurfolk) inn i brude-romet. *til*: *leiða sik til e-s*, hava aa gjera med, koma ved eitk. *upp*: *leiða upp* (*skip*), draga upp, paa land. *út*: *leiða e-n út*, fylgja ein or huset.

leiða, *v.* (*dd*) **II.** leida, gjera leid; *leiða e-m e-t*, gjera eitk. leidt for ein; *leiðast*, *v. r.* leidast, verta leid av; *e-m leiðist e-t*, ein vert leid av eitk. **leiða,** *f.* leida, mothug, ufysa.

leiðangr, *m.* **1.** leiding, herfylgje til sjøs, utreidsla til kongen av skip og mannskap til herferd. **2.** skatt eller avgift som kom i staden, naar leiding ikkje vart utboden.

leiðangrs-fall, *n.* det aa lata vera aa gjera leiding eller betala leidingsskatt; boti for det. **-far,** *n.* leidingsskip. **-fé,** *n.* pengar som leidingsmannen fekk med av bygdi som reidde honom ut, leidingspening. **-ferð,** *f.* leidingsferd. **-folk,** *n.* leidingsfolk. **-fǫr,** *f.* leidingsferd. **-gerð,** *f.* leidings-utreidsla. **-lið,** *n.* leidingsfolk. **-maðr,** *m.* mann som er med i leiding, leidingsmann. **-skarð,** *n.* leidings-mink. **-skip,** *n.* leidingsskip som bønderne i ei skipreida reidde ut. **-útfœrsla,** *f.* leidings-utreidsla. **-vist,** *f.* leidingstid. **-víti,** *n.* bot fordi ein ikkje vil gjera sin leidingsskyldnad, leidingsbot.

leiðanligr, *a.* lettstyrd.

leiðar-bréf, *n.* leidebrev. **-dagr,** *m.* dag daa det er *leið* (sumarting). **-lengd,** *f.* veglengd. **-lok,** *n. pl.* **-lyktir,** *f. pl.* endelykt paa ferdi. **-lýsing,** *f.* lysing paa vegen. **-maðr,** *m.* vegvisar, lôs (= *láðmaðr*). **-mál,** *n.* fyresegner um *leið* (sumarting). **-morginn,** *m.* morgon daa *leið* (sumartinget) tek til. **-nest, -nesti,** *n.* vegnista. **-steinn,** *m.* magnet. **-stjarna,** *f.* pol-stjerna. **-sund,** *n.* sund som ligg i leidi. **-þing,** *n.* sumarting for heradet (paa Island) = *leið*. **-vísi, -vísir,** *m.* vegvisar (ogso skriftleg vegvisar med utgreiding um farvegar). **-víti,** *n.* = *leiðangrsvíti*. **-vǫllr,** *m.* voll der dei held *leið* (sumarting).

leiðendi, *n.* **1.** leidende, leidsam eller uhugleg ting. **2.** leidende, mothug, ufysa.

leið-fœra, *v.* leida, føra etter vegen; *l. sik til*, prova sin rett til. **-fœrr,** *a.* leidfør, som kann fara vegen eller leidi.

leiði, *n.* **1.** bør, god siglevind. **2.** grav, legstad.

leiði-blindr, *a.* so blind at ein maa leidast. **-fífl,** *n.* godfjott. **-gjarn,** *a.* leidsam.

leiðiligr, *a.* styggleg, fælsleg. Jfr. nyn. *leidleg.*

leiðing, *f.* **1.** leiding, tilteljing, lokking. **2.** uttale. Æf.

leiðinga-maðr, *m.* etterlaaten, medraadleg mann. **-samr,** *a.* lett aa leida eller yvertelja, medraadleg.

leiðinligr, *a.* styggleg, fælsleg (*-liga, av.*).

leiðint, *a. n.* leidsamt.

leiðiorð, *n.* ord, samtale som ein fylgjer eink. paa vegen med, skilnadsord.

leiðir, *m.* sjaa *kvennaleiðir.*

leiðis-lauss, *a.* utan leidar. **-munni,** *m.* inngang til ei grav.

leiðitamr, *a.* leidsletamd, lettstyrd; medraadleg, viljug.

leiðmót, *n.* **1.** tingmøte for heradet um sumaren eller hausten etter altinget (Isl.) = *leið,* 5. **2.** møte, stemna.

leiðorð, *n.* leidsemd, leidskap.

leiðr, *a.* leid, mislika, utolleg, hata; *e-m er e-t leitt.* **leið-rétta,** *v.* (*tt*) rettleida, faa i stand, ordna; *leiðréttast, v. r.* umvenda seg. **-rétta,** *f.* **-rétting,** *f.* rettleiding, ordning; umvending **-saga,** *f.* vegvisning, lôsing. **-sagari, -sagi, -sagnarmaðr,** *m.* vegvisar, lôs, kjendmann. **-stafir,** *m. pl.* leidor, leide ting. **-sǫgn,** *f.* vegvisning, lôsing. **-sǫgukaup,** *n.* lôspengar. **-sǫgumaðr,** *m.* **-togi,** *m.* vegvisar, lôs, kjendmann.

leiðuligr, *a.* styggleg, fælsleg.

leið-vísi, *f.* kunnskap um leidi. **-víti,** *n.* = *leiðangrsvíti.* **-vǫllr,** *m.* = *leiðarvǫllr.*

leif, *f.* **1.** etterleiva, arv (i sms.). Jfr. nyn. *busteleiv,* f. **2.** *pl. leifar,* leivor, leivningar; verknad, fylgjor.

leifa, *v.* (*fð*) leiva; leiva etter seg; gjeva upp, gjeva fraa seg; lata vera aa nemna.

leifskorn, *n.* = *ólafskorn.*

leiga, *f.* **1.** leiga, bruk paa visse vilkaar. **2.** leiga, betaling for leiga; løn; renta. **3.** leiga, jordskyld.

leiga og **leigja,** *v.* (*gð*) leiga, bruka (mot vederlag); betala leiga (eller renta) for.

leig-lendingaþáttr, *m.* bolk um leiglendingar i logboki. **-lendingr,** *m.* leiglending. **-selja,** *v.* (*ld*) leiga (ut).

leigu-ból, *n.* leiglendingsgard. Jfr. nyn. *leigebol,* Nordl. **-bú,** *n.* leigt bufe. **-burðr,** *m.* leiga; landskyld. **-drengr,** *m.* leigesvein. **-fall,** *n.* avdrag paa leiga eller løn. **-fé,** *n.* leigt gods eller fe. **-fœrr,** *a.* god nok til aa leiga ut. **-garðr,** *m.* leigegard (i by). **-jǫrð,** *f.* bygslejord, leigejord. **-kona,** *f.* leigekvende. **-kýr,** *f.* leigeku. **-land,** *n.* bygslejord, leigejord. **-lauss,** *a.* fri for leiga, rentefri (*-laust, av.*). **-liðaskipti,** *n.* skifte millom leiglendingar paa same gard. **-liði,** *m.* leiglending. **-lýðr,** *m. koll.* leiglendingar. **-maðr,** *m.* leigemann, leigd kar; leiglending. **-mál,** *n.* leigekontrakt, bygslebrev. **-máli,** *m.* leigekontrakt, leigevilkaar; bygslejord, leigd jord (jfr. nyn. *leigemaal*); leigetid. **-mannliga,** *av.* paa leigemanns vis. **-nótt,** *f.* siste natti for uppsegjing av jordleiga (= *nóttin helga,* jolenatti). **-prestr,** *m.* hjelpeprest, kapellan. **-riddari,** *m.* *riddari* som er i tenesta hjaa ein. **-staðr,** *m.* stad der ein hev gods eller pengar standande ute i leiga eller paa renta.

leika, *f.* leika; leiksyster, gjenta. **leika,** *n.* leika, leikty.

leika, *v. st.* **1.** leika, spela, svinga seg, røra seg; *logi leikr; gull leikandi,* rennande gull; *leika lauss* (*við*), røra seg, vera fri og laus; *leika e-m í skapi* (*í mun*), leika ein i hugen. **2.** dansa. **3.** leika, spela, øva seg i idtrotter, trøy seg (leiken stend i akk., leika i dat. eller med *at* og *við*); *leika sér,* leika seg, trøy seg; *leika hǫrpu* (*akk.*), spela paa horpa. **4.** leika med, driva gjøn med, spotta, hava til narr (*e-n*). **5.** taka (fat) paa, søkja aat (*e-t*); fara (ille) med (*e-t*). *leikinn, perf. partic.* aatsøkt; (ille) medfaren; forgjord. **6.** gjera, greida (*e-t*).

Med part. *á*: *leika á e-n,* gjera ein ei pretta; taka paa ein, vinna paa ein; *leika á e-u* **1.** hava seg, ganga, vera paa ein viss maate; *leika á ymsu,* ganga so ymist; *leika á tveim tungum,* vera ymse (tvo) meiningar um. **2.** hava eitk. til emne; *hugr leikr e-m á e-t,* ein leikar hug paa eitk.; *leika á,* vera (paa ferd), ganga; *lék þat orð á,* det ordet gjekk. *um*: *hafa e-t um at leika,* hava eitk. aa halda paa med, aa fara med; *þat er um at leika,* det stend um dette, det er aa ottast for. *upp*: *leika e-n upp,* ganga yver, vinna paa ein. *út*: *leika e-n út,* fara (ille) med ein. *við*: *leika við,* vara, halda seg.

leikast, v. r. leika seg; gjerast, greidast; upers. *leikst á e-n,* det gjeng ut yver ein; *leikast við,* leikast, freistast, prøvast.

leikandi, *f.* **1.** leikende, rull (*leikande,* Tel.). **2.** leik, skjemt, gap.

leikara-skapr, *m.* narreskap, fjas. **-sǫngr,** *m.* spelemannssong. **leikari,** *m.* leikar, spelemann, juglar. **leik-blandinn,** *a.* leikande, lentug. **-borð,** *n.* spelbord.

leikbróðir, *m.* **I.** leikbrôr, kammerat.

leik-bróðir, *m.* **II.** mann som er uppteken i eit kloster utan *regluhald,* læk-broder. **-dómr,** *m.* lækfolk, lækmenner.

leik-fang, *n.* fangtak, dragsmaal. **-félagi,** *m.* leik-kammerat, leikbrôr. **-ferð,** *f.* leik.

leikfolk, *n.* lækfolk.

leik-fœri, *n.* musikinstrument, spelreide.

leikinn, *a.* **1.** leiken, leiksam. **2.** perf. partic. sjaa *leika.*

leikligr, *a.* **I.** leikleg, lentug, lystig.

leikligr, *a.* **II.** læk, lækmanns-.

leikmaðr, *m.* **I.** lækmann.

leikmaðr, *m.* **II.** leikar, idtrottsmann.

leikmannligr, *a.* lækmanns-, lækmannsleg.

leik-mikill, *a.* leiksam, god til aa leika; *hafa leikmikit,* hava mykje leik. **-mót,** *n.* leikstemna; skodespel; møte til holmgang odl. **-mær,** *f.* leiksyster.

leikr, *m.* **1.** leik, trøyskap, moro; skjemt, gjøn; idtrottsøving; dragsmaal; dans; skodespel; strid (poet.); *á* (ell. *í*) *nýja leik,* paa nytt lag; *vera í leikum,* vera paa ferd. **2.** medferd; aatferd.

leikr, *a.* læk (lat. laicus).

leikskáli, *m.* leikstova. **leiksmark,** *n.* merke etter ein leik. **leik-stefna,** *f.* leikstemna. **-sveinn,** *m.* leik-kammerat, felage.

leikvald, *n.* den verdslege (læke) magt.

leikvǫllr, *m.* leikvoll.

lein, *f.* lein, hall (for *hlein*).

leiptr, *m.* eit slag kval. Delphinus acutus?

leiptr (*leiptrar*; *leiptrir*) *f.* skin, lysing.

leiptra, *v.* (*að*) blenkja, skina.

leir, *n.* leir.

leira, *f.* **I.** leira, leirut strand.

Leira, *f.* **II.** Loire (elv i Frankrike).

leir-bakki, *m.* leirbakke. **-blót,** *n.* avgudsoffer i manneskapnad av leir. **-borg,** *f.* by, bygd av leir. **-búð,** *f.* leir-bud, leirhytta. **-depill,** *m.* leirflekk. **-gata,** *f.* leirut veg. **-hella,** *f.* tiglstein, murstein. Stj. V46.

leiri, *m.* leira, leirut strand.

leir-jǫtunn, *m.* jøtun av leir. **-kelda,** *f.* kjelda med leirut vatn. **-krukka,** *f.* leirkrukka. **-ligr,** *a.* leiren, leirut, leir-. **-maðr,** *m.* mann av leir. **-móða,** *f.* leirdya. **leiróttr,** *a.* leirut. **leir-pottr,** *m.* leirkjer, leir-potta. **-pyttr,** *m.* leirut vatspytt.

leirr, *m.* leir, leirgrunn. **leirsfullr,** *a.* full av leir, leirut.

leir-slétta, *f.* leir-sletta. **-stokkinn,** *a.* tilskvett med leir, leirut. **-teigr,** *m.* leiren jordteig. **-tjǫrn,** *f.* leirut vatspytt.

leirubekkr, *m.* bekk som renn igjenom leirgrunn (leira), leirbekk.

leirugr, *a.* leirut.

leiruvík, *f.* vik med leirgrunn (leira).

leirvaðill, *m.* leirvâl, leirut grunning.

leirvík, *f.* leirut vik, leir-vik.

leista-brœkr, *f. pl.* buksa som gjeng nedum føterne, med brok og sokkar i eitt, leistebrok. **-lauss,** *a.* utan sokkar, leistelaus.

leistbrœkr, *f. pl.* = *leistabrœkr.*

leistr, *m.* leist, sokkeleist, sokkefot.

leit, *f.* leit, leiting; augnemaal (N. G. L.).

leita, *v.* (*að*) **1.** leita etter, freista aa finna, røkja etter, sjaa eller høyra etter eitk. (*e-s*) for eller aat ein (*e-m*); *leita sér staðar,* ganga av for sjølve seg. **2.** freista aa faa i eller faa til eitk., søkja eitk. (*e-s*) for eller aat ein (*e-m*); *leita ráðs af e-m* (*til e-s, með, undir, við e-n*), søkja raad hjaa ein, spyrja ein til raads; *leita sér lífs,* freista aa berga livet. **3.** venda seg til, te seg, vera paa ein viss maate mot ein; *leita e-s vel,* vera god mot eink. **4.** freista aa fara, søkja, fara. **5.** fara til, freista (m. inf.).

Med part. *á*: *leita á,* leita etter; søkja; venda seg (til aa faa i eitk.); ganga for nær (jfr. nyn. *aaleita*); søkja paa, taka paa; klaga, lasta paa; tvila paa; *leita e-s á,* freista paa eitk. til raadbot. *at*: *leita at e-u, leita eptir e-u* = *leita e-s*; *leita at,* røkja etter, høyra etter. *fyrir*: *leita fyrir* (*e-u, e-m*), syta for; *leita fyrir sér* (ogso *leitast fyrir*) syta for seg, sjaa seg fyre, sjaa til aa berga seg; sjaa til, gjera sitt beste; gifta seg. *í*: *leita e-s í,* freista paa, finna paa eitk. til raadbot.

til: *leita til e-s*, leita etter eitk.; søkja eitk.; freista aa faa til eitk., fara til med eitk.; *leita til við e-n*, gjera (eitk.) imot ein; *leita til* (m. inf.) freista. *um*: *leita um e-t* = *leita e-s*; *leitast um*, leita etter, røkja etter. *við*: *leita við* (*um*) *e-t*, freista paa eitk.; *leita við e-n*, høyra etter med ein, spyrja ein.

leitan, *f.* søknad.

leiti, *n.* **1.** leite, høgd eller bakke i landskapet som stengjer for utsyni eller gjev utsyn. **2.** leite, bil. Grott. 17.

leizla, *f.* **1.** leidsla, leiding, føring. **2.** jordferd, likferd. **3.** burtrykkjing (yverf.), ekstase.

leizludrykkja, *f.* samlogedrykkja, fønningslag.

leka, *v. st.* leka, vera utett.

leka, *v.* (*að*) gjera lek, utett. *lekast*, *v. r.* verta lek.

leki, *m.* leke, brest. **lekr,** *a.* lek, lekall, utett.

lektaratjald, *n.* tjeld som heng paa ein bokstol? D. I. I. 402₁₅. **lektari,** *m.* bokstol.

lektia, *f.* lester (lat. lectio, jfr. nyn. *leksa*).

lektor, *m.* lat. lector, laag geistleg av 2dre grad.

lemba, *v.* (*bd*) lemba, lamba. **lembdr,** *a.* som gjeng med lamb.

lemd, *f.* mein, skavank.

lemheyrðr, *a.* tunghøyrd.

lemill, *m.* lemjar, magtstelar.

lemja, *v.* (*lamdi*) lemja, lemstra, dengja, slaa, skamslaa; meinka, hindra.

lemstr, *m.* lemstring, skamføring; skavank. **lemstrar-hǫgg,** *n.* skamhogg, skadehogg. **-sár,** *n.* skam-saar, skade-saar.

lén, *n.* **1.** len, land gjeve til aa styra og hava innkomor av. **2.** umbod. **3.** rett, serrett som konge gjev. Fm. VII 129. **4.** gode, bate.

léna, *v.* (*nd*) lena, laana, gjeva til len eller bruk.

léna, *f.* ljofót, puta under sâl eller klyv. **léna,** *v.* (*að*) ljofata, leggja ljofót paa.

lend. *f.* (pl. *-ar* og *-ir*) lend (paa folk og hestar).

lenda, *f.* jordeign, jord; jfr. nyn. *lenda* i *nylenda* o. fl.

lenda, *v.* (*nd*) **1.** gjeva (*e-n*) land eller jord (til bruk). **2.** lenda, landa. **3.** setja paa land (*skipi*). **4.** yverf.: koma til ein viss stad; upers. *e-u lendir*, eitk. fær ein viss utgang, endar med eitk.; *lendir þeim saman*, dei kjem i kast med einannan. **5.** nytta, hjelpa.

lenda-kláði, *m.* klaade kring lenderne. **-verkr,** *m.* verk i lenderne.

lendborinn, *a.* av lendmanns ætt.

lending, *f.* **lendistǫð,** *f.* lending, landingstad.

lendr, *a.* (eig. perf. partic. av *lenda*) som hev fenge land, som er av lendmanns stand; *lendr maðr*, mann som hev fenge land eller innkomor av kongen paa visse vilkaar, lendmann.

lendván, *f.* von um aa faa land av kongen og verta lendmann.

lengd, *f.* lengd; lengjing; *alls til lengdar*, altfor lenge; *nú ok lengdar*, *í bráð ok lengdar*, i notid og framtid. **lengdarleið,** *f.* veglengd (= *leiðarlengd*).

lengi, *av.* (komp. *lengr*, sup. *lengst*) lenge, i lang tid; *lengi vetrar*, lang tid av vetteren; *lengi æfi*, lang æva, lang tid.

lenging, *f.* lengjing; *lífs lenging*, livsupphelde.

lengja, *v.* (*gd*) lengja, gjera lang eller lengre; *lengjast*, *v. r.* lengjast, verta lang.

lengr, *av. komp.* (av *lengi*) lenger (um tid); *lengr er*, etter at; *lenger en skemr*, heller lenge enn kort d. e. ei lang tid; *lengr eða skemr*, lenge eller kort. **lengra,** *av. komp.* (av *langt*) lenger (um vidd); *hvat lengra?* stutt sagt. **lengrum,** *av. komp.* lenger (um tid og rom) *lengst*, *av. sup.* (til *lengi*) lengst. **lengstum,** *av. sup.* tidast, som oftast, for det meste.

lénsmaðr, *m.* umbodsmann, lensmann (som oftast under ein sysselmann).

lenz, *f.* lanse, spjot (lat. lancea).

leó og **león,** *m.* og *n.*, **leóna,** *f.* løva. **leóns-hvelpr,** *m.* løveunge. **-reiði,** *f.* løvevreide.

leóparðr, léparðr, *m.* leopard.

leppaklæðaskurðr, *m.* tilskjering av **leppaklæði,** *n. pl.* klæde gjorde av ymist lita smaalappar.

leppr, *m.* **1.** lepp, lapp, filla. **2.** lepp, dott, lokk.

lepra, *f.* spillsykja (lat. lepra).

lérept, *n*. lereft. **lérepts-hús**, *n*. hyltra, gøymsla gjord av lereft **-keri**, *m*. tapp av lereft.

lera, *f*. = *løra*. S. E. I 532.

lerka, *v*. (*að*) snøra ihop, leggja i rukkor; skamføra; yverf. tvinga, pina.

les, *n*. lesnad, lesning.

lesa, *v. st*. **1.** taka for tvert, stykke for stykke; pila, plukka, samla; gripa, taka, fata (i); *lesa saman*, samla, sanka; setja saman; *lesa sik*, draga seg (fram); *lesa sik upp*, hala, hiva seg upp. **2.** lesa; *lesa á bók*. **3.** veva inn (med bilæte). **4.** *lesa um e-n*, lasta, baktala ein.

les-djákn, *m*. dekn som les evangeliet i kyrkja. **-kórr**, *m*. bokstol, lesestol i kyrkja der deknen stend og les upp evangeliet.

Lesjar, *f. pl*. Lesja (i Gudbrandsdalen).

léskrápr, *m*. haakjerringskinn til aa skjera ljaareimar av.

lesni, *n*. hovudduk (innvoven med figurar).

lesning, *f*. **lesningr**, *m*. **1.** lesning, lesnad. **2.** *lesni(n)gs hvitill*, kvitel med figur-vevning.

lest, *f*. **I.** lester, tekst (lat. lectio).

lest, *f*. **II. 1.** last, ladning, føring (paa skip eller hest). **2.** lest (eit varemaal) = 10 *skippund*.

lesta, *v*. (*st*) skada; brjota; upers. *lestir skip*, ein gjer skipbrot.

lestatal, *n*. tal lester, leste-tal (i skip).

lesti, *av*. i ordlaget *á lesti* (*at lesti*, poet.) sistpaa, tilslutt.

lestr, *m*. og *f*. lester, tekst. **lestrakórr**, *m*. = *leskórr*.

lestreki, *m*. fullmegt som eigaren let fylgja sine varesendingar, føringsmann.

lestrkórr, *m*. = *leskórr*.

leti, *f*. leta, latskap. **leti-fullr**, *a*. lat, likesæl. **-svefn**, *m*. svevn i latskap og likesæla.

letja, *v*. (*latti*) **1.** telja, raada (*e-n*) ifraa (*e-s*), gjera uviljug (*latr*); *letjast*, *v. r*. verta uviljug, missa hugen til eitk. Jfr. nyn. *letja seg*.

letorð, *n*. fraateljing.

létorfa, *f*. grastorva, uppskori med ljaa.

letr, *n*. skrift; skriving; bokstavar (fransk lettre). **letr-gerð**, *f*. skriving, skrift. **-ligr**, *a*. skriftleg, bokstavleg (*-liga*, *av*.). **-list**, *f*. skrivekunst. **-setja**, *v*. (*tt*) setja upp, skriva upp. **letrsháttr**, *m*. skrivemaate.

létta, *v*. (*tt*) **1.** letta, gjera lettare (*e-t*). **2.** letta, lyfta paa (*e-u*); *létta upp*, letta, lyfta upp. **3.** letta, lindra (*e-u*). **4.** kveikja; *létta sér*, friska seg, kvika seg upp; upers. *léttir e-m*, ein vert lettare eller friskare, besnar. **5.** stansa, slutta med, halda upp med (*e-u*); ståna; upers. *léttir e-u*, eitk. stoggar, held upp.

Med part. *létta á*, stogga, stansa; *létta af*, halda upp med, slutta med, lata av (*e-u*); sleppa (*e-m*); upers. *léttir af e-u*, eitk. held upp, sluttar; *létta frá*, draga seg ifraa; *létta fyrir e-u*, gjeva seg for eitk.; *létta undan*, draga seg undan; upers. *léttir upp e-u*, det held upp, lettar, klaarnar, stilnar (um vêr).

léttast, *v. r*. lettast, klaarna; *léttist e-m*, ein vert lettare, besnar.

létta-bragð, *n*. eig. lettleg bragd; *gera l. á sér*, taka det lett, laast som ingenting. **-kona**, *f*. nærkona. **-sótt**, *f*. føderid.

létt-brúnn, **-brýnn**, *a*. som lyfter brunerne, blid, fornøgd. **-búinn**, *a*. lettbudd, lettklædd. **-bærr**, *a*. lettbær, lett aa bera eller tola. **-fleygr**, *a*. lettfløygd, som flyg lett. **-fœri**, *f*. det aa vera lettfør, lettleik. **-fœrligr**, *a*. lettleg, lettfør. **-fœrr**, *a*. lettfør, kvik. **-hjalat**, *a. n*. lett aa tala um, = *léttrœtt*.

létti, *m*. lette, hjelp, lindring, lettleik; godvilje, velvilje; *af létta*, med godvilje, villeg.

létti-byrðingr, *m*. lite, lett førsleskip. **-gaman**, *n*. gaman, moro.

léttiliga, *av*. lettleg, lett; villeg, venleg.

léttimǫttull, *m*. lett kappa.

léttir, *m*. **1.** lette, lettleik, hjelp. **2.** uppkveikjing, hugnad.

léttisgamanbragð, *n*. lett trøyskap, moro.

létti-skip, *n*. lett skip. **-skúta**, *f*. lett skuta.

léttismaðr, *m*. hjelpesmann.

léttivinátta, *f*. lett venskap, nokolunde god venskap.

létt-klæddr, *a*. lettklædd. **-látr**, *a*. godlaaten, gladvær, lettlynd; lauslynd. **-leikr**, *m*. lettleik; fimleik, førleik; moro. **-lífisaldr**, *m*. alder daa livet er lett, ungdomsalder. **-lífr**, *a*. lettliva; *e-m er léttlíft*, ein er lett-

liva, livsglad. **-liga,** *av.* **1.** lettleg, lett. **2.** venleg, med godvilje. **3.** udyrt, billeg. **4.** kanskje, kannhenda; (*má*) *léttliga* (*vera*) *at,* det kann vera at. **-ligr,** *a.* **1.** lettleg, lett. **2.** uvand, ring. **-læti,** *n.* godlæta, blidskap. **-lætiskona,** *f.* lauslyndt kvende. **-lætislokkr,** *m.* haarlokk som tyder paa lauslynde. **-mælt,** *a. n.* lett aa tala um (= *léttrætt*). Jfr. nyn. *lettmælt,* som talar lett.

léttr, *a.* **1.** lett, ikkje tung; *verða* (*barns*) *léttari,* letta seg, føda. **2.** lett, fri, frisk, glad, venleg; *á léttasta skeiði* (ell. *aldri*), i beste alderen. **3.** lett, ikkje sterk (um vind). **4.** lett, ring, uvand; illvoren; udyr, billeg; *leggja í léttan stað,* leggja lite lag paa.

létt-rœtt, *a. n.* lett aa tala; *er e-m l. um e-t.* **-úð,** *f.* godlæta, blidskap. **-úðigr,** *a.* godlaaten, gladvær, lettlynd. **-vígt,** *a. n.* lett aa slaast. **-vísi,** *f.* (eig. lettleik) lettvori moro.

leyðra, *v.* (*að*) (saape-)vaska (av *lauðr*); jfr. nyn. *løa* (og *laua*) skuma (um sjøen).

leyfa, *v.* (*fð*) **1.** løyva, gjeva (*e-m*) lov til (*e-t*). **2.** lova, rosa (*e-t*).

leyfð, *f.* lov, ros; lovkvæde (poet.).

leyfi, *n.* **1.** løyve, lov; *leggja leyfi á,* gjeva lov til; *taka leyfi af e-m,* faa lov av ein; taka velfar, bjoda farvel med ein. **2.** løyve som diktar hev til aa ganga utanum dei aalmennne reglar (S. E.).

leyfi-dagr, *m.* = *leyfisdagr.* **-liga,** *av.* med løyve, uhindra, fritt. **-ligr,** *a.* løyveleg, lovleg.

leyfis-dagr, *m.* dag, daa ein hev løyve til aa arbeida. **-laust,** *av.* uløyves, utan lov.

leygr, *m.* (*-gjar* og *-gs*) **1.** hav (poet.). **2.** loge, eld (poet.).

leyna, *v.* (*nd*) løyna, dylja eitk. (*e-u, e-t*) for ein (*e-n*); *leynast, v. r.* **1.** løynast, løyna seg. **2.** løyna seg, lura seg.

leynandalǫstr, *m.* løynt lyte.

leynd, *f.* løynd; løyning; løyndom; *af* eller *með leynd,* i løynd, løynleg.

leyndar-bréf, *n.* løyndarbrev. **-erendi,** *n.* løynleg ærend. **-klefi,** *m.* **-kofi,** *m.* løynleg kleve, løynrom. **-limr,** *m.* løynleg lem, løynelem. **-maðr,** *m.* løynd mann, elskar. **-mál,** *n.* løynleg sak, løyndom. **-nef,** *n.* løynd mann (eller kvinna). **-sending,** *f.* løyndarbod. **-staðr,** *m.* løyne, gøymestad. **-tal,** *n.* løynleg samtale. **-vinr,** *m.* løynleg ven, elskar.

leyndr, *a.* løynd, løynleg.

leyni, *n.* løyne, løynstad.

leyni-bragð, *n.* løynsk knip. **-dyrr,** *f. pl.* løyndør. **-fjǫrðr,** *m.* løynd, burtgøymd fjord. **-gata,** *f.* løynveg. **-grǫf,** *f.* løyngrav. **-herað,** *n.* avbygd. **-kofi,** *m.* løynleg kove, løynrom. **-hús,** *n.* løynrom. **-ligr,** *a.* løynleg, løynd (*-liga, av.*).

leyninn, *a.* løynen, løynsam.

leyni-staðr, *m.* løyne, løynleg stad. **-stigr,** *m.* løynstig. **-vágr,** *m.* løynd, burtgøymd vaag (vik). **-vegr,** *m.* løynveg.

leynligr, *a.* løynleg (= *leyniligr*).

leysa, *v.* (*st*) **1.** løysa, knyta upp (*e-t*). **2.** løysa, gjera laus, sleppa laus, gjeva fri, skilja; *leysa e-n af banni*; *leysa e-n ór ánauð.* **3.** løysa, fria, frelsa (*e-n*). **4.** løysa (inn eller ut), kaupa fri. **5.** løysa, greida ut, svara paa (*e-t*). **6.** løysa, greida, gjera av, gjera ende paa (*leysa e-t, leysa e-t af hendi*). **7.** verta ferdig med (*leysa e-n, leysa e-n af hendi*). **8.** løysa inn (ein skyldnad eller lovnad), greida, betala (*leysa e-t, leysa e-t af hendi*). **9.** gjera fraa seg, senda avstad; *leysa e-n brott* (*af, af garði, af hendi, af hǫndum, út*). **10.** fara burt. **11.** upers. *leysir vatn,* vatnet gjeng upp, isen løyser; *leysti* (*skipit*), det rivna sund, brotna.

Med part. *frá*: *leysa e-n frá e-u,* løysa, fria ein for eitk., skilja ein fraa eitk. *ór*: *leysa e-t ór e-u,* løysa, gjera laust eitk. fraa (utor) eitk., fria eitk. fraa eitk.; *leysa ór e-u,* greida ut um, svara paa eitk. *sundr*: *leysa sundr,* løysa upp; opna; upers. *leysir í sundr,* det gjeng sund, brotnar, rivnar. *til*: *leysa til* (*e-s*) løysa upp (til aa faa tak i eitk.). *undan*: *leysa e-t undan e-u,* løysa, skilja, fria, frelsa eitk. fraa eitk. *upp*: *leysa* (*e-t*) *upp,* løysa, riva upp; taka fram (or ein pakke). *út*: *leysa* (*e-n, e-t*) *út,* løysa ut; kaupa fri; sleppa laus; greida ut, betala; senda avstad.

leysast, v. r. løysa seg; fria seg; verta løyst (greidt); fara burt; *leysast í sundr,* losna, rivna sund.

leysing, *f.* uppløysing; *vera í leysingu,* halda paa aa gaa fraa kvarandre.

leysingi, *m.* **1.** frigjeven træl, løysing. **2.** lausgangar. **leysingja,** *f.* frigjevi trælkvinna.

leysingja-barn, *n.* barn til ein frigjeven træl. **-lega,** *f.* gravstad for frigjevne. **-sonr,** *m.* son til ein frigjeven træl. **-ætt,** *f.* ætt fraa ein frigjeven træl.

leysingr, *m.* frigjeven træl, løysing.

leysings-aurar, *m. pl.* løysepengar for træl. **-barn,** *n.* barn til ein frigjeven træl. **-dóttir,** *f.* dotter til ein frigjeven træl. **-erfð,** *f.* erverett etter frigjeven træl. **-kyn,** *n.* ætt fraa ein frigjeven træl. **-lǫg,** *n. pl.* log um frigjevne og ætti deira. **-sonr,** *m.* son til ein frigjeven træl.

lið, *n.* **1.** lid, flokk, fylgje (av folk eller dyr). **2.** lid, husfolk; hovdings faste fylgje; herfylgje, mannskap; *vera eins liðs,* vera samheldige; *vera einn síns liðs,* vera einsaman. **3.** folk, menneskje. **4.** lid, (folke-) hjelp, studnad. **5.** skip.

líð, *n.* rusdrykk, sterk drykk.

liða, *v.* (*að*) **1.** lida, stella, lempa. **2.** greida ut. **3.** *liðast, v. r.* lokka seg, krulla seg.

líða, *v.* (*að*) lída, tola.

líða, *v.* (*dd*) fara framum; upers. *e-t líddi,* eitk. er yver; *er konung líddi,* næst etter kongen.

líða, *v. st.* **1.** fara, ganga; *láta e-t* (*hjá sér*) *líða,* lata eitk. ganga uansa; *líða í úmegin,* falla i uvit; *líða undir lok,* falla under lok, døy. **2.** henda, ganga for seg; *hvat líðr* (*e-m*), kor gjeng det (med ein). **3.** fara framum, koma yver (*e-t*); upers. *líðr e-t,* eitk. er yver, er til ende; *þegar* (*þá*) *er konung líðr,* naar kongen gjeng ifraa, d. e. umfram kongen, næst etter kongen. **4.** lida, skrida, ganga burt (um tidi); *sem skamt líðr,* kort etter; *þegar leið,* bruka som adverb.: straks (etter); *líðandi,* framfarande, forgjengeleg; *liðinn,* avliden, daud; upers. *líðr e-u,* det lid med eitk., lakkar til enden.

Med part. *á*: *líða á e-n,* koma yver ein; upers. *líðr á e-t,* det lid paa (med) eitk., nærmar seg til enden paa eitk.; *áliðinn,* som det lid med (*at áliðnum degi,* daa det leid ut paa dagen). *af*: *líða af,* lida av, vera yver, kverva. *at*: *líða at e-u,* fara, koma nær eitk.; um tid: lida til eller aat; *líða at e-m,* plaaga, leita, taka paa ein; upers. *líðr at e-m,* det leitar, plaagar ein; det lid aat med ein, han nærmar seg dauden. *frá*: *er frá leið,* daa det leid paa ei stund. *fram*: *líða fram,* lida, skrida fram; halda fram, fara fram; ganga burt, døy; *framlíðandi,* forgjengeleg. *til*: *líða til e-s,* hava til fylgja, føra til eitk. *um*: *líða um e-t,* fara um, ganga yver, springa yver eitk. (og ikkje ansa ell. nemna det); *líða um,* lida av, ganga burt, kverva; *þegar er um leið,* straks (etter); *þegar um leið er,* so snart som; *hvat líðr um e-t,* kor gjeng det med eitk. *yfir*: *líðr yfir e-t* **1.** = *líðr um e-t.* **2.** koma yver; ganga yver, henda.

liðagjald, *n.* avgift fraa *liði* (legd).

liðan, *f.* **1.** liding, lemping. **2.** utgreiding.

Líðandisnes, *n.* Lindesnes, Neset.

liðasár, *n.* saar i lederne.

liðatal, *n.* tal *liðar* (legder).

lið-dráttr, *m.* folke-samling, her-samling. **-drjúgr,** *a.* mannsterk, manglida. **-fár,** *a.* faament, folkefaa. **-fæði,** *n.* folkeskort, folkeløysa (jfr. *mannfæð*). **-fœrr,** *a.* **1,** hjelpefør, brukfør, iser vaapnfør. **2.** mannsterk. **-góðr,** *a.* som er til god hjelp, dugeleg. **-henda,** *f.* **-hending,** *f.* eit slag versemaal med same rimbokstav framfor *hendingar* (S. E. I 652). **-hendr,** *a.* som hev *liðhending.*

liði, *m.* **1.** fylgjesmann, mann. **2.** krins av gardar som skulde stella ein hermann i leidingen, legd.

liði, *n.* **1.** hovdings fylgje (Karlevisteinen, Øland). **2.** folkehjelp. Ra. 1 b.

lið-lauss, *a.* som er utan folkehjelp, hjelpelaus. **-leysi,** *n.* folkeløysa, hjelpeløysa. **-ligr,** *a.* som er til hjelp, beinsam, dugande (*-liga, av.*). Jfr. nyn. *lidleg,* lagleg. **-lítill,** *a.* **1.** faament, faalida. **2.** lite hjelpsam, faanyt. **-maðr,** *m.* fylgjesmann, hermann. **-mannligr,** *a.* som ser dugande ut, hermannsleg (*-liga, av.*). **-margr,** *a.* mannsterk, manglida.

liðmjúkr, *a.* ledmjuk. **liðr,** *m.* (*-ar*; *-ir, -u*) **1.** led, ledmot. **2.** led, ættled. **3.** krok; *liðr á nefi.* **4.** lem (paa kroppen); avlelem. **5.** lem, lagsmann. **6.** tiar (i mathem.).

liðrækr, *a.* utskoten, vanda som udugleg.

liðsafli, *m.* folkehjelp, mannstyrke.

lið-samligr, *a.* som ser dugande ut,

dugeleg. **-samnaðr,** *m.* folkesamling, hersamling. **-samr,** *a.* lidsam, hæv til aa hjelpa.

liðs-beini, *m.* hjelp, studnad. **-bón,** *f.* bøn um hjelp. **-dráttr,** *m.* folkesamling, hersamling.

liðsemd, *f.* hjelp, studnad.

liðs-fjǫldi, *m.* stort fylgje, mannfjølde. **-hǫfðingi,** *m.* hovding yver ein herflokk.

lið-sinna, *v.* (*að*) hjelpa, stydja (*e-m*; *e-t*). **-sinnaðr,** *a.* lidsinnug, hjelpsam. **-sinni,** *n.* lidsinne, hjelp, studnad. **-sinnismaðr,** *m.* hjelpesmann, studningsmann. **-skortr,** *m.* skort paa folk.

liðs-kostr, *m.* folkehjelp, mannskap.

lið-skyflr, *a.* som treng mykje folk, folkefrek.

liðs-laun, *n. pl.* løn for hjelp. **-maðr,** *m.* fylgjesmann, hermann. **-munr,** *m.* skilnad i styrke, folkemun, mannemun. **-samnaðr,** *m.* folkesamling, hersamling. **-þarfi, -þurfi,** *a.* som treng folkehjelp, folkturven. **-þurft,** *f.* **-þǫrf,** *f.* turft, torv til folkehjelp.

liðþrota, *a.* som vantar folkehjelp, uppraadd for mannskap.

liðugliga, *av.* viljugt, villeg.

liðugr, *a.* **1.** ledug, laus, fri, ubunden, uhindra; *eiga liðugt,* hava det fritt. **2.** viljug, venleg.

lið-vani, *a.* som vantar folkehjelp, vanment. **-vaskr,** *a.* lidsam, hjelpsam. **-veizla,** *f.* hjelping, studnad. **-veizlumaðr,** *m.* hjelpar, studningsmann.

lif, *n.* sjaa *lyf.*

líf, *n.* **1.** liv, livande tilstand; *á lífi,* i live; (*vera*) *lífs,* (vera) i live, livande; *vera lífi minnr,* vera daud; *vilja sem líf sitt,* vilja likso gjerne som aa liva, vilja paa livet; *lífs gjarna,* likso gjerne som aa liva, inderleg gjerne. **2.** livstid; *lifa e-s lífi lengr,* liva lenger enn ein, liva ein av. **3.** liv, livnad. **4.** liv, menne, person. **5.** liv, likam; ogso: liv, midja; *til lífs ok sálar,* til liv og saal, paa kropp og sjæl.

lifa, *v.* (*fð*; *partic. lifat*) **1.** vera atter, verta atter; (jfr. helsingi i nyn. „*beda vel liva*“, sjaa *fara*); *þá er þriðjungr lifir dags,* naar tridjeparten er atter av dagen; *meðan ǫld lifir,* medan verdi stend. **2.** liva, hava liv; *lifa eptir e-n,* liva etter ein, liva ein av; *lifi konungr várr,* live kongen vaar. **3.** liva, føra eit liv; *lifa líf sitt e-n veg,* liva, føra sitt liv eikorleis; *lifa hreinliga*; *lifa* (*e-t*) *eptir e-m,* liva so (i eitk., med umsyn paa eitk.) som ein ynskjer eller vil. **4.** liva, næra seg av eitk. (*við e-t*). **5.** liva ein av, liva lenger enn ein (*e-n*). **6.** liva, brenna (um eld).

lifandi (og *lifandis* indekl.) *præs. partic.* livande, livandes; *jǫrð lifandi manna* d. e. himmerike, paradis; *at sér lifanda,* i si livstid; pl. *lifendr,* livande.

lifandis-hlutr, *m.* livande ting. **-kvikendi,** *n.* livande kvikjende eller dyr. **-líkami,** *m.* livande likam. **-maðr,** *m.* livande menneskje. **-sál,** *f.* livande sjæl (saal). **-skepna,** *f.* livande skapning.

lífdagar, *m. pl.* livdagar, livstid, liv; *taka e-n af lífdǫgum,* taka ein av livdagom, taka livet av ein.

lifðr, *a.* livande (Edda).

líferni, *n.* liverne, livnad.

lífga, *v.* (*að*) gjera livande, gjeva liv; kveikja, styrkja.

lífgan, *f.* livandegjering, uppreising (til nytt liv).

líf-gjafari, -gjafi, *m.* mann som gjev ein livet, frelsar, bergingsmann. **-gjǫf,** *f.* det aa gjeva ein livet, frelsa, berging. **-gǫfugr,** *a.* æreverdig ved sitt liv, dygderik. **-hinna,** *f.* bukhinna, tarmsekk. **-hræddr,** *a.* livrædd.

lífi, *n.* **1.** liv. **2.** liv, livnad. **3.** (munke)-orden.

lifinn, *a.* livande.

líflát, *n.* daude; *vera í lífláti,* vera i andlaatom, liggja paa det siste. **líflátinn,** *a.* avliden, daud. Jfr. nyn. *livlaaten,* viss paa dauden, uppgjeven. **lífláts-dagr,** *m.* daudedag. **-dómr,** *m.* daudedom. **-stund,** *f.* daudestund. **-verðr,** *a.* verd aa missa livet.

líf-lauss, *a.* livlaus. **-ligr,** *a.* livande; som gjev liv eller held det uppe. **-mikill,** *a.* livmykjen, full av liv, kvik.

lifna, *v.* (*að*) **1.** verta atter. **2.** livna, kvikna; friskna.

lifnaðarlengd, *f.* livslengd, livsalder.

lifnaðr, *m.* **1.** livnad, livemaate. **2.** (munke)orden; kloster.

lífnœring, *f.* livnæring, livsupphelde.

lífr, *a.* berre i *n*: *e-m er líft,* ein kann liva; det er livande for ein.

lifr, *f.* (*-ar*; *-ar*) livr. **lifra,** *f.* syster (poet.). **lifri,** *m.* brôr (poet.).

lifrúnir (og *-rúnar*) *f. pl.* lækjande runer (jfr. *lif* = *lyf*).

lifrverk, *n.* verk i livri. Harp.

lífs-andi, *m.* ande, livs-ande, tev. **-bjǫrg,** *f.* livsberging, livsupphelde. **-blóð,** *n.* livande blod, livs-blod. **-bók,** *f.* bok som fortel ei livssoga. **-brauð,** *n.* livsens braud. **-braut,** *f.* veg til livet. **-bréf,** *n.* brev um ein manns livssoga. **-brunnr,** *m.* livsens brunn. **-dagar,** *m. pl.* livdagar, liv. **-drykkr,** *m.* livsdrykk. **-dyrr,** *f. pl.* dør inn til livet. **-dœgr,** *n.* halvdøger av livet. **-endi,** *m.* livs-ende, daude. **-gata,** *f.* veg til livet. **-gjarna,** *av.* inderleg gjerne (sjaa *líf*). **-grǫs,** *n. pl.* lækjegras som held livet ved lag. **-grið,** *n. pl.* trygd for livet. **-gæzla,** *f.* det aa taka vare paa livet sitt, umsut for livet. **-gœzka,** *f.* livs dygd. **-háski,** *m.* livsfaare. **-háttr,** *m.* livemaate, livevis. **-herað,** *n.* himmerike. **-hjǫlp,** *f.* hjelp i livsfaare, berging. **-hvatr,** *a.* livsfrisk, kvik. **-kelda,** *f.* livsens kjelda. **-kenning,** *f.* læra um det ævelege livet.

lífskr, *a.* som er fraa Livland.

lífs-krás, *f.* livsens føda. **-kveiking,** *f.* livs-kveikjing. **-leiðendi,** *n.* livs-leida. **-mark,** *n.* merke til liv, livsteikn. **-nœring,** *f.* livnæring, livsupphelde. **-orð,** *n.* livsens ord.

lífspund, *n.* livlandsk pund, lispund.

lífs-saga, *f.* livssoga. **-stundir,** *f. pl.* livdagar. **-tími,** *m.* livstid. **-tjón,** *n.* livtyne, daude. **-tré,** *n.* livsens tre. **-þáttr,** *m.* bolk av ei livstid. **-ván,** *f.* livs von. **-vanr,** *a.* livlaus, daud. **-vegr,** *m.* **1.** veg til livs frelsa. **2.** livemaate. **-æðr,** *f.* = *lífæðr*.

líf-tjón, *n.* livtyne, daude; *hafa líftjón,* missa livet. **-vænn,** *a.* som hev livs von. **-æðr,** *f.* livaadr, pulsaadr.

liggja, *v. st.* **1.** liggja; *liggja af verkum sínum,* liggja sjuk so ein ikkje kann arbeida; *hér liggr skald,* her ligg ein skald gravlagd; *liggja veðrfastr*; *leið liggr,* vegen ligg eller gjeng; *liggjandi fé,* eigedom i lausøyre (= *dautt fé*). **2.** liggja i ro, liggja urøyvd (um jord og midel). **3.** vera eikorleis; *lá honum þat illa,* han var ille nøgd med det; ogso upers. *liggr e-m illa,* ein er ille til mods. **4.** liggja, vera islagd; *vǫtnin lágu ǫll.* **5.** liggja med, gjera seg skyldig i legemaal med (*e-a*); ogso um dyr: rida. **6.** *liggja sér,* liggja for lenge, verta forlegen.

lǫg, *n. pl.* **1.** lagnad, forloga. **2.** kaar, vilkaar. **3.** log, logbod; *guðs lǫg,* kyrkjeretten (mots. *lǫg manna*); *at* (*eptir, með*) *lǫgum,* etter logi, i samhøve med logi; *af sjǫlfum lǫgunum,* ved sjølve logi, utan beintfram avsagd dom, ipso jure; *bjóða lǫg fyrir sik, bjóða sik undir lǫg,* bjoda log (og dom) for seg, segja ein vil retta seg etter logi; *dœma e-m lǫg,* døma i saki til eink. etter logi; *flytja mál til laga,* procedera, gaa i retten med ei sak; *hafa lǫg,* njota logi, hava vern av logi; *hafa lǫg við e-n,* bruka logi mot ein; *koma til laga,* møta til logleg dom; *kveðja e-n laga um e-t,* faa ein lagmanns orskurd um kva som er log i ei sak; *leggja lǫg á e-t,* fastsetja eitk. ved log; *leita laga,* freista bruka logi; *rétta lǫg,* segja kva som er rett log; *ræna e-n lǫgum,* taka fraa ein hans loglege rett; *segja* (*upp*) *lǫg,* segja kva som er log i ei sak; *skipa í lǫg,* fastsetja ved log; *standa á lǫgum,* staa paa logi, hava logi for seg; *svara e-m lǫgum,* svara, staa til svars for ein etter logi; *taka e-t í lǫg,* logtaka, fastsetja eitk. ved log; *þola e-m lǫg,* tola at ein fer etter logi; *þreyta lǫg um e-t,* føra sak um eitk.; *vita í lǫgunum,* vera logkunnig, kjenna logi. **4.** lag, samlag, landslut som hev sams log; *segjast ór lǫgum við e-n*; *vera i lǫg með e-m*; jfr. *Gulaþingslǫg* o. fl.

lǫg-arfi, *m.* logleg erving. **-balkaskipan,** *f.* bolkeskipingi i logboki. **-baugr,** *m.* *baugr* som ein etter logi skulde leggja i bot for visse brotsverk. **-beiðing,** *f.* logleg framsett krav. **-berg,** *n.* **-bergi,** *n.* Logberget der dei heldt altinget paa Island. **-bergsganga,** *f.* uppgonga til Logberget. **-binda,** *v. st.* binda ved log. **-bjóða,** *v. st.* bjoda etter logi, paa logrett maate. **-boð,** *n.* **1.** logrett tilbod (t. d. um kaup av odelsjord eller um mannebot). **2.** logrett krav. **3.** logbod, logsetning. **4.** logleg magt til aa bjoda og styra. **-bók,** *f.* logbok. **-borinn,** *a.* logrett framboren. **-bót,** *f.* bot som logi byd, logbodi bot. **-bróðir,** *m.* mann som hev sams log med

ein. **-brot,** *n.* logbrot. **-brotinn,** *a.* som hev lide tap ved logbrot. **-brotsmaðr,** *m.* logbrjotar. **-bú,** *n.* loglegt bu eller hushald. **-bǫlkr,** *m.* bolk av logi, logbolk. **-deila,** *f.* sak, rettssak.

lǫgdir, *m.* sverd (poet.).

lǫg-dómr, *m.* **1.** logleg domstol. **2.** logrett dom.

lǫgdýr, *n.* „sjødyr“, d. e. skip (poet.).

lǫg-dœma. *v.* (*md*) døma eitk. (*e-t*) til ein (*e-m*) etter logi. **-eggjan,** *f.* eggjing som er i samhøve med logi. **-eiðr,** *m.* logleg eid. **-eindagi,** *m.* logleg semja. **-eyrir,** *m.* **1.** loglegt betalingsmidel. **2.** øyre som gjeld likt med 6 alner vadmaal. **-fá,** *v. st.* faa paa logleg vis. **-faðmr,** *m.* logleg famn, famnemaal med logleg storleik.

lǫgfákr, *m.* „sjøhest“, d. e. skip (poet.).

lǫg-fardagr, *m.* fardag fastsett i logi. **-fasta,** *f.* fasta fastsett i logi. **-fastnan,** *f.* logrett festarmaal. **-fastr,** *a.* **1.** logrett, som stend fast etter logi. **2.** som hev fast logleg bustad. **-fé,** *n.* tilleggsbot som retten tek av den som ikkje fylgjer ein logleg dom. **-félag,** *n.* logleg sameiga. **-festa,** *v.* (*st*) **1.** fastsetja ved log, logfesta. **2.** fèsta (kona) paa logleg vis. **3.** forbjoda at ein gjer eller tek eitk., fredlysa (helst i søksmaal um fast eigedom). **-festa,** *f.* **-festing,** *f.* loglegt forbod, fredlysing. **-fóstr,** *n.* fostring som fastsett i logi. **-fóstri,** *m.* ein som er uppfostra som fastsett i logi. **-frétt,** *f.* logleg spurning, log-spurning (i retten). **-fróðr,** *a.* logkunnig. **-fullr,** *a.* heilt logleg, rett etter logi. **-fundr,** *m.* logbode møte. **-fǫstutíð,** *f.* tid daa logi byd fasta.

lǫgg, *f.* (*gen. laggar*) logg (i stavarne paa trekjer).

lǫg-garðr, *m.* gard, gjerde i loglegt stand. **-garðsǫnn,** *f.* onnetid daa dei skal vøla um *lǫggarðr.* **-gerð,** *f.* framferd etter logi. **-gjǫf,** *f.* logleg gaava.

lǫggra, *v.* (*að*) dilla med rova. Edda.

lǫggrið, *n.* fast loglegt tilhelde eller heimvist.

lǫggstokkinn, *a.* sundbrosten i loggi (um kjer).

lǫg-heilagr, *a.* heilag, ukrenkjande etter logi. **-heimila,** *v.* (*ar*) gjeva logleg rett til, logheimla. **-heimili,** *n.* logleg heimstad. **-hlið,** *n.* loglegt led (i gjerde). **-hreppr,** *m.* repp (*hreppr*) skipa etter logi (Isl.). **-hverfð,** *f.* loglegt gjerde. **-kaup,** *n.* løn, betaling som fastsett i logi. **-kennandi,** *m.* eig. logleg kjennar, ein som etter logi er før og gild til aa vera domsmann (*kviðmaðr*) i ei eigedomstrætta (Isl.). **-klókr,** *a.* logkunnig. **-konungr,** *m.* logleg konge. **-krókar,** *m. pl.* log-knip, logkrokar. **-kvǫð,** *f.* logleg stemning. **-kœni,** *f.* logkunna. **-kœnn,** *a.* logkunnig. **-kœnska,** *f.* logkunna. **-langr,** *a.* so lang som fastsett i logi (um skip). **-lausa,** *f.* logløysa. **-lauss,** *a.* ulogleg, loglaus. **-leið,** *f.* loglegt heradsting (*leið*). **-leiða,** *v.* (*dd*) **1.** logtaka, gjera til log. **2.** taka inn i eit log-samlag, gjeva borgarrett (um træl og utlæg mann). **3.** taka upp i lista yver dei heilage, gjera til heilagmenne. **-leiga,** *f.* logleg leiga. **-leysa,** *f.* logløysa. **-liga,** *av.* logleg, paa logleg vis. **-ligr,** *a.* **1.** som høyrer til logi, log-. **2.** logleg, logrett. **-lýrittr,** *m.* logleg *lýrittr.* **-lýsing,** *f.* logleg lysing. **-maðr,** *m.* **1.** logkunnig mann, loglærd. **2.** loggjevar (lat. legifer). **3.** lagmann; ogso bruka um logsegjingsmannen paa Island. **-mál,** *n.* **1.** log-sak, rettsspursmaal. **2.** logbod, logsetning, log. **3.** logfast, bindande semja; pakt (i bibelsk meining). **-máli,** *m.* logrett semja um innløysningsrett og forkaupsrett til ei jordeign.

lǫgmáls-bók, *f.* logbok. **-spjald,** *n.* logtavla (i det gl. testam.). **-staðr,** *m.* tilføre til søksmaal. **-ǫrk,** *f.* pakts-arki (i det gl. testam.).

lǫgmanns-bréf, *n.* brev fraa lagmannen. **-dœmi,** *n.* lagmanns embætte. **-eiðr,** *m.* eid av lagmannen (naar han tek ved sitt embætte). **-garðr,** *m.* gard der lagmannen bur. **-lauss,** *a.* lagmanns-laus. **-stóll,** *m.* lagmannsembætte. **-tollr,** *m.* avgift til lagmannen.

lǫg-mark, *n.* loglegt merke. **-met,** *n* logleg verdsetning. **-metandi,** *m.* logleg verdsetningsmann. **-mót,** *n.* logbode møte. **-mæltr,** *a.* nemnd i logi. **-mætr,** *a.* som logi tek umsyn til („mæter“). Flat. I 4117.

lǫgn, *n. pl.* og *f. sing.* not, vaad; jfr. *lagn, f.* fiskegarn. Nordl.

lǫg-prettr, *m.* log-pretta, log-knip. **-pundari,** *m.* logleg pundar ell. bismar.

lǫgr, *m.* (*gen. lagar, dat. legi*) **1.** vatn; sjø; elv; *á landi eða legi,* paa land eller sjø; *Lǫgrinn,* Mælaren. Jfr. nyn. *fara lands og laga,* og „*log*" i sjø- og elvenamn. **2.** log, utverka saft. **3.** vaatvara, væta, væska.

lǫg-ráðandi, *m.* logleg formyndar, log-verja. **-rán,** *n.* det aa taka fraa ein mann hans loglege rett, so han ikkje fær log og dom i si sak, retts-ran. **-rengd,** *f.* logrett utskjoting av domsmenner. **-rétt,** *f.* (isl.) aalmenn kvi til aa sanka og sidan skifta feet i um hausten, sanke-kvi.

lǫgrétta, *f.* **1.** umbot i logi. **2.** lagretta i Norig (nemndemenner or fylki som dømde paa lagtinget); etter 1281 ogso paa Island (nemndemennerne vart valde fraa kvart ting-lag). **3.** lagretta paa Island fyre sambandet med Norig (godarne og utvalde tingmenner som paa altinget gav loger og avgjorde log-spursmaal for øyi).

lǫgréttr, *m.* *réttr,* bot som ein hadde rett til etter logi.

lǫgréttu-bardagi, *m.* slaasting i (den islandske) lagretta. **-fé,** *n.* pengekassa aat lagretta. **-maðr,** *m.* mann i lagretta, lagrettemann (i Norig og paa Island; jfr. *lǫgretta*). **-seta,** *f.* seta (det aa sitja) i lagretta. **-skipan,** *f.* skiping av lagretta. **-þáttr,** *m.* stykke i logboki um (den islandske) lagretta.

lǫg-rinnt, *v. partic.* gjort til inkjes, umstøytt (ved log), Didr. 74[20]; jfr. *hrinda* 2, og med umsyn paa bøygningi nyn. *rinda,* partic. *rindt.* **-ruðning,** *f.* logrett rudning eller utskjoting av domsmenner. **-ræna,** *v.* (*nt*) taka fraa ein hans loglege rett, fara loglaust fram mot ein (*e-n*). **-ræningr,** *m.* mann som vert fraateken sin loglege rett, loglaust medfaren mann. **-saga,** *f.* **1.** det aa segja fram logi eller kva som er log; lagmanns domsavgjerd. **2.** embætte, embætskrins aat lagmann ell. logsegjingsmann; *hafa lǫgsǫgu.* **-samdr,** *a.* som er i samhøve med logi, logrett. **-samkváma,** *f.* logbodi samkoma. **-samligr, -samr,** *a.* som er i samhøve med logi, logrett, logleg (*-samliga, av.*). **-segja,** *v.* (*-sagði*) segja, døma, avgjera etter logi; *lǫgsegja e-m e-t,* tildøma ein eitk. etter logi. **-segjandi,** *m.* ein som etter logi kann gjeva fraasegn i ei sak. **-sekr,** *a.* fredlaus, utlæg etter logi. **-sekt,** *f.* fredløysa, utlægd etter logi. **-silfr,** *n.* sylv som er gjengelegt etter logi, loggildt sylv. **-sjándi,** *m.* loglegt augvitne. **-skil,** *n. pl.* **1.** skilgreida ell. utgreiding for retten; rettsavgjerd; *mæla lǫgskilum,* greida av rettssaker. **2.** rett og skil, skyldnad, som ein hev aa gjera for logi; *gegna* (*halda upp*) *lǫgskilum,* gjera sin skyldnad etter logi. **-skila,** *v.* (*að*) skila ein eitk. etter logi, avgjera etter logi at ein skal hava eitk. (*e-m e-t*). **-skilaváttr,** *m.* vitne i ei retssak. **-skilnaðr,** *m.* logleg skilnad (millom egtefolk). **-skipti,** *n.* loglegt skifte. **-skrá,** *f.* log-bok, log-kodeks. **-skuld,** *f.* logleg skyldnad til aa betala skuldi si med arbeid. **-skuldarkona,** *f.* kvende som etter logi er skyldig til aa betala skuldi si med arbeid. **-skuldarmaðr,** *m.* mann som etter logi er skyldig til aa betala skuldi si med arbeid, gjeldstræl. **-skyld,** *f.* logleg skuld. **-skylda,** *f.* skyldnad etter logi (i Post. 881[17] motsett *miskunnarverk*). **-skyldr, -skyldugr,** *a.* skyldig etter logi; paaboden i logi. **-sókn,** *f.* **1.** søksmaal etter logi. **2.** lagmannsdøme. **-spakr,** *a.* logkunnig. **-speki,** *f.* logkunna. **-spekingr,** *m.* logkunnig mann. **-spurning,** *f.* logspurning (i retten), logleg spurning. **-stakkgarðr,** *m.* loglegt gjerde kring høystakk. **-stefna,** *f.* logleg, logrett stemning. **-sœkja,** *v.* (*-sótti*) reisa loglegt søksmaal. **-sǫgn,** *f.* = *lǫgsaga.* **-sǫgumaðr,** *m.* **1.** logsegjingsmann. **2.** loggjevar. **-sǫgumannsrúm,** *n.* stad paa Logberget der logsegjingsmannen sit. **-sǫgumannsþáttr,** *m.* stykke i logboki um logsegjingsmannen. **-taka,** *v. st.* = *lǫgleiða.* **-tala,** *f.* framsegjing av logi. **-tekning,** *f.* **1.** logtaking, logfesting. **2.** inntaking i eit samlag. **-tíðir,** *f. pl.* gudstenesta etter logi. **-tíund,** *f.* tiend paabodi i logi. **-þáttr,** *m.* stykke av logi.

lǫg-þing, *n.* **1.** lagting (i Norig). **2.** loglegt tingmøte, rettsmøte. **3.** synagoge. **-þingi,** *n.* lagting (ogso um altinget paa Island).

lǫgþingis-fǫr, *f.* ferd til lagtinget. **-innsigli,** *n.* innsigle til brev som lagtinget sender ut. **-maðr,** *m.* nemndemann til lagtinget.

lǫgu-dagr, *m.* fastsett møtedag. **-nauti,** *m.* = *lǫgunautr* 1. **-nautr,** *m.* **1.** mann som

lyder same log som ein annan (helst um folki i eit lagdøme, og um hirdmennerne). 2. lagsmann, felage. **-neyti,** *n.* samlag som stend under same log (helst um hirdi). **-váttr,** *m.* **-vitni,** *n.* vitne um avtala møte.

lǫg-varnarvitni, *n.* vitnemaal til forsvar i ei rettssak. **-váttr,** *m.* loglegt vitne. **-veð,** *n.* logleg trygd eller pant.

lǫgvellir, *m.* „vatn-sjodar" d. e. kjêl. Edda.

lǫg-verja, *v.* (*-varði*) verja med log, fredlysa. **-vernd,** *f.* fredlysing. **-villa,** *f.* det som ein gjer til aa forvilla retten, logvilling. **-villr,** *a.* vill, uvitande um logi, logvill. **-vinna,** *v. st.* vinna med log. **-vitni,** *n.* logrett vitnemaal. **-vitr,** *a.* logkunnig. **-vǫrn,** *f.* loglegt vern eller forsvar i ei retssak. **-vǫxtr,** *m.* **1.** logleg inntekt. **2.** logleg renta.

lǫm, *f.* (*pl. lamar*) lam, gjenge, hengsla.

lǫn, *f.* (*pl. lanar*) **1.** langvoren haug ell. dunge (poet.) (= laan, Tel.). **2.** i sms. sjaa *heylǫn.*

lǫngu, *av.* longo, for lang tid sidan.

lǫngugi, *av.* ikkje paa lenge.

lǫngum, *av.* lenge, i lang tid.

lǫskr, *a.* losken (Hall.), doven, dauv.

lǫstr, *m.* (*gen. lastar*; *nom. pl. lestir*; *akk. pl. lǫstu*) **1.** last, lyte; mein, skade. **2.** last, lastord, klander.

lǫt, *f.* (*gen. latar*) fraateljing, avraading; hindring, hefte; *telja latar á e-u,* telja fraa eitk.

lǫtun, *f.* (*gen. latanar*) = *lǫt.* Sturl. I 285₃₆.

M.

má, *v.* (*áð*) maa, skrapa, slita, tæra ut; strjuka, sletta ut, rydja burt; *má e-t af e-u*; *már af,* upers. det tek av.

má? *n.* sjaa *mai.*

maðka, *v.* (*að*) verta fyllt med makk. **maðka-haf,** *n.* **-sjór,** *m.* hav fullt av makk. **maðkfullr,** *a.* full av makk. **maðkr,** *m.* makk (mark); ogso krek (um maur). **maðk-sjór,** *m.* = *maðkasjór.* **-smoginn,** *a.* makkesmogen, gjenomsmogen av makkar.

maðr, *m.* (*gen. manns*; *nom. pl. menn* eller *męðr*) **1.** menneskje (av baae kyn; jfr. nyn. mann i sms. og i talemaatar); *maðr er manns gaman*; *mennskr maðr,* mots. troll; *sýndi maðr manni,* mann synte det aat mann, det gjekk fraa den eine til den andre; ofte mesta som eit ub. pron. ein, einkvar: *maðr er auðigr, annar úauðigr*; *þat veit menn* eller *menn veit,* det veit alle, det er visst; ogso koll. folk: *fjǫldi manns.* **2.** mann, karmann; *til manns kominn,* komen til manns, vorten ein god mann odl.; *vera maðr til e-s, fyrir e-u,* vera mann (kar) til eitk. **3.** mann som tener eller fylgjer ein; *við þriðja manni,* sjølv tridje. **4.** mann, egtemann (*eiginn maðr*). **5.** mann, led i ein ættlegg; *maðr eptir mann,* mann etter mann; *vera at fjórða manni at frændsemi,* vera skyld i fjorde led (etter kanonisk rekning); *koma mǫnnum meðal,* faa, setja ættleder millom (so skyldskapen kann verta langt nok ute).

maðra, *f.* modra, fegra. Gallium boreale (i stadnamn).

maga-bragð, *n.* eit slag knip i dragsmaal. **-fyllr,** *f.* magefylla.

magáll, *m.* rand midt nedetter magen; jfr. nyn. *kvidaal,* som eigenleg tyder det same.

magararfi, *m.* erving etter sonen sin (*mǫgr*).

magaskegg, *n.* haar som veks paa magen.

mágastoð, *f.* studning som ein fær ved maagskap.

magfyllr, *f.* magefylla, det som fyller magen.

magi, *m.* mage, buk.

mágkona, *f.* kvinna som ein er skyld med ved maagskap, maagskyld kvinna (vermor, brorkona, sonekona odl.).

magn, *n.* **1.** magt, styrke, kraft; *mátt ok magn* (jfr. nyn. *med maatt og magne,* Aasen); *er um mitt magn,* det gjeng yver mi magt. **2.** hovudluten, storparten av eitk.; *magn ríkis síns.* (Yngre form for *megin,* s d.).

magna, *v.* (*að*) **1.** styrkja, gjera sterk (berre poet.; jfr. nyn. *magna seg,* styrkja seg). **2.** styrkja ved trolldom, fylla med trolldomsmagt; driva paa med trolldom og avgudsdyrking. **3.** *magnast, v. r.* styrkjast, veksa, verta stor eller sterk; gjera seg stor.

magnlauss, *a.* magtlaus. **-leysi,** *n.* magtløysa. **magnsmunr,** *m.* skilsmun i magt.

magnúsmessa, *f.* den 16. april (i Norig); den 13. desember (paa Island).

magr, *a.* (*n. magrt*) mager, skrinn.

mágr, *m.* mann som ein er i maagskap med, skylding ved maagskap (helst verfar, verbror og dottermann eller nyn. maag).

magrligr, *a.* noko mager, skrinnvoren.

mágsefni, *n.* ein som skal verta maag aat ein. **mágsemd,** *f.* maagskap, sivjaskylda.

mai? *n.* friskt vaarlauv. Bp. II, 162.

mak, *n.* gjeremaal, vending.

maka, *v.* (*að*) **1.** maka, mykja, møykja; refl. *makast,* mødast, verta medteken. **2.** *maka e-m háðung,* gjera ein eitk. til skjemd.

maka, *f.* make, like (um kvende).

makendi, *n. pl.* mak, ro, fred.

maki, *m.* make, like.

makki, *m.* manke (paa hest). Bósa s. 4013.

makleikr, makligleikr, *m.* (eig. høveleg-leik), same; det som er høvelegt, verdleik; *með makleik, at makligleik, eptir makligleikum,* so som det er høvelegt eller fortent; *hafa makligleika til e-s,* vera verdig til eitk., ha fortent eitk. **makligr,** *a.* **1.** høveleg, passeleg. **2.** verd, verdig til eitk. (*e-s, til e-s*). **3.** skyldig. (*makliga, av.* so som det er høvelegt eller fortent). Jfr. nyn. *makleg.*

makr, *a.* høveleg, greid, god; *makara (væri) at,* høvelegare, betre var det at. Jfr. nyn. *mak,* makleg, spak. **mak-ráðr,** *a.* medraadeleg, greid. **-reiðr,** *a.* som er god (makleg) aa rida paa.

makt, *f.* magt. **maktarleiki,** *m.* magt.

mál, *n.* **I. 1.** merke, flekk, helst um innsett merke, figur paa metal-smide. **2.** maal, merke (ved mæling). **3.** maal, reidskap til aa mæla med. **4.** rett tid, viss tid til eitk. (Jfr. nyn. *rismaal* o. fl.). **5.** maal, maaltid. **6.** mjølketid; maal, mjølkemaal, det som vert mjølka til kvart maal; *búfé missir máls,* d. e. vert ikkje mjølka. **7.** eit fjordungaar. **8.** maal (= 8 stenger) i sms. *málslengd.*

mál, *n.* **II. 1.** møte, ting; *eiga mál við landsfolkit.* **2.** avtale, semja; *ganga á mál,* brjota semja. **3.** sak, maalemne, ærend; *bera (upp) mál e-t fyrir e-n,* bera fram ei sak for ein (jfr. nyn. *bera upp maalet sitt*); *flytja mál e-s,* tala eins sak, hjelpa saki fram; *þat er annat mál,* det er ei onnor sak; *þat er alls máls,* det er hovudsaki; *skipta máli,* sjaa *skipta.* **4.** stoda som ein stend i, kaar, vilkaar, høve, tilhøve; *óttast sitt mál,* vera rædd for korleis det skal ganga; *kemr þar máli at,* det vert til det at, gjeng so at; *svá er mál með vexti,* sovore er tilhøvet, det hev seg so at. **5.** sak, rettssak; *bera mál á hendr e-m um e-t,* gjeva ein sak, klaga ein for eitk.; *verða borinn máli,* verta kjend skyldig i ei sak, faa saki paa seg; *fallast at máli,* tapa saki; *flytja mál sitt,* føra si sak; *halda máli fram,* halda fram med, driva paa ei sak; *leggja máli gerð,* leggja ei sak under skilsdom; *setja máli,* leggja ned ei sak, lata saki falla; *sækja málit,* leggja upp sak, reisa søksmaal; *vera fyrir máli,* vera sakverjar (d. e. den som saki gjeld); vera førar for ei sak; *verja mál,* forsvara, verja ei sak; *verjast, vera varðr máli,* sleppa fri ei sak, ikkje faa henne paa seg. **6.** maal, mæle, røyst, taleevna. **7.** maal, spraak; *ríta at norrænu máli.* **8.** tale, røda; *með skǫmmu máli,* med faa ord; *várs herra mál,* Vaarherres ord; *bera mál á e-t, hafa e-t á (at) máli,* tala um eitk.; *leita máls við e-n, mæla mál af e-m,* ganga i veg og tala med ein (um eitk.); *taka annat mál,* taka til aa tala um andre ting; *taka máli (e-s) vel,* taka det vel upp det ein segjer. **9.** samrøda, samtal; *finna, hitta mann at máli,* faa ein i tale, finna ein; *koma at máli (á mál) við e-n,* tala ved ein. **10.** soga, forteljing; *í þessu máli,* i denne soga; *taka til máls,* taka til ords, taka til aa fortelja. **11.** ord, ordlag, talemaate; *fornkveðit mál,* gamalt ord. **12.** framsagd meining, paastand; *hafa sitt*

mál, faa fram si meining, hava sin vilje; *halda sínu máli*, halda paa si meining; *vera at einu máli*, vera samheldige; ogso um domsframsegn: *mál þeirra skal standa*. **13.** framsegn, setning (i gram.).

mala, *v. st.* mala, knuska (mest um aa mala korn til mjøl).

mála, *v.* (*að*) maala, skildra.

mála, *f.* kvinna som ein jamnan talar med, kona (poet.).

mála-beizla, *f.* rettskrav. **-efnamunr,** *m.* skilsmun, som gjer maalemni ulike. **-efni,** *n.* = *málefni*. **-ferlamunr,** *m.* skilsmun, som gjer rettssaker ulike. **-ferli,** *n.* rettssak, rettstrætta. **-fjǫldi,** *m.* mengd med saker. Kgs. 724. **-flutningr,** *m.* sakførsla. **-fullting,** *n.* **-fylgja,** *f.* hjelp, studnad i ei rettssak. **-fylgjumaðr** (og *-fylgismaðr*) *m.* mann som hjelper folk i rettssaker, sakførar.

mála-gipt, *f.* **-gjald,** *n* **-gjǫf,** *f.* løning; løn. **-gull,** *n.* gull som ein fær i løning.

mála-háttr, *m.* eit slag versemaal. **-hluti,** *m.* **-hlutr,** *m.* lut som fell paa ein i ei sak; den sida av saki som ein hev med aa gjera.

málajarn, *n.* jarn med eit merke (*mál*) paa.

mála-jǫrð, *f.* jord som er pantsett til bruk. **-kona,** *f.* kona som hev *máli* 2.

mála-kæra, *f.* **-kærsla,** *f.* klagemaal, søksmaal.

mála-land, *n.* jordeign som ein hev *lǫgmáli* eller *lǫgveð* paa. **-lauss,** *a.* (jordeign) som det ikkje er *lǫgmáli* paa.

mála-leitan, *f.* samtale, tinging um ei sak. **-lok,** *n. pl.* **-lykt,** *f.* (mest i *pl.*) **-lyktan,** *f.* endelykt paa ei sak.

málamaðr, *m.* **I. 1.** mann som er van med aa føra rettssaker. **2.** sakkunnig mann. Mar. 1439.

málamaðr, *m.* **II.** mann som tener for løn, lønt tenestemann.

málamannligr, *a.* høveleg for ein *málamaðr*, I. **málamundi,** *m.* semja.

malar-grjót, *n.* smaastein som ligg i *mǫl* (dunge). **-kambr,** *m.* kamb, rygg av smaastein nedmed strandi.

málasal, *n.* eig. utbetaling av løn; løningsdag.

málasax, *n.* stutt sverd med merke (*mál*) paa.

málasilfr, *n.* sylv som ein fær i løning.

mála-skil, *n.* greida, skyn paa rettssaker. **-skipti,** *n.* = *málskipti*. **-skot,** *n.* innanking, appel (til ein høgre domstól). **-sóknir,** *f. pl.* rettssøksmaal. **-spell,** *n.* det som spiller eller øydelegg ei rettssak for ein, sakspille.

mála-spjót, *n.* spjot med eit merke (*mál*) paa. **-steinn,** *m.* stein med eit merke (*mál*) paa?

mála-tilbúnaðr, *m.* **-tilbúningr,** *m.* tilbunad, fyrebuing til eit søksmaal.

máláttusótt, *f.* spillsykja (romansk ord).

málavǫxtr, *m.* tilhøve med ei sak, umstødor ved ei sak.

mál-bók, *f.* lesterbok? **-bót,** *f.* = *málsbót*. **-dagi,** *m.* **1.** avtale, semja, kontrakt. **2.** fyreskipnad, skipnad. **3.** bok, lista yver det ei kyrkja eller eit presteembætte hev av gods, innkomor, legat odl. **4.** skildag, fastsett termin. **-deili,** *n.* = *málskipti*. **-djarfr,** *a.* maaldjerv, djervmælt.

mál-drykkja, *f.* drykk tilmælt til maten. **-drykkjumaðr,** *m.* mann som fær seg tilmælt drykk til maali.

málefni, *n.* maalemne, sak, som er emne for umdøming eller trætta; grunn, umstødor og alt som vedkjem ei sak.

máleldr, *m.* (helst i pl.) eld som dei kokar maten ved til maaltiderne.

málendr, *m. pl.* partar i ei sak.

málfár, *a.* sett, innlagd med merke eller figurar (*mál*) til prydnad.

mál-fimi, *f.* ordhegd, dugleik til aa tala. **-fimliga,** *av.* ordhagt. **-fimr,** *a.* ordhag, lettmælt. **-framr,** *a.* djervmælt. **-friðr,** *m.* fred millom folk, so dei ikkje hev saker med kvarandre. **-fylling,** *f.* „setningsfylling“ d. e. partikel (gram.). **-fœrr,** *a.* maalfør, som er i stand til aa tala.

málga, *v.* (*að*) mangla paa, gjera krav paa (= *ámálga*).

mál-gagn, *n.* talereide. **-haltr,** *a.* maalhalt, som trivlar etter ordi eller som hev lyte i talereiden. **-helti,** *f.* det aa vera *málhaltr*, maalhelta. **-hress,** *a.* maalfør, so frisk at ein kann tala.

máli, *m.* **I.** talenøyte, ven (jfr. *mála*, f.).

máli, *m.* **II. 1.** semja, avtale, kontrakt. **2.** semja um den luten av buet som kona

skal hava (for *gagngjald* og *gjǫf*), i fall det vert skifte; rettskrav som ho hev soleis. **3.** bygslebrev; ogso um landskyldi, leiga for jord. **4.** semjebrev um pantsetjing av jord til bruk. **5.** avtale eller skilord um forkaupsrett til jord for seljaren. **6.** løningsavtale; løning, løn; *ganga á mála*, taka tenesta (hjaa hovding).

máligr, *a.* maalug, snakksam.

mál-krókar, *m. pl.* krokar, vringlor i talen, ordkrokar. **-kunnigr, -kunnr,** *a.* ved samtale kjend med (*e-m*). **-laki,** *m.* lyte, brest paa tale-evna. **-latr,** *a.* uviljug til aa tala, traudmælt. **-lauss,** *a.* maallaus. **-leysa,** *f.* gale maalbruk (um laake rim). **-lýzka,** *f.* maallydska, maal.

malmara-grjótsvegg, *m.* vegg av marmorstein. **-steinn,** *m.* marmorstein.

malm-hlið, *n.* malmport, metalport. **-pottr,** *m.* potta av malm, metalkjer.

malmr, *m.* **1.** malm, som ein fær metal or. **2.** malm, metal.

malm-verk, *n.* malmverk, bergverk. **-æðr,** *f.* strøym av rennande malm.

mál-nyta, *f.* mjølkefe. **-nytr,** *a.* mylkt, som gjev mjølk. **málnytu-kúgildi,** *n.* eit mjølkekuverde. **-kýr,** *f.* mjølkeku.

mál-óði, -óðr, *a.* vill, styrlaus i ordi.

malr, *m* pose, sekk.

mál-reið, *f.* tale, umrøding; *koma á málreið*, koma paa folkemunnen. **-reifr,** *a.* munnkaat, kvik i røda. **-reitinn,** *a.* rødug, snakksam. **-rói,** *n.* tale, talegaava. **-rófsmaðr,** *m.* snakkar, skravlar. **-róm,** *n.* tale. **-rúm,** *n.* tid til tale. **-rúnar,** *f. pl.* runeskrift, runer til maalbruk, i motsetning til andre runer, S. E. I 598; talegaava, taleevna. Edda. **-rœða,** *f.* umrøding; *koma á málrœðu*, koma paa folkemunnen. **-rœðinn, -rœtinn,** *a.* rødug, snakksam.

máls-afglapan, *f.* skjepling av ei sak, so ho ikkje vert avgjord. **-aldr,** *m.* utbetalingstermin.

málsannan, *f.* sanning, stadfesting paa det som er sagt.

málsbót, *f.* det som skal bøta paa ei sak, orsaking.

málsemd, *f.* **malsendi,** *m.* **malsendir,** *m.* **málseyrendi,** *n.* maalsemd (Sogn), maate aa tala paa; tale; *þeim varð at málseyrendum*, dei kom i samrøda.

máls-fylling, *f.* fullending av ei sak. **-grein,** *f.* **1.** maalgrein, maalføre. **2.** talemaate. **3.** setning. **4.** tale. **-háttr,** *m.* **1.** maalgrein, maalføre. **2.** tale, ord.

málskipti, *n.* **1.** det som er mykje um aa gjera for ein, naudsyn, torv; vigtug sak.

málskjóla, *f.* bytta, bruka til maalkjerald.

máls-lengd, *f.* lengd paa eit maal (8 stenger). **-list,** *f.* talekunst. **-lǫstr,** *m.* veila, lyte paa eit maal. **-maðr,** *m.* maalsmann, talsmann. **-matr,** *m.* matmaal, mat til eit maal. **-mjolk,** *f.* mjølkemaal, so mykje mjølk som vert mjølka i eit maal.

málsnild, *f.* ordhegd. **málsnildar-gjǫf,** *f.* talegaava. **-list,** *f.* talekunst. **-maðr,** *m.* ordhag mann.

mál-snilli, *f.* ordhegd. **-snjallr,** *a.* ordhag, hagmælt.

málsorð, *n.* ord (i ei setning).

málspakr, *a.* klok i ordi, ordhag.

málspartr, *m.* part av talen, ordklassa.

mál-speki, *f.* **-spekt,** *f.* klokskap i tale, ordhegd.

málsrǫdd, *f.* ljodførd (artikulera) tale.

mál-staðr, *m.* **1.** stad, som ein talar ifraa. **2.** sak som er aa vange, maalemne, spursmaal. **-stafr,** *m.* **1.** bokstav. **2.** samljod, konsonant (so nær som *hǫfuðstafir*). **-stefna,** *f.* stemna, møte til aa dryfta ei sak.

málssteinn, *m.* = *málasteinn*.

máls-tilbúningr, *m.* tilbunad til eit søksmaal. **-timbr,** *n.* maalstimber, timber som held fullt maal.

mál-stofa, *f.* stemnestova, tingstova. **-stund,** *f.* tid til aa tala.

málsþǫrf, *f.* torv til aa tala.

málsvefn, *m.* svevn til rett sovetid.

máls-vegr, *m.* utveg, paaskot som ein brukar i ei sak. **-verðr,** *m.* matmaal.

malt, *n.* malt, melt korn.

máltak, *n.* talemaate.

malthlada, *f.* hus til aa gøyma malt i.

máltíð, *f.* maaltid, maal. **máltíðarstund,** *f.* tid som ein treng til ei maaltid.

maltklyfjar, *f. pl.* klyvjar med malt.

maltshlaða, *f.* = *malthlaða*. **maltverð,** *n.* malt-verde.

mál-þing, *n.* samrøda (poet.). **-þurfi,** *a.* som treng tala med ein.

málugliga, *av.* med mange ord, med mykje snakk. **málugr,** *a.* maalug, snakksam.

málunautr, *m.* talenøyte, ven (poet.).

málungi (av *málum-gi*): *ef þyrftak at málungi mat,* um eg ikkje turvte mat aat maali. Edda.

malurt, *f.* malurt.

mál-vinr, *m.* umgangsven. **-vǫndr,** *m.* maalstokk.

mamata-, = *mánaðarmatar-.* **mamatr,** *m.* = *mánaðarmatr.*

man, *n.* **1.** husfolk, huslyd. **2.** træl; trælkvende; koll. trælar. **3.** kvinna, vækja.

mánadagr, *m.* maandag.

mánaðar-dagr, *m.* (skrive *mánaðadagr*) maanadsdag, same dag i næste maanad. **-frest,** *n.* maanadsfrest. **-kostr,** *m.* kost for ein maanad. **-leiga,** *f.* løn for ein maanad, maanadsløn.

mánaðarmatar-ból, *n.* jordveg som ein betalar *1 mánaðarmatr* i landskyld av. **-lag,** *n.* verde, som er likt med *1 mánaðarmatr.* **-leiga,** *f.* = *mánaðarmatarból.* **-sla,** misskrift for *mánaðarmatar(s)lag?* D. N. II 273₈. **-øx,** *f.* øks som er verd ein *mánaðarmatr.*

mánaðar-matr, *m.* eig. maanadsmat, mat for ein maanad, men bruka um ei viss mengd av matvaror, serleg smør og mjøl. **-mót,** *n.* maanemot, same tid i næste maanad. **-ró,** *f.* ro, fred i ein maanad. **-stefna,** *f.* stemna eller stemning med ein maanads varsl. **-vist,** *f.* mat for ein maanad. **mánaðatal,** *n.* *mánaðatal hitt meira* og *hitt minna* um regulares lunae og regulares solis (i kalenderrekningi).

mánaðr (og *mánoðr*) *m.* (*gen. sing. mánaðar* og *mánaðr*; *nom. pl. mánaðir, mánaðr, mánuðr*; *akk. pl. mánaði, mánuðu, mánaðr, mánuðr*) maanad; *tolf mánaðir* (samanskrive: *tolfmánaðr*) = eit aar.

manafé, *n.* eig. trælepengar, d. e. samanskotspengar (paa lagtinget) til lauskauping av trælar.

mána-garmr, *m.* „maanehunden" (i gudesegnerne um ein jøtun som vil gløypa maanen). **-mataból,** *n.* = *mánaðarmatarból.* **-nótt,** *f.* natti til maandags.

manarmenn, *m. pl.* folki paa øyi *Mon.*

mána-salr, *m.* „maanesalen" d. e. himmelen (poet.). **-skin,** *n.* maaneskin. **-tré,** *n.* „maanetre" (namn paa eit vidundertre i India).

manel, *n* ? form?

manér, *n.* manér, vis, aatferd.

mang, *n.* **1.** smaahandel, kramhandel. **2.** vara seld i smaatt, kramvaror.

manga, *f.* eit slag kastemaskina til aa kasta vaapn (pilar?) mot fienden.

manga, *v.* (*að*) handla, kaupa, selja, tinga.

mangaraskapr, *m.* **1.** kaupskap, kramhandel. **2.** prakkarskap, snytarskap. **mangari,** *m.* smaahandlar, kramkar; prakkar.

mangát, *n.* = *mungát.* N. G. L. V 9₉; jfr. *manvit, manugð.*

mangi, sjaa *manngi.*

mangsmaðr, *m.* = *mangari.*

máni, *m.* **1.** maane (himmelkloten). **2.** maane, maanad.

mankynni, *n. pl.* vitjing hjaa kvinna. Edda.

mann, *m.* = *maðr.*

manna, *v.* (*að*) **1.** manna, gjera til rett mann; *manna sik.* **2.** *mannast, v. r.* mannast, verta ein mann, ein dugeleg kar; *perf. partic. mannaðr, a.* som hev mannast, vorte ein mann som han skal vera; mannsleg, dugande, dana (*vel, illa mannaðr*).

manna, *n.* det lækjande gòvet, som etter ei segn fauk upp or gravi aat læresveinen Johannes. Post. 496₃₀.

manna-bein, *n.* mannebein. **-blóð,** *n.* manneblod. **-búkar,** *m. pl.* mannekroppar. **-bygð,** *f.* bygd, der det bur folk. **-deili,** *n.* tilstand millom folk. Ark. X 305. **-dreyri,** *m.* manneblod. **-eldi,** *n.* upphelde for forsytelause folk. **-far,** *n.* **-farvegr,** *m.* mannefar, farveg etter folk.

mannafli, *m.* mannstyrke, folkemagt.

manna-forráð, *n.* raaddom, styre yver folk (ofte bruka um godord). **-fundr,** *m.* folkemøte, samkoma av folk. **-fǫr,** *f.* ferd av folk, manneferd. **-gnýr,** *m.* staak av folk. **-grein,** *f.* grein, greidskap som høver ein rett mann. **-hold,** *n.* mannekjøt, folkekjøt. **-hringr,** *m.* ring av menner, manngard. **-hugir,** *m. pl.* hugar, vardyvle aat menneskje. **-hús,** *n.* hus for folk. **-hvarf,** *n.* burtkverving av folk. **-hǫfuð,** *n.* manne-

hovud. **-kaup,** *n.* byting av egtemenner, mannebyte. **-kjqt,** *n.* mannekjøt. **-krof,** *n. pl.* mannekroppar. **-lát,** *n.* folketap, mannspille. **-lið,** *n.* folkehjelp, mannskap. **-lof,** *n.* lov, ros av folk. **-mál,** *n.* mannemaal. **-missir,** *m.* **-missur,** *f. pl.* folketap, mannspille. **-morð,** *n.* mord paa folk. **-mót,** *n.* folkemøte, samkoma av folk. **-munr,** *m.* mannemun, skilsmun millom folk.

mannañ, *f.* det som gjer ein til ein dugande mann, manndom, daning.

manna-negl, *m. pl.* mannenegler. **-reið,** *f.* riding av folk; ridande manneflokk, mannereid. **-samnaðr,** *m.* samling av folk. **-seta,** *f.* tilhelde av (framand)folk. **-skipan,** *f.* skiping, uppstelling av folk. **-skipti,** *n.* manneskifte, mannebyte. **-slóð,** *f.* mannefar. **-sómi,** *m.* ære, vyrdnad millom folk. **-sættir,** *m.* ein som gjer folk samde, mannesemjar. **-taka,** *f.* inntak av (framand)folk.

mannauðn, *f.* mannspille, folkeøyding, avfolking.

manna-vegr, *m.* manneveg, folkeferdsl. **-verk,** *n.* verk av folk, manneverk. **-vist,** *f.* tilhelde av folk. **-vqld,** *n. pl.* det som folk veld, manneverk.

mann-barn, *n.* mannsbarn, menneskje. **-beztr,** *a. sup.* som er eit framifraa menneskje. **-bikkja,** *f.* bikkja, hund (i kalling). **-bjqrg,** *f.* berging av folk. **-blót,** *n.* **1.** ofring av menneskje, mannblot. **2.** forbanning. **-boð,** *n.* **1.** gjestebod. **2.** bod med ein mann. **-broddr,** *m.* isbrodd. **-bœtr,** *f. pl.* bøter for drepen mann, mannbøter. **-dáð,** *f.* manndom, mannsdygd. **-dauðr,** *m.* manndaude. **-deild,** *f.* usemja millom folk, tvidrætte. **-djqfull,** *m.* djevel i manneham.

manndómligr, *a* menneskjeleg; manndomsam, god. **manndómr,** *m.* **1.** manndom, menneskjeleg natur. 2. manndom, mannskap. **3.** manndom, godskap. **manndóms-ást,** *f.* hug til aa vera ein manndoms mann. **-leysi,** *n.* umannsleg ferd, hjarteløysa. **-maðr,** *m.* manndoms mann.

mann-dráp, *n.* manndraap. **-drápalaust,** *av.* utan manndraap. **-drápamaðr, -drápari, -drápi, -drápsmaðr,** *m.* manndraapar, draapsmann. **-drápssqk,** *f.* sak um manndraap, draapssak. **-drápsþing,** *n.* ting tilstemnt for eit manndraap skuld. **-dygð,** *f.* manns dygd, manndom. **-dýrð,** *f.* manns æra, dygd. **-eign,** *f.* det aa hava egtemann, gift stand. **-eldi,** *n.* upphelde for (forsytelause) folk. **-engill,** *m.* engel i manneham. **manneskja,** *f.* menneskja. **mann-eygr,** *a.* olm, mannvond (= *mannýgr*). **-fagnaðr,** *m.* fagning av folk, traktering. **-fái,** *m.* mannslike, mannsbilæte. **-fall,** *n.* mannfall; manndaude. **-fár,** *a.* faament; *þykki mér mannfátt í bœnum,* eg tykkjer det er mannfaatt, faa folk i byen. **-fang,** *n.* tilfang av dugande menn; *eiga mannfang í sonum,* hava eigna karar til søner. **-farmr,** *m.* farm, ladning av folk. **-ferð,** *f.* ferd av folk. **-fjándi,** *m.* djevel i manneham. **-fjqld,** *f.* **-fjqldi,** *m.* mannfjølde, mengd med folk. **-fleiri,** *a. komp. hafa mannfleira,* hava fleire folk. **-fóli,** *m.* tulling, tosk. **-folk,** *n. koll.* folk, menneskje; *mannfolkit,* menneskja, manneætti. Jfr. nyn. *mannfolk.* **-frelsi,** *n.* frigjeving or trældom; fridom aat eit menneskje. **-frœði,** *f.* kunnskap um folk. **-fulga,** *f.* kostpengar. **-fundr,** *m.* folkemøte, samkoma. **-fýla,** *f.* niding, skarv. **-fæð,** *f.* **-fæði,** *n.* mannfæe (Gbr.), det at det er faa folk, folkeløysa. N. G. L. **-fœða,** *f.* **-fœði,** *n.* mannemat, folkemat. Flat. I 111₁₅. **-fœrð,** *f.* føre, framkjømd for folk til fots. **-fqr,** *f.* ferd av folk. **-garðr,** *m.* manngard, gjerde, rekkja av folk. **-gerð,** *f.* utreiding av ein leidingsmann; krins som reidde ut ein leidingsmann. **-gerðarmenn,** *m. pl.* menner som tilsaman stelte og reidde ut ein mann i leiding. **-gersimi,** *f.* gripa kar.

manngi, *pron.* (*gen. mannskis, dat. mannigi*) ingen (eig. ikkje ein mann).

mann-girnd, *f.* **-girni,** *f.* hug, lyst etter mannfolk, giftarhug. **-gjarn,** *f.* manngalen, giftarsjuk. **-gjarnliga,** *av.* paa ein maate som syner giftarhug. **-gjqld,** *f.* mannbot. **-grein,** *f.* mannemun. **-gœði,** *n.* gode for folk, lunnende. **-gœzka,** *f.* manndom, godskap. **-hár,** *a.* mannshøg; *mannhátt, av.* i mannshøgd. **-háski,** *m.* livsfaare. **-hefnd,** *f.* hemn for eit manndraap. **-heill,** *n.* **-heill,** *f.* lukka som fylgjer eit menneskje. **-heillamaðr,** *m.* mann som lukka fylgjer. **-heimar,** *m. pl.* manneheimarne (mots. gudeheimarne). **-helgarbqlkr,** *m.* bolken i logboki um *mannhelgi.*

-helgi, *f.* **-helgr,** *f.* **1.** det at menneskje er fredheilagt, trygd for mannen. **2.** = *mannhelgarbǫlkr.* **-hringr,** *m.* ring av menner, manngard. **-hundr,** *m.* hund i manneham. **-hús,** *n.* hus for menneskje, folkehus. **-hæð,** *f.* mannshøgd (= *mannshædd, f.* Shl.). **-hætta,** *f.* livsfaare. **-hættliga,** *av.* soleis at det er faare for manneliv. **-hættr,** *a.* livhætt, faarleg for manneliv. **-hættulaust,** *av.* utan livsfaare. **-hœgr,** *a.* manngod, mannmild. **-hǫfn,** *f.* folkehald, det aa halda arbeidsfolk. **-illska,** *f.* vondskap. **-jafnaðr,** *m.* **-jǫfnuðr,** *m.* **1.** ihoplikning av menner (til trøyskap i gjestebod), mannjamning. **2.** ihoplikning av dei menner som er fallne eller særde paa baae sidor etter eit slag, og utrekning av bøterne for deim. **-kaup,** *n.* eig. „mannehandel"; *þat er gott mannkaup í Bolla,* det er god (stor) vinning aa faa Bolle med. **-kind,** *f.* **1.** slag menneskje, folkeslag. **2.** manneætti. **-kostafar,** *n.* skip som er lasta med dygder. **-kostr,** *m.* manndom, dygd. **-kvæmd,** *f.* renn, tillaup av folk. **-kvæmt,** *a. n.* mannkjømt, folksamt. **-kvǫð,** *f.* utbod av mannskap. **-kyn,** *n.* **1.** slag menneskje, folkeslag. **2.** manneætti. **-lát,** *n.* folketap, mannspille. **-lauss,** *a.* mannlaus. **-leikr,** *m.* manndom, menneskjeleg natur. **-lera,** *f.* vanmenne, stakar. Jfr. *løra.* **-leysi,** *n.* vanmenne, dugløysa. **-liga,** *av.* manneleg, som det høver ein mann eller eit menneskje. **-ligr,** *a.* **1.** som høyrer til eller vedkjem menneskje, menneskjeleg, folke-. **2.** manndomsam, mannleg, mannsleg. **3.** emneleg, vonfull. **-líkan,** *n.* **-líkneskja,** *f.* mannlikan, mannslike. **-lydda,** *f.* mann som er *lydda.* **-lýti,** *n.* det som er til lyte for eit menneskje, mannemink, udygd, last. **-læða,** *f.* vanmenne, dugløysa. **-lǫstr,** *m.* last, synd. **-margr,** *a.* mannsterk, mangment; *hafa mannmart,* hava mange folk. **-mengi,** *n.* **-mergð,** *f.* folketal, folkemengd. **-mergi,** *f.* d. s. Jøfr. I, 435-36. **-metnaðr,** *m.* æra av menneskje, vyrdnad. **-mót,** *n.* mannskap, manndom. **-múgi,** *m.* **-múgr,** *m.* folkemug, folkemengd. **-níðingr,** *m.* niding, svikar mot folk. **-orð,** *n.* gjetord. **-ráð,** *n.* raadlag mot ein manns liv. **-raun,** *f.* mannrøyne, prøva, utrøyning av folk, faare.

mannsaldr, *m.* mannsalder, manns livetid.

mannsamnaðr, *m.* samling av folk.

manns-áta, *f.* folkemat. **-bani,** *m.* draapsmann. **-barn,** *n.* mannsbarn, menneskje. **-bein,** *n.* mannebein. **-blóð,** *n.* manneblod. **-búkr,** *m.* mannekropp. **-efni,** *n.* mannsemne.

mann-sekt, *f.* utlægd, fredløysa. **-semi,** *f.* manndom, mannskap.

manns-fótr, *m.* mannefot. **-frjalsi,** *n.* fridom aat eit menneskje. **-fylgja,** *f.* fylgja, vardyvle til eit menneskje. **-gildi,** *n.* bot aat kongen for draap paa undersaått. **-gjǫld,** *f.* mannbot. **-hamr,** *m.* menneskjeleg skapnad, manne-ham. **-hár,** *n.* mannehaar. **-hjarta,** *n.* mannehjarta. **-hræ,** *n.* lik av eit menneskje. **-hǫfuð,** *n.* mannehovud. **-hǫnd,** *f.* mannehand.

mann-skaði, *m.* mannskade, folketap, mannspille. **-skaparlauss,** *a.* utan mannskap, duglaus. **-skapr,** *m.* **1.** mannskap, manndom, framferd. **2.** menneskjeleg natur. **-skelmir,** *m.* djevel i manneham. **-skepna,** *f.* menneskjeleg skapnad, manneskapnad.

mannskona, *f.* (*pl. mannakonur*) manns kona, gift kvinna.

mann-skræfa, *f.* vanmenne, stakar. **-skœðr,** *a.* som gjer stor mann-skade; blodug. **-slagari,** *m.* mannslagar, draapsmann.

manns-lið, *n.* manns hjelp. Grett. 3517. **líf,** *n.* manneliv. **-ligr,** *a.* menneskjeleg. **-líki,** *n.* **-líkneskja,** *f.* mannlikan, mannslike. **-mót,** *n.* mannskap, manndom. **-mynd,** *f.* manneskapnad.

mann-sómi, *m.* æra millom menneskji, heider. **-spell,** *n.* **-spjall,** *n.* mannspille, mannskade, folketap.

mannsraun, *f.* mannrøyne (= *mannraun*).

mannstormr, *m.* aalaup av framstormande folk.

manns-tunga, *f.* mannetunga. **-váði,** *m.* vaade, faare for folk. **-verk,** *n.* **1.** manns verk, manns arbeid. **2.** skade som mannehand hev gjort. **3.** jordpart so stor som ein mann kann driva. **-vit,** *n.* mannsvit, folkevit. **-vǫxtr,** *m.* mannshøgd. **-æfi,** *f.* ein manns livetid, mannsalder.

mann-tak, *n.* mann-verde. **-tal,** *n.* **1.** manntal, folketal. **2.** manntal, folketeljing, mest um teljing av mannskapet til heren.

manntals-eiðr, *m.* eid til aa stadfesta at talet paa vernepliktigt mannskap i huset er

rett uppgjeve, manntalseid. **-skattr,** *m.* skatt etter manntalet. **-þing,** *n.* ting til manntal.

mann-tapavetr, *m.* vetter med stor mannskade ell. stort folketap. **-tapi,** *m.* (og *manntapan, f.*) mannskade, folketap. **-telja,** *v.* (*-taldi*) halda manntal, telja. **-tjón,** *n.* og *f.* manntyne, mannspille, folketap. **-þrota,** *a.* uppraadd for folkehjelp. **-þrǫng,** *f.* manntrong, folketrengsl. **-þurfi,** *a.* trengd um folkehjelp. **-úðigr,** *a.* manntyd, blidlaaten. **-val,** *n.* utval av folk, utvalde folk. **-vandr,** *a.* mannvand, som krev dei beste og vrakar dei mindre gode, vand paa aa velja folk. **-veiðr,** *f.* manne-veiding, manne-fanging. **-villa,** *f.* rang fårkjenning. **-virðing,** *f.* **1.** vyrdnad, æra millom folk. **2.** mannemun. **-virki,** *n.* arbeid av folk; verk som folk hev gjort.

mannvit, *n.* (ogso skrive *manvit*) mannsvit, vit, skyn; jfr. *manvit.* **mannvit-, mannvits-,** sjaa *manvit-, manvits-.*

mann-vitull, *m.* faavitug mann? **-vænligr,** *a.* **-vænn,** *a.* som gjev von um aa verta ein dugande, god mann, emneleg. **-værr,** *a.* som hev rett til aa vera saman med folk. **-ýgr,** *a.* mannvond, olm. **-æta,** *f.* mann-etar. **-œli,** *n.* øle, vantrivling, stakar.

man-rúnar, *f. pl.* elskhugsruner (til aa vinna ei kvinna). **-sal,** *n.* eig. træl-sal; *selja mansali,* selja til træl. **-salsmaðr,** *m.* træl som ein kann selja, kaupetræl.

manskæri, *n. pl.* skjæra, saks til aa klippa hestemaani.

mans-leiga, *f.* træle-leiga (leiga av træl). **-maðr,** *m.* træl.

manstœði, *n.* maanstøde, manke (paa hest).

mansǫngr, *m.* elskhugssong, kjærleiksdikt (aat kvende). **mansǫngs-drápa,** *f.* kjærleiksdraapa. **-kantiki,** *m.* **-kvæði,** *n.* kjærleikskvæde. **-raust,** *f,* kvint (eig. tonelag for elskhugssong). **-vísa,** *f.* kjærleiksvisa.

mánudagr, *m.* maandag (= *mánadagr*).

manugð, *f.* sjaa *munugð.*

manungr, *a.* ung og elsken (eig. ung som ei vækja).

manvélar, *f. pl.* elskhugsvelor, kjærleikskunstar.

manverjar, *m. pl.* folket paa øyi Man (*Mǫn*).

manvit, *n.* vit, skyn. O. Tr. 29₁₂. Kgs. Brenn. 113₁₃ ofl. (= *monvit, munvit*). Ofte skiftande med *mannvit.* **manvitsamligr,** *a.* vitug, skynsam. Kgs. Br. 16₁₁₆. **manvitsandi,** *m.* aand som gjev ein vit eller skyn. Kgs. Br. 145₄. **-lauss,** *a.* uvitug. Kgs. Br. 17₁₈. **-lítill,** *a.* som hev lite vit (skrive: *mannvitslítill,* Krók. 10₃₃).

már, *m.* (*más*; *mávar*) maase, maake; jfr. ogso nyn. *ædmaare,* eit maaseslag.

mara, *v.* (*rð*) mara (Helg.), fljota so vidt i sjøtrømen.

mara, *f.* mara (som rid ein i svevnen).

marabotn (ogso *marar-,* Edd. M.) havbotn, sjøbotn.

maralmr, *m.* marhalm, sjøgras. Zostera marina.

mararbakki, marbakki, *m.* marbakke, marreina. **marbeðr,** *m.* havstrand (poet.).

marbri, *n.* ty vove av ymislita traadar; gfr. *marbré.* D. N. III 160₄₀.

marðskinn, *n.* maardskinn.

margaretumessudagr, *m.* = *margrétumessa.*

marg-boraðr, *a.* som hev mange hol, manghòla. **-breytinn,** *a.* mangslungen, ustød, ujamn i huglaget. **-breytni,** *f.* det aa vera *margbreytinn,* ustøda i huglag. **-eygr,** *a.* som hev mange augo, mangøygd. **-falda,** *v.* (*að*) **1.** gjera mangfaldig, mangfalda (ogso multiplicera). **2.** setja i fleirtal; *margfalda atkvæði,* segja De til ein. **-faldaðr,** *a.* mangfaldig. **-faldan,** *f.* (og *-fald, f.*) **1.** mangfalding, multiplication; ogso um utkoma, produktet. **2.** fleirtal. **-faldleikr,** *m.* mangfaldigskap, mengd. **-faldliga,** *av.* mykje, rikeleg. **-faldligr, -faldr, -falligr, -feldr,** *a.* mangfaldig, mangfelt, rikeleg; *margfaldlig tala,* fleirtal, pluralis. **-fróðr,** *a.* **1.** mangvis, kunnskapsrik, vellærd. **2.** spaavis; trollkunnig. **-frœði,** *f.* mangfelt, rik kunnskap; ogso um trolldom. **-háttaðr,** *a.* mangslags, mangfaldig. **-heyrðr,** *a.* ofte høyrd, tidhøyrd. **-kunnandi,** *f.* trolldomskunst. **-kunnandi, -kunnigr,** *a.* **1.** mangvis, kunnskapsrik. **2.** trollkunnig. **-kvíslaðr, -kvíslóttr,** *a.* mang-greinut. **-kvæmt,** *a. n.* mannkjømt, folksamt. **-kyndugr,** *a.* eig. kunnig i mangt; trollkunnig. **-látr,** *a.* mangslungen, mangfaldig; lauslynd. **-leikr,** *m.* venskap (s. *fáleikr*). **-liga,** *av.* venleg. **-lyndr,** *a.*

lauslynd. **-læti,** *n.* lauslaati aatferd; lauslynde; jfr. nyn. *mallæte,* staak, *marlætug,* lystig, kaat. Hall. **-málugr,** *a.* mangmaalug, rødug, snakksam. **-menni,** *n.* mangmenne (Nordl.) mannfjølde, mengd av folk. **-mennismúgr,** *m.* stor hop, muge av folk. **-mennr,** *a.* mangment, mannsterk (= nyn. *margment,* Tel.). **-múgr,** *m.* storhop. **-myndaðr,** *a.* mangeleis skapa, som hev mange slag skapnader. **-mælgi,** *f.* **-mæli,** *f.* mykjen tale, røding um mange ting. **-mæltr,** *a.* mangordig, snakksam. **-opt,** *av.* mykje ofte. **-orðr,** *a.* mangordig, rødug. **-prettóttr,** *a.* prettefull, listig.

margr, *m.* mengd, fjølde; i ordtaket: *ekki má við margnum,* d. e. det nyttar ikkje staa imot mangmannen.

margr, *a.* (*komp. fleiri, sup. flestr,* s. d.) **1.** mang, mykjen, som finst i mengd (jfr. *marg* i nyn. *margment* o. a.); *margr maðr,* mang ein mann; *margir menn,* mange menner; *mar(g)t lið,* mykje folk; ogso substantivisk: *margr,* mang ein; *margir,* mange; *mart manna* (ogso berre *mart*) mange menner, mykje folk; *mart skipast á manns æfi,* mangt skifter um paa ein mannsalder; *í mǫrgu,* i mangt, i mange maatar, i mange ting; *fyrir margs sakir,* av mange grunnar. **2.** venleg; *mart er með þeim,* det er venlegt (godt) millom deim. (Jfr. *fár*).

margreifi, *m.* mark-greive.

margrétar-altari, *n.* altar innvigd aat den heilage Margreta. **-messa, margrétumessa,** *f.* ei messa for den heilage jomfru Margareta av Antiochia, den 20. juli.

marg-rœða, *f.* mykjen tale. **-rœddr,** *a.* mykje umrødd; *gera margrœtt um e-t,* tala mykje um eitk. **-rœðinn,** *a.* mangmaalug, mykje rødug.

margs-konar, -kyns, *a.* mangeslags.

marg-slœgr, *a.* mykje sløg. **-smugall,** *a.* grannvar, nøgjen. **-spakr,** *a.* mykje klok. **-spurall,** *a.* forviten, vitekjær. **-staðar,** *av.* mange stader. **-talaðr,** *a.* **1.** mangordig, mykje rødug. **2.** = *margrœddr, a.* **-títt,** *a. n.* mykje tidt, vanlegt; *sem margtítt er.* **-tœkr,** *a.* tiltaksam, mangfreisten.

margullinn, *a.* prydd med mykje gull. Edd.

marg-vísi, *f.* klokskap. **-víss, -vitr,** *a.* mangvis, mykje klok, kunnskapsrik.

margýgjusonr, *m.* havfru-son (bruka til haadingsord). **margýgr,** *f.* eit slag hav-gygr, havfru; jfr. *marmennill.*

margyrðr, *a.* mangordig.

marhrísla, *f.* mareris, marekvist.

mari, *m.* mara, bukk, stokk til stydjing (*mare, m.* Ndm.). Poet.

mari-, maríe-, sjaa *máríu-.*

máríu-altari, *m.* og *n.* altar som er innvigt til Maria møy. **-bœn,** *f.* bøn aat Maria møy. **-kapella,** *f.* kapell innvigt til Maria møy. **-kirkja,** *f.* Mariakyrkja. **-líkneski,** *n.* Maria-bilæte. **-messa,** *f.* **1.** *m. í fǫstu* (*um várit*) marimess, vaarfrumess, den 25. mars; *m. fyrri,* marimess fyrste, den 15. august; *m. œfri, m. síðari* (*um haustit*), marimess seinre, den 8. september; *máríumessa Magdalene,* den 22. juli. **2.** messa for Maria møy. **-messuaptann,** *m.* aftan, dagen fyre marimess. **-minni,** *n.* minne eller minneskaal til æra for Maria møy. **-skript,** *f.* Maria-bilæte. **-spitali,** *m.* Maria-hospital. **-stúka,** *f.* altarrom for Maria møy. **-tíðir,** *f. pl.* gudstenesta til æra for Maria møy. **-vers,** *m.* „Maria-vers“, Ave Maria.

mark, *n.* **1.** mark, merke, kjennemerke, teikn (ogso um prydmerke, bumerke, stjernemerke, skilt, stempel o. m.); (*er*) *þat til marks* (*um*) *at,* det er eit merke, prov paa at; *kenna sitt mark á e-u,* kjenna merke sitt paa eitk., kjenna det att; yverf. kjenna seg saka i eitk., vera ved eitk. **2.** ting aa merka, vigtug ting; *ekki er mark at draumum,* det er kje noko mark paa draumar; dei er kje merkande; *lítit* (*mikit*) *mark er at því,* det er lite (mykje) merkande, hev lite (mykje) aa segja; *at marki,* for aalvor, til gagns (nyn. *for mark,* Gbr.). **3.** merke, skilmerke; ogso um landet som ligg innum skilmerki.

marka, *v.* (*að*) **1.** merkja, setja merke paa; ogso merkja med saar, særa. **2.** setja eitk. (*e-t*) til merke paa eitk. (*í e-u*). **3.** merkja av; *marka toptir til garða.* **4.** forma, skapa til, teikna, skildra, maala. **5.** merkja, gjera kjend, vitra (med merke eller teikn). **6.** marka, leggja merke til, gjeva gaum etter. **7.** merka, skyna, taka lærdom, slutta (*av, at, á, eptir e-u,* av eitk.).

markaðr, *m.* marknad, kaupstemna; yverf. vilkaar.

markamaðr, *m.* **1.** mann fraa skogmarkerne, skogmann. **2.** markring, mann fraa *Markir.*

markamót, *n.* eig. stad der merke fraa tvo sidor møtest; bruka i N. G. L. I 87₁₆ um staden der saksøkjar og sakverjar i odelssak held rettsmøte.

markarspell, *n.* skade paa skog og utmark, skogspille.

markatal, *n.* tal merker, marketal.

mark-bygð, *f.* skogbygd. **-deili,** *n.* markedeild, markeskil. **-ganga,** *f.* markegang, deildegang. **-húnn,** *m.* utskoren firkant paa ein ting til merke paa at ein hev eigna det til seg (t. d. naar ein fann kval).

Markir, *f. pl.* skogbygderne paa grensa millom det sudlege Norig og Sverike (d. e. Aremark, Øymark og Rødenes sokn — eldre Aursmork — i Norig, Nordmarka i Sverike).

mark-land, *n.* **1.** skogland. **2.** namn paa eit land i Nord-Amerika, truleg Nova Scotia. **-leið,** *f.* **-leiði,** *n.* skogleid, skogveg.

marknaðr, *m.* marknad, kaupstemna (= *markaðr*).

marknútr, *m.* marulk. Cottus scorpius.

sax, *n.* **1.** eit slag stutt eineggja sverd, stor, tung kniv; jfr. nyn. *saks* um ein stor fiskekniv. **2.** i *pl. sǫx,* saks (soks), skjæra. **3.** mest i *pl.* skipsbordi (rælingarne) nærast attum framstamnen; ogso um romet millom „saksi“; jfr. nyn. *saks, f.* framrom i baat, Helg.

saxa, *v.* (*að*) saksa, hogga, skjera, hakka i sund.

saxar, *m. pl.* saksar, folket i *Saxland.*

saxbǫnd, *n. pl.* band, innved millom *sǫxin* paa skip.

Saxelfr, *f.* Elben (i Tyskland).

saxkníír, *m.* stor kniv.

Saxland, *n.* landet aat saksarne i Nord-Tyskland. **saxlenzkr,** *a.* **saxneskr,** *a.* som er fraa *Saxland,* sakslendsk.

saxoddr, *m.* odd paa eit *sax,* sverdodd.

sé, *interj.* sjaa! (jfr. nyn. *se,* imperat. til *sjaa,* Snm.).

seði, *m.* mette.

seðja, *v.* (*saddi*) metta, gjera nøgd; *v. r. seðjast á* (*af*) *e-u,* mettast, faa nok av eitk. *partic. saddr,* metta, mett; jfr. *saðr.*

sef, *n.* sev (graset).

sefa, *v.* (*að*) **1.** gjera roleg, roa (hugen); jfr. *seva,* d. s. Austf. **2.** *v. r. sefast,* sevast, roast, verta roleg; *partic. sefaðr,* naadig, mild.

sefi, *m.* **1.** hug, sinn. **2.** skylding, ætting (poet.).

sefsterr, *m.* = *sister.*

sefvisk, *f.* sev-visk, sev-dott.

seggr, *m.* (*nom. pl. seggir, gen. pl. seggja*) mann, kar (poet.). Jfr. nyn. *segg* (kar) og *seggja* (kvinna).

segi (ogso *sigi*) *m.* sege, kjøtstrimel.

segja, *v.* (*sagði*) **1.** segja; fortelja; *segja e-m e-t;* ogso upers. *sem segir í sǫgu hans,* som det vert fortalt i soga hans; *svá sem segi,* so aa segja; *segja e-n þjóf,* kalla ein tjuv. **2.** segja fram; *segja sǫk,* bera fram klagemaal; *segja lǫg,* sjaa *lǫg.* **3.** segja, kunngjera, lysa, døma; *segja skilit við,* segja seg skild fraa; *segja e-m e-t,* døma eitk. til ein; *segja e-n e-u,* segja eitk. paa ein; *sǫnnu sagðr,* verkeleg skyldig.

Med part. *á*: *segja e-t á e-n,* segja, døma at eitk. fell paa ein; *segja reiði sína* (*á e-n*), lova, truga (ein) med sin vreide; *segja e-t á hendr e-m,* døma ein til aa betala eitk. *af*: *segja af e-u,* segja utav eitk., fortelja um eitk.; *segja e-n af e-u,* segja ein av med eitk., døma ein fraa eitk., taka eitk. fraa ein; *segja e-t af,* segja upp, segja seg løyst fraa eitk. *aptr*: *segja e-u aptr,* kalla eitk. atter, segja upp eitk. *at*: *segja at e-u* = *segja af e-u.* *eptir*: *segja e-t eptir e-m,* segja eitk. um ein. *frá*: *segja frá e-u,* fortelja um eitk. *fram*: *segja e-t fram,* segja, bera eitk. fram. *fyrir*: *segja fyrir e-u,* segja fyre, diktera eitk.; segja fyre um eitk., gjeva fyresegn um eitk.; *segja fyrir skipi,* halda bøn for eit skip (jfr. *mæla fyrir*); *segja e-m fyrir jǫrðu,* segja ein til, at han skal gaa fraa jordi; *segja e-t fyrir,* segja eitk. fyreaat, spaa. *millum*: *segja millum,* døma millom. *sundr*: *segja e-u* (*í*) *sundr,* segja at

eitk. er løyst, segja upp eitk. *til*: *segja til e-s*, segja, tala til ein; fortelja, gjeva greida um, nemna eitk.; *segja til sín*, segja kven ein er; *segja (e-m) til*, segja (ein) til, bjoda. *upp*: *segja upp e-t*, segja fram, nemna eitk.; *segja upp e-u*, segja upp eitk. *út*: *segja út*, segja ut, til ende.

B. *segjast*, *v. r.* segjast, segja um seg sjølv; *segjast í þing með e-m*, segja seg, melda seg i tinglag med ein; mots. *segjast ór e-u*, segja seg ut or, melda seg ut or eitk.; pass. *svá segist at*, so er sagt at (helst i lærd stil).

segjandi, *m.* (eig. *præs. partic.*) forteljar.

segjands-saga, *f.* **-sǫgn,** *f.* munnleg fraasegn, segjande-sogn, forteljing.

segl, *n.* segl. **segl-bót,** *f.* bot paa segl. **-búinn,** *a.* seglbudd, klar til aa sigla. **-laun,** *n. pl.* løn, betaling for segl. **-marr,** *m.* „seglhest“, d. e. skip (poet.). **-reiði,** *m.* seglreide, segl og det som til høyrer. **-tœkr,** *a.* siglande, som er soleis at ein kann sigla (um vêr). **-viðr,** *m.* treverk som høyrér til riggen. **-vigg,** *n.* „seglhest“, d. e. skip (poet.).

seið, *f.* = *seiðr,* I.

seið, *n.* = *seiðr,* I.

seiða, *v.* (*dd*) gjera trolldom (*seiðr*), trolla, seida; *seiða til e-s*, *seiða e-t*, gjera eitk. med seiding.

seið-berandi, *m.* trollmann, seidmann. **-galdr,** *m.* trolling, galdring. **-hjallr,** *m.* hjell, pall som dei sat paa naar dei seidde. **-kona,** *f.* kvende som seider, seidkona. **-læti,** *n.* laat, song, som dei brukte naar dei seidde. **-maðr,** *m.* trollmann, seidmann. **-magnan,** *f.* trolling, seiding.

seiðr, *m.* **I.** eit slag trolldom (med song), seid; *efla (seiða) seið*, gjera slik trolldom, seida.

seiðr, *m.* **II.** seid. Gadus virens.

seið-skratti, *m.* trollkall, seidmann. **-stafr,** *m.* trollstav, seidstav. **-villa,** *f.* det som forviller seidingi, seidvilla.

seigliga, *av.* seigt, langsamt.

seigr, *a.* seig; vand.

seil, *f.* reip, band, belte (poet.).

seilamǫttull, *m.* kappa som ein fester paa seg med band, snørekappa (= *tuglamǫttull*).

seilast, *v. r.* (*ld*) strekkja seg, tøygja seg; ogso yverf. *seilast til e-s*, *eptir e-u*, tøygja seg etter eitk., møda seg til aa faa tak i eitk.; *margr seilist um hurð til lokunnar*, eig. tøygjer seg yver paa den andre sida av døri til aa faa fat i loka, d. e. tek paa seg unaudig umak (eit ordtak); *seilast á e-t*, trengja seg innpaa, krenkja eitk. Jfr. nyn. *seila (seg)*, halla (seg), bøygja (seg).

seiling, *f.* eig. det aa tøygja seg; yverf. innpaatrengjing.

seimr, *m.* **1.** vaks-skiva med honning; honning. **2.** poet. um gull; *seimbrjótr*, gjæv mann. Jfr. nyn. *seim, m.?* (Ross) godt to, og *seima, f.* slimlag.

sein, *n.* seinking, hefte; *láta eigi sein at sér*, ikkje vera sein, skunda seg.

seina, *v.* (*að*) seinka, forseinka; (*of*) *seinat er, at* (m. inf.), det er (alt)for seint aa.

sein-búinn, *a.* seinbuen, seint ferdig. **-fengr,** *a.* seinvoren. Jfr. nyn. *seinfengd*. **-fœrr,** *a.* seinfør, sein til aa koma fram. **-gerr,** *a.* seinvaksen, sęinkomen. **-heppiligr,** *a.* som seint fær lukka med seg.

seinka, *v.* (*að*) seinka, hefta; drygja med, venta med (med *dat.* og *akk.*); ogso intr. vera sein, drygja; *seinkast*, *v. r.* seinkast, drygjast.

seinkan, *f.* seinka, seinking, hefte.

sein-látr, *a.* seinlaaten, seinvoren. **-ligr,** *a.* seinleg, seinvoren, sein, langsam (*-liga, av.*; *taka e-u s.*, *láta s. við*, sjaa *seint, av.* under *seinn*). **-læti,** *n.* det aa vera sein, seinleik.

seinn, *a.* sein, langsam; *seint, av.*; *seint ok seint*, smaatt um senn; *taka e-u seint*, *láta seint við*, vera lite viljug til eitk., vera sein paa eitk.; *er alt seinna en segi*, det er lettare sagt enn gjort; *it seinsta*, seinast, i det seinaste; *at seinustu*, tilslutt.

sein-ráðr, *a.* seinraadig. Æf. **-talaðr,** *a.* seintalande, seinmælt. **-þreyttr,** *a.* sein aa trøyta ell. verta ferdig med, seig, traa.

seizla, *f.* trolling, seiding.

sekja, *v.* (*kt*) faa ein i straff, faa ein (*e-n*) gjort skyldig, utlæg; *sekjast*, *v. r.* vera skyldig, verta skyldig (*á e-t*, *um e-t*, i eitk.); *sekjast e-u við e-n*, verta skyldig aa bøta eitk. til ein; *partic. sektr*, skyldig (aa bøta).

sekka, *v.* (*að*) leggja, stappa i sekkjer.

sekkjamuðr, *m.* sekkjemunn, mule (opning) paa sekk.

sekkr, *m.* (*gen. sing. sekkjar*; *nom. pl. sekkir* og *sekkar*, *akk. sekki* og *sekka*) sekk.

sekr, *a.* (*akk. m. sekjan* og *sekan*) **1.** skyldig, saka (*e-s, um e-t,* i eitk.); skyldig aa bøta; *sekr aurum þrim við konung,* skyldig aa bøta tri øyrar til kongen. **2.** utlæg, fredlaus. **3.** forbroten (ved straffeskyld).

sekt, *f.* **1.** forbrot, skyld. **2.** straff; straffebot, mulkt; utlægd; *full sekt,* høgste straff.

sekta, *v.* (*að*) i *fullsekta.* Jfr. nyn. og nyisl. *sekta.*

sekta-lauss, *a.* strafflaus; som er utan bøter; *sektalaust, av.* strafflaust; utan aa bøta. **-mál,** *n.* rettssak til a driva inn forbrotne bøter.

sektar-far, *n.* bot-rekning. **-fé,** *n.* **1.** forbrote, konfiskera gods (helvti gjekk til fjordungsmennerne og helvti til saksøkjar). **2.** pris, betaling som er lova for utlæg manns hovud. **-gerð,** *f.* dom til utlægd, fredløysa. **-handsal,** *n.* handslag paa at ein tek ved ei straff. **-handsalsvætti,** *n.* vitnesburd um *sektarhandsal.* **-lauss,** *a.* Kgs. 1297 = *sektalauss.* **-laust,** *av.* = *sektalaust.* **-mark,** *n.* brotsmanns-merke. **-sǫk,** *f.* sak som vert straffa med *sekt.* **-úmagi,** *m.* *úmagi* som ein utlæg mann hev aa forsyta.

sekventia, *f.* eit slag song ved gudstenesta. **sekventiubók,** *f.* bok som inneheld slike songar.

sel, *n.* (*gen. pl. selja, dat. seljum*) sel, bud, sæterbud; *fara til sels* (*í sel*), fara til sætri, til støls.

sela-bátr, *m.* baat bruka til sel-veiding. **-húðir,** *f. pl.* selskinn, kobbeskinn. **-kyn,** *n.* selslag, kobbeslag. **-nót,** *f.* sel-not, kobbenot. **-skinn,** *n.* selskinn, kobbeskinn. **-veiðr,** *f.* sel-veiding, kobbe-veiding; ogso um fengdi, veidni.

selbelgr, *m.* kobbeskinn heilt avflaatt, kobbe-belg.

selbúar, *m. pl.* selbyggjer, folket i Selbu.

sel-dyrr, *f. pl.* selsdør, sæterbud-dør. **-fangi,** *n.* tarvende til sæterstell.

sel-feitr, *a.* feit som ein sel, smellfeit. **-fita,** *f.* feita av sel, kobbe.

sel-fǫr, *f.* bufor, sæterferd. **-gerð,** *f.* det aa byggja (paa) sel, selbyggjing.

sel-hárr, *a.* yvervaksen med selhaar.

seli (*sili*) *m.* sele, greide.

selja, *v.* (*seldi*) **1.** gjeva, lata faa; retta, fli; *selja e-m e-t í hendr,* gjeva ein eitk. i hender, lata ein faa eitk.; *selja e-t ór hendi sér, selja e-t af hǫndum* (*hendi*), *selja e-t fram* (ell. *út*), gjeva fraa seg eitk.; *fram* (*út*) *seldr,* uppgjeven, viss paa dauden; *selja á frest,* gjeva paa borg; *selja á leigu,* leiga burt; *selja at láni,* gjeva til laans; *selja við verði,* selja, gjeva fraa seg mot betaling. **2.** selja; *selja e-m e-t e-u* (ell. *fyrir e-u*), selja ein eitk. for eitk. **3.** *seljast, v. r.* gjeva seg (sjølv); *seljast arfsali,* fletføra seg; *seljast út,* enda; *rec. seljast,* gjeva kvarandre.

selja, *f.* kvende som gjev, gjevar.

selja, *f.* selja. Salix capræa.

seljandi, *m.* mann som gjev eitk. ifraa seg; seljar.

seljari, *m.* seljar.

seljast, *v. r.* verta sæl (= *sælast*).

seljumanna-messa, *f.* **-vaka,** *f.* (ogso *seljumessa, seljuvaka, seljuvǫkudagr*) kyrkjehelg den 8de juli til minne um den heilage Sunniva paa Selja i Nordfjord.

seljumenn, *m. pl.* dei heilage mennerne paa Selja.

sel-kolla, *f.* attgjengja med hovud som ein sel. **-látr,** *n.* stad der sel plar liggja, kobbelægje. **-mánaðr,** *m.* maanad fraa midten av juni til midten av juli paa lag (= *sólmánaðr*). **-net,** *n.* nett til selveiding, kobbegarn.

selr, *m.* sel, kobbe. Phoca.

selsdyr, *n. pl.* selsdør, sæterbud-dør.

sels-eista, *n.* eista av sel (utnemne).

sel-setr, *n.* sæter med sel (bud).

sels-gluggr, *m.* selsglugg, glugge paa sæterbud.

sels-hreifi, *m.* selslabb, kobbesveiv. **-hǫfuð,** *n.* sel-hovud, kobbehovud.

selskapr, *m.* sellskap, lag, fylgje.

selskinns-brœkr, *f. pl.* selskinnsbrøker, kobbeskinnsbuksor. **-kufl,** *m.* selskinnskappa. **-stakkr,** *m.* selskinnskufta.

sel-skutill, *m.* skutel (harpun) til selveiding.

sels-veggr, *m.* selsvegg, sæterbudvegg. Laksd. 55.

sel-sveif (ogso *sels-sveif*) *f.* kobbesveiv, selslabb. **-tíund,** *f.* tiend av sel. **-tjara,** *f.* tjøra laga av sel-spekk.

Selund, *f.* = *Sjáland.*

sel-vara, *f.* selskinn, kobbeskinnsvara. **-veiðr,** *f.* selveiding, kobbeveiding. **-ver,** *n.* veidestad for kobbe, selvær.

sem, *conj.* og *rel. part.* **1.** som, so som, liksom; *rauðr sem blóð*; *slíkr sem,* slik som; *svá sem,* so(leis) som; *svá sem fyrr var ritið* (jfr. ogso 3); med komp.: *því úgørr sem hann er forvitnari*; med sup.: *þeir drápu sem flest,* som flest, so mange som mogelegt; *sem skjótast,* som snarast, so snart som mogelegt. **2.** som, som um (med konjunktiv): *láta sem við munim ríða norðr á fjall,* laast som me vil —. **3.** som, daa (um tid): *sem hringdi til aptansǫngs vildi konungr ganga,* som det —, daa det —; ogso: *svá sem hann skoðaði* —, daa han —. **4.** som (= *er*); *eptir þetta, sem nú var getit*; vert ogso bruka etter eit anna rel. pron.: *bréf, í hverju sem hann gaf,* (og i det gav han); ofte vert *sem* ettersett nokre andre pron. og adverb. med tydingi s o: *hverr sem hann er,* kven han so er; *hverngi veg sem hann vill svara,* korleis han so vil svara; *hvar sem hann kom,* kvar han so kom. **5.** som, der (um stad; = *er*); *þat hús, sem* —; *þar sem,* der som, der; ogso berre *sem*: *eru allir þrændir sem hann er,* der (som) han er. **6.** som, daa, naar (um tid; = *er*); *þegar sem,* straks som, daa; *þann tíma sem,* den tid som, daa (jfr. 3).

semill, *m.* semjar (poet.).

semis, *n.* namn paa helmingsteikn (lat.).

semja, *v.* (*samdi*) **1.** semja, faa til aa falla saman, skipa saman; *semja e-t eptir e-u*; *semja sik,* semja seg, skipa, laga seg (t. d. *eptir siðvenju útlendra manna*). **2.** setja saman, laga, gjera, stella til, skipa til (*e-t*); *semja sætt,* gjera semja, forlik. **3.** semjast, verta samd, forlikt, gjera semja um eitk. (*e-t*); *semja við e-n,* semjast med ein. **4.** upers. *semr,* det vert sam, det vert semja; *semr þeim* (ogso: *semr með þeim*), dei vert samde (*e-t,* um eitk.). **5.** *semjast, v. r.* verta samlaga, verta samtykt; *semst e-t með e-m* (pl.), dei semst, vert samde, forlikte um eitk.; ogso upers. *e-m semst um e-t,* ein er samd i eitk.

semsveinn, *m.* finngut. Vatsd. kap. 12. Jfr. finsk dialekt *sämisvainas,* finsk tenar.

sen, *n.* tanke, meining framsagd med ord; setning.

senda, *v.* (*nd*) senda, senda fraa seg; *senda e-m orð*; ogso: slengja, hiva (som i nyn.): *senda spjót*; *senda eptir e-m* (*at e-m*), senda bod (ein mann ell. dl.) etter ein; *sendast gjǫfum,* senda, gjeva kvarandre gaavor.

sendi-boð, *n.* sendebod, bodsending. **-boði,** *m.* sendebod, sendemann, mann som ber bod. **-bréf,** *n.* sendebrev. **-fé,** *n.* sendegods, sendegaavor. **-ferð,** *f.* **-fǫr,** *f.* ferd som ein vert send i, sendeferd. **-ligr,** *a.* som ein kann senda, sendande. **-maðr,** *m.* sendemann, utsending. **-sveinn,** *m.* sendesvein, ærendssvein.

sending, *f.* **1.** sending, sendegaava. **2.** sending mat, rett mat. **3.** ordsending, bodsending.

sendinn, *a.* senden, sandut.

sendi-pistill, *m.* sendebrev. **-skip,** *n.* skip som fer i sendeferd, sendeskip.

sendlingr, *m.* fjørepist (fugl). Tringa maritima.

senn, *av.* i senn, i ein gong, samstundes; i det same, straks; ogso *í senn*: *einn í senn,* ein i senn, ein um gongen.

senna, *v.* (*nt*) tala, snakka; ordkastast, trætta, kjekla (*við e-n um e-t*); *þat erumk sennt,* det er meg sagt (poet.). **senna,** *f.* tale, framsegn; ordkast, trætta.

senniliga, *av.* = *sannliga.*

sennr, *av.* *í sennr* = *í senn.*

sér, *pron. refl. dat.* seg (jfr. *sik* og *sín*); *sǫðla sér hest*; *leggja á hǫfuð sér,* d. e. paa hovudet sitt; *setja á hǫnd sér,* paa handi si. Ofte vert *sér* bruka mesta som *av.*: ser, for seg sjølv, serskilt; *einn sér,* aaleine for seg sjølv; *eitt er þat sér,* det er ei sak for s e g; *sér hverr,* ser-kvar (Trønd.), kvar for seg, kvar einskild; *þau váru sér um móður,* dei hadde e i môr saman; *sér í lagi,* ser um lag, serskilt (attaat det andre); *sér í stað,* paa ein serskild stad, for seg sjølv.

serða, *v. st.* hava likamleg umgang med einkvar (helst um sodomiteri).

sérdeilis, *av.* serskilt. Jfr. nyn. *serdeiles*.

sergent, *av.* = *sargent*.

sérgnógr, *a.* som er nok for seg.

sérhvárr, sérhverr, sjaa under *sér*.

serkir, *m. pl.* (*gen. pl. serkja*) „serker", folk fraa *Serkland* (s. d.). **serkjakonungr**, *m.* konge i Serkland. **Serkland**, *n.* „Serkland", bruka snart um Afrika (landet aat saracenarne), snart um landi kring Eufrat og Tigris, Babylonia, Assyria og Persia. **serklenzkr**, *a.* som er fraa Serkland. **serkneskr**, *a.* punisk (= lat. punicus).

serkr, *m.* (*gen. sing. serks* eller *serkjar*; *nom. pl. serkir*, *akk. pl. serki*) **1.** serk, skjorta, trøya; messeserk. Mag. 7087. **2.** bererom under *serkr*, barm; *hafa dreng í serk*, hava mod i barmen.

sérlagi, *av.* = *sér í lagi*, s. *sér*. **sérlestis**, *av.* serskilt. **sérliga**, *av.* serleg; serskilt; nett. **sérligr**, *a.* serleg, serskild.

sermon, *s.* preika (lat. sermo).

sess, *m.* sess, sæte; *vera hár í sessi*, vera høg i sessen; ogso um tofta paa skip.

-sessa, *f.* i sms. t. d.: *þrettánsessa*, skip med trettan toftor.

sessi, *m.* ein av deim som sit saman paa same benk eller tofta, benkjefelage, sidemann.

sess-meiðr, *m.* stokk til aa sitja paa, benk. **-mọgr**, *m.* **sessu-nautr**, *m.* = *sessi*.

set, *n.* breid pall eller upphøgt golv langs veggjerne paa baae sidor av eit rom; det vart bruka baade til sitje- og soveplass. Jfr. *flet* og *pall*.

seta, *f.* **I. 1.** seta, sitjing. **2.** seta, vering, tilhelde paa ein stad. **3.** um folk som ligg roleg paa ein stad, helst samla i ufredstider, hersamling. **4.** seta, sæte, sess; yverf. um prestesæte, prestembætte.

seta, *f.* **II.** ei av dei tvo øvste trælkvendi i eit stort hus (innegjentа?).

setaskáli, *m.* *skáli* der ein sit i lag med sine gjester, seteskaale.

setberg, *n.* berg som er flatt uppaa. Jfr. nyn. *sete, n.* liti flata i eit berg eller paa ein bergtopp.

setgeirabrœkr, *f. pl.* brok, buksa med *setgeiri*. **setgeiri**, *m.* trikanta stykke (geire) i sætet paa ei karmannsbrok.

sethús, *n.* = *setuhús*.

setja, *v.* (*tt*) **1.** setja, faa til aa sitja, lata sitja; *setja á sik hjalm*; *hann setti hann it næsta sér*. **2.** setja, faa til aa vera ell. standa paa ein stad; setja fram; *setja í myrkvastofu*; *setja borð*, setja fram bord; *setja ferjuna*, setja ferja paa sjøen. **3.** lata ein faa det so eller so, stella med, stella; *han setti vel lið sitt at vápnum ok klæðum*; *litt settr at klæðum*, ille stelt med klæde. **4.** faa til aa enda, stansa, stilla, døyva; *setja sína sút*. **5.** setja, driva, klemma; *setja øxina í họfuð honum*. **6.** setja, leggja inn med eitk. (*e-u*); *settr dýrum steinum*, sett med dyre steinar. **7.** lasta, ferma; *skipit var sett mjọk*. Jfr. nyn. *framsett*, *baksett*. **8.** setja, reisa; gjera, byggja; skipa, grunna; *setja klaustr*, *kaupstað*; *setja dóm*, setja retten. **9.** setja eitk. fram for ein, lata ein faa eitk., gjeva ein eitk.; *setja e-m torg til matkaupa*. **10.** setja, fastsetja, avgjera; *setja lọg*, *grið*; *setja e-m e-t*, setja, fastsetja eitk. for ein; *setja mál*, avgjera ei sak; ogso *setja máli*, greida med ei sak, avgjera, semja saki. **11.** setja i vedd, pantsetja. **12.** setja ein til eitk., gjera ein til eitk. (med tvo akk.); *setja e-n họfðingja*; upers. *setr hann dreyrrauðan*, han vert blodraud. **13.** upers.: *sólu* (*degi*) *er sett*, soli (dagen) hev gjenge ned (jfr. *soli hev sett*, Agder; jfr. ogso *solset*, *dagset*). **14.** setja (i veg), springa, fly; *setja braut*.

Med part. *á*: *setja e-t á e-t*, setja, leggja eitk. paa eitk.; *setja á*, ogso skuva paa. *af*: *setja e-t af e-m*, setja, taka av ein eitk.; *setja e-n af e-u*, setja, skilja ein (av) fraa eitk. *aptr*: *setja e-n aptr*, setja, halda ein attende; aga ein. *at*: *setja at e-m*, setja innpaa ein, søkja aat ein; upers. *setr e-t at e-m*, eitk. set innpaa ein, kjem hardt paa ein. *eptir*: *setja eptir*, setja etter, lata vera att. *fram*: *setja fram*, setja fram (til skoding, ettertanke); *setja fram skip*, setja skip ut paa sjøen (motsett nyn. *setja fram skip* = setja skip upp). *fyrir*: *setja e-n fyrir e-t*, setja ein (i brodden) fyre eitk.; *setja e-t fyrir e-t*, setja eitk. (til stengje) fyre eitk.; *setja e-t fyrir*, setja eitk. (i vegen) fyre; *fyrir*

settr, fyresett, fastsett fyreaat. *í*: *setja e-t í e-t*, setja eitk. i eitk.; ogso: setja eitk. i pant for eitk.; *setja e-n í e-t*, ogso: setja ein til panthavar i eitk. *inn*: *setja inn*, setja inn; ogso: fengsla. *niðr*: *setja e-t niðr*, setja, leggja eitk. ned; lata eitk. falla, stilla; *setja e-n niðr*, ogso: nedra, nedsetja ein; *setja niðr lík*, gravleggja lik; *setja niðr aldintré*, setja, planta aldetre. *saman*: *setja saman*, setja saman, faa istand. *til*: *setja e-n til e-s*, setja ein til (aa taka fat paa) eitk.; *setja e-n til bókar*, setja ein til boki; *setja til* med *præs. partic.* taka, fara til aa gjera eitk. *undan*: *setja undan*, setja undan, fly ifraa. *undir*: *setja e-n undir e-t*, setja ein under eitk., i eitk. (t. d. *mikit vandræði*); *setja e-n undir øxi*, setja under øks, d. e. truga med øks. *upp*: *setja e-t upp*, setja, reisa eitk. upp; *setja skip upp*, setja skip upp paa land (jfr. *fram*); *setja upp mikit óp*, setja i med eit sterkt skrik, skrika høgt ut; *setja upp boga*, spenna bogen. *út*: *setja e-n út*, setja ein utanfyre, visa ein burt; *setja e-t út*, setja eitk. ut; setja eitk. i pant; setja eitk. i vaagan, vaaga eitk.; *setja út skip* = *setja fram skip*. *við*: *setja e-t við e-u*, setja eitk. mot eitk., vaaga eitk. paa eitk. *yfir*: *setja e-t yfir e-t*, setja eitk. yver eitk., leggja eitk. uppaa eitk.; *setja e-n yfir e-t*, setja ein (til aa raada) yver eitk.

B. *setjast*, *v. r.* **1.** setja seg; yverf. setja seg ned, busetja seg; *setjast heima*, setja seg til, verta heime. **2.** setja (Agder), glada, um soli: *sól sezt*; ganga ned, um mat: *matr sezt mér*. **3.** leggja seg, stilna, stansa, enda; *síðan settist úfriðr í Svíþjóð*.

Med part. *aptr*: *setjast aptr*, verta attende, gjeva upp (ei ferd). *at*: *setjast at e-m*, trengja seg innpaa ein. *eptir*: *setjast eptir*, verta attende. *fyrir*: *setjast fyrir e-t*, setja seg imot eitk.; *setjast fyrir e-n*, leggja seg paa baklur etter ein. *hjá*: *setjast hjá e-u*, halda seg utanfor eitk. *í*: *setjast í arf*, leggja under seg arven, taka eign paa arven; *setjast í kyrrsetu*, slaa seg til ro, halda seg roleg; *setjast í stein*, gaa i kloster. *um*: *setjast um e-t*, kringsetja eitk. *upp*: *setjast upp*, reisa seg upp. *yfir*: *setjast yfir e-t*, taka seg vald yver eitk.

setklæði, *n.* klæde som høyrer til *set*, seng- og benkjeklæde.

setliga, *av.* i samanheng, skipeleg. Flat. III 422₃₃.

setligr, *a.* **1.** *setligt nafn*, d. e. positiv (gram.). **2.** høveleg, passeleg.

setna, *v.* (*að*) **1.** siga, ganga ihop. Jfr. nyn. *setna*, svana inn (um tròte) V. Agder, Rog. **2.** ganga ned og verta melta (um mat). **3.** leggja seg, slutta, enda.

setning, *f.* **1.** skiping, grunning. **2.** setning, fyresegn, skipnad. **3.** skipnad, gjerd, innreiding. **4.** meining, etling.

setningarform, *n.* skipnad, fyresegn.

setningr, *m.* **1.** skipnad, fyresegn. **2.** meining, etling. **3.** etling, part.

setr, *n.* **1.** sæte, bustad, tilhaldsstad. **2.** um soli: *sól gengr til setrs*, soli gladar, det er solset. Jfr. *sólsetr*. **3.** i *pl.* sæter, stôl (= *sætr*). **setra-** og **setr-**, sjaa *sætra-*, *sætr-*.

setstofa, *f.* **1.** setestova, daglegstova. **2.** setehus, stovebygnad, = *setuhús*.

setstofurið, *f.* *rið* som høyrer til *setstofa*.

setstokkr, *m.* stokk som laag framanfor *set*, seng- eller benkje-stokk.

séttar-eiðr, *m.* **-svœri**, *n.* „seksmannseid", neittingseid med 5 medeidsmenner.

sétti, *num.* sette.

séttungr, *m.* **1.** settepart. **2.** settepart av eit fylke. **3.** eit maal = $^1/_6$ *mælir*. Jfr. nyn. *settung* = $^1/_6$ fjordung, $^1/_{24}$ tunna (kornmaal).

setu-efni, *n.* tilføre til aa sitja roleg, kvilestund, ro. **-fjǫlmenni**, *n.* mengd av heimefolk (*setumenn*). **-grið**, *n. pl.* **1.** fred til aa sitja roleg, fred og ro. **2.** heimvist, tilhelde. **-hús**, *n.* setehus, stovehus, hovudbygnad. **-knakkr**, *m.* knakk, krakk, liten benk aa sitja paa. **-maðr**, *m.* mann som er heime hjaa ein, heimefolk, husfolk. **-pallr**, *m.* pall til aa sitja paa, benk. **-prestr**, *m.* fast busett prest. **-rúm**, *n.* sitjeplass, seterom. **-sveinn**, *m.* vaapnfør huskarl hjaa ein hovding.

sex, *num.* seks.

sex-dœgra, *f.* seks dagar. **-dœgrafasta**, *f.* fasta i seks dagar. **-faldr**, *a.* seksfelt; *sitja sexfalt*, d. e. sitja i seks rader. **-fœttr**, *a.* seksføtt. **-hǫfðaðr**, *a.* sekshovda, som hev

seks hovud. **-nættingr,** *m.* møte med seks næter varsl, seksdags-frest. **-nættr,** *a.* seksnætt, seks næter gamall; *sexnætt stefna,* stemning med seks næter varsl. **-stefja,** *f.* *drápa* med seks *stef.*

sextán, *num.* sekstan. **sextándi,** *num.* sekstande. **sextán-mæltr,** *a.* (versemaal) som hev sekstan setningar (*mál*) i kvart vers. **-sessa,** *f.* skip med sekstan toftor.

sexti, *num.* sette (= *sétti*).

sextigi (og *sextugu*) *num.* seksti. **sextugandi,** *num.* sekstiande. **sextugr,** *a.* som inneheld seksti; som er seksti aar gamall.

sex-ærðr, *a.* seksaara, som hev seks aarar. **-æringr,** *m.* seksæring, baat med seks aarar. **-ærr,** *a.* = *sexærðr.*

seyð, *f.* sjodande straum, stryk. Jfr. nyn. *søyd, m.* susing; *saud, f.* koking.

seyðir, *m.* eld til sjoding, koke-eld; *raufa seyðinn,* rota, kara upp i elden; *búa til seyðis,* gjera ferdig til koking. Jfr. nyn. *søyda,* lata sjoda, koka.

seyma, *v.* (*md*) festa, binda med saum, søyma, spikra.

seyma, *f.* søyma, naal. Bruka i sms. jfr. *línseyma.*

seymi, *n.* eig. det som ein saumar med ell. brukar til saumtraad, sina, streng. **seymisþvengr,** *m.* reim til aa sauma med.

seyra, *f.* naud, trengsla.

seyra, *v.* (*rð*) utarma, svelta.

seyrlitr, *a.* graa. Didr. 179 (hds.).

seytján, *num.* syttan, = *sjautján.* **seytjándi,** *num.* syttande.

sí-, *av.* (berre bruka i samansetning liksom *si-* i nyn.) yver det heile, allstad; alltid, stendigt.

sía, *f.* **I.** sil. **sía,** *v.* sila.

sía, *f.* **II.** sinder, gneiste (i smidja).

sí-byrða, *v.* (*rð*) leggja langskips; *síbyrða skipi við skip,* leggja breidsida ved breidsida. **-byrðis, -byrt,** *av.* langskips.

síð, *av.* seint; *síð og snemma,* seint og tidleg; *síð dags,* seint paa dagen (jfr. nyn. *seint og sid*); *komp. síðarr,* seinare, sidan; *sup. síða(r)st,* seinast, sist. Jfr. *síðr, sízt, av. komp.* og *sup.*

síð, *f.* berre i: *um síð, um síðir, of síðir,* umsider, sist-paa, endeleg.

siða, *v.* (*að*) seda, læra upp i gode seder; kristna; *perf. partic. siðaðr,* seda; *vel siðaðr,* velseda, dana.

síða, *f.* **1.** sida (paa kroppen, millom brjost og rygg). **2.** sida av landet som vender ut mot sjøen, havsida, strand, land. **3.** sida (i triangel). **4.** sida, kant, leid. **5.** sida, part; *af sinni síðu,* paa si sida.

síða, *v. st.* og **síða,** *v.* (*dd*) gjera trolldom, seida (= *seiða*).

siða-bók, *f.* bok um sed og skikk (for klosterfolk). **-fjǫldi,** *m.* mengd av seder og skikkar.

síðan, *av.* **1.** sidan, seinare; *lǫngu síðan.* **2.** so, deretter. **3.** som *præp. med akk.* sidan, etter; *síðan laugardaginn.* **4.** *konj.* sidan, etterat (heiter ogso *síðan at, er, en*). **5.** *konj.* sidan, etterdi, fordi.

siðar-gæzla, *f.* **-hald,** *n.* uppseding, daning. **-hneisa,** *f.* svivyrding av ei tru.

síðarla, síðarliga, *av.* seint; seint paa aaret; nær mot slutten. Jfr. *síðla.*

siðarmaðr, *m.* seda, dana mann.

síðarmeirr, *av. komp.* seinare, lenger ute.

siðarnám, *n.* upplæring i gode seder, uppseding.

síðarr, *av. komp.* sjaa *síð, av.*

síðarri, *a. komp.* (*sup. síða(r)str*) seinare, som er etter (seinast, sist, attarst); um det som er etter i tid eller i rekkja: *ganga síðastr; it síðarri sinn,* siste gongen av tvo, andre gongen; *ólafsmessa in síðarri,* den andre olavsmessa, den 3dje august (jfr. det eldre nyn. namn „*olsoke sire*"); *at síðasta kosti,* i siste fall, som siste utvegen.

siðarsamr, *a.* sedug, velseda, dana.

síða(r)st, *av. sup.* sjaa *síð, av.*

síða(r)sta, *f.* sist, slutt; *at síðustu, at síðustunni,* paa sisten, til slutt.

siðartjón, *n.* spilling av seder, sed-spille.

siða-setning, *f.* uppseding. **-skipti,** *n.* eig. sedskifte; trudom-skifte. **-spell,** *n.* spilling av seder, sed-spille.

síðastadagar, *m. pl.* siste dagar.

sið-blandinn, *a.* umgjengeleg, tyd. **-bót,** *f.* umbot, betring av seder.

síðbrýndr, *a.* sidbrynt, med side augnebruner.

síð-búinn, *a.* seinbuen, seint ferdig.

-bærr, *a.* seinbær, som kalvar (lambar) seint paa aaret.

síðfaldinn, *a.* sidt paaknytt (um hovudskaut), sidskauta (jfr. *síðr, a.*).

sið-ferð, *f.* **-ferði,** *n.* seder, livnad; kristeleg livnad, klosterlivnad. **-ferðugr,** *a.* sedleg. **-fremi,** *f.* = *siðgœði.* **-fylla,** *f.* det aa uppfylla, liva etter ein sedvane. **-góðr,** *a.* velseda, dana. **-gœði,** *f.* godleik i seder, kristeleg livnad.

síðir, i: *um síðir,* sjaa *síð, f.*

síðklæddr, *a.* sidklædd, med side klæde.

síðkveld, *n.* sein kveld.

síðla, *av.* seint (jfr. nyn. *silla,* Li. *sirle,* Hard., dansk *silde*).

sið-látligr, *a.* sedleg, kristeleg (*-liga, av.*). **-látr,** *a.* velseda; sedug; kristeleg; som liver etter klosterreglarne. **-lausa,** *f.* = *siðleysa.* **-lauss,** *a.* sedlaus, udana, useda; som ikkje liver etter klosterreglarne, verdsleg. **-leiki,** *m.* sedugskap. Æf. **-leysa,** *f.* sedløysa, used, usømeleg, ulogleg aatferd.

siðligr, *a.* sedleg, sedug, kristeleg, høvisk (*-liga, av.*).

siðlæti, *n.* tilstand med umsyn paa seder; sedugskap, gode seder; kristeleg livnad, kristenliv. **siðlætis-bragð,** *n.* utanpaa-heilagskap, syne av gudlegdom. **-búnaðr,** *m.* klædebunad for *siðlætismenn.* **-maðr,** *m.* mann som liver eit asketisk, klosterlegt liv, asket, munk odl. **-stuldr,** *m.* stuld som er gjord av guds-age. Post. 79₂₅.

siðmannligr, *a.* velseda, fint dana.

síðnefjaðr, *a.* hengjenasa, sidnasa.

sið-næmiligr, *a.* finsleg? Str. 70₁₅. **-næmr,** *a.* næm, kvik til aa læra gode seder. **-prúðr,** *a.* velseda, dana, høvisk.

siðr, *m.* (*gen. sing. siðar*; *nom. pl. siðir, akk. siðu*) **1.** sed, skikk, sedvane; *falla í sið með e-m,* koma i samvære med ein. **2.** religion, trudom (so som han syner seg i seder og liv); *hinn forni siðr,* heidendomen (= *heiðinn siðr*); *í kristnum sið,* i kristendomen.

síðr, *a.* sid, som heng eller rekk langt ned; *falda sítt,* knyta skautet sidt paa, so det fell ned yver andlitet, jfr. *síðfaldinn.*

síðr, *av. komp.* (*sup. sízt*) minder (minst); ogso: knapt; *at síðr — at,* so lite — at, so mykje minder — som; *eigi* (*ekki*) *at síðr, eigi þí síðr,* like vel, like fullt, endaa; *eigi* (*ei*) *síðr,* ikkje minder, dessutan, dertil; *eigi síðr — en,* ikkje minder — enn, likso vel — som; *en síðr,* sjaa *in.* Jfr. *síð, av.* og *sízt, av. sup.*

síðráðr (for *síþráðr?*) *m.* remsa av si eller driv til aa tetta skip med.

síðri, *a. komp.* mindre. Jfr. *síðarri, a.*

siðsamligr, *a.* som vitnar um gode seder, velseda, høvisk (*-liga, av.* Kgs. 82₂₈). **siðsamr,** *a.* sedug, velseda, høvisk.

siðsemd, *f.* **1.** sedvane, skikk, = *siðsemi*; jfr. nyn. *sedsema, f.* vane, Shl. o. fl. **2.** sedugskap, gode seder, høvisk aatferd; ogso um asketisk liv i kloster. Jfr. sms. **siðsemdar-búnaðr,** *m.* klosterbunad (= *siðlætisbúnaðr*). **-hús,** *n.* hus der dei liver i *siðsemd,* kloster. **-maðr,** *m.* velseda, høvisk mann.

siðsemi, *f.* = *siðsemd,* 1.

síðskjeggjaðr, *a.* langskjeggja, sidskjeggja.

síðskota, *a.* seint fødd (um lamb).

síðu-blóð, *n.* blod or sida paa ein mann, side-blod.

siðugr, *a.* sedug, seda, velseda, dana.

síðu-sár, *n.* saar i sida, sidesaar. **-verkr,** *m.* verk i sida. Isl. læg.

sið-vandi, *m.* sedvane, skikk. **-vandr,** *a.* vand um sine seder, finfarande, høvisk. **-vani,** *m.* sedvane, skikk. **-vendi,** *f.* **-vendi,** *n.* vandsam, høvisk aatferd, sedugskap. **-venja,** *f.* sedvane, skikk. **-venjuligr,** *a.* sedvanleg, vanleg.

sídœgris, *av.* dagstødt, kvar dag.

sif, *f.* (*gen. sifjar*) **1.** (helst i *pl. sifjar*; i *sing.* Hyndl. 43) skyldskap, helst ved maagskap: sivjaskylda, giftarskylda (mots. *frændsemi*). **2.** Sif, kona aat guden Tor; gudinna; *Sifjar silfrs,* d. e. kvende, Sigrdrif. 28.

sífeldr, *a.* jamleg, stendig. Jfr. nyn. *sifelt, a. n.* med same tyding, Rom. Hadel. **sífella,** *f.* *í sífellu,* d. e. jamleg, stendigt, stødt.

sifi, *m.* (skylding ved maagskap) i *guðsifi.*

sifjaðr, *a.* sivja, skyld, helst ved maagskap, giftarskyld (mots. *skyldr*).

sifja-slit, *n.* **-spell,** *n.* **-spjall,** *n.* maagskaps-spille (um egteskap eller likamlegt umgjenge innum dei forbodne skyldskapsgradar).

sifjungr, *m.* sivjung, skylding helst ved maagskap.

sifkona, *f.* kvinna som ein er skyld med ved maagskap, t. d. versyster, brorkona.

sífleyttr, *a.* eig. som renn i eitt, alltid, vedvarande; jfr. nyn. *sifløytt*, Rom.

sifr, *m.* poet. um bror.

sífra, *f.* null (0).

sifskapaspell, *n.* = *sifjaspell*.

sifskapr, *m.* sivjaskylda, maagskap (= *sifjar*).

sig, *n.* **I.** siger. Poet. (helst i sms.).

sig, *n.* **II.** vegt, tyngd til aa vega eller lyfta upp eitkvart med.

síga, *v. st.* siga, ganga ell. skrida seint, falla ell. glida ned (med si eigi tyngd); *seig á hann svefn*, svevnen seig (fall) paa han; *danir létu undan síga*, d. e. drog seg undan (med skipi); *síga saman*, siga ihop; *sígr saman orrosta*, herarne sig ihop til slag; *vera á aldr siginn*, vera langt upp i aari, vera aldra; *láta sígast* (ell. *síga sik*), lata seg siga (fira, falla ned); siga ned, falla til jordi; vika, draga seg undan; *létum síga sáttmál okkur*, me let semja koma istand millom oss. Sig. III, 38.

siga, *v.* (*að*) **I.** síga, kome tungt yver ein (= *síga*); jfr. nyn. *sìga*, halla; draga seg.

siga, *v.* (*að*) **II.** hissa, sukka (ein hund).

sigðr, *m.* (ogso *sigð*, *f.*) sigd, skjera (til kornskurd).

sigg, *n.* sigg (NGbr), svord, hardt skinn (paa svin).

sigi, *m.* = *segi*.

sigla, *v.* (*ld*) **1.** setja til segl, hava upp segl. **2.** sigla (med skip); *vant er at sigla milli skers ok báru* (ordtak); *sigla byr góðan*, sigla med god bør; *sigla á veðr e-m*, taka luven av ein (yverf.). **3.** fara strjukande, strjuka; jfr. nyn. *sigla*, renna (att og fram), Hall.

sigla, *f.* master. Jfr. nyn. *sigla*, masterrom, midrom i skip.

sigli, *n.* prydnad, halsband.

sigling, *f.* sigling; skipsferd; seglføring: *minka sigling*, minka segl.

siglingamaðr, *m.* mann som driv med sigling, siglar, farmann (= *farmaðr*), sjøfarar.

siglingar-austr, *m.* austr, ausing av skipet medan dei sigler. **-maðr,** *m.* = *siglingamaðr*.

siglu-biti, *m.* siglebite, tvertre (i skipet) som mastri styd seg til. **-rá,** *f.* seglraa. **-skeið,** *n.* sigla, masterrom (midskips). **-toppr,** *m.* mastertopp. **-tré,** *n.* mastertre (jfr. nyn. *sigletre*).

signa, *v.* (*að*) **I.** siga, glida ned. Jfr. nyn. *signa*, niga, bogna, byrja siga.

signa, *v.* (*að*) **II. 1.** vigja, vigsla eitk. inn til ein med aa gjera eit merke yver (lat. signare, merkja); *signa fullit Þór*, signa skaali til Tor (med hamarsmerket); ogso: fortrolla, forgjera (jfr. nyn. *signa*, *signekjerring*). **2.** krossa, merkja med krossmerket, gjera krossmerket yver; *signa sik*, krossa seg (paa panna og brjost). **3.** beda gud velsigna; signa, velsigna.

signan, *f.* **1.** krossing. **2.** bøn um velsigning; signing, velsigning.

sígóðr, *a.* alltid god.

sigr, *m.* (*gen. sigrs, dat. sigri*) siger; *bera sigr af e-m, fá* (*vega, vinna*) *sigr á e-m*, faa, vinna siger yver ein; *auðna mun ráða sigri*, lagnaden raar for sigeren.

sigra, *v.* (*að*) sigra, vinna yver, ganga yver, greida; *sigrast*, *v. r.* vinna siger, sigra (*á e-m*, yver ein).

sigran, *f.* det aa sigra, sigring.

sigrari, *m.* sigervinnar, sigerherre.

sigrar-merki, *n.* sigermerke. **-óp,** *n.* siger-rop.

sigr-auðigr, *a.* sigr-rik. **-bákn,** *n.* teikn til aa vinna siger med, sigerteikn. **-blástr,** *m.* lurblaaster, trompetblaaster etter vunnen siger. **-blómi,** *m.* sigersglans. **-blót,** *n.* bloting til aa vinna siger. **-byrr,** *m.* bør som ber fram til siger. **-farardagr,** *m.* „sigerferdsdag" (um daudedagen aat ein martyr). **-fluga,** *f.* namn paa hermerket til kong Sverre. **-fórn,** *f.* offer til aa vinna siger. **-fǫr,** *f.* sigerferd. **-gjafi,** *m.* sigergjevar. **-gjald,** *n.* skatt som ein gjev til ein sigervinnar. **-gjǫf,** *f.* „sigergaava", d. e. siger som gud gjev ein, eller gaava gjevi til gud til aa vinna siger. **-goð,** *n.* gud som gjev siger. **-heimr,** *m.* sigerheim. Edda. **-helgi,** *f.* helg, høgtid som vert haldi etter ein siger, siger-

fest, triumf. **-hnoð,** *n.* „siger-nod" (eitk. paa eit sverd; nyisl. *hnoð*, nyn. *nod*, d. e. tilklinka ende paa ein saum). **-koróna,** *f.* siger-kruna. **-laun,** *n. pl.* siger-løn. **-lauss,** *a.* sigerlaus. **-leysi,** *n.* det aa vera sigerlaus, sigerløysa. **-lof,** *n.* siger-pris, siger-æra. **-lúðr,** *m.* siger-lur, siger-basun. **-mál,** *n.* sigerløn, præmi. **-mark,** *n.* **-merki,** *n.* sigermerke, sigerteikn. **-óp,** *n.* siger-rop. **-samligr,** *a.* som fører siger med seg, sigerrik.

sigrstallr, *m.* altar for sigergudinna (Victoria)? Heilag. 41[21].

sigr-steinn, *m.* stein som gav den siger, som hadde han paa seg. **-strangligr,** *a.* som ser sigersæl ut, lik til aa vinna siger. **-sæla,** *f.* **-sæld,** *f.* **-sæli,** *f.* det aa vera sigersæl, sigersæla, sigerlukka. **-sæll,** *a.* heppen til aa vinna siger, sigersæl. **-sælliga,** *av.* med sigersæla, sigerrikt. **-þjóð,** *f.* „sigerflokk" (um einherjarne, Edda).

sigrúnar, *f. pl.* runer som gjev siger.

sigr-vegaragjǫf, *f.* gaava som ein vinn siger med. **-vegarasamligr,** *a.* sigerrik. **-vegari,** *m.* sigervinnar. **-vegning,** *f.* siger-vinning (*e-s*, yver eitk.). **-verk,** *n.* verk, arbeid som gjev ein siger. **-vænligr,** *a.* som lovar ell. spaar siger.

sígrœnn, *a.* sigrøn, alltid grøn.

sigr-ǫr, *f.* „siger-pil", pil som ein skyt til merke paa at ein vil vinna siger.

sig-tívar, *m. pl.* „siger-gudar"; *sigtíva synir*, ogso um menneskja, Edda. **-toptir,** *f. pl.* „sigertufter". Edda.

síhverfull, *a.* rund.

sík, *n.* vatn som renn sagte eller stend heilt stilt, = *síki*, *n.* Jfr. nyn. *sik*, *n.* og *sike*, *n.* liten bekk som renn sagte, bekkje-sik(e).

sik (ogso *sek*) *pron. refl. akk.* seg (jfr. *sér*, *sín*); *verja sik*, verja seg (= *verjast*); *við sik*, ogso = for seg sjølv, serskilt.

síki, *n.* sjaa *sík*, *n.*

Sikiley, *f.* Sicilia.

siklan, *f.* sikling, siklesjuke. Pr. 475[9].

siklát, siklátum, siklátun, *n.* eit slag tungt silkety (fr. siglaton).

siklingr, *m.* konge, fyrste (poet.).

síkr, *m.* sik (ein fisk). Coregonus lavaretus.

sikta, *v.* (*að*) sigta, reinsa.

sikulgjǫrð, *f.* eitk. paa eit skip (= *svikulgjǫrð*?) S. E.

sil, *n.* i sms.; jfr. *silvetni*.

síl, *f.* sil (ein fisk), Ammodytes tobianus. I mn. ogso um Coregonus albula (lagsill, Heidm.).

sild (og *síld*) *f.* (*gen. sing. sildar*; *nom. pl. sildar* og *sildr*) sild. Clupea harengus.

silda-ferja, *f.* sildeferja, sildeskuta. **-kaup,** *n.* sildekaup, sildehandel.

sild-fiski, *f.* sildfiske. **-reki,** *m.* kval som fylgjer sildi, sildekval. **-ver,** *n.* sildevær, stad der dei driv sildfiske.

silfar, *n.* = mnt. sulfar (d. e. sulf-var) ty med sin eigen naturlege lit.

silfr, *n.* sylv; ogso: sylvpengar, sylvmynt; *bleikt silfr*, laakt sylv, ei sylvblanding med mesteparten sylv; *brent silfr*, d. e. reint sylv, sylv reinsa i eld, jfr. *brenna*; *grátt silfr*, um laakt sylv; *elda grátt silfr*, s. *grár*; *hvítt silfr*, d. e. kvitt, reint, godt sylv, jfr. *hvítr*; *skírt silfr*, skirt, reint sylv; jfr. ogso *blásilfr*; *hundrað silfrs* = *hundrað peninga silfrs*. Um *silfr* i pengerekning sjaa under *mǫrk*.

silfr-baugr, *m.* sylvring. **-beizl,** *n.* sylvbeisl. **-belti,** *n.* sylvbelte, sylvbutt belte. **-berg,** *n.* berg som det er sylv i, sylvberg. **-bolli,** *m.* sylvbolle, sylvskaal. **-borð,** *n.* sylvbord. **-búinn,** *a.* sylvbudd, sylvslegen. **-diskr,** *m.* sylvdisk, sylvfat. **-drjúgr,** *a.* som hev drjugt med sylv ell. pengar, rik paa sylv. **-eyrir,** *m.* = *eyrir silfrs*. **-fátt,** *a. n.* *e-m er silfrfátt*, det skortar ein paa sylv. **-festi,** *n.* sylvband, sylvkjeda. **-gangr,** *m.* sylvkurs; myntkurs. **-gyltr,** *a.* forsylva („sylvforgylt"). Edda. **-hadda,** *f.* sylvhodda, sylvhonk. **-hella,** *f.* sylv-hella, sylv-plata. **-holkr,** *m.* sylvholk. **-horn,** *n.* sylvhorn. **-hringr,** *m.* sylvring. **-hrokr,** *m.* roke, toppmaal av sylv. **-hús,** *n.* sylvhus, sylvtempel. **-hvítr,** *a.* kvit som sylv, sylvkvit. **-kalkr,** *m.* sylvkalk, sylvstaup. **-ker,** *m.* sylvkjer, sylvkopp. **-ketill,** *m.* sylvkjêl. **-kista,** *f.* kista til aa gøyma sylv i, sylvkista. **-kistill,** *m.* kistel til aa gøyma sylv i, sylvkistel. **-knappr,** *m.* sylvknapp, sylvknupp. **-kross,** *n.* sylvkross. **-lagðr,** *a.* sylvlagd, lagd med sylv. **-ligr,** *a.* som ser ut som sylv; sylv-. **-men,** *n.*

halsprydnad av sylv. **-merktr,** *a.* = *silfrmetinn.* **-metinn,** *a.* verdsett i reint sylv, utrekna etter sylvverde (mots. *sakgildr*); sidan vart *mǫrk* (*eyrir*) *silfrmetin* beintfram = 2 × *mǫrk talin* og ikkje utrekna etter sylvverde. Jfr. under *mǫrk, f.* II. **-ofinn,** *a.* sylv-voven. **-peningr,** *m.* sylvpening, sylvpeng. **-rekinn,** *a.* sylvbudd, sylvslegen. **-rós,** *f.* eit slag sylvstaup? Jfr. *rós,* 3. **-skál,** *f.* sylvskaal. **-skrín,** *n.* skrin, kista av sylv, sylvkista. **-slátta,** *f.* **1.** mynting av sylvpengar. **2.** sylvmynt. **-sláttr,** *m.* = *silfrslátta,* 1. **-sláttumaðr,** *m.* mann som slær sylvmynt, myntmeister. **-smeltr,** *a.* sylv-emaljera (sylvlagd). **-smiðr,** *m.* sylvarbeidar, sylvsmed. **-spánn, -spónn,** *m.* sylvskeid. **-spǫng,** *f.* sylvspong, tunn sylvplata. **-stíll,** *m.* sylvpenn. **-strengr,** *m.* sylvstreng, sylvtraad. **-sylgja,** *f.* sylvsylgja. **-þáttr,** *m.* sylvtaatt, sylvtraad i band. **-vápn,** *n.* sylv-vaapn.

sili, *m.* = *seli.* Jfr. nyn. *sile,* Tel.

silki, *n.* silke, silkety.

silki-band, *n.* silkeband. **-blaka.** *f.* silkeskygg, silkeslør. **-bleikr,** *a.* bleik som silke, silkegul. **-brún,** *f.* silkebryning, silkekvarde. **-dregill,** *a.* silkeband (kring hovudet); jfr. *dregill.* **-dúkr,** *m.* silkeduk. **-dýna,** *f.* silkedyna. **-hjúpr,** *m.* stutt, ermlaus silketrøya, silkevest. **-hlað,** *n.* silkeband (kring hovudet). **-húfa,** *f.* silkehuva. **-hœgendi,** *n.* silkehøgjènde, silkeputa. **-klútr,** *m.* silkeklut. **-klæði,** *n. pl.* silkeklæde. **-koddi,** *m.* silkekodde, silkeputa. **-kult,** *n.* **-kultr,** *m.* tjeld, tæpe, klæde av silke. **-kyrtill,** *m.* silkekyrtel. **-merki,** *n.* silkemerke, silkefana. **-mǫttull,** *m.* silkekappa. **-parlak,** *n.* silke-forheng. **-pell,** *n.* pell av silke; jfr. *pell.* **-pungr,** *m.* silkepung. **-reifar,** *m. pl.* silkereivar, silkesveip. **-reima,** *f.* silkereim, silkeband. **-rós,** *f.* prydrosa (rosette) av silke; jfr. *rós,* 2. **-ræma,** *f.* silkereim, silkeband. **-saumaðr,** *a.* sauma ut med silke, silkesauma. **-serkr,** *m.* silkeserk. **-skaut,** *n.* silke-skaut. **-skyrta,** *f.* silkeskjorta. **-slœður,** *f. pl.* sid silkekaapa, jfr. *slæða.* **-sprangaðr,** *a.* med sprang (frunsor eller millomverk) av silke, silkespranga. **-strengr,** *m.* silketraad. **-strip,** *n.* eit slag silkeklæde. **-sæng,** *f.* seng med silkeklæde, silkeseng. **-tjald,** *n.* silketjeld, silketæpe. **-treyja,** *f.* silketrøya. **-þráðr,** *m.* silketraad. **-ver,** *n.* putevær av silke, silkevær.

sílungr (ogso *silungr*) *m.* aure. Jfr. nyn. *svilung, silung,* laksunge.

sil-vetni, *n.* vatn som renn stilt, stillvetne. **-ægja,** *f.* „still-hav“, hav. Edda.

síma, *n.* = *sími.* Jfr. *líksíma* o. fl. sms.

símálugr, *a.* simaalug, som alltid talar, langtalande.

símar, *f. pl.* reip, band, = *sími.*

símbundinn, *a.* bunden med sime, tòg.

síment, *n.* cement.

simfon, *n.* eit slag spelreide, lyra; mlat. symphonia.

sími, *m.* sime (Nordl.), tòg, reip.

similia, *f.* (ogso *simili, n.*) fint kveitemjøl (lat. simila). **similibrauð** (og *similiu-*) *n.* kveitebraud. **similis-hleifr,** *m.* **similiubrauðhleifr,** *m.* kveitekaka, kveitebraud.

simir, *m.* ukse (poet.).

simonsmessudagr, *m.* den 18de februar.

simul, *f.* **1.** namn paa ei berestong. **2.** gygr, trollkvende. S. E.

simuli, *m.* kveitebraud.

simull, *m.* ukse. Jfr. nyn. *simla,* reinku.

símælgi, *f.* det aa vera simaalug, endelaus snakksemd.

sin, *n. koll.* sinar, sinetraad. Jfr. nyn. *sìn, n.* ved sida av *sìn, f.*

sin, *f.* (*nom. pl. sinar*) **1.** sin (sen), sina. **2.** sin, red, peis.

sín, *pron. refl. gen.* (jfr. *sik, sér*) seg (sin); *hefna sín,* hemna seg; *fara heim til sín,* fara heim (til seg); *sín á milli,* seg imillom (i nyn. ogso *sin(s) i millom*).

sina, *f.* **I.** sina (sena), sin.

sina, *f.* **II.** sina, forne, fjorgamalt vetterstade gras.

sinasárr, *a.* saar i sinarne, sinesaar.

sinbundinn, *a.* bunden med sinar (istf. saum).

sindr, *n.* sinder, smidjesinder; slagg (av malm).

sindra, *v.* (*að*) sindra, spruta gneistar.

sinfallinn, *a.* impotent, gagnlaus (seksuelt). **sinfallsmaðr,** *m.* impotent mann, gagnløysa (seksuelt).

sinfon, *n.* = *simfon.*

sín-girnast, *v. r.* (*nd*) gira, traa etter eitk.

-girnd, *f.* **-girni,** *f.* girugskap, sjølvnytta. **-gjarn,** *a.* girug, sjølvnyttug.

sinjorr, *m.* herre (gfr. seignor).

sínka, *f.* girugskap, sjølvnytta. **sínk-girni,** *f.* = *síngirni.* Post. 640 18. **-gjarn,** *a.* **sínkr,** *a.* girug, sjølvnyttug. Jfr. nyn. *sink* (*sinken*), *a.* hard, streng til aa driva arbeidsfolki, Hall.

sinn (*sín, sitt*) *pron. poss.* sin (si, sitt); *Hallgerðr fastnaði dóttur sína*; ellipt.: *kom hann svá sinni* (sc. *ár*) *fyrir borð*; ofte viser *sinn* attende til persons- eller tingsobjekt, og daa lyt ein i nyn. setja um med h a n s (hennar, deira): *hann þakkar honum sitt sinni,* d. e. for hjelpi (hans); *Sigurðr jarl gaf upp Orkneyingum óðul sín* (d. e. deira odel); saman med *hvárr* og *hverr* vert *sinn* bruka distributivt: *England ok Skotland er ein ey ok er þó sitt hvárt konungsríki,* d. e. dei er kvart sitt kongerike; *fór sinn veg hverr* ell. *sins veg hverr* (jfr. *sinnsig, av.*), dei fór kvar sin veg (d. e. skildest); *fór hverr sinn veg,* kvar fór sin (faste) veg; *sinn er hvárr,* kvar er noko for seg, noko serskilt; *sjalfs síns,* sjølvs sin, sin eigen, jfr. *sjalfr. Sinn* vert ogso bruka substantivisk liksom i nyn.: *hann kostaði einn alt fyrir, en bœndr ekki af sínu,* d. e. av sitt; jfr. *minn.*

sinn, *m.* sinn, gong; *sinn á degi,* ein gong um dagen; *eitt sinn, einu sinni, eitthvert sinn, einhverju sinni,* eit sinn, ein gong; *hit fyrra sinn,* fyrre (fyrste) gongen; (*í*) *annat sinn, ǫðru sinni,* eingong til, paa nytt lag; *ekki sinn, engu sinni,* ingengong, aldri; *endr ok sinnum,* ender og gong, no og daa; *sjau sinnum níu,* sju gonger ni; *at sinni,* (for) denne gong, no; *um sinn, of sinn,* ein (einaste) gong; fyrste gong, fyrst; *um sinn ára,* ein gong um aaret; *um sinns sakir,* for ein gong skuld. Jfr. *sinni, n.*

sinna, *v.* (*að* og *nt*) **1.** fara, ferdast (berre i poesi). **2.** fylgja, gjera lag med (med dat.). **3.** halda seg til, retta seg etter (med dat.). **4.** hjelpa, stydja, halda med (med dat.). **5.** bry seg um, ansa, agta; *sinna e-u*; ogso *sinna um e-t* (jfr. nyn. *sinna eitk.* d. s. Sogn). *sinnaðr, a.* stydjande, hjelpande; *vera e-m sinnaðr,* stydja, hjelpa ein.

sinni, *m.* fylgjar, fylgjesvein.

sinni, *n.* **1.** gang, ferd; *vera á sinnum,* vera paa ferd; *dagr var á sinnum,* d. e. dagen var lidande, det leid paa dagen (Edda). **2.** fylgje, hjelp; studnad. Jfr. *lið-sinni.* **3.** fylgje, lag. **4.** sinn, gong; *fyrsta sinni,* fyrste gong; *þat sinni,* den gong, daa; *einu sinni* odl., sjaa *sinn, n.*

sinnig, sinsig, sinsiginn, *av.* (for *sinn veg, sins veg* osfr. bruka saman med *hvárr* og *hverr*) (kvar) sin veg, paa (kvar) sin maate. Jfr. under *sinn, pron. poss.*

sinniligr, *a.* som ser ut til aa vera godt fylgje.

sinstrengr, *m.* tog som er fletta av sinar, sinetòg.

sinueldr, *m.* eld som brenn i sina (gamalt turt gras).

sínvegar, *av.* paa (kvar) sin kant; jfr. *sinnig.*

sinvǫndr, *m.* svipa laga av sin, uksepeis.

sira, *m.* (*indekl.*) herre, heiderstittel helst til høgsette kyrkjelege embætsmenn (fr. sire, eng. sir).

síreiðr, *a.* alltid vreid, sivond, sisinna.

siri, *m.* = *sira, m.*

síri-dúkr, *m.* vaks-duk. **-húfa,** *f.* vaksduks-huva.

sirop, *n.* sirup.

sissa, *v.* sessa, gjeva sæte.

sister, *m.* = lat. sextarius, eit visst holmaal.

sitja, *v. st.* **1.** sitja, hava sæte; *sitja á hesti*; ogso *sitja góða hesta,* sitja paa gode hestar; *sitja þing,* sitja, hava sæte i tinget (jfr. nyn. „*sitja retten*"). **2.** sitja, vera i ro, halda seg paa ein stad; *sitja heima*; *sitja ekkjulífi,* sitja, vera enkja. **3.** sitja, bu paa ein stad; *sitja sitt bú,* sitja paa garden sin; *sitja búðsetu,* halda seg, bu i ei bud (jfr. *búðsetumaðr,* og nyn. *sitja husseta*). **4.** forsøma, gløyma, ikkje bry seg um, lata uansa (*e-t*); *sitja byri ór hǫndum,* forsøma børi, lata børi gaa fraa seg. **5.** spilla, tapa (*e-u*); *sitja rétti sínum* (helst ved forsøming). **6.** neitta ein eitk. (*e-m e-t*); *sitja e-m mat,* svelta ein. **7.** finna seg i, tola eitk. av ein (*e-m e-t*).

Med part. *á*: *sitja á e-u,* ogso: halda

víga-ferð, *f.* **-ferði,** *n.* **-ferli,** *n.* draapsverk, draapssak. **-hugr,** *m.* = *víghugr.* **-maðr,** *m.* draapsmann, manndraapar; jfr. *vígmaðr.* **víg-áss,** *m.* bjelke bruka til vern mot fienden (til stengsla for dører, ogso bruka paa skip; jfr. *vigæsa*). **-band,** *n.* stridsband (til aa binda fangar med). Edda. **-djarfr,** *a.* stridsdjerv. **-drótt,** *f.* herflokk, stridshird. **-fimi,** *f.* stridsdug, vaapntame. **-fimr,** *a.* dugleg i strid, vaapntamd. **-flaki,** *m.* „stridsflake“, eit slag stormtak bruka til vern mot fienden. **-fleki,** *m.* = *vígflaki*; ogso um *víggyrðill.* **-frekr,** *a.* stridsfus. **-frœkn,** *a.* stridsdjerv. **-fœrr,** *a.* stridsfør.

vigg, *n.* **viggr,** *m.* hest; skip. Poet.

víg-gyrða, *v.* (*rð*) = *víg-gyrðla.* **-gyrðill,** *m.* eit slag laus skanseklædning paa skip til vern mot fiende eller stor sjø. **-gyrðla,** *v.* (*að*) setja upp skanseklædning eller vern mot fiende (ogso bruka paa landjordi). **-hestr,** *m.* hest til aa bruka i hesteota; stridshest. **-hugr,** *m.* hug til strid ell. draap.

vígi, *n.* (*gen. pl. vígja*) **1.** verjestad, forsvars-stelle, vern. **2.** eit slag skanseklædning paa skip til vern mot stor sjø. **3.** i sms. *misvígi* ofl.

vigiliudagr, *m.* dag fyre ei helg, høgtidsaftan.

víging, *f.* vigjing, vigsla.

vígismunr, *m.* skilsmun med umsyn til forsvarsstelle.

vígja, *v.* (*gð*) vigja, vigsla; partic. *vígðr,* vigd, helst prestevigd.

víg-kœni, *f.* dugleik i strid, vaapntame. **-kœnn,** *a.* dugleg i strid, vaapntamd. **-kœnska,** *f.* = *vígkœni.* **-leysi,** *n.* verjeløysa. **-lið,** *n.* herfolk. **-ligr,** *a.* hermannsleg, stridfør. **-ljóst,** *a. n.* ljost nok til aa slaast. **-lýsing,** *f.* draapslysing, draapskunngjering (av draapsmannen sjølv). **-lýsingarvitni,** *n.* vitne paa ell. vitnesburd um ei *víglýsing.* **-maðr,** *m.* stridsmann; jfr. *vígamaðr.* **-málugr,** *a.* som gjerne talar um slaasting og draap. **-mannliga,** *av.* hermannsleg, djervt. **-móðr,** *a.* trøytt av strid. **-nest,** *n.* eig. stridsnaal d. e. spjot (poet.).

vigr, *f.* (*pl. vigrar*) spjot. Poet.

vígr, *a.* **1.** stridsfør, vaapnfør; yverf. arbeidsfør. **2.** som ein kann drepa; *eiga vígt um* (*konu*), hava rett til aa hemna (kvende) med draap. **víg-reiðr,** *a.* stridsgalen. **-risinn,** *a.* stridsgjæv, djerv. Edda. **-risni,** *f.* stridsgjæva, djervskap. Edda. **-roð,** *n.* **-roði,** *m.* rode som varslar strid. **-sakaraðili,** *m.* saksøkjar i draapssak. **-sakarbœtr,** *f. pl.* bøter i ei draapssak. **vígs-bœtr,** *f. pl.* bøter for draap, mannebøter. **-gengi,** *n.* fylgje, hjelp i strid. **-gjqld,** *n. pl.* = *vígsbœtr.* **víg-skár,** *a.* **1.** stridshuga. **2.** open

for strid ell. herjing. **-skarð,** *n.* opning, skotglugg paa festningsmur eller onnor forskansning. **-skarða,** *v.* (*að*) **-skerða,** *v.* (*rð*) setja *vígskarð* paa.

vígsla, *f.* vigsla, vigjing.

víg-slóði, *m.* bolken um slaasting og manndraap i logboki Grágás.

vígslu-bróðir, *m.* mann som hev vorte vigd saman med ein. Æf. **-dagr,** *m.* vigsledag. **-eiðr,** *m.* eid gjord ved vigsla. **-faðir,** *m.* mann som hev gjeve ein vigsla. **-ferð,** *f.* vigsle-ferd. **-gerð,** *f.* vigsla. **-gjarn,** *a.* som gjerne vil gjeva vigsla. **-gull,** *n.* gullring som kongen fær paa ved vigsla, kryningsgull. **-hrútr,** *m.* innvigd vêr. **-hǫnd,** *f.* vigjande hand. **-kaup,** *n.* betaling for vigjing. **-klæði,** *n. pl.* klæde borne ved vigsla, vigsleklæde. **-maðr,** *m.* (preste)vigd mann. **-pallr,** *m.* grad som ein hev fenge vigsla til. **-skrúð,** *n.* skrud bore ved vigsla, vigsleskrud, kryningsskrud. **-son,** *m.* mann som hev fenge vigsla av ein. **-sverð,** *n.* kryningssverd. **-þjónasta,** *f.* vigsle-tenesta. **-vatn,** *n.* vigslevatn.

vígs-mál, *n.* draapssak. **víg-spár,** *a.* som spaar strid, Vsp. 29 (truleg misskrift for *vígskár*). **-spjall,** *n.* tidend um strid eller draap. **-stǫpull,** *m.* stopul ell. taarn til aa strida fraa, borgtaarn. **vígs-víti,** *n.* straff for draap. **víg-sǫk,** *f.* draapssak. **-tól,** *n.* strids-ambod, vaapn. **-tǫnn,** *f.* vigtonn, hoggtonn. **-þrima,** *f.* stridsstaak. **-þrot,** *n.* strids-slutt. **-vél,** *f.* (og *n.*) krigslist; sløg hergreida, krigsmaskina. **-vǫllr,** *m.* stridsvoll, slagmark. **-vǫlr,** *m.* (eig. strids-stokk), vaapn, handyvle. **-æsa,** *v.* (*st*) setja *vígáss* paa (skip). **-ǫr,** *f.* kastepil.

vík, *f.* (*víkr* og *víkar*; *víkr*) **1.** vik, liti bugt; yverf. *róa vík á e-n,* bøygja nakken paa ein. **2.** *Vík* ell. *Víkin,* landskapet kringum Oslofjorden (*Grenafylki, Vestfold, Vingulmǫrk* og *Alfheimar*).

vika, *f.* **1.** vika; *hin helga vika,* sjaa *heilagr*; um vikor som er att av sumaren: *nú líðr sumarit til átta vikna, vera heima til sex vikna,* d. e. til 8 (6) vikor fyre vetternæterne, 14. okt. **2.** *vika* (*sjóvar*), sjømil (vika tyder her eig. roskifte).

vík-barmr, *m.* det indre av ei vik, Krók. 148. **-hvarf,** *n.* liti vik, = *víkrhvarf.*

víking, *f.* sjørøving, herjing, viking(ferd). **víkinga-bœli,** *n.* tilhelde for vikingar, vikingbøle. **-herr,** *m.* viking-her. **-hǫfðingi,** *m.* vikinghovding. **-konungr,** *m.* konge ell. hovding yver vikingar. **-lið,** *n.* sjørøvarar, vikingar. **-skeið,** *f.* **-skip,** *n.* vikingskip. **víkingligr,** *a.* som høyrer til vikingar; som likjest ein viking. **víkingr,** *m.* sjørøvar, sjøkjempa, viking; røvar. **víkingsefni,** *n.* emne til ein viking. **víkingskapr,** *m.* sjørøvarskap, vikingferd.

víkja (*víka*) *v st.* **1.** m. dat. røra, flytja, skjota; vikja, venda; visa; *víkja* (*e-u*) *til e-s,* venda seg (med eitk.) til eitk.; *víkja* (*rœðu sinni*) *til e-s,* venda sin tale til ein, tala til ein, ogso tala um ein; *víkja* (*rœðunni*) *á e-t,* tala um eitk.; upers. *víkr e-u,* eitk. gjeng, vender; *víkr svá af,* det gjeng soleis; *víkr e-u svá við,* det hev seg so, gjeng so til med eitk. **2.** (intr.) ganga, fara; vika, venda (seg); *víkja eptir e-u,* fara etter, taka etter, vægja for eitk. **3.** *víkjast, v. r.* røra seg, venda seg, ganga, fara; *víkjast undan e-u,* draga seg undan eitk.; *víkjast við e-t* (*undir e-t*) ogso: lyda etter, agta paa eitk.

víkjanligr, *a.* vikande, ettergjevande, vægjen.

vikna, *v.* (*að*) vika, fara undan; vægja, gjeva etter (vikna, Set.).

vikóttr, *a.* skollut i haarvikarne yver tinningarne.

vikr, *f.* pimpstein.

víkr-hvarf, *n.* liti vik. **-nes,** *n.* nes ved ei vik. **víkskart,** *a. n.* innskore med ei vik; *þar var v.* Post. 23413.

viku-dagr, *m.* vikedag. **-frest,** *n.* vikefrest; *á vikufresti,* um ei vika. **-fǫr,** *f.* (um veglengd): ei ferd paa ei vika. **-hald,** *n.* vike-tenesta for prest, D. N. IV 115. **-stef,** *n.* frest paa ei vika. **-þing,** *n.* ting som varer ei vika.

víkva, *v. st.* = *víkja.*

vík-verir, -verjar, *m. pl.* folket i *Víkin,* vikveringar. **-verskr,** *a.* som er fraa *Víkin,* vikversk.

víkving, *f.* viking til sida.

vil, *n.* **1.** vilje, hugnad, lyst; *í vil e-m,* til viljes, til hugnad for ein (*til vils,* d. s. Dal. Gbr.).

vil, *n. pl.* (dat. *viljum*) **II.** innvol, inder.

víl, *n.* **I.** slør, = *víll.*

víl, *n.* **II.** naud, møda, stræv.

vilbjǫrg, *f.* ynskjeleg berging, frelsa. Edda.

vild, *f.* **1.** vilje, ynskje; *í vild,* til viljes; *með vildum,* etter ynskje. **2.** godvild, velvilje. **3.** godleik, gjævleik. **vildar-folk,** *n.* = *vildarlið.* **-klæði,** *n. pl.* stasklæde. **-lið,** *n. koll.* gildt, utvalt folk, vener, fylgjesmenn. **-maðr,** *m.* ven, fylgjesmann. **-mær,** *f.* kjær, gild møy. **vildismaðr,** *m.* = *vildarmaðr.* **vildr,** *a.* (helst bruka i komp. og sup.: *vildri, vildari; vilztr, vildastr*) som er etter vilje, etter ynskje, hugleg, gild, god; *viltki* (for *vilt* + *ki*) uhuglegt. Sig. I 26. Jfr. nyn. *vildre, vildst,* d. s. Trønd.

vilgali, *m.* fagre ord, lokkande tale.

vilgi, *av.* **1.** sers mykje. **2.** slett ikkje. **vilgis,** *av.* = *vilgi* 1.

vilhallr, *a.* partisk, einvikt.

vili, *m.* (*gen. vilja*) **1.** vilje, ynskje; lyst, traa; hug. **2.** vilje, forset. **3.** hugnad, gleda. **vilisess,** *m.* kjær sess. Edda.

vilja, *v.* (*præs. vill, impf. vildi, perf. partic. viljat, perf. inf. vildu*) **1.** vilja, ynskja, lysta; vilja hava; *vilja e-m e-t; hvat vill sér þat,* korleis kann det ha seg? refl. *viljast e-t* (ell. *e-s*), ynskja seg eitk. **2.** vilja, agta, etla; upers. *sjaldan fór svá, þá er vel vildi,* naar det vilde gaa vel, naar lukka var god; *vilja til,* henda: *ef þat á til at vilja* (jfr. nyn. *vilja til* = nyn. *viljast,* lukkast, hava framgang). **viljaðr,** *a.* huga, viljug til (ell. paa) eitk.; *vel* (*illa*) *viljaðr e-m,* velviljug (illviljug) mot ein, hugleg (uhugleg) for ein; *e-m er litt viljat til e-s,* ein tykkjer ille um eink. **vilja-góðr,** *a.* velviljug. **-lauss,** *a.* hugnadlaus, gledelaus. Edda. **-leysa, -leysi,** *f.* viljeløysa, uvilje. **-ligr,** *a.* = *viljanligr.* **-maðr,** *m.* = *vildarmaðr.* **viljandi,** *a.* viljande, ynskjande. **viljanligr,** *a.* viljande, sjølvviljande, friviljug (*-liga, av.*). **viljara,** *a. komp.* og **viljastr,** *a. sup.* = *vildri, vilztr,* sjaa *vildr, a.* **viljugliga,** *av.* viljugt, villeg. **viljugr,** *a.* viljug; ynskjeleg; *e-m er e-t viljugt,* ein vil, ynskjer eitk. **viljuliga,** *av.* = *viljugliga.*

vilkostir, *m. pl.* gode kaar.

víll, *m.* slør, nonneslør.

villa, *v.* (*lt*) villa, forvilla, tulla burt (ogso yverf.); *villa e-t* (*e-m*), ogso falska, ugreida eitk., gjeva upp eitk. gale (for ein); *villast, v. r.* villast, fara vilt, ugreidast; *villast farsins,* villast burt fraa faret, missa sporet.

villa, *f.* villa, villfaring, galenskap, forvilling. **villátta,** *f.* vill veg, villstraa; *ganga á villáttu.* **villi-bráð,** *f.* kjøt av villdyr, vilt, veideskap. **-dýr,** *n.* villdyr. **-dýragarðr,** *m.* „villdyrgard“, um lat. arena. **-eldr,** *m.* „vill eld“. **-fygli,** *n. koll.* ville fuglar. **-fœrr,** *a.*; *e-m er villifœrt,* det er lett aa fara vilt for ein. **-graðungr,** *m.* vill gradukse. **-gǫltr,** *m.* villgalt. **-naut,** *n.* villnaut. **-ráða,** *a.* villraadug, raadvill. **-sauðr,** *m.* villsaud. **-skógr,** *m.* villskog. **-ský,** *n.* sky som forviller (yverf.). **-stígr,** *m.* villstig, stig som ein fer vilt paa. **-stjarna,** *f.* „villstjerna“, um planet. **-svín,** *n.* villsvin. **-svínahundr,** *m.* hund til villsvin-veiding, villsvinhund. **-þoka,** *f.* = *villuþoka.*

villr, *a.* vill, forvillt, villfarande; rang, galen; ukunnig; *fara villr* ell. *vilt*; *villr e-s,* vill med umsyn til eitk.

villu-andi, *m.* villfarande aand. **-átrunaðr,** *m.* villfarande tru. **-band,** *n.* villfarings-band. **-biskup,** *m.* falsk bisp. **-boðorð,** *n.* falskt bodord. **-bók,** *f.* bok som inneheld falsk lærdom. **-dómr,** *m.* villfaring. **-draumr,** *m.* falsk draum. **-dýr,** *n.* villdyr. **-efni,** *n.* emne til villfaring. **-fái,** *m.* heidneske bilæte og innskrifter. **-fortala,** *f.* falsk fyretola. **-fullr,** *a.* full av villa. **-gata,** *f.* galen veg. **-glapstígr,** *m.* villstig. **-hellir,** *m.* heller der ein ranglærar bur. **-karl,** *m.* = *villumaðr.* **-kast,** *n.* gale kast. **-keisari,** *m.* rangtruande keisar. **-klæði,** *n. pl.* villfarings-klæde. **-kristr,** *m.* falsk Kristus. **-lauss,** *a.* fri for villfaring. **-lýðr,** *m.* villfarande folk. **-maðr,** *m.* villfarande, rangtruande menneskje, kjettar. **-meistari,** *m.* ranglærar. **-myrkr,** *n.* vilfarings-myrker. **-nótt,** *f.* villfarings-natt. **-páfi,** *m.* falsk pave. **-postoli,** *m.* falsk apostel. **-predikari,** *m.* ranglærar. **-ráð,** *n.* villfarings-raad. **-reykr,** *m.* villfarings-røyk. **-samligr, -samr,** *a.* villande, forførande, falsk. **-spámaðr,** *m.* falsk profet. **-stígr,** *m.* villstig. **-trú,** *f.* rangtru. **-þjónn,** *m.*

villfaringi sin tenar. **-þoka,** *f.* villfarings-toka. **-þorn,** *m.* villfarings-torn. **-vápn,** *n.* villfarings-vaapn. **-vegr,** *m.* villfarings-veg, galen veg. **-verk,** *n.* villfarings-verk. **-víg,** *n.* draap gjort i ørvilla.

vil-mál, *n.* **-mæli,** *n.* tale som er ein til viljes, fagre ord, godord. **-mælisvitni,** *n.* vitnemaal som er ein til viljes. **-mæltr,** *a.* som talar ein til viljes.

víl-mǫgr, *m.* „armods-son“, stakar, træl; *vilmǫgum* i Hm. 134 tyder E. Magnusson av eit **vilmagi*, *m.* kjæse-mage.

vilna, *v.* (*aδ*) gjera ein (*e-m*) ei godvild, sjaa ein til gode; upers. *e-n vilnar e-s,* ein vonar, ventar seg eitk.; *vilnast, v. r.* gjera seg von um (*e-s, e-t*). **vilnaðr,** *m.* **vilnan,** *f.* 1. von, tillit. 2. bate, gode. **vilreitni,** *f.* uppmoding.

víl-siðr, *m.* **-sinni,** *n.* naud, faare; møda, stræv. **-stígr,** *m.* mødefull veg.

viltki (skr. *vilkit* i hdskr.) sjaa *vildr.*

vimpill, *m.* eit slag hovudplagg for kvende.

vin, *m.* sjaa *vinr.*

vin, *f.* (*vinjar*) eig. engvoll; gard (i stadnamn).

vín, *n.* vin (av lat. vinum).

vina, *f.* vena, kvendeleg ven.

vina-boð, *n.* gjestebod for vener, venelag. **-fundr,** *m.* venemøte.

vinartoddi, *m.* Hkr. 504$_{1}$; s. *vinjartoddi.*

vinaskipti, *n.* skifte, byte av vener.

vinátta, *f.* venskap. **vináttu-boð,** *n.* tilbod um venskap. **-bragð,** *n.* veneverk, venestykke. **-heit,** *n.* venskapslovnad. **-kveðja,** *f.* venskapshelsing. **-kærleikr,** *m.* vene-kjærleik. **-ligleikr,** *m.* venskaps-høve. **-ligr,** *a.* venskapleg. **-mál,** *n.* venskapleg tale, venskapsord, venskapslovnad. **-mark,** *n.* **-merki,** *n.* venemark, merke paa venskap. **-samligr,** *a.* venskapleg.

vina-vandr, *a.* vand um sine vener, venvand. **-veizla,** *f.* gjestebod for vener, venelag.

vinbein, *n.* osterbein, = *viδbein.*

vín-belgr, *m.* „vinbelg“ (utnamn). **-ber,** *n.* vindruva; (ogso um rosina). Jfr. nyn. *vinbær* um rips. **-berill,** *m.* vin-kjer. **-berja-kǫngull,** *m.* druvekongul, druveklase. **-byrli,** *m.* vinskjenkjar.

vinda, *v. st.* 1. vinda, vrida, tvinna, fletta; *vinda klæδi,* vinda klæde, vrida vatnet or deim; *vinda sik,* vinda klædi sine. 2. vinda, draga (upp) med vindespel; *vinda vef,* vinda veven paa riven; *vinda segl,* vinda, heisa segl. 3. snu, svinga; slengja, kasta; yverf. *þikkir e-m kynliga viδ vinda,* ein tykkjer det gjeng underleg til. 4. *vindast, v. r.* vinda seg, snu seg, kasta seg.

vinda, *v.* (*aδ*) blaasa. Partalop. 32$_{14}$.

vinda, *f.* 1. eitk. som er vride (um skipsbordi burtimot stamnen paa skip?). S. E. I 584; jfr. *vinda* 2 (Aasen). 2. uppvunde garn, garnhespa til veft (jfr. nyn. *vinda,* lite traadnysta, Ryf.).

vindabrú, *f.* vindebru.

vindandi, *f.* det aa bruka bokstaven *v* (*vend*) framfor *r*, t. d. *vrungu* for *rungu.*

vindar-blástr, *m.* blaaster av vind.

vindásdokka, *f.* speldokka, beiting i vindespel. **vindaspík,** *f.* Bós. s. 60$_{23}$ (avbr. til *vindásdokka*) for *vindásspík, f.* spak i vindespel? **vindáss,** *m.* vindaas, stokk til aa vinda upp eitk. paa; aas i vindespel (brattspel); vindespel, brattspel.

vind-auga, *n.* vindauga, glugge. **-bára,** *f.* vindbaara, vindbylgja. **-belgr,** *m.* blaasebelg (jfr. nyn. *vindbelg,* sky som varslar vind, Ork.). **-blaka,** *f.* vindblekk, vindgufs. **-blásinn,** *a.* utblaasen, fyllt av vind. **-blástr,** *m.* blaaster, vind. **-bǫllr,** *m.* ball, blaasa fyllt med vind ell. luft. **-flot,** *n.* det som flyt i vinden, d. e. sky. Poet. **-fullr,** *a.* full av vind. **-gluggr,** *m.* glugge, vindauga. **-gul,** *n.* vindgul, vindgufs. **-heimr,** *m.* himmelen. Edda. **-hjalmr,** *m.* himmelkvelven.

vindill, *m.* i sms. *viδvindill.*

vindingr, *m.* vindunge (SHelg.), vevlung, strimel til aa vinda kring handleggen. Ridd. 4$_{10}$.

vindkaldr, *a.* kald av vind, vindkald.

vindla, *v.* (*aδ*) kaura, rulla ulli i dottar fyrr ho vert spunni. Jfr. nyn. *vindel, m.* krull, ulldott. Vald. Hall.

Vindland, *n.* Vindland (Vendland).

vindlauss, *a.* vindlaus, utan vind.

vind-lendingr, *m.* mann fraa Vindland, vindlending. **-lenzkr,** *a.* vindlandsk.

vindli, *m.* vindel, dott.

vind-ligr, *a.* som høyrer til vind, vindsam,

vind-. **-lítill,** *a.* med lite vind (um vêr). **-ofnir,** *m.* poet. um himmelen (av *vindr* og *vefa*). Edda. **-ormr,** *m.* tridjedags feber.

vindr, *m.* **I.** (*gen. vinds* ell. *vindar*; *nom. pl. vindar*) **1.** vind, blaaster. **2.** vind, luft; *verpa orðum í vind,* d. e. tala i faanytta, burt i vind og vêr. **3.** vind, ande.

vindr, *m.* **II.** vindetropp.

vindr, *m. pl.* vinder, folket i *Vindland.*

vindr, *a.* vind, vriden, skeiv.

víndrukkinn, *a.* drukken av vin.

vindrúm, *n.* rom, opning for vinden.

vín-drykkja, *f.* vindrykkja, vindrikking. **-drykkr,** *m.* vindrykk, drykk vin.

vindsamr, *a.* vindsam, vindall. **vinds-blær,** *m.* vindgust. **-bylr,** *m.* vindsbyl, vindflaga. **-fullr,** *a.* full av vind. **-gnýr,** *m.* tot, brak av vind. **vind-skeið,** *f.* vindskeid, vindski(da). **-slot,** *n.* poet. um vindstilla, Edda. Jfr. nyn. *slòt,* upphald i storm. Helg. **-stœði,** *n.* vindstøde, vindstoda. **-svalr,** *a.* vindsval, kjølen av vind. **-þrotinn, -þrútinn,** *a.* full av vind. Kgs. 137₃₃.₃₉. **-þurr,** *a.* vindturr. **vindugr,** *a.* vindopen, vindall. **vindull,** *a.* vindall, vindsam.

vind-verska, *f.* vindlandsk maal. **-verskr,** *a.* vindlandsk.

vind-æðar, *f. pl.* boror i hudi. **-ǫld,** *f.* stormtid. Edda.

vinfastr, *a.* trufast mot vener, venstød.

vínfat, *n.* vinfat.

vínfátt, *a. n.* lite med vin.

vinfengi, *n.* venskap.

vínferill, *m.* vinkjer. Edda.

vinfesti, *f.* vene-truskap.

vínflaki, *m.* stormtak (lat. vinea).

vinga, *v.* (*að*) gjera til ven, berre i *vingast, v. r.* verta ven; og i partic. *vera vingaðr* ell. *eiga vingat með e-n,* vera ven med ein. **vingan,** *f.* det aa gjera venskap; venskap. **vinganar-heit,** *n.* venskapslovnad. **-mál,** *n.* = *vináttumál.* **-orð,** *n.* venskapsord. **-svipr,** *m.* venleg svip ell. utsjaanad, blidskap.

víngarðr, *m.* vingard. **víngarðs-dróttinn,** *m.* vingardseigar. **-fágandi,** *m.* **-fágari,** *m.* vingardsmann. **-verk,** *n.* arbeid i vingard.

vin-gjarnligr, *a.* venskapleg, venleg (*vingjarnliga, av.*). **-gjǫf,** *f.* venegaava. **-góðr,** *a.* god mot vener; *eiga vingott við e-n,* vera godvener med; *er vingott með þeim,* dei er godvener. **-gretta,** *f.* „vene-grin“, speande um tvo som ryk i luggen paa einannan.

vínguð, *m.* vingud (um Bacchus).

vingull, *m.* avlelem paa hest. Jfr. nyn. *vingel* (Ross).

Vingulmǫrk, *f.* landet kringum Oslofjorden (Smaaleni, Follo, Aker, Bærum, Asker, Røken og Hurum).

vin-gæfr, *a.* som gjev vener. **-gœði,** *n.* tydskap, godtekkje. **-hallr,** *a.* som hallar til ell. held med vener, venkjær, partisk. **-hollr,** *a.* holl mot vener, venkjær, ventyd; *v. e-m,* godvilja mot ein.

vín-hús, *n.* vinhus. **-hǫfugr,** *a.* tung av vin.

vinjar-spann, *n.* spann smør for kvar gard. N. G. L. **-toddi,** *m.* eig. avgift ell. stykke (*toddi*) av garden (*vin*), namn paa ein joleskatt paa Svein Alfiveson si tid, eit laar av ein triaars ukse. O. Hm. 77₁₃.

vín-kaggr, *m.* vinkagg, vinkagge.

vinkaup, *n.* vene-vinning, vene-kaup.

vín-kelda, *f.* vinkjelda. Ark. IX 373. **-ker,** *n.* vinkjer, vinbikar. **-kjallari,** *m.* vinkjellar. **-klifi,** *m.* rom der dei lagar vin. Heilag. I 192₂₁.₂₃. Jfr. *klefi.*

vinkona, *f.* vena, kvendeleg ven.

Vínland, *n.* Vinland, namn paa Amerika.

vínlands-ferð, -fǫr, *f.* ferd til Vinland.

vín-laukr, *m.* eit slag lauk.

vin-lauss, *a.* venlaus.

vín-lauss, *a.* vinlaus. **-leysi,** *n.* vinløysa.

vin-mál, *n.* venlege ord, venskapsord. **-margr,** *a.* rik paa vener. **-mæli,** *n.* = *vinmál.*

vinna, *v. st.* **A. 1.** gjera, vinna, fullføra; *vinna eið,* gjera eid; *vinna e-m e-t,* gjera ein eitk. **2.** arbeida, gjera arbeid (jfr. nyn. *vinna* = onna); ogso *v. tr.* arbeida paa (ell. med); *vinna skóg,* arbeida i skogen (med timberhogster). **3.** vera til hjelp ell. nytta (*e-m,* for ein), hjelpa, nytta. **4.** vinna aa gjera, faa gjort eitk. til eitk. (med 2 akk.); *vinna e-t sannat,* faa eitk. sanna; *vinna e-n yfirkominn,* vinna yver ein. **5.** vinna, faa i si magt; *vinna borgir*; *vinna orrostu,* vinna eit slag. **6.** vinna yver (*e-n*). **7.** naa, rekka. **8.** vera nok, strekka til (*e-m,* for ein). **9.** staa imot, gjera imot (*e-u, við e-u*). **10.** poet. tola,

lida; *vinna víl.* **11.** sverja; *vinna e-m land ok trúnað.*

Med part. *á*: *vinna á e-u*, leggja arbeid, vinn paa eitk.; *vinna á e-m, vinna verk* (ell. *áverka*) *á e-m*, gjera ein likamleg skade, yverfalla, taka paa ein (med vaapn); *vinna á*, vinna paa, faa gjort. *at*: *vinna at e-u*, hava arbeid med, stella med eitk.; *vinna e-t at e-u*, vinna, faa gjort eitk. med eitk.; *vinna at e-m*, = *vinna á e-m. til*: *vinna e-t til e-s*, gjera eitk. til aa faa (ell. fortena) eitk. *um*: *vinna um e-t*, gjera fraa seg, fullføra eitk. *við*: *vinna e-t við e-u*, vinna, gjera eitk. imot eitk.; jfr. *vinna* 9. *yfir*: *vinna yfir e-n* (*e-n yfir*), vinna yver ein.

B. *vinnast, v. r.* vera nok, strekka til (*e-m*, for ein); rekka, vara; vinna, vera god til; verta gjort, lukkast (*vinnast at*); *láta* (*fyrir*) *vinnast*, lata vera nok, slutta, gjeva upp; *vinnast at e-u*, strekka til, vera nok til eitk.; rec. *vinnast á*, taka paa, saara einannan (jfr. *vinna á*). Jfr. nyn. *vinnast*.

vinna, *f.* vinna, arbeid. **vinnari,** *m.* ein som gjer eitkvart, arbeidar. **vinningr,** *m.* vinning, bate.

vinnu-fullr, *a.* full av arbeid. **-fœrr,** *a.* vinneför, arbeidsfør. **-góðr,** *a.* dugande til arbeid. **-greifi,** *m.* arbeidsstyrar. **-hjón,** *n. pl.* arbeidsfolk, tenestefolk. **-lítill,** *a.* som gjer lite arbeid. **-maðr,** *m.* vinnemann, arbeidar; (bryggje)sjauar.

vín-óðr, *a.* ør, drukken av vin. **-órar,** *m.* og *f. pl.* ørska av vin. **-pottr,** *m.* pott vin.

vinr (ogso *vin*) *m.* (*vinar*; *vinir*) ven (vin).

vin-raun, *f.* veneprøva; prov paa venskap. **-ræði,** *n. pl.* venskap. **-samligr,** *a.* vensameleg (Tel.), venskapleg (*-samliga, av.*). **-semd,** *f.* **-semi,** *f.* venskap, venskapleg aatferd. **-sending,** *f.* vene-sending, venleg sending. **-skapr,** *m.* venskap. **-slit,** *n. pl.* venskapsbrot. **-spell,** *n.* venskaps-spille.

vinstri, *av. komp.* vinstre; yverf. *snúa til vinstra vegar*, snu paa tverke.

vínsyra, *f.* vin-edik.

vin-sælast, *v. r.* verta godvener med (*e-m*). **-sæld,** *f.* vel-likand, manntekkje, vensæla. **-sæll,** *a.* vensæl, vel-lika, som hev mange vener. **-tengdr,** *a.* bunden (til ein) med venskap.

vín-tré, *n.* vintre. **-tunna,** *f.* vintunna. **-þrǫng,** *f.* vinpersa.

vin-þurfi, *a.* som treng ein ven. **-vandr,** *a.* = *vinavandr.* **-veitligr,** *a.* venskapleg (*-veitliga, av.*). **-veittr,** *a.* som vitnar um venskap, velgjort, venleg, blid.

vín-viðarkvistr, *m.* kvist paa vintre. **-viðarskógr,** *m.* skog med vintre. **-viðisteinungr,** *m.* vin-teinung. **-viðr,** *m.* vin-tre.

vinza, *v.* (*að*) kasta korn; jfr. nyn. *vinsa*, svinga, slengja.

vinzari, *m.* bismar.

violat, *n.* fiolet klæde (= *vielet*). Mnt. fiolette, d. s.

vípr, *f.?* og **vípur,** *f. pl.* (Fm. II 21) smaating, tasl; jfr. nyn. *vípor* og *vípror*, *f. pl.* rare paahitt odl.

vipta, *f.* veft (= *veftr*).

víravirki, *n.* arbeid av metaltraad, filigran. Jfr. nyn. *vira, v.*

virða, *v.* (*rð*) verdsetja, taksta, døma um; vyrda, agta; halda for, tykkja; m. gen. um prisen; *virða e-t mikils*, vyrda eitk. mykje, halda eitk. for mykje verdt, leggja mykje vegt (lag) paa eitk.; *virða litt um*, vyrda, bry seg lite um; *virða svá at*, tykkja, meina det er so at —; *virða með sér sjǫlfum*, tenkja etter med seg sjølv; *virða e-t vel* (*illa*) *fyrir e-m*, halda eitk. for vel (ille) gjort av ein; *virða saman*, likna, halda ihop; *virða e-t til e-s*, ogso: rekna eitk. for eitk.; *virða e-t við e-t*, samanlikna (verdet av) eitk. med eitk.; *virða e-t* (*um e-t*) *við e-n*, koma ihug, taka umsyn til eitk. med ein. — *virðast, v. pass.* og *refl.* verta verdsett; vyrdast, verdigast; tykkjast vera, synast; *e-m virðist*, det synest ein, ein tykkjer; *e-t virðist e-m vel, virðist e-m vel til e-s*, ein likar, tykkjer vel um eitk.

virða, *f.* i sms. t. d. *svívirða.*

virðar, *m. pl.* menner. Edda.

virði, *n.* **I.** i sms. *andvirði* (jfr. nyn. *vyrde, n.* = verde).

virði, II. dat sing. av *verðr, m.*

virðiligr, *a.* vyrdeleg, heiderleg, sjaaleg (*-liga, av.*). **virðing,** *f.* **1.** verdsetjing, takst. **2.** vyrding, æra, vyrdnad. **3.** meining. **virðinga-maðr,** *m.* vyrdna mann, gjæv mann. **-mikill,** *a.* med stor vyrdnad, høgvyrd.

-munr, *m.* skilsmun i vyrdnad, mannemun. **virðingar-bœn,** *f.* bøn som ein bed til æra for ein. **-fé,** *n.* verdsetnings-gods, gods som vert verdsett. **-fǫr,** *f.* ærefull ferd. **-gjarn,** *a.* æregirug. **-gjǫf,** *f.* heidersgaava. **-grein,** *f.* serskilt slag av vyrdnad. **-heimboð,** *n.* ærefull heimbjoding. **-hlutr,** *m.* ting som er til vyrdnad, æra. **-hæð,** *f.* høg vyrdnad. **-kona,** *f.* vyrdande, gjæv kvinna. **-kyn,** *n.* (eit visst) slag vyrdnad. **-lauss,** *a.* utan vyrdnad. **-maðr,** *m.* verdsetjar, takstmann; jfr. *virðingamaðr.* **-munr,** *m.* = *virðinga-munr.* **-nafn,** *n.* heidersnamn. **-nafnbœtr,** *f. pl.* heiderstitlar. **-ráð,** *n.* **1.** raad som er ein til æra. **2.** god pengeraad. **-staðr,** *m.* stad der ein fær vyrding og dyrking. **-váttr,** *m.* vitne paa verdsetjing. **-vænligr,** *a.* som gjev von um stor vyrdnad, ærefull. **virðingasamr,** *a.* **virðisamr,** *a.* æresjuk, faafengjeleg. **virðuligr,** *a.* = *virðiligr.*

virgill (og *virgull*) *m.* reip til aa hengja upp folk i. **virgil-nár,** *m.* lik av ein hengd mann.

virki, *m.* ein som gjer eitk. (i sms.). **virki,** *n.* **1.** verk, gjerning, arbeid; jfr. nyn. *vyrke,* virke. **2.** festningsverk, skans.

virkiliga, *av.* = *virkuliga.* Kgs. 74₉.

virkis-armr, *m.* arm av eit *virki* 2. **-dyrr,** *f. pl.* dør, inngang til eit *virki* 2. **-garðr,** *m.* gard, mur ikring eit *virki* 2. **-maðr,** *m.* mann i eit *virki* 2. **-veggr,** *m.* vegg, mur ikring eit *virki* 2.

virkja, *v.* (*kt*) **I.** verkja, gjera ilt, = *verkja.*

virkja, *v.* (*kt*) **II.** vera vyrk, umhugsam for (*e-t*). **virkr,** *a.* **1.** som arbeider, verksam, i sms. t. d. *stórvirkr.* **2.** vyrk (virk, yrk), um tid etla til arbeid; *virkr dagr* = *sýkn dagr.* **3.** vyrk, umhugsam for eitk. (*at e-u*). **4.** kjær, dyrverdig; *virkr e-m,* avhalden av ein. **virkt,** *f.* umhug, umsut; godhug, kjærleik; *e-m er virkt á e-u,* ein hev umhug for, held av eitk.; um gode ynskje: *biðja e-m virkta,* beda ein liva vel; *biðja e-n virkta e-m,* beda ein vera god mot ein; *af virktum,* med umhug, vyrkleg; gen. pl. *virkta, av.* sers, framifraa (jfr. nyn. *virkta, av.* = vyrkleg). **virkta-hús,** *n.* studierom? Post. 60₁₂. **-lið,** *n.* = *virktamenn.* **-maðr,** *m.* mann som ein held av, godven. **-ráð,** *n.* ei framifraa god raad. **-vinr** (og *virktarvinr*) *m.* kjær ven, hjarteven. **virkuliga,** *av.* vyrkleg (virkleg), med umhug, vel.

virtr, *n.* vyrter. Edda.

virzla, *f.* verdsetjing, takst; jfr. nyn. *vyrdsla.*

vís (*vísa, vísi, vísu*) i sms. *ǫðruvís,* s. d.

vísa, *v.* (*að,* sjld. *st*) visa, syna, peika, senda; *vísa e-m e-t*; *vísa e-m til sætis*; *vísa e-u at e-u,* visa eitk. til eitk., venda eitk. mot eitk.; *vísa hundi at manni,* setja ein hund paa ein mann; *vísa á,* yverf. peika paa, segja fraa; *vísa* m. inf. visa, setja, driva ein til aa gjera eitk.

vísa, *f.* vers (oftast paa aatte linor); jfr. nyn. *visa.*

vísa, *a. indekl.* viss, = *víss*; *vísa eyrir* = *víseyrir*; *vísaeyristaka, f.* det aa heimta inn *víseyrir.*

vísan, *f.* tilvising, rettleiding.

vís-bending, *f.* varsl, teikn, signal.

vísdómr, *m.* **1.** visdom, kunnskap; *bera fullan vísdóm á e-t,* hava full kunnskap um eitk. **2.** visdom, klokskap. **3.** visdom um komande ting, fyrevit. **vísdóms-fullr,** *a.* full av visdom. **-kona,** *f.* viskona, spaakjerring. **-maðr,** *m.* **1.** vismann, lærd mann. **2.** viskall, spaamann. **-meistari,** *m.* = *vísdómsmaðr.*

vísend, *f.* = *vísendi.* **vísenda-bók,** *f.* kunnskaps-bok. **-kona,** *f.* = *vísdómskona.* **-maðr,** *m.* = *vísdómsmaðr.* **-svǫr,** *n. pl.* upplysande svar. **-tré,** *n.* kunnskapstre. **-vegr,** *m.* kunnskaps-veg. **vísendi,** *n. pl.* **1.** visende (*vísend, f.* Snm.), visdom, kunnskap; vissa. **2.** openberring (fraa gud). **3.** trollkunster, trolldom.

vísendr, *m. pl.* draapsmanns nærskyldingar, som liver og med vissa kann betala sin part av mannebøterne etter logi. N. G. L. I 184₁₅.

víseyrir (ogso *vísaeyrir*) *m.* dei visse kongelege inntekter som syslemannen kravde inn; fraa fyrstningi av 14. hundradaaret um ein skatt som dei landsluter svara, som ikkje hadde *leiðangr* (N. G. L.).

vísi, *m.* førar, hovding, = *vísir.* Edda.

visinn, *a.* visen, forturka, lamen.

vísir, *m.* **1.** førar, hovding, Edda. Jfr. nyn. *viser, m.* biedronning. **2.** vise (Set.), knupp, topp (paa vokstrar); *koll.* um alle knupparne paa eit tre. Stj. 200$_{23}$; *mjór er mikils vísir,* eit lite fræ vert eit stort tre.

visk, *f.* visk, dott, i sms. *halmvisk* ofl.

vísleikr, *m.* visdom, kunnskap. **vísliga,** *av.* visleg; visst, for visst. **vísligr,** *a.* viss.

visna, *v.* (*að*) visna, skrokna, turka burt.

víss, *a.* **1.** vis, vitande, kunnig, kjend; *verða víss e-s* (*af e-u*), verta vis med, kunnig um eitk.; *verða víss af e-m,* faa vita av ein; *víss vitandi,* med fullt vitende. **2.** openberr; *víss þjófr.* **3.** vis, klok, vel lærd. **4.** viss, fast, trygg (eig. eit anna ord); *av*: *víst, fyrir víst, at vísu, til víss, hit vísasta,* visst, for visst, til vissa.

vissa, *f.* **1.** vissa, viss kunnskap ell. greida. **2.** vissa, trygd, borg. **vissuliga,** *av.* visseleg, visst, til vissa. **vissuligr,** *a.* viss, trygg.

vist, *f.* **1.** vera, tilhelde, bustad; upphelde (med hus og kost); tenesta; *vera á vist með e-m,* halda til, bu hjaa ein; *vera vistum með e-m,* halda til hjaa ein, vera saman med ein; *veita e-m vist,* gjeva ein upphelde. Jfr. nyn. *vist* i sms. *husvist* ofl. **2.** (ofte i *pl.*) mat, matvaror, nista. **vista,** *v.* (*að*) **1.** faa, gjeva ein (*e-m, e-n*) upphelde, leiga ein inn; *vistast, v. r.* faa seg upphelde, bustad; halda til, vera. **2.** gjeva kost ell. mat, nista ut. **vista-byrðingr,** *m.* matskip, skip med matvaror. **-fang,** *n.* matraad, matfang. **-far,** *n.* upphelde i huset hjaa ein. **-fari,** *m.*; *fara vistafari til e-s,* fara og faa seg upphelde hjaa ein. **-fátt,** *a. n.* lite, knapt med mat. **-ferli,** *n.* = *vistafar.* **-fæð,** *f.* matskort, matløysa. **-gjald,** *n.* utreidsla av matvaror. **-gnótt,** *f.* nøgd, rikdom med mat. **-lauss,** *a.* matlaus. **-leysi,** *n.* matløysa. **-malr,** *m.* matpose. **vistar-far,** *n.* = *vistafar.* **-gerð,** *f.* matgjerd, matstell. **-laun,** *n. pl.* betaling for upphelde (kost og hus). **-maðr,** *m.* ein som hev upphelde (hus og kost) hjaa ein, kostgangar. **-tekja,** *f.* det aa faa seg upphelde (hus og kost) hjaa ein. **-veizla,** *f.* det aa gjeva ein upphelde (hus og kost). **vista-skip,** *n.* skip med matvaror, matskip. **-skortr,** *m.* matskort. **-taka,** *f.* det aa taka imot matvaror, matraading. **-tǫkumaðr,** *m.* mann som hev hus og kost hjaa ein. **-þrot,** *n.* det at kosten slepp upp, kost-tròt. **-þrota,** *a.* kosttroten, matlaus. **vist-fastr,** *a.* som hev fast tilhelde, heimfast. **-lauss,** *a.* utan fast tilhelde, heimlaus.

vístliga, *av.* visst, = *vissuliga.*

vísu-helmingr, *m.* halvvers. **-lengd,** *f.* verslengd.

visundr, *m.* (*gen.* *-s* og *-ar*) bison (ofte bruka til skipsnamn). **visunds-hǫfuð** (*visundar-*) *n.* bisonhovud.

vísu-orð, *n.* verselina, vend.

vís-vitaðr, *a.* som ein veit visst. **-vitandi,** *a.* med fullt vitende (jfr. *vits vitandi*).

vit (ogso *við, mit, mið*) *pron. 1ste pers. dual.* (*gen. okkar, dat.* og *akk. okkr*) me tvo (vi tvo).

vit, *n.* **1.** vitjing, det aa sjaa til ell. etter eitk.; (*fara*) *á vit e-s,* (fara) til ell. etter eitk., for aa vitja, finna eitk. **2.** (helst i *pl.*) gøymsla, gøymestad. **3.** vit, vitende; *vera á viti e-s,* vera kunnigt for ein. **4.** sansereidskap, sans; jfr. *líkamsvit.* **5.** (fullt) vit, sans og samling; *vita vits síns,* vera ved fullt vit, vera med seg sjølv; *vits vitandi,* med fullt vit. **6.** vit, skyn, forstand; (*vel*) *viti borinn,* vitug, klok; *ganga af vitinu,* ganga fraa vitet; *taka vit sitt,* faa vitet (att). **7.** meining; *þat er mitt vit, at —.* **8.** vitnemaal (i *pl.*).

vita, *v.* (*veit, vissi, vitaðr*) **1.** snu, vera vend (eig. sjaa) i ei viss leid (= nyn. *vita,* Snm. ofl., *veita,* Ork.); *vita til e-s, at, móti e-u*; *fœtr vissu upp.* **2.** venda, fara i ei viss leid; *vita til landa sinna aptr* (jfr. nyn. *vita, v. tr.* visa, senda, Aasen). **3.** snu seg so ell. so til, verta til eitk. (*e-s, til e-s*); *vita til meins*; *kann vera at þér viti vel.* **4.** peika mot, sjaa ut til, tyda (paa), visa, varsla (um); høyra til, høyra under; *vita tíðenda,* varsla tidender; *hvat veit óp þetta?* kva tyder dette ropet? *vita á vind,* teikna til vind; *þat er til heiðins siðar veit,* d. e. høyrer til. **5.** freista, prøva (paa), sjaa (til); *hann vill vita, ef hann —.* **6.** faa vita, faa greida paa, finna ut; *vita e-t af e-m* (*við e-n*), freista faa vita eitk. av ein; perf. partic. *vitaðr,* (ogso) kjend, kunnig, utfunnen, vist, fast-

sett. 7. vita (um), kjenna (til), skyna, hava greida paa (*e-t, e-s, til e-s*); *vita sik saklausan*; *vita e-t at* (*eptir*) *e-m*, vita ein skyldig i eitk.; *vita e-t til e-s*, vita eitk. um eitk., hava greida paa eitk.; *rec. vitast til*, vita um einannan, hava greida paa einannan; *vita skyn* (*skynjar*) *á e-m*, kjenna ein, vita greida paa ein; *vita ván*, sjaa *ván*; *vita* (*til*) *sín, vita geðs*, vita til seg, vera med seg sjølv; *vita ekki til manna, vita ekki hingat*, ikkje vita til seg, vera sanselaus; *vitandi e-s*, vitande um eitk.; *sem vita mátti*, som ein kunde vita, som ventande var. 8. vera medvitande um, vera vitne paa eitk.; *vita e-t með e-m* (ell. *við e-n*); i sverjing: *þat veit guð*; *þat veit trú mín*. 9. hava sitt vit, vita til seg, sansa seg; *hann var enn eigi ørendr, enn vissi þó ekki*; *vitandi*, som hev vit, som sansar seg.

Med part. *af*: *vita af e-u*, vita av, kjenna til eitk. *frá*: *vita frá sér*, vita til seg (ell. av seg). *fram*: *vita fram*, vera framsynt. *fyrir*: *vita e-t fyrir*, vita eitk. fyreaat. *í*: *vita í e-u*, kjenna til eitk. *til*: *vita til*, s. ovfr. *um*: *vita um e-t*, sjaa, høyra um eitk. (som ein vil hava); vita um, kjenna til eitk. *við*: *vita við e-n veg*, peika i ei viss leid, hava seg, hanga ihop so ell. so; *seg mér, hversu við veit*.

víta, *v.* (*tt*) straffa; leggja i bot, multa (jfr. *víti, n.*).

vitafé, *n.* vitelegt gods, d. e. gods som det er vitne paa at eink. eig.

vitakarl, *m.* vaktmann ved *viti, m.* 2.

vitand, *f.* vitende (vitand), medvit, kunnskap. **vitanligr,** *a.* viteleg, kunnig.

vitavǫrðr, *m.* vitevakt, vakt ved *viti, m.* 2.

vitazgjafi, *m.* den som gjev det fastsette (namn paa ein aaker). Jfr. got. *vitoþ, n.* log.

vitend, *f.* = *vitand*. **vitfirring,** *f.* vitløysa, galenskap.

viti, *m.* 1. varsel, teikn, merke; landkjenning. 2. vite, baal, vedstopul til aa setja eld i naar ufredsher vert sédd. Jfr. *varða*.

víti, *n.* straff (jfr. nyn. *hel-vite*); pengebot, mult; skade, ulukka; *víti* vert ogso bruka serskilt um ei straff innan hirdi for brot paa god skikk: *drekka víti*, drikka or *vítishorn*. **vítis-horn,** *n.* drikkehorn som ein hirdmann laut drikka or, naar han hadde forbrote seg mot god skikk (t. d. kome for seint til bordet eller til kyrkja). **-lauss,** *a.* ustraffa, strafflaus. **-leysi,** *n.* straffløysa.

vitja, *v.* (*að*) m. gen. vitja, koma til, sjaa til, sjaa etter; visitera (um bisp); heimsøkja; koma for skuld eitk., for aa henta, faa ell. krevja eitk. (*e-s*); *vitja til e-s*, vitja, fara til ein stad; yverf. *guð vitjar e-s* (sjld. *e-n*). **vitjan,** *f.* vitjing.

vitka, *v.* (*að*) trolla; jfr. *finnvitka*.

vítka, *v.* (*að*) lasta, brigsla ein for eitk. (*e-n e-s*). Hm. 75.

vitkast, *v. r.* (*að*) vitrast (vikkast, Snm.), verta vitug, faa vitet att; sansa seg, verta med seg sjølv.

vitki, *m.* trollmann. Edda.

vit-lausa, *f.* = *vitleysa*. **-lauss,** *a.* 1. vitlaus, sanselaus. 2. vitlaus, galen. 3. vitlaus, uvitug. **-leysa,** *f.* **-leysi,** *n.* vitløysa, galenskap. **-leysingr,** *m.* vitlausing, uviting. **-leysisfullr,** *a.* full av vitløysa. **-lítill,** *a.* vitliten (Ryf.), som hev lite vit, faavitug. **-mannliga,** *av.* i sms. *úvitmannliga*. **-menni,** *n.* vitugt menneskje; koll. vituge folk. **-mikill,** *a.* mykje vitug.

vitna, *v.* (*að*) vitna, bera vitne um; prova; skjota til vitnes; *vitna e-t undir* (*á*) *e-n*, kalla ein til vitne paa eitk. **vitnalaust,** *av.* vitnelaust, utan vitne.

vitneskja, *f.* teikn, merke.

vitni, *f.* og *n.* i sms. *forvitni* ofl.

vitni, *n.* vitnesburd, vitnemaal; vitne; prov, merke; *bera vitni* (*til e-s, um e-t*) vitna, bera vitne, tena til vitne, føra fram vitne (um eitk.); *bera vitni með e-m*, vitna for ein; *vitnit mikla*, d. e. gudsdom.

vitnir, *m.* ulv. Poet.

vitnis-búð, *f.* tabernaklet, tjeldet (i det gl. testam.). **-burðarbréf,** *n.* skriftlegt vitnemaal, attest, pass. **-burðarmaðr,** *m.* vitne. **-burðr,** *m.* vitnesburd, vitnemaal. **-bærr,** *a.* vitnefør. **-fastr,** *a.* vitnefast. **-fjall,** *n.* „vitnemaals-berget“, umsetjing til „mons testamenti“ i Vulgata. **-lauss,** *a.* vitnelaus, som vantar vitne. **-maðr,** *m.* vitne. **-sannr,** *a.* sanna med vitne, vitnefast. **-ǫrk,** *f.* paktarki (i bib.).

vitorð, *n.* vitord, vitende, kunnskap;

medvitende; *vera á (í, með) e-s vitorði*, vera kjend, kunnig for ein. **vitorðsmaðr,** *m.* medvitar.

vitr, *a.* (*n. vitrt*) vitug, klok, vis.

vítr, *n.?* skapning, vette, i sms. *hjalmvítr.*

vitra, *v.* (*að*) vitra, lata ein faa vita, forkynna, upplysa, openberra; *vitra e-m e-t, e-t fyrir e-m; vitrast*, openberra seg, syna seg; jfr. nyn. *vitrast.* **vitra,** *f.* **1.** klokskap, vit. **2.** kunnskap (*e-s*, um eitk.); jfr. nyn. *vitra*, d. s. Sogn, Agder. **vitran,** *f.* vitring, upplysning; openberring, syn. **vitranar-draumr,** *m.* draum med openberring. **-staðr,** *m.* stad for ei openberring. **vitring,** *f.* = *vitran.* **vitringr,** *m.* vitugt, vist menneskje, kloking. **vitr-leikr,** *m.* vitugskap, klokskap. **-leiksmaðr,** *m.* = *vitringr.* **-leysi,** *n.* vitløysa. **-ligr,** *a.* visleg, skynsam, klok (*-liga, av.*). **-máll,** *a.* som talar visleg, klokt.

vitsandagjǫf, *f.* gaava av vits aand. Rimb. (Larsen) 28. **vitsemd,** *f.* = *vitand.* Jfr. nyn. *vitsemd.* **vitsmunir,** *m. pl.* **1.** klokskap, vit, skyn (vitsmun, Hall. Sfj. ofl.); *koma á vitsmuni við e-n*, d. e. lura ein. **2.** sans.

vit-stola, -stolinn, *a.* avvitug, vitlaus.

vítt, *av.* vidt, vida; jfr. *víðr.*

vitt, *n.* trollskap, trollraader. **vitta,** *v.* (*tt*) trolla. Vsp. 22. **vittugr,** *a.* trollkunnig. Edda.

vitugr, *a.* vitug, klok. **vitukunnigt,** *a. n.* kunnigt, vitelegt.

vitull, *m.* i sms. *mannvitull.*

vitund, *f.* = *vitand, f.*

vitvandr, *a.* som krev godt vit, vand.

víxl, *n.* umfaring, krossing; *á víxl*, framum kvarandre, i kross (jfr. *i viksl* SHelg.). **víxla,** *v.* (*lt*) byta, skifta; *víx(l)tr* (um folk) umbytt; jfr. nyn. *veksla*, og *vikslast* SHelg. **víxlingr,** *m.* byting, umbytt barn.

vizka, *f.* vit, klokskap, visdom. **vizkr,** *a.* vitug, klok. **vizku-bragð,** *n.* „klokskapsbragd", klok utsjaanad. **-liga,** *av.* visleg, klokleg. **-maðr,** *m.* vitugt, klokt menneskje. **-munr,** *m.* skilsmun i klokskap. **-samligr,** *a.* visleg, klok. **-tré,** *n.* kunnskaps-tre.

vó-, sjaa *vá-.*

voga, *v.* (*að*) = *vága.* **voldugr,** *a.* sjaa *vǫldugr.* **volka,** *v.* (*að*) = *valka.* **vón,** *f.* = *ván.* **vorðinn,** *a.* sjaa *verða v. st.* 4.

vr-, sjaa *r-.*

vyrð-, sjaa *virð-.*

væ, i Fsk. 193 mislesnad for *væi* (= *vei*).

væða, *v.* (*dd*) væda, klæda.

vægð, *f.* vægd, ettergjeving; skonsel, naade. **vægðarlauss,** *a.* skonsel-laus, utan naade, hardleiken (*-laust, av.*).

vægi, *n.* vegt, verd; jfr. gn. *lítilvægiligr* og nyn. *vægje, n.* = vaag.

vægiligr, *a.* skonsam, lempeleg, linn (*-liga, av.*). **væginn,** *a.* vægjen, ettergjevande, skonsam.

vægja, *v.* (*gð*) **I. 1.** vika undan ell. av vegen (*e-m*, for ein); *vægja gǫngunni*, ganga til sida. **2.** vægja (vægjast), gjeva etter, lempa seg for (etter) ein (*fyrir e-m, eptir e-m, við e-n*); *vægja e-u*, gjeva etter for eitk. **3.** lempa, lina paa (*e-u*). **4.** skona, spara (*e-m*). **5.** *vægjast, v. r.* = *vægja* 2; *vægjast til við e-n*, gjeva etter for ein.

vægja, *v.* (*gð*) **II.** upers. *e-t vægir*, eitk. vægjer, skil ut vaag ell. verk (um svullar og saar).

vægleiðinn, *a.* = *væginn.*

vægr, *a.* (um vegtskaal) var, vak, næpen. Jfr. nyn. *attvæg* (og *framvæg*) *a.* som veg ell. hallar attyver (framyver), Tel.

vægsl, *f.* = *vægð.* Jfr. nyn. *vægsl*, age, Nfj.

vækka, *f.* væska, væta, = *vǫkvi.*

væla, *v.* (*að*) vaala, tuta, jamra seg; jfr. nyn. *væla*, mekra. **vælan,** *f.* vaaling, tuting. **vælendi,** *n.* i sms. *kviðvælendi.*

væna, *v.* (*nd*) **1.** gjeva von um, vona, lova ein eitk. (*e-m e-u ell. e-s*). **2.** vøna (Tel. Set.), vona, tru; ogso upers. *mik vænir.* **3.** hava ein mistrudd, skulda ein for eitk. (*e-n e-u*). **4.** *vænast v. r.* vønast (*venast* Hall.), venta aa faa (*e-u*); stydja seg til (*e-u*); rosa seg av (*e-u*). **vænd,** *f.* von (til eitk.); jfr. nyn. *vend f.* 7 (Ross).

vændis-folk, *n.* ilt folk. **-hǫfðingi,** *m.* ill hovding. **-kona,** *f.* skjøkja. **-maðr,** *m.* laakt menneskje, illmenne.

væng-bráð (skr. *vegnbráð*) *f.* vengjekjøt, vengjesteik. Fjǫlsv. 18. **-brotinn,** *a.* vengbroten, som hev brotne vengjor. **vængi,** *n.* veng, kahytt paa baat. **vængjaðr,** *a.* vengja, som hev vengjor. **væng-knúi,** *m.* knue paa vengjebein, vengknut. **vængr,** *m.* (*vængjar;*

vængir) **1.** veng, vengja. **2.** veng, fløy, utbygg paa hus. **3.** forheng paa sida av altaret? Kalfsk. 83a.

væni, *n.* von, = *ván.* Jfr. nyn. *vone,* Aasen. **væning,** *f.* eig. det aa *væna;* det aa rosa seg av eitk.; *kvæðit var mjǫk ort ok hélt við væningar,* d. e. kvædet var drjugt gjort og leika innpaa elskhugs-skrøyt.

Vænir, *m.* Venern (i Sverike).

